

Reidunn Hernes

## Talemål i endring?

Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os



Avhandling til doctor artium-graden  
Nordisk institutt  
Det historisk-filosofiske fakultetet  
Universitetet i Bergen  
2006

© Reidunn Hernes 2006  
1. utgåve, 1. opplag  
ISBN 82-308-0237-8

Programvare: Microsoft Word  
Skrift: Times New Roman

Denne avhandlinga vart levert inn den 17. mars til vurdering for graden doctor artium ved Universitetet i Bergen.  
I den oppnemnde komiteen sat:

Professor Helge Sandøy, Universitetet i Bergen (leiar)  
Professor Frans Gregersen, Københavns Universitet (1. opponent)  
Professor emerita Ann-Marie Ivars, Helsingfors universitet (2.opponent)

I innstillinga frå komiteen datert den 1. september 2006 vart det konkludert med at avhandlinga er funnen verdig til forsvar for graden doctor artium. Tid og stad for doktordisputasen er fastsett til fredag den 20. oktober 2006.

## Føreord

Denne avhandlinga undersøker talemålsutviklinga hjå ei gruppe ungdomar på Os over ein 5-årsperiode. Eg har basert avhandlinga på materiale samla inn i tre omgangar. Materialet frå 1997 blei samla inn i samband med hovudfagsoppgåva mi om talemålsvariasjon hjå ungdomar på Os, materialet frå 2001 då eg arbeidde som høgskulelektor i Nesna, og materialet frå 2003 i stipendperioden min på Nordisk institutt i Bergen. Slik har eg fått til ei undersøking av talemålsendring gjennom ein 5-årsperiode innafor rammene av eit 3-årig doktorgradsstipend. Dette har berre vore mogeleg takka vera velvilje frå fleire kantar.

For det første skal informantane mine ha ei stor takk for å stilla så tålmodig opp. Dei trudde dei var kvitt meg etter å ha blitt intervjuet som 15-åringar på ungdomsskulen, men då eg kom tilbake tre år seinare og bad om hjelp, stilte dei opp på nytt. 17 av 20 informantar sa ja til å vera med vidare, og samtlege 17 stilte opp på intervju både i 2001 og 2003. Tusen takk skal de ha! Ei stor takk også til Høgskolen i Nesna, som gjennom finansiering og velviljug tilrettelegging av arbeidsåret gav meg høve til å gjennomføra andre innsamlingsrunde medan eg var tilsett som høgskulelektor der.

Det er svært mange andre som også fortener ei stor takk for hjelpa dei har gjeve meg medan eg har arbeidd med dette prosjektet. Først og fremst vil eg takka rettleiarane mine, Gunnstein Akselberg og Gjert Kristoffersen, som har gjeve meg velfundert kritikk og konstruktive innspel gjennom heile avhandlingsarbeidet. Takk òg til alle som har vore med på å gje innspel og tilbakemeldingar i ulike fora der eg har lagt fram delar av avhandlingsarbeidet – TEIN-miljøet og miljøet på Nordisk institutt i Bergen har vore særleg viktige på denne måten. Ei særleg takk til Magnhild Selås for nyttige kommentarar undervegs i arbeidet. Alle feil og manglar som framleis måtte skjemma avhandlinga er mitt ansvar åleine.

Andre har gjeve uvurderleg praktisk hjelp – Knut Hofland på Aksis har sørja for å gjera materialet mitt elektronisk søkbart, og Arne Hernes har laga ein database som har hjelpt ei teknisk vaklande veslesøster å halda styr på eit stort og uoversiktleleg materiale. Tusen takk!! Takk òg til Vidar Haslum for flotte kart, og til Lars Hernes for svært god hjelp med korrekturlesing.

Og sist, men ikkje minst – ei takk til min kjære Svante for dagleg støtte og oppmuntring. Takk for kinoturar midt på dagen når eg trong det, for sjokolade når eg trong det, og for ei usvikeleg tru på at eg ville klara å gjennomføra dette prosjektet.

Bergen, mars -06, Reidunn Hernes



# INNHALD

<b>LISTE OVER FIGURAR.....</b>	<b>9</b>
<b>LISTE OVER TABELLAR .....</b>	<b>11</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>15</b>
1.1 PRESENTASJON OG SIKTEMÅL .....	15
1.2 METODISK TILNÆRMING.....	16
1.3 KVALITATIVE OG KVANTITATIVE DATA I INNSAMLING OG ANALYSE .....	17
1.4 KAPITTELOVERSYN.....	17
<b>2 TALEMÅL I ENDRING.....</b>	<b>19</b>
2.1 INNLEIING .....	19
2.2 KVA ER SPRÅKENDRING? .....	19
2.2.1 <i>Generasjonsendring – det ustabile samfunnet</i> .....	22
2.2.2 <i>Livsfaseendring – det ustabile individet</i> .....	23
2.2.3 <i>Korleis studera språkendring?</i> .....	26
2.3 KREFTENE I SPRÅKENDRINGSPROSESSEN .....	28
2.3.1 <i>Om å forklara språkendring</i> .....	29
2.3.2 <i>Innovasjon og spreining</i> .....	33
2.3.3 <i>Språkinterne og språkeksterne faktorar</i> .....	35
2.4 DIALEKTKONTAKT.....	42
2.4.1 <i>Saliens</i> .....	46
2.5 STUDIET AV SPRÅKENDRING I AVHANDLINGA.....	48
<b>3 TALEMÅLSENDRING I SPRÅKSAMFUNNET.....</b>	<b>50</b>
3.1 INNLEIING.....	50
3.1.1 <i>Bruken av modellar i vitskapen</i> .....	52
3.2 DIALEKTKONTAKT I SPRÅKSAMFUNNET .....	53
3.2.1 <i>Språksamfunnet – ei isolert eining?</i> .....	53
3.2.2 <i>Ulike språksamfunn – ulik språkutvikling?</i> .....	54
3.3 KVEN ENDRAR SPRÅKET – INDIVIDET ELLER KOLLEKTIVET? .....	57
3.3.1 <i>Individet og kollektivet i språksamfunnet</i> .....	57
3.3.2 <i>Litt hjelp frå sosiologien</i> .....	59
3.3.3 <i>Individet, kollektivet og språknormene</i> .....	63
3.4 DET SOSIALE ROMMET – ALTERNATIVE TILNÆRMINGAR.....	68
3.5 EIT FORSLAG TIL EIN SPRÅKSAMFUNNSMODELL .....	71
3.5.1 <i>Språksamfunnsperspektivet i analysedelen av avhandlinga</i> .....	72
<b>4 FELTARBEID OG MATERIALEINNSAMLING .....</b>	<b>74</b>

4.1	INNLEIAND E REFLEKSJONAR OM GRUNNLAGET FOR METODEVAL .....	74
4.1.1	<i>Refleksjonar om det kvalitative og det kvantitative</i> .....	74
4.1.2	<i>Å observera språkbruk</i> .....	79
4.2	INFORMANTUTVAL .....	81
4.3	INNSAMLING AV MATERIALE .....	83
4.3.1	<i>Dei tre materialeinnsamlingane – praktiske omstende</i> .....	83
4.3.2	<i>Intervjuet – kjelde for to typar data</i> .....	85
4.3.3	<i>Anna innsamla materiale</i> .....	89
4.3.4	<i>Oppsummering av datamaterialet</i> .....	92
<b>5</b>	<b>TILRETTELEGGING OG BRUK AV SPRÅKLEG MATERIALE .....</b>	<b>93</b>
5.1	BAKGRUNN FOR VARIABELVAL .....	93
5.1.1	<i>Kva bør variantane heita?</i> .....	94
5.1.2	<i>Presentasjon av variablar</i> .....	95
5.2	KVANTIFISERINGSPROBLEMATIKK.....	100
5.2.1	<i>Utfordringar knytt til kvantifisering</i> .....	100
5.2.2	<i>Prinsipp for variabelregistrering</i> .....	101
5.2.3	<i>Dei problematiske r-variablane</i> .....	102
5.2.4	<i>Utrekning av variabelfordeling på variabelnivå, individnivå og gruppenivå</i> .....	110
5.3	TRANSKRIPSJON OG EKSERPERING .....	111
5.3.1	<i>Ekserperingsmetode</i> .....	111
5.3.2	<i>Transkripsjonsprinsipp – to typar sitat</i> .....	113
<b>6</b>	<b>SPRÅKSAMFUNNET OS .....</b>	<b>116</b>
6.1	INNLEIING .....	116
6.2	HISTORIE, DEMOGRAFI OG KULTUR.....	117
6.2.1	<i>Geografisk plassering</i> .....	117
6.2.2	<i>Osbygda – frå leigendingssamfunn til soveby</i> .....	117
6.2.3	<i>Ossamfunnet i dag</i> .....	119
6.3	TALEMÅSENDRING I OS .....	126
6.3.1	<i>Ei oversikt over eldre osmål</i> .....	126
6.3.2	<i>Ei oversikt over yngre osmål</i> .....	131
6.3.3	<i>Ei oversikt over talemålet i informantgruppa</i> .....	133
6.4	SOSIALE OG SPRÅKLEGE RAMMEVILKÅR – SAMPELET MELLOM DEI .....	145
6.4.1	<i>'Naturlege' talemålsendingar? Ein diskusjon av variasjonsmønstra i 2001</i> .....	147
6.4.2	<i>Retninga i nivelleringsprosessen</i> .....	153
<b>7</b>	<b>SPRÅKLEG RØYNDOMSOPPFATNING I INFORMANTGRUPPA .....</b>	<b>159</b>
7.1	INNLEIING .....	159
7.2	PRESENTASJON AV LYTTETEST .....	160
7.2.1	<i>Presentasjon av talemålsprøvane</i> .....	161

7.3	MEDVIT OM SPRÅKLEGE TREKK? .....	163
7.3.1	<i>Kva for språktrekk blir lagt merke til? .....</i>	164
7.3.2	<i>Språkformer som blir tillagt eldre osmål, yngre osmål og bergensk.....</i>	167
7.4	MEDVIT OM TALEMÅLSVARIASJON? .....	168
7.4.1	<i>Kategoriseringa av dei fem prøvane .....</i>	168
7.4.2	<i>Informantane plasserer seg sjølve.....</i>	177
7.4.3	<i>Informantane si oppfatning av korleis andre oppfattar talemålet deira .....</i>	178
7.5	SALIENS, SOSIAL MEINING OG SPRÅKNORMER .....	180
7.5.1	<i>Saliente trekk i informantgruppa.....</i>	180
7.5.2	<i>Språknormer i informantgruppa .....</i>	181
<b>8</b>	<b>KARTLEGGING AV SPRÅKLEGE ENDRINGSMØNSTER .....</b>	<b>185</b>
8.1	INNLEIING .....	185
8.2	KOLLEKTIVE ENDRINGSMØNSTER I DEN UNDERSØKTE PERIODEN .....	185
8.2.1	<i>Variabelgjennomsnittet gjennom undersøkingsperioden .....</i>	185
8.2.2	<i>Bergensstøtta nivellerte former per variabel gjennom undersøkingsperioden.....</i>	186
8.3	INDIVIDUELLE ENDRINGSMØNSTER I DEN UNDERSØKTE PERIODEN .....	189
8.4	TALEMÅL I ENDRING. ANALYSE AV TEKSTUTDRAG FRÅ FIRE INFORMANTAR.....	192
8.4.1	<i>Informant 1 – frå lågt til middels nivelleringsgjennomsnitt, blanding .....</i>	194
8.4.2	<i>Informant 8 – frå lågt til middels nivelleringsgjennomsnitt, veksling .....</i>	200
8.4.3	<i>Informant 27 – frå middels til høgt nivelleringsgjennomsnitt .....</i>	205
8.4.4	<i>Informant 2 – reduksjon i nivelleringsgjennomsnitt.....</i>	210
8.4.5	<i>Talemålsendring etter felles mal? .....</i>	214
8.5	OPPSUMMERING.....	223
<b>9</b>	<b>SPRÅKLEGE VARIASJONS- OG ENDRINGSMØNSTER I SOSIAL KONTEKST .....</b>	<b>225</b>
9.1	INNLEIING .....	225
9.2	SOSIALE MØNSTER I GRUPPA.....	225
9.2.1	<i>Kjønn.....</i>	226
9.2.2	<i>Foreldrebakgrunn .....</i>	231
9.2.3	<i>Utdanning.....</i>	236
9.2.4	<i>Uteopphald.....</i>	241
9.2.5	<i>Diskusjon og oppsummering .....</i>	244
9.3	INFORMANTANE SOM SOSIALE AKTØRAR .....	246
9.3.1	<i>Informant 23.....</i>	249
9.3.2	<i>Informant 14.....</i>	252
9.3.3	<i>Informant 1.....</i>	255
9.3.4	<i>Informant 20.....</i>	259
9.3.5	<i>Informant 5.....</i>	263
9.3.6	<i>Informant 15.....</i>	266
9.3.7	<i>Diskusjon og oppsummering .....</i>	270

<b>10</b>	<b>TRÅDANE BLIR SAMLA .....</b>	<b>274</b>
10.1	LIVSFASEENDRING.....	274
10.1.1	<i>Ei oppsummering av observasjonane av individuell talemålsendring i undersøkingsperioden</i>	274
10.1.2	<i>Livsfaseendring og generasjonsendring – ei problematisering.....</i>	276
10.1.3	<i>Talemålsendring hjå individet – ei endå meir grunnleggjande problematisering.....</i>	278
10.2	TALEMÅLSENDRING I SPRÅKSAMFUNNET .....	280
10.2.1	<i>Undersøkinga av informantgruppa gjennom undersøkingsperioden.....</i>	280
10.2.2	<i>Språksamfunnet Os.....</i>	283
10.2.3	<i>Retninga i nivelleringsprosessen.....</i>	284



## LISTE OVER FIGURAR

FIGUR 5.1 BERGENSSTØTTA NIVELLERING FOR VERBKlassane PSREST, PSE OG PST 1997 – 2003 .....	106
FIGUR 5.2 BERGENSSTØTTA NIVELLERING FOR SUBSTANTIVKlassane FUM, FUF OG FUN 1997 – 2003 .....	106
FIGUR 5.3 INDIVIDUELL VARIASJON I NIVELLERINGSproSENT FOR UNDERVARIABLANE PSREST, PSE OG PST I 2003 .....	108
FIGUR 5.4 INDIVIDUELL VARIASJON I NIVELLERINGSproSENT FOR UNDERVARIABLANE FUM, FUF OG FUN I 2003 .....	109
FIGUR 6.1 BERGENSHALVØYA .....	117
FIGUR 6.2 OS KOMMUNE.....	119
FIGUR 6.3 FOLKEAUKE I SAMNANGER, FJELL OG OS 1951 – 2001 .....	123
FIGUR 6.4 YTRE HORDALAND.....	127
FIGUR 6.5 VARIASJONSMØNSTRA FOR DEI SEKS SPRÅKLEGE VARIABLANE I 2001.....	135
FIGUR 6.6 SAMANHENGEN MELLOM NIVELLERINGSgjENNOMSNIITT OG BRUK AV APOKOPE VED INFINITIV .....	141
FIGUR 6.7 VARIANTFORDELING 2001 .....	147
FIGUR 6.8 VARIANTFORDELING 2001 .....	154
FIGUR 7.1 OS KOMMUNE.....	170
FIGUR 8.1 VARIABELgjENNOMSNIITT 1997 – 2003 .....	186
FIGUR 8.2 ENDRING I NIVELLERINGSproSENT PÅ VARIABELNIVÅ 1997-2003.....	187
FIGUR 8.3 ENDRING I NIVELLERINGSproSENT FOR UNDERVARIABLANE PÅ PFE-VARIABLANE 1997 – 2003 .....	189
FIGUR 8.4 NIVELLERINGSgjENNOMSNIITT PER INFORMANT 1997 – 2003.....	190
FIGUR 8.5 NIVELLERINGSproSENT FOR INFORMANT 1 I UNDERSØKINGSperIODEN, ALLE VARIABLAR.....	215
FIGUR 8.6 NIVELLERINGSproSENT FOR INFORMANT 27 I UNDERSØKINGSperIODEN, ALLE VARIABLAR.....	216
FIGUR 8.7 SAMANLIKNING AV ENDRINGSMØNSTER INFORMANT 1 OG INFORMANT 27 .....	216
FIGUR 8.8 NIVELLERINGSproSENT FOR INFORMANT 27 I UNDERSØKINGSperIODEN, ALLE VARIABLAR.....	217
FIGUR 8.9 EI SAMANLIKNING AV ENDRINGSRETNING HJÅ INFORMANT 1, INFORMANT 27 OG INFORMANT 2 .....	218
FIGUR 8.10 SAMANLIKNING AV NIVELLERINGSproSENT FOR INFORMANT 2 I 2001, INFORMANT 1 I 2003 OG INFORMANT 27 I 1997.....	219
FIGUR 8.11 SAMANLIKNING AV INFORMANT 1 OG INFORMANT 8, 1997 .....	221
FIGUR 8.12 SAMANLIKNING AV INFORMANT 1 OG INFORMANT 8, 2001 .....	221
FIGUR 8.13 SAMANLIKNING AV INFORMANT 1 OG INFORMANT 8, 2003 .....	222
FIGUR 9.1 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER HJÅ KVINNER OG MENN GJENNOM UNDERSØKINGSperIODEN, GRUPPEGjENNOMSNIITT.....	228
FIGUR 9.2 NIVELLERINGSgjENNOMSNIITT HJÅ MENNENE GJENNOM UNDERSØKINGSperIODEN .....	229
FIGUR 9.3 NIVELLERINGSgjENNOMSNIITT HJÅ KVINNENE GJENNOM UNDERSØKINGSperIODEN .....	230
FIGUR 9.4 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER UT FRÅ FORELDREBAKGRUNN GJENNOM UNDERSØKINGSperIODEN, GRUPPEGjENNOMSNIITT .....	232
FIGUR 9.5 NIVELLERINGSgjENNOMSNIITT HJÅ GRUPPA MED INNFLYTTARFORELDRE GJENNOM UNDERSØKINGSperIODEN .....	233

FIGUR 9.6 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI MED EIN INNFLYTARFORELDER OG EIN OSFORELDER GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	234
FIGUR 9.7 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI MED TO OSFORELDRE GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN ....	234
FIGUR 9.8 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER FOR DEI MED UTDANNINGSPLANAR OG DEI UTAN UTDANNINGSPLANAR GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	238
FIGUR 9.9 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI SOM PLANLEGG HØGARE UTDANNING, GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	239
FIGUR 9.10 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI SOM IKKJE PLANLEGG HØGARE UTDANNING, GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	239
FIGUR 9.11 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER FOR DEI MED UTDANNINGSPLANAR OG DEI UTAN UTDANNINGSPLANAR GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	242
FIGUR 10.1 NIVELLERINGSPYRAMIDEN.....	285

## LISTE OVER TABELLAR

TABELL 2.1 LABOV SIN MODELL FOR FORHOLDET MELLOM INDIVID OG SAMFUNN VED ULIKE SPRÅKENDRINGSMØNSTER .....	21
TABELL 5.1 INDIVIDUELL VARIASJON I NIVELLERINGSPROSENT FOR UNDERVARIABLANE PSREST, PSE OG PST I 2003 .....	107
TABELL 5.2 INDIVIDUELL VARIASJON I NIVELLERINGSPROSENT FOR UNDERVARIABLANE FUM, FUF OG FUN I 2003 .....	108
TABELL 6.1 INNANLANDS FLYTTING GJENNOM LIVSLØPET FOR ALDERSKOHORTEN 1960 – 62, OS KOMMUNE ....	121
TABELL 6.2 FLYTTING OG FOLKEAUKE I OS FRÅ 1951 TIL 2001 .....	122
TABELL 6.3 FLYTTING OG FOLKEAUKE I SAMANGER OG FJELL FRÅ 1951 TIL 2001 .....	123
TABELL 6.4 EI SAMANLIKNING AV TALEMÅLET I TYSNES, OS OG FANA .....	129
TABELL 6.5 FELLESTREKK I TALEMÅLET FOR TYSNES, OS OG FANA .....	129
TABELL 6.6 EI SAMANLIKNING AV ELDRE OSMÅL, YNGRE OSMÅL OG BERGENSMÅL .....	132
TABELL 6.7 VARIASJONSMØNSTRA FOR DEI SEKS SPRÅKLEGE VARIABLANE I 2001 .....	134
TABELL 6.8 VARIABELFORDELING PÅ PFE-VARIABELEN I 2001 .....	135
TABELL 6.9 VARIABELFORDELING PÅ UNDERKATEGORIANE AV PFE-VARIABELEN I 2001 .....	136
TABELL 6.10 REALISASJON AV A-VERB I PRESENS .....	137
TABELL 6.11 VARIABELFORDELING PÅ HB-VARIABELEN I 2001 .....	138
TABELL 6.12 VARIABELFORDELING PÅ FLB-VARIABELEN I 2001 .....	139
TABELL 6.13 VARIABELFORDELING PÅ INF-VARIABELEN I 2001 .....	139
TABELL 6.14 VARIABELFORDELING PÅ HU-VARIABELEN I 2001 .....	141
TABELL 6.15 VARIABELFORDELING PÅ PR-VARIABELEN I 2001 .....	142
TABELL 6.16 EI SAMANLIKNING MELLOM ELDRE OSMÅL, YNGRE OSMÅL, OG TALEMÅLET I INFORMANTGRUPPA	144
TABELL 6.17 VOKALREDUKSJON VED OVERGANG FRÅ LOKAL FORM TIL NIVELLERT FORM .....	148
TABELL 6.18 FRÅ OPEN TIL LUKKA STAVING VED OVERGANG FRÅ LOKAL TIL NIVELLERT FORM .....	148
TABELL 6.19 BORTFALL AV KONSONANT I KODA I NORSK SPRÅKHISTORIE .....	150
TABELL 6.20 NYUTVIKLINGAR I TALEMÅLET I OS .....	157
TABELL 7.1 EI SAMANLIKNING AV TALEMÅLSFORMER I DEI FEM MÅLPRØVANE .....	162
TABELL 7.2 TYPE SPRÅKTREKK SOM BLIR LAGT MERKE TIL AV INFORMANTANE .....	165
TABELL 7.3 SPRÅKFORMER SOM BLIR LAGT MERKE TIL I DEI ULIKE MÅLPRØVANE .....	168
TABELL 7.4 KATEGORISERING AV DEI FEM MÅLPRØVANE, PLASSERT PÅ SKALA .....	169
TABELL 7.5 GEOGRAFISK HEIMFESTING AV MÅLPRØVANE .....	171
TABELL 7.6: FLEIRTALET SI GEOGRAFISKE HEIMFESTING AV MÅLPRØVANE .....	171
TABELL 7.7 KATEGORISERINGAR KNYTT TIL AKSEN BOKMÅL / NYNORSK .....	175
TABELL 7.8 INFORMANTANE Plasserer seg sjølve .....	177
TABELL 7.9 INFORMANTANE SI EIGENPLASSERING KOPLA SAMAN MED NIVELLERINGSgjennomsnitt .....	178

TABELL 7.10 DEN SOSIALE MEINGA I MÅLPRØVESKALAEN SLIK INFORMANTANE OPPFATTAR HO, MED EI MARKERING AV DET AKSEPTERTE HANDLINGSROMMET FOR INFORMANTGRUPPA .....	183
TABELL 8.1 ENDRING I NIVELLERINGSPROSENT PÅ VARIABELNIVÅ 1997 – 2003 .....	186
TABELL 8.2 ENDRING I NIVELLERINGSPROSENT FOR UNDERVARIABLENE PÅ PFE-VARIABLENE 1997 – 2003 .....	188
TABELL 8.3 ENDRING I NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT FRÅ 1997 – 2001 OG FRÅ 2001 – 2003 .....	190
TABELL 8.4 INFORMANTANE KATEGORISERT ETTER GRAD AV ENDRING I NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT MELLOM 1997 OG 2003 .....	191
TABELL 8.5 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 1 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	194
TABELL 8.6 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 8 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	200
TABELL 8.7 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 27 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	205
TABELL 8.8 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 2 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	210
TABELL 8.9 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 1 OG INFORMANT 27 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	215
TABELL 8.10 NIVELLERINGSPROSENT FOR INFORMANT 1 OG INFORMANT 8 I UNDERSØKINGSPERIODEN, ALLE VARIABLENAR .....	220
TABELL 9.1 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER HJÅ KVINNER OG MENN GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	228
TABELL 9.2 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ MENNENE GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	229
TABELL 9.3 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ KVINNENE GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	229
TABELL 9.4 MENN OG KVINNER KATEGORISERT ETTER GRAD AV ENDRING I NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT I UNDERSØKINGSPERIODEN. ....	230
TABELL 9.5 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER UT FRÅ FORELDREBAKGRUNN GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	232
TABELL 9.6 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ GRUPPA MED INNFLYTTARFORELDRE GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	233
TABELL 9.7 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI MED EIN INNFLYTTARFORELDER OG EIN OSFORELDER GJENNOM UNDERSØKINGSPERIO .....	233
TABELL 9.8 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI MED TO OSFORELDRE GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN ..	234
TABELL 9.9 INFORMANTANE KATEGORISERT ETTER GRAD AV ENDRING I NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT I UNDERSØKINGSPERIODEN UT FRÅ FORELDREBAKGRUNN. ....	235
TABELL 9.10 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER FOR DEI MED UTDANNINGSPLANAR OG DEI UTAN UTDANNINGSPLANAR GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	237
TABELL 9.11 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI SOM PLANLEGG HØGARE UTDANNING, GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	238
TABELL 9.12 NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT HJÅ DEI SOM IKKJE PLANLEGG HØGARE UTDANNING, GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN .....	239
TABELL 9.13 INFORMANTANE KATEGORISERT ETTER GRAD AV ENDRING I NIVELLERINGSGJENNOMSNIITT I UNDERSØKINGSPERIODEN UT FRÅ UTDANNINGSPLANAR. ....	241
TABELL 9.14 BERGENSSTØTTA NIVELLERTE FORMER FOR DEI MED OPPHALD UTE FØR 2001 OG DEI UTAN SLIKT UTEOPPHALD GJENNOM UNDERSØKINGSPERIODEN, GRUPPEGJENNOMSNIITT .....	242

TABELL 9.15 ENDRING AV NIVELLERINGSJENNOMSNITT FRÅ 1997 TIL 2001.....	243
TABELL 9.16 INFORMANTANE I 'UTEGRUPPA' KATEGORISERT ETTER GRAD AV ENDRING I NIVELLERINGSJENNOMSNITT I HEILE UNDERSØKINGSPERIODEN (1997–2003) .....	244

## **OVERSIKT OVER VEDLEGG**

- 1: Geografisk sjølvbiografi
- 2: Nettverksskjema
- 3: Lytteprøve
- 4: Transkripsjon av dei fem målprøvane
- 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år
- 6: Informantoversikt

## **FORKORTINGAR AV VARIABELNAMN**

1. PFE: Presens- og fleirtalsending
2. HB: Hokjønn bestemt form
3. FLB: Fleirtal bestemt form
4. INF: Infinitiv
5. HU: Svakt hokjønn ubestemt form
6. PR: Pronomenet *det*

# 1 Innleiing

## 1.1 Presentasjon og siktemål

I denne avhandlinga undersøker eg talemålsutviklinga hjå ei gruppe ungdomar på Os gjennom ein 5-årsperiode. Os kommune ligg i Hordaland, tre mil sør for den største byen på Vestlandet, Bergen. Frå 1950 til i dag er folketallet i kommunen tredobla, hovudsakleg på grunn av mykje tilflytting. Mange av innbyggjarane har arbeidsstaden sin i Bergen. Flytte- og pendlemønstra har ført til mykje dialektkontakt i kommunen. Dette bakgrunnsbiletet er ein viktig grunn til at undersøkinga blei sett i gang.

Materialet som undersøkinga byggjer på, blei samla inn gjennom tre innsamlingsrundar, den første då informantane var 15 år, den siste då dei var blitt 20. Eg undersøker talemålsvariasjon og -ending hjå informantgruppa i denne perioden. Eg trekkjer også inn sosial bakgrunnsinformasjon og deira eiga språklege røyndomsoppfatning for å få ei djupare forståing av bakgrunnen for den språklege åtferda. Dei språklege endringane i informantgruppa i undersøkingsperioden blir også sett i lys av dei talemålsendingane som har skjedd i osmålet det siste hundreåret.

Eit viktig siktemål i undersøkinga er å undersøkje dei individuelle talemålsendingane i informantgruppa i undersøkingsperioden. Det finst få undersøkingar av individuelle talemålsendingar hjå språkbrukarar i slutten av tenåra.

No studies of speech communities have given us a close view of linguistic correlates of the transition from high school to job or college, and the establishment of households by young adults in their 20s (Labov 2001:438).

Perioden frå ein er 15 til ein er 20 år er ein viktig fase i livet, der mange val med store konsekvensar for framtida må takast. Mange flyttar heimefrå i denne perioden, nokre får born og familie, nokre begynner å jobba, medan atter andre bestemmer seg for å studera. Det er altså ein periode i livet der mykje endrar seg på det sosiale planet, og denne perioden er dermed også interessant frå ein sosiolingvistisk synsstad. Studiet av individuelle språkendingar gjennom livsløpet er spesielt interessant fordi det representerer ei metodisk utfordring for undersøkingar av språkending i tilsynelatande tid (*apparent time*) (jf. underkap. 2.2.3).

Eit anna viktig siktemål er å studera språkendringsprosessen som fenomen. Gjennom å sjå dei individuelle språkendingane hjå informantane gjennom undersøkingsperioden i lys av språkendingane i språksamfunnet på lengre sikt, får eg eit godt utgangspunkt for å granska

sjølve språkendringsprosessen. Eit viktig perspektiv her er spenninga mellom språkinterne og språkeksterne krefter.

Eit meir overordna siktemål er å koma fram til ei forståing av det sosiale rommet som språkendringsprosessen går føre seg i. Eg vil utvikla ein språksamfunnmodell som har plass både til dei individuelle aktørane og dei kollektive strukturane, og som har språkending som sentral dimensjon. Denne modellen vil fungera som strukturerande prinsipp for analysedelen av avhandlinga.

### 1.2 Metodisk tilnærming

Materialet blei samla inn i tre omgangar; den første hausten 1997, den andre våren 2001 og den tredje våren 2003. Undersøkningsperioden er altså på fem og eit halvt år. Informantane fylte 15 år i løpet av 1997, og blei 21 år i løpet av 2003. Materialet i den første innsamlingsrunden blei opphavleg samla inn til bruk i hovudfagsoppgåva eg skreiv om osmålet i 1998 (Hernes 1998). I kvar av innsamlingsrundane intervjuar eg informantane og tok intervjuar opp på band, i tillegg til å samla inn sosial bakgrunnsinformasjon og nettverksopplysningar. I andre innsamlingsrunde gjennomførte eg òg ein lyttetest, der informantane kom med sine vurderingar av fem lokale målprøvar.

Den grunnleggjande målsetjinga i prosjektet er av kvalitativ karakter. Eg ønskjer å oppnå heilskapleg forståing og innsikt i eit avgrensa materiale, og eg ønskjer å utvikla hypotesar og teoriar som så seinare kan testast i andre prosjekt. Informantutvalet er tilpassa denne målsetjinga: Eg har 17 informantar som i 1997 gjekk i same klasse på ungdomsskulen på Os. Dei fleste av desse 17 er frå sentrumsområdet, den krinsen som i ei pilotundersøking viste seg å ha størst talemålsvariasjon. Desse 17 er altså ikkje eit *representativt* utval av ungdomane i Os kommune, og heller ikkje av ungdomane i sentrumsområdet. Grunnen til at eg i si tid valde ut desse 17 til hovudfagsundersøkinga, var at dei hadde eit felles sosialt utgangspunkt som elevar i same skuleklasse, og at det dermed var særleg interessant å studera talemålsvariasjonen i eit slikt sosialt fellesskap. Eg meiner at informantutvalet fungerer godt også i den utvida undersøkinga av talemålsending over ein 5-årsperiode, og argumentasjonen er den same: Desse informantane har eit felles sosialt utgangspunkt, og det er dermed interessant å sjå korleis dei utviklar seg sosialt og språkleg når dei ikkje lenger er ein del av klassefellesskapet på ungdomsskulen. Dette er altså ikkje ei dialektologisk eller sosiolingvistisk kartlegging av talemålssituasjonen hjå ungdomar i Os, men ein nærstudie av språklege val og strategiar hjå ei lita gruppe ungdomar i ein periode av livet der barndomen er over og vaksenlivet nærmar seg, i ein kommune med mykje innflytting og store



talemålsendringar. Informantutvalet er altså *strategisk* og ikkje *tilfeldig*. Sidan det ikkje er grunn til å tru at nettopp desse 17 ungdomane har ei heilt unik språkleg utvikling, kan undersøkinga truleg fortelja noko om moglege språklege variasjons- og endringsmønster i ei anna ungdomsgruppe i ein tilsvarande sosial kontekst.

### 1.3 Kvalitative og kvantitative data i innsamling og analyse

I innsamlingsarbeidet har eg samla inn både kvalitative og kvantitative data. I kvar innsamlingsrunde intervjuar eg alle informantane, og tok samtalanane opp på band. Desse intervjuane er brukt til to føremål. For det første har brukt eg dette materialet til å *kartleggja det språklege uttrykket* hjå informantane. Eg har studert variasjons- og endringsmønstra for seks morfologiske og leksikalske variablar hjå alle informantane, og eg har gjennomført nærstudiar av tekstutdrag frå fire av informantane. For det andre har eg brukt *innhaldet* i intervjuane som ein basis for den kvalitative delen av analysen.

For å få meir innblikk i den sosiale bakgrunnen til informantane har eg òg meir systematisk samla inn sosiale bakgrunnsopplysningar og nettverksopplysningar for alle informantane. Desse opplysningane bruker eg både til kvantitative og kvalitative føremål.

I 2001 var alle informantane i tillegg gjennom ein *lyttetest*, der dei blei bedne om å kategorisera og kommentera fem lokale målprøvar. Etter lyttedelen gjorde informantane greie for kategoriseringane sine munnleg, i samtale med meg. Materialet her er altså av ein kvalitativ type. Resultata frå denne testen blei brukt i ein analyse av den språklege røyndomsforståinga i informantgruppa.

Såleis utfyller kvantitative og kvalitative data kvarandre i analysen – kvantitative data gjev meg ei oversikt over språklege variasjons- og endringsmønster som eg ved hjelp av kvalitative data prøver å få ei djupare forståing av.

### 1.4 Kapitteloversyn

Avhandlinga er sett saman av ti kapittel. I kap. 2 presenterer eg det teoretiske grunnlaget for studiet av språkending i avhandlinga, medan eg i kap. 3 prøver å etablere ei forståing av det sosiale rommet som språkendingssprossar går føre seg i. Denne diskusjonen endar opp med ein språksamfunnsmodell som eg bruker til å strukturere analysedelen av avhandlinga. I kap. 4 og 5 gjer eg greie for det metodiske grunnlaget for undersøkinga. I kap. 6 ser eg nærare på lokalsamfunnet på Os, og på korleis dette har endra seg, sosialt og språkleg, dei siste hundreåra. Eg bruker så desse opplysningane til å seia noko om *kva for type* språksamfunn Os kan seiast å vera. I kap. 7 analyserer eg den språklege røyndomsoppfatninga i

## *1 Innleiing*

informantgruppa, med utgangspunkt i informantane sine kommentarar til ulike målprøvar frå Os. I kap. 8 gjer eg greie for dei språklege variasjons- og endringsmønstra i informantgruppa i undersøkingsperioden, først gjennom å visa distribusjonsmønstra for seks språklege variablar gjennom undersøkingsperioden, så gjennom analyse av tekstutdrag frå intervju i 1997 og 2003 frå fire utvalde informantar. I kap. 9 set eg den språklege åtferda til informantane inn i ein sosial kontekst, først gjennom å samanlikna språklege variasjons- og endringsmønster i ulike sosiale grupper, så gjennom ein kvalitativ analyse av 6 informantar. I kap. 10 prøver eg å samla trådane. Dette kapittelet er delt i to – først ein del der eg ser funna knytt til livsfaseendring og generasjonsendring gjennom avhandlinga i samanheng, så ein del der eg prøver å sjå språkendingane i informantgruppa i lys av dei sosiale strukturane dei skjer innafor, med utgangspunkt i språksamfunnsmodellen eg etablerte i kap. 3.

## 2 Talemål i endring

### 2.1 Innleiing

Eit svært viktig perspektiv i denne avhandlinga er *studiet av talemål i endring*. I dette kapitlet vil eg klargjera det teoretiske grunnlaget eg byggjer analysen av talemålsendring på.

Gjennom å følgja talemålsutviklinga hjå informantgruppa mi over ein 5-årsperiode, undersøker eg *talemålsendring hjå individet gjennom ein del av livsløpet*. Gjennom å samanlikna språkbruken hjå informantane mine med tidlegare undersøkingar av talemålet i Os undersøker eg *talemålsendring i språksamfunnet*. Begge desse perspektiva har med språkendring å gjera, men i to ulike tydingar av ordet.

For å få gjennomført analysen, er det altså viktig med ei teoretisk avklaring av omgrepet *språkendring*.<sup>1</sup> I underkap. 2.2 vil eg klargjera kva eg legg i omgrepet, og korleis studiet av språkendring kan gjennomførast metodisk. I underkap. 2.3 vil eg diskutera fenomenet språkendring på eit meir grunnleggjande nivå, gjennom å fokusera på spenninga mellom språkinterne og språkeksterne faktorar i språkendringsprosessen. I studiet av språkendringsprosessane på Os er det naturleg å trekkja inn *dialektkontakt* som eit sentralt element i analysen. I underkap. 2.4 ser eg difor på samanhengen mellom dialektkontakt og språkendring. I underkap. 2.5 diskuterer eg kva for konsekvensar det teoretiske grunnlaget eg har lagt gjennom dette kapitlet, får for det praktiske analysearbeidet i avhandlinga.

### 2.2 Kva er språkendring?

At språket endrar seg, er eit faktum. Men kva meiner vi egentleg når vi seier at det har skjedd ei språkendring? Det er ikkje alltid like klart. Når noko blir kalla ei språkendring, må ein gå ut frå at det dreier seg om språkssystem som endrar seg over tid. Men språkssystemet i levande språk har ingen eksistens uavhengig av språkbrukarane, så språkendring i tydinga *endring av språkssystem* må på ein eller annan måte knytast til språkbrukarane og språksamfunnet dei kan seiast å tilhøyra. Og då blir det med ein gong vanskeleg. Problemet i eit nøtteskal er forholdet mellom dei tre omgrepa *språkssystem, språkbrukar og språksamfunn*. For korleis står egentleg desse tre omgrepa i forhold til kvarandre?

---

<sup>1</sup> Når eg bruker omgrepet *språkendring*, meiner eg i denne samanhengen *talemålsendring*. Eg tek ikkje opp problemstillingar knytt til endring av skriftspråk.

## 2 Talemål i endring

Når det er snakk om at sognedialekten er i endring eller at språkendingane mellom norrønt og moderne norsk har vore store, må ein gå ut frå at det blir referert til språksystemet på eit kollektivt nivå, altså at *språksamfunnet* har endra språksystem. Ut frå ei slik tradisjonell kollektiv forståing av omgrepet språkending kan ein seia at ei språkending har skjedd når alle språkbrukarane i eit språksamfunn har begynt å bruka språktrekk som tidlegare ikkje var i bruk av nokon av språkbrukarane i det same språksamfunnet. Språksamfunnet har endra språksystem.

Det eg har beskrive ovanfor, er startpunktet og sluttpunktet i ein språkendringsprosess. Dette er nokså greitt å få tak på, utfordringane blir større når ein skal beskriva mellomfasane i prosessen, frå den første språkbrukaren i språksamfunnet har teke i bruk eit nytt språktrekk og til det nye trekket har spreidd seg til absolutt alle.

Her er det mange problematiske område, og den største utfordringa har nettopp å gjera med forholdet mellom den individuelle språkbrukaren, det kollektivet han eller ho er ein del av, og det språksystemet som blir brukt i dette kollektivet. I historisk lingvistik har det vore ein lang tradisjon for å studera språkending som ei endring av abstrakte system, både junggrammatikarane, strukturalistane og generativistane har på kvar sine måtar arbeidd ut frå denne føresetnaden (Lass 1980:122ff).

Strukturalistane har til dømes definert språkending som ”*the evolution of language as consisting in a succession of discrete states*” (Bynon 1977:2). I denne tradisjonen kan språkending studerast gjennom å samanlikna synkrone, idealiserte språksystem frå ulike punkt på tidsaksen, og rekna skilnaden mellom dei som endringa som har gått føre seg i den undersøkte perioden. Slik kan ein studera endringar i *langue*, og sjå bort frå det uoversiktlege og kaotiske *parole* – språket i bruk.<sup>2</sup> Gjennom slike undersøkingar får ein eit oversiktleg bilete av kva for språkendingar språksamfunnet har gått gjennom i undersøkingsperioden.

Å studera språkending gjennom å samanlikna idealiserte språksystem er ein metode som er blitt kritisert, mellom anna av William Croft (1990:257). Ulempa med å idealisera vekk all variasjonen som finst på kvart av dei synkrone språkstega, og slik sjå bort frå dei ’rotete og kompliserte menneska’, er at ein missar innsikt i korleis *språkendringsprosessen* går føre seg. Sociolingvistar, med William Labov i spissen, har vist at det er mogleg å studera språkendingar medan dei er i ferd med å skje, og slik få innsikt i dei sosiale prosessane som

---

<sup>2</sup> Innafor generativ grammatikk er argumentasjonen noko annleis, men også her skil ein mellom to språklege nivå; *competence* og *performance*, og meiner at studieobjektet er *competence* (den menneskelege språkevna). Synet på korleis ein kan studera språkending er også nokså lik (Åfarli 2000:133).

## 2 Talemål i endring

får ei endring til å spreia seg i samfunnet. Som William Labov har vist, er det nettopp variasjonsmønstra i språksamfunnet som er nøkkelen i studiet av språkendringsprosessen (Labov 1994:26). Slik har språkbrukarane fått ein større plass i språkendringsstudiet. Hå Labov er det likevel *kollektivet* av språkbrukarar som står i fokus:

This investigation is not a search for individuals, but rather for social locations and social types. The leaders of linguistic change are not individual inventors of a certain form, but rather those who, by reason of their social histories and patterns of behavior, will advance the ongoing change most strongly (Labov 2001:33-34).

Andre lingvistar har hevda at ein ikkje kan studera språkendring utan å ta utgangspunkt i den individuelle språkbrukaren, fordi "the real entities of language are utterances and speakers' grammars" (Croft 2000:4):

Dersom både språkbrukaren og språksamfunnet skal inn i analysen, trengst det eit meir fininnstilt omgrepsapparat. Det er då nyttig å skilja mellom *språkendring i kollektivet* og *språkendring hjå individet*. I ein grundig diskusjon om forholdet mellom individet og kollektivet i språkendringsprosessar presenterer Labov ein modell for korleis han ser for seg forholdet mellom individ og samfunn ved ulike språkendringsmønster (Labov 1994:83).

Patterns of change in the individual and the community		
	Individual	Community
1. Stability	Stable	Stable
2. Age-grading	Unstable	Stable
3. Generational change	Stable	Unstable
4. Communal change	Unstable	Unstable

**Tabell 2.1 Labov sin modell for forholdet mellom individ og samfunn ved ulike språkendringsmønster**

I denne modellen kan både individ og samfunn vera både ustabile og stabile språkleg. Dersom både individet og kollektivet er stabilt, skjer det ingen språkendingar i språksamfunnet. Dette er idealsamfunnet i den dialektologiske fagtradisjonen. Dersom individet er stabilt og samfunnet er ustabil, vert det kalla *generational change* (generasjonsendring). Då har individet same språkssystem gjennom heile livet, men sidan nye generasjonar kjem med sine språkendingar, endrar likevel språket i språksamfunnet seg på sikt. Men også individet kan vera ustabil. Dersom individet er ustabil i eit stabilt språksamfunn, vert det kalla *age-grading* (livsfaseendring). I eit slikt samfunn endrar individet språket gjennom livsløpet på same måte i kvar ny generasjon. Dersom både samfunnet og individet endrar seg språkleg, er termen *communal change* (samfunnsendring); "all members of the community alter their

frequencies together, or acquire new forms simultaneously” (Labov 1994:83). I følgje Labov er dette mest aktuelt for endringar i leksikon og syntaktiske endringar.

Denne modellen kan verka nokså lite fleksibel, og Labov vedgår også sjølv at det kan vera noko stivbeint at modellen ikkje opnar for livsfaseendring og generasjonsendring på same tid (Labov 1994:97). Modellen bidreg likevel med nokre nyttige distinksjonar – han gjev oss eit omgrepsapparat som skil klart mellom språkendringar på individnivå og språkendringar i kollektivet. Gjennom å ta utgangspunkt i desse distinksjonane har ein reiskapar til å få eit nyansert bilete av kva som kjenneteiknar ulike språklege endringsprosessar.

I denne avhandlinga undersøker eg både livsfaseendring (kap. 8) og generasjonsendring (underkap. 6.3). I det følgjande vil eg difor diskutera dei to omgrepa litt grundigare, for å presisera korleis eg vil forstå dei i den vidare analysen.

### 2.2.1 Generasjonsendring – det ustabile samfunnet

I generativ grammatikk er språkendring synonymt med generasjonsendring – modellen opnar ikkje for at individet kan endra grammatikk undervegs i livet.

Så snart eit I-språk er fastsett, blir det under normale forhold ikkje endra. Muleg endring skjer i hovudsak berre i overgangen frå I-språket til neste generasjon. Det er med andre ord slik at historisk re-analyse (og historisk endring meir generelt) som regel *ikkje* skjer i sinnet, dvs. i I-språket til den enkelte språkbrukaren (Åfarli 2000:132).

Innafor denne modellen er språkendring knytt til språktileigning. Ein tenkjer seg at eit barn som lærer å snakka, utviklar sin eigen grammatikk på grunnlag av inndata beståande av foreldregenerasjonen sine ytringar. Fordi dei møter eit avgrensa korpus av ytringar, vil dei kunna utvikla ein grammatikk som skil seg frå den foreldregenerasjonen har (Åfarli 2000:129)

Ut frå ein sosiolingvistisk ståstad er det vanskeleg å vera med på at språkendringar berre skjer *mellom* generasjonane. Det er her vanleg å rekna med at ei språkendring skjer i to fasar – det nye språktrekket dukkar først opp gjennom ein innovasjon hjå ein enkelt språkbrukar (jf. underkap. 2.3.2). Dersom personen bak innovasjonen er sosialt attraktiv og har eit sosialt attraktivt nettverk, kan det nye språktrekket spreia seg frå denne gruppa og vidare til andre sosiale grupper i samfunnet. Dette er eit argument mot å tru at barn som er i ferd med å læra å snakka, er dei ansvarlege for innføringa av nye språktrekk. Jean Aitchison meiner at ein heller må tenkja seg at dei språklege skilnadene mellom foreldre og born oppstår når borna begynner å identifisera seg med andre sosiale verdiar enn dei foreldra har:

## 2 Talemål i endring

Babies do not form influential social groups; changes begin with social groups, when group members unconsciously imitate those around them. Differences in the speech forms of parents and children probably begin at a time when the two generations identify with different social sets (1981:180).

Suzanne Romaine peikar på at dette eigentleg ikkje er eit argument mot språklæringshypotesen. Dersom borna held på innovasjonane sine til dei blir gamle nok til å forma sosiale grupper, kan endringar som skriv seg frå språklæringsfasen bli spreidde vidare via sosiale mekanismar:

Childrens' innovations could still lead to cumulative change, providing that they were maintained into adulthood, i.e., are not purely developmental. These innovations would then be passed on to children of the next generation (Romaine 1989:213).

Strukturalistar og generativistar har studert generasjonsendring gjennom å samanlikna idealiserte språkssystem eller ulike I-språk frå ulike tidsperiodar, for så å gå ut frå at det som skil dei ulike systema representerer den språkendringa som har gått føre seg. I sosiolingvistisk forskning tek ein gjerne metodisk utgangspunkt i den lingvistiske variasjonen i eit gjeve språksamfunn. Her studerer ein generasjonsendring gjennom å undersøkje endringar i *frekvensmønster* i eit språksamfunn på ein eller fleire utvalde variablar over ein viss tidsperiode. Dersom bruken av ein viss variant aukar i den undersøkte perioden, går ein ut frå at dette er eit teikn på ei språkendring i utvikling. Eit vanleg mønster er at auken i frekvens følgjer ein *s-kurve*. I byrjinga er den nye varianten lite brukt, så aukar bruken kraftig, men på slutten går utviklinga saktare igjen (Labov 1994:65).

### 2.2.2 Livsfaseendring – det ustabile individet

Dersom vi fører generasjonsendringsmodellen ut i det ekstreme, må vi seia at all språkleg endring skjer mellom generasjonane, slik at det meste av språkendringar må relaterast til den utfordringa det er for små born å læra seg eit språk. Men dersom sosiolingvistane har rett, og språkendringar ikkje berre skjer hjå born som er i ferd med å læra å snakka, når skjer dei då? Paul Kerswill hevdar språklege endringar kan tileignast på ulike alderstrinn, men at ikkje alle typar endring kan inntreffa i alle aldersgrupper:

[...] it appears that neither children nor adults can be seen as the sole originators of change: the picture is complex, as it turns out that people of all ages can (and do) modify and restructure their language – though exactly what they can change is to some extent age-related (Kerswill 1996:178).

Med utgangspunkt i ein gjennomgang av resultatata frå mange ulike sosiolingvistiske undersøkingar hevdar Kerswill at til dømes leksikalske innlån, junggrammatiske lydendringar



## 2 Talemål i endring

og fonologiske samanfåll ser ut til å kunna tileignast gjennom heile livet, medan til dømes nye fonologiske opposisjonar må lærast i tidlege barneår (Kerswill 1996:200).

Kerswill er også oppteken av å få med i diskusjonen at lingvistisk kompetanse ikkje berre er meistring av grammatiske strukturar – ein like viktig del av språktileigninga er ei utvikling av den *sosiolingvistiske kompetansen* (1996:181). Når ein studerer språktileigning og språkendring hjå born og unge, må ein ta omsyn til begge desse faktorane. For det første tileignar born seg språksystemet gjennom herming, prøving og feiling heilt frå dei er bitte små. Kunnskapen om korleis ulike språkformer har ulik sosial meining, og kva som er høveleg språkbruk i ulike samanhengar, utviklar seg gjennom heile oppveksten, ut frå erfaringar med sosiale handlingsmønster og sosiale roller. Både lingvistisk og sosiolingvistisk kompetanse er ein del av den menneskelege språkevna, og livsfaseendring må studerast og tolkast ut frå eit slikt todelt perspektiv.

Dei første barneåra er det foreldra som er borna sine viktigaste språklege modellar. Etter kvart som dei blir eldre, blir jamaldringane meir og meir viktige som språklege rollemodellar. Det har i fleire undersøkingar vist seg at språkbruken i ei barnegruppe blir meir og meir homogen frå seksårsalderen og opp mot tenåra (Kristoffersen 1980; Kerswill 1996:192). Også tenåringar har vist seg å vera viktige pådrivarar for lingvistisk endring, som Penelope Eckert har påvist på overtydande vis i ein studie av språket til forstadungdom i Detroit. Ho meiner at ungdom er svært sentrale pådrivarar i språkendringsprosessen, og at det dermed er svært viktig å studera ungdomsspråk for å få innsikt i korleis språkendring går føre seg. Ungdomstida er så sentral fordi det er tida for lausriving og identitetsbygging, i følgje Eckert:

Adolescence marks the official transition from childhood to adulthood, and from the family social sphere to a peer-based social order, and the acceleration of the use of the vernacular is related to the identity work that takes place in the adolescent life stage (Eckert 2000:4).

Mange meiner at vaksne språkbrukarar har eit meir stabilt språksystem enn det ein finn hjå born og unge. William Labov hevdar at vaksne språkbrukarar har minska evne til å modifisera språksystemet sitt, men til gjengjeld eit stort repertoar når det gjeld stilskifte (Labov 2001:438). Han hevdar også å kunna dokumentera at dei endringane språkbrukarar gjer i vaksen alder, kjem på variablar som språkbrukarane er merksame på og medvitne om den sosiale verdien til, medan dei vaksne språkbrukarane ikkje endrar bruken av variablar som ligg under medvitsnivået (Labov 1994:111). At vaksne språkbrukarar har eit stabilt språksystem, er ein viktig premiss for å kunna gjennomføra *apparent time*-studiar (studiar i tilsynelatande tid) (sjå underkap. 2.2.3).



## 2 Talemål i endring

Når er så ein språkbrukar å rekna som vaksen og stabil, lingvistisk sett? Dette er eit vanskeleg spørsmål, sidan det ikkje er gjort særleg mange studiar av livsfaseendring hjå unge vaksne. Paul Kerswill refererer til Chambers som hevdar at den 'kritiske alderen' for tileigning av ein ny dialekt er 7-14 år, (Chambers 1995:160-163), men føyer til at sjølv om språkbrukarar i 14-årsalderen eigentleg er som vaksne når det gjeld evna til å læra nye språk, er det i denne alderen dei store endringane ser ut til å skje i språksystemet (Kerswill 1996:196). Dette har samanheng med dei sosiale rollene og samhandlingsmønstra som er karakteristiske for denne aldersgruppa. Men han poengterer at endringane som kan skje i denne aldersgruppa må vera av spesielle typar, i og med at dei ikkje lenger har evna til å tileigna seg nye språk på same måte som barn.

Det er eit vanleg syn hjå sosiolingvistar at språksystemet stabiliserer seg ein gong i slutten av tenåra, sjølv om det ikkje er heilt klart akkurat når dette skjer (Labov 2001:416). Som nemnt innleiingsvis, finst der i følgje Labov ikkje undersøkingar som tek for seg overgangen frå ungdomsliv til vaksenliv i eit sosiolingvistisk perspektiv.

The discussion of the transmission problem so far has carried us through adolescence and the high school years. The situation is less clear when we turn to adults. No studies of speech communities have given us a close view of linguistic correlates of the transition from high school to job or college, and the establishment of households by young adults in their 20s (Labov 2001:438)

I og med at eg følgjer informantgruppa mi frå dei er 15 år til dei er 20 år, får eg tilgang til informasjon om den språklege utviklinga til desse informantane i heile denne perioden. Når dei er 15 år, går dei framleis på ungdomsskulen, når dei nærmar seg 20, har mange av dei flytta heimefrå, nokre er i gang med høgare utdanning, og nokre har stifta egne familiar. Undersøkinga mi kan altså bidra med kunnskap om språkleg utvikling i den fasen Labov etterlyser kunnskap om.

Det som er viktig å hugsa her, er at det ikkje er den *biologiske* alderen til eit individ som er interessant i denne samanhengen. Alder er på lik linje med kjønn ein *sosial* variabel i sosiolingvistikken. Det betyr at biologisk alder og biologisk kjønn ikkje i seg sjølv seier oss særleg mykje. Det som bør interessera oss er samanhengen kjønn og alder har med sosiale roller, samhandlingsmønster osv. Det som er interessant, er altså kva for *livsfase* språkbrukaren er i, ikkje kva for *alder* han har.

Like gender, age correlates with variation by virtue of its social, not its biological status (although biology of course is part of the social construction of age and gender). The study of age as a sociolinguistic variable therefore requires that we focus on the nature and social status of age and aging (Eckert 1997:152)

### 2.2.3 Korleis studera språkending?

Korleis kan ein studera ein pågåande språkendingprosess? Det å studera ei språkending i det ho er i ferd med å skje, er ei oppgåve som lenge blei sett på som umogeleg å løysa. Den amerikanske strukturalisten Leonard Bloomfield formulerte det slik:

The process of linguistic change has never been directly observed; we shall see that such observation, with our present facilities, is inconceivable (Bloomfield 1933:347).

Det finst likevel eksempel på undersøkingar som studerer pågåande språkendingar allereie tidleg på 1900-talet. Eit svært tidleg døme er arbeida til Gauchat (Gauchat 1905) og Hermann (Hermann 1929). Gauchat undersøker i 1905 variasjon i realisasjonsgraden til nokre fonologiske variablar knytt til alder og kjønn. Hermann gjer ein oppfølgingsstudie i 1929, og finn der at den språklege variasjonen knytt til alder i 1905 faktisk viser seg å vera observasjonar av ei pågåande språkending. I 1929 er varianten dei unge brukte i 1905 blitt etablert i heile språksamfunnet.

Det store gjennombrotet for studiar av pågåande språkendingar kom likevel med William Labov på 60- og 70-talet. Då William Labov presenterte sine studiar av dei strukturerte språklege variasjonsmønstra i New York, var han svært oppteken av å få fram at språkleg variasjon i eit språksamfunn i mange tilfelle reflekterer ein pågåande endingprosess. Sidan den sosiale konteksten rundt ei pågåande ending er mogleg å observera og dokumentera, har ein her sjansen til å få innsikt i mekanismane som verkar i endingprosessen. Dersom ein studerer endingar som er gjennomførte langt tilbake i tid, er den sosiale konteksten sjølvsagt langt mindre tilgjengeleg.

Labov har markert seg ved aktiv bruk av munnlege kjelder, og ein systematisk og gjennomtenkt strategi for innsamling av materiale. Han har også arbeidd mykje med det teoretiske fundamentet som må til for å kunna forsvare denne typen undersøkingar. Premissen for at ein skal kunna overføra kunnskap om notida til å gjelda endingprosessar i tidlegare tider, er "[...] the claim that the same mechanisms which operated to produce the large-scale changes of the past may be observed operating in the current changes taking place around us" (Labov 1972:161) – seinare kalla "the Uniformitarian Principle".

Labov hevdar at pågåande språkendingar kan observerast på to ulike måtar; nemleg gjennom det han kallar *observations in apparent time* (observasjonar i tilsynelatande tid) og *observations in real time* (observasjonar i verkeleg tid). I denne samanhengen blir skiljet mellom livsfaseending (jf underkap. 2.2.2) og generasjonsending (jf. underkap. 2.2.1) svært viktig.

## 2 Talemål i endring

Labov er nok mest kjent for studiane i såkalla *tilsynelatande tid*. Her har han funne ei løysing på det store problemet i all språkendringsforskning – mangel på tid. For å kunna studera språkendringsprosessen i eit språksamfunn over ein periode på til dømes femti år, treng ein i utgangspunktet materiale frå heile denne femtiårsperioden. Det seier seg sjølv at dette er vanskeleg å få til for ein og same forskar, og dersom ein skal nytta seg av gammalt materiale som andre har samla inn, er det ofte eit problem at dette er samla inn for eit anna føremål, og dermed etter andre metodar, enn dei ein sjølv er interessert i. Labov si løysing på dette problemet er å studera språkending i *tilsynelatande tid*:

The first and most straightforward approach to studying linguistic change in progress is to trace change in apparent time: that is, the distribution of linguistic variables across age levels (Labov 1994:45-46).

Metoden går altså ut på å velja ut informantar frå ulike aldersgrupper ut frå identiske kriterium, og gå ut frå at den språklege variasjonen mellom aldersgruppene representerer den språklege endringa som har gått føre seg i språksamfunnet i den undersøkte perioden. Denne metoden er blitt svært populær, noko som ikkje er vanskeleg å forstå. Gjennom ei einaste synkron undersøking kan forskaren få nok empiri til å seia noko om språkutviklinga i det undersøkte samfunnet over ein tidsperiode på kanskje seksti år (dersom dei yngste informantane er tjue og dei eldste er åtti). Gjennom slike metodar har ein til dømes klart å visa korleis s-kurva er det gjennomgåande progresjonsmønsteret for ei pågåande språkending (jf. underkap. 2.2.1).

Utfordringa for denne metoden er, som Labov sjølv formulerer det: "to decide whether we are dealing with a true change in progress or with age-grading" (Labov 1994:46). Ein underliggjande premiss for undersøkingar i *tilsynelatande tid* er altså at kvar enkelt språkbrukar ikkje endrar språket sitt etter at han er blitt vaksen, slik at 60-åringen framleis snakkar slik han gjorde då han var 20. Dersom det er slik at språkbrukarar i stor grad endrar språket i løpet av livsløpet, er det med å å minska verdien av *apparent time*-studiar. Det betyr altså at livsfaseending hjå språkbrukarane er eit metodisk problem dersom ein gjennomfører studiar av generasjonsending.

Løysinga Labov sjølv foreslår på dette problemet, er å kombinera studiar i *tilsynelatande tid* med studiar i *verkeleg tid* så ofte som ein kan. Men dersom dette ikkje er mogleg, er studiar i *tilsynelatande tid* langt betre enn ingenting, meiner Labov:

In such cases, we are strongly motivated to study the present in greater depth, and see what can be deduced about change in progress from the actual distribution in apparent time (Labov 1994:63).

## 2 Talemål i endring

Å studera språkendring i verkeleg tid kan gjerast på ulike måtar. Den enklaste måten er å samanlikna tidlegare gjennomførte studiar i språksamfunnet ein ønskjer å undersøka, og slik få eit inntrykk av kva for endringar som har gått føre seg. Eit problem med denne metoden kan vera at tidlegare forskarar gjerne har hatt andre siktemål med undersøkinga ein det ein sjølv har. Difor er det ikkje alltid mogeleg å bruka andre sitt materiale til å svara på dei problemstillingane ein sjølv har utarbeidd. Dersom ein møter dette problemet, må ein basera seg på å samla inn materiale på eiga hand. Det er sjølvsagt mogeleg å gjennomføra undersøkingar i verkeleg tid over både ti, tjue og førti år, men det seier seg sjølv at dette vanlegvis er vanskeleg å gjennomføra i praksis, og problemet med å få til identiske vilkår i dei ulike innsamlingsrundane vil likevel melda seg. Det vanlegaste er å byggja på tidlegare gjennomførte undersøkingar som ein så gjentek etter så identiske vilkår som det er mogleg å få til. Slike undersøkingar kan igjen delast inn i to hovudgrupper; *panelstudiar* og *trendstudiar* (Labov 1994:76).

I ein panelstudie følgjer ein dei same individa over eit lengre tidsrom. Dersom ein er interessert i korleis enkeltindivid endrar språket sitt gjennom livet (livsfaseendring), er dette den rette metoden. Slik kunnskap er essensiell grunnlagskunnskap for å kunna tolka studiar gjort i tilsynelatande tid. Ulempa er sjølvsagt at ein gjennom ein slik studie får innsikt i endringane til dei utplukka enkeltindivid, ein får ikkje vita noko om eventuelle språkendringar på det kollektive nivået i den same perioden.

Gjennom ein trendstudie, derimot, er det nettopp språkendringar på det kollektive nivået som blir fanga opp. I ein slik studie går ein tilbake til same språksamfunn ei viss tid etter første undersøking, ein plukkar ut eit utval av populasjonen etter same kriterium som første gong, ein bruker same variablar, og prøver å få alt så likt som mogleg. Ofte vil ein slik studie innebera ei samanlikning av to undersøkingar i tilsynelatande tid, og slik vil ein òg kunna fanga opp eventuelle livsfaseendringar mellom generasjonane. Dersom ein finn språktrekk hjå sekstiåringane som ein ikkje fann hjå tjuetåringane førti år tidlegare, har det utan tvil skjedd ei livsfaseendring. Ein trendstudie kan såleis vera ein nyttig metode i språkendringsforskinga, men vil ikkje kunna fanga opp endringar i språkssystemet hjå enkeltindivid, slik ein kan gjennom ein panelstudie (Labov 1994:84f).

### 2.3 *Kreftene i språkendringsprosessen*

*In fact, any theory of language change gives one the opportunity to look at language as a whole. Language change can not be separated from language structure, language*

## 2 Talemål i endring

*function, language in the mind, language in society, language variation, or language diversity. [...] In fact, language change is the glue that holds all of these facets of language together (Croft 2000:229).*

Kvifor endrar språket seg? Dette er eit spørsmål språkforskarar har arbeidd med i svært lang tid, og svara har vore mangslungne. Grunnen til at dette kvifor-spørsmålet er så interessant, er at kunnskap om mekanismane som styrer språkendringsprosessen også gjev kunnskap om kva funksjonar språket har hjå mennesket og i samfunnet, og dermed kunnskap om kva språket *er*. Dersom det var slik at den einaste funksjonen språket hadde, var overføring av informasjon, ville det, som Labov kommenterer, vore svært lite rasjonelt at det skulle endra seg heile tida:

If language had evolved in the course of human history as an instrument of communication and been well adapted to that need, one of its most important properties would be stability. No matter how difficult a language was to learn, it would be easier if it were stable than if it continued to change [...] (Labov 1994:9)

Alle kan sjå at stabilitet ikkje er eit typisk kjennemerke ved menneskelege språkssystem, og det blir dermed svært interessant å finna ut noko om *kvifor* det er slik.

### 2.3.1 Om å forklara språkending

Spørsmålet om kvifor språket endrar seg, har vore kjelde til mange diskusjonar innafor språkvitskaplege fagmiljø. Problemområda er mange. For det første er spørsmålet tett knytt til spørsmålet om kva språket eigentleg *er* – og her er ikkje usemja mindre. Kva er studieobjektet i språkvitskapen? Mange lingvistar meiner at språkvitskapen sitt studieobjekt er språket som strukturelt system og/eller den menneskelege språkevna, og argumenterer for at dette kan studerast heilt utan sideblikk til språket sin funksjon som kommunikasjonsmiddel (Åfarli 2000:18). Roger Lass har hevda at dette har vore det dominerande synet innafor dei viktigaste språkvitskaplege retningane:

Linguists have, I would maintain, normally treated language as if it were in fact an autonomous natural object (or an autonomous formal system) [...] I do not think there is any very strong evidence that existing speakers are a necessary assumption (much less a central concern) for any important school of general linguistic theory (Lass 1980:121).

Men språket er også eit sosialt fenomen. Helge Dyvik meiner språklege data må reknast som ”institusjonelle fakta” – som ein kode språkbrukarane er blitt einige om. Det kan ikkje reduserast til ein mental eigenskap hjå kvar enkelt språkbrukar. Språket eksisterer i eit sosialt rom. Dersom ein ikkje tek omsyn til dette, vil ein gå glipp av innsikter om språk, ”selv om vi vet ’alt’ om språkbrukernes hjerner” (Dyvik 1992:23).

## 2 Talemål i endring

Eg meiner at det mest fruktbare standpunktet er å seia at begge desse innfallsvinklane må vera med dersom ein skal gje eit adekvat bilete av kva språket er. Språket er på same tid eit resultat av sosiale prosessar og eit resultat av mennesket si spesielle biologiske utrustning. Den menneskelege språkevna set biologiske grenser for korleis språket kan utvikla seg, men innafor desse grensene konstruerer språkbrukarane vilkårlege normer. Som Henning Andersen formulerer det:

It is essential to recognize that any language is a joint product of nurture and nature. On one hand, it is a cultural institution, assimilated by the individual and freely manipulated by him according to his need and skill, and in the relation set to the limits set by social convention. On the other hand, it is acquired, maintained, and elaborated entirely by the grace of the natural language faculty that all the members of our species share (Andersen 1989:8).

Dersom det er slik at språket er både sosialt og mentalt basert, er det naturleg å tenkja seg at ein må trekkja inn både språkinterne og språkeksterne faktorar når ein skal forklara kvifor språket endrar seg. Dette kjem eg tilbake til i underkap. 2.3.3.

For det andre er det ikkje semje om kva ei språkleg forklaring eigentleg skal forklara. I historisk lingvistik er det etter kvart blitt meir og meir vanleg å dela språkendringsprosessen i to; *innovasjonsprosessen* og *spreiingsprosessen*. Det blir altså halde for viktig at ein må skilja mellom kva som får eit nytt språktrekk til å *oppstå*, og kva som får dette språktrekket til å *spreia seg* i eit språksamfunn. Å forklara språkleg endring dreier seg altså om å forklara begge desse elementa. Dette går eg grundigare inn på i underkap. 2.3.2.

For det tredje er forskarane slett ikkje einige om kva det eigentleg vil seia å forklara. Kva må ein krevja av ei forklaring for å seia at noko er forklart? Kva skil ei forklaring frå ei beskriving? Jan Terje Faarlund foreslår som kriterium for at noko skal kvalifisera som forklaring at det som skal forklarast må relaterast til eit eksternt domene. I lingvistikken nemner Faarlund to slike eksterne domene, nemleg det *mentale* og det *sosiale* (Faarlund 1987:25). Dersom ein berre gjer greie for regelmessige mønster, eller fører noko inn under ei generalisering, har ein ikkje forklart, berre beskrive. Dette skiljet bruker han så til å kritisera 'forklaringar' av språklege fenomen som er knytt til det språkinterne domenet, særleg det som blir kalla forklaring innafor det generative paradigmet (Faarlund 1987:18). Også Brit Mæhlum devaluerer 'forklaringar' av den språkinterne sorten og kallar dei beskrivingar (Mæhlum 1999:156f).

Også den labovske sosiolingvistikken har fått kritikk for å vera for ukritisk i bruken av forklaringsomgrepet. Korrelasjonar mellom sosiale og språklege variablar 'forklarer' ikkje språkleg åtferd dersom ein ikkje tar utgangspunkt i eit svært deterministisk menneskesyn:



## 2 Talemål i endring

[...] the fact of being middle class instead of working class, being a woman rather than a man, of having a dense rather than a loose social network does not 'cause' a person to speak in a particular way. Such correlations between language and social categories do not tell us what kind of language an individual will choose on any particular occasion or why (Romaine 1994:223).

Dei strengaste vil hevda at den einaste vitenskapleg akseptable forklaringstypen er den *deduktiv-nomologiske*. Ei deduktiv-nomologisk forklaring er "en påvisning af at en begivenhed er et resultat af en række særlige omstændigheder i overensstemmelse med en almen lovmæssighed" (Kjørup 1996:162). Dersom ein til dømes ønskjer å forklara kvifor vatnet kokar i kaffikjelen, kan ein for det første visa til den fysiske lova om kokepunkt for vatn og kopla denne til dei spesifikke omstenda for oppvarming som den aktuelle vasskjelen er blitt utsett for.

Denne forklaringstypen blir tradisjonelt assosiert med naturvitenskapleg metode.<sup>3</sup> Ut frå tanken om einskap i vitenskapane er dette idealet blitt applisert også på humanvitenskaplege disiplinar, med større eller mindre hell, og til større eller mindre protestar (Kjørup 1996:86). Dette aktualiserer igjen spørsmålet om ein kan snakka om språk, utan å trekkja inn dei som faktisk bruker det – språkbrukarane. Dersom ein gjer det, blir kravet om "overensstemmelse med en almen lovmæssighed" til eit problem. I sosiolingvistisk samanheng har Suzanne Romaine sett ord på det problematiske med deduktivt-nomologiske forklaringar i språkvitenskapen – nemleg vansken med å skulla etablere årsakssamanhengar mellom ulike område av ein sosial røyndom. Språkbrukarar er ikkje sosiolingvistiske automatar, og kan dermed ta språklege val som er heilt uventa (spenninga mellom individuell fridom og kollektiv styring blir diskutert meir inngåande i underkap. 3.3):<sup>4</sup>

While I cannot, for instance, defy the laws of gravity and jump from the top of a fifty-store building, I can, if I wish, decide that henceforth I will start using more glottal stops in my speech, or even more arbitrarily, that I will refer to all cats as dogs (Romaine 1994:223)

Nokon vil dermed konkludera med at språkending ikkje let seg forklara. Roger Lass har konkludert på denne måten (Lass 1980:90). Lass avviser alle forsøk på å applisera meir

---

<sup>3</sup> Termen 'naturvitenskap' dekkjer vitenskapar så ulike som botanikk, biologi, astronomi og geologi, som sjølvstøtt nyttar metodar tilpassa dei problemstillingane ein innafor kvart fagområde er opptekne av å løysa. Å snakka om 'den naturvitenskaplege metoden' er ei grov forenkling, som like fullt er ei vanleg forenkling i vitenskapsteoretiske diskusjonar (Kjørup 1996:99f)

<sup>4</sup> I sosiolingvistisk samanheng er 'språklege val' ikkje det same som medvitne val, denne typen val kan gå føre seg på eit meir eller mindre umedvite nivå. Det som ligg til grunn for denne tankegangen, er den hermeneutiske påstanden om at menneskelege handlingar og produkta av slike handlingar har ei *meinung*. Denne meininga kan tolkast, og seier noko om kven vi er.

## 2 Talemål i endring

humanistisk orienterte forklaringstypar, som til dømes *intensjonsforklaringa*.

Intensjonsforklaringa forklarar ei handling ut frå motiva eller intensjonane til den som handlar. Denne typen forklaring liknar på det som tradisjonelt er blitt kalla *forståing*, innafor eit hermeneutisk paradigme. Ein grunnleggjande definisjon av hermeneutikk lyder slik: ”Hermeneutikk = studiet av kva forståing er og korleis vi skal gå fram for å få forståing” (Føllesdal, Elster og Walløe 1986:97). Hermeneutiske metodar er grunnleggjande ulike dei naturvitskaplege i og med at ein forskar på menneske og produkta av menneskelege handlingar, altså fenomen som er fylte med *mening*. Når vi prøver å finna meninga i eit gjeve fenomen, anten det gjeld å forstå personar, handlingane dei gjer, eller produkta av handlingane deira, bruker vi metodar og tankegods som er ein del av hermeneutikken. Lass meiner dette er meiningslaust, fordi det er vanskeleg å tenkja seg at språkbrukarar har intensjonar om å endra språksystemet, og formulerer innvendinga slik i ei seinare utgåve av same bok:

How can one 'understand' or get at 'the intention behind' or discover the 'meaning' of a shift from SOV to SVO, or a monophthongization, or a vowel-shift, etc. in any 'cognitive' or empathetic way, or 're-enact' them, or attribute to 'reasons' or 'beliefs'? (Lass 1997:339)

Kritikken til Lass held mål så lenge ein ikkje skil mellom dei to fasane i språkendringsprosessen – innovasjon og spreing. Å knyta intensjon til augneblinken der ei ny form oppstår for første gong er kanskje ikkje særleg meiningsfullt, men når det gjeld spreingsprosessen gjev intensjonsforklaringa mening. Dei involverte intensjonane er då ikkje knytt til eit ønske om å endra språksystemet, men til eit ønske, meir eller mindre medvite, om å vera vellukka sosialt sett. Gjennom språket kan ein visa at ein 'passar inn', at ein 'gjer som dei andre', eller som Rudi Keller formulerer det: “talk in such a way that you are socially successful, at the lowest possible cost” (Keller 1994:107).

Vi såg ovanfor at språkinterne faktorar blir rekna som beskrivingar, ikkje forklaringar, fordi dei er domene-interne. Men når det gjeld innovasjonsnivået, kan slike beskrivingar vera nyttige. Gjennom å leita etter årsaker i språket sjølv, kan ein klargjera kva for språkstrukturelle faktorar som gjer at ein innovasjon kan oppstå i eit språk (Selås 2003:54). Slik kan ei gransking av språkinterne faktorar fortelja oss noko om føresetnadene for at ei endring kan skje, sjølv om slike faktorar aldri kan forklara kvifor ei viss endring tek til på ein viss stad til ei viss tid.

Eg meiner det er fornuftig å skilja mellom forklaringsutfordringar knytte til innovasjon og spreing. Ved *språklege innovasjonar* er det råd å seia noko om dei språkstrukturelle faktorane som gjer det mogeleg for ein innovasjon å oppstå, men dette kan ikkje forklara



kvifor ei viss endring skjer på ein viss stad til ei viss tid. Å forklara *spreiing av språktrekk* er heller ikkje ukomplisert. Innafor sosiolingvistikken er spreingsmønster ofte blitt forklart ut frå korrelasjonar mellom sosiale og språklege variablar. Dette vil eg, med støtte i Romaine (1994:223), hevda må kallast beskrivingar, ikkje forklaringar. Korrelasjonar kan beskriva ein samanheng, noko som i seg sjølv er svært interessant og innbyr til vidare gransking, men kan ikkje seia noko om kva som er årsak og kva som er verknad. Det gjev ikkje meining å prøva å kausalforklara spreieing av språklege trekk, fordi språkbrukarane, som er dei som står for spreingsprosessen, ikkje er styrt av universelle lover. Spreingsprosessar følgjer likevel ofte felles mønster, fordi språket er ein sosial kode. Språkbruk er knytt til språknormer, og desse blir danna i det sosiale rommet (jf. underkap. 3.3.3). For å forklara språklege spreingsmønster bør vi ideelt sett trekkja inn både språkbrukarane sine meir eller mindre medvitne motiv og intensjonar (intensjonsforklaring) som like gjerne kan kallast for *forståing* ut frå eit hermeneutisk perspektiv, og ei beskriving av dei sosiale rammene som dannar konteksten for den aktuelle spreingsprosessen.

### 2.3.2 Innovasjon og spreieing

Korleis går det føre seg når språkbrukarar i eit språksamfunn går over frå å bruka *ei* lingvistisk form til å bruka *ei* anna for å uttrykkja den same semantiske meininga? Det er, som eg nemnde i underkap. 2.3.1, etter kvart blitt nokså vanleg å dela ein språkendringsprosess i to: *innovasjonen* og *spreiingsprosessen* (Milroy 1992:169; Croft 2000:4; Labov 2001:466; McMahon 1994:44).<sup>5</sup> Det blir altså halde for viktig å skilja mellom kva som får eit nytt språktrekk til å *oppstå*, og kva som får dette nye språktrekket til å *spreia seg* i eit språksamfunn, fordi prosessane som verkar i desse to fasane er heilt ulike. Denne oppdelinga gjev oss også ei forståing av at prosessen tek lang tid, og ikkje nødvendigvis alltid følgjer same mønster.

Først til innovasjonsfasen. Det seier seg sjølv at sjølve innovasjonen er nokså vanskeleg å observera. Sosiolingvistar har ofte unngått å seia for mykje om sjølve innovasjonen, men nøyer seg med å visa korleis ein variant med avgrensa bruk i eit språksamfunn kan innta nye sosiale og geografiske domene. William Labov hevdar til dømes

---

<sup>5</sup> Forskarane det er referert til her, bruker ulike omgrep for å beskriva dei to prosessane (Innovasjon: innovation, actuation. Spreiing: propagation, transmission, diffusion), og dei er heller ikkje samstemte når det gjeld kva som karakteriserer dei to prosessane. Det viktige poenget for meg her er likevel å visa at det er vanleg å skilja mellom dei to fasane.

## 2 Talemål i endring

at det gjev lita meining å skilja mellom sjølve innovasjonen og spreinga av ei ny form, fordi den nye forma i innovasjonsaugneblinken enno ikkje er blitt ein del av språket:

Let us assume that a certain word or pronunciation is indeed introduced by one individual. It becomes a part of the language only when it is adopted by others, i.e. when it is propagated. Therefore the origin of a change is its 'propagation' or acceptance by others (Labov 1972:277).

At ein enkelt språkbrukar bruker ei avvikande form som han eller ho er åleine om, kan ikkje reknast som språk, meiner Labov. Språk, og språkendring, blir det først når denne forma får ein sosial verdi og begynner å spreia seg i språksamfunnet. Labov nemner ei heil rekkje med fenomen som kan utløysa ei ny form hjå ein språkbrukar.

[...] variations may be induced by the processes of assimilation or differentiation, by analogy, borrowing, fusion, contamination, random variation, or any number of processes in which the language system interacts with the physiological or psychological characteristics of an individual (Labov 1972:1-2)

Det som er saka er sjølv sagt at i dei aller fleste tilfella blir 'innovasjonar' av denne typen berre brukt ein gong. Den språkbrukaren som, umedvite eller medvite, har introdusert det nye trekket får ingen, eller kanskje til og med negativ, respons, og bruker ikkje den nye forma igjen. Kva for språklege innovasjonar som oppstår er likevel langt frå uinteressant. Her kjem språkinterne faktorar som naturlegheit og forenkling inn (sjå underkap.2.3.3). Kva for innovasjonar som oppstår og ikkje oppstår i eit språkssystem, kan fortelja oss mykje av språkvitskapleg verdi.

Den mest interessante fasen for sosiolingvistar kjem når det introduserte språktrekket blir teke opp av fleire, får ein sosial verdi, og blir spreidd i språksamfunnet (Milroy og Milroy 1985:251).

It is thus quite possible that an innovation, which does not adhere to prior conventions of the community, is reanalyzed by the listener as a social indicator (in Labov's sense of that term). At that point, the innovation passes from an 'error' – that is, a form lacking any social value – to a socially defined variant in the mind of the hearer. The hearer later replicates the innovation in another context, intending it to be understood by his interlocutors as having a social value. If his interlocutors understand his intention in this context, then the propagation of the innovation has begun (Croft 2000:186).

Gjennom empiriske undersøkingar kan ein følgja ferda til eit språktrekk gjennom språksamfunnet, og studera fart, retning og omfang på spreingsprosessen.

Å studera den geografiske *retninga* på spreingsprosessen er kanskje særleg interessant. Ein vanleg modell for spreing i geografisk rom er den såkalla *bølgjemodellen*, bygd på junggrammatikarane sine bølgeteoriar frå siste halvdel av 1800-talet (Schmidt 1872). Det er også eit utbreidd mønster at språktrekk spreier seg gjennom 'hopping' frå eitt

bysentrum til eit anna (Chambers og Trudgill 1980:189), såkalla *urban jumping*, på norsk kalla for *sentrumshopping* (Akselberg 2003a:162). I det norske språksamfunnet er ein kombinasjon av desse to mønstra ofte sett, nemleg at det nye trekket først spreier seg frå sentrum til sentrum, gjerne på tvers av regionar, for så å spreia seg som ei bølge ut frå kvart enkelt sentrum (Sandøy 2003a:224). Det er til dømes vanleg å sjå på spreinga av uvular *r* i Noreg som eit resultat av ein kombinasjon av sprang mellom sentrum og spreining som ringar i vatn (Torp 2000). I sin studie av Brunlanes introduserte Trudgill ein formel som skulle kunna brukast til å rekna ut den språklege påverknadskrafta mellom to stader. Formelen var rekna ut på grunnlag av geografisk avstand, folketal og den lingvistiske likskapen som fanst mellom dei to stadene (Trudgill 1974:233ff).

Både modellane og formelen føreset at retninga i språkendringsprosessen går frå sentrum til periferi. Empiriske undersøkingar har stadfesta at dette er eit vanleg mønster, men det er ikkje det einaste mogelege.<sup>6</sup> Det mest interessante blir dermed kanskje å undersøkje *kvifor* dette er eit vanleg mønster. Svært mange forskarar har vore opptekne av dette, fordi dei geografiske og sosiale spreingsmønstra fortel oss mykje om kven i samfunnet som har legitimitet til å få 'sine' språkformer, og dermed sine sosiale verdiar, spreidd vidare ut i språksamfunnet (jf. underkap. 2.4).

### 2.3.3 Språkinterne og språkeksterne faktorar

Det er altså eit vanleg syn at retninga på spreingsprosessen er knytt til språkbrukarane sine medvitne eller umedvitne *sosiale* preferansar, fordi språket er ein sosial kode. Men, som eg gjorde greie for i underkap. 2.3.1, er det også vanleg å tenkja seg at språk har ein mental eksistens.

Språket har ein mental eksistens. Mangfaldet i språket er avgrensa av menneskas genetisk betinga mentale strukturar. Når språket er slik det er, så er det fordi det finst visse grenser for kva som er lærbart. Vidare har det ein sosial eksistens. Årsaka til den variasjonen vi finn både i bruken av eit gitt språkssystem og mellom ulike språkssystem, er den rolla språket spelar som kommunikasjonsmiddel innafør eit samfunn (Faarlund 1987:25).

Denne doble eksistensforma er utfordrande for dei som ønskjer å studera språklege endringsprosessar. Dersom vi går med på at språket både er sosialt og mentalt basert, vil det vera naturleg å hevda at både internlingvistiske og eksternlingvistiske faktorar er relevante og

---

<sup>6</sup> Helge Sandøy foreslår i ein artikkel (1998) at morfologisk forenkling i Trøndelag ikkje har skjedd med utgangspunkt i det urbane sentrumet Trondheim, men derimot med utgangspunkt i mindre sentrumsområde prega av mykje dialektkontakt. Han avviser altså i dette tilfellet den urbane spreingsmodellen.

## 2 Talemål i endring

naudsynte dersom vi ønskjer å forstå dei ulike sidene av språkendringsprosessen. Diskusjonen om kva som er viktigast – det sosiale eller det internlingvistiske – har vore ein gjengangar i fagmiljøa, også i Noreg. Brit Mæhlum insisterer på at det er språket sine eigenskapar som sosialt fenomen som er styrande i språkendringsprosessane:

I det hele tatt er det mye som tyder på at den dimensjonen som berører ulike varieteters sosiosemantiske verdier, er primær i forhold til de internt lingvistiske relasjonene som måtte kunne påvises mellom de samme varietetene (Mæhlum 1992:286).

Ho får motbør frå fleire kantar, mellom anna frå Helge Sandøy. Han er ikkje usamd i at dei sosiale sidene ved språket er viktige, men poengterer at det er vanskeleg å få eit dekkjande bilete av prosessen dersom ein ikkje også legg vekt på dei lingvistiske vilkåra som ligg til grunn:

Samfunnet seier lite om korleis språket ser ut, og lite om kva i språket som forandrar seg. Det forklarar meir *korfor* eit eller anna forandrar seg. Sosiolingvisten bør difor ikkje bli heilt sosiolog. Da risikerer han å ikkje få med seg innsikter som gjeld språket som sjølvstendig fenomen, og den menneskelege språkevna (Sandøy 2000:373).

Eit godt døme på allmennlingvistiske innsikter som kan klargjera sider ved språkendringsprosessen er prinsippet om *naturlegheit*. Dette prinsippet er både omdiskutert og problematisk, men har ein lang historie bak seg både i synkron og diakron lingvistikk under ulike namn (Paul 1880; Jespersen 1922; Bloomfield 1933; Dressler 2003 ). Prinsippet byggjer på hypotesen om at nokre språkformer er meir anstrengande for språkkapasiteten hjå mennesket enn andre former, og at språkbrukaren dermed vil føretrekkja dei formene som er minst anstrengande, og dermed mest 'naturlege'. Fonologisk naturlegheit har å gjera med produksjon og persepsjon. Det er vanleg å tenkja seg at persepsjonsbehovet hjå språkbrukaren har ein bremsande effekt på fonologiske endringsprosessar:

Språket lever i ein evig kamp mellom ønsket sendaren har om å formidle eit innhald gjennom lite energikrevjande grynt som mottakaren skal forstå, og mottakarens perseptoriske ønskedraum om å motta eit innhald formidla gjennom lettoppfattelege signal (Selås 2003:14).

Men naturlegheitsprinsippet blir også knytt opp mot det morfologiske nivået. Det er morfologisk 'naturleg' at bøyingsparadigme blir så regelrette som mogeleg. Dette kjem sjølvstakt i konflikt med fonologiske 'naturlege' prosessar som til dømes assimilasjon, og det er vanleg å forklara språkendring med vekselverknaden mellom desse to lingvistiske nivåa:

Phonological change may [...] lead to some change, which causes morphological difficulties and provokes a response in the shape of a change restoring morphological naturalness; but this in turn may create unnatural phonology, and lead to further change (McMahon 1994:102).

## 2 Talemål i endring

Også denne tanken er gammal – junggrammatikarane såg for seg ein liknande vekselverknad mellom det dei kalla 'unntakslause lydlover' og 'analogi' (Bynon 1977:44). For ein kritisk gjennomgang av denne tradisjonen, sjå (Mæhlum 1999:59-67). Omgrepet *naturlegheit* heng elles tett saman med omgrepet *markertheit*, som eg kjem tilbake til i underkap. 2.3.3.1.

Men også innsikter om språket sin sosiale funksjon må til for å få eit klarare bilete av språkendringsprosessen. Særleg for å forstå spreingsfasen (sjå underkap. 2.3.2) er det viktig å forstå dei sosiale mekanismene som får språkbrukarar til å endra språkleg åtferd. Mange har prøvd å formulera dei grunnleggjande prinsippa i denne prosessen – eg skal her kort presentera fire av dei.

I studiet av dialektkontakt (jf. underkap. 2.4) har *akkommodasjonsteorien* vore sentral. Denne er utvikla av sosialpsykologen Howard Giles, og byggjer på prinsippet om at individet umedvite eller medvite endrar språket sitt etter kven det snakkar med ut frå komplekse prinsipp om konvergens og divergens, knytt til sosial status (Giles og Powesland 1997)<sup>7</sup>. Akkommodasjonsteorien blei eigentleg utvikla som ein reiskap til å forstå språkleg tilpassing i enkeltsituasjonar, men Peter Trudgill utvikla teorien vidare til gjelda også resultatet av akkommodasjon på lang sikt – altså språkendinga akkommodasjonen kunne føra til (sjå underkap. 2.4).

Lingvisten Robert Le Page og psykologen Andrée Tabouret-Keller lanserer ein teori der dei kallar lingvistisk åtferd for identitetshandlingar (*acts of identity*). I følgje denne teorien kan språkleg åtferd gje kunnskap om språkbrukaren sine haldningar, verdiar og leiting etter sosiale roller. Kvar enkelt språkhandling er ein ny og unik situasjon som set krav til deltakarane, og resulterer i ulike språklege strategiar alt etter kontekst, sosial bakgrunn, språkleg bakgrunn, osv. (Le Page og Tabouret-Keller 1985:182). Denne teorien set altså individet sine språklege intensjonar og strategiar i fokus, endå meir direkte enn det akkommodasjonsteorien gjer. Språkbrukarane blir oppfatta som tolkande vesen som ved hjelp av språket inngår – eller let vera å inngå – sosiale alliansar, og som medvite eller umedvite signaliserer kva for grupper dei ønskjer å ha del i ved å ta i bruk dei språklege trekka som dei oppfattar som typiske for denne gruppa (jf. underkap. 3.2.2).

Både akkommodasjonsteorien og identitetshandlingsteorien fokuserer mest på kva som skjer i det enkelte møtet mellom to språkbrukarar. I sin teori om *the invisible hand* som

---

<sup>7</sup> Denne framstillinga er ei kortare gjengjeving av artikkelen 'A Social Psychological Model of Speech Diversity', henta frå Giles, H. og Powesland, P.F. (1975) *Speech Style and Social Evaluation*, New York: Harcourt Brace, s. 154-170.

## 2 Talemål i endring

drivande kraft i språkendringsprosessen (1994), er Rudi Keller oppteken av å forklara korleis individuell åtferd kan føra til kollektive språkendingar. Han er inspirert av Adam Smith sine økonomiske teoriar, og foreslår at språkending kan forståast som den *uintenderte* konsekvensen av mange *intenderte* individuelle handlingar (Keller 1994:65). Intensjonen er knytt til sosial interaksjon – “*talk in such a way that you are socially successful, at the lowest possible cost*” (ibid: 107). Dette overordna maksimet kan brytast ned i submaksime av to typar – maksime som fremmar språkleg endring og heterogenitet og maksime som fremmar stabilitet og homogenitet. Keller hevdar altså at dersom mange nok tek i bruk ei ny språkform for å lukkast sosialt, vil vi få ei språkending. Intensjonen ligg dermed i spreingsfasen, ikkje i innovasjonsfasen.

Ein fjerde innfallsvinkel til samanhengen mellom sosiale mekanismar og språkleg åtferd er studiet av sosiale *nettverk*. Det er gjort fleire sosiolingvistiske studiar av samanhengen mellom nettverksstruktur og språkleg åtferd. Den mest kjende er kanskje Lesley Milroy sin studie i Belfast, der ho viser at språkbrukarar som høyrer til i tette og multiplekse nettverk, altså nettverk der medlemene kjenner kvarandre, og der medlemene har meir enn ein sosial funksjon, bruker fleire lokale former enn språkbrukarar i lausare og mindre multiplekse nettverk, og tek det som eit teikn på at tette og multiplekse lokalt baserte nettverk fungerer som ein ”norm-enforcement mechanism” (Milroy 1980:54). Slik kan vi også forklara kvifor sterkt stigmatiserte dialektar ikkje forsvinn – solidaritetsfaktoren, det å høyra til i ei gruppe og få lokal aksept, er til tider viktigare enn sosial aksept frå andre i storsamfunnet.

Fleire andre sosiolingvistiske forskarar har arbeidd med nettverksomgrepet (i norsk samanheng er eit viktig bidrag (Akselberg 1995). Fleire av desse har vektlagt andre dimensjonar ved nettverksomgrepet enn tettleik og multipleksitet. Nokon har også valt å bruka nettverkskonseptet som ein modell i ei kvalitativ tilnærming. Brit Mæhlum vel ein slik innfallsvinkel i sitt doktorgradsprosjekt på Svalbard. Ho vil ikkje rekna nettverk som ein sosial realitet som kan målast og vegast, men meiner likevel at nettverkskonseptet seier noko sentralt om korleis norminstansane rundt oss påverkar språket vårt (Mæhlum 1992:129).

Desse fire teoriane har sine utgangspunkt i ulike fagtradisjonar. Når det kjem til stykket, har dei sentrale element til felles. For det første fokuserer dei alle på korleis den språklege åtferda til individet blir påverka av åtferda til andre språkbrukarar, og korleis individuell språkleg åtferd kan føra til endringar også kollektivt. For det andre byggjer dei alle på ein premiss om at språk kan brukast til å uttrykkja ikkje berre eit semantisk innhald, men også ei *sosial meining*. Ulike språktrekk blir assosierte med ulike sosiale grupper, og gjennom å velja eit språktrekk framfor eit anna signaliserer språkbrukaren kven han identifiserer seg



med. Det blir dermed viktig for språkforskaren å prøva å forstå kva for *sosial meining* som ligg i det språklege uttrykket hjå språkbrukaren (jf. definisjonen av hermeneutikken sitt siktemål, underkap. 2.3.1). Ein endå meir grunnleggjande premiss i dei fire teoriene er samanhengen mellom språk og *identitet*. Denne premissen kjem kanskje klarast til uttrykk hjå Le Page og Tabouret-Keller, som altså bruker omgrepet *identitetshandling* om språkbrukarane si lingvistiske åtferd, men det legg også grunnen for dei tre andre teoriene. *Identitet* er eit komplekst og dynamisk omgrep, som blir brukt med ulik meining innafor ulike fagtradisjonar. Innafor ein essensialistisk tradisjon blir identitet sett på som noko opphavleg og autentisk, og som ikkje kan endrast, medan ein konstruktivistisk tradisjon ser på identitet som noko ein byggjer gjennom livsløpet. Sentralt står tanken om at identiteten blir utvikla i møte med *den andre*; korleis andre oppfattar oss, er viktig for korleis vi ser oss sjølve. Identitet handlar også om gruppetilhøyrse. Gjennom å markera fellesskap med ei gruppe markerer ein samstundes avstand til *dei andre*, dei som ikkje er *oss*. Gjennom å bruka språkformer som er assosierte med ei viss sosial gruppe, kan språkbrukaren dermed signalisera kvar ein høyrer til.

Dei språkinterne og språkeksterne modellane har ein ting til felles: Ein grunnleggjande tanke om at 'avstikkande' språkformer, definerte anten ut frå språklege eller sosiale kriterium, lettare vil forsvinna enn dei språkformene som ikkje stikk seg ut. Eit sentralt omgrep i denne samanhengen er *markertheit*. Dette er eit omgrep som vil bli brukt seinare i avhandlinga, og eg vil difor gå litt nærare inn på kva som eigentleg ligg i dette omgrepet.

### 2.3.3.1 Markertheit

Omgrepet *markedness* eller *markertheit* er brukt både i strukturlingvistisk og i sosiolingvistisk tradisjon, men med nokså ulik tyding. I begge tradisjonane handlar det altså om korleis nokre språklege trekk av ulike årsaker er meir framtrødande enn andre. Dei to tradisjonane har likevel heilt ulikt fokus når det kjem til kva for trekk som må reknast for markerte. Innafor allmennlingvistikken trekkjer ein berre inn *internlingvistiske* faktorar i vurderinga av kva som er markert og ikkje, innafor sosiolingvistikken fokuserer ein på dei *eksternlingvistiske*, eller sosiale, faktorane.

#### 2.3.3.1.1 Markertheit som strukturlingvistisk omgrep

Omgrepet blei opphavleg utvikla av praha-strukturalistane. Det blei først teke i bruk i analysen av fonologiske system, sidan overført til analysen av morfosyntaktiske kategoriar og semantikk (Croft 1990:64). I språktypologisk litteratur opererer ein hovudsakleg med tre kriterium for markertheit: *strukturell kompleksitet* (fonar med mange distinktive trekk er meir

## 2 Talemål i endring

markerte enn dei som har få, fleirtalsform er meir markert enn eintalsform, stavingsrim med kjerne og koda er meir markert enn stavingsrim med berre kjerne), *distribusjon* (umarkerte former opptrer i flest kontekstar, og har òg vidast geografisk distribusjon<sup>8</sup>), og *frekvens* (umarkerte trekk vil finnast oftare enn markerte (Croft 1990:91-92).

Også innafor det generative paradigmet er markertheit eit viktig omgrep. Den generative fonologen Kenstowicz koplar markertheit med universell grammatikk:

Generative phonologists encode the marked-unmarked-distinction by supposing that for each feature exhibiting such a distinction, there is a UG rule assigning the unmarked value (Kenstowicz 1994:62).

Tanken om at nokre former er meir *markerte* enn andre heng nøye saman med at nokre former er meir *naturlege* enn andre. I lingvistisk teori har tanken om at nokre endringar er meir naturlege enn andre, det vi kan kalla *prinsippet om naturlegheit*, ein lang historie bak seg både i synkron og diakron lingvistikk, som diskutert ovanfor. På tidleg 70-tal blei teorien om Natural Phonology utvikla (Stampe 1972), som eit forsøk på å definera og formalisera fonologisk naturlegheit. Stampe baserte si førestilling om naturlegheit på markertheitsomgrepet, og han hevda at markerte trekk er meir anstrengande for språkkapasiteten til mennesket enn dei umarkerte. Det blei med forsøket frå Stampe si side, men idéane hans blei utvikla vidare i retninga Natural Morphology (Dressler 1985). Også i NM er naturlegheit definert gjennom markertheitstermen, språkbrukarar vel heller umarkerte former. Kriteria for kva som vert rekna for markerte former er ikkje dei same som ovanfor; her dreier det seg om den mest naturlege måten å symbolisera semantiske kategoriar på gjennom morfologi. Gjennom ein diakron innfallsvinkel kastar dermed NM lys over synkrone morfologiske aspekt (McMahon 1994:97). Også *optimalitetsteorien*, ein sentral lingvistisk teori med opphav i generativ grammatikk, er inspirert av naturlegheitsprinsippa hjå Stampe (McCarthy 2002:50f).

### 2.3.3.1.2 Markertheit som eksternlingvistisk omgrep

Omgrepet markertheit er også teke i bruk i sosiolingvistiske samanhengar, men her med ei nokså annleis tyding. Her dreier det seg om korleis språktrekk kan vera *sosialt markerte*. Omgrepet blir brukt i studiet av dialektkontakt – det handlar om kva som styrer vala språkbrukarar gjer i situasjonar der dei må velja mellom ulike språklege trekk. Hypotesen er at *trekk som av ein eller annan grunn peikar seg ut, blir valde vekk til fordel for trekk som*

---

<sup>8</sup> Her merkar vi oss at ein trekkjer inn eit eksternlingvistisk kriterium.



## 2 Talemål i endring

vert oppfatta som meir nøytrale. Brit Mæhlum kallar sosial markertheit ”en overordnet dimensjon som reint allment kan motivere seleksjonen av språkdrag innanfor dette samfunnet” (Mæhlum 1992:280).

Problemet i denne samanhengen er sjølvstøtt å avgjera kva som er sosialt markerte trekk og kva som ikkje er det, utan at ein går heilt i sirkel. (Markerte trekk er dei som forsvinn, dei forsvinn fordi dei er markerte). I si drøfting av nivellering i Høyanger foreslår Peter Trudgill at ”forms that are unusual or in a minority in Norwegian as a whole” kan oppfattast som markerte (Trudgill 1986:98). *Geografisk utbreiing* blir altså rekna som eit kriterium for markertheit – former som er vanlege på landsbasis, er mindre markerte enn dei som har meir lokal utbreiing. Eit anna kriterium, mellom anna nemnt av Brit Mæhlum, er *normene i storsamfunnet* – i ein koinéiseringsprosess (jf. underkap. 2.4) viser det seg ofte at lokale språkformer ofte blir erstatta av normaliserte variantar, som dermed kan oppfattast som det umarkerte alternativet (Mæhlum 1992:281).

Kva som skal reknast som ’normaliserte’ eller ’standardiserte’ former, er ein vanskeleg diskusjon i det norske språksamfunnet. Det finst ingen offisiell norsk talemålsstandard, og heller ikkje ein uoffisiell standard som er allment akseptert. Kva som skal gjelda som eit eventuelt standardtalemål, er altså uklart, men felles for dei fleste diskusjonar om dette er at ein tek utgangspunkt i dei to norske skriftmåla (Røyneland 2005:53; Mæhlum 1992:166) (sjå elles temanummer *Språkleg samling* 1984/2). Termene *nynorsk* og *bokmål* refererer til dei to alternative målformene i det norske skriftspråket, men det finst òg språkbrukarar som har valt eit talemål som ligg tett opp til nynorsk eller bokmål i morfologi, syntaks og leksikon. *Talt nynorsk* og *talt bokmål* må reknast som standardtalemål, i tydinga overregionale varietetar med støtte i ein offisiell kode. Typisk for desse to standardtalemåla er at fonologi og prosodi ikkje er ein del av standarden, men er farga av den regionale bakgrunnen til den enkelte talaren. Svært ofte blir også termen *norsk standardtalemål* brukt om ein talemålsvarietet som har austnorsk prosodi og fonologi, men morfologi, syntaks og leksikon som held seg nokolunde innafor norma i moderat skriftleg bokmål, ein varietet som også ofte blir referert til som *standardaustnorsk talemål*. Denne varieteten får altså ofte status som ein norsk standard, samstundes som han har regionale trekk knytt til Aust-Noreg. ’Standardaustnorsk talemål’ og ’talt bokmål med anna regional farging av prosodi og fonologi’ kan altså begge seiast å vera basert på morfologi, syntaks og leksikon i moderat bokmål skriftspråk. I det følgjande vil eg referera til begge desse varietetane som ’talt bokmål’. Slik definert har ’talt bokmål’ truleg større utbreiing enn ’talt nynorsk’, og er

## 2 Talemål i endring

kanskje dermed også viktigare som normeringsinstans i det norske språksamfunnet. Eg vil seinare referera til talt bokmål i denne tydinga som norsk standardtalemål.

Mæhlum presiserer elles at kva som blir oppfatta som markert, vil variera frå språksamfunn til språksamfunn, og frå individ til individ, ein må mellom anna trekkja inn den lingvistiske avstanden mellom varietetane som er i kontakt (ibid: 285).

Like sannsynlig er det at individualiteten er en sentral betingelse når det gjelder opplevelsen av hvor markert et bestemt språkdrag er, og ikke minst hvor markert det blir opplevd å være i forhold til andre drag (Mæhlum 1992:288)

Mæhlum nemner døme på markerte og umarkerte drag i fonologi, morfologi og prosodi i tillegg til leksikon, men poengterer at slike opplistingar må gjerast ut frå ei tolking av normene i det enkelte språksamfunnet.

Slik eg forstår det, er det forskarbestemte kriterium som bestemmer kva som kan reknast som *sosialt markerte former*, i motsetnad til definisjonen av *saliente former* (jf. underkap. 2.4.1). I analysen i underkap. 6.4.1 vil eg bruka *geografisk utbreiing og avstand til norsk talemålsstandard* som to kriterium for sosial markertheit

### 2.4 Dialektkontakt

Når talemålstrekk spreier seg over eit geografisk område, er det svært truleg at spreinga av det nye språktrekket er eit resultat av sosial kontakt mellom språkbrukarar (jf. underkap. 2.3.2). Det å studera kva som skjer når ulike dialektar kjem i kontakt med kvarandre, har dermed svært stor relevans når ein ønskjer å få meir innsikt i språkendringsprosessar generelt (Kerswill og Williams 2002:82). Innafor dialektkontaktstudiet har Peter Trudgill vore ein sentral aktør. I *Dialects in Contact* (1986), som er blitt ein klassikar innafor denne greina av sosiolingvistikken, set han seg føre å utforska kva som skjer når språkbrukarar med ulik dialektbakgrunn møtest og interagerer språkleg. Trudgill beskriv her korleis språkbrukarar med ulike, men gjensidig forståelege, talemål påverkar kvarandre gjennom *akkommodasjon* (jf. underkap. 2.3.3.).

Trudgill er særleg oppteken av kva som skjer når folk med ulik talemålsbakgrunn flytter til ein ny stad der det finst lite dialektgrunnlag frå før, ein situasjon som er kjend til dømes frå grunnlegginga av nye industristader. Etter kvart vil språkbrukarane på ein slik stad forma ein ny dialekt, gjennom ein prosess som Trudgill kallar *koinéization* (heretter *koinéisering*) (Trudgill 1986:106). Dette er ein prosess som pågår gjennom generasjonar. I byrjinga av ein koinéiseringsprosess er dei språklege tilhøva svært diffuse, med "extreme variability" (Trudgill et al. 2000:304) men på grunn av akkommodasjon (jf. underkap. 2.3.3)

vil det etter nokre generasjonar ha etablert seg eit nytt, definert og fokusert språkssystem. Paul Kerswill, som òg har arbeidd mykje med koinéisering, presiserer at tidsperspektivet er ein viktig del av definisjonen – han definerer koinéisering som ”a process with distinct but overlapping stages and an overlapping but finite time span” (Kerswill 2002b:679), ein prosess som endar med at ein ny dialekt oppstår. Eit klassisk døme på koinéisering er talemålsutviklinga i Høyanger, der industrialiseringa førte til ein befolkningseksplasjon i den vesle grenda, og der det gjennom det siste århundret har utvikla seg ein etablert dialekt som skil seg kraftig frå talemåla i grannebygdene (Omdal 1977; Solheim 2002).<sup>9</sup>

Måten den nye dialekten utviklar seg på, følgjer alltid same mønster, styrt av dei to prinsippa *simplification* (heretter *forenkling*) og *levelling* (heretter *nivellering*) (Trudgill 1986:106).<sup>10</sup> Det handlar altså igjen om spenninga mellom språkinterne og språkeksterne faktorar (jf. underkap. 2.3.3). Omgrepet *forenkling* refererer til korleis språkssystem kan seiast å bli ’enklare’ i dialektkontaktsituasjonar – dette handlar altså om ein språkintern prosess. Trudgill peikar på ulike typar endringar som kan oppfattast som forenkling, mellom dei auka morfofonemisk regularitet (grammatisk forenkling) og mindre samsvarsbøying (1986:103) (jf. underkap. 2.3.3).

Omgrepet *nivellering* blir av Trudgill definert som ”implying the reduction or attrition of *marked* variants” (1986:98). Trudgill meiner altså at i ein dialektkontaktsituasjon fører mange tilfelle av individuell akkommodasjon til at dei markerte (i tydinga *sosialt* markerte, jf. underkap. 2.3.3.1.2) formene forsvinn og blir erstatta av sosialt umarkerte former. Det handlar altså om ein reduksjon av inter-systemisk variasjon. Det er ikkje tilfeldig kva som forsvinn og kva som står att. Det handlar om prestisje, status og identitet, og lokale, regionale og nasjonale språkformer kjempar om plassen. Det vanlege mønsteret i nivelleringsprosessen er at lokale språkformer må vika plass for språkformer som er meir utbreidde i regionen eller i nasjonen, men ikkje alle språkformer er like utsette.

---

<sup>9</sup> Dialektutviklinga på nye industristader er sjølvsagt avhengig av mange faktorar, mellom anna dialektbakgrunnen til innflyttarane. I Årdal i indre Sogn har det lokale talemålet held seg godt ved overgangen frå jordbruksbygd til industristad (Bjørkum 1974).

<sup>10</sup> I boka *New-Dialect Formation: the inevitability of colonial English*, bruker Trudgill ein noko annleis terminologi. Han beskriv her utviklinga frå eit diffust til eit fokusert språksamfunn gjennom seks fasar. I staden for *simplification* og *levelling* snakkar han her om *unmarking* og *levelling* (Trudgill 2004:84f). I begge tilfelle handlar det om språkinterne versus språkeksterne faktorar i språkendringsprosessen, om reduksjon av markerte former – definert sosialt eller lingvistisk.

## 2 Talemål i endring

Klassiske koinédanningar er dialektkontakt i ekstrem form der språkbrukarane blir tvunga til å gjera tydelege språklege val, medvite eller umedvite. Studiar av dialektutviklinga i slike språksamfunn kan gje oss eit tydeleg bilete av kva som går føre seg på mindre markerte måtar også i andre språksamfunn prega av dialektkontakt (Trudgill 1986:83). I denne samanhengen er det blitt diskutert om ein bør skilja mellom *sjølv prosessen* knytt til forenkling og nivellering og *utfallet* av denne prosessen. Denne diskusjonen er særleg knytt til termen 'nivellering'. Paul Kerswill er oppteken av å skilja mellom termen 'nivellering', som han vil reservera for det direkte resultatet av mange tilfelle av korttidsakkommodasjon i ein klassisk koinédanningsprosess, og termen 'regional dialektnivellering', som refererer til *utfallet* av nivelleringsprosessar i eit større geografisk område, og som er eit resultat av ulike typar språkendringsprosessar, inkludert *geografisk spreining* (jf. underkap. 2.3.2) i tillegg til 'nivellering'.


Regional dialect levelling is an outcome of various partly geographically-based language change processes. One of these is geographical diffusion. Another is, of course, levelling, in the sense of 'mutual convergence' (Kerswill 2002a:188).

Resultatet av regional dialektnivellering, slik omgrepet er definert av Paul Kerswill, er ein reduksjon i talet på aktuelle variantar av ein gjeven språkleg variabel innafor eit definert dialektområde. Dette fører sjølvsagt til reduserte skilnader mellom dei lokale dialektane i dialektområdet, og dermed ei gradvis homogenisering av talemålet i området (Kerswill 2002b:671).

Eg meiner at skiljet mellom geografisk spreining og nivellering som to av kreftene i språkendringsprosessen som fører til regional dialektnivellering, er noko problematisk. Det dreier seg på eit individuelt nivå i begge tilfelle om språkleg konvergens eller divergens i møte mellom språkbrukarar. Skilnaden ligg i konteksten. Ved geografisk spreining er det språkbrukarar frå eit dominerande sentrum som påverkar språkbrukarar frå området rundt. Ved nivellering, slik Kerswill definerer omgrepet, er det språkbrukarar med ulik dialektbakgrunn som møtest som påverkar kvarandre, utan at det er sagt noko om den geografiske retninga i prosessen. Kva for språkformer som blir tekne opp og spreidde vidare i desse to situasjonane, har i begge tilfelle å gjera med tilhøve knytt til definisjonsmakt (sjå nedanfor). Og sjølv om eg meiner at det er nyttig å skilja mellom *sjølv prosessen* og *resultatet av prosessen*, er dette eit skilje som det i praksis ikkje er så lett å gjennomføra konsekvent, fordi det nettopp er gjennom å studera *utfallet* av prosessen at ein får eit innblikk i korleis prosessen går føre seg. Skiljet er likevel viktig når ein skal tolka dei funna ein har gjort i ei undersøking.

## 2 Talemål i endring

Nivellering handlar altså i følge Trudgill om bortfall av *sosialt umarkerte* former, og resultatet av ein nivelleringsprosess er mindre talemålsvariasjon innafor eit definert dialektområde (regional dialektnivellering). I underkap. 2.3.3.1.2 brukte eg kriteria *geografisk dominans* og *nærleik til standard* for å avgjera kva som kan reknast som sosialt markerte former. Det er nokså vanleg å knyta desse to dimensjonane til nivelleringsomgrepet. Auer og Hinskens (1996) foreslår ein pyramidemodell for å beskriva språkendringsprosessane i dagens Europa. Langs botnlinja i pyramiden plasserer dei geografisk definerte dialektar, medan ein nasjonal standardvarietet er plassert på toppen av pyramiden.



I denne modellen kan nivellering skje langs to aksar – anten gjennom ei tilnærming mellom dei ulike geografisk baserte dialektane (*regionalisering*) eller gjennom ei tilnærming mellom ein av dei geografisk baserte dialektane og eit standardtalemål (*standardisering*). I begge tilfelle er det snakk om ein gradvis reduksjon av strukturell variasjon mellom ulike varietetar, men den sosiale meininga i dei to tilnærmingssprosessane er ikkje den same. Auer og Hinskens understrekar likevel at dei to dimensjonane ikkje kan sjåast lausrive frå kvarandre, i mange tilfelle vil tilnærming mellom lokale dialektar (regionalisering) også innebera ei standardisering, når ”the dialect converged to is perceived as being closer to the standard by the speakers of the speakers [sic] of the converging variety” (op.cit.:14).

Modellen kan vera noko problematisk å overføre til norske tilhøve, fordi det norske språksamfunnet har eit noko uavklart forhold til termen standardtalemål (jf. underkap. 2.3.3.1.2). Likevel, sjølv om det kan vera usemje om kva termen standardtalemål refererer til, trur eg dei fleste vil vera samde om at det eksisterer ein slik dimensjon også i norske

språkendringsprosessar, og at ein litt uklar norsk standard eksisterer som ein mental realitet for norske språkbrukarar.<sup>11</sup> Eg trur difor at denne modellen kan vera fruktbar, også i Noreg.

Det som gjer modellen spesielt nyttig, er måten han kan brukast til å illustrera *makttilhøva* i det nasjonale språksamfunnet. Det er ikkje tilfeldig kva for språkformer som forsvinn og kva som blir ståande i ein språkendringsprosess (jf. underkap. 2.3.2).

Språkformene som forsvinn er dei sosialt markerte, som gjerne har fått ei negativt lada sosial meining som 'bondske', 'gammaldagse', 'snobbete', osv. Forhandlingane om sosial meining skjer i lokalsamfunnet (jf. underkap. 3.3.3.2), men dei skjer innafor dei sosiale rammene som storssamfunnet set. Omgrepet *makt* er mangetydig, men i denne samanhengen handlar det om makt til å påverka og strukturera andre si oppleving av 'noko' (Blakar 1989:29), (jf. også diskusjonen om *habitus*, *felt* og *kapital* i underkap.3.3.2). Dei som har mest definisjonsmakt, har størst sjanse til å få sine førestillingar om den sosiale meininga i ulike språkformer igjennom. Kampen om definisjonsmakta går føre seg på begge aksane i pyramiden, men er kanskje tydelegast på den vertikale dialekt/standard-aksen.

### 2.4.1 Saliens

Det er opplagt at diskusjonen om spenninga mellom interne og eksterne faktorar i språkendringsprosessen er svært sentral for dialektkontaktforskinga. Eit sentralt omgrep i denne samanhengen er *saliens*. Dette omgrepet er brukt innafor ulike språkvitskaplege greiner, men særleg interessant i denne samanhengen er måten det er utvikla og brukt innafor dialektkontaktstudiet. I dialektkontaktstudiet har dette omgrepet vore i bruk sidan 1920-talet (Auer, Barden og Grosskopf 1998:164).

Paul Kerswill definerer *saliens* som "a property of a linguistic item that makes it in some way perceptually and cognitively prominent" (Kerswill og Williams 2002:81). Tanken er at språktrekk som på ein eller annan måte *blir oppfatta som framtrедande* av språkbrukarane, oppfører seg på ein særskild måte i dialektkontaktsituasjonar, og omgrepet er ofte blitt brukt for å forklara kvifor nokre språkformer ser ut til å spreia seg medan andre ikkje

---

<sup>11</sup> Gunnstein Akselberg (Akselberg 2003b) foreslår ein modell tilpassa for norske språktilhøve der standardtalemålet ikkje er plassert på toppen av ein pyramide, men der *rural* talemålsregionalisering, *urban* talemålsregionalisering, og *standard* talemålsregionalisering er tre dimensjonar som påverkar kvarandre gjensidig. Eg meiner at det kan vera nyttig å halda på den horisontale og den vertikale dimensjonen i pyramidemodellen, fordi eg synest det er viktig å kunna markera at nokre varietetar har ein høgare sosial status enn andre (jf. den vidare diskusjonen om definisjonsmakt). Eg vil difor halda meg til Auer og Hinskens sin modell i den vidare framstillinga.

## 2 Talemål i endring

gjer det. Det som er spesielt interessant med saliensomgrepet, er at ein her koplar språkinterne og språkeksterne faktorar saman. For at eit språktrekk skal kunna definerast som salient, må det oppfylle både språkinterne og språkeksterne kriterium.

Å utvikla eit saliensomgrep som er fruktbart og nyttig, og som ikkje baserer seg på sirkelargumentasjon, er ei utfordring. Peter Trudgill sin definisjon av omgrepet i klassikaren *Dialects in Contact* (1986) er seinare blitt kritisert på fleire område, særleg for å vera basert på sirkeltenking (Kerswill og Williams 2002:89-90). Kerswill og Williams foreslår ei ny operasjonalisering av omgrepet, basert på tre komponentar: For det første må ein ha ein mistanke om at det lingvistiske fenomenet ein ønskjer å studera har ein samanheng med saliens hjå dei involverte språktrekka. For det andre må språkinterne faktorar av typen fonologisk kontrast, internt definert naturlegheit e.l. vera involverte. For det tredje må også eksternlingvistiske faktorar vera involverte. Desse kan ha med kognitive, pragmatiske, interaksjonelle, sosialsykologiske eller sosiodemografiske tilhøve å gjera (Kerswill og Williams 2002:105). Kerswill og Williams understrekar at det er dei språkeksterne faktorane som er det dei kallar "the cause of salience" (ibid), men at språkinterne og språkeksterne faktorar som regel er kopla på komplekse måtar, og at det dermed er avgjerande å sjå desse faktorane i samanheng.

Omgrepa *markertheit* og *naturlegheit* som blei diskuterte i underkap. 2.3.3.1, går inn i delkomponentar av saliensomgrepet. Lingvistisk *markertheit* er ein del av den språkinterne komponenten, medan sosial *markertheit* kjem inn under den språkeksterne komponenten. Fordelen med denne måten å sjå det på, er at samspelet mellom dei språkinterne og dei språkeksterne faktorane blir så grundig understreka. Kerswill og Williams meiner dei har kome fram til eit omgrep som er metodisk operasjonaliserbart. Eg trur modellen dei har kome fram til er teoretisk fruktbar, men såpass kompleks at det kan bli utfordrande å få til ei god operasjonalisering. Det er framleis mange problematiske sider ved samspelet mellom språkinterne og språkeksterne faktorar i språkendringsprosessar, men eg trur likevel saliensomgrepet med sitt fokus på samspel og kompleksitet kan verka klargjerande.

Omgrepet saliens er tett knytt til språkbrukarane sin persepsjon – kva dei *oppfattar* som framtrekande språktrekk. Omgrepet heng tett saman med omgrepet *markertheit*, lingvistisk og sosial *markertheit* er ein del av saliens-definisjonen som Kerswill og Williams lanserer. Som eg også gjorde greie for i underkap. 2.3.3.1.2, vil eg likevel skilja mellom dei. Eg bruker omgrepet *markertheit* basert på forskarbestemte kriterium, medan omgrepet *saliens* blir brukt når eg diskuterer kva for språktrekk informantane legg merke til og knyter dette opp mot ein diskusjon om sosial mening, språknormer og språklege strategiar.



## 2.5 Studiet av språkendring i avhandlinga

Drøftinga ovanfor har vist at omgrepet *språkendring* er komplekst og mangetydig, med mange problematiske sider. Eg ønskjer difor å klargjera korleis eg har tenkt å bruka omgrepet i det praktiske analysearbeidet.

I omgrepsavklaringa i underkap. 2.2 presenterte eg språkendringsomgrepet i eit sosiolingvistisk perspektiv. Eg la særleg vekt på skiljet mellom språkendingar på individnivå (livsfaseendring) og språkendingar i kollektivet (generasjonsendring), fordi dette skiljet er metodisk viktig dersom ein ønskjer å undersøkje pågåande språkendringsprosessar. I avhandlinga studerer eg både generasjonsendring og livsfaseendring.

I underkap. 6.3 prøver eg å få ei oversikt over korleis språksystemet i språksamfunnet Os har endra seg det siste hundreåret. Her er det altså *generasjonendring* eg er oppteken av. Ein viktig grunn til at eg trekkjer inn dette perspektivet, er ønsket om å sjå livsfaseendingane i ein samanheng. Språkendingar skjer aldri i eit vakuum, og eg har lagt vekt på å visa dei sosiale og lingvistiske rammene som informantane mine handlar innafor (jf. underkap.3.5). For å få eit bilete av talemålsendinga i språksamfunnet nyttar eg Arne Aarseth (1974) si hovudfagsavhandling som grunnlagsmateriale. I denne avhandlinga samanliknar han språksystemet i det han kallar *eldre og yngre osmål*. Studien er gjennomført synkront, og liknar altså på ein studie i tilsynelatande tid.<sup>12</sup> Dette materialet samanliknar eg så med funna eg gjorde hjå informantane mine i 2001. Samanlikninga mellom materialet frå 1974 og 2001 blir altså ein studie i verkeleg tid. Det problematiske med denne metoden blir diskutert i underkap. 4.3.3.4.

I kap. 8 og 9 samanliknar eg det språklege uttrykket hjå informantane i 1997, 2001 og 2003. I 1997 er dei 15 år gamle og går på ungdomsskulen, i 2003 er dei blitt 20 år. Her studerer eg altså *livsfaseendring* hjå informantane. Å studera talemålsendingar hjå språkbrukarar i denne aldersgruppa er interessant av fleire grunnar. For det første har ein generelt lite kunnskap om kor stabilt talemålet er i denne aldersgruppa. Dette perspektivet er utgangspunktet for analysen i kap. 8. Livsfaseendinga hjå informantane blir her studert gjennom å samanlikna variabelfordeling på informant- og gruppenivå på seks utvalde variablar i 1997, 2001 og 2003. Eg ser først på endringsmønstra i heile informantgruppa før

---

<sup>12</sup> Aarseth står i ein dialektologisk tradisjon med innsamling og analyse etter strukturalistiske prinsipp. Hans opplysningar er altså ikkje råd å samanlikna direkte med materialet eg har samla inn. Dette problemet diskuterer eg i underkap. 4.3.3.4.



## 2 Talemål i endring

eg plukkar ut fire informantar som blir analysert meir grundig gjennom ein næranalyse av teksutdrag frå intervju i 1997 og 2001.

For det andre er det interessant å sjå om det kan seiast å vera noka form for samanheng mellom sosial utvikling og språkleg utvikling i informantgruppa. I løpet av undersøkingsperioden har informantane avslutta ungdomsskulen, mange har gått på vidaregåande, nokre har vore i militæret eller i utlandet, og på slutten av perioden har mange begynt på ei høgare utdanning. Atter andre har fått jobb. Nokre av informantane har også stifta familie og fått born. Dei er altså i ein livsfase der dei tek farvel med barndomen og orienterer seg mot eit vaksenliv, ein livsfase vi har sett Labov omtaler som lite undersøkt (underkap. 2.2.2). Dette perspektivet er utgangspunktet for analysen i kap.9. I underkap. 10.1 prøver eg å sjå observasjonane av *generasjonsendring* og *livsfaseendring* gjennom avhandlinga i samanheng.

I underkap. 2.3 gjorde eg greie for mi forståinga av kreftene som verkar i språkendringsprosessen. Denne forståinga er grunnlag for analysen i underkap. 6.4.1, der eg ser variabelistribusjonen i materialet mitt i eit språkendringsperspektiv. Analysen her er knytt til omgrepet *markertheit*, særleg spenninga mellom lingvistisk og sosial markertheit.

I underkap. 2.4 gjorde eg greie for språkendringsperspektiva som *dialektkontaktforskinga* bidreg med. Inndelinga i nivellering og forenkling som dei to sentrale faktorane i koinéiseringsprosessen viser for at det også her handlar om språkinterne og språkeksterne faktorar i samspel. Nivelleringsperspektivet er eit viktig koplingspunkt til sentrale teoretiske perspektiv i kap. 3 (jf. særleg underkap. 3.3.3.2). Retninga i nivelleringsprosessen i språksamfunnet Os blir analysert i underkap. 6.4.2.

## 3 Talemålsendring i språksamfunnet

### 3.1 Innleiing

*Linguistic systems are exercised by speakers, in social space: there they are acquired, change, are manipulated for expressive or communicative purposes, undergo attrition, etc. Whether linguists prefer to focus on speakers, varieties or grammars, the problem of relating a linguistic system to its speakers is not trivial (Patrick 2002:573).*

Så langt har eg diskutert språkinterne og språkeksterne krefter i språkendringsprosessen utan å tydeleggjera ein av grunnpremissane denne diskusjonen kviler på – nemleg førestellinga om *språksamfunnet*. Når eg hevdar at språkeksterne krefter spelar ein sentral rolle i språkendringsprosessen, har eg trekt inn det sosiale rommet språkendingane går føre seg i som analysedimensjon. I sosiolingvistisk litteratur er det vanleg å bruka termen *språksamfunn* når ein refererer til dette sosiale rommet (jf. elles underkap. 3.4). Bruken av dette omgrepet føreset at språket ikkje berre er ein individuell biologisk og grammatisk kompetanse som kan utforskast tilfredsstillande gjennom studiet av enkeltindivid, men også ein sosial kode (Dyvik 1992).

Omgrepet har stått sentralt, både teoretisk og metodisk, i sosiolingvistisk forskning.<sup>13</sup> For ein disiplin som er oppteken av forholdet mellom språkbrukaren, språkssystemet og det sosiale rommet der språkssystemet blir brukt, er dette eit omgrep som er vanskeleg å koma bort frå. Omgrepet har likevel mange problematiske sider, og er blitt brukt på mange ulike måtar av ulike forskarar. Først og fremst har det vore ein metodisk reiskap i sosiolingvistikken, og dei teoretiske implikasjonane har ofte kome som resultat av empiriske undersøkingar. Labov, Gumperz og Hymes tok til dømes alle utgangspunkt i sine eigne studium når dei utarbeidde definisjonar av omgrepet (Patrick 2002:575). Desse definisjonane har opp gjennom åra likevel blitt brukt som utgangspunkt for djuptgåande teoretiske diskusjonar.

---

<sup>13</sup> Dette kapittelet byggjer delvis på det vitskapsteoretiske innlegget til dr.art-graden som eg heldt på Universitetet i Bergen i juni 2003, og som seinare er publisert i *Målbryting* (Hernes 2005).

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

For å kunna koma vidare i utforskinga av språkendringsprosessen finn eg det viktig å ha ei definert forståing av det sosiale rommet som språkendringsprosessen går føre seg i. I dette kapittelet vil eg prøva å etablere ein språksamfunnsmodell som har språkending som ein sentral dimensjon, og som kan fungera som strukturerande prinsipp for analysedelen av avhandlinga. For å få til dette vil eg ta utgangspunkt i Labov sin klassiske definisjon av språksamfunnet:

The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of shared norms, these norms may be observed in overt types of evaluative behavior and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage (Labov 1972:120f).

Denne definisjonen er nokså kompleks, og fangar opp sentrale sider av samspelet mellom språk og samfunn. Han er dermed eit nyttig utgangspunkt for diskusjon.

Eg skal i det følgjande konsentrere meg om tre sentrale problemområde som utkrystalliserer seg i denne definisjonen. For det første skal eg diskutere i kva grad eit språksamfunn kan *avgrensast*. Kvar begynner og kvar sluttar det enkelte språksamfunnet i ein språkleg røyndom der folk flyttar og pendlar frå stad til stad, og kva har dette med språkending å gjera? For det andre skal eg diskutere om det er råd, slik Labov gjer, å koma fram til *ein* språksamfunnsdefinisjon som fungerer for alle typar språksamfunn, eller om det er meir nyttig å dela inn i ulike typar språksamfunn med ulike språkendringsmønster. For det tredje vil eg diskutere *kven det er som styrer språkendringsprosessen* i språksamfunnet. Er det dei kollektive kreftene som styrer dei individuelle språkhandlingane, slik definisjonen til Labov indikerer, eller har kvar enkelt språkbrukar handlefridom og påverknadskraft? I denne diskusjonen blir omgrepet *språknormer* eit sentralt element.

Eg bruker nokså mykje tid og plass på å forklara kva eg legg i språksamfunns-omgrepet. Dette er ei medviten prioritering. Korleis ein definerer språksamfunnet seier noko om kva syn ein har på sambandet mellom språk, individ og samfunn. Ei slik avklaring er blitt etterlyst i sosiolingvistisk samanheng, mellom anna av Deborah Cameron. I 1990 skreiv ho ein skarp artikkel der ho kritiserte variasjonslingvistikken for å tru at korrelasjon mellom sosiale og språklege variablar er ei god nok forklaring på variasjonsmønstra. Ho etterlyste ein 'generell teori' som kunne seia noko om "the whole issue of how individuals relate to groups and their norms" (Cameron 1990:61). Ho ønskjer seg teoribygging som tar for seg

[...] the production and reproduction of linguistic norms by institutions and socializing practices, how these norms are apprehended, accepted, resisted and subverted by individual actors and what their relation is to the construction of identities" (Cameron 1990)

Eg meiner at diskusjonen Cameron etterlyser her på mange måtar har å gjera med diskusjonen om korleis ein skal oppfatta språksamfunnet. Det har å gjera med forholdet mellom det agerande individet og dei kollektive normene, og det har å gjera med koplinga mellom språk og sosiale einingar. Å utvikla ein sjølvstendig teori, slik Cameron etterlyser, ligg utanfor rammene til denne avhandlinga. Det viktigaste for meg er å koma fram til ein språksamfunnsmodell som kan verka avklarande og strukturerande på analysen av språkleg endring sett i sosial kontekst, men denne diskusjonen kan nok vera eit bidrag til debatten Cameron etterlyser. Modellen vil bli presentert i underkap. 3.5.

#### 3.1.1 Bruken av modellar i vitskapen

Kva er egentleg ein vitskapleg modell? Gudmund Hernes definerer ein modell som "[...] en begrepsmessig representasjon av alle de trekk ved et saksforhold som er essensielle for det problem som skal undersøkes" (Hernes 1979:2) Ein modell er altså ei *idealisering* eller forenkling, der føremålet er å fanga det som er essensielt for å forstå nokre aspekt ved røyndomen. For å få til ei slik forenkling må ein skrella bort alt ein oppfattar som mindre relevant i samanhengen, og ein modell vil dermed aldri kunna fanga opp alle sider ved eit gjeve saksforhold.

Ein modell har altså som føremål å vera ei hjelp til å forstå trekk ved røyndomen. Hernes formulerer det slik: "Ved en skjematisk representasjon prøver en å bringe i skarpt fokus de grunnleggende sammenhenger mellom de elementer som er virksomme" (Hernes 1979:2). Det vil altså seia at ein modell presenterer forskaren sine førestellingar om dei grunnleggjande samanhengane ved det saksforholdet han vil undersøkje. Ein modell byggjer på teoretiske føresetnader, men er i seg sjølv ikkje sann eller usann. Ein modell kan ikkje verifiserast eller falsifiserast, han er berre meir eller mindre brukeleg for føremålet (Dyvik 1980:22), men må sjølvstendig på ein eller annan måte knytast til den røyndomen som ein modellerer.

Kva er så poenget med å formulera vitskaplege modellar? Det kan vera mange gode grunnar til dette – eg skal fokusera på to. For det første verkar modellar strukturerande. Dei kan gje prinsipp å organisera datainnsamlinga etter, og dei kan også brukast som struktureringsprinsipp i ein analyse (Hernes 1979:2f). Gjennom å strukturera datainnsamling og analyse strukturerer ein også tankane. Slik kan modellar fungera som eit viktig mentalt struktureringsprinsipp for forskaren. Som Brit Mæhlum formulerer det:

En vitenskapelig modell kan [...] tjene en viktig funksjon som en form for organiserende og anskueliggjørende ramme for et komplekst datatilfang, og på den måten være et bevisst strategisk valg fra forskerens side i en slik mental struktureringsprosess” (Mæhlum 1992:130).

Den andre gode grunnen til å formulera vitskaplege modellar heng nøye saman med den første. Når modellar faktisk fungerer som struktureringsprinsipp gjennom heile arbeidet med vitskaplege undersøkingar, er det viktig at dei som skal lesa undersøkinga veit kva for modell ho faktisk byggjer på. Slik kan ein få implisitte føresetnader fram i lyset, og dermed kan ein setja ulike modellar opp mot kvarandre og sjå kven som fungerer best. For, som Hernes har uttrykt det: ”[A]lternativet til en modell er ikke ingen modell – det er en annen modell” (Hernes 1979:20). Ein vil alltid byggja ein analyse på visse grunnleggjande føresetnader. Dersom desse er gjort eksplisitte, kan ein lettare vurdere og kritisera desse grunnleggjande føresetnadene.

## 3.2 Dialektkontakt i språksamfunnet

### 3.2.1 Språksamfunnet – ei isolert eining?

Språksamfunnsomgrepet har tradisjonelt fungert som metodisk reiskap i sosiolingvistiske undersøkingar. Måten ein har definert språksamfunnet på har dermed avgjort storleiken på populasjonen som skal undersøkjast, og har sett rammene for informantutvalet som skal representera denne populasjonen. Problemet med denne tilnæringsmåten, som altså metodisk sett er heilt nødvendig, er at han får konsekvensar for den teoretiske oppfatninga av kva eit språksamfunn er. I Labov sin definisjon av språksamfunnet (jf. underkap. 3.1) blei avgrensinga gjort ut frå ”the participation in a set of shared norms”, som så skulle kunna observerast gjennom ”evaluative behavior” og gjennom ”the uniformity of abstract patterns of variation” (Labov 1972:120-121). I denne definisjonen blir altså språksamfunnet forstått som ei geografisk og sosialt avgrensa undersøkingseining som kan studerast uavhengig av storsamfunnet det er ein del av (Milroy og Gordon 2003:133-134).

Problemet med denne måten å sjå det på, er at ein går glipp av den sosiale konteksten dei lokale språklege variasjons- og endringsmønstra går føre seg i. Dersom ein ikkje ser det lokale språksamfunnet som ein del av ei større sosial og kulturell eining, blir det også vanskeleg å sjå det større biletet som dei språklege endringane på det lokale planet er ein del av. Det blir også vanskeleg å forstå kva for krefter som gjev dei lokale endringane den retninga dei har. Penelope Eckert har vore oppteken av å sjå det lokale språksamfunnet i eit vidare perspektiv:

It is not enough to describe a speech community as an isolated unit, for no community is isolable; the description of a speech community is most importantly an account of that community's linguistic place in the wider society. An account of a speech community then, will optimally account [sic] for the articulation between the internal dynamics of the speech community and its relation to other localities, as exemplified by ethnographic studies [...] (Eckert 2000:34).

Eg meiner det er naturleg å tenkja seg det lokale språksamfunnet som ei lita brikke i eit større bilete (jf. også underkap. 2.4). Gjennom å studera det lokale språksamfunnet kan ein oppnå innsikt i korleis dei sosiale og språklege normene i storsamfunnet manifesterer seg på lokalt plan, korleis dei tek form avhengig av den lokale sosiale og språklege røyndomen. Dette er svært interessant, men kan ikkje rivast laus frå det større biletet.

Språksamfunnsomgrepet blir dessutan brukt på mange ulike nivå – ein kan referera til Os som eit språksamfunn, men nasjonen Noreg må også kallast eit språksamfunn. Ja, strengt tatt kan ein vel også kalla Skandinavia eit språksamfunn, dersom ein bruker språkforståing som eit kriterium. I denne tydinga har vi alle tilhøyrslse til mange ulike språksamfunn – vi er både medlemmer av eit lokalt, eit regionalt, eit nasjonalt, og eit internasjonalt fellesskap. Vi kjenner, i større eller mindre grad, kodane som gjeld innafor kvart av desse fellesskapa. Også denne innsikta gjer det naturleg å sjå det lokale nivået i lys av kulturelle og sosiale strukturar i storsamfunnet.

#### 3.2.2 Ulike språksamfunn – ulik språkutvikling?

Eit svært omdiskutert tema i debatten om språksamfunnsomgrepet, er synet på *språket* si rolle i språksamfunnet. Det er naturleg å tenkja seg at medlemene i eit språksamfunn på eitt eller anna nivå skal ha noko felles, også på det språklege området. Men kva inneber det? Bør det til dømes vera ein viktig del av definisjonen av eit språksamfunn at språkbrukarane der har same lingvistiske kompetanse, og kanskje til og med same lingvistiske uttrykk, slik Bloomfield formulerte det: "Within certain communities successive utterances are alike or partly alike. [...] Any such community is a speech community" (Bloomfield 1934:154f) Eller er det viktigare at dei har ein felles kunnskap om og oppfatning av dei språklege normene?

William Labov legg i sin klassiske definisjon av språksamfunnet (jf. underkap. 3.1) vekt på begge desse momenta, men med ei presisering av at den felles språklege kompetansen ikkje kjem til uttrykk gjennom ei homogen språkleg form (Labov 1972:120f). Han meiner altså at det medlemene i språksamfunnet først og fremst har felles, er *språknormene* og måten dei evaluerer språkbruken til kvarandre på. Homogeniteten i det språklege uttrykket kjem til uttrykk gjennom "the uniformity of abstract patterns of variation" på eit gruppenivå. Labov er blitt kritisert p.g.a. konsensusutankegangen dette inneber.

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

[...] his class conception, with its inherent consensus orientation, obliges us to exclude the most obvious explanation whereby not only values but social classes are in conflict, with speech being a manifestation of this conflict (Williams 1992:86).

Det treng ikkje nødvendigvis vera slik at alle språkbrukarane i språksamfunnet er *samde* om den sosiale meininga i ulike språklege uttrykk, det motsette kan faktisk like gjerne vera tilfelle.

Det å avgrensa språksamfunnet ut frå lingvistiske kriterium er altså ei utfordring. Noko av problemet ligg i sjølve omgrepet, som gjev assosiasjonar i retning av avgrensa geografiske, sosiale og lingvistiske einingar som utan problem let seg avgrensa i forhold til andre, like avgrensa geografiske, sosiale og lingvistiske einingar. Den klassiske definisjonen til Gumperz gjev oss assosiasjonar i retning av eit slikt samfunn:

[...] any human aggregate characterized by regular and frequent interaction by means of a shared body of verbal signs and set off from similar aggregates by significant differences in language use (Gumperz 1968:381).

I eit land som bestod av eit visst tal homogene småsamfunn med lite kontakt seg i mellom, der ingen flytta eller pendla frå eit samfunn til eit anna for å arbeida eller gå på skule – der ville språksamfunnomgrepet vore meir uproblematisk. I den verkelege verda er det ikkje slik. Det varierer også mykje frå kultur til kultur og frå land til land kor stor grad av kontakt og overlapping det er mellom ulike språksamfunn. Korleis heng dette saman med tanken om det geografisk og språkleg avgrensa fellesskapet?

Lingvistane Andre Tabouret-Keller og Robert Le Page har ei alternativ tilnærming til desse spørsmåla, som eg meiner kan vera nyttig. Dei har arbeidd i område med svært mykje språkkontakt og blandingsspråk, og har dermed blitt pressa til å tenka grundig gjennom kva som konstituerer sosiale og språklege einingar. Dei er ikkje opptekne av å finna grensene for språksamfunna, fordi dei meiner dette er ei umogeleg oppgåve, dersom ein ser det frå språkbrukaren sitt perspektiv:

[...] we do not know, except in small, highly interactive and therefore highly focussed communities, how much knowledge the individual has of his community, nor indeed what constitutes his community (Le Page og Tabouret-Keller 1985:200).

Dei konsentrerer seg derimot om å beskriva dei språkleg-sosiale prosessane som verkar i den kontinuerlege samfunnsdanninga i det samfunnet dei studerer. Her innfører dei omgrepa *focussing* (fokusering) og *diffusion* (diffusjon) for å beskriva korleis gruppedanning fører til meir fokusert språk, medan kontakt mellom grupper fører til meir diffuse normer for språkbruk.



Labov sin definisjon av språksamfunnet (jf. underkap. 3.1) passar med det som kjenneteiknar eit språkleg fokusert samfunn i Le Page og Tabouret Keller si tyding, medan meir diffuse språksamfunn ikkje kan definerast på same måte. Dei to legg særleg vekt på å utvikla eit omgrepsapparat som kan beskriva samspelet mellom individet og gruppa i forhandlingane om kva som skal kunna reknast som sosialt aksepterte lingvistiske former, og korleis individet si tilbakemelding frå gruppa fører til at språkbruken hans anten blir meir regelmessig eller fokusert, eller ved motsett tilbakemelding meir uregelmessig eller diffus.

Within this general theory we see speech acts as acts of projection: the speaker is projecting his inner universe, implicitly with the invitation to others to share it [...]. To the extent that he is reinforced, his behaviour in that particular context may become more regular, more focussed; to the extent that he modifies his behaviour to accommodate to others it may for a time become more variable, more diffuse, but in time the behaviour of the group – that is, he and those with whom he is trying to identify – will become more focussed. Thus we may speak of focussed and of diffuse, or non-focussed, linguistic systems, both in individuals and in groups, with each individual's knowledge of the systems of his groups the lynch-pin upon which the shared concept of communal languages or varieties turns (Le Page og Tabouret-Keller 1985:104).

Dei bruker omgrepet *fokuserte samfunn* for å beskriva ”tightly-knit and closely-interactive” grupper (Le Page og Tabouret-Keller 1985:5), og hevdar at utviklinga av kollektive homogene språkssystem er mest sannsynleg i denne typen samfunn. I denne tilnærminga blir det altså opna opp for å skilja mellom *ulike typar* språksamfunn, ut frå graden av språkleg og sosial homogenitet. Språksamfunn, definert ut frå sosiale og geografiske kriterium, kan vera meir eller mindre språkleg fokuserte eller diffuse, og ulike typar språksamfunn gjev ulik språkleg utvikling.

Også Henning Andersen har arbeidd med samanhengen mellom samfunnstype og språkleg utvikling, og meiner å finna skilnader i språkutviklinga i ulike typar språksamfunn. Han meiner å ha observert at språket i sentrale område følgjer andre endringsmønster enn språket i område som er meir isolerte. Samstundes ser det ikkje ut til at alle isolerte samfunn oppfører seg på same måte, og heller ikkje alle samfunn i sentrale strok. Andersen meiner at ein treng to omgrepapar for å klara å fanga opp det som skjer. Ein må skilja mellom *opne* og *lukka* språksamfunn<sup>14</sup>, og ein må skilja mellom *eksosentriske* og *endosentriske* språksamfunn (Andersen 1988:72ff).

Skiljet mellom *opne* og *lukka* språksamfunn er knytt til målbare storleikar, til dømes kommunikasjonsmønster. Eit oppe språksamfunn har kommunikasjonsnettverk som er orienterte utover lokalsamfunnet, medan eit lukka språksamfunn har nettverk som er meir

---

<sup>14</sup> Andersen brukar termen ”dialect community”.



orienterte innover i lokalsamfunnet. Det er altså meir *språkkontakt* i dei opne språksamfunna. Andersen foreslår, med støtte i Roman Jakobson, at opne språksamfunn har ein tendens til språkleg forenkling, medan lukka språksamfunn held betre på kompleksiteten i språkssystemet. Andersen meiner dette har å gjera med heterogenitet versus homogenitet i det språklege uttrykket i desse samfunna (Andersen 1988:51). I opne språksamfunn er språkbrukarane meir vane med heterogene språklege realisasjonar. Dei er nøydde til å tolka språklege ytringar utan å gjera seg avhengige av nøyaktig fonetiske realisasjonar, og etter kvart vil dei små fonetiske nyansane falla, til fordel for dei skilnadene som har stor funksjonell tyngd. I opne språksamfunn vil altså også dei språklege normene vera mindre strenge, det vil vera ope for meir variasjon i det språklege uttrykket.

Skiljet mellom *eksosentriske* og *endosentriske* språksamfunn er kanskje ikkje så lett å måla – her handlar det om dei psykososiale kreftene i lokalsamfunnet. I eit eksosentrisk samfunn er innbyggjarane positive til det som kjem utanfrå, i eit endosentrisk samfunn er det ein utbreidd skepsis til det framande og tru på dei lokale verdiane. Andersen presiserer at innbyggjarane i samfunnet kan dela desse haldningane i større eller mindre grad. Dei to omgrepsspara må oppfattast som ytterpunkt på kvar sin skala.

Vi kan finna samfunn av alle fire typene, og dei har ulike kjenneteikn. I lukka, endosentriske språksamfunn er ikkje den språklege påverkaden utanfrå særleg påtrengande. Her meiner Andersen at det ligg til rette for internt motiverte språkendingar, og gjev mange døme på fonologiske særutviklingar i denne typen samfunn, som ikkje kan knytast til spreining. I lukka, eksosentriske språksamfunn, vil ein vera open for påverknad utanfrå, men endringsprosessen vil gå seinare enn i eit ope, eksosentrisk språksamfunn. Det andre ytterpunktet er sjølv sagt dei opne, eksosentriske språksamfunna. Her ligg både samfunnsstrukturane og dei psykososiale kreftene til rette for at språktrekk utanfrå kan få innpass.

I analysedelen av avhandlinga vil eg bruka inndelinga til Andersen som reiskap til å kategorisera språksamfunnet på Os (jf. underkap. 6.4).

### **3.3 Kven endrar språket – individet eller kollektivet?**

#### **3.3.1 Individet og kollektivet i språksamfunnet**

Så langt har eg diskutert språksamfunnet på samfunnsnivå, utan å trekkja inn *den individuelle språkbrukaren* i diskusjonen. Ut frå ei slik framstilling kan ein få inntrykk av at språksamfunnet fungerer som ei slags sosial ramme som styrer det språklege uttrykket hjå

språkbrukarane. Dette er ei framstilling som definisjonen til Labov (underkap. 3.1) støttar opp om: Labov understrekar i sin definisjon korleis språksamfunnet er eit kollektiv som har felles normer for språkbruk, normer som kan observerast gjennom eksplisitte evalueringar og gjennom dei regelmessige mønstra for språkleg variasjon på samfunnsnivå. Labov meiner altså at språksamfunnet er eit kollektiv som let seg avgrensa, eit kollektiv som har felles kunnskapar om og haldningar til dei språklege variantane som er tilgjengelege. I Labov sitt språksamfunn viser ein kva plassering ein har i den sosiale strukturen gjennom dei språklege variantane ein bruker (Labov 1972:120f).

Mange har stilt seg tvilande til denne forståinga av forholdet mellom dei sosiale strukturane og språkbrukaren. Richard Hudson, ein av kritikarane, meiner at det er essensielt at eit språksamfunn må eksistera som ein psykologisk realitet for medlemene. Dermed blir det altså språkbrukaren sjølv som avgjer kven som høyrer til i hans eller hennar språksamfunn, det let seg ikkje avgjera utanfrå:

If we take the position that speech communities should have some kind of psychological reality for their members [...], then it follows that we must identify different speech communities in the same population according to the person whose viewpoint we are taking (Hudson 1996:27).

Vi er her inne på eit av dei store stridsspørsmåla i diskusjonane rundt språksamfunnsomgrepet. Ein diskuterer om omgrepet bør definerast med utgangspunkt i den individuelle språkbrukaren eller med utgangspunkt i heile kollektivet av språkbrukarar, og det underliggjande spørsmålet er klart – i kor stor grad er individet fritt til å handla på eigen hand, og kor mykje av handlingsmønsteret vårt er styrt av samfunnsstrukturane? Kven er det som styrer språkendringsprosessen, er det individet eller kollektivet?

Definisjonane til Hudson og Labov representerer høvesvis eit ekstremt strukturorientert og eit ekstremt individorientert standpunkt.<sup>15</sup> Labov skisserer eit avgrensa kollektiv der alle, ut frå si sosiale plassering, 'spytta ut' dei rette formene ut frå eit felles normsett, dersom vi set det heile litt på spissen. Hudson gjev oss eit bilete av ei verd der kvart individ heilt på eiga hand orienterer seg i eit mylder av språklege variantar og kvar for seg definerer kva for andre individ dei oppfattar som medlem i 'sitt språksamfunn'.

Samspelet mellom språkbrukar og språksamfunn er komplisert. På den eine sida kan ein beskriva språkbruken til individet som eit resultat av dei språklege normene i det

---

<sup>15</sup> Stort sett alle sosiolingvistar, truleg inkludert William Labov og Richard A. Hudson, vil ha eit langt meir nyansert syn på dette spørsmålet enn det det kan verka som eg tillegg dei i denne framstillinga. Målet er her å reindyrka motsetnadene mellom dei to innfallsvinklane for å illustrera dei to grunnsyna som kjem til uttrykk gjennom dei.

samfunnet det veks opp i. På den andre sida kan ein med like stor rett seia at språkbrukaren gjennom dei språklege handlingane sine er med på å forma språksamfunnet. Dei to sosiolingvistiske grunnsyna som blei presenterte ovanfor, fokuserer på ulike sider av dette samspelet, og gjev dermed på kvar sin måte viktige bidrag til eit heilskapleg bilete av korleis desse mekanismane fungerer. Men er det mogeleg å gje eit klarare bilete av dynamikken mellom individnivået og strukturnivået, er det råd å beskriva korleis individet og strukturane gjensidig påverkar kvarandre?

### 3.3.2 Litt hjelp frå sosiologien

Denne diskusjonen er ikkje unik for sosiolingvistikken. Alle vitenskapar som på ein eller annan måte studerer "(...) society as part of a human world, made by men, inhabited by men (...)" (Berger og Luckmann 1967:189), må ta stilling til paradokset som ligg i at individet på den eine sida må seiast å vera eit resultat av samfunnet det veks opp i, og på den andre sida er med på å påverka utviklinga av det same samfunnet. Filosofar, historikarar, samfunnspsykologar, og ikkje minst, sosiologar har svært lenge diskutert kva som kjem først av høna og egget, eller som sosiologen Alan Dawe formulerer det:

In a sociology of social systems, then, social actors are pictured as being very much at the receiving end of the social system. In terms of their existence and nature as social beings, their social behaviour and relationships, and their very sense of personal identity as social beings, they are determined by it. [...] In total opposition to this, a sociology of social action conceptualises the social system at the derivative of social action and interaction, a social world produced by its members, who are thus pictured as active, purposeful, self- and socially-creative beings (Dawe 1978)

Begge desse vinklingane gjev oss viktige innsikter i mekanismane som verkar i samfunnsutviklinga, og det er såleis ikkje å undrast over at der er gjort forsøk på å integrera strukturperspektivet og handlingsperspektivet i ein og same teori. Eg skal i det følgjande presentera to teoriar som tek utgangspunkt i nettopp dialektikken mellom individ og samfunn.

Den første blei etablert på slutten av sekstitalet av dei fenomenologisk inspirerte<sup>16</sup> sosiologane Thomas Luckmann og Peter Berger. Boka *The Social Construction of Reality* (1967) blei fort ein klassikar, og teorien dei to lanserte i denne boka blei svært viktig for den *sosialkonstruktivistiske* retninga i samfunnsvitenskapane. I denne boka argumenterer dei to for at der finst ein gjensidig påverknad mellom individ og samfunn, mennesket skaper samfunnet,

---

<sup>16</sup> Filosofisk og sosiologisk retning som vektlegg korleis vi konstituerer verda gjennom medvitet. Innafor sosiologien fører dette til eit fokus på å forstå aktøren sin eigen definisjon av verda (Veiden 2000:10).

men mennesket blir på same tid også skapt av samfunnet. Tre setningar oppsummer Berger og Luckmann sitt prosjekt: "Society is a human product. Society is an objective reality. Man is a social product" (Berger og Luckmann 1967:61). Gjennom at mennesket *eksternaliserer* seg gjennom aktivitet, blir samfunnet konstruert. Etter kvart blir samfunnet opplevd som noko som eksisterer uavhengig av mennesket sjølv, det har gått føre seg ei *objektivering* av samfunnsinstitusjonane. Gjennom *internalisering* blir så mennesket sosialisert inn i det menneskeskapte, men no objektiverte samfunnet.

Høna og egget-problematikken blir altså løyst på følgjande måte: Ja, mennesket kan endra verda, men det gjer det ikkje på eit grunnlag det har valt sjølv (Veiden 2000:9).<sup>17</sup> Individet opptrer som ein fortolkande og handlande aktør, men opplever, tolkar og handlar ut frå ein ståstad som er eit resultat av sosialiseringsprosessane det har gått gjennom. Sjølv om Berger og Luckmann blir kritiserte for å ha eit betre grep om internaliseringsprosessen enn om eksternaliseringa når det kjem til den teoretiske argumentasjonen (Frønes 1995:35), peikar dei gong på gong på at eksternalisering og internalisering må sjåast på som to gjensidige prosessar.

Det er råd å tenkja seg at menneskelege samfunn oppstår og utviklar seg på den måten Berger og Luckmann skisserer. Ein kan likevel problematisera at samfunnsutviklinga blir framstilt som ein så harmonisk og konfliktfri prosess. Dei to forfattarane er blitt kritiserte for å fortelja historia til den kvite middelklassen (Veiden 2000:16), og for å fokusera for lite på interesse motsetnadene mellom dei ulike gruppene i samfunnet.

Fokuset på interesse motsetnader mellom grupper er større hjå den franske sosiologen Pierre Bourdieu. Det teoretiske fundamentet hans liknar på mange måtar på fundamentet hjå Berger og Luckmann. Også Bourdieu har fått impulsar frå fenomenologien (Wilkes, Mahar og Harker 1990:34), og også Bourdieu er oppteken av dialektikken mellom agentane og samfunnsstrukturane.<sup>18</sup> Også Bourdieu er oppteken av at agentane handlar fritt, men " ikkje på eit grunnlag dei har valt sjølv", for å ta opp att formuleringa vi brukte ovanfor.

Parce que l'habitus est une capacité infinie d'engendrer en toute liberté (contrôlée) des produits – pensées, perceptions, expressions, actions - qui ont toujours pour limites les conditions historiquement et socialement situées de sa production, la liberté conditionnée et conditionnelle qu'il

---

<sup>17</sup> Som Veiden poengterer er det Karl Marx som først har formulert akkurat denne innsikta.

<sup>18</sup> Bourdieu bruker termen 'agent' når han refererer til det handlande individet, i staden for 'aktør' som kanskje er den vanlegaste termen i sosiologisk samanheng.

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

assure est aussi éloignée d'une création d'imprévisible nouveauté que d'une simple reproduction mécanique des conditionnements initiaux (Bourdieu, Accardo og Corcuff 1986:71).<sup>19</sup>

Bourdieu prøver å sameina eit strukturalistisk perspektiv med eit konstruktivistisk gjennom dei to omgrepa *habitus* og *felt*. Gjennom *habitus* prøver Bourdieu å gjera greie for handlings- eller aktørnivået utan å hamna i subjektivisme. Dei internaliserte strukturane som habitusen består av, influerer individet sin måte å tenkja og handla på, og manifesterer seg i nesten alt det tek seg føre: filmsmak, lesevanar, matvanar, klesstil, o.s.v. Habitus er umedvite og kan ikkje styrast ved hjelp av viljen. Habitusomgrepet gjev oss eit samlande uttrykk for ”dialektiken mellom internalisering av ekternalitet og ekternalisering av internalitet” (Johansson og Miegel 1996:204) – korleis dei internaliserte strukturane blir ekternaliserte gjennom handling og vice versa. Eit viktig poeng hos Bourdieu er at menneske frå det ein kan kalla same samfunnsklasse ofte har same type preferansar (*klassehabitus*).

Gjennom omgrepet *felt* vil Bourdieu gjera greie for strukturelle fenomen utan å hamna i objektivisme. Det sosiale handlingsrommet kan delast inn i ulike felt, der individa har ulike posisjonar. Ein kan til dømes snakka om det akademiske, det økonomiske, og det kulturelle feltet. Innafor kvart felt kjempar ein om kontrollen over dei ressursane som kjenneteiknar feltet. Eit viktig poeng ved feltomgrepet er at personane eller institusjonane i eit visst felt er same om kva for verdiar det er verdt å stridast om, dei har eit felles verdisystem. For å få tilgang til eit felt treng agenten *kapital*. Kapitalen kan vera av ulike slag – økonomisk, kulturell eller sosial. I tillegg til desse tre kjem den symbolske kapitalen, som er nemninga på kapital av dei tre ovannemnde typane når dei blir anerkjende og gjevne verdi av andre aktørar i feltet. Denne forma for kapital eksisterer altså i kraft av andre si anerkjening. Den som har mykje symbolsk kapital, representerer ’den sunne fornufta’, og har dermed makt til å definera kva som er viktig, og kva som ikkje er det innafor feltet (Wilkes, Mahar og Harker 1990:13).

Dei posisjonane agenten i eit sosialt felt har, er avhengig av kor mykje av kapitalen i feltet som han eller ho har tilgang til. Det gjeld altså å få tak i så mykje kapital som mogeleg, og på same tid forhandla for å få denne kapitalen til å bli endå meir verd innafor det aktuelle feltet. Ofte vil det vera slik at sjansane til å delta i kampen om kapital i eit felt kjem an på kva

---

<sup>19</sup> ”Fordi habitus er ein uavgrensa eigenskap som heilt fritt (men kontrollert) kan frambringa produkt – tankar, sansingar, uttrykk, handlingar – som alltid vil vera avgrensa av dei historiske og sosiale vilkåra dei blir produserte under, så er den vilkårsbestemte fridomen som han garanterer like fjern frå skapinga av uføreseielege innovasjonar som frå den reine mekaniske reproduksjonen av dei initiale vilkåra” [*eiga omsetjing*].

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

for klassehabitus ein har. Dei som høyrer til dei høgare klassane vil ha meir kapital, og dermed større sjansar til å få sine interesser igjennom.<sup>20</sup>

Denne modellen fokuserer på interessemotsetnadene i samfunnet. Bourdieu er oppteken av at der er grunnleggjande skilnader mellom folk, og at nokre grupper har meir kapital (makt) enn andre. Bakgrunnen for desse skilnadene og korleis dei manifesterer seg, får han fram gjennom habitus-omgrepet. Gjennom felt-omgrepet får han vist korleis desse skilnadene blir utgangspunktet for kven som vinn, og og kven som taper kampen om kapital i det sosiale rommet. Gjennom omgrepa habitus, felt og kapital får vi altså skissert ein teori som fangar opp dialektikken mellom individnivået og strukturnivået, og som fokuserer på interessemotsetnadene mellom agentane og gruppene i samfunnet.

Bourdieu var ein ivrig talsmann for å sidestilla språk med andre sosiale fenomen. Han var oppteken av korleis språket kan studerast som ein manifestasjon av interessemotsetnader.

La constitution d'un marché linguistique crée les conditions d'une concurrence objective dans et par laquelle la compétence légitime peut fonctionner comme capital linguistique produisant, à l'occasion de chaque échange social, *un profit de distinction* (Bourdieu 1982:43).<sup>21</sup>

Sosiologien Bourdieu gjev altså sjølv klart uttrykk for at teoriane hans også kan appliserast på eit språkleg materiale (Bourdieu, Wacquant og Nicolaysen 1993:134).

Kva får så dette å seia for diskusjonen om språksamfunnet? Dersom ein ønskjer å fokusera på dialektikken mellom språkbrukaren og dei sosiale og lingvistiske strukturane i samfunnet, får dette konsekvensar for synet på språksamfunnet. Då må Labov sin tese om felles internaliserte normer hjå kollektivet kombinerast med Hudson sitt poeng : At språkbrukaren uttrykkjer sosial meining gjennom subjektivt funderte val (sjå underkap. 3.2.2).

Teoriane til Berger og Luckmann og Bourdieu kan kan på ulike måtar gje oss reiskapar til å forstå samspelet mellom språkbrukaren og språksamfunnet, eit samspel som gjerne fører til at strukturane endrar seg. Eg meiner også at desse teoriane har visse fellestrekk, og at desse fellestrekka kan gje grunnlag for ei alternativ forståing av språksamfunn-omgrepet. Denne forståinga kan samla opp i seg ståstadene til Hudson og Labov. Eit viktig poeng både hjå Bourdieu og hjå Berger og Luckmann er at individet og

---

<sup>20</sup> Her bør det nok presiserast at Bourdieu sin kultursosiologi er utforma med utgangspunkt i det nokså elitistisk orienterte franske samfunnet.

<sup>21</sup> ”Opprettinga av ein lingvistisk marknad skaper vilkår for ein objektiv konkurranse. I denne og ved denne konkurransen kan den legitime kompetansen fungera som lingvistisk kapital som i kvart enkelt tilfelle av sosial utveksling produserer ein *distinksjonsprofit*” [eiga omsetjing].

kollektivet påverkar kvarandre i ein dialektisk prosess. På den eine sida bruker språkbrukarane dei språklege ressursane dei har til rådvelde (gjennom *internalisering*) til å visa kven dei er gjennom eit språkleg uttrykk (*eksternalisering*), eit perspektiv vi kjenner igjen frå Hudson. På den andre sida får den sosiale meininga i dei ulike språklege variantane etter kvart status som objektiv røyndom (*objektivering*), i tråd med Labovs språksamfunnomgrep.<sup>22</sup> Gjennom desse omgrepa er det mogeleg å beskriva korleis den sosiale meininga i språklege strukturar blir overført, endra og vidareført i eit språksamfunn.

### 3.3.3 Individet, kollektivet og språknormene

Eit omgrep ein ikkje kjem utanom når ein skal studera det sosialt meiningsberande ved språket, er *normer*. Som kommentert i underkap. 3.1, er dette omgrepet ein viktig del av William Labov sin definisjon av språksamfunnet (Labov 1972:120f). Normomgrepet er sentralt fordi det koplar dei kollektive handlingsmønstra til dei individuelle handlingane som skaper dette mønsteret. Ein diskusjon og ei presisering av normomgrepet kan dermed verka oppklarande i diskusjonen om individ/kollektiv-problematikken.

Eg vil først presentera og definera normomgrepet. Deretter vil eg diskutera korleis normomgrepet kan kasta lys over individ/kollektiv-diskusjonen, før eg til slutt drøftar på kva måte språkbrukarperspektivet kan gje innsikt i normdanningsprosessen.

#### 3.3.3.1 Språknormer – kva er det?

Som Labov har demonstrert, er språksamfunnet prega av strukturert språkleg variasjon (Labov 1972:43ff). Det som då blir det interessante spørsmålet, er kva for krefter som verkar i denne strukturingsprosessen. I sin klassiske definisjon (jf. underkap. 3.1) hevdar Labov at det som avgrensar språksamfunnet, ikkje er *semje om språkbruk*, men *felles språknormer* – ”participation in a set of shared norms” (Labov 1972:120f).

Kva er så egentleg språknormer? Endre Brunstad definerer språknormer som ”formulerte eller ikkje-formulerte postulat som verkar retningsgivande på språkbruk”

---

<sup>22</sup> Hos Bourdieu er det Berger og Luckmann kallar objektivering noko som går føre seg innafor kvart enkelt sosialt felt, ved at det her utviklar seg ein konsensus om kva for verdssystem som gjeld, og kva ein kjempar om.



(Brunstad 2000:48). Språknormer kan altså vera eksplisitt formulerte, men dei treng ikkje å vera det. Når det gjeld talemålet, er det dei *internaliserte* normene som er dei viktigaste – dei som er blitt ein del av språkbrukarane sitt verdisystem. Språkbrukarane sine internaliserte normer er ikkje formulerte nokon stad, men dei verkar altså 'retningsgivande' på kva språkbrukarane reknar som tenleg språkbruk i ulike situasjonar.

I sin gjennomgang av normomgrepet i språkvitskapen nemner Kjell Ivar Vannebo tre tydingskomponentar som er vanlege å ta med i definisjonen. For det første blir termen brukt om *åtferdsmønster* som er allment aksepterte innafor ei viss gruppe, for det andre blir det brukt om *vurderingar* av til dømes moralsk, estetisk eller språkleg type, for det tredje kan det brukast om reaksjonsmønster i form av *sosiale sanksjonar* (Vannebo 1980:2). Slik kan ein seia at normer har ein funksjon som ein rettleiande instans, eller ein kontrollmekanisme i sosial samhandling.

#### 3.3.3.2 Språknormer i spenninga mellom individet og kollektivet

Når ein skal prøva å kasta lys over normomgrepet, blir individ/kollektiv-problematikken igjen aktualisert. Kvar finst eigentleg normene i samfunnet? Dersom det er slik at normer på den eine sida er internaliserte, altså ein del av enkeltindividet sitt verdisystem, og på den andre sida uttrykk for åtferdsmønster som er allment aksepterte innafor ei viss gruppe, skal vi då leita hjå enkeltindividida etter normene, eller finst normene berre på eit abstrakt plan i kollektivet? Endre Brunstad formulerer dilemmaet slik:

I kraft av internaliseringa vert normene noko som finst 'inne i' einskildindividet, som ein del av det mentale skjemaet. [...] Det individuelle kan kanskje verke uinteressant for oss: Den rolla normene spelar i høve til språket, er jo basert på den kollektive basisen dei har [...]. På den andre sida: Normer er ikkje uavhengige objekt som svevar for seg sjølve i det ytre rommet, og dei styrer heller ikkje menneska mekanisk utanfrå (Brunstad 2000:56).

I følgje Helge Sandøy er normene noko som eksisterer i enkeltindivid, men då som enkeltindividida sine førestellingar om kollektivet:

I den grad normer kan seiast å eksistere, eksisterer dei i enkeltindividida ved å vere knytt til den individuelle førestellinga om kollektivet. Vi kan da omformulere oss: *Normene er ei tru hos individet om kva som er forventa åtferd i kollektivet* (Sandøy 2003b:172)

Når individida har sterke førestellingar om kva som er forventa åtferd, og desse førestellingane er felles for større grupper, vil dermed resultatet bli at åtferda i kollektivet følgjer dei individuelle førestellingane.

Her kan det igjen vera interessant å trekkja inn Thomas Luckmann og Peter Berger (jf. underkap. 3.3.2). Deira kunnskapssosiologiske teori kan gje eit bidrag til forståinga også av



korleis normer blir danna. Særleg interessant i denne samanhengen er danninga av språknormer. Berger og Luckmann argumenterer for at det finst ein gjensidig påverknad mellom individ og samfunn. Mennesket skaper samfunnet, men blir på same tid også skapt av samfunnet. Med omgrepsapparatet deira kan danninga av språknormer beskrivast slik: Individet blir sosialisert inn i ein røyndom med språklege strukturar som er ladde med ei viss sosial meining. Individet bruker så dei *internaliserte* språklege strukturane som utgangspunkt for sine språkhandlingar. Gjennom det språklege uttrykket dei vel i ulike sosiale samanhengar, *eksternaliserer* dei si tolking av den sosiale meininga i det språklege uttrykket. Etter forhandlingar i språksamfunnet blir denne spesifikke sosiale ladinga av dei språklege strukturane etter kvart oppfatta som noko som eksisterer uavhengig av språkbrukarane, det skjer ei *objektivering*.<sup>23</sup> Dette blir så utgangspunktet for den språklege sosialiseringa av nye språkbrukarar i språksamfunnet – og slik er ringen slutta. Slik kan ein beskriva korleis språklege normer blir overført, endra og vidareført i eit språksamfunn.

For å gjera denne modellen meir konkret, vil eg kort visa korleis han kan gje meining til data frå materialet mitt. Informantane mine har gått i same klasse lenge, mange av dei i ni år. Dei har altså ein del av sosialiseringprosessen felles, men dei har ulike foreldrebakgrunn, og ikkje alle har budd i Os heile livet. Med Berger og Luckmann kan ein tenkja seg følgjande scenario: Informantane med foreldrebakgrunn frå Os har gjennom sosialisering fått internalisert språklege strukturar ladde med ei viss sosial meining. Men desse informantane har fleire sosialiseringstansar enn foreldra – dei må orientera seg i eit språksamfunn der foreldre, jamaldringar og andre signifikante språkbrukarar *eksternaliserer ulike* oppfatningar om passende språkbruk i ulike sosiale samanhengar. Gjennom interaksjon i ungdomsgruppa blir det forhandla fram ei tolking av den sosiale meininga i dei ulike variantane av til dømes prosodiske, fonologiske og morfologiske variablar, ei tolking som kanskje skil seg frå den som var internalisert gjennom primærsoliseringa til foreldra. Denne nye sosiale ladinga av språklege trekk blir etter kvart oppfatta som noko som eksisterer uavhengig av språkbrukarane, som objektiv røyndom, ein røyndom som blir utgangspunktet for komande generasjonar si sosiale og språklege orientering.

---

<sup>23</sup> Berger og Luckmann nyttar omgrepa interaksjon og forhandling for å beskriva korleis individ samhandlar i det dei kallar "ansikt-til-ansikt-situasjonar". Dei skildrar korleis ein brukar stereotypiar om 'den andre' som eit utgangspunkt for kommunikasjonen, type-skjema som så blir justert fortløpande i møtet med den andre. Særleg applisert på eit språkleg materiale skal ein vera klar over at ein her ikkje nødvendigvis snakkar om medvitne prosessar. Omgrepa er elles kjende frå språklæringsteoriar, både innafor andrespråksforskning og meir generell psykologisk læringsteori, men her har dei ei litt anna tyding.

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

For å illustrera korleis den sosiale meininga i eit språkleg trekk kan endra seg kan vi sjå på affrikaten /çç/. Affrikat var så godt som einerådande realisasjon av 'kje-lyden' for foreldregenerasjonen til informantane. Denne realisasjonen er nesten borte i mitt materiale, dei fleste informantane praktiserer eit samanfall mellom denne affrikaten og /ʃ/-fonemet. Eit sitat frå ein av informantane kan kasta lys over den sosiale meininga som ligg i denne bruken:

[...] d'e jo mange sånn fra Haugland å sånn så *seie* sånn "itkje" [affrikat] å sånne ting. Men d'e jo veldig bra, asså d'e jo det du *ska* enkli, sant, men asså det kunn'isje falt meg inn å sagt *itkje* å *tkjole* å alle sånne ting. [...]

*Er det stor forskjell på dialekten til dei du går i klasse med?*

Ja, sånn så – di utfra Haugland, sant, å ut mot Halhjem å sånn, der har di jo – veldig sånn bygde – å - sånn "itkje" å sånn (informant 11).

I følgje denne informanten, som har foreldrebakgrunn frå Os, og som er oppteken av å snakka osdialekt og ikkje ta i bruk bergenske talemålstrekk, går grensa ved denne lyden. Sjølv om det er den ein 'eigentleg' skal bruka, er han blitt for sosialt lada med verdiar som 'bygdespråk' og 'bondelyd'. Det er dei eldre, og dei frå utkantane som bruker denne lyden, og han er ikkje lenger akseptabel for unge sentrums-osingar. Denne sosiale kodinga av affrikaten er ny, og forhandla fram gjennom eit møte mellom dei einskilte språkbrukarane sine språklege realisasjonar. Den akseptable erstatninga blir altså /ʃ/-fonemet, som slik får eit utvida verkeområde. Dette samanfallet har spreidd seg til Os frå bergensk ungdomsspråk, og den sosiale meininga i denne realisasjonen kan altså tolkast på to måtar – som eit uttrykk for urbanitet, og som eit uttrykk for ungdommelegheit. Eller kanskje heller motsett: Bruken av affrikat signaliserer det rurale og det alderdommelege. For å signalisera at ein er "heilt vanli, liksom", produserer ein eit samanfall av *kje-* og *sje-*lyden.

Informantane bruker altså dei språklege trekka dei har tilgjengelege i det diffuse språksamfunnet dei lever i til å visa kven dei er, dei eksternaliserer sin sosiale identitet gjennom språklege val. Gjennom dei ulike språklege eksternaliseringsmønstra dei ulike individa omgjev seg med, får den sosiale meininga i dei ulike språklege variantane ein slags status som objektiv røyndom for språkbrukarane, ein røyndom som endrar seg over tid. Det er råd å tenkja seg at normer blir til og endrar seg på denne måten. Omgrepsapparatet til Berger og Luckmann fungerer godt i ei sosiologisk undersøking av korleis normer endrar seg over tid. Dersom ein ønskjer fokus på maktstrukturane som ligg til grunn for seleksjonen av språkformer som 'vinn' og taper' i normdanningsprosessen, er kanskje ikkje denne teorien like veileigna, fordi dette er eit perspektiv Berger og Luckmann ikkje går inn på i særleg grad.

Er ein oppteiken av interessekonfliktar og kampen om definisjonsmakt, er kanskje teoriane til Pierre Bourdieu meir eigna (jf. underkap. 3.3.2). Hjå Bourdieu finn vi reiskapar til å beskriva normer som eit resultat av forhandlingar mellom agentar med ulik habitus i eit sosialt rom, eller ”møtet mellom ein språkleg habitus og ein språkleg marknad” (Bourdieu, Wacquant og Nicolaysen 1993). Språkbrukarar kan ut frå dette beskrivast som sosiale agentar som bruker dei språklege ressursane sine når dei deltek i det spelet som går føre seg i ulike sosiale felt. Her blir det forhandla om kva som kan akseptertast som legitime handlingar, inkludert språkhandlingar. Dei agentane som har mest symbolsk kapital, har mest definisjonsmakt – i språkleg samanheng makt til å bestemma kva som er dei aksepterte måtane å uttrykkja eit visst språkleg innhald på. Resultatet av forhandlingane er normer som oppstår i spenninga mellom individet og kollektivet. Kva for språkformer som vinn fram i normdanningsprosessen, er altså ikkje tilfeldig, og alle agentane stiller ikkje til forhandlingar med same føresetnader. Dette er eit perspektiv som er spesielt interessant med omsyn til pyramidemodellen for språkleg nivellering (jf. underkap. 2.4), der det er eit viktig poeng at ikkje alle varietetar har same sosiale status.

Eg oppfattar altså teorien til Berger og Luckmann som svært fruktbar når det gjeld å beskriva normdanningsprosessen i lokalsamfunnet, medan Bourdieu sitt fokus på kampen om definisjonsmakt gjev eit nyttig bidrag til å forstå korleis dei lokale forhandlingane inngår i eit mykje større spel, der maktstrukturane i det nasjonale språksamfunnet manifesterer seg på lokalplan gjennom seleksjonen av språkformer.

#### 3.3.3.3 Sosiolingvistisk kompetanse og språkbrukarperspektivet

Både hjå Bourdieu og hjå Berger og Luckmann er det ein sentral tanke at individet er berar av internaliserte normer som det eksternaliserer gjennom handling. Sosiolingvisten Penelope Eckert er inne på noko av det same i sin diskusjon av ”individual speakers’ competence” versus ”internalization of convention”. Ho legg vekt på samspelet mellom individuell kompetanse og kollektive konvensjonar, og fokuserer på det dynamiske med denne prosessen:

[...] the individual speakers’ competence as a simple internalization of convention. Convention and individual competences are mutually produced and reproduced in practice, thus linguistic practice is not simply the consensual use of a common system. Convention is not a thing but a process, and the possibility of convention resides in speakers’ ability to hypothesize about others’ behavior and to take interpretable action, along with a commitment to doing so within a particular social unit (Eckert 2000:45).

I denne samanhengen kan det vera interessant å trekkja fram omgrepet *sosiolingvistisk kompetanse*, introdusert av Paul Kerswill (jf. underkap. 2.2.2). Hjå alle språkbrukarar er den

sosiolingvistiske kompetansen ein viktig del av språkkompetansen. Denne kompetansen blir definert på følgjande måte:

[...] a person's ability to recognize language varieties within the community, to evaluate them socially, and to exploit them in the communication of social meanings (Kerswill 1996:181).

Dersom vi ser dette omgrepet i lys av teoriane om internalisering og eksternalisering, kan vi seia at den sosiolingvistiske kompetansen er internalisert kunnskap om objektiverte språknormer, som blir eksternalisert gjennom språkbrukaren sin "communication of social meaning".

Dersom ein ønskjer å tolka den sosiale meininga som ligg i det språklege uttrykket hjå språkbrukarane, blir det sentralt å få innsikt i korleis dei sjølve opplever den språklege røyndomen dei lever i. Dette oppdaga eg under arbeidet med hovudoppgåva mi. Her kategoriserte eg talemålet til informantane i forhold til dei idealiserte språkssystema 'yngre osmål' og 'bergensk' (Hernes 1998:15). Eit spørsmål som etter kvart trengde seg på, var i kor stor grad informantane kjende til og hadde tilgjenge til desse idealiserte språklege varietetane eg hadde kategorisert talemålet deira i forhold til. Då eg bad fire av dei om å heimfesta dialektprøvar frå Os og Bergen, kom det fram at desse fire hadde svært ulik oppfatning av kva som eigentleg var osdialekt (jf. underkap.7.1). Deira oppfatning av kva som var osmål, viste seg altså å skilja seg klart i frå det eg, som språkforskar, rekna for å vera osmål, og dette var avgjerande kunnskap for å kunna tolka den sosiale meininga i deira språklege strategiar. På grunn av denne erfaringa er språkbrukarperspektivet blitt viktig i denne avhandlinga.

#### **3.4 Det sosiale rommet – alternative tilnærmingar**

Som eg gjorde greie for i underkap. 3.2.2, har mange kritisert Labov sin definisjon av språksamfunnet for å vera for konsensusprega, og ei ofte nemnd løysing er å heller ta utgangspunkt i språkbrukarane sine subjektive oppfatningar av det sosiale rommet dei bruker språket innafor (jf. underkap. 3.3). Fleire har kome opp med alternative forslag til sosiale einingar som dei meiner betre kan beskriva den språklege røyndomen som språkbrukarane handlar innafor.

Lesley Milroy meiner at språksamfunnsomgrepet blir for abstrakt, og for fjernt frå språkbrukarane sine egne opplevingar av den sosiale samanhengen dei bruker språket i. Ho meiner at språkforskaren heller bør ta utgangspunkt i "social units to which people feel they belong and which are less abstract than social classes"(Milroy 1980:14), og foreslår *sosiale nettverk* som ei slik meir konkret sosial eining (jf. underkap. 2.3.3). Det sosiale nettverket blir oppfatta som ei sosial eining som dagleglivet sine små og store utfordringar kan utspelast

innafor, som eit meiningsfullt rammeverk. Nettverk handlar om relasjonar mellom individ, relasjonar som kan vera sterke eller svake, avhengig av kor mange mange måtar dei ulike individa i nettverket samhandlar på, altså kor *multipleks* relasjonen er. Nettverket som sosial eining kan også vera sterkt eller svakt, avhengig av kor mange av individa i nettverket som samhandlar med kvarandre, altså kor *tett* nettverket er. Nettverket er eit nyttig konsept for å studera språkleg variasjon, seier Milroy, fordi tette og multiplekse nettverk skaper grunnlaget for utviklinga av lokale språknormer, som kan fungera som motvekt til språknormene utanfrå (Milroy 2002:550).

Ein alternativ tilnæringsmåte som på same måte som nettverksforskinga set seg føre å studera dei små sosiale einingane som individet sjølv kjenner tilknytning til, er studiet av *the Community of Practice* (CofP), som blei introdusert for det sosiolingvistiske forskarmiljøet tidleg på 90-talet (Eckert og McConnell-Ginet 1992a, 1992b). Penelope Eckert er blitt kjend for måten ho har brukt analyseeininga CofP til å studera den sosiolingvistiske dynamikken på vidaregåande skular i Detroit (jf. underkap. 2.2.2). Studiet av sosiale nettverk og studiet av CofP er to tilnæringsmåtar som på mange måtar liknar på kvarandre, men som på sentrale område likevel skil seg frå kvarandre. I begge tilfelle studerer ein samanhengen mellom lokalt baserte sosiale einingar og den språklege praksisen som går føre seg innafor desse sosiale einingane. Skilnaden er at medlemskapet i CofP medvite, og basert på eit felles engasjement av eit eller anna slag, medan det er mogeleg å vera medlem i eit sosialt nettverk utan å ha gått spesielt inn for det. Ein kan seia at uniplekse og tette nettverk i mange tilfelle vil vera eit CofP, medan eit individ som har eit multiplekst nettverk, i mange tilfelle vil tilhøyra mange CofP (Eckert 2000:35f). Innafor CofP-tilnærminga legg ein også meir vekt på at ein må sjå den språklege praksisen innafor det lokale CofP i lys av ein større sosio-geografisk kontekst, og slik trekkja inn språknormene i storsamfunnet (ibid: 222). Ein er altså oppteken av korleis lokal språkleg praksis er knytt til sosiale strukturar på eit makronivå. CofP-tilnærminga er likevel blitt kritisert for å fokusera så mykje på det særigne ved kvart enkelt CofP at ein misser av syne det generelle, det som kan samanliknast i ulike typar samfunn. Slik kan altså denne tilnærminga bli for relativistisk (Dubois og Horvath 1999:290).

Ei anna tilnærming, som også tek utgangspunkt i individet si subjektive oppleving av gruppetilhøyrslø og korleis dette får konsekvensar for språkleg åtferd, er *identitetshandlingsteorien* til Le Page og Tabouret-Keller (Le Page og Tabouret-Keller 1985) (jf. underkap. 2.3.3). Le Page hevdar sjølv at denne teorien ikkje berre fokuserer på individet si subjektive forståing av den språklege røyndomen, men også trekkjer inn dei sosiale strukturane som set grensene for den individuelle fridomen.

### 3 Talemålsendring i språksamfunnet

The multidimensional clusters of children are held to reflect the groups which they perceive in their society, this perception then having the function of gravity in their galaxies, within the constraints of the four riders. Our tests are to determine the extent to which the clusters they appear to form do match against the objective realities of their society (Le Page 1997:31)

Slik meiner han at denne teorien kan fungera som den samankoplande teorien som Deborah Cameron etterlyser (jf. underkap. 3.1), ein teori som kan seia noko om korleis individet relaterer seg til dei større sosiale strukturane. Eg vil nok likevel meina at identitetshandlingsteorien har hatt mest å seia for utviklinga av den delen av sosiolingvistikken som fokuserer på *aktørperspektivet*, ikkje *strukturperspektivet* (jf. underkap. 3.3) (jf. t.d. (Hudson 1996).

Paul Kerswill foreslår at ein kombinasjon av Le Page sin modell der språkbrukaren gjer sine lingvistiske val i eit multidimensjonalt sosialt rom, og ei meir 'labovsk' tilnærming til språksamfunnet definert ut frå forskarbestemte kriterium, kanskje kan vera meir tenleg, dersom ein ønskjer å fanga opp ulike sider av den sosiale røyndomen:

[...] the multidimensionality of social groups can be reconciled with the 'nested' model of the speech community if we regard the two as attempting to capture different aspects of social reality. Thus, the speech community is a construct which is intended to show how individuals can be united to form a group defined by a number of criteria deduced by the analyst, while the notion of social multidimensionality models the individual's own perception of the world, and the varying importance that different social groupings have for him or her (Kerswill 1994:160-161)

I ein diskusjon om korleis språksamfunndefinisjonen til Labov let seg applisera på innflyttarar til eit språksamfunn, nærare bestemt strilar som har flytta til Bergen, endar han opp å postulera "a larger 'speech community' which subsumes the smaller 'Labovian' communities, which are 'nested' under the larger one" (ibid). Modellen er basert på den empiriske undersøkinga av strileinnflyttarane, der det viser seg at innflyttargruppa både ser ut til å utgjera eit eige språksamfunn, med "shared patterns of variation" (jf. Labov sin definisjon av språksamfunnet, underkap. 3.1), samstundes som dei på ein systematisk måte er knytte til det bergenske språksamfunnet som dei er i kontakt med. Kerswill foreslår altså ein modell der fleire små språksamfunn som oppfyller Labov sine språksamfunnskrav, er underkategoriar i eit større språksamfunn, som altså har eit meir heterogent språkleg uttrykk, og meir heterogene språknormer. Det er denne modellen han så vidare ønskjer å kombinera med Le Page si tilnærming, for å få med begge hovudperspektiva av den språklege røyndomen. Dette forsøket på å kombinera aktørperspektivet og strukturperspektivet i ein og same modell liknar mykje på det eg sjølv har prøvd å få til gjennom dette kapittelet. Eg finn det likevel mest tenleg å bruka Berger og Luckmann og Bourdieu som basis for mi skissering av dette



dobbelte perspektivet, fordi teoriane deira tek utgangspunkt nettopp i dialektikken mellom aktør- og strukturperspektivet, og prøver å sameina desse i ei heilskapleg framstilling.

### **3.5 Eit forslag til ein språksamfunnsmodell**

Gjennom dette kapittelet har eg diskutert meg fram til ei forståing av språksamfunnet som skal fungera som eit strukturerande prinsipp for analysedelen av avhandlinga. Eg vil her kort summera opp dei viktigaste elementa i denne forståinga.


*Språksamfunnet er ikkje ei isolert eining.* Det lokale språksamfunnet er ein del av større sosiale og kulturelle einingar. Språkendingar på lokalt nivå må forståast i lys av sosiale krefter som verkar i storsamfunnet (jf. underkap. 3.2.1).

*Alle språksamfunn er ikkje like.* Kommunikasjonsmønster og flyttemønster varierer frå stad til stad, og også psyko-sosiale forhold må trekkjast inn for å forstå variasjon i språkendringsmønstra (jf. underkap. 3.2.2).

*Språkbrukaren er ikkje 'styrt' av dei kollektive strukturane i språksamfunnet, men har heller ikkje total handlefridom.* Språknormer er eit sentralt omgrep her – omgrepet koplår dei kollektive handlingsmønstra til dei individuelle handlingane som er medverkande til dette mønsteret. Språknormer kan endrast gjennom eit samspel mellom individ og samfunn – dei blir *internaliserte* i språkbrukaren gjennom sosialisering, språkbrukarane *eksternaliserer* sine ulike fortolkingar av den sosiale meininga i det språklege uttrykket, og gjennom forhandlingar dannar det seg ei felles oppfatning (*objektivering*) av kva den sosiale meininga i bruken av ulike språkformer er. Språkbrukaren kan altså få språket til å endra seg, men ikkje på eit grunnlag dei har valt sjølve (jf. underkap. 3.3).

Kort oppsummert: Den individuelle språkbrukaren uttrykkjer sosial meining gjennom språkleg åtferd, men for å kunna tolka og forstå kva for sosial meining språkleg variasjon og endring hjå språkbrukaren har, må ein sjå individuell åtferd i sosial kontekst. Ulike typar språksamfunn legg til rette for ulike typar språkleg åtferd, og det er difor viktig å gjera greie for kva for type språksamfunn den språklege åtferda på individ- og gruppenivå går føre seg i. Variasjons- og endringsmønstra i det lokale språksamfunnet må i sin tur sjåast i nasjonal kontekst. Gjennom å undersøkje kva for språkformer som 'vinn fram', og kva for språkformer som forsvinn i lokale språksamfunn, kan ein få ei forståing av kva for krefter i storsamfunnet som har makt til å definera dei aksepterte måtane å uttrykkja ei viss semantisk meining på.

Dette kan uttrykkjast grafisk på denne måten:



Den yttarste ramma i modellen refererer til strukturane som konstituerer *det nasjonale språksamfunnet*, medan ramma innafor viser *det lokale språksamfunnet* med sine spesifikke psyko-sosiale tilhøve og med ein viss type kommunikasjonsmønster. Den innarste stipla ramma symboliserer *språknormene* som koplar dei kollektive handlingsmønstra til dei individuelle handlingane som gjev dette mønsteret. Språkbrukarane, som er plasserte i midten av modellen, blir styrte av språknormene, men er samstundes, gjennom den sosiale meininga dei eksternaliserer gjennom si språklege åtferd, med på å forma dei same normene.

### 3.5.1 Språksamfunnsperspektivet i analysedelen av avhandlinga

Analysedelen av avhandlinga er delt inn i fire kapittel. Eg har valt ei tilnærming der eg kombinerer ulike metodar og innfallsvinklar for å oppnå eit perspektiv der eg ser individet sine språklege handlingsmønster både i lys av deira eiga språklege røyndomsforståing og ei beskriving av sosiale og språklege strukturar i lokalsamfunnet og storsamfunnet. Eg skal i det



følgjande gjera greie for korleis analysestrukturen speglar den underliggjande språksamfunnsmodellen ovanfor.

I kap. 6 skisserer eg dei sosiale og lingvistiske strukturane som konstituerer rammene for handlingsrommet til språkbrukarane i Os. I underkap. 6.2 gjer eg greie for korleis Os har endra seg over tid med omsyn til næringsvegar, samferdsel, flyttemønster og kultur. I underkap. 6.3 presenterer eg språksystemet i Os, med vekt på historisk utvikling. Eg tek utgangspunkt i beskrivingar av eldre og yngre osmål i Os på 70-talet, og samanliknar dei med mine egne funn. Til slutt i kapitlet ser eg sosiale og lingvistiske faktorar i samanheng, og diskuterer kva for type språksamfunn Os kan seiast å vera, ut frå modellen til Henning Andersen (jf. underkap. 3.2.2). Ut frå observasjonane av den språklege variasjonen i informantgruppa mi, prøver eg her òg å skissera aktuelle nivelleringsinstansar i storsamfunnet.

Presentasjonen i underkap. 6.2 og underkap. 6.3 er sjølvstøtt basert på mi forståing av situasjonen. Det er eg som har valt fokus, det er eg som vel ut og presenterer det som skal gjelda som felles referanserammer. Eg meiner ikkje å påstå at alle informantane har same forståing av dei sosiale og lingvistiske strukturane som den eg har. Presentasjonen er likevel eit forsøk på å skissera bakteppet som er utgangspunktet for dei språklege vala informantane gjer i kvardagen – altså dei *internaliserte* og *objektiverte* strukturane.

I resten av analysedelen er det informantgruppa som er i fokus. Her har eg valt tre ulike innfallsvinklar. I underkap. 7 analyserer eg *den språklege røyndomsoppfatninga* i informantgruppa. Her prøver eg å få klarare innsikt i korleis informantane oppfattar det språklege repertoaret som er tilgjengeleg i språksamfunnet, kva for sosiale verdiar dei knyter til ulike språkformer, og kva for oppfatningar dei har av kva som er akseptabel språkbruk både for deira eigen del og for dei andre i språksamfunnet. Til slutt i kapitlet blir observasjonane samla og brukte til å etablere ei forståing av språknormene i informantgruppa. I underkap. 8 går eg over til å sjå nærare på *den språklege åtferda* til informantane gjennom undersøkingsperioden. Eg granskar variasjons- og endringsmønster i gruppa og hjå individa, ved å kombinere kvantitative og kvalitative metodar. I underkap. 9 ser eg den språklege åtferda i lys av sosiale faktorar, først på gruppenivå ved hjelp av kvantitative metodar, så på individnivå ved hjelp av kvalitative metodar.

I kap.10.2 samlar eg dei empiriske funna frå dei fire analysekapitla, og plasserer dei inn i analysemodellen ovanfor.

## 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

### 4.1 Innleiande refleksjonar om grunnlaget for metodeval

For å kunna nå eit mål må ein sjølvstøtt planleggja *korleis* ein skal kunna nå dette målet. Kva for informantar treng ein? Kva for materiale treng ein frå desse informantane? Korleis skal ein handsama dette materialet? Korleis skal ein handtera alle dei praktiske problema ein møter undervegs i innsamlings- og analysearbeidet? Dei praktiske spørsmåla må likevel løysast ut frå ei grunnleggjande forståing av kva datamateriale som best kan svara på problemstillinga i prosjektet, og denne grunnleggjande forståinga er av teoretisk art. Eg vil dermed innleia dette kapitlet med ei drøfting av dei teoretiske vurderingane som ligg til grunn for den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Desse teoretiske vurderingane kan delast i to; for det første ei drøfting av prosjektet sett i lys av diskusjonen om kvantitative og kvalitative tilnæringsmåtar, for det andre ei drøfting av kva konsekvensar språksyn kan ha for metodiske spørsmål.

#### 4.1.1 Refleksjonar om det kvalitative og det kvantitative

Når ein skal velja metodisk tilnæringsmåte i eit forskingsprosjekt, må ein ha klart for seg kva som er målsetjinga med undersøkinga. I dette prosjektet er siktemålet todelt, det dreier seg for det første om å *kartleggja* språkleg variasjon og endring, for det andre om å *forstå* dei språklege mønstra som viser seg gjennom kartlegginga. I ein kartleggingsfase er det nyttig med tal og oversikter som kan visa kor stor utbreiinga av aktuelle språkformer er, kven som bruker dei ulike variantane av språktrekka ein er interessert i, og korleis desse mønstra endrar seg over tid. Desse tala og oversiktene må ein så i neste omgang prøva å gje meining gjennom ein tolkingsprosess. I denne tolkingsprosessen kan ein ha nytte av informasjon som ikkje nødvendigvis let seg uttrykka i talform, til dømes informantane sine eigne tankar og førestellingar om korleis dei oppfattar språksituasjonen dei lever i. I dette prosjektet har eg dermed funne det fruktbart å kombinera kvantitative og kvalitative tilnæringsmåtar. Tradisjonelt har desse to tilnæringsmåtane blitt rekna for å stå i motsetnad til kvarandre (Kalleberg 1996:48), og det kan difor vera på sin plass å avklara kva som ligg i desse termane, og formulerer meir nøyaktig kva det er eg prøver å kombinera.

#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

Sigmund Grønmo hevdar at omgrepsparet kvalitativ/kvantitativ først og fremst refererer til eigenskapar ved data som blir samla inn og analyserte. Han definerer dei to datatypene på følgjande måte:

Grovt og enkelt skissert kan data karakteriseres som kvantitative dersom de uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdetermer (for eksempel mange/få, flere/færre, de fleste/de færreste, og så videre). Data som ikke uttrykkes på denne måten er kvalitative(1996:73-74).

Det er eit viktig poeng at dette ikkje er ein dikotomi, ulike datatypar er ikkje *anten* kvalitative eller kvantitative, men *meir eller mindre* kvalitative eller kvantitative. Som ytterpunkta på skalaen finn vi på den kvantitative sida *metriske data* og på den kvalitative sida *data uttrykt ved tekst*. Data som ikkje er metriske, men som likevel blir uttrykte ved hjelp av tal (*kategoriske data*), er noko mindre kvantitative, og data som blir uttrykte ved hjelp av mengdetermar i staden for tal ligg endå nærare den kvalitative delen av skalaen (Grønmo 1996:74).

Den vanlegaste typen kvantitative data i samfunnsvitskapane er kategoriske data, dei består altså av observasjonar som ikkje naturleg kan uttrykkjast ved hjelp av tal. Kategoriske variablar viser korleis einingane i eit utval fordeler seg i ulike kategoriar, definert på førehand av forskaren. Denne fordelinga kan så teljast og målast (Løvås 1999:19). Dette betyr at kategoriske data i utgangspunktet er baserte på forskaren sine inndelingar og kategoriseringar, og dermed slett ikkje så nøytrale og objektive som vi kanskje er vane med å tenkja oss. Det er altså viktig å slå fast at data, anten dei blir uttrykte på den eine eller den andre måten, blir samla inn og analyserte i ein prosess der forskaren sine kategoriseringar og fortolkingar spelar ei viktig rolle.

Det er likevel ikkje likegyldig kva for data ein baserer ei undersøking på. Data av høvesvis kvalitativ og kvantitativ type har ulike eigenskapar, eigenskapar som får konsekvensar for informantutval, innsamling og analyse. Dette er grunnen til at ein ofte snakkar om kvalitative eller kvantitative metodar eller tilnæringsmåtar. Til sjuande og sist avgjer datatypen kva slags innsikt ein kan få gjennom undersøkinga ein arbeider med. Grønmo hevdar at valet mellom kvantitative og kvalitative data er av strategisk karakter, og det som avgjer kva for type data ein bør samla inn, er *målsetjinga* i prosjektet, kva slags problemstilling ein ønskjer å kasta lys over (1996:75). Kvalitative data eignar seg spesielt til å oppnå meir eller mindre heilskapleg forståing av spesifikke føremål, ein går i djupna i staden for i breidda, og legg stor vekt på innleving og innsikt. Slik eignar denne typen data seg godt til å utvikla hypotesar og teoriar. Problemet med kvalitative data melder seg når det blir spørsmål om å vurdera kor haldbare dei aktuelle hypotesane og teoriane er. Fordi utvalet

#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

vanlegvis er lite, kan ein ikkje seia så mykje om kor representative funna faktisk er for ein bestemt populasjon. Her er det kvantitative data har sin styrke. Fordi dei gjerne består av store utval som er plukka ut på ein måte som gjer dei representative for den aktuelle populasjonen, kan dei fortelja mykje om utbreiinga til det fenomenet som er under lupa. Kvantitative analysar er dermed også velegna til å testa hypotesar og teoriar. Kvantitative data gjev oversikt, men ikkje nødvendigvis innsikt. Dei er ikkje særleg velegna til å vidareutvikla teoretiske resonnement, og dei gjev ikkje godt grunnlag for å forstå prosessar og samhandlingsmønster (Grønmo 1996:93).

Kvalitative og kvantitative tilnæringsmåtar skil seg altså frå kvarandre på mange måtar. For det første er *innsamlinga av materiale* prega av kva for data ein er ute etter. Det første ein må gjera i innleiinga av innsamlingsfasen er å plukka ut informantar. Dersom siktemålet med undersøkinga er av typen best kan oppnåast ved hjelp av kvalitative data, vel ein informantar ut frå heilt andre kriterium enn om tilnæringsmåten hovudsakleg er kvantitativ. I kvantitative undersøkingar er ein oppteken av statistisk representativitet. Ein ønskjer seg eit utval informantar som på best mogleg måte representerer populasjonen ein er ute etter å undersøkjja. Dei to grunnspørsmåla i denne prosessen er desse: 1) Er utvalet stort nok? 2) Er utvalet representativt for heile populasjonen? (Løvås 1999:15). For å sikra representativitet trekkjer ein anten eit *tilfeldig utval* ut frå den valde populasjonen, eller, noko som er svært vanleg i sosiolingvistikken (Fasold og Wolfram 1997), eit *proporsjonalt utval*. Her deler ein populasjonen inn i dei sosiale grupperingane ein er interessert i, og trekkjer ut like mange personar frå kvar gruppe for å sikra seg ei jamn fordeling av informantane (Løvås 1999:191).

Også i kvalitative tilnærmingar bruker ein omgrepet representativitet i informantutveljingsprosessen, men omgrepet har her eit anna innhald.

Valget av interviewpersoner hviler på kvalitative vurderingar og implicerer både teoretisk og empirisk viden. Givet at jeg har valgt mine interviewpersoner med omtanke og har gode grunde til mit valg, kan man tale om en kvalitativ ikke-statistisk representativitet. Som sagt i anden sammenheng: Jeg vælger 'typiske representanter' for en given sammenheng, og det er sammenhængen og den forskningsinteresse jeg har i den, som bestemmer, hvad der er typisk (Fog 1994, s. 15) (Fog 1996:203-204).

I kvalitative undersøkingar er ein altså i utgangspunktet ikkje særleg interessert i utbreiing eller å telja førekomstar, det viktige er å ha *typiske* informantar som kan spegla av mangfaldet som finst i den gruppa ein ønskjer å undersøkjja. Men også i denne typen tilnærmingar må ein ta stilling til om informantane ein har valt ut "siger noget om gruppen som sådan" (ibid).

Også i sjølve innsamlingsarbeidet avheng tilnæringsmåten av kva for data ein er ute

etter. I det kvalitative forskingsintervjuet siktar ein på ei *mest mogleg fullstendig registrering* av tilgjengeleg informasjon. Informasjonen er det informanten som sit med, og det blir dermed lagt vekt på å få til intervju der ein kjem så nær inn til informanten sine oppfatningar og kategoriseringar som råd, gjennom ein samtale som blir tilpassa informanten sin eigenart.

Jeg forlanger i forskningsprocessen, som i mit liv overhovedet, sammenheng i det jeg hører og ser (Jensen 1990; Gadamer 1986; Taylor 1985) Kvaliteten i intervjuet drejer sig om at få de betydninger og den mening, som interviewpersonen finder i sit liv og sin verden, frem i samtals løb og analysen av det empiriske materiale drejer sig dernæst om at bringe den selvfølgelig indlysende og den underliggende sammenheng eller mening frem i lyset (Taylor 1985) (Fog 1996:202).

I intervju der ein er ute etter kvantitative data, er det viktigaste prinsippet at data skal kunna samanliknast. Ein gjennomfører dermed strukturerte intervju der spørsmåla og svarkategoriane er gjort klare på førehand, og der det viktigaste er å vera nøyaktig, slik at tala ein sit igjen med er korrekte og kan samanliknast statistisk (Grønmo 1996:85ff).

Når materialet er samla inn, er tida inne for den andre store delen av undersøkinga, nemleg analysen av materialet. Også her er skilnadene mellom kvalitative og kvantitative tilnæringsmåtar store. Ved kvalitative undersøkingar er skiljet mellom innsamlingsfasen og analysefasen ofte nokså vagt. I denne typen tilnærmingar vil innsamling, tolking og analyse til ein viss grad gå føre seg på same tid. Ved ein gjennomgang av materialet frå det kvalitative forskingsintervjuet kjem ein fram til nye spørsmål, som ein så går ut att i feltet og prøver å finna svar på. På grunn av denne vekta på samanheng i forskingsprosessen blir det viktig at forskaren sjølv deltek aktivt i feltarbeidet:

[...] from the outset, the research process is an integral part of the interviewing, since the interpretation of meaning as well as the connections in meaning goes on continually during questioning (Alver 1990:9).

Kvantitative tilnærmingar, derimot, har eit svært kategorisk skilje mellom innsamling og analyse. Her går analyse og tolking føre seg etter at innsamlingsarbeidet er ferdig, og dei store datamengdene kan, fordi dei består av samanliknbare tal, handsamast ved hjelp av statistiske teknikkar.

Kvalitative og kvantitative undersøkingar har oftast også ulik målsetjing. I kvalitative undersøkingar er hovudmålsetjinga ofte å få tak i *innhaldet* i dei ulike kategoriane ein presenterer og diskuterer, og kva for *samanheng* det finst mellom dei. Analysen kan brukast til å avklara og utvikla omgrep. Desse omgrepa kan danna grunnlag for kategoriar som igjen kan gjesom utgangspunkt for ei systematisering av materialet. Analyseresultata blir gjerne formidla gjennom sitat frå intervjuutskriftene ein baserer seg på. I kvantitative undersøkingar

#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

er gjerne målsetjinga med analysen å visa *utbreiinga* av dei undersøkte kategoriane, gjennom ei ei mest mogeleg representativ oversikt over generelle tilhøve. Ein er interessert i fordelingar og frekvensar, og driv gjerne med hypotesetesting (Grønmo 1996:91ff).

I lys av denne avklaringa vil eg presentera materiale, metode og målsetjing i mitt prosjekt. Den grunnleggjande *målsetjinga* i prosjektet mitt er av kvalitativ karakter. Eg ønskjer å oppnå heilskapleg forståing og innsikt i eit avgrensa materiale, og eg ønskjer å utvikla hypotesar og teoriar som så seinare, i andre prosjekt, kan testast. Metoden eg bruker for å oppnå ei slik heilskapleg forståing, er likevel basert like mykje på kvantitative data som på kvalitative data.

*Informantutvalet* mitt er av ein type som er mest velegna til kvalitative føremål – eg har få informantar, og dei er ikkje statistisk representative for ein utplukka populasjon. Dei kan derimot seiast å vera representative i ein kvalitativ forstand, dei kan spegla av mangfaldet som finst i den gruppa eg ønskjer å studera – ungdomar i språksamfunn prega av dialektkontakt og språkleg heterogenitet (jf. underkap. 4.2).

I *innsamlingsarbeidet* har eg samla inn både kvalitative og kvantitative data. Det viktigaste materialet er intervjuet eg har gjennomført med informantane i kvar av dei tre innsamlingsfasane. I første fase var det sosiolingvistiske intervju, i andre og tredje fase gjennomførte eg kvalitative forskingsintervju med alle informantane (jf. underkap. 4.3.2). I alle tre fasane blei det henta to typar data frå desse intervjuet – språklege data og innhaldsdata. Dei språklege dataa er av to typar – for det første kategoriske data som blir gjengjevne ved hjelp av tal og tabellar, for det andre tekstbitar frå intervjuet som blir analyserte gjennom nærlesing. Innhaldet i intervjuet (innhaldsdata) blir òg brukt i fortolingsarbeidet, og blir gjengjeve ved hjelp av sitat.

I *analysen* blir dei to typane data blir brukt til å utfylla kvarandre, dei kvantitative for å gje eit oversiktsbilete av språkleg variasjon og endring, dei kvalitative for å visa korleis denne variasjonen og endringa tek seg ut i tekstform (språklege data). Dessutan viser dei informantane si fortolking og forståing av språksituasjonen (innhaldsdata). Innafor ei kvalitativ ramme gjev dei kvantitative dataa meg høve til å få ei oversikt over dei fordelingane og variasjonsmønstra som eg ved hjelp av kvalitative data prøver å fortolka.

*Skiljet mellom innsamlingsfasen og analysefasen* har, som det er vanleg i kvalitative tilnærmingar, vore vagt. Tolkinga av data eg har funne i ein innsamlingsfase har vore med på å avgjera kva eg har sett etter i neste innsamlingsfase. Mange av spørsmåla eg tek opp i avhandlinga er blitt til under innsamlingsarbeidet, og sjølve problemstillinga i avhandlinga er også blitt presisert og finlipt i løpet av analyseprosessen.



### 4.1.2 Å observera språkbruk

Studieobjektet i sosiolingvistikken kan definerast som "the study of language in relation to society" (Hudson 1996:1). Sagt på ein annan måte – sosiolingvistar er opptekne av språket slik det manifesterer seg i sosial kontekst. Den metodiske utfordringa blir dermed å få observert språkbruk slik han utspelar seg i ein naturleg sosial kontekst, utan å bryta sentrale forskingsetiske retningslinjer. Dilemmaet vi dermed står overfor, blei i si tid formulert på følgjande måte av William Labov: "The aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed, yet we can only obtain these data by systematic observation" (Labov 1972:209). Dersom ein ikkje måler det ein har ønskt å måla, har ein eit validitetsproblem (Kristoffersen 1996:226).

Løysinga Labov foreslår på dilemmaet, som er kalla 'the observer's paradox' er "[...] to break through the constraints of the interview situation by various devices which divert attention away from the speech, and allow the vernacular to emerge", noko som kan gjerast mellom anna gjennom å snakka om tema som framkallar sterke kjensler hjå informanten, til dømes ved å få han til å fortelja om situasjonar der han har vore redd for å dø (ibid.). Poenget er altså å få informanten til å gløyma at han er observert og at han blir intervjuet, og få han til å snakka fritt og 'naturleg'.

Både 'paradokset' og forslaget til løysing er etter kvart blitt utsett for kritikk frå ulike hald. For å ta forslaget til løysing først: Det å bryta ufridommen i intervjusituasjonen ikkje uproblematisk. Nessa Wolfson har her peika på at eit intervju er ei språkhandling som i utgangspunktet er klart definert for begge partar:

[...] native speakers of English are quite aware of the rule which gives one of the participants in the interview event the unilateral right to ask questions and the other(s) the obligation to answer them. The distribution of power between the participants is thus clearly delimited and accepted as part of the speech event (Wolfson 1976:190).

At det finst ei slik sjangerforståing av språkhandlinga 'intervju' hjå deltakarane i intervjuet, gjer at det å manipulera med situasjonen for å framkalla meir 'naturleg' språkbruk hjå informantane ikkje er tilrådeleg. Det kan i følgje Wolfson få informanten til å føla seg svært ukomfortabel, fordi situasjonen då ikkje lenger er klart definert, og informanten ikkje forstår si rolle i situasjonen:

From the point of view of the subject, this is not only an unexpected turn of events, but a truly unnatural speech situation. The subject is frequently quite mystified about why a total stranger, armed with a tape recorder, should want to engage him in conversation. He feels that something is very wrong, and he is correct; the rules have been broken and he has no idea what his role should be (Wolfson 1976:196).



#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

Situasjonen kan altså bli unaturleg og pinleg, og, i følgje Wolfson, vil dermed også språkbruken bli 'unaturleg', i den forstand at han ikkje er relatert til ein definert og gjenkjennbar samtalsituasjon. Det er altså ikkje råd å fri seg frå sjangerkrava på ein slik måte.

Dersom ein held seg til dei uskrivne reglane for sjangeren 'intervju', derimot, vil ein få samla inn språkbruk som er heilt naturleg – for denne sjangeren. Og her kjem den andre store innvendinga mot Labov sin diskusjon av 'observer's paradox'; er det verkeleg slik at språkbrukarar har eit 'eigentleg og naturleg' språk som dei bruker i situasjonar der dei føler seg trygge, og som vi dermed, om vi er verkeleg flinke, kan få tak i gjennom det sosiolingvistiske intervjuet (Wolfson 1976:201)? Le Page og Tabouret-Keller, som er blitt kritiserte for aldri å ha gjort opptak av informantane sin 'eigentlege' dialekt, forsvarer seg slik:

Nevertheless, our answer to this last objection forms a major bastion in our general theory; it is that all utterances are affected by the audience, the topic and the setting, and that in general terms – to modify our general hypothesis – the individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group with which from time to time he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished (Le Page og Tabouret-Keller 1985:181).

Her blir det altså hevda at ingen språkbruk går føre seg i eit sosialt vakuum, all bruk av språket går føre seg i ei eller anna form for sosial kontekst, og språkbruken vil alltid vera farga av denne konteksten. Det finst ikkje noko 'eigentleg' eller 'naturleg' språk.

If speech is felt to be appropriate to a situation and the goal, then it is natural in that context. The context itself may be formal or informal, interview or conversation. It is only when norms of speaking are uncertain or violated that one gets 'unnatural' speech [...] (Wolfson 1976:202).

Ut frå eit slikt perspektiv blir det umogleg å skapa 'nøytrale situasjonar' der målet er å få informantane til å snakka 'slik dei plar'. Det viktige blir å gjera greie for den sosiale ramma opptaket blei gjort i, dei fysiske omgjevnadene, kven som var til stades, den språklege bakgrunnen til intervjuar og intervjuobjekt, dei sosiale rollemønstra i intervjusituasjonen – rett og slett gjera greie for dei relevante opplysningane om den sosiale konteksten intervjuar blei gjennomførte i.

Dette perspektivet gjev ei særleg utfordring når ein ønskjer å *samanlikna* data frå ulike intervju. Det viktigaste kriteriet for analyse av kvantitative data er at dei skal kunna samanliknast, og det er ikkje utan vidare uproblematisk dersom det er slik at den sosiale konteksten i kvart enkelt intervju fargar språkbruken. Særleg problematisk blir det når ein,

som eg, ønskjer å samanlikna språklege data frå intervju som har gått føre seg under nokså ulike omstende. Denne problematikken diskuterer eg i underkap. 4.3.2.

## 4.2 Informantutval

For å kunna velja ut informantar til eit sosiolingvistisk prosjekt på ein fornuftig måte, må ein først ha klart for seg kva prosjektet tar mål av seg å undersøkje. Informantane blei i utgangspunktet plukka ut for å delta i hovudfagsarbeidet mitt (Hernes 1998), og måten eg valde dei ut på, var styrt av dei problemstillingane eg var opptatt av i det prosjektet. Då eg bestemte meg for å arbeida vidare med den same informantgruppa, blei dermed utforminga av problemstillinga styrt av det informantutvalet eg hadde til rådvelde. For å kunna gjera greie for korleis informantane er valde ut, og kvifor eg har valt ein slik framgangsmåte, må eg difor gå tilbake til dei avvegingane eg gjorde i forkant av arbeidet med hovudfagsoppgåva (Hernes 1998:39ff).

I klassiske sosiolingvistiske granskingar i labovtradisjonen er gjerne hovudmålet å undersøkje utbreiingsmønstra for eitt eller fleire språklege trekk i eit språksamfunn ein på førehand har avgrensa. I slike undersøkingar blir det dermed viktig å plukka ut eit informantutval som kan representera heile populasjonen i det aktuelle språksamfunnet (jf. underkap. 4.1.1). Då eg skulle plukka informantar til undersøkinga mi, brukte eg ein annan innfallsvinkel. I ei pilotundersøking i 1994<sup>24</sup> viste det seg at talemålsvariasjonen i Os var stor. Det var stor forskjell på dei språklege mønstra i dei ulike krinsane – nokre krinsar hadde eit etter måten konservativt språkleg uttrykk, andre krinsar hadde eit språkleg uttrykk som låg tett opp til bergensk, medan sentrumsområdet peika seg ut med dei mest heterogene språkmønstra – her var det den påfallande språklege variasjonen som slo ein i auga. Fordi eg var interessert i talemålsvariasjon og dialektkontakt, fann eg talemålsmønstra i sentrum mest interessante. Eg visste at det språklege uttrykket i sentrumsområdet ikkje ville vera representativt for språkbruken i heile kommunen, så eg bestemte eg meg for å droppa alle tankar om tilfeldige utval, velja informantar frå sentrumsområdet ut frå alternative kriterium, og utarbeida ei problemstilling som kunne lata seg utforska ut frå dette informantutvalet.

Siktemålet med oppgåva blei å *kartleggja* talemålsvariasjonen i den utvalde gruppa, og vidare å *setja variasjonen inn i ein sosial samanheng*, med særleg vekt på å få innsikt i ulike

---

<sup>24</sup> Ei mellomfagsoppgåve på Nordisk institutt, der eg kartla talemålsvariasjon hjå ungdomsskulelevar på Os basert på spørjeskjema. Alle elevane i niande klasse på Os ungdomsskule (elevar frå sentrum og frå alle krinsane med unntak av to) var informantar.

#### *4 Feltarbeid og materialeinnsamling*

språkhaldningar og språkstrategiar hjå informantane ved hjelp av kvalitativ metode. Eg bestemte at eg ville plukka ut éin skuleklasse frå det øvste skuletrinnet på Os ungdomsskule som informantar. Eg ville at elevane i denne klassen skulle ha gått i lag sidan første klasse, fordi eg rekna med at ei slik gruppe ville kjenna kvarandre godt og fungera som språklege norminstansar for kvarandre. Eg var interessert i å finna ut kor stor språkleg variasjon det ville vera innafor ei slik gruppe, og eg ønskte også å finna ut kor medvite forhold desse elevane ville ha til variasjonen.

På grunn av ønsket om å studera variasjonsmønstra hjå språkbrukarar som hadde vakse opp med felles språknormer, bestemte eg meg for å utelata dei informantane som ikkje hadde budd i Os sidan før dei begynte på skulen. Dette var det einaste kravet eg stilte til informantane. Det har vore vanleg i mange sosiolingvistiske undersøkingar å stilla krav til at minst ein av foreldra skal vera oppvaksen i det aktuelle språksamfunnet (i nyare norske undersøkingar (Akselberg 1995; Selås 2003; Haugen 1998)). Dette kravet har eg ikkje stilt, fordi eg nettopp er interessert i kva ulik foreldrebakgrunn kan ha å seia for språkbruken hjå informantane. Eg er altså ikkje først og fremst interessert i korleis osdialekten held stand hjå dei innfødde osingane, men i korleis ungdomar som er oppvaksne på Os oppfattar og utnyttar dei språklege normene dei er omgjevne av, uavhengig av foreldrebakgrunn.

Å plukka ut ein skuleklasse med elevar frå sentrumsområdet vart vanskelegare enn eg hadde trudd. Det viste seg at alle dei fire klassane frå dei to barneskulane i sentrumsområdet, Kuventræ skule og Os skule, var blitt fylte opp med elevar frå utkantklassane då dei begynte på ungdomsskulen. Det fanst slik ikkje lenger reine sentrumsklassar. Eg valde då å plukka ein klasse som hadde tjue elevar frå sentrumsområdet og ni elevar frå Søre Neset, ein krins som ligg litt sør for sentrum, og som tradisjonelt har hatt eit nokså konservativt talemål. I dei seinare åra er det kome nye byggefelt og mange innflyttarar også til denne krinsen, og fleire av informantane mine frå denne krinsen har innflyttarbakgrunn.

Denne klassen hadde altså tjueni elevar. Som eg hadde rekna med på førehand, var det ikkje alle elevane som ville vera med i undersøkinga. Etter å ha informert klassen munnleg om det planlagde prosjektet, sende eg med dei eit informasjonsbrev heim der resultatet vart at eg stod tilbake med tjuetre interesserte informantar. Det viste seg då eg kom i gang med undersøkinga at tre av desse informantane ikkje var kvalifiserte til å vera med fordi dei ikkje hadde budd i Os sidan før dei begynte på skulen. Slik stod eg altså att med tjue informantar, seks frå Søre Neset og fjorten frå sentrumsområdet. Då eg etter ferdig hovudfag bestemte meg for å prøva å følgja informantane vidare over ein femårsperiode, tok eg kontakt med dei på nytt per brev. Tre av dei tjue informantane reservert seg mot å delta i den utvida

undersøkinga, dei andre sytten blei med vidare. Desse sytten, fem frå Søre Neset og tolv frå sentrumsområdet, har vore med i alle tre undersøkingsfasane, dei tre som var med berre i første fase er tekne ut av undersøkinga.

Informantane i denne undersøkinga er altså ei gruppe ungdomar som gjekk i same klasse på ungdomsskulen, i lag med tolv andre. Dei er ikkje *representative* for ein definert populasjon i statistisk forstand, men dei er *typiske representantar* i kvalitativ forstand (jf. underkap. 4.1.1), for ungdomar i språksamfunn prega av dialektkontakt og språkleg heterogentitet (jf. underkap. 6.4). Dei er ikkje mange, men dei er mange nok til å spegla av eit mangfald av språklege strategiar, oppfatningar og handlingar, og dei er dermed godt eigna som informantar i denne undersøkinga.

### 4.3 Innsamling av materiale

Som skissert ovanfor byggjer denne undersøkinga på tre materialeinnsamlingar, der den første blei gjennomført med eit anna siktemål enn dei to siste. Eg ønskjer å bruka dette materialet i ein studie av talemålsutvikling i heile den undersøkte perioden, og det blir dermed viktig å ha tenkt gjennom i kva grad ein faktisk *kan* samanlikna materialet som er samla inn, til dels under ulike omstende. I det følgjande vil eg gjera greie for korleis innsamlinga av materialet har gått føre seg i dei ulike fasane, og argumentera for at materialet kan brukast i ein studie av utvikling og endring.

#### 4.3.1 Dei tre materialeinnsamlingane – praktiske omstende

Materialet undersøkinga er basert på er samla inn over ein periode på fem år. Innsamlinga har skjedd i tre fasar; hausten og vinteren 97-98, våren 2001 og våren 2003. Då informantane i 1997 blei inviterte til å vera med i prosjektet, gjekk dei i tiande klasse på Os ungdomsskule. Intervjua gjekk føre seg i skuletida, dei tjue informantane blei intervjua to og to, og føremålet med intervjua var hovudsakleg å samla inn språklege data. Våren 1998 blei det gjennomført kvalitative oppfølgingsintervju med fire av informantane. Etter ferdig ungdomsskule gjekk informantane kvar sine vegar, og då eg tre år seinare, våren 2001, skulle gjenoppta feltarbeidet, gav dette meg ein del praktiske utfordringar å hanskast med.

Det viste seg at ein god del av informantane allereie var flytta frå bygda for å gå på idrettsgymnas, folkehøgskule ol. Det gjorde heller ikkje situasjonen lettare at eg på denne tida var busett i Nordland. Takka vere stor velvilje og økonomisk støtte frå arbeidsgjevaren min, Høgskolen i Nesna, klarte eg likevel å få gjennomført feltarbeidet puljevis våren 2001. Eg

#### *4 Feltarbeid og materialeinnsamling*

gjorde i alt tre reiser sørover denne våren, frå februar til juni, medan dei siste intervju blei gjennomførte i sommarferien min i juli og august.

I utgangspunktet hadde eg tenkt å gjennomføra to intervju med kvar av informantane, eitt som skulle brukast til den språklege registreringa, og eit kvalitativt djupintervju. Det språklege kartleggingsintervjuet burde ideelt sett ha blitt gjennomført over same leist som i første innsamlingsfase, dei same informantane intervjuja parvis. Då det kom til stykket, forstod eg at det var vanskeleg nok å få til eitt intervju med kvar av informantane – to blei heilt uoverkomeleg. Å få kalla inn informantane parvis, til dei same intervjupara som i første intervjurunde var heller ikkje mogeleg. Eg bestemte meg då for å intervjuja informantane ein og ein, og på ein måte som kunne gje meg materiale både til den språklege og den innhaldsmessige analysen.

I første innsamlingsfase blei alle intervjuja gjennomførte i skuletida, i same lokale for alle informantane. Denne gongen måtte det gjerast på ein annan måte, og det viktigaste omsynet blei å få informantar som følte seg komfortable i intervjusituasjonen. Eg bestemte meg dermed for å lata det vera opp til informanten kvar intervjuja skulle gjennomførast. Dermed blei 3 intervju gjennomført på eit grupperom på Os gymnas, 1 på ein kafé i Bergen, 7 heime hjå informantane og 6 heime hjå intervjuaren.

Då eg skulle gjennomføra den siste fasen av feltarbeidet vinteren 2003, var rammevilkåra om lag dei same som dei hadde vore i 2001. Informantane var no blitt 20 år, og spreidde for alle vindar. Nokre var blitt studentar, nokre var i militæret eller avtente sivilteneste, nokre hadde ei eller anna form for friår, medan nokre var i ferd med å gjennomføra vidaregåande skule. Også denne gongen måtte eg altså innstilla meg på å gjennomføra intervjuja der det passa best for informanten. Difor blei nokre intervju gjennomførte på informantane sine studiestader rundt i landet, nokre heime hos intervjuaren, nokre heime hos informantane på Os, nokre på kaféar i Bergen og Oslo, og eitt blei gjennomført på kontoret mitt.

Praktisk og økonomisk gjekk det lettare denne gongen, i og med at eg på dette tidspunktet var tilsett som stipendiat ved Universitetet i Bergen og disponerte over mi eiga tid, men til gjengjeld var det til dels meir komplisert å få tak i informantane. Dei første intervju blei gjennomførte i januar 2003, og det siste i juli 2003. Intervjuja blei gjennomførte over same leist som i 2001, som kvalitative djupintervju med kvar enkelt informant.

På bakgrunn av desse opplysningane trengjer altså følgjande spørsmål seg fram: I kva grad kan data frå første fase samanliknast med data frå andre og tredje fase? Kan dei i det heile samanliknast? Det skal diskuterast i det følgjande.

### 4.3.2 Intervjuet – kjelde for to typar data

Intervjua i 1997 og 1998 skil seg altså på fleire måtar frå intervjua som blei gjennomført i 2001 og 2003. I 1997 blei informantane intervjuja to og to. Intervjuet var lagt opp på ein måte som skulle få informantane til å snakka mest mogleg med kvarandre, intervjuaren (underteikna) hadde ei nokså tilbaketrekt rolle. Målsetjinga med intervjuet var hovudsakleg å skaffa mest mogleg relevante språklege data. Våren 1998 blei det gjennomført oppfølgingsintervju med fire av informantane. Her var målsetjinga å skaffa bakgrunnsinformasjon som kunne kasta lys over dei språklege mønstra frå dei innleiande intervjua, og det blei ikkje henta ut språklege data. I 2001 og 2003 blei informantane intervjuja ein og ein. Målsetjinga med intervjuet var todelt – både å få tak i relevante språklege data som skulle kunna samanliknast med data frå innsamlinga i 1997, og å skaffa bakgrunnsinformasjon som dei språklege mønstra kunne tolkast inn i.

Ut frå denne beskrivinga kan det forsvarast å kalla intervjua i 1997 for *sosiolingvistiske intervju* og dei fire intervjua i 1998 for *kvalitative forskingsintervju*. Intervjua i 2001 og 2003 kjem i ein litt problematisk mellomkategori – dei er organiserte som kvalitative forskingsintervju, men den første halvtimen i kvart intervju er også brukt som kjelde for språklege data, på same måte som i eit sosiolingvistisk intervju. I det følgjande vil eg diskutera kva som skil det sosiolingvistiske intervjuet frå det kvalitative forskingsintervjuet, og eg vil drøfta i kva grad det er legitimt å samanlikna språklege data frå to såpass ulike kjelder.

#### 4.3.2.1 Sosiolingvistiske og kvalitative intervju

'Det sosiolingvistiske intervjuet' blei utvikla som metode for innsamling av språklege data av William Labov (Labov 1966). Siktemålet med det sosiolingvistiske intervjuet er å samla inn språklege data, det tematiske innhaldet i intervjuet er ikkje viktig: "In most cases, this means that what informants talk about is less important than the fact that they talk" (Fasold og Wolfram 1997:101)<sup>25</sup> Det sosiolingvistiske intervjuet er lagt opp på ein måte som skal "reduce the effect of observation" (Labov 1994:156), gjennom ulike teknikkar prøver ein å få informanten til å gløyma situasjonen han er i, for å få han til å produsera så 'naturleg' språk som mogleg (jf. underkap. 4.1.2). "The less attention paid to his speech, the more informal

---

<sup>25</sup> Denne framstillinga er basert på artikkelen 'Field Methods in the Study of Social Dialects', i Wolfram W. og Fasold, R.W. (1974) *The Study of Social Dialects in American English*, Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall, s. 36-72

and natural we can expect his speech to be” (Fasold og Wolfram 1997:101) For å få intervjuaren til å bli så usynleg som mogleg kan ein leggja intervjuet opp som gruppeintervju, eller som intervju med to og to informantar om gongen (Macaulay 2002:288).

Intervjua eg gjorde hausten 1997, passar godt inn i dette biletet. Informantane blei, som før nemnt, intervjua to og to, og målet mitt var å få informantane til å snakka så mykje som mogleg med kvarandre, og så lite som mogleg med meg, i alle fall i den første delen av intervjuet. Eg hadde på førehand tenkt ein del på korleis eg skulle sikra meg nok belegg på dei variablane eg ønskte å undersøkje, og intervjuet blei lagt opp på ein måte som både skulle sikra belegg og få informantane til å gløyma den litt uvante situasjonen, gjennom ulike teikne- og forteljeoppgåver. I den siste delen av intervjuet var det eg som styrte intervjuet. Her stilte eg ein del spørsmål om kvardagslivet til informantane, og prøvde å koma inn på emne som tilhøvet til heimstaden og tilgrensande emne. Denne delen av intervjuet, som ikkje var særleg lang, var interessant for meg også innhaldsmessig, og kan dermed seiast å ikkje passa heilt inn i sjangeren sosiolingvistisk intervju.

*Det kvalitative forskingsintervjuet* har ei anna målsetjing enn det sosiolingvistiske intervjuet. Det sentrale innafor eit kvalitativt paradigme er i følge Brit Mæhlum ”å forsøke å etablere en modell av den utforskede sosiale realitet, men da en modell som også inkluderer objektspersonenes egen oppfattelse av seg selv og de sammenhenger de befinner seg i innenfor dette sosiale universet (Mæhlum 1992:100). I det kvalitative forskingsintervjuet er det med andre ord *innhaldet* som er interessant, målet med intervjuet er å belysa eit visst tema eller ei viss problemstilling gjennom ulike nyansar:

Kvalitativ intervjuing tar [...] utgangspunkt i samtalen. Det dreier seg om en annen iscenesettelse enn det strukturerte intervjuet har. Den kvalitative forskeren beveger seg innenfor kulturens dagligdage språk og uttrykksform. Formålet er blant annet å få brakt på det rene respondentens meningsrammer og opplevelse av begivenheter og handlinger (Holter 1996:16).

Intervjuet er fleksibelt lagt opp, og tek utgangspunkt i informanten sin ”større og mindre interesse for og kunskap om de forskjellige temaer, og i forhold til sine egne associationer og tankerækker” (Alver 1998:87f).

Oppfølgingsintervjua eg gjorde våren 1998 passar godt inn i dette biletet. Her la eg opp intervjua på ein måte som kunne få informantane sine eigne oppfatningar og fortolkingar til å stå sentralt. Eg prøvde dermed å unngå leiande spørsmål, slik at ikkje eg skulle ’dytta’ mine inndelingar og kategoriar på informantane. For å få til dette stilte eg opne spørsmål, der informanten sjølv fekk styra framdrifta, ut frå sine eigne føresetnader. Eg laga ikkje lange og styrande spørjelister, men prøvde å utdjupa tre definerte hovudtema (informantane sine



oppfatningar av 1) språkssystemet, 2) språksamfunnet, 3) identitet og haldningar, språklege strategiar) gjennom ein temagaid. Eg hadde førebudd ein del moglege innfallsvinklar og spørsmål for å få informanten i tale, men eg prøvde å laga desse så opne som mogleg, og eg brukte berre delar av dei under intervju.

I intervju frå 2001 og 2003 var målsetjinga todelt. Gjennom eitt og same intervju ville eg ha tak i både språklege data, som seinare skulle kunna samanliknast med det språklege materialet frå 1997, og innhaldsdata. Hovudfokuset blei lagt på dei kvalitative aspekta av intervjuet. Intervju blei organiserte som kvalitative forskingsintervju med fokus på utvalde tema, og det blei ikkje lagt særleg vekt på å følgja prinsippa som ligg til grunn for det sosiolingvistiske intervjuet. I motsetnad til i 1997 prøvde eg ikkje å manipulera fram spesielle grammatiske kategoriar, og i og med at informantane blei intervju ein og ein, seier det seg sjølv at eg som intervjuar fekk ei meir framtrekande rolle enn i intervju i 1997. Det einaste omsynet eg tok for å sikra gode språklege data, var å leggja spørsmåla om språkbruk og språkhaldningar til den delen av intervjuet som ikkje skulle ekserperast språkleg, for å unngå direkte fokus på utplukka språklege former (jf. underkap. 4.1.2).

#### 4.3.2.2 Å samanlikna data frå ulike intervju

I framstillinga ovanfor kjem det nokså klart fram at det språklege materialet frå 1997 er produsert under andre omstende enn det språklege materialet frå 2001 og 2003. Med utgangspunkt i diskusjonen i underkap. 4.1.2 meiner eg at det i og for seg ikkje treng vera problematisk å henta språklege data frå eit kvalitativt forskingsintervju. Det som sjølvstøtt er meir diskutabelt, er om det er råd å *samanlikna* språklege data samla inn i eit sosiolingvistisk intervju med data frå eit kvalitativt forskingsintervju, og hevda at skilnader i språklege mønster mellom dei har sin bakgrunn i at informantane har gått gjennom ei språkleg utvikling. I underkap. 4.1.1 sa eg at det viktigaste prinsippet ved innsamling av kvantitative data nettopp er at dei skal kunna samanliknast.

Korleis kan eg så forsvara å samanlikna språkmønstra i dei tre innsamlingsfasane og bruka dei til å måla språkending? Eit tynt forsvar er å seia at det ikkje finst nokon annan måte å gjera det på. Det fanst ingen måte å gjenskapa intervjusituasjonen i 1997 i andre og tredje fase av innsamlingsarbeidet, og det beste eg kunne få til, var å intervju informantane ein og ein og bruka intervju til eit todelt føremål.

Eg vil hevda at sjølve sjangerskiftet, frå sosiolingvistisk intervju til kvalitativt intervju, ikkje er det kritiske punktet i denne samanhengen. Begge intervjuformene legg opp til å få informanten til å snakka mest mogleg fritt, og eg trur ikkje at informantane opplevde sjølve

#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

intervjuet svært annleis i den første innsamlingsrunden samanlikna med dei to siste. Som eg har gjort greie for ovanfor, prøvde eg i det sosiolingviske intervjuet i 1997 å manipulera fram visse grammatiske kategoriar, og det kan nok ha ført til at frekvensen av visse trekk var høgare i første innsamlingsfase enn i dei to siste. Dette har likevel berre med *talet* på belegg å gjera, ikkje med *fordelinga* av dei, og dette er til ein viss grad kompensert ved at kvart intervjuobjekt i dei to siste innsamlingsfasane produserer meir tale, i og med at dei her blir intervjuåleine. Eit viktig poeng her er at forskingsintervju ikkje er laboratorieforsøk. Vi har med menneske å gjera, ikkje kjemiske stoff, og det er så mange faktorar ein ikkje har kontroll over i ein slik situasjon at det vert meiningslaust å diskutera i kva grad det er oppnådd identisk situasjonell kontekst i dei ulike intervju.

Slik eg ser det, er det éi alvorleg innvending som gjer at ein skal vera litt forsiktig med å bruka dette materialet til å måla språkending; nemleg skiftet i samtalepartnarar frå den første intervjurunden til dei to siste. I den første intervjurunden blei, som nemnt tidlegare, informantane intervjuå to og to, i dei to siste rundane ein og ein. Med utgangspunkt i akkommodasjonsteorien (jf. underkap. 2.3.3) må ein gå ut frå at informantane i 1997 tilpassa seg samtalepartnarane sine språkleg. Dette er ei innvending eg vil ta med vidare i analysearbeidet. Innvendinga om tilpassing til samtalepartnarar er eigentleg også ei viktig innvending mot å samanlikna informantane sine språklege mønster i -97 med kvarandre, dei 17 informantane hadde samtalepartnarar med ulike språklege mønster.<sup>26</sup> Det er difor naturleg å tru at dei akkommoderte språkbruken ut frå samtalepartnaren dei hadde der. Hadde para vore sett saman på ein annan måte, kan det også henda at resultata frå denne undersøkinga hadde blitt annleis, men det er umogeleg å seia. Truleg ville nokre av informantane produsert same språklege uttrykk uansett samtalepartnar, medan andre ville ha justert seg. Retning og grad av akkommodasjon ville variert frå individ til individ. For å gjenta meg sjølv – talet på faktorar som verkar inn er tallaust, og situasjonen umogeleg å kontrollera fullt og heilt. Konsekvensen av denne erkjenninga er at variasjons- og endringsmønstra i det språklege materialet må tolkast med varsemnd og med atterhald.

---

<sup>26</sup> Denne innvendinga vil gjelda alle undersøkingar som nyttar informantintervju der fleire informantar blir intervjuå i lag.

### 4.3.3 Anna innsamla materiale

#### 4.3.3.1 Sosial bakgrunnsinformasjon

I 1997 innleia eg kvart intervju med å be om ein del bakgrunnsinformasjon om kvar informant. Denne innsamlinga blei følgd opp av ei meir grundig innsamling av denne typen informasjon under intervjurunden i 2003 (vedlegg 1), der eg særleg la vekt på å få meir informasjon om foreldre- og familiebakgrunnen til informantane, med fokus på geografi og talemål. Opplysningane frå desse skjema vil bli brukt i underkap. 9.2 der eg koplar sosiale og språklege variablar, og i underkap.9.3 , som ein del av den kvalitative analysen av enkeltinformantar. Eit svært viktig supplement til desse skjematisk innsamla opplysningane er den sosiale bakgrunnsinformasjonen som har kome fram gjennom intervju.

#### 4.3.3.2 Nettverksskjema

Som ein del av kartlegginga av informantane sin sosiale bakgrunn, har eg òg samla inn nettverksopplysningar frå alle informantane ved hjelp av eit nettverksskjema. Dette skjemaet blei i utgangspunktet utarbeidd med bakgrunn i skjemaet Gunnstein Akselberg brukte i si doktorgradsavhandling (Akselberg 1995:425ff). Det blei justert til å passa til mi aldersgruppe og mitt føremål (vedlegg 2).

I skjemaet må informantane gje opp tolv nettverkspersonar. Dei må registrera i kor lang tid dei har kjent vedkomande, kor ofte dei treffer kvarandre, og kor vedkomande kjem frå. I tillegg må dei gje opp kva dialekt dei meiner nettverkspersonen snakkar. Hovuddelen av skjemaet tek for seg registrering av *rollemultipleksitet* og *samhandlingsmultipleksitet*. Det vil seia at dei blir bedne om å gje opp kor mange ulike *roller* kvar enkelt nettverksperson har for dei – t.d. som nabo, ven, fotballtrenar osv., og vidare kor mange *typar aktivitetar* dei gjer i lag med dei ulike nettverkspersonane. Til slutt må dei oppgje kor mange av kontaktane deira som kjenner kvarandre, slik at eg får eit inntrykk av *tettleiken* i nettverket deira.

Den første innsamlinga av nettverksskjema gjekk føre seg i samband med feltarbeidet 1997. Utfyllinga av dette skjemaet gjekk føre seg i ein skuletime. Alle informantane var til stades. Eg forklarte først kva eit nettverksskjema er, og korleis dei skulle gå fram for å fylla det ut, og så gjorde dei resten på eiga hand. Eg svarte på spørsmål undervegs og samla inn skjema etter kvart som dei blei ferdige. Det største problemet var at eg fekk for lite tid til å sjå over skjema etter kvart som dei blei leverte inn, fordi så mange blei leverte på ein gong. Slik oppdaga eg etterpå at enkelte skjema var prega av hastverksarbeid. I den vidare analysen

#### 4 Feltarbeid og materialeinnsamling

i hovudfagsarbeidet bestemte eg meg for å bruka nettverksopplysningane berre i analysen av dei fire informantane som eg hadde plukka ut til det kvalitative oppfølgingsarbeidet. Desse fire hadde alle gjort eit grundig arbeid med nettverksskjemaet.

Den opphavlege planen var å samla inn nettverksopplysningar i alle tre innsamlingsfasane. I denne andre fasen av innsamlingsarbeidet gjekk ikkje dette heilt smertefritt, av fleire grunnar. For det første hadde eg ikkje tenkt på at skjemaet burde justerast i forhold til aldersgruppa. Skjemaet eg brukte var tilpassa kvardagen til ein 15-åring, og eg hadde ikkje teke høgd for dei endringane som kan skje i kvardagsliv og familierelasjonar frå ein er femten til ein er atten. Eg hadde til dømes ikkje gjort plass på skjemaet til sambuarar og egne born, og også aktivitetsforslaga var meir tilpassa ein femtenåring enn ein attenåring.

Det andre problemet var av meir praktisk art. Eg hadde bestemt meg for å lata informantane få litt tid på utfylling av skjemaet, så eg delte dei ut under intervjuet, og bad informantane senda det utfylte skjemaet til meg i løpet av ei veke. Dette viste seg å vera ei gigantisk feilvurdering. Informantane hadde ingen motførestellingar mot å fylla ut og senda tilbake skjemaet, men når det kom til den praktiske gjennomføringa, viste det seg at svært mange gløynde å senda skjemaet i retur. Eg kunne sjølvsagt vore litt meir pågåande her, eg kunne sendt ut nye skjema og mast til eg fekk dei i retur, men det fekk eg av ulike praktiske årsaker ikkje gjennomført. Nettverksinformasjonen i denne andre innsamlingsfasen er dermed nokså redusert.

På grunn av erfaringane frå andre innsamlingsfase valde eg ein annan vri på innsamlinga av nettverksopplysningar denne gongen. For det første justerte eg skjemaet slik at rubrikkane skulle passa til livssituasjonen til ein tjueåring (vedlegg 2), for det andre la eg inn utfyllinga av skjema som ein del av intervjuet. Etter at det kvalitative intervjuet var avslutta, let eg informantane fylla ut nettverksskjemaet. Dei fleste brukte frå tjue minutt til ein halv time på denne utfyllinga.

Informasjonen frå nettverksskjema kjem ikkje til å bli brukt til kvantitative føremål i avhandlinga. Det er fleire grunnar til dette, og det generelle stikkordet er igjen *samanlikning*. Som eg nettopp har gjort greie for, har eg berre samla inn skjema for alle informantane i to av innsamlingsfasane, den første og den siste. Som eg også har gjort greie for, er også skjemaet justert mellom desse to innsamlingsfasane, som ei tilpassing til livsfaseendringane informantane har vore gjennom. Når eg i tillegg har fortalt at ein del av skjemaet i den første innsamlinga blei fylt ut på nokså mangelfullt vis, og at skjema utfyllinga gjekk føre seg på ulike måtar i dei tre innsamlingsfasane, er det vel nokså opplagt at dette er eit tvilsamt

grunnlag for kvantifiseringar. Opplysningane frå skjema vil derimot bli tekne inn som eit supplement i dei kvalitative analysane av enkeltinformantar (underkap. 9.3).

### 4.3.3.3 Lyttetest 98 og 2001

Dei fire informantane som blei plukka ut til å vera med på kvalitative oppfølgingsintervju i 1998 (jf. underkap. 4.3.1) blei i samband med gjennomføringa av dette intervjuet også bedne om å delta i ein lyttetest. I denne testen blei dei presenterte for eit lydband der fire personar hadde snakka inn ein sekvens kvar. Resultata frå denne testen var svært interessante, og førte til at eg gjennomførte ein meir omfattande lyttetest i samband med intervjurunden i 2001. Denne gongen blei alle informantane utsett for lyttetesten, som var lagd opp på ein noko annan måte enn sist gong (jf. underkap. 7.2.1). Resultata frå desse to lyttetestane, saman med det informantane seier om språk og språkbruk i etterkant av testane, er blitt ein viktig basis for analysen i kap.7.

### 4.3.3.4 Anna materiale

Så langt har eg presentert materiale som gjev opplysningar om informantane i undersøkinga. Som eg gjorde greie for i underkap. 3.5, er det relevant å sjå språkhandlingane til informantane i lys av dei sosiale og lingvistiske rammene dei handlar innafor. I det første analysekapittelet, kap. 6, skisserer eg dermed demografiske og kulturelle kjenneteikn ved Os, før eg ser på den språklege utviklinga dei siste tretti åra. Materialet eg har brukt i drøftinga av demografiske og kulturelle rammevilkår, kjem hovudsakleg frå Statistisk Sentralbyrå. I tillegg har eg brukt informasjon frå bygdebøker og liknande skrifter som basis for den historiske framstillinga.

Når det gjeld språkutviklinga i Os, er den mest systematiske gjennomgangen å finna i Arne Aarseth si upubliserte hovudoppgåve frå 1974 (Aarseth 1974). Han byggjer sine opplysningar på grundige utspørjingar av informantar i ulike aldrar frå ulike delar av bygda og på eldre skriftlege kjelder, og presenterer språkssystemet på Os i to ulike versjonar – det han kallar ”eldre mål” og det han refererer til som ”yngre mål”, som er eit forenkla system fonologisk, men morfologisk nokså likt det gamle (Aarseth 1974:27). Eg samanliknar det Arne Aarseth karakteriserer som eldre og yngre osmål med talemålet til informantane mine i 2001, og kjem slik fram til ei idealisert oversikt over tre utviklingstrinn i talemålet på Os.

Dette er langt frå uproblematisk. Undersøkinga til Aarseth i 1974 har eit heilt anna føremål enn mi undersøking, og han bruker dermed heilt ulike metodar for innsamling av materiale. Aarseth er oppteken av å visa språkssystema i høvesvis eldre og yngre osmål ut frå

ein strukturalistisk / dialektologisk tankegang. Han bruker spørjelister og få informantar, og endar opp med å skissera språksystema i det han kallar eldre og yngre osmål, der variasjonen er idealisert vekk. I mine undersøkingar har eg vore meir oppteken av å beskriva den språklege variasjonen, og har ikkje lagt så mykje vekt på å beskriva språksystemet variasjonen gjer seg gjeldande innafor. Gjennom sosiolingvistiske innsamlingsmetodar endar eg opp med å beskriva den språklege variasjonen i materialet, og fokuserer slik på nettopp det Aarseth ser vekk frå. For begge undersøkingane gjeld det at dei ikkje har eit informantutval som er representativt for språksamfunnet Os som heilskap (jf. underkap. 4.1.2).

Når eg likevel vel å sjå vekk frå desse betydelege metodiske problema, er det fordi eg trur dette materialet kan vera verdfullt trass i store manglar. Aarseth sitt materiale gjev eit idealisert bilete av to språktrinn i osmålet si utvikling basert på opplysningar frå namngjevne heimelsmenn, mitt materiale frå 2001 gjev eit inntrykk av den språklege variasjonsbreidda som finst i sentrumsområdet i dag. Dette er nyttig bakgrunnskunnskap når eg vidare skal prøva å kartleggja og tolka informantane si språklege åtferd i undersøkingsperioden.

#### 4.3.4 Oppsummering av datamaterialet

Materialet eg har brukt i avhandlinga er altså samla inn i tre innsamlingsfasar, og er av ulike typar. Det viktigaste materialet er *dei sosiolingvistiske/kvalitative intervju* som er blitt gjennomført i kvar av dei tre innsamlingsfasane, og som er brukt som kjelde for både språklege og innhaldsmessige data. Ei anna viktig kjelde til språkleg informasjon er *dei to lyttetestane*, gjennomført høvesvis i 1998 med fire informantar og i 2001 med alle informantane. For å bidra til det sosiale bakgrunnsteppet dei språklege mønstra utspelar seg i, har eg samla inn informasjon frå ulike kjelder. Eg har samla inn opplysningar om *geografisk og dialektal familiebakgrunn*, eg har samla inn *nettverksopplysningar*, og eg har brukt *innhaldet i dei kvalitative intervju* til å danna meg eit bilete av informantane sin språklege og sosiale forståingshorisont. For å setja dei språklege variasjons- og endringsmønstra inn i ei historisk ramme, har eg nytta Arne Aarseth sine opplysningar om den diakrone utviklinga av osmålet, og eg har nytta meg av data frå Statistisk Sentralbyrå og ulike historiske kjelder i framstillinga av demografisk og kulturell utvikling på Os.

## 5 Tilrettelegging og bruk av språkleg materiale

### 5.1 Bakgrunn for variabelval

Då eg i samband med arbeidet med hovudoppgåva i 1997-98 (Hernes 1998) analyserte det innsamla materialet som låg føre i form av åtte timar med bandopptak, måtte eg finna ein enkel måte å få eit overblikk over den språklege variasjonen i materialet på. Eg tok utgangspunkt i variasjonen mellom osmål og bergensmål, og bestemte meg for å ekserpera materialet ut frå ni variablar der osmålet og bergensmålet tradisjonelt skil seg frå kvarandre. Dei ni variablane var:

- *infinitivsending*
- *presens av sterke verb*
- *presens av svake verb*
- *svake hokjønnsord, ubestemt form, eintal,*
- *hokjønnsord, bestemt form, eintal*
- *substantiv, ubestemt form, fleirtal,*
- *substantiv, bestemt form, fleirtal,*
- *pronomenet det*
- *ei/e-vokalisme i innlyd*

Eg plasserte informantane på ein skala mellom osmål og bergensk med utgangspunkt i kor mange prosent bergensformer dei skåra på desse ni variablane. På nokre av variablane fanst det òg alternative former, som ikkje høyrde til i verken det tradisjonelle osmålet eller bergensmålet. Desse kalla eg for *andre former*. Variabelen *hokjønn bestemt form* hadde til dømes dei tre variantane *-o* (osform), *-en* (bergensform) og *-a* (anna form).

Sidan materialet frå hovudoppgåva utgjer første fase av innsamlingsarbeidet i denne undersøkinga, (jf. underkap. 4.1.2), var det av metodiske grunnar naturleg å halda på dei same variablane. Slik kunne eg måla utvikling og endring i materialet på ein enkel og oversiktleg måte, både på variabelnivå og på informantnivå. Eg har likevel gjort visse endringar etter at hovudfagsprosjektet var slutført, med utgangspunkt i refleksjon rundt kvantifiseringsproblematikk. For det første innsåg eg at variabelen *-ei/-e-vokalisme i innlyd* på mange måtar var ein problematisk variabel å kvantifisera, så denne variabelen er fjerna frå den vidare undersøkinga. For det andre er dei tre variablane som viser *-r* eller ikkje *-r* i trykklett endestaving (*presens av sterke verb, presens av svake verb, substantiv, ubestemt form, fleirtal*) slått saman, grunnane til dette er gjort greie for i underkap. 5.2.3. Det betyr at eg i denne avhandlinga opererer med seks variablar, mot ni i hovudfagsoppgåva. Desse



variablane fungerer slik som indikatorar på moglege språklege endringar hjå informantane. Dei gjev ei første oversikt over mønstra i materialet, ei oversikt som blir følgt opp med kvalitative nærstudiar av språkleg utvikling hjå enkeltinformantar (kap. 8).

Då eg i si tid plukka ut dei språklege variablane som er brukte i denne undersøkinga, tok eg tre omsyn. For det første skulle variablane ha *ulike variantar* i bergensmål og yngre osmål, for det andre skulle dei vera *frekvente*, og for det tredje skulle dei vera *distinkte*, med fonetisk tydeleg skilje mellom den lokale forma og den nivellerte forma (Hernes 1998:48ff). Som ein naturleg konsekvens av det første kravet målte dei fleste variablane hovudsakleg morfologisk variasjon, sidan det er morfologien som i dag i størst grad representerer dei språklege skilnadene i osmålet og bergensmålet (jf. underkap. 6.3.2). Dei to andre krava kjem eg tilbake til undervegs i variabelpresentasjonen.

Kvantifisering er inga enkel sak. Undervegs i ekserperingsarbeidet møtte eg utfordringar av ulike slag. Nokre av dei let seg lett løysa, andre førte til djuptgåande teoretiske refleksjonar av ulike slag. Desse problema, og løysingane eg valde, vil eg gjera greie for i underkap. 5.2.

### 5.1.1 Kva bør variantane heita?

I hovudoppgåva mi i 1997 kalla eg, som nemnt ovanfor, variantane av dei språklege variablane for *osform*, *bergensform* og *anna form*. Desse termene meiner eg no er noko uheldige. Det er blitt meir og meir klart for meg at det kan verka styrande på tolkinga av resultata å bestemma på førehand kvar eventuell påverknad utanfrå kjem frå. Det er nemleg ikkje slik at alle formene eg har kalla 'bergensformer' berre finst i eit bergensk språkssystem, og det eg har kalla 'osformer' finst heller ikkje berre i osmålet. Eit døme her er vekslinga mellom *a*-infinitiv og *e*-infinitiv. *A*-målsområdet dekkjer heile Sør-Vestlandet, med unntak av Bergen by, medan *e*-målet blir brukt i resten av landet med unntak av apokope-området (her ser eg bort frå komplikasjonane knytt til jamvekt). Når eg kallar *e*-infinitiv for *bergensform*, ser eg bort frå at det er ei form som er vanleg i store delar av landet, og bestemmer at bruken av denne forma i Os skal tolkast som bergenspåverknad. Dette er lite heldig, fordi eg då alt i utgangspunktet har bestemt meg for korleis funna i materialet skal tolkast.

Dei fleste seks variablane i den kvantitative analysen har ikkje-lokale former som har nokså stor utbreiing på landsbasis. Eg har difor bestemt meg for å skifta ut termene 'osform' og 'bergensform' med 'lokal form' og 'nivellert form med støtte i bergensk' (forkorta til 'bergensstøtta nivellering'). 'Lokal form' refererer då til former som er, eller har vore, ein del

av språkssystemet på Os, medan 'nivellert form med støtte i bergensk / bergensstøtta nivellering' refererer til former som er nye i det lokale språkssystemet, og som også finst i bergensk. I analysen kjem eg til å skilja mellom former i denne kategorien som er sjeldsynte i norske talemål utanom Bergen ('bergensspesifikke former'), og former som er i bruk i Bergen i tillegg til mange andre stader, for å sjå om det er nokon skilnad i måten desse to typane bergensstøtta nivellerte former blir tekne opp på i det lokale talemålet. Former som er nye i det lokale språkssystemet, men som ikkje finst i bergensk, kallar eg for 'nivellert form utan støtte i bergensk' (forkorta til 'alternativ nivellering').

Grunnen til at eg skiftar termar, er altså ønsket om å kunna tolka variasjons- og endringsmønstra i materialet ut frå eit så nøytralt utgangspunkt som mogeleg. Det er ikkje usannsynleg at Bergen er ein sentral nivelleringsinstans for ei etter måten lita bygd som ligg berre tre mil unna, men det er ikkje gjeve at all påverknad utanfrå kjem frå Bergen. Det kan til dømes vera interessant å sjå om former som er utbreidde over store delar av landet i tillegg til i Bergen har fått større gjennomslag i Os enn former som er meir spesifikt bergenske. Det gjev innspel til ein diskusjon om kva for sosial meining dei ulike språkformene har. Denne diskusjonen kjem eg tilbake til i underkap.6.4.2.

## 5.1.2 Presentasjon av variablar

### 5.1.2.1 Presens- og fleirtalsending (PFE)

Variabelen *presens- og fleirtalsending* har dei to variantane *bortfall av endings-r* (lokal form) og *r-ending står* (nivellert form med støtte i bergensk). Dette er ein samlevariabel som har teke opp i seg dei tre opphavlege variablane *fleirtal ubestemt form*, *presens sterke verb* og *presens svake verb*. Desse tre er slått saman til ein variabel i ein del av analysane fordi dei frå eit fonologisk synspunkt kan seiast å beskriva same fenomen – nemleg *-r* eller ikkje *-r* i trykklett endestaving.

Ved *fleirtal ubestemt form* har den bergensstøtta nivelleringa eit mindre komplekst system enn osmålet; alle substantiv i fleirtal (med nokre unntak som eg straks kjem tilbake til) har den same endinga, medan den lokale forma vekslar mellom vokalending på *-a* og *-e* alt etter kjønn og bøyingsklasse. Lokalt heiter det /<sup>2</sup>gʊtɑ, <sup>2</sup>jentɛ, <sup>2</sup>ɛplɛ/, høvesvis som hankjønn, hokjønn og inkjekjønn, medan den bergensstøtta nivelleringa er /<sup>2</sup>gʊtAɛ, <sup>2</sup>jentAɛ, ɛplAɛ/.<sup>27</sup>

---

<sup>27</sup> Transkripsjonsteiknet /A/ er uvanleg. Jf. diskusjon av transkripsjonssystem i underkap. 5.3.2.1.

## 5 Tilrettelegging og bruk av språkleg materiale

*Svake verb i presens* har det same systemet: Dei to svake verbklassane har lokal form som høvesvis *-e* eller på *-a* avhengig av verbklasse, medan den bergensstøtta nivelleringa har same bøyingsending i presens for begge dei to bøyingsklassane. Det heiter altså /<sup>2</sup>kasta/, men /<sup>2</sup>ta:pɛ/ i osmålet, medan dei to verba blir bøygd likt i den nivellerte forma, der det heiter /<sup>2</sup>kastAɛ/ og /<sup>2</sup>ta:pAɛ/.

Når det gjeld *sterke verb i presens* har også osmålet berre ei ending, nemleg *-e*. Den lokale presensforma av *å finna* er /finɛ/, medan den bergensstøtta nivelleringa er /finAɛ/. Den trykklette endingsvokalen er historisk sett ein innskotsvokal (svarabhaktivokal). Norrøn *-r* har falle bort og berre innskotsvokalen står att. I den bergensstøtta nivelleringa har både innskotsvokalen og *r*-endinga halde stand.

Eg har ikkje teke omsyn til om informantane har ein korrekt distribusjon av dei ulike endingane av dei lokale formene. Så lenge formene har *r*-bortfall, er dei blitt rekna som lokale former. Eventuelle forenklingsprosessar og vakling i det lokale systemet blir altså ikkje fanga opp i denne kategoriseringa.<sup>28</sup>

Det er verd å notera seg at variabelen *fleirtal ubestemt form* ikkje omfattar alle substantiv i fleirtal ubestemt form. Ein del sterke inkjekjønnsord har ending *-0* i eintal og fleirtal ubestemt form. Dette gjeld både i Bergen og Os, sjølv om ein del av desse leksema har fått fleirtalsending ved analogi i bergensmålet. I osmålet heiter det slik /<sup>1</sup>ho:ɛ/ og /hɜ:s/ medan det i bergensk kan heita /<sup>2</sup>hɜ:sAɛ/, men ikkje anna enn /<sup>1</sup>ho:ɛ/ (Larsen og Stoltz 1912:118f). Belegg frå denne bøyingsklassen som blir bøygd utan ending er ikkje med i materialet. Dei som ved analogi har fått ending (som dømet ovanfor), er tekne med. Heller ikkje alle *svake verb i presens* er omfatta av variabelen. Som diskutert i underkap. 5.1.2.4 har einstavingsverb med utlyd på rotvokalen i infinitiv eit nokså spesielt bøyingsmønster. I presens føyer dei *r*-ending direkte til rotvokalen i begge dialektane, og dei har dermed ikkje noka trykklett bøyingsending i det heile. Desse er dermed ikkje med i beleggtilfanget. Opphavleg hadde *dei sterke verba* også vokalskifte i presens i osmålet. Dette er i stor grad på veg ut, og var det alt i 1974 (Aarseth 1974:163), difor har eg ikkje rekna vokalskifte som eit kriterium for å kategorisera ei form som osmål. Former som /<sup>1</sup>blo:sɛ/ (presens av *å blåsa*, i eldre osmål /<sup>1</sup>ble:sɛ/) er altså kategoriserte som osformer.

---

<sup>28</sup> Interne forenklingsprosessar ved svake verb kjem eg likevel inn på, sjå ekskurs i underkap. 6.4.

Både fleirtal ubestemt form, svake verb og sterke verb er kategoriar med mange belegg, kravet om høg frekvens er dermed oppfylt. Når det gjeld kravet om distinktheit er problema noko større. Utfordringane her vil bli diskuterte i underkap. 5.2.3.

### 5.1.2.1.1 *Ein, tre eller mange variablar?*

Sidan dei tre kategoriane som utgjer denne samlevariabelen (*fleirtal ubestemt form, presens sterke verb og presens svake verb*) ut frå ein fonologisk synsvinkel ser ut til å handla om same fenomenet og dessutan ser ut til å oppføra seg svært så likt, kunne det vera freistande å oppfatta det heile som ein einaste, fonologisk styrt, variabel. Ein kunne til dømes formulert denne fonologiske regelen: *I osmålet kan ikkje /ɸ/ avslutta ei trykklett staving*. Denne fonologiske regelen stemmer likevel ikkje heilt med den faktiske situasjonen. Det er ikkje vanskeleg å finna døme på ord med *-r* i endestaving i osmålet, vi kan til dømes nemna *vakker, lekker, meter, sukker, fager*, i tillegg til verbalsubstantiv av typen *nomina agentis*, til dømes *lærar, bakar, mekanikar*. Det ser altså ut til endings-*r* i stammer og i avleiingssuffiks eventuelt må haldast utanfor. Det betyr at det grammatiske mønsteret blir betre fanga opp gjennom formuleringa av ein morfofonologisk regel: *I osmålet kan ikkje /ɸ/ lenger avslutta ei bøyingsending*.

Eg har likevel valt å *ikkje* slå saman dei ulike undergruppene av variabelen heilt utan atterhald. Som eg vil drøfta i underkap. 5.2.3 kan det sjå ut som det er det små, men systematiske skilnader i distribusjonen av endingane hjå dei ulike bøyingsklassane, avhengig av om dei opphavleg har bøyingsending med vokalen *-a* eller vokalen *-e*. Slik kan ein diskutera om dei tre presenterte underkategoriane av samlevariabelen ikkje er den relevante inndelinga, men at bøyingsklassenivå, og at morfologiske tilhøve faktisk kan ha noko å seia for forminga av distribusjonsmønstra. Eg vil difor, etter å ha presentert distribusjonsmønstra for samlevariabelen, også visa resultata for dei ulike bøyingsklassane av svake verb og substantiv ubestemt form fleirtal.

### 5.1.2.2 **Hokjønn bestemt form (HB)**

Variabelen *hokjønn bestemt form* har dei tre variantane *-o* (lokal form), *-en* (nivellert form med støtte i bergensk) og *-a* (nivellert form utan støtte i bergensk). I osmålet har både sterke og svake hokjønnsord *o*-ending, noko som skil osmålet frå nabomåla i nord (nordhordlandsmål) der hokjønnsbøyinga er kløyvd, og frå bergensk, som ikkje har hokjønn i

det heile. Det heiter altså /<sup>2</sup>jentu/ i osmålet, i motsetnad til den bergenske felleskjønnvariantaen /<sup>2</sup>jentɲ/. Forma /<sup>2</sup>jenta/ finst også i materialet.

Også på denne variabelen var det ein tilfredsstillande høg beleggfrekvens, og den fonetiske distinksjonen mellom dei to variantane er det ingenting å seia på.

### 5.1.2.3 Fleirtal bestemt form (FLB)

Variabelen *fleirtal bestemt form* har dei tre variantane *-a- i bøyingsending* (lokal form, til dømes /<sup>2</sup>gʊtʌnɛ/,) og *berre -e- i bøyingsending* (nivellert form med støtte i bergensk, til dømes /<sup>2</sup>gʊtɲɛ/) og *a-ending* (nivellert form utan støtte i bergensk, til dømes /<sup>2</sup>gʊtʌ /). Lokalt skil ein mellom endingane etter kjønn – det heiter såleis /<sup>2</sup>gʊtʌnɛ, <sup>2</sup>jentɲʌ, <sup>1</sup>hʌ:sɲʌ/, høvesvis som hankjønn, hokjønn og inkjekjønn, medan den bergensstøtta nivelleringa har felles ending for begge kjønn (felleskjønn og inkjekjønn). Her heiter det altså /<sup>2</sup>gʊtɲɛ, <sup>2</sup>jentɲɛ, <sup>1</sup>hʌ:sɲɛ/.

Under denne variabelen har eg berre registrert bruk av *-a-* eller ikkje bruk av *-a-* i bøyingsending i bøyingsending. Det vil seia at eg ikkje har teke omsyn til om bruken av *-a-* er 'korrekt' ut frå kjønn til ordet. Dersom ein informant har brukt forma /<sup>2</sup>jentʌnɛ /, er det blitt registrert som lokal form. Variabelen fangar altså ikkje opp veksling mellom bøyingsmønstra internt i osmålet, berre veksling mellom lokal form og nivellert form.

I eldre osmål hadde inkjekjønnsforma *o-ending* på same måte som hokjønnsorda i eintal bestemt form, det heitte t.d. /<sup>1</sup>hʌ:su/. Denne forma rekna Arne Aarseth i 1974 som eldre mål, erstatta i det yngre målet av forma *-na* (Aarseth 1974:120), og denne forma er dermed ikkje sett opp som nokon alternativ variant for variabelen. Eg fann ingen slike former i materialet.

Denne variabelen er etter måten frekvent i materialet, og det er ikkje vanskeleg å høyra forskjell på dei tre variantane og slik kategorisera belegga.

### 5.1.2.4 Infinitivsending (INF)

Variabelen *infinitivsending* har dei to variantane *-a* (lokal form) og *-e* (nivellert form med støtte i bergensk). Den lokale forma er /<sup>2</sup>kastʌ/, medan den bergensstøtta nivelleringa er /<sup>2</sup>kastʌɛ/. Som resten av Hordaland utanom Bergen er Os ein del av det såkalla *a-målsområdet*, som har halde på ureduerte trykklette vokalar i infinitiv og svake hokjønnsord i ubestemt form.

På same måte som ved variabelen *fleirtal ubestemt form* omfattar ikkje variabelen alle belegga som kjem inn under den generelle variabelmerkelappen. I infinitiv finst det ei nokså stor gruppe verb som i infinitiv er einstava med utlyd på rotvokalen. Dei har *r*-ending i presens og alltid *-de* som ending i preteritum. Døme: /<sup>1</sup>blø:, <sup>1</sup>ku:, <sup>1</sup>sy:/. Denne typen verb har altså inga trykklett vokalending i infinitiv, og dei er dermed ikkje tekne med som belegg på denne variabelen.

Denne variabelen er svært frekvent, og den fonetiske skilnaden mellom den nivellerte /ɛ/ og den lokale endinga /a/ er forholdsvis lett å oppfatta, og belegga er dermed lette å kategorisera.

### 5.1.2.5 Svake hokjønn ubestemt form (HU)

Variabelen *svake hokjønn ubestemt form* har dei to variantane *-a* (lokal form) og *-e* (nivellert form med støtte i bergensk). På same måte som variabelen ovanfor, *infinitivsending*, viser endinga i hokjønn ubestemt form at osmålet er ein del av *a*-målsområdet. Den lokale forma er /<sup>2</sup>jenta/, den bergensstøtta nivelleringa er /<sup>2</sup>jentɛ/.

Belegg på denne variabelen er ikkje særleg frekvente i materialet. Eg har likevel ønskt å ha med denne variabelen, både for å kunna samanlikna med den andre *a*-målsvariabelen, *infinitivsending*, og for å kunna sjå på samanhengen mellom bruk av osformer og bergensformer i bestemt og ubestemt form hokjønn. Den fonetiske skilnaden mellom den bergenske /ɛ/ og osmålsendinga /a/ er, på same måte som ved infinitivsvarelben, forholdsvis lett å oppfatta, belegga er dermed lette å kategorisera.

### 5.1.2.6 Pronomenet *det* (PR)

Variabelen *pronomenet det* har dei to variantane *da* (lokal form) og *de* (nivellert form med støtte i bergensk). Denne variabelen er leksikalsk. Dette er ein svært frekvent variabel, det er ikkje mogleg å ytra særleg mange setningar i samanheng utan å bruka leksetet *det* med funksjon anten som demonstrativt determinativ eller som personleg pronomen. Dette er faktisk den variabelen som eg har flest belegg på. I utgangpunktet er det ikkje vanskeleg å høyra forskjell på dei to variantane, men det oppstår problem når den trykklette forma av dette pronomenet blir etterfølgt av ein trong vokal, anten *e-* eller *i-*. Løysinga på dette problemet diskuterer eg i underkap. 5.2.2.

## 5.2 Kvantifiseringsproblematikk

### 5.2.1 Utfordringar knytt til kvantifisering

Klassisk sosiolingvistikk er basert på kvantifisering av språkleg variasjon. Ein plukkar ut dei språklege trekka ein er interessert i å studera (variablar), identifiserer dei moglege måtane å realisera dette trekket på (variantar), og tel så opp kor mange gonger det aktuelle trekket opptrer som den eine eller den andre varianten i ein tekst. Dette er enkelt, greitt og ryddig, og gjev eit klart bilete av variasjonsmønstra for dei språklege trekka ein er ute etter.

Uproblematisk er dette likevel ikkje. Det er mange ting å tenkja over og ta omsyn til når ein skal ekserpera belegg. Ein del problem kan ein kvitta seg med gjennom gode kriterium for fjerning av belegg, andre problem er det vanskelegare å gjera noko med, bortsett frå å gjera greie for dei og skapa rom for dei skeivheitane dei kan skapa i arbeidet med analysen. I det følgjande skal eg gjera greie for nokre av desse faktorane slik dei gjer utslag i mitt materiale.

Ei stor utfordring for alle som studerer språkleg variasjon i naturleg tale er å få tak i mange nok belegg på dei utvalde variablane. Dette er grunnen til at variasjonssosiolingvistikk i labovtradisjonen jamt over har studert fonologiske variablar som opptrer med høg frekvens (ref.) Dersom ein, som eg, er meir interessert i morfologisk variasjon, kan ein få ei større utfordring med å skaffa nok belegg. Som ein kan sjå i vedlegg 5 (tabellarisk oversikt over belegg) varierer talet på belegg i materialet mitt nokså mykje frå variabel til variabel (til dels også frå informant til informant). Den mest utsette variabelen er *hokjønn ubestemt form*, der det hjå to informantar ikkje finst belegg i ein av dei tre fasane, høvesvis ved materialet frå første og andre fase. Hjå andre er prosenttalet på denne variabelen basert på eitt eller to belegg, og det seier seg sjølv at dette ikkje er heldig. Ved variabelen *pronomen* er situasjonen ein heilt annan, her er det jamt over fleire hundre belegg per informant.

Ein annan kompliserande faktor er varierende variasjonsmønster hjå dei ulike variablane; *leksemavhengig* versus *fri* variasjon (Kristoffersen 1996:229). Ved variabelen *hokjønn bestemt form*, og til dels også ved variabelen *hokjønn ubestemt form*, ser det ut til at valet av variant i nokon grad er knytt til kvart enkelt leksem, medan dei andre variablane ser ut til å ha ein meir fri variasjon. Ved variabelen *infinitiv* ser det ikkje ut til å vera nokon samanheng mellom leksem og endingsval. Til dømes blir ikkje verbet *kasta* systematisk realisert med *-a* og verbet *lesa* med *-e*. Ved variabelen *hokjønn bestemt form* er det tydeleg at til dømes dei leksema som endar på suffikset *-ing*, i høg grad blir bøygde etter hankjønnsparadigmet, medan leksem som har med familiære relasjonar å gjera, i størst grad



ser ut til å halda på hokjønnsendinga. Slik seier mange *moro* og *søstero*, men *dronningen* og *vaskingen*. Det vil seia at desse variablane er meir utsette for problemet med at mykje bruk av eitt enkelt leksem fører til store utslag på prosentdelen. Ein kan sjølvstund diskutera om dette er eit problem – det er råd å argumentera for at høg frekvens av eitt enkelt leksem, realisert som ein viss variant, vil oppfattast på same måte som høg frekvens av same variant fordelt på mange ulike leksem. I stor grad er det nok også slik, men ein må også ta høgd for at enkeltleksem kan melda overgang til eit alternativt bøyingsmønster ved analogi, og slik ikkje lenger blir oppfatta av språkbrukarane som medlem i den bøyingsklassen han opphavleg høyrer til i. Dette trur eg er i ferd med å skje med *ing*-orda. Det er vanskeleg å omsyn til dette på nokon annan måte enn ved å gjera merksam på det undervegs i analysen.

Ein tredje faktor som kan gjera at målingane slår skeivt ut, er at språkbrukarane kan ha utvikla systematiske bøyingsmønster der systematikken ikkje blir fanga opp ut frå den kategoriseringa som er vald. Eit døme på at systematiske mønster kan føra til tilfeldige tal i tabellane har vi i variabelen *bestemt form fleirtal*. Her har eit par av informantane utvikla eit system der dei bruker osforma *-ane* på hankjønnsord og bergensforma *-ene* på hokjønns- og inkjekjønnsord. Det vil altså seia at det vil avhenga av kjønnet på belegget om ordet blir registrert som osform eller bergensform, og dersom det er få hankjønnsord og mange hokjønnsord hjå ein av desse informantane, vil dette gje kraftige utslag. Dette problemet kunne vore løyst dersom eg hadde delt variabelen inn i to undervariablar som kunne heita *+mask* og *-mask*. Det har eg ikkje gjort. Problematikken knytt til avhengig variasjon blei ikkje klar for meg før etter andre undersøkingsfase (2001), og då var det vanskeleg å omkoda materialet frå 1997.

### 5.2.2 Prinsipp for variabelregistrering

Under arbeidet med ekserperinga dukka det opp ein del metodiske utfordringar som eg måtte finna løysingar på. Desse utfordringane og løysingane vil bli presenterte i det følgjande. Generelt gjeld det at belegg som av ein eller annan grunn er umoglege å oppfatta, og dermed å kategorisera, er tekne ut. I samanhengande tale vil det alltid, særleg i trykklett posisjon, dukka opp ein del døme på ord der meiningsinnhaldet kan oppfattast ut frå konteksten, men der sjølve lydstrengen er så forkorta at det ikkje er råd å kategorisera bøyingsendingar. Alle slike tilfelle er fjerna.

For variabelen *fleirtal bestemt form* er kategoriseringa stort sett uproblematisk, men der finst nokre problematiske leksem. Som nemnt er den lokale forma av denne variabelen *-ena* eller *-ane*, den bergensstøtta nivellerte forma er *-ene*, og den alternativt nivellerte forma

er *-a*. Eit par sterke inkjekjønnsord tek *a*-ending både som lokal form og nivellert form, typen /<sup>1</sup>bærna/. Larsen og Stolz nemner ikkje noko om *a*-ending for desse leksema, men eg oppfattar former som *benene* og *barnene* som eldre former som ikkje er i allmenn bruk i bergensk talemål i dag, sjølv om dei framleis er vanlege i nokre miljø. Eg har difor valt å ta belegga på desse få utvalde leksema ut frå materialet. For dei to hokjønnsvariablane dukka det opp eit problem av ein litt annan type. Det er ikkje alltid kategoriske skilje mellom hankjønn og hokjønn i substantiv, det finst ein del ord med valfri bøyning. I tilfelle der desse orda er bøygde etter eit hankjønnsparadigme, har eg ikkje registrert dei, fordi det ville vera umogleg å seia om informanten oppfatta ordet som eit hokjønnsord og bøygde det etter felleskjønn, eller oppfatta det som eit hankjønnsord.

Eit anna problem for hokjønn ubestemt form og som gjeld infinitiv i endå sterkare grad, er *bortfall av trykklett endingsvokal*. For nokre få leksem (*vera*, *gjera*, *spørja*) førekjem apokope i alle omgjevnader, både føre vokal, konsonant og pause. Desse leksema står i ei særstilling, som eg gjer greie for i ein ekskurs i underkap. 6.3.3.1, og dei er tekne ut av materialet. Også andre verb kan missa den trykklette vokalendinga i infinitiv dersom framlyd i neste ord i lydstrengen er ein vokal, desse tilfella er også tekne ut av materialet.

Også i samband med pronomenvariabelen dukkar det opp eit problem. Pronomenet *det* står svært ofte i ein trykklett posisjon i setninga, og dersom det neste ordet i setninga byrjar på ein vokal blir desse to orda oftast trekte saman. Dersom denne vokalen er ein *e* eller *i*, blir som regel resultatet ei samantrekning: /de <sup>1</sup>kalt i dag/ (det er kaldt i dag) eller /di<sup>1</sup>ε <sup>1</sup>din feil / (det er ikkje din feil). Eg har difor teke ut alle belegg som blir etterfølgde av ord med *e* eller *i* i framlyd.

Den største ekserperingsutfordringa møtte eg i underkategoriane *fleirtal ubestemt form* og *presens svake verb* av samlevariabelen *presens- og fleirtalsending*. Denne utfordringa blei utgangpunktet for refleksjonar og diskusjonar på ulike nivå, og blir difor teke opp for seg i det følgjande avsnittet.

### 5.2.3 Dei problematiske *r*-variablane

Kva for krav skal ein stilla til ein lingvistisk variabel? Det var William Labov som i si tid sette bruken av lingvistiske variablar i sosiolingvistiske undersøkingar i system. Ein må finna språklege trekk som er frekvente, som er ein del av språkstrukturelt system, og som kan visa ein mest mogleg assymetrisk distribusjon på tvers av sosiale klassar og ulike aldersgrupper, slik at dei best mogleg kan visa sosiolingvistisk variasjon (Labov 1972:7f). Som Richard

Hudson poengterer: Sociolingvistiske variablar ”call out for a sociolinguistic explanation precisely because no other explanation is relevant” (Hudson 1996:169). Den språkleg systematiske variasjonen ved slike variablar kan ikkje forklarast ut frå grammatiske eller leksikalske tilhøve, berre sosiale tilhøve kan gje innsikt i denne variasjonen.

Det å finna fram til variablar av denne typen kan by på utfordringar, og Labov åtvarar mot å ta for lett på denne delen av førebuingane til ei sociolingvistisk undersøking. Ei av utfordringane han tek opp, er å få tak i variablar som er homogene, i den forstand at dei involverte belegga varierer etter same mønster.

The correct analysis of the linguistic variable is the most important step in sociolinguistic investigation. We want to isolate the largest homogeneous class in which all subclasses vary in the same way. If we fail to do this, and throw together invariant subclasses, high-frequency and low-frequency subclasses, our view of the sociolinguistic structures will be blurred. The regular pattern of the variable may be submerged by a large number of irregular cases – or even elements varying in a reverse direction (Labov 1972:72).

Dersom underklassane av ein variabel viser seg å variera etter mønster som avvik frå hovudmønsteret, vil dei gje eit misvisande bilete.

I norsk samanheng er kanskje Kjetil Jensen den som har arbeidd mest grundig med det metodiske grunnlaget for den sociolingvistiske variabelen. I hovudfagsoppgåva si er han oppteken av å koma fram til lingvistiske variablar som på best mogleg måte kan visa dei sosiale variasjonsmønstra knytt til apokope. Jensen er oppteken av at ”at variabelen, i den grad det er mulig, blir frigjort fra den variasjonen som skyldes ulike intralingvistiske omgivelser” (Jensen 1999:27). I hans tilfelle betyr det at han må skilja mellom tostavings- og trestavingsord i analysen, og at han også må dela opp materialet etter grammatisk kategori. Apokopeprosenten varierer drastisk mellom dei ulike kategoriane – 99% av belegga på variabelen *presens* er apokoperte, medan berre 13% av belegga på variabelen *bestemt adjektiv* er apokoperte. Jensen må dermed dela det som ein kunne tenkja seg kunne vore ein enkelt variabel – apokope – i mange undergrupper for å skilja den sosiale variasjonen frå den interne lingvistisk avhengige variasjonen.

Behovet for refleksjon rundt avgrensinga av den lingvistiske variabelen blei påtrengjande då eg skulle begynna å ekserpera belegga på PFE-variabelen (presens- og fleirtalsending), nærare bestemt for underkategoriane *fleirtal ubestemt form* og *presens svake verb*, som nemnt i underkap. 5.1.2. Desse to kategoriane har same moglege variantar; *bortfall av endings-r* (lokal form) og *r-ending står* (nivellert form). Den lokale varianten av denne variabelen er ei veksling mellom vokalendingane *-e* og *-a* avhengig av bøyingsklasse og kjønn, medan den bergensstøtta nivelleringa er bøyingsendinga *-Ar* for alle belegga.

## 5 Tilrettelegging og bruk av språkleg materiale

Problemet har å gjera med det tredje av dei kriteria eg innleiingsvis (underkap. 5.1) lista opp, nemleg at variantane til ein variabel skal vera *distinkte*, med eit fonetisk tydeleg skilje mellom den lokale forma og den nivellerte forma. Det viser seg nemleg at bakre *-r* i trykklett ending ofte kan vera vanskeleg å oppfatta. Ofte er sjølve kontakten mellom tungerygg og drøvel borte.

Dette fører til at det blir vanskeleg å høyra forskjell på den nivellerte varianten *-Ar* og den lokale varianten *-a*. For variabelen *fleirtal ubestemt form* blei det dermed eit problem å skilja mellom den lokale hankjønnsforma *-a* og den nivellerte forma *-Ar*. Likeeins for variabelen *presens svake verb*, der det blei vanskeleg å skilja mellom lokal *a*-verbform *-a* og den nivellerte forma *-Ar*. Eg hadde som hovudprinsipp at eg ikkje kunne godta belegg der eg ikkje var sikker på om eg høyrde den lokale varianten *-a* eller den nivellerte varianten *-Ar*, samstundes som eg hadde eit ønske om å behalda så mange belegg som mogleg i materialet. Ut frå desse to prinsippa utarbeidde eg kriteria for å godkjenna belegg. For at eit belegg skulle bli godkjent måtte det anten:

1. *ha vokalending -e (ein vokalisert r-uttale gjev ein open vokal. Endinga -e betyr dermed at belegget ikkje har endings-r, det blir dermed registrert som lokal form)*
2. *vera etterfølgt av av eit ord som begynner med vokal (i slike tilfelle er -r høyrbar, belegget kan dermed registrerast som lokal form eller nivellert form avhengig av om -r blir observert )*
3. *ha heilt tydeleg r-realisasjon som er høyrbar sjølv framfor konsonant (det dreier seg då utan tvil om ei nivellert form.)*
4. *vera eintydige e-verb, eller eintydige hokjønnsord av er-klassen, som blir realisert med open vokal (-a) Døme: "eg søka på jobba", "det e altfor mange jenta på klubben". (E-verb blir ikkje realiserte med a-ending i presens i osmålet, det same gjeld hokjønnsord av er-klassen)*

Ein premiss for det fjerde kriteriet er at *e*-verb og hokjønnsord aldri blir realiserte med *a*-ending lokalt. I ein så heterogen språkleg røyndom er dette kanskje ein dristig premiss. Ut frå lokalkunnskap og ekserperingsrøynsle meiner eg likevel at dette stemmer nokså bra, så eg har valt å lata dette kriteriet stå.

Til saman blei 47% av belegga for variabelen *fleirtal ubestemt form* og 28% av belegga for variabelen *svake verb presens* fjerna i materialet frå 2001.

Ei slik systematisk og omfattande fjerning av moglege belegg er ikkje i seg sjølv eit stort problem, så lenge ein kan vera sikker på at ikkje nokre informantgrupper eller nokre grammatiske bøyingsklassar har fått sletta eller bevart fleire belegg *av ein viss variant*, slik at

materialet blir skeivt. Talet på belegg er ikkje viktig i seg sjølv, men det er viktig at distribusjonen av variantar ikkje blir endra i forhold til utgangspunktet. Konsekvensane av beleggfjerna er dermed eit viktig spørsmål å få avklart, og eg skal difor gå nærare inn på dette.


Omfanget av beleggfjerna kan slå ulikt ut frå informant til informant. For det første gjeld det at dei som tilfeldigvis har mange belegg etterfølgt av ord med vokal i framlyd, får bevart fleire belegg enn dei som tilfeldigvis ikkje har det. For det andre vil dei informantane som har høyrbar *r*-uttale også framfor konsonant eller pause, få bevart fleire belegg enn dei som har *r*-bortfall eller *r*-vokalisering i denne posisjonen. For det tredje vil dei informantane som realiserer hankjønnsord og *a*-verb med *e*-ending i presens (jf. ekskurs i underkap. 6.4) få bevart fleire belegg enn dei som bruker *a*-ending. Oppsummert kan vi altså seia at dei informantane som har mange belegg med ei usikker kategorisering har fått fjerna fleire belegg enn dei informantane som har mange belegg som kan kategoriserast sikkert som anten lokal form eller nivellert form. Eg trur likevel ikkje at dette har skapt ei systematisk skeivheit i materialet på informantnivå, fordi dei fjerna belegga er både potensielt lokale former og potensielt nivellerte former.

Omfanget av beleggfjerna varierer også frå bøyingsklasse til bøyingsklasse. For variabelen *fleirtal ubestemt form* er det hankjønnsord realisert med *a*-ending, ikkje etterfølgt av vokal og utan høyrbar *-r* som er tekne ut. Slik blir det fjerna fleire hankjønnsord enn hokjønns- og inkjekjønnsord frå materialet. For variabelen *presens svake verb* er det *a*-verb realisert med *a*-ending, ikkje etterfølgt av vokal og ingen høyrbar *r* som er tekne ut, det blir dermed fjerna fleire *a*-verb enn *e*-verb frå materialet. Nokre bøyingsklassar har altså fått fjerna fleire belegg enn andre, og det kan dermed vera interessant å sjå korleis distribusjonen av variantane *-r* og ikkje-*r* er på tvers av bøyingsklassane i verb og substantiv.


For å få ei klarare oversikt over dette spørsmålet delte eg PFE-variabelen i seks undervariablar;

- *svake e-verb (PSE)*
- *andre svake verb (PSREST)*
- *sterke verb (PST)*
- *fleirtal ubestemt form hankjønn (FUM)*
- *fleirtal ubestemt form hokjønn (FUF)*
- *fleirtal ubestemt form inkjekjønn (FUN).*

Eg såg så på korleis nivelleringsprosenten på desse undervariablane fordelte seg i løpet av undersøkingsperioden. Resultatet går fram av diagramma nedanfor.



Figur 5.1 Bergensstøtta nivellering for verbklassane PSREST, PSE og PST 1997 – 2003



Figur 5.2 Bergensstøtta nivellering for substantivklassane FUM, FUF og FUN 1997 – 2003

Det første diagrammet viser mønstra i dei tre undervariablane for verb, medan det andre diagrammet viser mønstra for dei tre undervariablane i substantiv. I begge tilfelle viser diagramma den gjennomsnittlege nivelleringsprosenten for den enkelte undervariabelen gjennom undersøkingsperioden. Eg vil kommentera dei to diagramma under eitt.

I dei to diagramma er bøyingsklassane som tradisjonelt har hatt *a*-ending i osmålet plasserte til venstre i diagrammet. Den andre kolonnerekkje i kvart av diagramma viser mønstra for to bøyingsklassar som tradisjonelt har hatt *e*-ending i osmålet – svake *e*-verb og substantiv i hokjønn.<sup>29</sup>

<sup>29</sup> Den tredje kolonneklynga er ikkje samanliknbar i dei to diagramma – sterke verb har tradisjonelt hatt *e*-ending i osmålet, medan nøytrale substantiv har litt meir kompliserte mønster, med ei veksling mellom *e*-ending og *a*-ending.

## 5 Tilrettelegging og bruk av språkleg materiale

Tabellen viser for det første at nivelleringsprosenten har auka gjennom undersøkingsperioden. Dette gjeld både substantiv og verb, og for alle bøyingsklassar. Men tabellen viser også at fordelinga av nivellerte former ikkje er jamn på tvers av bøyingsklassane. Det ser ut til at bøyingsklassane som tradisjonelt har hatt *a*-ending, konsekvent har litt lågare nivelleringsprosent enn klassane med tradisjonell *e*-ending, sjølv om forskjellane ikkje er store. Dette er interessant, og eg ser to forklaringar. På den eine side kan det skuldast at mine ekserperingskriterium har ført til ei underrapportering av *r*-realisasjonar i bøyingsklassane med *a*-ending, på den andre sida kan det skuldast at variasjonen faktisk til dels er morfologisk bestemt, ikkje berre fonologisk, og at informantane faktisk skil mellom *r*-realisasjon i bøyingsklassar med *a*-ending og bøyingsklassar med *e*-ending.

Diagramma ovanfor kunne gje ei viss oversikt over mønstra i materialet, men på informantnivå viser det seg at det finst store individuelle sprik, og at konklusjonane til dels byggjer på få belegg. Dette kan illustrerast gjennom tabellen som viser den individuelle variasjonen i nivelleringsprosent på verb-variablane PSREST, PSE og PST i 2003.<sup>30</sup>


Inf.nr	PSREST	N=	PSE	N=	PST	N=
2	48 %	25	60 %	5	63 %	8
4	20 %	5	63 %	8	71 %	14
8	24 %	38	47 %	17	49 %	39
14	4 %	23	25 %	16	12 %	49
17	100 %	13	100 %	8	91 %	35
20	42 %	19	65 %	17	74 %	31
24	0 %	8	0 %	8	10 %	10
26	42 %	19	69 %	16	71 %	21
27	23 %	13	100 %	9	52 %	21

**Tabell 5.1 Individuell variasjon i nivelleringsprosent for undervariablane PSREST, PSE og PST i 2003**

---

<sup>30</sup> Dei informantane som har konsekvent *r*-bortfall er tekne ut av tabellen.






Figur 5.3 Individuell variasjon i nivelleringsprosent for undervariablane PSREST, PSE og PST i 2003

I denne tabellen er det *variasjonen* i realisasjonsmønster som er mest iaugnefallande. Nokre av informantane har høg grad av *r*-realisering, andre har berre nokre få slike realisasjonar. Det ser også ut til at nivelleringsprosenten varierer mellom dei ulike bøyingsklassane. Jamt over er det minst *r*-realisering i verb med tradisjonell a-ending i osmålet (PSREST), på same måte som i oversiktstabellen ovanfor, men mønsteret er ikkje heilt konsekvent. Den tilsvarande tabellen for substantiv nedanfor, som viser nivelleringsprosent i 2003, viser nokolunde same mønsteret.

Inf.nr	FUM	N=	FUF	N=	FUN	N=
1	0 %	15	10 %	20	0 %	4
2	57 %	21	64 %	14	38 %	8
4	11 %	18	0 %	12	0 %	2
8	43 %	28	74 %	46	71 %	7
10	0 %	15	18 %	11	0 %	3
13	0 %	12	0 %	11	0 %	13
14	0 %	9	0 %	11	0 %	1
17	97 %	34	100 %	16	100 %	7
20	83 %	29	88 %	25	100 %	4
26	73 %	11	100 %	12	40 %	5
27	43 %	21	84 %	25	82 %	11

Tabell 5.2 Individuell variasjon i nivelleringsprosent for undervariablane FUM, FUF og FUN i 2003



Figur 5.4 Individuell variasjon i nivelleringsprosent for undervariablane FUM, FUF og FUN i 2003

Også her varierer nivelleringsprosenten kraftig frå informant til informant, frå ei innsamling til den neste, og frå ein morfologisk klasse til ein annan. Og også her er den generelle tendensen at det er lågare nivelleringsprosent i den bøyingsklassen som tradisjonelt tar *a*-ending (hankjønn), men mønsteret er langt frå eintydig. Denne tabellen viser også tydeleg kva som er problemet med å dela materialet inn i så små celler – talet på belegg blir svært lågt, og det å rekna prosent blir tilsvarende misvisande. Slik er det med resultatane for nøytrale substantiv, og det blir dermed lite fruktbart å setja opp frekvenstabell for denne bøyingsklassen. Om grunnen er ekserperingskriterium som favoriserer *r*-realisasjon i *e*-verb eller informantar som føretrekkjer *r*-realisasjon ved *e*-verb – det er tydelege skilnader mellom dei ulike morfologiske undergruppene ved *r*-variablane. Dette gjev ei utfordring i den vidare handsaminga av variablane,

Det kan altså sjå ut til å vera ein systematisk skilnad i nivelleringsfrekvens mellom dei ulike undervariablane av PFE-variabelen. Sjølv om det finst kraftig individuell variasjon, ser det ut til at det i det store og heile er fleire nivellerte belegg i *e*-klassane enn i *a*-klassane. Som diskutert ovanfor kan dette ha med ekserperingskriteria å gjera, men det kan også henda at det gjenspeglar eit morfologisk bestemt mønster for *r*-realisasjon hjå informantane. Uansett bør desse mønstra koma fram i dei lingvistiske analysane. I analysane som blir gjennomførte på variabelnivå (underkap. 6.3.3.1, underkap. 8.2.2.1) vil eg difor visa frekvensane for alle undergruppene av *r*-variabelen.

På den andre sida – sjølv om det er skilnader mellom undergruppene av  $r$ -variablar, er kanskje det mest slående med desse variablane at dei oppfører seg svært likt. Om lag halvparten av informantane har systematisk  $r$ -bortfall og dermed inga veksling i det heile på desse variablane, og generelt er nivelleringsprosenten svært låg samanlikna med dei andre variablane. Som eg har kommentert tidlegare er det også eit problem at vi får svært få belegg i kvar celle dersom vi deler materialet for mykje opp. For oversikta si skuld vil eg difor, i dei analysane som fokuserer på variasjon og endring på individ- og gruppenivå, også slå saman alle undervariablane til ein sekkevariabel, der den totale frekvensen av  $-r$  eller ikkje- $r$  hjå kvar enkelt informant dannar grunnlaget (PFE-variabelen, sjå underkap. 5.1.2).

### 5.2.4 Utrekning av variabelfordeling på variabelnivå, individnivå og gruppenivå

Som eg gjorde greie for i underkap. 4.1.1, er hovudmålsetjinga i prosjektet mitt av kvalitativ karakter, men eg bruker kvantifiserte data for å få ei oversikt over språkleg variasjon og endring i informantgruppa i undersøkingsperioden. Eg vil i det følgjande forklara kva for utrekningar som ligg bak dei ulike talpresentasjonane i avhandlinga.

I ein del tilfelle er eg interessert i korleis korleis variantane fordeler seg på variablane, heilt uavhengig av informantane. Her reknar eg ut andelen av lokale, bergensstøtta nivellerte og alternativt nivellerte former per variabel i heile materialet utan å sjå på fordelinga hjå dei enkelte talarane. Dette betyr at i desse tabellane er det nokre informantar som bidreg meir enn andre til det totale biletet. Denne utrekningsmåten er brukt i underkap. 6.3.3.1. Eg kallar dette *variantfordeling*.

Eg har òg vore interessert i å finna fordelinga mellom nivellerte og lokale former er i heile materialet samla, ikkje berre på kvar enkelt variabel. Fordi talet på belegg varierer svært mykje frå variabel til variabel, ville det bli misvisande å slå saman alle nivellerte belegg i ein stor sekk og lokale i ein, og lata fordelinga mellom dei visa resultatet. Det ville bety at t.d. PR-variabelen, med svært mange belegg, og svært høg nivelleringsprosent, ville telja meir i det totale bildet enn HB-variabelen, med heilt andre beleggtal og heilt andre fordelingsmønster. Eg har difor rekna ut andelen lokale, bergensstøtta nivellerte og alternativt nivellerte former per variabel, summert prosenttala for kvar av variantane, og så delt på talet på variablar. Dette kallar eg for *variabelgjennomsnitt*. Denne utrekningsmåten er brukt i underkap. 8.2.1.

I mange samanhengar er eg interessert i å sjå kvar enkelt informant sine fordelingsmønster for seg. For å gjera presentasjonen enklare har eg i dei fleste tilfelle

fokusert på bruken av bergensstøtta nivellerte former hjå informantane.<sup>31</sup> Eg har dermed presentert andelen bergensstøtta nivellerte former per informant per variabel. I ein del tilfelle ønskjer eg også å kunna vurdere graden av nivellering hjå kvar enkelt informant samla. Dette kan gjerast på to måtar. For det første kunne eg ha sett på alle variablane samla, og rekna ut fordelinga av lokale og nivellerte former hjå kvar enkelt informant totalt sett. Ulempa med denne reknemåten er at variablar med mange belegg vil vega tyngre i den totale prosentsatsen enn variablar med få belegg (Kerswill 1994:72) (sjå også ovanfor). Eg har difor valt ein alternativ reknemåte: Eg reknar ut prosentsatsen av lokale former, bergensstøtta nivellerte former og lokale former for kvar enkelt variabel, summert prosentsatsane, og delt på talet på variablar. Slik har eg kome fram til det eg kallar *variabelgjennomsnitt per informant*. Vidare bruker eg gjennomsnittet av bergensstøtta nivellerte former per informant når eg plasserer informantane på ein skala mellom lokalt og nivellert talemål. Dette kallar eg *nivelleringsgjennomsnittet*. Dette bruker eg m.a. i underkap. 8.3, 8.4. og i individoversiktene i underkap. 9.2.

I underkap. 9.2 er eg interessert i å sjå informantane som ein del av ei sosial gruppe. Her opererer eg ikkje på informantnivå, men på gruppenivå. Eg reknar ut gjennomsnittet av lokale, bergensstøtta nivellerte og alternativt nivellerte former i kvar av gruppene. Også her betyr dette at nokon av informantane bidreg meir enn andre til det totale biletet for gruppa dei tilhøyrrer. Dette kallar eg for *gruppegjennomsnittet*. Også her gjev eg opp andelen av bergensstøtta nivellerte former i tabellar og figurar.

### 5.3 Transkripsjon og ekserpering

#### 5.3.1 Ekserperingsmetode

I alle tre innsamlingsfasane har eg ekserpert materialet, men det har ikkje skjedd på identisk måte i den første fasen og i dei to siste. Den tekniske utviklinga har fått følgjer for datahandsaminga.

I 1997 samla eg inn åtte timar med bandopptak i form av kassetar. Materialet blei ekserpert ved at eg la belegga på dei utvalde språklege variablane inn i ein database etter kvart som eg lytta på opptaka. For kvart belegg registrerte eg sjølve ordet, kvar det fanst på bandet,

---

<sup>31</sup> Fordi dei alternativt nivellerte formene ikkje er mykje i bruk, gjev andelen av bergensstøtta nivellerte former hjå ein informant ein nokså god indikasjon også på i kor stor grad denne informanten bruker lokale former.

og om det var ei osform eller ei bergensform. I same databasen la eg også inn dei sosiale bakgrunnsopplysningane om kvar informant.

I 2001 og 2003 blei det språklege materialet samla inn ved hjelp av minidisk, og vidare overført til PC. Lydfilene kunne dermed transkriberast ved hjelp av programmet *PRAAT*. *PRAAT* er eit program for taleanalyse og -syntese som også eignar seg godt til transkripsjonsarbeid. Lydfila som skal transkriberast kjem opp på skjermen visualisert ved hjelp av spektrogram, og i same skjermbildet kan ein så skriva inn transkripsjonen. Slik får ein kopla lyd og tekst heilt nøyaktig.<sup>32</sup> Transkripsjonane blei vidare analyserte ved hjelp av *Talesøk*, som er ein database og eit søkjeprogram for talemålsopptak, utvikla av Knut Hofland på AKSIS.<sup>33</sup> Fordi den ortografiske transkripsjonen er kopla opp mot lydfila ved hjelp av *PRAAT*, kan ein i søkjeprogrammet søkja på bokstav- eller ordstrengar, eller på grammatiske trekk ein har tagga i transkripsjonane, og få spelt dei lydkutta som tilsvarer søkjeteksten.

Eg brukte i første omgang *Talesøk* til å søkja etter dei seks utvalde variablane hjå kvar enkelt informant. Programmet gav meg då alle dei transkriberte belegga i form av transkripsjonstekst kopla til lyd, som eg så lytta gjennom og kategoriserte som anten *lokal form*, *bergensstøtta nivellert form* eller *alternativ form*. Dei kategoriserte filene blei så lagde inn i den same databasen som materialet frå innsamlinga i 1997, men blei vidare handsama ved hjelp av Excel.

Den store skilnaden mellom ekserperingsarbeidet i 1997 og i dei to siste innsamlingsfasane er altså måten ekserperinga har gått føre seg på. Materialet frå 1997 ligg føre i form av bandopptak og ekserperte belegg direkte lagt inn i ein database, medan materialet frå 2001 og 2003 i tillegg ligg føre i form av søkbare transkripsjonar. I dei to siste innsamlingsfasane har eg altså hatt ein større sjanse til å sjekka at alle belegga i teksten er tekne med. Eg har òg hatt høve til å sjå etter språklege mønster på andre interessante språktrekk i tillegg til dei åtte utvalde språklege variablane. Dei seks ekserperte variablane er likevel i alle tre innsamlingsfasane til sjuande og sist blitt lagde inn i den same databasen.

Ein annan skilnad: I 1997 ekserperte eg heile opptaka som varte i maksimalt førti minutt. Her var to og to informantar intervjuja i lag. I 2001 og 2003 ekserperte eg ein halv

---

<sup>32</sup> Eg transkriberte ein halv time frå kvart opptak ved hjelp av *PRAAT*, resten av opptaka blei transkribert på ein summarisk måte i Word-dokument, og er berre blitt gjenstand for innhaldsanalyse.

<sup>33</sup> Sjå <http://helmer.aksis.uib.no/talekorpus/Hovedside.htm>

time frå kvart opptak. Her var informantane intervjuar ein og ein, og talet på belegg per informant blei dermed høgare enn i 1997.

### 5.3.2 Transkripsjonsprinsipp – to typar sitat

I denne avhandlinga bruker eg to ulike typar transkripsjon, avhengig av kva føremålet med sitata er. I samanhengar der det språklege uttrykket er i fokus, bruker eg IPA-lydskrift, markert ved fonemiske klammer. Her er det forma som er det viktigaste, ikkje innhaldet, og eg prøver difor å vera nokså nøyaktig i gjengjevinga av det språklege uttrykket. Prinsippa eg har lagt til grunn for denne typen transkripsjon vil eg gå gjennom i underkap. 5.3.2.1. I samanhengar der det er innhaldet i sitata som er mest interessant, bruker eg ei tilpassa form for vanleg ortografi. Her har eg altså prioritert høgare at sitata skal vera lette å lesa og forstå enn at dei skal vera nøyaktige gjengjevingar av talen. I underkap. 5.3.2.2 presenterer eg prinsippa eg har basert meg på i gjengjeving av denne typen informantsitat.

#### 5.3.2.1 Sitat til språkleg analyse – i IPA

I desse transkripsjonane har eg halde meg til ei enkel fonemisk lydskrift, eg har ikkje lagt vekt på å få fram den nøyaktige fonetiske uttalen. Eg bruker tonelagsteikn (som i <sup>1</sup>*laken* vs <sup>2</sup>*laken*) og skil mellom lang og kort vokal. Eg har ikkje markert lengd ved diftongar, alle diftongar blir rekna som lange per definisjon.

Realisasjonen av grafema <e> og <æ> har eg valt å transkribera ved hjelp av tre ulike fonem: /e /, /ɛ/ og /æ/. Trong *e*, uavhengig av lengd og trykk, blir transkribert /e/, den opnare realisasjonen blir transkribert /ɛ/ dersom han er kort, og som /æ/ dersom han kan vera lang.

Realisasjonen av grafema <e> og <æ> i dei ulike varietetane som blir brukte i Os kan sjølvstøtt diskuteras, for uttalen varierer ganske mykje. Denne variasjonen har ikkje vore tema i denne undersøkinga, og eg har difor valt denne enkle transkripsjonsmalen.

Når det gjeld dei runda bakre vokalane, vel eg òg eit enkelt system. Alle tronge bakre vokalar, uavhengig av lengd, vil bli transkriberte /u/, den opne bakre vokalen blir transkribert /o/, også her uavhengig av lengd.

Eit anna transkripsjonsproblem skaper realisasjonen av vokalen i den trykklette *r*-endinga i m.a. presens av verb og ubestemt form fleirtal av substantiv. I dei bergensstøtta nivellerte formene kan vokalen framfor endings-*r* variera i realisasjon frå [ə] og [ɛ] til [ɑ]. Overgangane her er glidande, og det er vanskeleg å kategorisera dei enkelte belegga som det eine eller det andre. Ettersom denne variasjonen ikkje er noko tema for seg i denne

avhandlinga, har eg valt å transkribera alle belegg på endinga *vokal+r* som /Aɛ/, altså med ein vokalnotasjon som ikkje seier noko om vokalkvaliteten, men som viser at det dreier seg om trykklett vokal før endings-*r* (Myking og Ulland 1985). Både uttalen [²hestAɛ], [²hestøɛ] og [²hestɛɛ] vil altså bli transkribert /²hestAɛ/.

### 5.3.2.2 Sitat til innhaldsanalyse

For å gjera teksten så lettlesn som mogleg har eg hatt som hovudprinsipp at alle ord blir stava som i vanleg rettskriving dersom det ikkje er tvil om korleis det skal uttalast. Det gjeld t.d. ord med stum inngangs- eller utgangskonsonant som aldri blir uttala i norsk daglegtale. Døme kan vera *hvert* og *huset*. Dette gjeld også bokstavane *o* og *u*, som i norsk følgjer nokså kompliserte uttalereglar. Uttalen avheng mellom anna av om vokalen er lang eller kort. Eg skriv altså *bok*, *nok*, *luke* og *sukk*, og dette skal lesast som /¹bu:k, ¹nok, ²lʉ:kɛ, ¹suk/. Dersom uttalen av desse lydane skil seg frå 'norsk standardtalemål', er dei stava slik dei er uttala. Dette gjeld særleg i tilfelle der /u/ er etterfølgt av ein alveolar nasal. T.d. blir ordet <hund> ofte uttala /hun/ på Os, og dette har eg stava *honn*. Alle stadnamn blir stava etter gjeldande ortografi.

Hjå mange av informantane fell uttalen av 'kje'-lyden og 'sje'-lyden saman. Slik blir t.d. /²ic̥çɛ/ til /²iʃɛ/. Dette fenomenet har eg valt å gjengje med stavemåten 'sj' i dei tilfella det skal vera 'kj' i vanleg ortografi, og ved den vanlege stavemåten i resten av tilfella. Eg skriv altså *sjole*, men *skyskrapar*. Uttalemåtene /ç/ eller /c̥ç/, som berre blir brukt der 'dei skal', altså der skrivemåten er <kj> eller <ki, ky>, er transkribert høvesvis som 'kj' og 'k', eg skriv altså *kjellar* og *kino* der det ikkje er konsekvent fonemsamanfall.

Ord der det er ope for ulik uttale i 'norsk standardtalemål', er stava slik informantane har uttala dei. Eit døme kan vera dei orda som endar på konsonantsamband som anten kan vera assimilert eller ikkje. Døme: <land, bind> blir stava *lann* og *binn*, dersom *d*'en ikkje er uttala.

Alle klitiserte former blir i sitata delte med apostrof. Døme: /¹haʃɛ, ¹vɛtʃɛ/ blir til *ha'sje* og *vɛt'sje*.

Stavingsberande lateralar blir utstyrte med ekstra *n* for å letta lesinga. Stavingsberande nasalar blir transkriberte med bøyingsending, av same grunn. /¹kvœ:ɫ/ og /¹ma:ŋ/ (<kvelden, mannen>) blir altså skriva *kvæln* og *mannen*.



## 5 Tilrettelegging og bruk av språkleg materiale

Der eg har kutta i teksten, blir det markert med klammer med prikkar i [...]. Eg har ikkje teke ut noko som er vesentleg for innhaldet, men har nokre stader utelate gjentakningar, digresjonar og liknande, for å gjera sitata så poengterte som råd. Dersom det er naudsynt for å forstå innhaldet, har eg også kommentert *korleis* ting blir sagt. Desse kommentarane står då i kursiv. Døme:

Ja, eg snakka ganske sånn – Os – åsså – di fra Nesttun å sånn, venna å sånn, - di mobba å seie sånn her – ”jau, me faur no sjau” – (*tilgjort*) å sånne ting.

Denne transkripsjonen er prøvd gjennomført så godt som mogleg, men ein kjem opp i mange grensetilfelle der det er vanskeleg å vera heilt prinsippfast. Eg vil difor understreka at dette ikkje er meint som ei ny transkripsjonsnorm, men berre som ein måte å gjera sitata uttala på dialekt så lesbare og forståelege som mogleg, samstundes som det munnlege i dei er teke vare på.

## 6 Språksamfunnet Os

### 6.1 *Innleiing*

I dette kapitlet vil eg gjera greie for dei sosiale og språklege rammevilkåra som er felles for heile informantgruppa mi. Ei lokal sosial eining som alle informantane mine har felles tilknytning til, er Os kommune. Dei har alle budd i Os sidan før skulealder, og alle har gjennomført 9-årig grunnskule i denne kommunen.<sup>34</sup> Dette lokale språksamfunnet er likevel ein del av ei større sosial og språkleg eining – det nasjonale språksamfunnet. Dersom ein ser det lokale språksamfunnet isolert frå denne konteksten, er det vanskeleg å sjå kva som gjev dei lokale endringsmønstra dynamikk og retning. Dette todelte perspektivet vil difor prega dette kapitlet.


I underkap. 6.2 seier eg noko om korleis Os-samfunnet har utvikla seg dei siste hundreåra, og presenterer nyare utvikling av sysselsetjing, innflytting, pendling og kulturliv. I underkap. 6.3 gjer eg greie for korleis talemålet på Os har utvikla seg i den same tidsperioden. I underkap. 6.4 ser eg observasjonane frå underkap. 6.2 og underkap. 6.3 i samanheng. Først bruker eg språklege observasjonar frå materialet til å diskutera spenninga mellom språkinterne og språkeksterne faktorar i språkendringsprosessen, vidare til å diskutera retninga i den lokale språklege nivelleringsprosessen sett i lys av dei sosiale kreftene som verkar i storsamfunnet.

---

<sup>34</sup> Mange av informantane har budd borte frå Os under delar av undersøkingsperioden, ofte på grunn av skulegang. Dei har likevel hatt venner og familie på Os, og dei har kome heim på ferie- og helgebepok. Eg vil dermed argumentera for at Os-samfunnet også etter utflytting fungerer som ein svært viktig sosialiseringstans for desse informantane. I underkap. 9.2.4 ser eg nærare på samanhengen mellom flyttemønster og språkleg utvikling.

## 6.2 Historie, demografi og kultur

### 6.2.1 Geografisk plassering



Figur 6.1 Bergenshalvøya

Os kommune ligg på Bergenshalvøya, sør for Bergen kommune. Elles grensar Os til Krossfjorden i vest, Bjørnafjorden i sør og Fusafjorden i aust, og mot Samnanger kommune i nordaust.

### 6.2.2 Osbygda – frå leigendingssamfunn til soveby

På lik linje med resten av landet har Osbygda gått gjennom gjennomgripande samfunnsendringar dei siste hundreåra. Industri og tenesteytande næringar har avløyst jordbruket som viktigaste leveveg, vegutbygging og bilar har ført til at sambandet med nabokommunane er blitt mykje tettare, og folketalet har auka monaleg.

Fram til slutten av 1800-talet gav jorda hovudutkome for heile befolkninga på Os. Bøndene dreiv stort sett naturhushald – dei laga sjølve det dei trong av mat, klede og reiskapar. Etter at handelslova av 1842 gjorde det mogeleg for bøndene på strilelandet å driva handel i Bergen, og sambandet til Bergen etter kvart blei betre med dampbåttrafikk frå 1861 og togsamband frå 1894, blei det meir og meir vanleg å produsera varer for sal. Mange gjekk over til å livnæra seg hovudsakleg av handverk av ymse slag (Engevik 1980:110; Oldervoll

1980:60). På Os blei den slags næringsvegar spesielt viktige fordi bruka var små og tilhøva for bøndene dårlege. Fram til 1871 var tre firedelar av bøndene i Os leigendingar under godseigaren på Lysekloster.

Dei rikelege mengdene av skog i Os gjorde at trehandverk var nærliggjande for mange. Båtar, tresko, tønner og møblar blei etter kvart produserte i meir systematiske former, medan andre satsa på husbygging. Utover 1920- og 30-talet blei handverket meir og meir industrialisert, ein tok i bruk ny teknologi og utvikla nye og moderne produkt på ein effektiv og billig måte. Mange fekk seg arbeid innafor desse nye næringsvegane, slik at jordbruket sysselsette færre og færre av innbyggerane i Os. I 1920 hadde 48 prosent av befolkninga i Os framleis jordbruket som viktigaste næringsveg, i 1960 berre 12 prosent. I same periode auka talet på sysselsette innafor handverk, industri og anlegg frå 35 til 48 prosent. Dette igjen opna for nye næringsvegar – dei som ikkje hadde gard kunne ikkje sjølve produsera det dei trengde for å leva, dei måtte kjøpa det. Dermed auka også talet på sysselsette innafor handel og tenesteyting – i 1920 livnærte 17 prosent seg innafor denne sektoren, i 1960 hadde talet auka til 40 prosent (Ertresvaag 1980:73).

Ein svært viktig faktor i denne utviklinga var den revolusjonerande betringa i kommunikasjonane. Bøndene i Os hadde sjølv sagt til alle tider reist 'te bydn' med varer, men fram til midten av 1800-talet måtte dei anten ta beina fatt via postvegen over Søfteland, eller ro eller segla i open båt rundt heile bergenshalvøya. Der fanst jakter som kunne transportera varer inn til Bergen, men regelmessig rutetrafikk vart det først då dei første dampbåtene kom i rute i 1861. Dette gjorde det mykje lettare å få frakta både varer og folk frå bygdene rundt Bjørnefjorden til Bergen. Den store revolusjonen kom likevel med Osbanen i 1894, jernbanelina mellom Os og Nesttun som gjorde det mogeleg å koma seg frå Os til Bergen på to timar (Engevik 1980:144). Osingane reiste til byen og selde varene sine, byborgarane reiste til Os for å nyta den vakre naturen og dei landlege omgjevnadene. Det blei etablert hotellverksemd, mange osingar leigde ut stovene sine til bergensarar som ville på landet om somrane, helseføretak som Hagavik kysthospital og Ravneberghaugen rekonvalesenthjem blei oppretta. Slik kom byen nærare bygda.

I mellomkrigstida gjorde den motoriserte trafikken sitt inntog, slik at det blei endå enklare og raskare å forflytta seg mellom Os og Bergen. Vegane vart utbetra, og etter krigen begynte ein for alvor å merka presset frå den store naboen i nord. Det blei etter kvart praktisk mogeleg å bu i Os og arbeida i Bergen, Os fekk dermed mange innflyttarar som ønskte å bu i landlege omgjevnader samstundes som dei arbeidde andre stader. For mange osingar blei det no mogeleg å ta seg arbeid i byen og likevel bli buande heime på Os. Slik vart kontakten

mellom byfolk og osingar meir og meir omfattande. Kontakten med grannebygdene rundt Bjørnefjorden, derimot, blei dårlegare i denne perioden. Etter at fjorden mista si rolle som viktigaste ferdselsveg og biltrafikken tok over, vart det naturleg at kontakten internt på bergenshalvøya auka medan kontakten mellom bygdene rundt Bjørnefjorden minka.


Mange har vore skeptiske til denne utviklinga, og uroa over kva ho har å seia for Osbygda si framtid:

Korleis skal ein sikra ein vidare harmonisk vokster i kommunen med byen så nær? Vil det vera mogleg å halda på grannskapet, på tradisjonane frå jordbruk, heimeyrke, handverk og småindustri? Og let det seg gjera å halda på sjølvstyret, på råderetten over tomter, fritidsareal og næringspolitikk med eit stadig veksande bysamfunn like utanfor stovedøra? Løysinga av dette problemkomplekset vil vera avgjerande for Os si framtid som eigen kommune. Det vil òg vera avgjerande for folket som bur der, både økonomisk, sosialt og kulturelt (Ertresvaag 1980:104)

Osbygda har i same periode også vore gjennom ein urbaniseringsprosess. Folketalet har auka dramatisk gjennom det siste hundreåret. I 1900 var det 2775 innbyggjarar i Os, i 1951 hadde det auka til 5580, og i 2003 hadde Os kommune 14328 innbyggjarar med stort og smått.<sup>35</sup> Tilveksten har vore jamt akselererande gjennom heile perioden.

## 6.2.3 Ossamfunnet i dag

### 6.2.3.1 Folkesetnadstruktur og folketal, kommunikasjon og skulestruktur



Figur 6.2 Os kommune

<sup>35</sup> <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/t-1243.html>

Os kommune er ikkje stor i utstrekning. Kommunen har eit flatemål på 139 km<sup>2</sup>, dvs. at det bur heile 103,1 innbyggjarar per kvadratkilometer. Landsgjennomsnittet er 14,1. Dette betyr at folk bur tett, og at det er kort veg til det meste for dei fleste. 78 prosent av innbyggjarane bur i det Statistisk Sentralbyrå definerer som tettbygde strok.<sup>36</sup> Sentrum er plassert i midten av bygda, og det er ikkje meir enn eit kvarters køyretid frå dei ytste delane av bygda og inn til sentrum. Likevel er kommunen bygd opp av krinsar som til dels lever sitt eige liv, med eigen butikk, eigen skule og eigne organisasjonar og kulturelle tilstelningar.

Skulestrukturen gjenspeglar dette – kommunen har ni barneskular, fordelt i dei ulike krinsane. To av krinsskulane har også ungdomsskule, medan elevane frå dei andre krinsane må inn til sentrum for å gå på Os ungdomsskule, i lag med elevane frå dei to sentrumsskulane. Kommunen har også tilbod om vidaregåande utdanning. På Os vidaregåande skule kan ein ta yrkesfaglege studieretningar, medan Os gymnas gjev tilbod om allmennfagleg studieretning, og studieretning for økonomiske og administrative fag. Kommunen har også eit privat musikkgymnas drive av Misjonssambandet, med elevar frå heile landet.

### 6.2.3.2 Arbeid

Os kommune er ikkje lenger ein jordbrukskommune. Berre 3,3 prosent av dei sysselsette i kommunen arbeider i primærnæringane, 27,1 prosent arbeider i sekundærnæringane, medan heile 69,5 prosent arbeider med service og tenesteyting.<sup>37</sup> På landsbasis er det 11,2 prosent som arbeider i primærnæringane, og 66 prosent som arbeider med service og tenesteyting.

Ei viktig side av arbeidsmønsteret i kommunen er pendlinga. Heile 45,7 prosent av arbeidstakarane i kommunen er pendlarar. 38,1 prosent av desse er pendlarar innafor same økonomiske region, og det er grunn til å tru at mange av desse pendlar til Bergen.<sup>38</sup> Det er også ein del pendling inn i kommunen, 15,8 prosent av arbeidsstokken i kommunen er pendlarar frå andre kommunar.<sup>39</sup> Men denne statistikken fangar ikkje opp all pendling i

---

<sup>36</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kommuner/1201>

<sup>37</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/kommuner/1201>

<sup>38</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/emner/02/01/fobpend/tab-2002-12-06-01.html>. Os høyrer til i same økonomiske region som Bergen, i lag med alle kommunane i Midhordland og Nordhordland. Voss og Hardanger og Sunnhordland er eigne økonomiske regionar. Sjå [http://www.ssb.no/emner/00/00/nos\\_c616/nos\\_c626.pdf](http://www.ssb.no/emner/00/00/nos_c616/nos_c626.pdf). Eg har ikkje klart å finna meir nøyaktig informasjon om pendlarmønstra innafor den økonomiske regionen.

<sup>39</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/emner/02/01/fobpend/tab-2002-12-06-02.html>

kommunen. Også mange studentar frå Os vel å bu heime under studietida, og pendlar til institusjonar for høgare utdanning i Bergen.

### 6.2.3.3 Flytting

Når ein refererer til innbyggjarane i Os kommune, er det viktig å ha klart for seg at dette på ingen måte er ei stabil eining. Flyttemønstra viser dette klart. Statistisk Sentralbyrå har utarbeidd ein statistikk der dei følgjer heile alderskohortar sine flyttemønster frå dei er 15 år og fram til dei er 35. Desse dataa kan gje oss ein peikepinn på kor omfattande flyttinga er.

	15-åringar i alt	Bufaste pr. 100 som 35-åringar	Tilbakeflytta pr. 100 som 35-åringar	Fråflytta pr. 100 som 35-åringar	Nykomarar pr 100 15-åringar i kommunen som 35-åringar	Vidareflytta pr 100 15-åringar i kommunen som 35-åringar	Tap/gevinst pr 100 15-åringar i kommunen som 35-åringar
Menn	265	54	15	30	40	44	10
Kvinner	243	27	28	45	55	90	10

**Tabell 6.1 Innanlands flytting gjennom livsløpet for alderskohorten 1960 – 62, Os kommune<sup>40</sup>**

Ovanfor ser vi livsløpet til alderskohorten 1960 – 62 i Os kommune, framstilt i tabellform. Alderskohorten 1960 – 62 talde ved 15 års alder 508 personar i Os. I venstre del av tabellen ovanfor ser vi korleis desse fordeler seg som bufaste, tilbakeflyttarar og fråflytta når dei fyller 35 år. Vi ser at nesten halvparten av kvinnene og ein tredel av mennene er flytta frå kommunen når dei er 35 år gamle. Ein tredel av kvinnene, og 15 prosent av mennene er tilbakeflyttarar, og har altså tilbragt delar av livet utanfor kommunen. I tillegg kjem studentane, som vanlegvis ikkje melder flytting i studietida. I høgre del av tabellen ser vi oversikt over kor mange nyinnflyttarar det er per 100 15-åringar. Heilt til høgre i tabellen ser vi at kommunen har auka talet på innbyggjarar i alderskohorten 1960 – 62, sjølv om mange har flytta ut, fordi innflyttinga har vore større enn utflyttinga. Dette er kompliserte tabelloversikter, men hovudpoenget kjem klart fram: I ein tilfeldig valt alderskohort er det mange som flyttar ut, og mange som flyttar inn. Innbyggjarane i kommunen er altså ikkje ei stabil gruppe, men har ei stadig utskifting.

Dette er sjølv sagt ikkje spesielt for Os. At der er visse utskiftingar av innbyggjarane i ein kommune, er heilt vanleg. Flyttemønstra varierer likevel frå kommune til kommune. Det kan vera nyttig å samanlikna flyttemønstra i Os med andre kommunar i nærleiken – er det

<sup>40</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: [http://www.ssb.no/02/aktuell\\_befolkning/9904/ab9904.pdf](http://www.ssb.no/02/aktuell_befolkning/9904/ab9904.pdf)



## 6 Språksamfunnet Os

same grad av inn- og utflytting overalt? Eg skal no presentera tal for flytting og folkeauke i Os frå 1951 til i dag, og samanlikna desse med tala for to andre nabokommunar til Bergen, Fjell og Samnanger. Først tala for Os:<sup>41</sup>

Os. Folkemengd 1. januar og endringar i kalendaråret. 1951 – 2001

År	Folkemengd 1. januar	Levandedødder	Døde	Fødselsoverskot	Innflyttingar	Utflyttingar	Nettoinnflytting	Folketilvekst
1951	5 580	145	34	111	336	246	90	201
1961	6 742	141	44	97	324	390	- 66	31
1971	8 162	185	51	134	521	407	114	253
1981	10 874	196	54	142	544	437	107	249
1991	12 781	215	63	152	425	426	- 1	156
2001	13 972	197	96	101	559	534	25	131

**Tabell 6.2** Flytting og folkeauke i Os frå 1951 til 2001

I denne tabellen har eg sett inn opplysningar om folketilveksten i kommunen på seks utplukka årstal i løpet av ein femtiårsperiode. Slik får vi eit bilete av korleis tala har endra seg gjennom perioden. Ein første observasjon er auken i folketal. Folketalet har auka til over det doble, frå 5580 til 13972 innbyggjarar. Folketilveksten er nokså jamn i heile perioden, folketalet aukar jamt over med eit par hundre menneske i året.

No til dei to andre nabokommunane, Fjell og Samnanger. Korleis ser folketilveksten ut her, samanlikna med mønstra i Os?<sup>42</sup>

Samnanger. Folkemengd 1. januar og endringar i kalendaråret. 1951 – 2001

År	Folkemengd 1. januar	Levandedødder	Døde	Fødselsoverskot	Innflyttingar	Utflyttingar	Nettoinnflytting	Folketilvekst
1951	2 503	60	21	39	41	122	- 81	- 42
1961	2 437	47	29	18	38	110	- 72	- 54
1971	2 183	33	24	9	101	126	- 25	- 15
1981	2 319	35	30	5	86	62	24	29
1991	2 382	35	29	6	92	68	24	29
2001	2 303	25	12	13	94	67	27	40

Fjell. Folkemengd 1. januar og endringar i kalendaråret. 1951 – 2001

År	Folkemengd 1. januar	Levandedødder	Døde	Fødselsoverskot	Innflyttingar	Utflyttingar	Nettoinnflytting	Folketilvekst
1951	5 172	109	39	70	168	256	- 88	- 18
1961	5 418	131	38	93	179	173	6	99

<sup>41</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1243.html>

<sup>42</sup> Opplysningar frå Statistisk Sentralbyrå: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/>

## 6 Språksamfunnet Os


1971	6 936	136	61	75	419	235	184	268
1981	10 517	129	60	69	651	482	169	238
1991	14 956	278	79	199	765	690	75	271
2001	18 541	304	93	211	1 159	976	183	386

**Tabell 6.3** Flytting og folkeauke i Samnanger og Fjell frå 1951 til 2001

Samnanger har eit svært stabilt folketal gjennom heile perioden. I 1951 hadde kommunen 2503 innbyggjarar, i 2001 hadde folketalet minka til 2303 – altså 200 færre enn i 1951. Folketilveksten er negativ både i 1951, -61 og -71, medan tala er svakt positive seinare. Folketalet var som lågast i 1971, men har auka igjen med nokre tusen etter den tid.

Utviklingsmønstra i Fjell er nokså annleis. Her er folketalet i 1951 er om lag det same som i Os på den tida. Fram til 1971 er auken nokså svak, svakare enn den tilsvarande auken i Os. Etter 1971 er folketilveksten dramatisk mykje høgare, og talet på innflyttingar og utflyttingar stig tiår for tiår. Folketalet i Fjell var i 2001 heile 18541. Tala må forståast i lys av at Sotrabraua blei ferdig i 1971. Innflyttinga til Fjell skaut altså verkeleg fart etter at fastlandssambandet stod ferdig.

Ei samanlikning av folketalutviklinga i dei tre kommunane viser altså at Samnanger har hatt lite innflytting og ein svak nedgang i folketilveksten. Os har hatt ei jamn innflytting og ein jamn auke i folketalet gjennom heile perioden, utan dramatiske hopp eller nedgangsperiodar. Fjell på si side hadde ein svak auke i folkeveksten fram til 1971, men frå 1971 skaut innflyttinga fart, og Fjell er i dag den av dei tre kommunane som har flest innbyggjarar. Dersom vi set dette opp i eit diagram, ser vi skilnadene tydelegare.



**Figur 6.3** Folkeauke i Samnanger, Fjell og Os 1951 – 2001

Kommunane Os, Fjell og Samnanger er alle nabokommunar til Bergen, men har ikkje merka konsekvensane av denne naboskapen i same grad. Sett i lys av innflyttingstempoet i Fjell ser ikkje auken i folketal i Os særleg dramatisk ut. I Os har auken vore nokså jamn over svært lang tid. Sett i lys av stabiliteten i folketal i Samnanger blir det likevel klart at Os i langt større grad har fått merka at kommunen ligg attraktivt til for folk som ønskjer å kombinera landlege omgjevader med kort avstand til arbeid og andre tilbod i Bergen.

Det kunne vore svært interessant å samanlikna talemålsutviklinga i desse tre kommunane. Sjølv om Samnanger og Fjell tradisjonelt høyrer til det nordhordlandske dialektområdet og Os i det sunnhordlandske, har talemålet i dei tre kommunane tradisjonelt hatt mange fellestrekk (jf. underkap. 6.3.1). Så langt eg kjenner til, er det ikkje gjort undersøkingar av talemålsutviklinga, verken i Samnanger eller i Fjell dei siste åra. Ut frå personlege observasjonar gjennom opphald i Samnanger meiner eg å kunna hevda at talemålet hjå dei unge der er nokså mykje meir konservativt, og til dels også meir homogent, enn talemålet hjå dei unge på Os. Eg vil meina at det rådande systemet hjå dei unge i Samnanger på mange måtar liknar på yngre osmål i Arne Aarseth sine undersøkingar frå 1974 (jf. underkap. 6.3.2). Når det gjeld Fjell, har eg færre personlege røynsler, men det inntrykket eg har fått gjennom møte med ungdomar derifrå, er at det språklege uttrykket er nokså heterogent. Eg trur dermed at situasjonen i Fjell liknar nokså mykje på situasjonen på Os, berre endå meir prega av dialektkontakt med bergensk talemål. Dette kunne det som sagt vore interessant å undersøkje nærare, fordi det ville gje eit viktig bidrag til kunnskap om samanhengen mellom dialektkontakt og talemålsending.

#### **6.2.3.4 Kultur og identitet**

Eg har no presentert skulestruktur, bumønster, arbeidsmønster og flyttemønster i Os kommune. Men eit lokalsamfunn er meir enn det som kan talfestast på denne måten, det er også meir enn fysiske vegsamband og handling på dei same butikkane. Ei anna, og svært viktig side av lokalsamfunnet, er den kulturelle. Med kultur meiner eg i denne samanhengen alt som bind innbyggjarane i kommunen saman, og som får folk til å oppfatta seg som ein del av eit fellesskap.

Kulturlivet i Os har tradisjonelt vore aktivt. Slik er det framleis, sjølv om innbyggjartalet har auka kraftig. I følge kommunen sine oversikter finst det 202 friviljuge lag og organisasjonar i kommunen. Det er mykje å velja i – her er eit breitt tilbod innan idrett, musikk og teater og ideelle foreiningar av mange slag. Gjennom året blir det også arrangert

fleire store festivalar som er svært populære. I juni kvart år er det blues- og jazzfestival, seinare på sommaren er det oselvarfestival, og annakvart år er det tid for *Fritio i Os*, der heile kulturlivet i bygda er engasjert i ein vekelang kulturfestival. Her er det konsertar og teaterstykke, kabaretar og revy, og ikkje minst ei bygdekunstutstilling, der vanlege folk kan stilla ut det dei skaper på fritida.

Lokalavisa *Os og Fusaposten* har òg ein viktig funksjon i lokalsamfunnet. Denne avisa tek opp aktuelle politiske saker, i tillegg til å fungera som oppslagstavle for kulturelle tilstellingar, og som 'kyrkjebakke' for nyhende av det meir personlege slaget (fødselsdagar, giftarmål, fødsjar osv.). Avisa, som har Os og Fusa kommunar som sitt nedslagsfelt, hadde eit godkjent opplag på 5555 eksemplar i 2003. Dei to kommunane har til saman om lag 18500 innbyggjarar.

Dei siste åra har kommunen arbeidd systematisk med å utvikla Osøyro, sentrumsområdet i Os, til ein stad folk kan trivast og kjenna seg heime. I hamneområdet har ein bygd gjestebryggje med bord og benkar, og på motsett side av sentrum er det bygd ein skulpturpark som er blitt ei populær grøn lunge. Sentralt i hamneområdet har ein også plassert Oselvarverkstaden. Denne verkstaden, etablert som eit samarbeidsprosjekt mellom kommune og private, har fått ein viktig symbolverdi for kommunen. Her blir båtbyggjartradisjonane knytte til oselvaren haldne oppe, gjennom at erfarne båtbyggjarar arbeider saman med unge lærlingar. Verkstaden har òg ei utstilling som fortel om den tusen år gamle båtbyggjartradisjonen på Os.

Lokalavis, organisasjonsliv og festivalar er med på å gje osingar eit medvit om å tilhøyra ei sosial og kulturell eining som skil seg frå andre sosiale og kulturelle einingar. Forholdet til Bergen er ambivalent. Folk i Os bruker byen og det som finst av tilbod der, mange har arbeidet sitt der, og dei fleste oppfattar Bergen som 'sin' by, men på den andre sida er det viktig for dei fleste å markera avstand til byen. Informantane mine er på den eine sida opptekne av å framheva som ein stor fordel at kulturelle tilbod i Bergen er så lett tilgjengelege når ein bur på Os, på den andre sida peikar mange av dei på at dei på ingen måte ønskjer å bli oppfatta som bergensarar:

Men det merka eg spesielt når eg va i, når eg va vekke, sånn så no når eg va i Kirkenes, for eksempel. Så sa eg "ja, eg e fra Os". "Os?", "Ja, Os utnfor Bergen". "Å ja, du e bergensar!" Det e utruli provoserande, faen, eg e'kje fra Bergen, eg e fra Os (inf. 8, 2001).

Biletet er likevel ikkje heilt eintydig – fleire informantar signaliserer at dei ikkje synest det er så viktig å halda oppe eit tydeleg skilje mellom bygd og by. Ein av informantane uttrykkjer det slik:

Eg regne no meg sjøl som bergensar enkli, men isje fra *byen* liksom (inf 10 97).

Hjå dei som *er* opptekne av at Os må oppfattast som ei eiga sosial og kulturell eining, kan det verka som om det er ein viktig del av sjølvbiletet at ein tilhøyrer eit bygdesamfunn. Sjølv om Os berre ligg 3 mil frå den nest største byen i Noreg, og sjølv om innflyttinga har vore stor dei siste femti åra, meiner eg at det finst ei klar førestelling i lokalsamfunnet om at Os er bygd, og ikkje by. Dei siste åra har mange tettstader med ein liknande befolkningsstruktur som Os bestemt seg for å ta bystatus. Dette har ikkje skjedd på Os, der har ein halde på bygdestatusen. Samstundes står også det nynorske skriftspråket etter måten sterkt i kommunen.<sup>43</sup>

Adminstrasjonsspråket i kommunen er nynorsk, lokalavisa kjem ut på nynorsk, og undervisningsspråket i grunnskulen er nynorsk. På ungdomstrinnet kan elevane velja sjølve, men på barnetrinnet har alle elevane nynorsk. I følgje kjelder hjå kommunen har det vore lite diskusjon rundt dette dei siste åra, språkdebatten er ikkje noko glødande tema i lokalsamfunnet. Også dette er noko som gjer at Os-samfunnet markerer seg som noko anna enn ein forstad til Bergen.

### 6.3 Talemålsendring i Os


Alt i 1974 blei det observert at osmålet var i nokså kraftig endring. I hovudfagsoppgåva si (jf. underkap. 4.3.3.4) beskriv Arne Aarseth to ulike versjonar av osmålet, og kallar dei to systema for *eldre* og *ynge* osmål (Aarseth 1974:27). Over 30 år er gått sidan 1974, og det er dermed interessant å sjå om talemålet framleis er i endring, eller om situasjonen har stabilisert seg etter 1974. I dette kapittelet skal eg undersøkje dette.

#### 6.3.1 Ei oversikt over eldre osmål

Geografisk kan ytre del av Hordaland fylke delast inn i tre regionar – Nordhordland, Midthordland og Sunnhordland. Nordhordland er grovt sett den delen av Hordaland som ligg nord for Bergen, medan kommunane sør for Bjørnefjorden blir rekna til Sunnhordland. Saman med Austevoll, Fusa, Samnanger, Askøy, Sund, Fjell og Øygarden kommunar blir Os rekna til Midthordland (Brekke, Nord og Skaar 1993:227)

---

<sup>43</sup> Unnataket er forretningsstand og anna næringsliv, som med nokre få unnatak annonserer på bokmål.



**Figur 6.4 Ytre Hordaland**

Dialektologisk høyrer målføra i Hordaland til det sørvestlandske dialektområdet, som strekkjer seg frå indre Sogn i nord til storparten av Vest-Agder i sør. Dette tilsvarer det området som har *a*-mål, det vil seia dei måla som har halde på trykklett *-a* i gammal utlyd (open staving) (Skjekkeland 1997:224)<sup>44</sup>. Tradisjonelt er måla i ytre Hordaland utanom Bergen blitt delte inn i nordhordlands- og sunnhordlandsmål. Dei fleste forskarane har rekna osmålet som ein del av det sunnhordlandske målområdet, grensa mot nordhordlandske mål er blitt sett mellom Os og Fana (Aarseth 1974; Skre 1957; Kolsrud 1974). Dersom ein går inn og studerer dei språktrekka som kjenneteiknar osmålet, viser det seg, ikkje særleg overraskande, at skiljet ikkje er kategorisk. Os har hatt nær kontakt med grannemåla både i nord og sør, og i det tradisjonelle osmålet finst trekk som er typiske dels for nordhordlandsmål og dels for sunnhordlandsmål.

I den følgjande oversikta vil eg visa korleis det tradisjonelle osmålet, slik Arne Aarseth framstiller det, plasserer seg innafor det sørvestlandske dialektområdet. For å visa isoglossane mellom osmålet og nabo-dialektane i nord og sør, vil eg samanlikna tradisjonelt

---

<sup>44</sup> Dette er eit oversynsverk der Skjekkeland samlar dialektologisk kunnskap frå ulike kjelder og gjev eit oversynsbilete over dei tradisjonelle særdraga i norske dialektar. Når eg refererer det ein kan kalla 'allmenne dialektologiske sanningar', støttar eg meg på denne boka.

osmål med tradisjonelt tysnesmål og tradisjonelt fanamål. Disse to talemåla plar bli plasserte høvesvis i det sunnhordlandske og det nordhordlandske dialektområdet.<sup>45</sup>

Ei samanlikning av talemålet i Tysnes, Os og Fana				
Fellestrekk Tysnes, Os og Fana		Tysnes	Os	Fana
<b>Fonologi</b>	Tungespiss- <i>r</i>	X	X	X
	Differensiering av <i>rn</i> og <i>vn</i> i trykksterke stavingar til <i>dn</i> og <i>bn</i>	X	X	X
	Segmentasjon av gno <i>ll</i> , <i>nn</i> og <i>mm</i>	X	X	X
<b>Morfofonologi</b>	Palatalisering av velarane <i>k</i> , <i>kk</i> og <i>gg</i>	X	X	X
<b>Morfologi</b>	Har tre kjønn i substantiv	X	X	X
	Substantiv bøygd i i flt. etter kjønn og bøyingsklasse	X	X	X
	Hokjønn ubestemt form endar på <i>-a</i>	X	X	X
	Verb i infinitiv endar på <i>-a</i>	X	X	X
	<i>R</i> -bortfall i presens av svake verb, og ubestemt form av hankj. og hokj.ord i fleirtal <sup>46</sup>	X	X	X
<b>Leksikon</b>	Pronomenforma <i>da</i>	X	X	X
	Personlege pronomen er <i>eg</i> og <i>me</i> i 1. person eintal og fleirtal	X	X	X
Fellestrekk Os og Tysnes:		Tysnes	Os	Fana
<b>Fonologi</b>	Segmentasjon av assimilisert gno <i>ld</i>			X
	Palatalisering av segmentert <i>dl</i> og <i>dn</i>			X (restar)
<b>Morfofonologi</b>	Palatalisering av kort <i>g</i>			X
<b>Morfologi</b>	Kløyvd hokjønnsbøyning i bestemt form			X
	Sterke verb endar på svarabhaktivokal i presens	X	X	
Fellestrekk Os og Fana:				
<b>Prosodi</b>	Atonemisitet		X	X
<b>Fonologi</b>	Assimilasjon <i>ld</i> og <i>nd</i> til <i>ll</i> og <i>nn</i>		X	X (også segmentert)
<b>Morfologi</b>	Kvaliteten på trykklett <i>-o</i> i ending er trong <i>/u/</i> .		X	X

<sup>45</sup> Basert på (Skre 1957; Henriksen 1954; Aarseth 1974).

<sup>46</sup> Lenger sør i Sunnhordland gjeld *r*-bortfallet berre verb (Vidsteen 1900:XXXI).



## 6 Språksamfunnet Os

	Sterke og svake hokjønnsord i b.f. eint. endar oftast på <i>-o</i> / <sup>1</sup> su:lu, <sup>2</sup> jentu/		X	X
	Svarabhaktivokal ved adjektiv	X		

**Tabell 6.4** Ei samanlikning av talemålet i Tysnes, Os og Fana

Talemålet i Os har altså fellestrekk både med talemåla i nord og i sør, og det er vel heller ikkje eigentleg så veldig interessant å plassera det som anten sunnhordlandsmål eller nordhordlandsmål.

Når ein ser på dei tradisjonelle dialektstiljane i ytre Hordaland, er vel kanskje ikkje det mest påfallande skilja mellom sunn- og nordhordlandsmåla, men skilja mellom bergensmålet og dei andre målføra, noko mange har peika på tidlegare: ”Ein kan ikkje undrast nok over kor merkeleg liten innverknaden har vore frå BBm. i eldre tid. Byen har lege som ein stor framandlekam i det språklege miljøet i Nhl” (Skre 1957:13). Nord- og sunnhordlandsmåla har langt meir til felles seg imellom enn dei har med bergensk, sjølv om byen ligg midt imellom, noko som blir illustrert dersom ein samanliknar Bergen bymål med fellestrekk for osmålet, sunnhordlandsmål og nordhordlandsmål i tabellen ovanfor.

Fellestrekk Tysnes, Os og Fana		Tysnes	Os	Fana	Bergen
<b>Fonologi</b>	Tungespiss- <i>r</i>	X	X	X	÷
	Differensiering av <i>rn</i> og <i>vn</i> i trykksterke stavingar til <i>dn</i> og <i>bn</i>	X	X	X	÷
	Segmentasjon av gno <i>ll</i> , <i>nn</i> og <i>mm</i>	X	X	X	÷
<b>Morfonologi</b>	Palatalisering av velarane <i>k</i> , <i>kk</i> og <i>gg</i>	X	X	X	÷
<b>Morfologi</b>	Tre kjønn i substantiv	X	X	X	÷
	Substantiv bøygd i i flt. etter kjønn og bøyingsklasse	X	X	X	÷
	Hokjønn ubestemt form endar på <i>-a</i>	X	X	X	÷
	Verb i infinitiv endar på <i>-a</i>	X	X	X	÷
	<i>R</i> -bortfall i presens av svake verb, og ubestemt form av hankj. og hokj.ord i fleirtal	X	X	X	÷
<b>Leksikon</b>	Pronomenforma <i>da</i>	X	X	X	÷
	Personlege pronomen er <i>eg</i> og <i>me</i> i 1. person eintal og fleirtal	X	X	X	÷

**Tabell 6.5** Fellestrekk i talemålet for Tysnes, Os og Fana

Dette fortel noko om ein språkleg situasjon i tidlegare tider der skiljet mellom bymann og stril var stort, og kontakten mellom dei to gruppene var liten (jf. underkap. 6.2.3)

Arne Aarseth sine observasjonar av det eldre osmålet er frå 1974. Det kan sjå ut som om det talemålet han beskriv, ikkje er ulikt talemålet i Os nokså mykje tidlegare. Kunnskapen om osmålet i tidlegare tider er ikkje så stor – det finst ikkje bandopptak som kan fortelja oss noko om korleis osingane snakka til dømes på 1800-talet. Der finst likevel ei nokså interessant, svært tidleg kjelde. Prestesonen Michael Segelche Sandberg skreiv i 1811 skodespelet ”*Et optog i Livet fra forrige Aarhundrede på Ousøren i Sundhordlehn, Ous Præstegield, Bergen Stift*” . Det handlar om historiske personar frå Os, og Sandberg prøver å gjengje replikkane på dialekt. Didrik Arup Seip presenterer i ein artikkel skodespelet og bakgrunnen for dette, med særleg vekt på verdien skodespelet har for talemålsforskinga. Seip meiner at Sandberg gjengjev talemålet på ein svært god måte – ”her er han god, ja enestående til svært langt ut i hundreåret” (Seip og Sandberg 1934:38). Framstillinga er prega av dansk ortografi, men det er ikkje vanskeleg å kjenna att sentrale trekk ved osmålet i teksten:

*Guro.* No sjer eg Lars Kuen kodma øve Øiro, han gaer idn i Naustet sit.

*Sydnevo.* Jaggu mi Sjel ska æg fortelja han ka Lebna her har vøre. Fanen maatte da fara i dei Svino, aa meest i da her lidgje. (Hun vrænger Øinene; fordreier Munden og bider Tænderne sammen ved at see paa Kleppe.)

*Guro.* Di har sparka Spisselbøtto idn onne Røsten.

*Synneve.* Aa qvølvd vel da so va i?

*Guro.* Jaggu har di so, da lidgje på Gølve altsama, da æ inkje ein Lok meira i, neggusdøe inkje ein Lok meira!

*Synneve.* Gu skee Løv no har inkje Britho meira aa blauta Blatabakje[n] i, no kan hu pissa på dæ (der høres en huul Banken udenfor.)

*Guro.* Æ tødkje da kakka paa (Seip og Sandberg 1934:15).

I tekstutdraget finn vi mellom anna differensiering (*lebna*, *nn*: *leven*), segmentasjon (*idn*, *kodma*, *nn*: *inn*, *komma*)<sup>47</sup>, palatalisering av velarar og svarabhaktivokal i presens (*lidgje*, *nn ligg*), *o*-ending i hokjønnsord (*Spisselbøtto*, *nn*: *bøtta med tynt øl i*), og i inkjekjønns i fleirtal bestemt form (*Svino*, *nn*: *svina*) og *a*-ending i infinitiv (*fortelja*). Dersom ein samanliknar dette tekstutdraget med ein målprøve frå 1944, av bonde, politikar og bygdebokskrivar Nils

---

<sup>47</sup> Sandberg gjengjev segmentasjonen av *nn* til *bm* (*kobma*) som *dm*.

Tveit (f. 1876), er det nokså klart at det ikkje er store talemålskilnader mellom dei to tekstutdraga:<sup>48</sup>

*da va ænn mann å æi kâna so buddə på ætt litə plass' idni fjæll'bygdo på vòss. dæi hadde hatt æn stor' mo'teægånŋ so da va bærə elændighæito mæ di; di åtte æi ku, å da va hæilə buskapən dæira. di haddə to' små bòdn, ænn gut å æi jænta; gut'n hæitte n̄ils, mæn ka jænto hæit'tə, væit' æg iķķe. so va da ænn må'ro om submarən at kâno hadde gått' (va gådd) åt mar'ķo å sko mjæl'ka (malka) ku'o (ķyro) si; då hadde bòd'no vak'na å ræise opp' å so tøttə di da vart so læn'jə før mo'ro kâbm hæim'att, å so' sko di gâ i mar'ķo sjå itt nə. mæn so had'də di gått æn gal'n væi' å kâbm idn i ænn skog', so di viss'tə iķ'ķə te fidna væi'en hæi'matt.*

Også her finn vi differensiering (*bodno*, nn: *borna*), segmentasjon (*idni*, nn: *inni*), palatalisering av velarar og (*markjo*, nn: *marka*), *o*-ending i sterke og svake hokjønnsord (*elændighæito*, *kâno*, nn: *elendigheita*, *kona*), og i inkjekjønn i fleirtal bestemt form (*bodno*, nn: *borna*) og *a*-ending i infinitiv (*fidna*, nn: *finna*).

Det ser altså ut som om det språkssystemet Arne Aarseth kallar eldre osmål i 1974 ikkje skil seg mykje frå prøvar på osmål frå tidleg 1800-tal og midt på 1900-talet.<sup>49</sup> Dette tyder på stabilitet i talemålet gjennom perioden, sjølv om det er svært truleg at det har funnest talemålsvariasjon også i denne perioden.

### 6.3.2 Ei oversikt over yngre osmål

Då Arne Aarseth i 1974 skreiv si hovudoppgåve om osmålet, var han oppteken av endringane som hadde gått føre seg i talemålet i Os dei siste åra. Han hadde observert at osmålet var i sterk endring, og hadde også meiningar om retninga på endringane.

I dag er osmålet forandret på mange av de punktene vi har satt opp ovenfor. Det gamle målet er framdeles [sic] et sunnhordlandsmål, dialektologisk sett, men den største påvirkningen kommer ikke lenger fra den landsdelen. I stedet er det Bergen med sin store innflytelse som sender ut påvirkning gjennom utflytting, som er ganske stor fra Bergen til Os, og gjennom en direkte endring av næringsveiene i kommunen til et grunnlag som passer bysamfunnet bedre. (Aarseth 1974:27)

---

<sup>48</sup> Oppskrift v. O.Skulerud etter Nils Tveit 1944, Målføresamlinga, Nordisk institutt, Universtetet i Bergen. Transkripsjonen er gjort for hand i ein Norvegia-variant, eg har prøvd å gjengje det så langt det har lete seg gjera.

<sup>49</sup> Det finst framleis eldre språkbrukarar i Os med eit talemål som liknar mykje på dette eldre osmålet.

Aarseth hevdar at endringane har vore så store at det er snakk om to ulike språkssystem.<sup>50</sup> Den gamle osdialekten kallar han for *eldre osmål*, og den nye dialekten, som han meiner er meir 'normalisert', kallar han for *yngre osmål*. Omgrepa eldre og yngre mål refererer her ikkje til talemål som blir snakka av høvesvis eldre og yngre språkbrukarar i kommunen, men til to dialektologisk definerte språkssystem (ibid).<sup>51</sup> I tabellform ser skilnadene slik ut:

		Eldre osmål	Yngre osmål	Bergen
<b>Prosodi</b>	Atonemisitet	X	X (ikkje alle språkbrukarar)	÷
<b>Fonologi</b>	Differensiering av <i>rn</i> og <i>vn</i> i trykksterke stavingar til <i>dn</i> og <i>bn</i>	X	÷	÷
	Tungespiss- <i>r</i>	X	÷	÷
	Segmentasjon av gno <i>ll</i> , <i>nn</i> og <i>mm</i>	X	÷	÷
<b>Morfonologi</b>	Palatalisering av velarane <i>k</i> , <i>kk</i> og <i>gg</i>	X	÷	÷
<b>Morfologi</b>	Tre kjønns i substantiv	X	X	÷
	Substantiv bøygd i i flt. i samsvar med kjønns og bøyingsklasse	X	Kjønns, men ikkje bøyingsklasse	÷
	Hokjønns ubestemt form endar på <i>-a</i>	X	X	÷
	Sterke og svake hokjønnsord i b.f.eint. endar oftast på <i>-o</i>	X	X	÷
	Verb i infinitiv endar på <i>-a</i>	X	X	÷
	Sterke verb endar på svarabhaktivokal i presens	X	X	÷
	<i>R</i> -bortfall i presens av svake verb, og i ubestemt form av hankj. og hokj.ord i fleirtal <sup>52</sup>	X	X	÷
<b>Leksikon</b>	Pronomenforma <i>da</i>	X	X	÷
	Personleg pronomen <i>me</i> i 1. person fleirtal	X	÷	÷

**Tabell 6.6** Ei samanlikning av eldre osmål, yngre osmål og bergensmål

Det mønsteret som teiknar seg ut frå opplistingane ovanfor, er at det eldre osmålet hovudsakleg skil seg frå det yngre på det fonologiske nivået, medan morfologien har halde seg meir stabil. Sjølv om bøyingsystemet i substantiv er blitt enklare fordi bøyingsklassane til dels har falle saman, er det yngre osmålet framleis eit *a*-mål med *r*-bortfall, og med *o*-ending i hokjønns bestemt form. Det som hovudsakleg skil det eldre osmålet frå det yngre, bortsett frå reint leksikalske skilnader, er at det yngre osmålet har mista ein del fonologiske språktrekk som er særigne for det sørvestlandske målområdet.

<sup>50</sup> Som eg kommenterte i underkap. 4.3.3.4, høyrer Aarseth til i ein strukturalistisk /dialektologisk tradisjon, og er meir oppteken av *system* enn av *variasjon*.

<sup>51</sup> Denne oversikta er basert på opplysningar frå Arne Aarseth 1974 og (ref Bergen? Larsen og Stoltz?)

<sup>52</sup> Lenger sør i Sunnhordland gjeld *r*-bortfallet berre verb (Vidsteen 1900:XXXI).

Arne Aarseth meiner at den viktigaste grunnen til endringane i osmålet er påverknad frå bergensmålet på grunn av auka dialektkontakt, sjølv om han andre stader i oppgåva si nemner det han kallar 'normaltalemål' som kjelde for språkendringane (Aarseth 1974:188). Tabellen ovanfor som samanliknar det eldre osmålet, det yngre osmålet og bergensmålet, viser at han har eit poeng. Alle stader der det eldre og det yngre osmålet skil lag i denne oversikta, har det yngre osmålet fått same utvikling som bergensk. Det er altså ikkje urimeleg å gå ut frå at det er ein samanheng mellom den auka kontakten mellom Os og Bergen og utviklinga i talemålet. Det må likevel nemnast at dei same endringane har skjedd i bygdemåla på heile Sør-Vestlandet (Skjekkeland 1997:100, 199), altså også stader som ikkje har Bergen som næraste bysentrum. Dette betyr at endringane kan forståast som ein del av ei regional nivellering – innafor regionen er det ein nedgang i talet på ulike variantar av dei språklege variablane i tabellen ovanfor. Det er ikkje særeigne bergenske språktrekk som har kome inn i det yngre osmålet – ein kan like gjerne tolka nyutviklingane som resultat av påverknad frå det Aarseth kalla 'normaltalemål'. Bortfallet av differensiering, segmentasjon og palatalisering av velarar er endringar som også gjer osmålet meir likt eit norsk standardtalemål (jf. underkap. 2.3.3.1.2 for diskusjon om kva som kan reknast som norsk standardtalemål).

Også her kan det vera nyttig å utfylla biletet med ein målprøve, for å få eit meir utfyllande bilete av det yngre osmålet. Her skal vi sjå eit døme på yngre osmål i bruk, igjen henta frå Aarseth:<sup>53</sup>

*de va ɛn ɡaŋŋ no ɪ haust vi skule ɔp ɪ 'vallaɛlvo ɔ ta 'əiɪɪ. vi adɛ me ɔs 'lökta hå : v ɔ 'va : dara. de va 'sɛɪnt på natto. vi jɛk 'oppɔ 'oppi : o a 'bru : o ɔpmɛ 'östrɛmɛn ɔ 'he : lt opp tɔ 'fɔss'n. 'ba : kpå 'lök'tna hadɛ vi ɛn 'sɟɛɪm sɔ 'lysɛ iɟɛ skule 'vi : sa frå 'veɪɛn. nɔɪ vi bjyntɔ 'ly : sa såg vi 'flɛɪɪɛ 'sto : ɹɛ fiska ɔ vi blɛɪ he : lt ville. vi fɛk 'ta : ki 'ɛɪn. han sto 'stillɛ nɔɪ vi to : k an. mɛn så : blɛɪ e : g 'lɪtfɔɹ ɪvɪɪ ɔ 'glɛɪ på ɛn stɛɪn ɔ dat 'u : tɪ på ɹyggɛn ɔ fɛk 'va : dɛstövl'na fulɪ vatt'n sɔ di 'andrɛ mɔtɛ ta : mɛg ɪ 'nakɟɛn ɔ fiska mɛg opp. då : va sɛlfölgɛɪ 'allɛ 'əiɪɪanɛ 'vɛkkɛ. mɛn vi 'fɛkkno ein på sɪrka to : 'ki : lo.*

(Aarseth 1974:218)

### 6.3.3 Ei oversikt over talemålet i informantgruppa

Korleis er så stoda i dag, 30 år etter at Aarseth gjorde sine undersøkingar av osmålet? Eg skal her bruka materiale frå intervjurunden i 2001 (sjå underkap. 4.1.2) til å undersøkje korleis

<sup>53</sup> Teksten er transkribert i Norvegia.

talemålet er i dag blant unge i Os.<sup>54</sup> Dette inneber at informantane mine i denne samanhengen representerer unge språkbrukarar i Os generelt. Som eg har diskutert tidlegare, er dette ikkje uproblematisk – informantane mine er ikkje plukka ut på ein måte som gjer at dei kan representera dei unge i heile Os. Dei representerer derimot den krinsen der variasjonsbreidda i det språklege uttrykket er mest påfallande (jf. underkap. 4.2). Slik kan dei gje eit nokså godt bilete av *variasjonsbreidda* som finst i talemålet hjå dei unge i Os, sjølv om ikkje fordelinga av lokale og nivellerte variantar vil vera den same som i dei andre krinsane.

Er så dei lokale språkformene frå tabellane ovanfor i bruk også hjå ungdomar i dag? For å kunna svare på dette vil eg undersøkje variasjonsmønstra for dei seks språklege variablane som blei presenterte i underkap. 5.1. Til slutt vil eg summera opp funna og plassera dei inn i same tabell som eg har brukt i presentasjonen av eldre og yngre osmål.

### 6.3.3.1 Variasjonsmønstra


Variantane av dei undersøkte variablane er hovudsakleg kategoriserte i to grupper – som *lokale former* eller som *bergensstøtta nivellerte former*. Dei fleste belegga passar inn i ein av desse to kategoriane. Der finst likevel belegg som ikkje passar inn verken i den eine eller den andre kategorien, og desse kategoriserer eg som *alternativt nivellerte former*.<sup>55</sup>

Variabelkode	Lokale former	Bg.støtta niv. former	Alt. niv. former	N=
PFE	77,5 %	22,5 %	0,0 %	1703
HB	44,0 %	39,2 %	16,9 %	166
FLB	41,6 %	56,7 %	1,7 %	291
INF	28,9 %	70,5 %	0,5 %	740
HU	18,6 %	81,4 %	0,0 %	118
PR	3,1 %	96,9 %	0,0 %	2513

**Tabell 6.7 Variasjonsmønstra for dei seks språklege variablane i 2001**

<sup>54</sup> For å kunna samanlikna talemålssituasjonen i dag med dei to tidlegare utviklingstrinna, måtte eg velja eit fast punkt å samanlikna med. Eg har valt å bruka materialet frå den andre innsamlingsrunden i 2001 til denne samanlikninga, fordi det representerer tidspunktet midt mellom byrjing og slutt av undersøkingsperioden.

<sup>55</sup> Repetisjon av variabelnamna: presens- og fleirtalsending (PFE), hokjønn bestemt form (HB), fleirtal bestemt form (FLB), infinitiv (INF), hokjønn ubestemt form (HU), pronomen (PR). Jf. underunderkap. 5.1.



Figur 6.5 Variasjonsmønstra for dei seks språklege variablane i 2001

Bruken av nivellerte former og lokale former er langt frå jamt fordelt på dei ulike variablane. Variabelen PFE peikar seg ut med ein høg prosent lokale former, medan variablane FLB, HU, INF og PR har ein høg nivelleringsprosent. Variabelen PR peikar seg særleg ut her – her er bruken av den bergensstøtta nivellerte forma nesten einerådande i materialet. Variabelen HB har ei nokså likeleg fordeling av bergensstøtta nivellerte former og lokale former, men har også ein nokså høg prosent alternativt nivellerte former.

Eg skal no presentera fordelinga av variantar for kvar enkelt av dei seks variablane.

#### *PFE-variabelen:*

Den første variabelen eg skal presentera er variabelen PFE. Dei tilgjengelege variantane her er den lokale varianten *-e* eller *-a* og den bergensstøtta nivelleringa *-Ar*. Her er eit klart fleirtal av belegga er kategoriserte som lokale former.

Variabelnamn	Lokalpst	Bgnivpst	N=
PFE	77,5 %	22,5 %	1703

Tabell 6.8 Variabelfordeling på PFE-variabelen i 2001

Belegga fordeler seg som enten lokale former eller som bergensstøtta nivellerte former – alle belegga i materialet har enten vokalutlyd eller endings-*r*.<sup>56</sup> Om lag fire femtedelar av belegga

<sup>56</sup> Dette fortel oss at bøyingsmønstra frå Nordhordland ikkje er påverknadskjelde for informantane; der får sterke verb inga ending i presens.



på denne variabelen er realiserte som lokal form, det er altså ingen tvil om at *r*-bortfall er eit språkleg trekk der den lokale forma held seg svært godt.

Også når vi deler opp PFE-variablane i dei seks undervariablane FUM, FUF, FUN, PST, PSE og PSREST<sup>57</sup>(jf. underkap. 5.2.3), er hovudmønsteret det same, men det ser ut til å vera skilnad mellom variablane med den lokale varianten *-a* (FUM, PSREST) og variablane med den lokale varianten *-e* (FUF, PST, PSE) eller blanding (FUN).

Variabelkode	LokPst	NivPst	N=
FUM	83 %	17 %	441
FUF	69 %	31 %	141
FUN	63 %	37 %	59
PST	70 %	30 %	387
PSE	75 %	25 %	290
PSREST	86 %	14 %	385

**Tabell 6.9 Variabelfordeling på underkategoriane av PFE-variabelen i 2001**

Som eg gjorde greie for i underkap. 5.2.3 er det vanskeleg å seia om dette har med metodiske forhold å gjera, eller om det har å gjera med at informantane faktisk skil mellom *r*-realisering i dei ulike bøyingsklassane, eventuelt basert på fonologiske kriterium.

### **Ekskurs – endingar i svake verb i presens**

Både i bergensmålet og i osmålet har ein halde oppe det tradisjonelle skiljet mellom bøyning av svake *a*-verb og *e*-verb. I osmålet er skiljet markert både i presens, preteritum og perfektum partisipp, i bergensmålet er det i berre i preteritum og perfektum partisipp dei to verbklassane skil seg frå kvarandre.

		<b>Presens</b>	<b>Preteritum</b>	<b>Perfektum</b>
<b>Osmål</b>	<b>A-verb</b>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
	<b>E-verb</b>	<i>føre</i>	<i>førte</i>	<i>ført</i>
<b>Bergensk</b>	<b>A-verb</b>	<i>kaster, fører</i>	<i>kastet</i>	<i>kastet</i>
	<b>E-verb</b>		<i>førte</i>	<i>ført</i>

Sjølv om skiljet mellom *a*-verb og *e*-verb er gammalt i norske talemål, og dermed også i osmål og i bergensk, har enkeltleksem til alle tider flytta seg frå ein kategori til ein annan. Svake *a*-verb er blitt til *e*-verb og nokre svake *e*-verb er blitt til *a*-verb, og dette har skjedd etter ulike mønster ulike stader i landet. Den sterkaste tendensen, både i osmålet og i bergensmålet, har vore at gamle *a*-verb har fått bøyning som *e*-verb, særleg i preteritum og

<sup>57</sup> fleirtal ubestemt form maskulin (FUM), fleirtal ubestemt form feminin (FUF), fleirtal ubestemt form nøytrum (FUN), presens sterke verb (PST), presens svake *e*-verb, (PSE) resten av presens svake verb (PSREST)

perfektum, sjølv om mønstra for overgang ikkje ser ut til å vera heilt dei same (Aarseth 1974:165ff; Larsen og Stoltz 1912:107ff).

Eg skal no sjå nærare på korleis informantgruppa realiserer gamle *a*-verb i presens. Som gamle *a*-verb reknar eg verba som oppfyller Arne Aarseth (1974:165ff) sine kriterium:

- 1) Verb som har kort vokal + lang konsonant i stamma (*klabba, kladda, straffa...*) (men her er det tendensar til vakling i fortid, særleg i yngre mål).
- 2) Verb som har kort vokal + konsonantsamband i stamma (*rabla, ofra, kjefta...*) (nokre få unnatak får dentalsuffiks i fortid).
- 3) Nokre verb som endar på *-ja*, og ein del verb som endar på trykklett vokal i stamma (*kneggja, høya*). Ein del av desse får *-a* i presens og dentalsuffiks i fortid.

Også Aarseth oppgjev at *a*-bøyinga ikkje er konsekvent i noka av dei tre verbgruppene han listar opp.

I presens har altså *a*-verb og *e*-verb falle saman i bergensk gjennom endinga *-Ar*, medan det eldre osmålet held oppe skiljet mellom *a*-verb og *e*-verb gjennom endringane *-a* og *-e*. For informantane mine finst det dermed tre aktuelle endingsalternativ ved realisasjon av *a*-verb i presens: Dei kan bruka den tradisjonelle *a*-verbendinga *-a*, dei kan ta i bruk *e*-endinga som tradisjonelt er brukt for *e*-verb eller dei kan bruka den bergenske felleendinga *-Ar*.

Då eg søkte i materialet frå 2001, fann eg 117 belegg på verb i gruppe 1, fordelt på seks verb, i gruppe 2 fann eg 60 belegg fordelt på 13 verb:

	a-ending	e-ending	Ar-ending
<b>Gruppe 1:</b>			
flytta (5)	3		2
hoppa (1)			1
jobba (45)	26	9	10
passa (11)	9	2	
slutta (3)	2	1	
snakka (52)	14	26	12
<b>Gruppe 2:</b>			
fiksa (2)		2	
funka (1)	1		
huska (3)	1	2	
klatra (4)	2	2	
kosta (12)	7	3	2
mangla (1)	1		
pendla (1)	1		
ramla (1)	1		
regna (2)	2		
rekna (8)	3	5	
venta (5)	4		1
virka (19)	15	4	1
<b>Til saman</b>	<b>92</b>	<b>56</b>	<b>29</b>

Tabell 6.10 Realisasjon av *a*-verb i presens

Det ser ut til å vera ein høg grad av variasjon i endingane på kvart enkelt leksem, alle dei tre aktuelle endingane ser ut til å vera i bruk hjå informantane. Variasjonen ser ut til å vera fri, ikkje leksemavhengig. Det ser heller ikkje ut til å vera nokon samanheng mellom konsonantutlyd i stamma og den endinga som er vald. Det kan vera teikn på at fonotaktiske restriksjonar ikkje er viktige her. Eitt leksem skil seg ut, nemleg verbet *snakke*, der heile 38 av dei 52 belegga blir realisert med noko anna enn *a*-ending, enten i form av den samanslåtte bergensendinga eller med *e*-ending. Det viser seg at dette er det einaste av dei undersøkte

verba som også nokså gjennomført blir realisert med dentalsuffiks i preteritum. Dette tyder på at akkurat dette verbet held på å bli til eit *e*-verb, ved analogi.

Av dei til saman 177 belegga blir 92 realiserte med *a*-ending og 56 med *e*-ending. Berre 29 får den bergenske *Ar*-endinga. Den tradisjonelle realisasjonen for *a*-verb, *a*-endinga dominerer altså i materialet, men *e*-endinga, som tradisjonelt har høyrte *e*-verket til, blir også brukt i nokså stor grad. Overgang frå *a*-ending til *e*-ending for *a*-verb i presens er mønster som er blitt rapportert frå fleire område på Vestlandet dei seinare åra (Skjekkeland 1997:182; Sandvik 1979:116; Sandve 1976:151f). Jf. drøfting i underkap. 6.4.2 nedanfor.

### Variabelen HB

Den andre av dei seks variablane er HB-variabelen, der den lokale forma er *-o*, den bergensstøtta nivelleringa er forma *-en* (felleskjønn), og den alternative nivellerte forma er *-a*. Dei tre variantane er svært ulike – den lokale forma *-o* og den alternativt nivellerte forma *-a* er realisert ved hjelp av to fullvokalar i kvar sin ende av vokalfirkanten, medan den bergenske endinga endar på ein konsonant, og i tillegg inneber eit samanfall mellom hokjønn og hankjønn.

Variabelnamn	Loknivpst	Bgnivpst	Altnivpst	N=
HB	44,0%	39,2 %	16,9 %	166

**Tabell 6.11 Variabelfordeling på HB-variabelen i 2001**

Her ser det ut til at bruken av lokale former og bergensstøtta nivellerte former er nokså jamt fordelt. Elles er det verdt å kommentera at det ser ut til at vekslingane mellom lokal form og bergensstøtta nivellert form hjå ein del informantar følgjer eit anna mønster på denne variabelen enn på dei andre variablane. Medan t.d. PFE-variabelen ser ut til å vera prega av fri variasjon, verkar det som om variasjonen på variabelen HB er leksemavhengig hjå mange informantar. Mellom anna viser undergruppa med *ing*-suffiks, som til dømes *regjeringen* og *dronningen*, svært tidleg overgang til bergensstøtta nivellert form.<sup>58</sup> Her ser det likevel ut til å vera semantiske skilnader. Generelt er det eit mønster at leksem som høyrer til i den meir heimlege sfæra, og som gjerne er naturleg kjønnsbestemte, har ein høgare frekvens av lokal realisasjon – det er påfallande mykje *søstro* og *jento* mellom belegga.

### Variabelen FLB

<sup>58</sup> Dette kan sjølvsagt tolkast som eit genusskifte, og i ein del tilfelle er det nok det. Visse informantar vil nok vera konsekvente og bruka hankjønnsartikkel i ubestemt form på *ing*-substantiva, andre er mindre konsekvente.

For *FLB*-variabelen er dei alternative variantane dei lokale formene *-ena* (f. og n.) eller *-ane* (m.), den bergensstøtta nivelleringa *-ene*, eller den alternative nivelleringa *-a*. Dette inneber ei veksling mellom ei lokal form som inneheld fullvokalen *-a* og ei bergensstøtta nivellering med vokalreduksjon.

Variabelnamn	Lokalpst	Bgnivpst	Altnivpst	N=
FLB	41,6 %	56,7 %	1,7 %	291

**Tabell 6.12 Variabelfordeling på FLB-variabelen i 2001**

56,7% av belegga er her realiserte som den bergensstøtta nivelleringa *-ene*, medan 41,6% av belegga er realiserte som lokal form.

Dersom ein studerer materialet nærare, viser det seg at valet av lokal form eller bergensstøtta nivellering kan vera avhengig av genus. Eit par av informantane har eit nokså gjennomført mønster der dei bruker forma *-ane* i hankjønnsord og forma *-ene* i hokjønn og inkjekjønn. Det vil seia at prosentskåren er avhengig av genus på belegga deira. Eit døme kan vera informant 5, som i 2001 har 25 belegg på variabelen. Tolv av dei blir realiserte som bergensforma *-ene*, tolv av dei som osforma *-ane*. Når ein ser på variasjonsmønstra hennar i detalj, viser det seg at informanten konsekvent realiserer hankjønnsorda med *-ane* og hokjønns- og inkjekjønnsorda med *-ene*. Ho seier altså *bondeknølane* og *elevane*, men *fagene* og *gruppene*. Det kan dermed sjå ut som om ho har laga seg eit nytt system for bøying av substantiv i fleirtal, like konsekvent som det gamle, men altså med ei ny ending i hokjønns- og inkjekjønnsord, som er lik som den bergenske. Det er likevel ikkje mange av informantane som er så konsekvente, ein del følgjer nokså konsekvent mønsteret for osmål, nokre har konsekvent gått over til bergensstøtta nivellering i alle kjønn, og nokre blandar tilsynelatande utan noko konsekvent system.

#### *Variabelen INF*

Variabelen INF har den lokale varianten *-a* og den bergensstøtta nivellerte varianten *-e*. Det dreier seg altså også her om vekslinga mellom ikkje-redusert og redusert vokal i ending.

Variabelnamn	Lokalpst	Bgnivpst	Altnivpst	N=
INF	28,9 %	70,5 %	0,5 %	740

**Tabell 6.13 Variabelfordeling på INF-variabelen i 2001**


28,9 % av belegga blir realiserte som lokal form, 70,5% av belegga blir realiserte som bergensstøtta nivellert form, medan 0,5 % av belegga blir realiserte med alternativ nivellert form; -0. Dette gjeld fem belegg, fordelt på fire leksem: *tein*, *håp*, *ønsk* (2x), *snakk*, fordelt på fire informantar. Eg tolkar dette som forkortingar knytt til samtalsituasjonen, som ikkje er ein del av ei systemending.

Nokre få verb kan realiserast i tre variantar i infinitiv – med *a*-ending, *e*-ending, eller med *apokopert* ending. Dette gjeld tre leksem – *vera*, *gjera* og *spørja*. Dette er eit fenomen som ikkje er spesielt for Os. I alle fall for verbet *vera* og *gjera* er slike apokoperte variantar vanleg i store delar av landet – også utanfor det vanlege apokopeområdet (Venås 1967:209f; 1974:187-188). Dei tre leksema er svært frekvente, og ville dermed ha påverka den samla variantfordelinga på infinitivsvariabelen nokså kraftig. For å gjera materialet ryddig har eg difor fjerna belegga på desse tre leksema frå variabelen INF.

Fordi variantfordelinga for dei tre leksema er interessant, vil eg sjå litt nærare på fordelingsmønstra deira. Dersom vi ser på fordelinga av lokale, bergensstøtta nivellerte og alternativt nivellerte former i 2001 for berre desse tre leksema, ser vi at om lag tre fjerdedelar av alle belegga her kjem ut som apokoperte former. Om lag 20% kjem ut som bergensstøtta nivellerte former, og berre 7 % som lokale former.

	Lokalpst	BgNivpst	Altnivpst	N=
<i>vera</i> , <i>gjera</i> , <i>spørja</i>	7%	20%	73%	214

Eit interessant spørsmål blir då kva for *sosial meining* bruken av dei apokoperte formene har. Kven er det som apokoperer infinitivar – er det dei som bruker mest lokale former, er det dei som har ein høg nivelleringsgjennomsnitt, eller er apokoperinga noko som er jamt fordelt i heile informantgruppa, uavhengig av korleis dei elles snakkar? I diagrammet nedanfor er det totale nivelleringsgjennomsnittet (alle variablar) kopla med graden av apokopering av dei tre leksema i infinitiv. Informantane er sorterte etter kor høgt nivelleringsgjennomsnitt dei har. Mønsteret er klart – dei som har høgt nivelleringsgjennomsnitt, bruker jamt over mindre apokopering enn dei som har eit lågt nivelleringsgjennomsnitt. Dette kan tyda på at dei apokoperte formene er meir aksepterte som ein del av osmålet enn som ein del av bergensmålet.



Figur 6.6 Samanhengen mellom nivelleringsgjennomsnitt og bruk av apokope ved infinitiv

Ein annan interessant ting som kan lesast ut av diagrammet er at det er dei med eit nivelleringsgjennomsnitt midt på treet som apokoperer mest. Dei som bruker mest lokale former og dei som har høgast nivelleringsgjennomsnitt blandar begge bruk av apokope med uapokoperte former, men vel ulik endevokal (*-e* for dei med høgast nivelleringsgjennomsnitt, stort sett *-a* for dei med lågast nivelleringsgjennomsnitt. Dei som ligg midt på treet har alle nesten hundre prosent apokopering. (Med unntak av ein informant, informant 2, som oppfører seg atypisk også på andre måtar. Jf underkap. 8.4.4) Dette kan tyda på at dei apokoperte formene også kan fungera som ei slags mellomformer som ikkje blir oppfatta som markerte verken i den eine eller den andre retninga.

#### Variabelen HU:

Også variabelen HU har den lokale varianten *-a* og den bergensstøtta nivellerte varianten *-e*. Dei to variablane INF og HU blir ofte handsama under eitt i dialektologien og kalla for *a*-målsvariablane.

Variabelnamn	Lokalpst	Bgnivpst	N=
HU	18,6 %	81,4 %	118

Tabell 6.14 Variabelfordeling på HU-variabelen i 2001

Denne variabelen oppfører seg, ikkje uventa, ikkje så ulikt variabelen INF. Den lokale forma står litt svakare her, her er det definitivt den bergensstøtta nivelleringa som dominerer materialet. 81,4% av belegga kjem som nivellert form, medan berre 18,6% kjem som lokal form. Halvparten av informantane har hundre prosent nivellerte former her, og berre ein informant har ein nivelleringsprosent på null.

#### *Variabelen PR*

Også den neste variabelen handlar om veksling mellom fullvokalen *-a* og den reduserte vokalen *-e*. Denne gongen gjeld det den leksikalske variabelen PR (pronomen), som har den lokale forma /<sup>1</sup>da:/og den bergensstøtta nivelleringa /<sup>1</sup>de:/. Her er det tydeleg at den bergensstøtta nivellerte forma dominerer totalt:

Variabelnamn	Lokpst	Bgnivpst	N=
PR	3,1%	96,9 %	2513

**Tabell 6.15 Variabelfordeling på PR-variabelen i 2001**

Dette pronomenet finst både i trykklett og trykktung posisjon i setninga. I trykktung posisjon er den bergensstøtta nivelleringa einerådande, i trykklett posisjon finst det ein del døme på at informantar vel den lokale realisasjonen av pronomenet.

#### *Oppsummering*

Eg har no presentert variabelmønstra i 2001 for dei seks språklege variablane eg har undersøkt. For fire av dei seks variablane, FLB, INF, HU og PR viser det seg at den bergensstøtta nivelleringa står nokså mykje sterkare enn den lokale forma. For variabelen PFE står derimot den lokale forma svært mykje sterkare enn den bergensstøtta nivelleringa. For variabelen HB er det vanskeleg å seia noko kategorisk – her er det om lag like mange belegg som blir realiserte som lokal form og som bergensstøtta nivellering. På denne variabelen blir nokså mange av belegga realiserte gjennom ei alternativ nivellering, standardforma *-a*. Eit interessant spørsmål er kvifor det er så stor skilnad på i kor stor grad dei seks variablane blir realisert som nivellert form. Dette spørsmålet vil eg koma tilbake til i underkap. 6.4.2.



### 6.3.3.2 Frå eldre osmål til i dag

Framstillinga av talemålet i informantgruppa mi viser den språklege røyndomen i 2001 – nesten 30 år etter at Arne Aarseth gjorde sine undersøkingar. Kva har så skjedd i denne perioden? Eg skreiv i underkap. 6.3.2 at den store skilnaden mellom det eldre og det yngre osmålet er å finna på det fonologiske nivået. Dette ser ut til å stemma også for mitt materiale. Dei trekka som var forsvunne frå det yngre osmålet alt på 70-talet, er ikkje å finna hjå mine informantar heller. Eg har ikkje gjennomført ei systematisk undersøking av desse trekka, men eg har ikkje observert eitt einaste belegg gjennom heile undersøkinga verken på segmentasjon, differensiering, palatalisering eller tungespiss-*r*, og alle informantane har gjennomført tonelagsskilje. Ei fonologisk *nyutvikling* i materialet er samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/, som ser ut til å vera på veg inn hjå informantane mine. Nokre av dei har gjennomført samannfall, andre har samannfall i innlyd men ikkje i framlyd, medan andre igjen ikkje ser ut til å ha fått samannfall. Eg har ikkje undersøkt dette fenomenet systematisk, og vil dermed ikkje koma meir inn på dette i den vidare analysen.

Endringane frå det yngre osmålet i 1974 til talemålet i informantgruppa i 2001 er stort sett å finna på det morfologiske nivået, men er ikkje gjennomførte på same måte hjå alle informantane. Det som kjenneteiknar 'informanttalemålet' er nemleg variasjon, ikkje stabilitet og struktur. Nokre av informantane har eit talemål som ligg nokså nær opp til det Aarseth kallar yngre osmål i 1974, andre ligg nokså langt ifrå. Ein tabell som viser ei systematisk oversikt over språktreksrealisasjonen i dei tre fasane, illustrerer dette poenget nokså tydeleg:

		Eldre osmål	Yngre osmål -74	Informantgruppa -01
<b>Prosodi</b>	Atonemisitet	X	X (ikkje alle språkbrukarar)	÷ (usystematisk observasjon)
<b>Fonologi</b>	Differensiering av <i>rn</i> og <i>vn</i> i trykksterke stavingar til <i>dn</i> og <i>bn</i>	X	÷	÷ (usystematisk observasjon)
	Tungespiss- <i>r</i>	X	÷	÷ (usystematisk observasjon)
	Segmentasjon av <i>gno ll, nm</i> og <i>mm</i>	X	÷	÷ (usystematisk observasjon)
<b>Morfonologi</b>	Palatalisering av velarane <i>k</i> , <i>kk</i> og <i>gg</i>	X	÷	÷ (usystematisk observasjon)
<b>Morfologi</b>	Tre kjønn i substantiv	X	X	Variierer
	Substantiv bøygd i i flt. i samsvar med kjønn og bøyingsklasse	X	Kjønn, men ikkje bøyingsklasse	Variierer, hovudsakleg samsvar med kjønn
	Hokjønn ubestemt form endar på <i>-a</i>	X	X	Variierer, <i>e</i> -mål dominerer

	Sterke og svake hokjønnsord i b.f. eint. endar oftast på <i>-o</i>	X	X	Varierer, <i>-en</i> og <i>-a</i> er andre alternativ
	Verb i infinitiv endar på <i>-a</i>	X	X	Varierer, <i>e</i> -mål dominerer
	Sterke verb endar på svarabhaktivokal i presens	X	X	Anten <i>r</i> -ending som i Bergen eller svarabhaktivokal
	<i>R</i> -bortfall i presens av svake verb, og i ubestemt form av hankj. og hokj.ord i fleirtal	X	X	Varierer, <i>r</i> -bortfall dominerer
<b>Leksikon</b>	Pronomenforma <i>da</i>	X	X	Finst restar i trykklett stilling
	Personleg pronomen <i>me</i> i 1. person fleirtal	X	÷	÷ (usystematisk observasjon)

**Tabell 6.16** Ei samanlikning mellom eldre osmål, yngre osmål, og talemålet i informantgruppa

Her må eg igjen presisera at framstillinga av det homogene talemålet i tidlegare tider er basert på Arne Aarseth si hovudfagsoppgåve, som nettopp er ute etter å etablere idealiserte språkssystem (jf. underkap. 4.3.3.4). Det er svært sannsynleg at det har vore individuell talemålsvariasjon også i tidlegare tider.

Som eg diskuterer i underkap. 2.2, er det vanskeleg å avgjera når ei endring 'har skjedd' i eit språksamfunn. I språksamfunnet Os i dag vil ein finna språkbrukarar som snakkar både det eg ovanfor har kalla eldre osmål, yngre osmål og noko som ligg nærare bergensk, saman med alle slags mellomvariantar. Det betyr at språkbrukarane i Os er omgjevne av alle desse talemålsvarietetane kvar einaste dag.<sup>59</sup> Det ser ut til at mykje av denne variasjonen er knytt til alder. Yngre språkbrukarar snakkar jamt over annleis enn eldre språkbrukarar, og dette er noko språkbrukarane er medvitne om (jf. underkap. 7.4.1.2). Eg vil rekna med at *den store skilnaden mellom talemålet i ulike generasjonar, og den store språklege variasjonen hjå dei unge i informantgruppa*, er ein klar indikasjon på at talemålet på Os er i endring. Eg vil vidare tolka tala slik at variablane med høg nivelleringsprosent er komne lenger i ein endringsprosess enn variablane med låg nivelleringsprosent. Dette er viktig for diskusjonen i underkap. 6.4.1 og 6.4.2.

I underkap. 6.3.1 og 6.3.2 presenterte eg små tekstprøvar for å gje eit inntrykk av heilskapen i talemålet. Det er vanskelegare her, fordi materialet er samla inn med tanke på å studera variasjon og ikkje system, dermed kan eg ikkje presentera ein einskapleg talemålsstruktur som kan representera heilskapen. I underkap. 8.4 presenterer eg talemålsprøvar frå nokre av informantane som representerer ulike språklege endringsmønster.

<sup>59</sup> At språkbrukarar er omgjevne av talemålsvariasjon, er sjølvstøtt ikkje noko som er unikt for språksamfunnet på Os.

Eit nærare inntrykk av korleis talemålet i informantgruppa tek seg ut i praksis kan ein dermed få der.

#### **6.4 Sosiale og språklege rammevilkår – samspelet mellom dei**

I underkap. 6.2 gjorde eg greie for demografisk og kulturell utvikling i Os, i underkap. 6.3 samanlikna eg ei oversikt over språkssystema i Os i 1974 med mine eigne funn frå 2001. Eg vil no sjå observasjonane i desse to delkapitla i samanheng, og prøva å seia noko om karakteristiske trekk ved språksamfunnet på Os, sosialt, kulturelt og språkleg. Eg bruker omgrepsapparatet til Henning Andersen, introdusert i underkap. 3.2.2. Andersen opererer med to omgrepspar – språksamfunn kan vera *opne* eller *lukka*, og dei kan vera *endosentriske* eller *eksosentriske*.

Er språksamfunnet på Os ope eller lukka? I følge Henning Andersen har dette med retninga på kommunikasjonsmønstra å gjera, og eg kan dermed reformulera spørsmålet. Er kommunikasjonsmønstra på Os innovervende eller utovervende? Den demografiske situasjonen på Os er prega av endring og mobilitet (jf. underkap. 6.2.3.3). Folketalet i kommunen har auka jamt og trutt siste hundreåret, frå under tre tusen til over fjorten tusen innbyggjarar. Dette er ein kraftig auke i folketalet, men auken har vore svært jamn, og mykje lågare enn i nabokommunen Fjell på Sotra. Innbyggjarane i kommunen er ikkje særleg stadbundne – i alderskohorten 1960 – 62 såg vi at om lag ein tredjepart av mennene og nesten halvparten av kvinnene var flytta frå kommunen som 35-åringar, men at talet på medlem i alderskohorten likevel steig, fordi talet på innflyttarar var større enn talet på utflyttarar. Mange flyttar altså *ut* av kommunen, men endå fleire flyttar *inn* i kommunen. Eit anna interessant moment i denne samanhengen er arbeidspendling. Det har også i aller høgste grad med kommunikasjonsmønster å gjera. Det viser seg at 45,7 prosent av innbyggjarane i kommunen er arbeidspendlarar *til* andre kommunar, og 15,8 prosent av arbeidsstokken i kommunen er pendlarar *frå* andre kommunar (jf. underkap. 6.2.3.2). Ut frå flytte- og pendlestatistikkane ser det ut som ein kan konkludera med at Os er eit ope språksamfunn, det er mykje kontakt mellom språkbrukarane på Os og språkbrukarane i andre kommunar.

Mykje kontakt betyr altså òg mykje språkkontakt, Henning Andersen hevdar at opne språksamfunn har meir heterogene språklege uttrykksmønster, og dermed også meir heterogene språknormer (jf. underkap. 3.2.2). Stemmer dette med observasjonane i materialet mitt? I underkap. 6.3.3.2 poengterte eg at det som kjenneteiknar osmålet hjå unge språkbrukarar i 2001 er stor variasjon, både på gruppeplan og på individuelt plan. Eg noterte også at talemålet hjå dei unge språkbrukarane ser ut å skilja seg nokså kraftig frå det eldre

osmålet, som altså framleis er i bruk hjå eldre språkbrukarar på Os. Talemålsmønstra er altså heterogene, noko som støttar opp om Andersen sin hypotese. Språknormene kjem eg tilbake til i kap. 7.

Bør vi så kalla språksamfunnet på Os endosentrisk eller eksosentrisk? Dette er vanskelegare å fastslå kategorisk – dette omgrepsparet refererer til dei psykososiale kreftene i lokalsamfunnet. I eksosentriske språksamfunn er den utbreidde mentaliteten ei positiv haldning til det som kjem utanfrå, medan ein i endosentriske språksamfunn oppvurderer og hegnar om det lokale. Her har dermed lokale språklege innovasjonar betre grobotn enn det som kjem utanfrå.<sup>60</sup> Korleis høver så dette på Os? Psykososiale krefter er vanskelege å identifisera, men noko går det an å seia. I underkap. 6.2.3.4 presenterte eg Os som ein kommune med aktivt organisasjonsliv, ei livskraftig lokalavis, mange lokale kulturarrangement og festivalar, og ei nokså sterk identitetskjenle. Eg kommenterte òg at tilhøvet til storebror Bergen i nord er nokså ambivalent, også hjå informantane eg har intervjua. Det kan altså argumenterast for at Os har endosentriske trekk, men akkurat kvar språksamfunnet bør plasserast på skalaen mellom eksosentrisk og endosentrisk er vanskeleg å seia.

Er det så slik at den språklege utviklinga i Os ser ut til å favorisera lokale innovasjonar, eller er endringane stort sett opptak av språktrekk som fører til nivellering med andre dialektar? I underkap. 6.3.2 samanlikna eg eldre osmål, yngre osmål og bergensk på ein del område. Her viste det seg at alle stader det yngre osmålet hadde fjerna seg frå det eldre, var det blitt meir likt bergensk.<sup>61</sup> Det er ein nokså tydeleg indikasjon på at ytre påverknad spelar ei sentral rolle i språkutviklinga. Det er likevel verdt å merka seg at den språklege endringsprosessen ikkje går i noko rasande tempo. Det er snart tretti år sidan 1974, og nokre av informantane mine har eit talemål som ligg nokså nært opp til det Arne Aarseth kalla for yngre osmål den gongen.

Oppsummert kan ein altså karakterisera Os-samfunnet som eit *ope* språksamfunn med liberale språknormer og eit heterogent språkleg uttrykk, men som likevel har endosentriske trekk. Det er likevel naturleg å tenkja seg at språkutviklinga i Os har samband med graden av *dialektkontakt* i språksamfunnet

---


<sup>60</sup> Som eg gjorde greie for i underkap. 3.2.2, understrekar Andersen at desse termene skal beskriva den allmenne mentaliteten i språksamfunnet, på individuelt nivå kan haldningane sjølvstøtt variere. Dei to omgrepa er heller ikkje meint å vera motsetningar, men heller to ytterpunkt på ein skala.

<sup>61</sup> Som eg peika på også der, er desse endringane ikkje nødvendigvis sær-bergenske.

I materialet frå 2001 finst det fleire observasjonar som kan vera interessante å diskutera i lys av dialektkontaktteori. For det første (6.4.1) ønskjer eg å diskutera variasjonsmønstra for dei seks variablane i 2001, sett i lys av diskusjonen om korleis språkinterne og språkeksterne krefter verkar saman i språkendringsprosessen. For det andre (6.4.2) ønskjer eg å sjå nærare på dei ikkje-lokale språkformene som finst i materialet, fordi dei kan fortelja oss noko om *retninga* på den språklege nivelleringsprosessen i lokalsamfunnet, og dermed også noko om forholdet mellom det lokale språksamfunnet og det nasjonale språksamfunnet det er ein del av.

#### 6.4.1 'Naturlege' talemålsendringar? Ein diskusjon av variasjonsmønstra i 2001.

I underkap. 6.3.3.1 viste det seg at dei seks språklege variablane eg undersøker ser ut til å oppføra seg noko ulikt. For fire av dei seks variablane, FLB, INF, HU og PR, dominerer den bergensstøtta nivelleringsvarianten. Den lokale varianten dominerer berre for ein av variablane, PFE-varibalen, men her står til gjengjeld den lokale varianten svært sterkt. For den siste variabelen, HB-variabelen, viser det seg at den lokale lokale varianten og den bergensstøtta nivelleringsvarianten står nokså likt, men her blir også ein god del av belegga realiserte med ein alternativ nivelleringsvariant.



Figur 6.7 Variantfordeling 2001

Kvifor oppfører dei seks variablane seg så ulikt? Kvifor er den bergensstøtta nivellerte varianten av variablane FLB, INF, HU og PR så mykje brukt, medan den lokale varianten dominerer på PFE-variabelen? Kan dette forståast ut frå språkinterne tilhøve, eller må ein trekkja inn språkeksterne dimensjonar? Eller finst innsikta i spenninga mellom dei

språkinterne og dei språkeksterne faktorane? Eg skal prøva å svara på dette ved å sjå nærare på variabelmønstra frå både ein språkintern og ein språkekstern synsvinkel, med utgangspunkt i omgrepet *markertheit* (jf. underkap. 2.3.3). Eg vil først undersøka korleis mønstra kan tolkast ut frå ein fonologisk innfallsvinkel. Til slutt vil eg vurdere variabelmønstra ut frå ei språkekstern tilnærming, basert på *sosial* markertheitsteori.

*Internlingvistisk tolking: Fonologisk markertheit*

Felles for dei tre variablane FLB, INF, HU og til dels variabelen PR er at dei handsamar trykklett vokal i ending.<sup>62</sup> I alle tilfella handlar overgangen frå lokal til nivellert form om *vokalreduksjon* – fullvokalen *-a* blir erstatta med ein schwa.

	Lokal form	Døme	Nivellert form	Døme
FLB	-ena/-ane	<sup>1</sup> bø:kɛnɑ, <sup>2</sup> stu:lɑnɛ/	-ene	<sup>1</sup> bø:kɛnɛ, <sup>2</sup> stu:lɿɛ/
INF	-a	<sup>2</sup> le:vɑ/	-e	<sup>2</sup> le:vɛ/
HU	-a	<sup>2</sup> jɛntɑ/	-e	<sup>2</sup> jɛntɛ/
PR	da	<sup>1</sup> dɑ:/ /dɑ/	det	<sup>1</sup> dɛ:/ /dɑ/

**Tabell 6.17** Vokalreduksjon ved overgang frå lokal form til nivellert form


Variabelen PFE derimot, handsamar overgangen frå den lokale bøyingsendinga som består av ein trykklett vokal, til den nivellerte bøyingsendinga som består av trykklett vokal + *r*. Her har vi altså ein overgang frå eit stavingsrim med berre ein kjerne, til eit stavingsrim med kjerne + koda. I fonologiske termar er dette ein overgang frå ei open til ei lukka staving.<sup>63</sup>

	Lokal form	Døme	Nivellert form	Døme
PFE	-a /-e	<sup>2</sup> kasta, <sup>1</sup> le:vɛ/ <sup>2</sup> arma, <sup>1</sup> bø:kɛ/	-Ar	<sup>2</sup> kastAɾ, <sup>1</sup> le:vAɾ/ <sup>2</sup> armAɾ, <sup>1</sup> bø:kAɾ/

**Tabell 6.18** Frå open til lukka staving ved overgang frå lokal til nivellert form

<sup>62</sup> Variabelen PR opptre delvis i trykklett og delvis i trykk tung posisjon i setninga.

<sup>63</sup> Forkortingar i stavingstre: S = staving, O = opptakt, R = rim, KJ = kjerne, K = koda



Wolfgang U. Dressler, som arbeider innafor retninga *Natural Morphology*, har arbeidd med å kategorisera ulike prosessar innafor fonologi og morfologi som meir eller mindre naturlege, ut frå bestemte lingvistiske prinsipp. Han presenterer *vokalreduksjon* og *bortfall av konsonant i koda* som ein og same fonologiske prosesstype; karakterisert av ”reduction of articulatory effort”, eller ”weakening”:

Weakening of the articulatory gesture in the sense of using less articulatory effort (antagonistic to strengthening 4.4.4.) is common for many process types: Vowels can be weakened by being centralized (bleached), laxed, and finally, deleted, or vowels can be first devoiced (cf. Dressler 1977, Ogawa 1981). Consonants are deleted in consonant clusters, especially in casual / fast speech and in syllable final position (Dressler 1985:48).

Ut frå prinsippa til Dressler er altså vokalreduksjon ein ’naturleg’ prosess, der språkleg markerte trekk vik for språkleg umarkerte, medan innføringa av *-r* i koda i endestavinga i presens og fleirtal substantiv er ein ’unaturleg’ prosess, der eit umarkert språktrekk blir erstatta av eitt som er markert.

Korleis stemmer så Dressler sine hypotesar med empiriske funn? Går vi til funna i materialet mitt, stemmer det bra, her har vi sett at dei bergensstøtta nivelleringsvariantane med vokalreduksjon står sterkt, medan den bergensstøtta nivelleringsvarianten som krev innføring av *-r* i koda står svakt. *R*-bortfall i presens av verb og fleirtal ubestemt form er elles eit trekk som held seg godt òg i dialektkontaktsituasjonar i andre delar av landet, som i Røros/Tynset-området og på Svalbard (Mæhlum 1992:290; Røyneland 2005). Går vi til norsk språkhistorie, ser det også ut til at Dressler sin hypotese får støtte. I norsk språkhistorie er vokalreduksjon i trykklett ending eit kjend fenomen, både i synkopetida og etter norrøn tid (Torpe og Vikør 1993:69). Det same gjeld bortfall av



konsonant i koda – berre frå norrøn tid til i dag finst det tre svært kjende døme på denne prosesstypen:

	Norrønt	Moderne norsk
<b>r-bortfall</b>	hestar	hesta (dial.)
<b>t-bortfall</b>	husit	huse
<b>n-bortfall</b>	sòlin	soli/e/a/o/å/-en

**Tabell 6.19 Bortfall av konsonant i koda i norsk språkhistorie**

At vokal i trykklett endestaving får ein ekstra konsonant i koda, slik tilfellet er for den nivellerte varianten av PFE-variabelen, er derimot svært uvanleg. Det ser altså ut til at også norsk språkhistorie gjev støtte til Dressler sin hypotese om 'naturlege' og 'unaturlege' utviklingar i språkssystemet.

Eg har her argumentert for å trekkja inn *fonologisk naturlegheit* i tolkinga av variabelmønstra. Dette kan fungera for variablane ovanfor, men kva med variabelen HB? Det er nokså klart at vekslinga mellom endingane *-o*, *-en* og *-a* ikkje kan ha noko med vokalreduksjon å gjera. Det er dermed ikkje relevant å trekkja inn fonologisk naturlegheit i tolkinga av resultatata for HB-variabelen. Dersom språkinterne faktorar spelar ein mindre rolle for denne variabelen enn for dei andre variablane, kan det tenkjast at denne variabelen er spesielt godt eigna til å fanga opp den sosiale meininga i variantfordelinga. Dette kjem eg tilbake til nedanfor.

#### *Eksternlingvistisk tolking: Sosial meining*

Det er ikkje lett å finna gode kriterium for sosial markertheit. I det følgjande vil eg ta utgangspunkt i dei to kriteria som eg nemnde i diskusjonen i underkap. 2.3.3.1.2:

- 1) dei trekka som har størst geografisk utbreiing er mest umarkerte
- 2) 'normaliserte' eller 'standardiserte' trekk er meir umarkerte enn lokale trekk<sup>64</sup>

Eg begynner med PFE-variabelen. Er det den lokale eller den bergensstøtta nivellerte varianten som er mest sosialt markert? Ut frå kriteriet *geografisk utbreiing* er det den bergensstøtta nivelleringa som får status som sosialt markert. *R*-bortfallet er utbreidd over

---

<sup>64</sup> Eg konkluderte i underkap. 2.3.3.1.2 med at den klaraste kandidaten til eit norsk standardtalemål er *eit talt bokmål med regional farging*. Det er definisjonen som ligg til grunn for analysen av standardpåverknad i analysen ovanfor.

store delar av Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg, medan Austlandet og ein liten del av Sørvestlandet (indre delar av Sunnhordland og Nord-Rogaland) har endings-*r*. Det kan argumenterast for at utbreiingsmønstra i nærområda er meir relevante enn utbreiingsmønstra på landsbasis. Dersom ein ser slik på det, blir støtta for ikkje-*r* i ending endå klarare.

Ut frå kriteriet *standardisering* blir biletet eit litt anna. I norsk standardtalemål er *r*-ending i presens og fleirtal av substantiv ein del av systemet. Ut frå prinsippet om at geografisk utbreiing avgjer sosial markertheit, blir altså den nivellerte forma meir sosialt markert enn den lokale, ut frå prinsippet om at *standardisering* avgjer sosial markertheit, får vi motsett resultat.

Vidare til variablane INF og HU: Ut frå kriteriet *geografisk utbreiing*, er den lokale varianten mest sosialt markert. Ikkje-redusert vokal i ending er eit språktrekk som er utbreidd på Sør-Vestlandet, men ingen andre stader i landet. Dersom ein bruker kriteriet *standardisering*, blir den lokale varianten endå meir sosialt markert. *A*-mål er ikkje brukande i norsk standardtalemål. Også for variabelen PR er den lokale forma den mest sosialt markerte, ut frå begge dei valde kriteria.

Biletet er litt annleis for variabelen FLB. Ut frå kriteriet *geografisk utbreiing* er det vanskeleg å seia at dei reduserte formene er mest sosialt markerte. Dei ureduserte variantane er nokså utbreidde geografisk, og forenklingssprossane her er like ofte knytt til morfologisk forenkling (reduksjon i talet på bøyingsklassar) som til fonologisk forenkling (vokalreduksjon). Både nokre stader på Sørlandet, i Trøndelag og i Nord-Norge har bøyingsklassane i fleirtal ubestemt form falle saman til ei form, med bøyingsendinga *-an/-ane*. Ut frå kriteriet *standardisering* er situasjonen ein annan – norsk standardtalemål har òi felles bøyingsending med vokalreduksjon for FLB-variabelen, og gjer slik den lokale varianten mest sosialt markert.

Når det gjeld HB-variabelen, er den igjen i ei særstilling. Ut frå kriteriet *geografisk utbreiing*, må *både* den lokale og den bergensstøtta nivellerte forma seiast å vera sosialt markerte. Den lokale forma er ikkje særleg utbreidd geografisk, og er eit sentralt identitetsmerke for osingane. Den bergensstøtta nivellerte forma er heller ikkje utbreidd over eit stort geografisk område – ho finst berre som høgstatusvariant i nokre bymål, elles ikkje. Ho er altså nokolunde *bergensspesifikk*. Også ut frå kriteriet *standardisering* må både den lokale og den bergensstøtta nivellerte varianten seiast å vera sosialt markerte. Den lokale forma finst ikkje i talt bokmål, medan den bergensstøtta nivellerte forma kan nyttast som valfri form innafor norsk standardtalemål, men er stilistisk markert, særleg når det gjeld ord som høyrer til den heimlege sfæren. Den alternative nivelleringsvarianten *-a* er den minst sosialt

markerte, både ut frå geografikriteriet og standardkriteriet. A-ending i hokjønn er svært utbreidd i norske talemål, både på Vestlandet, Austlandet og nordover, og er ein mogleg variant i norsk standardtalemål. Dette er interessant å vera klar over når ein skal tolka beleggfordelinga på denne variabelen – heile 15,7% av belegga på denne variabelen blir realiserte med alternativ nivelleringform. Her kan det sjå ut som om sosial markertheit spelar ei viktig rolle.

*Diskusjon:*

Ovanfor har eg prøvd å tolka variasjonsmønstra i materialet både ut frå ein internlingvistisk og ein eksternlingvistisk innfallsvinkel. Kva for vinkling er den mest fruktbare? Og er det råd å seia nok om kva som er den primære dimensjonen?

Som argument for å sjå det sosiale som den primære dimensjonen kan eg nemna to fenomen. Det første gjeld PFE-variabelen. Det er eit faktum at *r*-ending på PFE-variabelen trass alt er i bruk hjå informantane, sjølv om dette er ein markert variant i språkleg forstand. Bruken av variabelen aukar faktisk gjennom undersøkingsperioden (jf. underkap. 8.2). Her går altså utviklinga *mot* det som er 'naturleg' i lingvistisk forstand. Det andre gjeld variabelen PR. Her følgjer distribusjonen av formene /da/ og /de/ eit interessant mønster. Den reduserte forma er så godt som einerådande, og er heilt einerådande i trykktung posisjon. Det finst ikkje eit einaste belegg på bruk av forma /da/ i trykktung posisjon. Dei få belegga som finst på den lokale ureduserte forma finst berre i trykklett posisjon. Dette er heilt i strid med alle naturlegheitsprinsipp. Dersom ein tenkjer seg at ei sosialt markert form er lettare å halda på i ein meir 'diskret' setningsposisjon, gjev dette mønsteret meining.

Som argument for å sjå det lingvistiske som ein viktig dimensjon går eg igjen tilbake til PFE-variabelen sine distribusjonsmønster. Som kommentert i analysen ovanfor, var det berre delvis støtte for å kalla PFE-variabelen for sosialt markert. Dersom ein insisterer på at den sosiale dimensjonen er primær, får ein problem med å forklara kvifor PFE-variabelen systematisk er mindre i bruk enn dei andre variablane – det ser ikkje ut til å vera særleg stor skilnad på sosial markertheit hjå t.d. FLB-variabelen og PFE-variabelen.

Eg trur at det er mest fruktbart å sjå dei to dimensjonane i samanheng. Dersom ei språkform er markert *både* i allmennlingvistisk og sosiolingvistisk forstand, er det truleg at ho står laglegare til for hogg enn dersom ho er umarkert i begge desse tydingane. Dersom ho er markert i den eine tydinga, men umarkert i den andre, har ein ein gyllen sjanse til å vurdere kva som verkar sterkast – den sosiale eller den lingvistiske markeringa.

#### 6.4.2 Retninga i nivelleringsprosessen

I 6.3 skisserte eg hovudpunkt i språkendringsprosessen på Os, basert på eldre talemålsprøvar, ei hovudfagsoppgåve frå 1974, og på materiale frå intervju i informantgruppa i 2003. Er det mogeleg å seia noko om den geografiske og sosiale retninga i nivelleringsprosessen på Os (jf. underkap. 2.4 og underkap. 3.2.1) ut frå denne presentasjonen?


Først til endringane mellom eldre og yngre osmål. I 6.3.2 presenterte eg ei oversikt over desse endringane, og kommenterte at det eldre osmålet hovudsakleg skil seg frå det yngre på det fonologiske nivået, medan morfologien har halde seg meir stabil. Det kom også fram at der det yngre osmålet skil seg frå det eldre, har det yngre osmålet fått same utvikling som bergensk. Samstundes presiserte eg at dei same endringane har skjedd i bygdemåla på heile Sør-Vestlandet i denne perioden (Skjekkeland 1997:100, 199), også på stader som ikkje har Bergen som næraste bysentrum. Dei er altså ein del av ein regional nivelleringsprosess. Nyutviklingane, til dømes bortfall av differensiering, segmentasjon og palatalisering av velarar, har altså redusert skilnadene mellom osmålet og bergensk, men på same tid har dei redusert skilnadene mellom osmålet og 'norsk standardtalemål' (jf. underkap. 2.3.3.1.2 for diskusjon om norsk standard). Norsk standardtalemål og bergensk talemål er like på desse områda.

Så til materialet frå intervju i informantgruppa i 2001. Dei seks språklege variablane eg har undersøkt, har alle to variantar; ein lokal variant, og ein såkalla *bergensstøtta* variant. I nokre tilfelle finst det òg ein tredje *alternativ* variant, som ikkje har støtte verken i det lokale talemålet eller i bergensk talemål. Fordelinga av lokale, bergensstøtta og alternative variantar i informantgruppa kan gje grunnlag for å seia noko om kva for type språkformer er i ferd med å forsvinna i det lokale språksamfunnet, og kva for former som erstattar dei som forsvinn.<sup>65</sup>

I underkap. 6.3.3.1 blei det klart at bruken av ikkje-lokale former varierte mykje frå variabel til variabel:

---

<sup>65</sup> Eg kan altså strengt tatt ikkje seia meir enn kva for nivelleringsinstansar som ser ut til å verka i informantgruppa, ikkje korleis dette er for resten av språksamfunnet Os. Eg vil likevel argumentera for at sjølv om det språklege uttrykket truleg vil variera frå krins til krins og aldersgruppe til aldersgruppe i Os, så vil *nivelleringsinstansane* truleg vera dei same, berre verksame i større og mindre grad.



Figur 6.8 Variantfordeling 2001

Dette diagrammet viser at den bergensstøtta nivellerte forma står svært sterkt for fire av dei seks variablane; PR-variabelen, HU-variabelen, INF-variabelen og FLB-variabelen. Desse fire variablane har bergensstøtta nivellerte variantar som ikkje er *bergensspesifikke*, dei er utbreidde over eit stort geografisk område, og kan også karakteriserast som standardformer, slik eg har definert norsk standardtalemål (jf. underkap. 2.3.3.1.2). For PFE-variabelen står den lokale forma svært sterkt og den bergensstøtta nivellerte forma nokså svakt. I underkap. 6.4.1 foreslo eg at dette måtte ha å gjera med *lingvistisk* markertheit, eg kjem tilbake til dette nedanfor. HB-variabelen viser eit mønster der den lokale og den bergensstøtta nivellerte forma står om lag like sterkt, medan ei alternativt nivellert form òg har gjort innpass i nokså stor grad. Her er den bergensstøtta nivellerte forma *bergensspesifikk*, det er ingen andre norske talemål som har *en*-ending i bestemt form, med unntak av høgstatusvarietetar i nokre bymål. Skilnaden mellom HB-variabelen på ei side og PR-variabelen, HU-variabelen, INF-variabelen og FLB-variabelen på ei anna side, kan altså tyda på at bergensstøtta nivellerte former, som også er ein del av eit standardtalemål eller som har stor utbreiing utanfor Bergen, får lettare innpass i osmålet enn bergensstøtta nivellerte former som er særigne for det bergenske talemålet, sjølv om det sjølv sagt er litt dristig å trekkja slike konklusjonar på eit så lite grunnlag. Eg skal koma tilbake til denne hypotesen i underkap. 8.4.5.

Tre av variablane i diagrammet ovanfor, HB, FLB og INF, har belegg som blir realiserte som alternativt nivellerte former. For variablane FLB og INF er det ikkje mange belegg det er snakk om, medan heile 16,9 prosent av belegga blir realiserte med alternativ

bøyingsending på variabelen HB. Det er uansett interessant å sjå nærare på kva som er dei alternative formene for desse tre variablane, for å kunna seia noko om kvar desse formene kjem frå.

For variabelen INF dreier det seg om nokre få belegg som blir realiserte med apokope (jf. underkap. 6.3.3.1). Tek vi med dei tre verba som blir handsama i underkap. 6.3.3.1 ovanfor, *vera*, *gjera* og *spørja*, er det ganske mange fleire. I alle fall for verbet *vera* er slike apokoperte variantar vanleg i store delar av landet – også utanfor det vanlege apokopeområdet (Venås 1967:209f). Som eg diskuterte i ekskursen, ser bruken av apokope ut til å vera knytt til dei som har ein mellomhøg til låg nivelleringsprosent. Dei som har høg nivelleringsprosent, bruker lite apokope. Dette ser altså ut til å vera assosiert med det lokale talemålet hjå informantane.

Når det gjeld variabelen FLB, er den alternative bøyingsendinga *-a*. Til saman fem belegg er blitt realiserte på denne måten i 2001. Det er fire belegg på ordet *folka*, og eit belegg på ordet *mønster*, noko som kanskje er litt meir overraskande. I materialet frå 2003 er det 6 belegg av denne typen – her finst det tre belegg på *folka*, eitt belegg på *gutta*, og to belegg på *venna* (det siste to gonger frå same informant).

For å kunna tolka desse funna, må ein først skilja mellom hankjønnsord og inkjekjønnsord. Historisk sett har dei hatt ulik utvikling. I eldre osmål har inkjekjønnsord i fleirtal bestemt form endinga *-o*, på same måte som hokjønnsord i eintal bestemt form (jf. underkap. 5.1.2.2). Dette systemet, felles ending for hokjønnsord i eintal og inkjekjønnsord i fleirtal, er det vanlege i dei fleste norske målføra (Skjekkeland 1997:147). Ved analogi har så inkjekjønnsorda i fleirtal fått felles ending med hokjønnsord i fleirtal – endinga *-ena*. Dette er systemet i yngre osmål i 1974. Hankjønnsorda på si side har hatt endinga *-ane*, både i eldre osmål og yngre osmål i 1974.

*A*-ending for inkjekjønnsord i fleirtal ubestemt form er altså vanleg i alle norske målføre som har *a*-ending i hokjønnsord bestemt form, *a*-ending for hankjønnsord i fleirtal ubestemt form derimot, er eit austlandsk trekk, typisk for midaustlandsk, opplandsk og vidare t.o.m. Ytre Rendal (Skjekkeland 1997:147:146).

I materialet frå 2001 er altså alle belegga med *a*-ending av inkjekjønnsordstypen, og kan dermed oppfattast som ein slags regionalvestlandsk variant (eller for den del sørlandsk, austlandsk, trøndersk eller nordnorsk). Når det gjeld dei tre belegga av hankjønnsordstypen i 2003, må dei sporast til austlandske talemål. Ein skal vera forsiktig med å tolka så små funn for langt – det er ikkje mange belegg det er snakk om. Kor som er, det er snakk om ikkje-

lokale former utan støtte i bergensk talemål, og dei er så mange at det blir litt for lett vint å sjå heilt bort frå dei.

Når det gjeld variabelen HB, er altså den alternative bøyingsendinga *-a*. Dei som bruker denne alternative forma, går ikkje over til den bergensstøtta nivellerte forma *-en* som også inneber overgang til eit tokjønnsystem. Dei held altså på trekjønnsystemet, men bruker *a*-ending for å markera hokjønn i staden for den lokale *o*-endinga. Heile 16,9% av belegga blir realiserte med *a*-ending. No skal det seiast at det er nokre få av informantane som står for dei fleste av desse belegga (inf. 2, 4, 5 og 15), dette er ikkje eit trekk alle informantane har teke opp. Det gjeld likevel såpass mange informantar og belegg at det må seiast å vera ein tydeleg tendens på ei mogleg utvikling som ikkje går i retning av bergensk. Denne utviklinga er ikkje heilt ny – allereie Aarseth nemner dette fenomenet i hovudoppgåva si (Aarseth 1974:118).

*A*-ending i hokjønn bestemt form er nokså utbreidd i norske talemål. På Vestlandet er det vanleg å skilja mellom sterke og svake hokjønnsord, medan på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg er det vanlegaste å ha *a*-ending i alle hokjønnsord. Det er dermed nokså vanskeleg å seia noko meiningsfullt om kva for nivelleringsinstans desse belegga gjenspeglar. I og med at *a*-ending også er det vanlege i norsk standardtalemål (jf. underkap. 2.3.3.1.2), kan *a*-endinga i hokjønn tolkast både som ei regionalvestlandsk nivellering og som ein del av ein standardiseringsprosess. *Retninga* i nivelleringsprosessen er altså kanskje ikkje tydeleg, men det er nokså klart at *a*-ending i hokjønn er eit alternativ for dei som vil unngå både den sosialt markerte lokale forma og den like sosialt markerte bergensstøtta nivellerte forma (jf. underkap. 6.4.1).

I underkap. 6.3.3.1 presenterte eg ei anna nyutvikling i osmålet – knytt til *a*-verb. I presens viser det seg å vera ein klar tendens til at *a*-verb kan bli realiserte med *e*-ending i presens, slik at dei fell saman med *e*-verba. Overgangen til *e*-ending er mykje vanlegare enn overgang til den bergensstøtta nivellerte forma *-Ar*. Overgang til *e*-ending som felles bøyingsending for *a*-verb og *e*-verb er ikkje ei utvikling som er spesiell for Os. Fenomenet er kjend frå gammalt av i Sør-Troms og Finnmark (Skjekkeland 1997:183), men i nyare tid er det observert ulike stader på Vestlandet. Det blei observert i Stavanger bymål tidleg på 1900-talet (Berntsen, Larsen og Bymålslaget 1925:299), og blir seinare beskrive som eit ekspansivt trekk i rogalandsmål, observert i yngre sentrumsmål i Sauda, på Jørpeland og dels i Dalane (Sandvik 1979:116). Fenomenet er elles observert i Odda og Tyssedal (Sandve 1976:151f), og er også beskrive som ein del av ungdomsspråket på Voss (Akselberg 2003b:217). Det ser altså ut til å vera ei utvikling som som er i ferd med å skje ulike stader på Vestlandet, utan at ho



kan relaterast til påverknad frå bergensk eller frå eit standardtalemål.. Det er her råd å argumentera for at dette kan tolkast som ei regionalvestlandsk nivellering som ikkje har sitt opphav i bergensk, og som heller ikkje kan tolkast som ei standardisering.

Eg har no gått gjennom fire utviklingar i talemålet i Os som ser ut til å vera nyutviklingar utan støtte i bergensk talemål. Dei tilgjengelege variantane for dei fire språktrekka eg har handsama ovanfor er altså følgjande:

	Lokal form	Bergensstøtta niv.	Alternativ niv.
Infinitiv ( <i>vera, gjera, spørja</i> )	-a	-e	-0
Fleirtal bestemt form (FLB)	-ane/-ena	-ene	-a
Hokjønn bestemt form (HB)	-o	-en	-a
Presens a-verb	-a	-Ar	-e

**Tabell 6.20** Nyutviklingar i talemålet i Os

Kva bestemmer utbreiinga av alternative nivellerte former? For dei to første språktrekka i tabellen ovanfor er den alternative forma ikkje særleg utbreidd i materialet – belegga realisert med denne forma er ikkje mange. For dei to siste språktrekka er situasjonen annleis. Det som er spesielt for desse to språktrekka, er at *både* den lokale og den bergensstøtta nivellerte forma er sosialt og lingvistisk markerte (jf. underkap. 6.4.1). Dei lokale formene *-o* (HB-variabelen) og *-a* (presens *a*-verb) er ikkje-reduerte, og dermed lingvistisk markerte, og også dei har liten geografisk utbreiing på landsbasis. Dei nivellerte formene *-Ar* og *-en* har konsonant i koda og er dermed lingvistisk markerte, og endinga *-en* i hokjønn bestemt form er i tillegg sosialt markert, noko som også delvis gjeld for endinga *-Ar* (ikkje ut frå standardkriteriet, men ut frå kriteriet om stor geografisk utbreiing). Det er råd å tenkja seg at dette opnar for alternative *umarkerte* nivelleringar, og at dette er grunnen til at dei alternative nivelleringane står så sterkt for akkurat desse to språktrekka. For HB-variabelen sin del er den alternativt nivellerte forma identisk med forma i norsk standardtalemål, for *a*-verbet sin del er den alternativt nivellerte forma ei nyutvikling ikkje har støtte i standardtalemål, men som ser ut til å skje fleire stader på Vestlandet, og slik kan tolkast som ei regionalvestlandsk regionalisering utan støtte i bergensk.

Kva fortel så denne gjennomgangen om potensielle nivelleringsinstansar for talemålet i Os? Det ser ut som om *talemålet i Bergen* er viktig, men dei bergensspesifikke formene ser ikkje ut til å slå gjennom på same måte som former som finst i Bergen, men som òg har eit

større geografisk utbreiingsområde, og som finst i norsk standardtalemål. Dette gjeld både for endringane frå eldre til yngre osmål slik det såg ut i 1974, og frå dette yngre osmålet og til det talemålet som kan observerast i informantintervjua i 2001. Den andre nivelleringsinstansen er altså *norsk standardtalemål*, delvis introdusert gjennom bergensk. Overgangen frå *a*-ending til *e*-ending i presens av *a*-verb ser ut til å vera eit mønster som er i ferd med å spreia seg på Vestlandet, og kan vera eit vitnemål om at det finst ein tredje, *vestlandsk*, nivelleringsinstans som ikkje har støtte i bergensk og som ikkje har støtte i norsk standardtalemål. Den utbreidde apokoperinga av utvalde leksem i infinitiv kan vera eit teikn på det same. Dette er altså døme på reine regionaliseringsprosessar som fører til *auka distanse* mellom regiontalemålet og standardtalemålet. Ein kan òg nemna *austnorsk talemål* som ein potensiell nivelleringsinstans, men denne ser ikkje ut til å vera veldig sterk. Dei einaste språkformene som det er naturleg å plassera i denne retninga, er dei få belegga med *a*-ending på FLB-variabelen.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

### 7.1 Innleiing

I 1997 blei dei fire informantane 11, 17, 27 og 10 plukka ut til å vera med på eit kvalitativt oppfølgingsintervju med tilhøyrande persepsjonstest (Hernes 1998:116). Dei blei her bedne om å lytta til eit lydband der fire personar hadde snakka inn ein sekvens kvar. Informantane fekk høyra prøvane utan introduksjon, og blei så bedne om å plassera dei fire talarane på bandet geografisk. Den første snakka *eldre osmål* (jf. underkap. 6.3.1), den andre ein *bergensk lågstatusvarietet*, den tredje ein *bergensk høgstatusvarietet*, og den fjerde *yngre osmål* (jf. underkap. 6.3.2). På førehand hadde eg ei aning om at fleire av dei ikkje ville gjenkjenna det eldre osmålet som osdialekt. Det viste seg å stemma:

Inf. 17: Kor di kommar fra, lissom? Sogn og Fjordane, ellar en sånn rar plass? Nei, eg ha'sje peiling.

Inf. 11: Askøy elle Bømlo elle etellerant lurt.

Inf. 10: Øygarden eller Sotra, Norhordland. Sjenne ingen så snakka sånn.

Informant 27 var faktisk den einaste som klarte å plassera dette som osmål, og forklarte det med at bestefaren hans snakkar slik. Litt meir overraskande var svara då dei blei presenterte for det yngre osmålet:

Inf. 17: Ha'sje peiling. Har hørt di greiene før, men eg – vet'sje kor di e fra – sikkert sånn – langt inni daln – Sogn ellar – vet'sje, ha'sje peiling.

Inf. 10: Det va lett. Fusa og innøve fjorn der.

Både informant 11 og informant 27 kategoriserte dette som osdialekt. Men ingen av dei kjende seg likevel heilt igjen i dette målet:

Inf. 11: Eg snakka jo'sje sånn så ho der sista, fordi at ho snakka jo – asså sånn så farmoro mi gjør, nei isje sånn heller, eldre enn det òg. Asså ho har jo bevart veldig osdialektn, sant, men eg har jo litt mær sånn by – litt vertfall, eg ha'sje så mysje.

Då inf. 11 fekk vita at den første personen ho hadde lytta til også var frå Os, blei ho først nokså forundra, men tok seg raskt inn igjen:

Nei d'e jo egentli Os, bare at d'e endå eldre enn ho der. Sånn gammal – norsk – opplegg. Asså – eldre enn – sånn så *tippoldemoro* mi snakke sikkert.

Ingen av dei fire hadde problem med å identifisera dei to varietetane av bergensdialekten, og alle kategoriserte høgstatusvarieteten som ”penare” enn lågstatusvarieteten.

Det viste seg altså at dei fire informantane si oppfatning av ’osdialekten’ skilde seg nokså kraftig frå den oppfatninga eg sjølv hadde. Dette gjorde meg interessert i å grava meir i den språklege førestellingsverda til informantane. Det blei klart for meg at for å kunna forstå den sosiale meininga i det språklege uttrykket hjå informantane, måtte eg ha meir kunnskap om kva for språktrekk dei sjølve oppfatta som lokale og ikkje-lokale, og kva som var akseptert og ikkje akseptert språkbruk i deira miljø. Ein kan vanskeleg få innsikt i språknormene i ei gruppe dersom ein ikkje veit kva for sosial meining som er knytt til dei språklege variantane som er i bruk i denne gruppa.

I underkap. 3.3.3.2 foreslo eg at språknormer blir overført, endra og vidareført i eit språksamfunn gjennom ein vekselverkad mellom *internalisering*, *eksternalisering* og *objektivering*. Den sosiale meininga i det språklege uttrykket blir overført gjennom sosialiseringssprosessane (*internalisering*), og individet *eksternaliserer* si tolking av den sosiale meininga gjennom språkbruk, og etter kvart blir koplinga mellom eit språkleg uttrykk og visse sosiale verdiar oppfatta som noko som eksisterer uavhengig av språkbrukarane (*objektivering*).

I dette kapittelet er siktemålet å finna eventuelle objektiverte språknormer i informantgruppa. Dette vil eg gjera gjennom å kartleggja kva for språktrekk informantane legg merke til i ulike målprøvar frå Os, kva for sosiale eigenskapar dei knyter til bruken av desse språktrekka, og kvar dei plasserer seg sjølve i dette språklege og sosiale landskapet.

## **7.2 Presentasjon av lyttetest**

For å få meir innsikt i informantane sine eigne språklege kategoriseringar og førestellingar, laga eg ein ny lyttetest. Den blei avvikla i samband med informantintervjuet i 2001, etter at det kvalitative intervjuet var gjennomført. Bandet informantane fekk høyra, inneheldt fem talemålsprøvar. Dei fem talarane var alle frå Os, men talemålet deira varierte på ein skala mellom eldre osmål og bergensk (jf. underkap. 6.3.2) (sjå presentasjon av målprøvane nedanfor).

For at dei alle skulle få nok grunnlag for å fylla ut skjemaet, måtte alle høyra gjennom dei fem målprøvane minst to gonger – først ein gong samanhengande, deretter ein gong til. Ved den andre gjennomhøyringa skulle dei gjera notatar på eit utdelt skjema (vedlegg 3) . Dei kunne stoppa bandet undervegs, og dersom dei ville høyra gjennom bandet endå fleire gonger,

hadde dei høve til det. Informantane fekk så bruka dei skriftlege notata som støtteark i ein munnleg gjennomgang av skjemaet, ein samtale som blei teke opp på band på same måte som resten av interjvuet. Gjennom å leggja det opp på denne måten fekk eg høve til å stilla oppfølgingsspørsmål og følgja interessante trådar i ulike retningar.

I skjemaet blei dei først spurde om kva dei ”ville kalla denne dialekten”, utan oppgjevne svaralternativ. Her måtte dei altså heilt på eiga hand koma fram til ein passande merkelapp for kvar av dei fem målprøvane. Vidare blei dei bedne om å *notera ”spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande”* som dei baserte ’dialektnamngjevinga’ på. Til slutt skulle dei *plassera talaren geografisk og aldersmessig*, og seia noko om kva for *yrke og fritidsinteresser* talaren kunne tenkjast å ha. Heilt til slutt bad eg dei om å oppgje kven av talarane som snakka mest likt måten dei sjølv snakka på. Gjennom å utforma testen på denne måten, strukturert, men likevel fritt, håpa eg å vinna innsikt i informantane sine eigne sosiale og språklege kategoriseringar av talemålsvariasjonen.

### 7.2.1 Presentasjon av talemålsprøvane

Alle dei fem talarane i testen er frå Os, men dei snakkar ikkje likt.<sup>66</sup> Dei fem talemålsprøvane kan plasserast på ein skala mellom eldre osmål og bergensk. Nedanfor har eg sett opp igjen tabellen i underkap. 6.3.2, og plassert dei fem talemålsprøvane inn i denne. Prøve 4 på eldre osmål oppfyller alle krava til eldre osmål ut frå kriteriana i tabellen, prøve 2 (som her er klassifisert som bergensk) oppfyller ingen av dei, medan dei tre i midten oppfyller nokre av krava, men ikkje alle. Nedanfor kommenterer eg kvar enkelt talemålsprøve litt meir utfyllande (transkripsjon av alle målprøvane finst i vedlegg 4).

		Eldre osmål (prøve 4)	Yngre osmål -74 (prøve 1)	Yngre osmål -01 (prøve 3)	Blanding Os/Bergen (prøve 5)	Bergensk (prøve 2)
<b>Prosodi</b>	Atonemisitet	X	÷	÷	÷	÷
<b>Fonologi</b>	Differensiering av <i>m</i> og <i>vn</i> i trykksterke stavingar til <i>dn</i> og <i>bn</i>	X	÷	÷	÷	÷
	Tungespiss- <i>r</i>	X	÷	÷	÷	÷
	Segmentasjon av <i>gno ll</i> , <i>nn</i> og <i>mm</i>	X	÷	÷	÷	÷
<b>Morfofonologi</b>	Palatalisering av velarane <i>k</i> , <i>kk</i> og <i>gg</i>	X	÷	÷	÷	÷

<sup>66</sup> Prøvane var ikkje konstruerte for føremålet, talarane prata om sjølvvalde tema. Kvar av talemålsprøvane varte om lag eit minutt. Prøvane var ’stokka’ i følgjande rekkjefølgje: 1) Yngre osmål -74, 2) bergensk 3) yngre osmål -03, 4) eldre osmål, 5) blanding Os/Bergen.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

<b>Morfologi</b>	Tre kjønn i substantiv	X	X	X	Vekslar	÷
	Substantiv bøygd i i flt. i samsvar med kjønn og bøyingsklasse	X	Kjønn, delvis bøyingsklasse	Kjønn	÷	÷
	Hokjønn ubestemt form endar på <i>-a</i>	X	X	X	÷	÷
	Sterke og svake hokjønnsord i b.f. eint. endar oftast på <i>-o</i>	X	X	X	Vekslar	÷
	Verb i infinitiv endar på <i>-a</i>	X	X	X	÷	÷
	Sterke verb endar på svarabhaktivokal i presens	X	X	X	Vekslar med <i>r</i> -ending	÷
	<i>R</i> -bortfall i presens av svake verb, og i ubestemt form av hankj. og hokj.ord i fleirtal	X	X	X	Vekslar med <i>r</i> -ending	÷
<b>Leksikon</b>	Pronomenforma <i>da</i>	X	X	Vekslar	÷	÷
	Personleg pronomen <i>me</i> i 1. person fleirtal	X	Ikkje belegg	÷	÷	÷

Tabell 7.1 Ei samanlikning av talemålsformer i dei fem målprøvane

### *Prøve på eldre osmål*

Har prosodiske, fonologiske, morfologiske og leksikalske trekk frå det eldre osmålet (sjå tabell).

### *Prøve på yngre osmål -74*

Har mista atonemisitet og dei fonologiske særtrekka i det eldre osmålet (sjå tabell). Det morfologiske systemet er nokolunde det same. Lokale leksem brukt i prøven:

/<sup>1</sup>fløyte, <sup>1</sup>mjø:l, <sup>2</sup>moŋen, <sup>2</sup>ofta/ (nn: *fløyte, mjøl, mange, ofte*).

### *Prøve på yngre osmål -01*

Nokså likt førre prøve. Har ikkje atonemisitet og fonologiske særtrekk frå det eldre osmålet (sjå tabell), bortsett frå affrikat i framlyd, men har halde på det morfologiske systemet. Bruker ikkje pronomenet /da/ systematisk, berre i trykklett posisjon.

### *Prøve på blanding Os/Bergen*

Har ingen av dei prosodiske eller fonologiske osmålstrekka frå tabellen. Har delvis nokre av dei morfologiske. Konsekvent *e*-mål, og *-ene*-ending i fleirtal, og konsekvent bruk av pronomenforma *de*. Ymse trekk frå osmålet: /<sup>2</sup>fʊnɛ, <sup>2</sup>oftast, <sup>2</sup>stʁo:lɔnɛ, <sup>1</sup>mæ:ɛ, <sup>1</sup>sei/ (nn: *funne, oftast, strålande, meir, seia*). Ymse trekk frå bergensmålet:

/dʁɑ:ɛ av <sup>1</sup>ste, <sup>1</sup>ɛlAɛs, <sup>1</sup>kvæ:ɪ/ (nn: *dreg av stad, elles, kvelden*).

### *Prøve på bergensk*

Har ingen av osmålstrekka frå tabellen, verken når det gjeld prosodi og fonologi eller morfologi og leksikon. Markerte ikkje-osiske trekk: konsekvent tokjønnsystem, *et*-ending i preteritum, fleirtal av adjektiv utan bøyning /foʊ o hoɛ os <sup>2</sup>vo:kɛn/ (nn: *for å halda oss vakne*) og vokalforlenging /<sup>1</sup>kvæ:ɫ, <sup>2</sup>spæ:ɲɛ/ (nn: *kvelden, spennande*).

### 7.3 Medvit om språklege trekk?

Eg vil først sjå nærare på *det språklege medvitet* hjå informantane. Kva for språktrekk er det dei legg merke til og baserer seg på når dei vurderer talemålsvariasjon? Kor medvitne er dei egentleg om dei ulike språktrekka som utgjer talemålet deira, og kva for omgrepsapparat har dei tilgjengeleg når dei blir bedne om å snakka om språk og talemål?

Det språklege medvitsnivået varierer sterkt frå informant til informant. Informant 26 si beskriving av den første målprøven kan vera eit døme på ei nokså vag systembeskriving:

*Skal vi begynna med prøve nummer ein?*

Hon hørtes ut så hon kom fra Hegglandsdalen, altså. Rett og slett [...]. Det e kje mange plassar di snakkar sånn.

*Kva var det som gjorde at du syntest det høyrtest sånn ut?*

Nei, eg vetsje. Alså, de e sje godt å vite, men det bare hørtes sånn ut.

*Det var ikkje spesielle lydar eller spesielle ord, eller...?*

Nei. Det var måten hon snakke på. Må være Hegglandsdalen eller Strøno, altså, må være en av di to.

Informant 11 sin gjennomgang av den tredje målprøven kan vera eit døme på ei beskriving av den meir spesifikke typen:

Det var *hyblane*, med skikkeli tydelie *a*'a. Og *ei anbefaling*, skreiv eg, og så rett etterpå sa ho *ein anbefaling*. Så det var litt sånn blanda der [...]. I *infinitiv* sa ho *a*, då, sånn *vera* og sånn. Og så sa ho *tjempego*, ho sa isje *sjempego*, liksom. *Tjempe* med *kå je*, liksom. Det var litt imponerande. Og så sa ho *listo* med *o*-ending i bestemt form.

Dei fleste av informantane ligg ein stad midt i mellom desse to presisjonsnivåa. Dei legg merke til ulike ting, og dei refererer til dei på ulike måtar.

Svært få av informantane bruker grammatiske termar når dei skal gjera greie for dei språklege trekka som dei legg merke til i språkprøvane. Dei fleste brukar eksempelord. Desse orda kan vera eksempel både på leksem, prosodiske trekk, fonologiske trekk og morfologiske trekk. Syntaksen er det ingen som kommenterer.

Eg skal konsentrera meg om to hovudspørsmål i dette delkapittelet. For det første: Kva for språktrekk er det informantane legg merke til? For det andre: Kva for språkformer assosierer informantane med osmål, og kva for språkformer assosierer dei med bergensk?



Dette er eit viktig spørsmål når eg seinare skal diskutera den sosiale meininga som ligg i bruken av ulike språkformer.

### 7.3.1 Kva for språktrekk blir lagt merke til?

Eg skal no sjå nærare på kva for type språktrekk informantane legg merke til og kommenterer. For å få til ein systematisk oversikt over dette, har eg systematisert informantane sine språklege vurderingar av dei presenterte målprøvane i fire kategoriar: kommentarar til *fonologi*, *morfologi*, *prosodi* og *leksikon*. Ingen av informantane har kommentert syntaks eller pragmatiske trekk, så dei kategoriane er dermed ikkje tekne med i oversikta.

Sjølv kategori-inndelinga er ikkje heilt uproblematisk. Som nemnt ovanfor blir dei fleste språktrekka referert til ved hjelp av eksempelord, og dermed blir det vanskeleg å forstå skilnaden på eit lydleg trekk illustrert ved eit ordeksempel, og døme på eit leksem som blir oppfatta som karakteristisk for den aktuelle målprøven. Særleg gjeld dette prøven på eldre osmål (prøve 4), der svært mange nemner eksempelord som inneheld segmentasjon, palatalisering av velarar, og hiatus-hindrane lyd. Dette er fonologiske trekk hjå talaren i målprøven, men trekk som til dels er leksikaliserte også i yngre osmål, særleg når dei førekjem i namn. Stadnamna *Bjørnen* og *Mobergsvikjo* blir ofte uttala /<sup>1</sup>bjø:dn̩/ og /<sup>1</sup>mu:bɛʁsviç̥u/ også hjå dei som ikkje har segmentasjon og palatalisering som ein del av språksystemet. Det er også mange som bruker hiatus-hindrane lyd (*d*-innskot for å hindra vokalsamanstøyt) når dei bruker leksemet *sjø* i bestemt form, som t.d. i uttrykket /o vɛʁə pɔ <sup>1</sup>ʃø:dn̩/ (nn: *vera på sjøen*), sjølv om dei elles ikkje har dette trekket. Dette er likevel levande fonologiske trekk i den aktuelle målprøven, og eg har plassert døme av denne typen i kategorien for fonologi.

I tabellen under har eg brukt informantnummer for å indikera kven av informantane som har kommentert dei ulike språklege nivåa. Dei fleste har kommentert meir enn eitt nivå.<sup>67</sup>

Informant	1	2	5	8	9	10	11	13	14	15	20	23	24	27	N=
<b>Fonologi</b>	x	x	x	x	x	x	x	x		x		x	x		11
<b>Morfologi</b>	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	x	x	13
<b>Prosodi</b>	x					x						x			3

<sup>67</sup> Informant 4, 17 og 26 er ikkje med i denne tabellen fordi presisjonsnivået deira i beskrivingane aldri blir så konkret at dei kjem inn på spesielle trekk, verken ved bruk av eksempel eller andre termar.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Leksikon		x	x	x	x		x	x	x		x	x	x	x	11
----------	--	---	---	---	---	--	---	---	---	--	---	---	---	---	----

Tabell 7.2 Type språktrekk som blir lagt merke til av informantane

11 informantar kommenterer *fonologiske trekk*, 13 kommenterer *morfologiske trekk*, medan berre 3 nemner *prosodi*. 11 kommenterer *leksikon*. Det mest interessante er kanskje likevel *kva for type fonologiske, morfologiske, prosodiske og leksikalske trekk informantane legg merke til og kommenterer*.

Det fonologiske trekket som oftast blir nemnt, er bruk av *affrikat versus alveolar frikativ*, altså samanfall av /çç/ og /ʃ/ eller ikkje samanfall. Ein del legg også merke til *tungespiss-r* hjå den mest tradisjonelt talande informanten (eldre osmål, prøve 4), og *vokalforlenging* og *syllabisering* hjå den mest bergensktalande informanten (bergensk, prøve 2).

På det morfologiske nivået er det *bøyingsendingane* informantane legg merke til. Nokre refererer til dei ved hjelp av eksempel ”ho sa *jentn* og *guttne*”, andre snakkar om *a-endingar*, *o-endingar*, *e-endingar* og *ene-endingar*. Ein del nemner også det manglande *r-bortfallet* i bergensk ved å gje døme – ”midlar”, ”tannbørstar”, men dette trekket blir aldri referert til ved bruk av grammatiske termar, berre ved hjelp av døme.

Prosodiske trekk er det få som nemner. Av dei tre som i det heile er inne på trekk som kan tolkast inn i denne kategorien, er også presisjonsnivået ulikt. Informant 1 nemner at talar 4 (eldre osmål) ”drar litt på det”. Informant 23 kommenterer at talar 1 (yngre osmål -74) brukar same ord som han sjølv, men med ”litt mæ r gammalt tonefall”, og at dialekten hennar kan kjennast igjen ut frå kvar ho legg trykk på orda. Ein annan stad i intervjuet hermar forresten same informant etter storebroren til ein kamerat, som kjem til å bli sint viss han ikkje spelar på hans fotballlag i ein kamp, ”du får bank viss du ikkje <sup>1</sup>spela for oss”, med tonelag 1. Han har altså evne til å *observera* og *parodiera* prosodiske skilnader, men har ikkje eit omgrepsapparat som kan brukast til å setja ord på observasjonane.

Informant 10 er den som er mest presis i si beskriving av prosodiske skilnader. Han seier om talaren i prøve 1 (yngre osmål -74):

Ho hadde samme tonefall som bergensk, liksom, bare sie liksom orene me *o-enninga* å *a-enninga* litt forskjelli.

Når han kjem til omtalen av prøve 2 (bergensk) går han vidare med denne beskrivinga:

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Han har sånn tonefall så e midt mellom Os og Bergen. Han har omtrent samme, det e liksom der så e forskjell på han å einaren, han har bergensenningene, mens ho har osenningene, men di har omtrent samme tonefallet.

Vidare kommenterer han prøve 4 på denne måten:

Viss han hadde snakka bergensk, hatt bergensenninga hadde det hørt heilt teit ut. Men alle di anre, di kunne sagt bergensenninga utn at det hadde hørt rart ut.

Informanten meiner altså at prøvane på yngre osmål og bergensk har ”samme tonefall”, medan eldre osmål har eit anna ”tonefall”. I og med at yngre osmål og bergensk har tonelagsskilje og eldre osmål ikkje har det, er det ikkje anna å seia enn at informanten truleg har gjort ein skarp observasjon.

Når det gjeld leksikon, er det særleg *døme frå målprøvane i ytterkant av skalaen* som blir nemnde. I dei mest tradisjonelle målprøvane (4 og 1) nemner informantane ord som *fløyte, sausa, likeeins*, medan i den mest bergensliknande målprøven (2) er det uttrykk som *skole, etter hvert, dra, kaffe og noen* som blir framheva.

Eit anna interessant moment er skilnaden mellom det yngre osmålet og bergensmålet på den eine sida og det eldre osmålet på den andre når det gjeld typen trekk som blir lagt merke til og kommentert. Hjø talaren som snakkar eldre osmål, er det hovudsakleg fonologi og prosodi som blir kommentert (i tillegg til leksikon), hjå talarane som snakkar yngre osmål og bergensk, er det morfologien som får flest kommentarar. I lys av presentasjonen av osmålet i underkap. 6.3.1 og 6.3.2 er dette interessant. Her konkluderte eg med at det som hovudsakleg skil det eldre og det yngre osmålet, er endringar i det fonologiske systemet, medan morfologien er nokså lik. Slik er det hovudsakleg morfologiske trekk som skil det yngre osmålet og bergensmålet. Informantane ser altså ut til å vurdere skilnadene mellom varietetane på same måte.

### 7.3.2 Språkformer som blir tillagt eldre osmål, yngre osmål og bergensk

Eg skal no sjå nærare på kva for *språkformer* informantane ser ut til å assosiera med eldre osmål, yngre osmål og bergensk.<sup>68</sup> Kva for former legg dei merke til i dei aktuelle målprøvane?

Det eldre osmålet, representert ved målprøve 4, har fått ein eigen kategori. Dei fleste informantane kommenterer nemleg denne målprøven spesielt, og knyter trekka ein kan høyra her opp mot talemålet i Søre Øyane.<sup>69</sup> Krinsen Søre Øyane er, som diskutert i underkap.7.4.1.1, kjend for å ha eit spesielt konservativt talemål hjå både eldre og yngre språkbrukarar.

	Fonologi	Morfologi	Prosodi	Leksikon
Eldre osmål/øyamål (pr 4)	mykje /c̄c̄/ rullar på r ø-lyd /ʰadle/ /fjedl/ (segmentasjon, nn: alle, fjell) /fiʃe/ /yrc̄ce/ (palatalisering, nn: yrke) /ʃød̄n/ (hiatushindrande, nn: sjøen)	mykje a	eige tonefall ”drar litt på det”	me, da, kin (nn: me, det, kven)
Yngre osmål (pr 1,3)	/ʰ c̄c̄empegu/ (affrikat, nn: kjempogod)	a-endingar tydelege a’ar a-infinitiv o-endingar ”ete” i presens	”har samme tonefall så bergensk, men seie orena på ein an måte”	sausa, graut, fløyte, mange, likeeins, ete, fløyte, sausa, stova, trasig (nn: sausar, graut,

<sup>68</sup> Eg er her interessert i å prøva å isolera språkformene som blir assosierte med osmålsvarietetane versus språkformene som blir knytte til bergensmålet. Informantane sine kommentarar til målprøven *blanding Os/Bergen* blir difor ikkje diskuterte her.

<sup>69</sup> Talaren i målprøve 4 er faktisk frå Øyane

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgrupper

				fløyte, mange, likeeins, ete, fløyte, sauser, stove, trasig).
Bergensk (pr 2)	/ <sup>2</sup> iʃε/ (fonemsamanfall)	<i>en</i> -endingar <i>e</i> -endingar "hoppet" "timar, midlar, kommar" "jentne, guttne"	/po <sup>1</sup> kvæ:ɫ/ (nn: på kvelden)	<i>skole, skive, kaffe, så, drar, noen</i> (nn: skole, skjeve, kaffi, såg, dreg, nokon)

Tabell 7.3 Språkformer som blir lagt merke til i dei ulike målprøvene

Tabellen viser at ved målprøven på eldre osmål er det dei fonologiske og prosodiske språktrekka som blir kommenterte. Bruk av tungespiss-r, affrikat, ø-lyd og trong *e* i trykklette endingar er språkformer som mange legg merke til, i tillegg til at ein del nemner "tonefallet" til talaren i denne språkprøven.

Tabellen gjev elles eit klart bilete av kva informantane oppfattar som dei viktigaste morfologiske skilnadene mellom osmål og bergensk – nemleg lydane *a* og *e*. Osmålet har 'a-endingar' og 'tydelege a'ar', medan bergensmålet har 'e-endingar'. Dette går igjen hjå svært mange informantar, utan at dei går særleg mykje meir i detaljar. Andre bøyingsendingar som ofte blir nemnde er *o*-endingane i målprøvene på yngre osmål, og *en*-ending (felleskjønn), *et*-ending (preteritum av verb) og *ene*-ending (fleirtal bestemt form) i den bergenske målprøven.

### 7.4 Medvit om talemålsvariasjon?

#### 7.4.1 Kategoriseringa av dei fem prøvene

Den første oppgåva informantane måtte gjennomføra i lyttetesten var å gje dei fem målprøvene eit namn. Dei fekk ingen forslag frå meg, men måtte sjølv finne merkelappar som dei syntest passa til kvar av dei fem varietetane. Nedanfor har eg lista opp alle forslaga informantane kom med. Desse termforslaga er interessante på fleire måtar. For det første er det nokså slåande at dei fleste informantane har tenkt nokså likt i kategoriseringa. Dei bruker egne ord og termar, men det er ikkje vanskeleg å plassera målprøvene på ein skala mellom osmål og bergensk ut frå vurderingane deira, og denne skalaen er den same som den eg etablerte ovanfor (underkap. 7.2.1). I tabellen nedanfor har eg teke med eit utval av termane deira for å illustrera dette poenget.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

	Prøve 4	Prøve 1	Prøve 3	Prøve 5	Prøve 2
<b>Mine termar</b>	<i>Eldre osmål</i>	<i>Yngre osmål</i> -74	<i>Yngre osmål -01</i>	<i>Blanding</i> <i>Os/Bergen</i>	<i>Bergensk</i>
<b>Informant-termar</b>	- gammalosisk - eldre osdialekt - gammalt osamål - veldig osamål - Øyane-dialekt osmål/øyamål - gjennomført dialekt utan påverknad - sånn som Jimmyen - morfarsk - tjukk nynorskopplegg - hardbarka nynorsk	- standard osdialekt - osamål - sentrumsdialekten <sup>70</sup> - strilemål - daladialekt - hegglandsdalsk - kjerringosisk - Søviknes ( <i>FrP-politikar</i> ) - sånn som mamma - nynorsk - samnorsk <sup>71</sup> - osdialekt med lett knotning	- osisk - typisk os - osdialekt - standard osdialekt - dagens osmål - moderne osamål - blandings-osamål - osmål - blanding mellom målprøve 1 og 2 - sentrumsdialekten - Hegglandsdalen/Øyane - søftelandsk - ikkje herifra - midt mellom nynorsk og bokmål utan noko spesielt	- typisk Os 2 - Os-bergensk - osisk-bergensk - osdialekt - mindre osmål enn dei andre - blanding av alt mulig - knotning - asfaltspråket - samnorsk - sentrumsdialekten - harry bergensk-nynorsk	- bergensdialekt med lett osaknoting - bergensdialekt men ikkje så bredt - bergensdialekt /osdialekt - Os med veldig blanding av Bergen - osbergensk - bergensk - lysefjorddialekt /bergensk - bokmål-nynorsk - samnorsk - bokmål - bokmålsfyren

**Tabell 7.4** Kategorisering av dei fem målprøvene, plassert på skala

Det er altså ingen tvil om at dei fleste informantane har eit nokså klart medvit om talemålsvariasjonen i Os, og kan plassera talemålsprøvar på ein nokolunde samstemt skala ut frå større eller mindre bruk av lokale og ikkje-lokale trekk.<sup>72</sup>

Det at dei faktisk er nokså samstemte i kategoriseringane sine, fortel dessutan at det finst etablerte førestellingar om kva som kjenneteiknar talemålsvariasjonen.

For det andre fortel termene informantane bruker mykje om den sosiale meininga dei knyter til bruken av ulike talemålsformer. Termgjevinga gjev informasjon om kva for sosiale eigenskapar dei assosierer med ulike talemålsvarietetar. Termene er av ulike typar. Nokre av dei er knytte til *geografi*, andre til *alder*, atter andre til *skriftspråket* (bokmål vs nynorsk), medan nokre er *personlege* ("sånn så mamma", "morfarsk", "sånn så Jimmyen"). Dei tre


<sup>70</sup> Denne informanten kategoriserte målprøve 1, 3 og 5 som "sentrumsdialekten".

<sup>71</sup> Denne informanten kategoriserte målprøve 1,2 og 5 som "samnorsk".

<sup>72</sup> Ein av informantane kategoriserer målprøve 1,2 og 5 som "samnorsk", ein annan kategoriserer målprøve 1, 3 og 5 som "sentrumsdialekten". Nokre av informantane har ikkje forslag til termar, og er dermed ikkje representerte i tabellen. Alle informantane er altså ikkje like medvitne om talemålsvariasjonen.

første typene har altså med kollektive sosiale dimensjonar å gjera, og eg skal sjå litt nærare på dei. Eg skal òg sjå på førestellingane informantane har om talemål i Bergen og Os.

#### 7.4.1.1 Førestellingar om krinstilhøyrse og talemål



Figur 7.1 Os kommune

I lyttetesten blei informantane også bedne om å plassera dei fem målprøvane geografisk i Os. Også her måtte dei klara seg utan svaralternativ. Dette var eit forsøk frå mi side på å pressa fram førestellingar om talemålsvariasjon knytt til krinstilhøyrse. Som ein del av informantane kommenterte, er oppgåva eigentleg umogeleg å gjennomføra, fordi mønstra for talemålsvariasjonen i Os langt frå berre har med geografiske aspekt å gjera. Eg var likevel interessert i å sjå kva som kunne koma ut av denne oppgåva. Eg rekna med at dersom informantane var nokolunde samstemte om krinsplasseringa av dei ulike målprøvane, hadde eg i alle fall fått vita noko om felles *kunnskap om førestellingane* om slike samanhengar. Så altså – kvar snakkar dei eigentleg ”hardbarka nynorsk”, ”kjerringosisk” eller ”asfaltspåk”? Informantane kategoriserte målprøvane slik:

Målprøve 4 (eldre osmål)	Målprøve 1 (yngre osmål -74)	Målprøve 3 (yngre osmål -01)	Målprøve 5 (blanding)	Målprøve 2 (bergensk)
Øyane 10 Hagavik/Strøno 4 Hagavik/Hegglandsdalen 3	Hatvik/Hegglandsdalen 5 Hagavik/Strøno 3 Utkanten 1	Hegglandsdalen 2 Øyane 1 Hagavik 1 Sentrum / Søre	Sentrum 5 Søre Neset 2 Nore Neset 1 Søfteland 1	Sentralt Os 3 Søfteland 6 Lysefjorden 4 Søfteland -Varåsen



## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Søre Neset 1	Sentrum 2 Moberg 1 Halhjem 2 Ikkje Øyane eller Lysefjorden 1	Neset 8 Søfteland 1	Lysefjorden 1	2 Halhjem 1 Nore Neset 1
--------------	--	------------------------	---------------	--------------------------------

**Tabell 7.5 Geografisk heimfesting av målprøvane**

Dette kan verka nokså overveldande, men det ser ut til å vera eit visst system i informantane sine kategoriseringar. Ser ein bort frå 'slengarane' – dei kategoriseringane som har fått ei eller to stemmer, ser det ut som om kategoriseringa er rimeleg samstemt, særleg dersom ein tek omsyn til at informantane kategoriserte prøvane heilt fritt, utan svaralternativ.

Målprøve 4 (eldre osmål)	Målprøve 1 (yngre osmål -74)	Målprøve 3 (yngre osmål -01)	Målprøve 5 (blanding)	Målprøve 2 (bergensk)
Øyane 10	Hatvik/Heggl.d 5	Sentrum/SN 8	Sentrum 5	Søfteland 6
Hagavik/Strøno 4	Hagavik/Strøno 3	Heggl.d.2	Søre Neset 2	Lysefjorden 4

**Tabell 7.6: Fleirtalet si geografiske heimfesting av målprøvane**

I tabellen ovanfor har eg sett opp dei to krinsane som har fått flest stemmer innafor kvar kategori. Mønstera her er interessante. Det kan vera nyttig å begynna med ytterpunkta – målprøve 2 (bergensk) og målprøve 4 (eldre osmål). Her viser det seg at begge desse målprøvane er plasserte *i ytterkantane i kommunen* – det eldre osmålet i øyane i sør (Øyane, Hagavik/Strøno), medan prøven på bergensk er plassert i nord og vest (Søfteland og Lysefjorden). Målprøve 1 (yngre osmål -74) blir plassert delvis i periferien i nordvest (Hatvik, Hegglandsdalen) og dels i sør, på same måte som det eldre osmålet (Hagavik/Strøno). Målprøve 3 og 5 (yngre osmål -01 og blandingsmål) blir begge hovudsakleg plassert i sentrum, sjølv om to har tippa Hegglandsdalen for det prøve 3 (yngre osmål -01) og tre har tippa Søre Neset for prøve 5 (blanding Os/Bergen).

Det viser seg altså at informantane har førestellingar om samanhengen mellom talemål og krinstilhøyrsl. Dei to mest konservative talemålsprøvane er blitt plasserte i krinsane som har hatt minst utbygging og innflytting (Øyane, Hagavik/Strøno og Hatvik/Hegglandsdalen). Den mest nivellerte talemålsprøven er også plassert i to krinsar i utkanten av kommunen. At utkantane skal ha det mest nivellerte talemålet, kan verka underleg, men her er det viktig å vera klar over at Søfteland og Lysefjorden er to krinsar med mykje innflytting og store byggjefelt, og at dei dessutan ligg nord i kommunen, og såleis nærast Bergen. I

pilotundersøkinga eg gjorde i 1994 (jf. underkap. 4.2), var talemålet hjå ungdomen i Lysefjorden påfallande mykje meir homogent bergensprega enn talemålet i dei andre krinsane.<sup>73</sup> Informantane sine førestellingar om bergensk talemål i Lysefjorden stemmer dermed med mine observasjonar, og det same gjeld Søfteland, på eit meir intuitivt grunnlag. At dei to målprøvene i midten hovudsakleg blir plasserte i sentrumsområdet, er heller inga overrasking.

Informantane sine kommentarar om talemålsvariasjon i Os handlar mykje om talemålet i Øyane, som dei meiner skil seg ut i konservativ retning:

Når du komme ut i krinsane, då høre du veldig lett, i hvert fall i Hegglandsdalen og uti Øyane, så høre du, har di de der "me" og "fisje", der høre du ganske greit eller lett sånn, så vi seie grautamål, då (inf 5).

De e sånn skikkeli gjennomført språk, asså, dialekt, nynorsk. Eg vætkje kordan eg ska forklara de eg (15).

I ein del tilfelle blir det avvikande språket knytt til avvikande oppførsel:

Di e ein heilt an rase, "the missing link" der ute. Di har jo ein heilt an dialekt enn andre folk i Os, og di drikke mær og di, åsså har vi nokken så e tilnærma normal (23).

Dei fleste er nokså nøytrale til den geografiske variasjonen, men det er også dei som uttrykkjer haldningar om kva som er 'rett' og 'gale'. Informant 15 ovanfor snakkar om "grautamål" i Øyane, informant 9 ser litt annleis på det:

Det e litt mindre knoting der ute enn vi som bur nærmare Bergen (inf. 9).

Av nokre av kommentarane går det fram at førestellingane om den geografiske talemålsvariasjonen blir oppfatta som allmenn kunnskap. Informant 11 nedanfor tek i ein kommentar til målprøve 2 (*bergensk*) utgangspunkt i dei allmenne førestellingane ho kjenner til om samanhengen mellom geografi og talemål, og problematiserer dei:

Han kan enkli ver kor som helst fra Os [...]. Men han e sikkert, sant, ette boko sku eg sikkert sei at han e fra sånn litt sentrum liksom, eller, Kuvågen, liksom. Eg vætkje. Eller langs hovedveien opp sånn. Men eg vætkje. Han e hvert fall tydelig påvirka av bergensk, liksom (inf 11).

Her er det tydeleg at informanten veit korleis talemålsvariasjonen knytt til krinstilhøyrsla vanlegvis blir framstilt, men at dette ikkje alltid stemmer med realitetane.

I sin tur er krinstilhøyrsla knytt til sosiale stereotypiar. Fleire av informantane er inne på liknande førestellingar som informant 27 her på oppmoding legg fram:

---

<sup>73</sup> Søfteland har eigen ungdomsskule, og elevane der var difor ikkje med i pilotundersøkinga.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Asså di som kommar fra Lysefjorden sant, di likar rapmusikk og har tøffe bilar og sånt, mens di som kommar fra Søfteland likar pønkrock og går med litt snodige klær og, di som e fra Hegglandsdalen likar best å vær i fjøsen og gå med kjeledressn. Litt ekstremt då, men det e liksom den slags. *Dei som er frå sentrum då?* Di e normal, di (inf. 27).

Inndelinga til informant 27 kan lett koplast til den tidlegare kategoriseringa av talemålet i dei aktuelle krinsane; tøffe og urbane lysefjordingar og søftelendingar (som snakkar bergensk), bondske hegglandsdøler (som snakkar tradisjonelt osmål), og sentrumsungdomen som er ”vanlege” (og som snakkar meir eller mindre blanding).

### 7.4.1.2 Førestellingar om alder og talemål

Også spørsmålet om talemålsvariasjon mellom eldre og yngre språkbrukarar, er eit tema informantane har meiningar om. Dei fleste er samde om at talemålet hjå dei yngre er prega av kontakten med Bergen.

Asså du merka jo forskjellen unge snakka på som gamle snakka på. Som ikkje har så stor sosial innflytelse fra innflyttara for å kalla det for det då. Så merka du stor forskjell (inf. 13).

Asså di voksne no, di snakka nok osisk, men eg trur ungdommane begynne mær og mær å legga øve te bergensk, liksom. Mær sånn, ja, di bli påvirka. (15)

I følgje informantane er det nokså stor forskjell på språket hjå eldre og yngre språkbrukarar. Informant 23 meiner det er lettare å plassera dei yngre språkbrukarane geografisk enn dei eldre:

Alle gamle folk har jo ganske ekstreme dialekta, altså, de e vanskeli å, eg synst det e vanskeli å skilla di gamle no. For gamle folk i Lysefjorden, di òg snakka jo sånn grovt osisk (inf. 23).

Eg spurde nokre av informantane om korleis dei ville reagert dersom dei hadde møtt ein ungdom som snakka på same måte som mannen i målprøve 4 (eldre osmål). Reaksjonane var eintydige:

Det hadd’isje gått. Han hadd’isje klart det. Hadd’isje gått litt en gang. Asså, viss eg hadde skreve opp akkurat ordene, eg hadd’isje klart å lese det opp en gang. Hadde aldri gått (inf. 27).

Då veit eg ikkje ka eg hadde tenkt. Han e på jordet, hadde eg tenkt, han slite [...]. Han hadde lagt litt tynt an, nestn, du får jo nestn bank på grunn av å snakke sånn, når det e så gale (inf. 14).

Sjølv om der er stor variasjon i det språklege uttrykket i informantgruppa, ser det altså ut til å vera grenser for kva for talemålsstrategiar ein ungdom kan tillata seg.

Det er altså semje om at eldre snakkar meir osmål enn yngre. Dersom den eldre språkbrukaren i tillegg er frå ein utkantkrins i kommunen, kan talemålet oppfattast som nokså eksotisk. Informant 10 fortel med skrekkblanda fryd om eit møte med ei eldre dame frå Hegglandsdalen:

Eg opplevde faktisk ein dialekt eg hadde litt problema med holdt eg på å si. De va ei ganske gammal dama inni Hegglandsdalen. Det va jo isje lenger enn Hegglandsdalen. Men der hadde eg faktisk problema. Men de va kanskje måten ho snakka på. Det va så bredt nynorsk at de va heilt utruli. Og setningsoppbygning og ordvalg va heilt, heilt unorsk. Eller heilt urnorsk, kanskje. Gammalnorsk, kanskje.

### 7.4.1.3 Nynorsk og bokmål som talemålskategoriar

Norske språkvitarar er som regel svært opptekne av å skilja mellom tale og skrift, og poengterer i dei fleste samanhengar at termane *nynorsk* og *bokmål* refererer til dei to skriftlege målformene våre, medan talemål ikkje kan karakteriserast ved hjelp av desse omgrepa. Temaet blir til dømes diskutert i ein debatt mellom Ellen Skolseg og Eric Papazian i *Språklig Samling* i 2001 (Skolseg 2001; Papazian 2001).

Informantane mine er nok ikkje informerte om denne debatten, og bruker difor i svært stor grad termane 'nynorsk' og 'bokmål' for å karakterisera dei ulike målprøvene i lyttetesten. Bruken er svært samstemt – fjorten av dei sytten informantane bruker desse omgrepa, og alle bruker dei på same måte – bokmål refererer til dei målprøvene som tenderer mot bergensk, nynorsk refererer til det som finst av ostrekk i målprøvene.

Ut frå det informantane seier, kan det sjå ut som om nynorsk og osmål er ganske synonyme omgrep for informantane, og det same gjeld bergensk og bokmål:

Nummer to det er sånn bergensk, os-bergensk. Ja, det va vel egentli nestn helt bergensk. Åsså – ja, han snakka bokmål, då (Inf. 2 om prøve 2).

Tydeleg er dette også i det følgjande sitatet:

Eg syns de virke så di snakka meir sånn nynorsk, eller meir sånn, di hakje, eg vætkje, jo di har vel sånn *o*-ending di òg, sikkert (15).

Her blir altså *o*-ending i hokjønn bestemt form nemnt som eit døme på skikkeleg nynorsk, altså osmål.

Terminologien opnar også for *grader* av nynorsk og bokmål. Når informantane skal karakterisera målprøvene i midten av skalaen, blir apparatet meir nyansert, på same måte som når dei snakkar om seg sjølve:

Ja ho hørtes ut, ho synst eg snakke litt mærbokmål enn ka di andre gjor. (Inf. 14 om prøve 5)

Det e sånn os-bergensk. Fordi at det e både nynorsk og bokmål (Inf. 2 om prøve 5).

Det er ikkje nynorsk det vi snakka på Os, Os er ein sånn blandingsdialekt, det e'kje nokke sånn, mens nynorsken begynna med *kjærleik* og di vanskelege ordena som ingen bruka utnom innerst i fjordane oppe i Sogn og Fjordane (23)

Prøve 4, den mest tradisjonelle målprøven, blir i stor grad omtalt som ”tjukk nynorsk”, eller som informant 27 formulerer det:

Det e jo hardbarka nynorsk, då. Det e’ sje noe bokmålsord inni der (27).

Kategoriseringane knytt til bokmål/nynorsk-skalaen kan koplast opp mot skalaen eg tidlegare etablerte i underkap. 7.2.1:

eldre osmål	ynge osmål -74/-01	blanding Os/Bergen	”vanleg bergensk”	høgstatusbergensk
ekstremt nynorsk	nynorsk	bokmål-nynorsk	bokmål	ekstremt bokmål

**Tabell 7.7 Kategoriseringar knytt til aksene bokmål / nynorsk**

Kategoriseringane knytt til høgstatusbergensk kjem eg tilbake til i underkap. 7.4.1.4.

Noko av det som gjer nynorsk-bokmål-terminologien ekstra interessant, er måten det knyter talemålet opp mot skriftspråket. Når ein har så klare førestellingar om samanheng mellom skrift og tale, kan dette også skapa førestellingar om at endringar i skriftspråk kan føra til endringar i talemål:

For det at før så hadde eg nynorsk, på ungdomsskolen. Men så no har eg bokmål. Men det e fordi at eg syns det e lettare å skrive bokmål. Men enkelte ganga så kan eg begynne å snakka litt bokmål, liksom. Isje sånn veldig, men at du får nokke bokmålsord inn, liksom (24).

#### **7.4.1.4 Førestellingar om osdialekten og bergensdialekten**

Så langt har eg kommentert førestellingar knytt til den sosiale meininga i talemålsvariasjonen innafor grensene i Os. Sidan eg tidlegare har hevda at språksamfunnet Os er sterkt prega av innflytting og tilhøyrande dialektkontakt (jf. m.a. underkap. 6.4), er det like interessant å sjå nærare på kva for førestellingar informantane har om dette spørsmålet. Korleis ser dei egentleg på eigen dialekt, samanlikna med andre dialektar, og kva tenkjer dei om dialektkontakt og språkleg påverknad?

Det viser seg at informantane har lettast for å koma med kommentarar om språket til ’dei andre’, dei som bruker språktrekk som informantane sjølve ikkje vedkjenner seg. Måten dei sjølve snakkar på er nemleg ikkje særleg spesiell:

Sånn så når eg tenke på Os, så, Os e’ sje dialekt, det e bare Os, sant, men snakka du med ein fra Sogn så e det skikkelig sogning, sant. Og snakka du med ein fra Bergen så e det kav bergensar, sant (inf. 5).

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Det er ei vanleg oppfatning at eige talemål er 'vanleg' og 'nøytralt', det er 'dei andre' som snakkar markert. Desse førestellingane er til dels knytte til språkendringsperspektivet – det ekte osmålet forsvinn litt etter litt, og dermed er det ikkje så mykje igjen å snakka om:

I Os tru'kje eg den identitetn e så, einaste eg veit e di *o*-endingane, di henge faktisk ganske godt igjen. Men utnom det så e det ikkje så, trur eg, så, veldig masse sånn, i Øyane då selvfølgelig. Men di har no fått bru der òg (*ler*). Honra år, så kanskje det e forsvunne der òg ( inf. 23).

Skal ein finna talemålsvarietetar som er verd å nemna på Os, må ein altså i følgje informantane til Øyane, der snakkar både eldre og yngre heilt spesielt:

Eg veit'kje koleis di voksne snakka der ute, men di ungdommene snakka sånn utydeleg, og, heilt ant språk, veldig sånn brå, "ja hø hø". Sånn eg har ein på laget mitt som snakke, det er morsomt å høre på, nesten. Du høre så vidt ka di seie, for di er så korte og brautete (14).

Som sitatet ovanfor viser, har førestellingane om ulikskapar mellom varietetane ikkje berre å gjera med ulikskapar i bruk av språklege trekk som kan kategoriserast som fonologi, morfologi eller ordval. Det har vel så mykje å gjera med eit heilskapsinntrykk som er knytt sterkt opp mot dei sosiale stereotypiane som finst om dei ulike grupperingane. Dette gjeld òg dei sosiale stereotypiane knytte til Bergen og Os:

Eg syns osingene har litt mær sånn, når di snakke så ser du for deg at øynene lyse, liksom. Di lyse liksom litt mær sånn. Bergensarane e litt mær sånn laidback og sånn. De e måten di snakke på (10).

Bruk av ein del bergensendingar er kanskje ikkje særleg kontroversielt. Noko anna er det likevel å snakka høgstatus-bergensk. Det er ordformer frå denne varietetten som blir nemnde som skrekkeksempel på kor snobbete og fjollete det går an å bli:

Nokken ut av di der jentna fra Fana, di e jo "jei, mei, dei, ikke" (*med fistelstemme*). Ho eine snakka sånn der "Gud og Faderen" (*med fistelstemme*). Ho går'kje ut viss ikkje skona mætsje hårstrikken, liksom, ho e, den klassiske type Fana [... ](inf. 23)

Det kan faktisk verka som om informantane til ein viss grad koplar desse tre orda /<sup>h</sup>jei, /<sup>h</sup>mei, /<sup>h</sup>dei/ (bm: *jeg, meg, deg*) frå høgstatusbergensk til *alt* bergensk talemål. Også informantar som vil seia noko generelt om kor stygt dei synest bergensk er, tyr til desse tre eksempelorda:

Di som bor midt i byen, og har alle rundt seg som snakkar bergensk. Jei, mei og dei og, forferdelig. *Så det er ikkje noko "jei, mei, dei og ikke" på deg, altså?* Nei, uff. Får høre bergensk på TV, det e jo, øøh. Blir flau av å være fra Bergen. (20)

Å seia /<sup>h</sup>jei, /<sup>h</sup>mei/ og – verst av alt – /<sup>h</sup>ji: dei/ (bm: *gi deg*), blir kategorisert som "kvalmt", "fisefint", "snobbete" og "irriterande" av ei nokså samla informantgruppe. Dei same negative

assosiasjonane ser dei ikkje ut til å ha til dei andre bergenstrekkka dei nemner. Dette gjev klare signal om kor langt ein kan gå innafor det bergenske før ein nærmar seg toleransegrensa.

#### 7.4.2 Informantane plasserer seg sjølve.

Informantane blei også spurde om kva for ei av dei fem målprøvane *dei sjølve* kjende seg mest igjen i. Også denne gongen var spørsmålet heilt ope, og utan alternativ. Informantane fekk ganske enkelt spørsmål om kva for målprøve som likna mest på den måten dei sjølve snakkar på. Dei fleste informantane oppgav éin prøve dei kjende seg heime i, nokre plasserte seg mellom to eller tre prøvar, slik tabellen viser:<sup>74</sup>

Eldre osmål (prøve 4)	Yngre osmål -74 (prøve 1)	Yngre osmål -01 (prøve 3)	Blanding Os/Bg (prøve 5)	Bergensk (prøve 2)		
		9	5	1	2	17
		23	8	13	27	20
		24				14
			26			4
	10					10

Tabell 7.8 Informantane plasserer seg sjølve

Tabellen skal lesast slik: Målprøvane er plasserte på ein skala mellom osmål og bergensk, med det eldre osmålet lengst til venstre og bergensmålet lengst til høgre. Dei fleste informantane har oppgjeve éin målprøve dei kjenner seg mest heime i, og desse er plasserte under den målprøven dei har oppgjeve. Nokre av informantane kategoriserer talemålet sitt som midt mellom to av målprøvane. Desse er då plasserte *mellom* to nivå (som t.d. inf. 2 og 27). Nokre få meiner at talemålet deira best kan beskrivast ved å trekkja inn tre målprøvar. I desse tilfella har eg sett informanttalet på prøven i midten, og piler for å indikera kva for to andre målprøvar som er nemnde i denne samanhengen (inf. 24 og 26).

I alle tilfella med unntak av eitt har dei informantane som har nemnt fleire målprøvar, valt prøvar som ligg ved sida av kvarandre på den etablerte målprøveskalaen (frå eldre osmål til bergensk). Det eine unntaket er informant 10. Han oppgjev å veksla mellom talemålet i prøve 2 (bergensk) og ein mellomting mellom prøve 1 og prøve 3 (yngre osmål), avhengig av

<sup>74</sup> Informantane 11 og 15 var usikre, og ville ikkje svara på dette spørsmålet.



## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

kven han snakkar med. Denne kodevekslinga har eg prøvd å få fram gjennom å plassera informant 10 to stader på skalaen, knytt saman ved hjelp av ei stipla pil.

Ingen av informantane oppgjev å snakka eldre osmål. To av informantane meiner at dei snakkar ei blanding av prøve 1, 3 og 5, men ingen informantar oppgjev at dei hovudsakleg kjenner seg igjen i den nest mest tradisjonelle prøven heller, den vi tidlegare har referert til som foreldregenerasjonen sitt osmål. Informantane plasserer seg altså som brukarar av prøve 3, 5 og 2, altså dei tre målprøvane som ligg lengst frå det eldre osmålet.

Når eg samanliknar informantane sine eigenvurderingar med nivelleringsgjennomsnittet deira frå 2001 (altså i same innsamlingsfase), viser det seg at det til dels er samsvar, men ikkje heilt.

Eldre osmål (prøve 4)	Yngre osmål -74 (prøve 1)	Yngre osmål -01 (prøve 3)	Blanding Os/Bg (prøve 5)	Bergensk (prøve 2)
		9 (30)	5 (57)	17 (98,1)
		23 (21,1)	8 (73,5)	20 (97,7)
		24 (39,1)		14 (65,6)
			26 (92,5)	4 (75,1)
	10 (51,4)			10 (51,4)

Tabell 7.9 Informantane si eigenplassering kopla saman med nivelleringsgjennomsnitt

Dei fire som eintydig har oppgjeve at dei snakkar mest likt prøve 2 (*bergensk*), har eit nivelleringsgjennomsnitt mellom 65,6 og 98,1. Dei to som eintydig har oppgjeve at dei snakkar mest likt prøve 3 (yngre osmål -01), har begge eit nivelleringsgjennomsnitt under 30. Så langt kan det forsvarast å snakka om eit godt samsvar. Når vi kjem til dei to som oppgjev å ha eit talemål som liknar mest på prøve 5 (blanding Os/Bergen), blir spriket større – her har den eine eit svært lågt nivelleringsgjennomsnitt (21,1) medan den andre har eit nokså høgt nivelleringsgjennomsnitt (75,8). Også dei som oppgjev å kjenna seg igjen i to eller fleire ulike talemålsprøvar, har varierende nivelleringsgjennomsnitt som ikkje alltid samsvarer med prøvane dei oppgjev å kjenna seg igjen i.

### 7.4.3 Informantane si oppfatning av korleis andre oppfattar talemålet deira

Eg såg det òg som interessant å finna ut meir om korleis informantane sjølve ville karakterisera måten dei snakkar på i forhold til andre. Korleis trur informantane at andre

oppfattar måten dei snakkar på? Trur dei sjølve at dei skil seg ut i måten dei snakkar på, når dei er i språkmiljøet på Os? Og kva med når dei er andre stader?

Det ser ut som dei fleste informantane, anten dei har mange eller få nivellerte former, meiner at dei ikkje skil seg særleg ut i språksamfunnet. I djupintervjuet i 2003 spør eg informantane om korleis dei trur andre i Os oppfattar måten dei snakkar på, og får følgjande svar:

Nei, eg snakka vel osdialekt, vanli. Di fleste snakka sånn så meg, men eg har ein kamerat fra Søfteland så snakka litt mærborgensk (informant 24, nivelleringsgjennomsnitt 49,7 i 2003).

Eg tror di tenkar sånn midt i mellom eg altså, for eg syns isje eg har sånn veldig prega osdialekt og isje sånn veldi bergensk heller, egentli. Eg vet egentli isje helt. De e hvert fall isje prega av Os, det e vel mer prega av bergensk. For eg sie liksom isje "heim" og "heilt" og "skuln" og sånt til vanli [...]. Eg trur eg blanna veldi. Veldi mye (informant 2, nivelleringsgjennomsnitt 74,9 i 2003).

Eg tror no sjøl at eg har ein ganske vanli dialekt i Os, då. De e jo noen så snakkar mer bergensk og noen mindre, då. Men de e jo, sånn så eg får inntrykk av hvert fall, så e de ganske vanli å ha en del bergensdialekt. Å då, eg tror eg ligge ganske sånn rundt gjennomsnittet, eg vet'sje eg. Eg tro'sje folk legge spesielt merke te dialektn min, for å si det sånn (informant 27, nivelleringsgjennomsnitt 92,3 i 2003)

Di tenkar sikkert isje. Nei asså, Os e mer og mer, asså di snakkar mindre og mindre nynorsk og osamål, for å si det sånn, det tror eg, det e flere og flere så leggar over til bergensk (informant 17, nivelleringsgjennomsnitt 99,4 i 2003).

Ingen av desse fire meiner altså at måten dei snakkar på er spesielt markert i lokalsamfunnet, sjølv om dei har svært sprikande bergensstøtta nivelleringsprosentar. Dette er interessant, det seier oss noko om eit språksamfunn med stor toleranse for variasjon. Både dei som snakkar nokså tradisjonelt osmål, og dei som snakkar tilnærma bergensk, uttrykkjer altså at dei oppfattar måten dei sjølve snakkar på som heilt vanleg og ikkje avstikkande. Og det er altså aksent mellom bergensk og osmål, eller bokmål og nynorsk, dei oppfattar seg innafor.

Ein del framhevar at når dei er andre stader enn Os, får dei andre reaksjonar på måten dei snakkar på. Det som går igjen er at folk med annan talemålsbakgrunn ikkje oppfattar skilnaden på osdialekt og bergensk, og difor kategoriserer informantane som bergenstalende. Og det er dei langt frå samde i sjølve.

Di tror eg e fra Bergen. Med en gang. Men eg snakkar jo isje sånn skikkeli bergensk. Langt i fra. [...] Eg hørar jo vanvittig forskjell. På en så snakkar sånn så meg og en så e fra Bergen. Hørar forskjell med en gang (informant 17 I 2003, nivelleringsgjennomsnitt 99,4).

På Stord trur di eg snakka bergensk. Dei ler når eg har o-endinga for di trur eg herma etter dei. (Informant 10 i 2003, nivelleringsgjennomsnitt 52,3)

Merkeleg nok så tror di eg e fra Bergen. Sånn så [jentenamn] trodde at eg snakke bergensar, sant, men ette å ha vært heime hos meg truffe litt sånn forskjellige folk så ser ho det at vi snakke sånn, og bergensara snakke egentlig heilt annerledes (informant 1 i 2003, nivelleringsgjennomsnitt 66,1)

Det ser altså ut som det gjengse mønsteret er at folk som ikkje er frå nærområdet, oppfattar informantane sitt talemål som bergensk. Dette gjeld ikkje bergensarane, som avslører striletrekka med ein gong. Informant 23, som er svært oppteken av å halda på dialekten, fortel om ei oppleving frå ein fest:

Men eg merka jo ganske tydeli på alle festa vi e på, for vi festa ein del med folk fra Fana, og det va ei jenta så spurte meg sånn her, ”du e’sje fra Os e du vel?” ”Jo”. ”Å ja, du hørest ut så du e endå lenger utifra” (informant 23, nivelleringsprosent 21,1 i 2001).

## 7.5 Saliens, sosial meining og språknormer

Så langt har eg kartlagt det språklege medvitet til informantane, og eg har gjort greie for korleis dei kategoriserer talemålsprøvene ved hjelp av sosiale kriterium. Ut frå denne kartlegginga vil eg no prøva å etablere ei forståing av kva for sosial meining som ligg i bruken av ulike språktrekk, og vidare kva dette kan fortelja oss om språknormene i informantgruppa.

### 7.5.1 Saliente trekk i informantgruppa

Eg har undersøkt kva for språktrekk og språkformer informantane legg merke til i eit utval talemålsprøvar. Som eg gjorde greie for i underkap. 2.4.1 definerer eg språktrekk som er perseptuelt og kognitivt framtrédande for språkbrukarane som *saliente*. Det er naturleg å tenkja seg at språkbrukarane aktivt bruker dei saliente språktrekka til å eksternalisera sosial meining, og eg vil difor sjå nærare på kva for språktrekk som kan forståast som saliente ut frå observasjonane i underkap. 7.3.1.

Det ser ut til at det varierer frå varietet til varietet kva for språktrekk som blir lagde merke til. I 7.3.2 såg vi at i prøven på *eldre osmål* legg informantane stort sett merke til fonologiske og prosodiske trekk. Når dei kommenterer *yngre osmål* og *bergensk* er bøyingsendingane mest i fokus. Leksikon blir lagt merke til og kommentert i alle tre tilfella, men kanskje mest i målprøvene på kvar sin ende av skalaen – eldre osmål og bergensk. Det mest interessante er kanskje kva for språkformer informantane kommenterer i dei ulike språkprøvene. Nesten alle informantane nemner at prøven på bergensk har mykje *e*-endingar, medan prøvene på yngre osmål har mykje *a*-endingar og *o*-endingar. Desse endingane ser altså ut til å vera klare indikatorar for informantane på kvar målprøven ligg på skalaen mellom bergensk talemål og osmål. Når det gjeld det eldre osmålet, er det mellom anna tungespiss-*r*, trong *-e* i trykklett ending og affrikat som blir nemnt, i tillegg til ’tonefallet’.

Dei fleste av informantane oppgjev at deira eige talemål ligg ein stad på skalaen mellom yngre osmål -01 og bergensk (jf. underkap. 7.4.2). Det er dermed målprøvene *yngre osmål -01*, *blanding Os/Bergen* og *bergensk* som er mest relevante førebilete for deira eigne

språklege strategiar. Dersom det er *bøyingsendingane* som blir opplevde som mest saliente her, i tillegg til leksikon, er det kanskje dei som mest aktivt inngår i informantane sine språklege eksternaliseringar. Og dersom det er *a*-endingar og *o*-endingar som blir opplevde som osformer, og *e*-endingar og *en*-endingar som bergensformer, er det naturleg å tenkja seg at endingane *i infinitiv, hokjønn ubestemt form og fleirtal bestemt form* i tillegg til *hokjønn bestemt form* er svært relevante variablar for ein studie av sosial meining i det språklege uttrykket. Det same gjeld *pronomens*-variabelen. Den einaste av variablane mine som ikkje peikar seg ut som salient ut frå kommentarane til informantane, er faktisk *PFE*-variabelen (presens- og fleirtalsending).<sup>75</sup>

### 7.5.2 Språknormer i informantgruppa

Kva kan så observasjonane så langt i kapitlet fortelja om språknormene i informantgruppa? For å undersøkje det, vil eg ta utgangspunkt i kategoriseringa av dei fem målprøvene i underkap. 7.2.1. Her teikna eg opp ein akse der eldre osmål (prøve 4) danna det eine ytterpunktet, og det bergenskliknande talemålet (prøve 2) danna det andre. I underkap. 7.4.1 viste det seg at informantane såg ut til å kategorisera prøvane på same måte.

Eldre osmål	Yngre osmål -74	Yngre osmål -01	Blanding Os/Bergen	Bergensk
Prøve 4	Prøve 1	Prøve 3	Prøve 5	Prøve 2

Informantane fekk i underkap. 7.4.2 i oppgåve å plassera sitt eige talemål i forhold til dei fem avspelte målprøvene. Det viste seg då at så godt som alle plasserte seg frå midten av aksene og til høgre, ved å halda fram prøve 3, 5 eller 2 som prøvar som stemte godt med måten dei sjølve snakka på. Som eg gjorde greie for i underkap. 7.2.1, er prøve 3 døme på eit yngre osmål med nivellert fonologi, men tradisjonelt bøyingsverk, medan prøve 2 ligg nokså nær eit bergensk talemål med gjennomført bergensk bøyingsverk. Informantane sine vurderingar av eige talemål viste seg til dels å stemma med mi plassering av dei, basert på det målte nivelleringsgjennomsnittet i 2001. Ingen av informantane samanlikna sin eigen dialekt med 'eldre osmål' eller yngre osmål -74, dei plasserte seg sjølve på skalaen mellom 'yngre osmål -01' og 'bergensk'.

<sup>75</sup> Dette er interessant, sidan eg i underkap. 6.4.1 foreslo at den bergensstøtta nivellerte varianten av PFE-variabelen har vanskeleg for å få innpass fordi han er lingvistisk, og delvis sosialt markert.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

I underkap. 7.4.3 gjekk det fram at verken dei med høgt og dei med lågt nivelleringsgjennomsnitt oppfatta sitt eige talemål som avvikande frå 'normalen' på nokon måte. Sidan medvitet om språkleg variasjon ser ut til å vera høgt (jf. underkap. 7.4.1), kan dette tolkast som ein språksituasjon med stor toleranse for språkleg variasjon, der til dels store variasjonar i morfologi og leksikon er 'lovlege' utan at det kjem sanksjonar. Det finst likevel ei grense for toleransen, informantane hadde sterke meiningar om kva dei ville synast om ein yngre språkbrukar som snakka som talaren i målprøve 4. På den andre sida, i underkap. 7.4.1.4 kom det fram svært negative haldningar til høgstatusbergensk, knytte til språkformene *jeg, meg, deg* og *ikke*. Det ser altså ut til å vera eit vidt akseptert rom for språkleg variasjon, men med ei grense i kvar ende av skalaen eg har etablert. Desse grensene kan illustrerast på følgjande måte, der dei uakseptable varietetane er kursiverte, medan det aksepterte variasjonsrommet er markert med feite typar.

<i>Eldre osmål</i>	<i>Yngre osmål -74</i>	Yngre osmål - 01	Blanding Os/Bergen	Bergensk	<i>Høgstatusbergensk</i> <sup>76</sup>
--------------------	------------------------	---------------------	-----------------------	----------	--

I underkap. 7.3.2 presenterte eg språkformene som informantane såg ut til å knyta til dei ulike målprøvane. Svært kort oppsummert kom det her fram at informantane knytte osmålet til *a*-endingar og bergensmålet med *e*-endingar, medan dei "ulovlege varietetane" i kvar ende fekk knytt til seg ein del symbolleksem.

<i>Eldre osmål</i>	<i>Yngre osmål -74</i>	Yngre osmål - 01	Blanding Os/Bergen	Bergensk	<i>Høgstatusbergensk</i>
<i>tungespiss-r,</i> <i>fisje, adle, sjø</i>	<i>fløyte, mjøl</i>	<i>a</i> -endingar	blanding av <i>a</i> og <i>e</i>	<i>e</i> -endingar	<i>jeg, meg, ikke</i>

Kva for sosiale eigenskapar knyter så informantane til bruken av dei ulike språkformene i målprøvane? I underkap. 7.4.1 kom det fram at målprøvane med flest lokale former (prøve 4 og prøve 1) blei assosiert med krinsar i utkanten av kommunen med lite utbygging og innflytting, med eldre språkbrukarar, og med nynorsk. Målprøven med færrest lokale former og flest nivelleringsringar blei også assosiert med utkantkrinsar, men denne gongen dei to krinsane som ligg nærast grensa til Bergen, og som har fått kraftig utbygging og mange innflyttarar.

<sup>76</sup> Varieteten 'høgstatusbergensk' er ikkje blant dei 5 målprøvane, men er plassert inn i tabellen fordi mange av informantane har referert til han.

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

Det nivellerte talemålet blei vidare assosiert med unge språkbrukarar, og blei i stor grad kalla for bokmål. Også desse sosiale dimensjonane kan setjast inn i tabellen

Målprøve	<i>Eldre osmål</i>	<i>Yngre osmål -74</i>	Yngre osmål -01	Blanding Os/Bergen	Bergensk	<i>Høgstatusbergensk</i>
<b>Assosierte språktrekk</b>	<i>tungespiss-r, fisje, adle, sjø</i>	<i>fløyte, mjøl</i>	<i>a-endingar</i>	blanding av <i>a</i> og <i>e</i>	<i>e-endingar</i>	<i>jeg, meg, ikke</i>
<b>Geografisk plassering</b>	<i>utkantar utan utbygging</i>	<i>utkantar utan utbygging</i>	sentrum	sentrum	utkantar som grensar til Bergen	<i>Bergen</i>
<b>Alder</b>	<i>gamle folk</i>	<i>foreldre-generasjonen</i>	ungdom	ungdom	ungdom	
<b>Aksen nynorsk-bokmål</b>	<i>hardbarka nynorsk</i>	<i>skikkeleg nynorsk</i>	nynorsk	blanding av nynorsk og bokmål	bokmål	<i>ekstremt bokmål</i>
<b>Stereotype førestellingar</b>	<i>ekstremt gammalt</i>	<i>kjerringosisk</i>	vanleg, (augo lyser)	vanleg	vanleg, (laidback)	<i>hysterisk pent, kvalmt, snobbete</i>

**Tabell 7.10** Den sosiale meininga i målprøveskalaen slik informantane oppfattar ho, med ei markering av det aksepterte handlingsrommet for informantgruppa

Det kan dermed sjå ut til at informantane har eit språkleg handlingsrom som er nokså vidt, men dette er knytt til bøyingsendingar og leksikon, og må haldast innfor visse grenser. Dersom dei bruker språkformer som *tungespiss-r*, segmentering, manglande tonelagsskilje osv. blir dette oppfatta som 'ekstremt gammalt' og 'hardbarka nynorsk'. Dersom dei tek i bruk leksem knytt til høgstatusbergensk, blir dette oppfatta som 'hysterisk pent' og 'ekstremt bokmål'. For å snakka 'vanleg' må ein unngå dei språkformene som blir opplevde som ekstreme, men ein kan blanda 'nynorsk' og 'bokmål' eller 'a-endingar' og 'e-endingar' etter måten fritt utan å bli utsett for sosiale sanksjonar.

Det er viktig å få fram at desse språknormene ikkje gjeld for alle språkbrukarane i språksamfunnet Os, men for den gruppa informantane tilhøyrer – ungdom frå sentrumsområdet. Tabellen ovanfor viser at informantane har klare førestellingar om kva for typar talemål ein kan venta å høyra hos ein språkbrukar, avhengig av kvar han eller ho kan plasserast geografisk, og kva aldersgruppe han eller ho tilhøyrer. Når det gjeld aldersdimensjonen, er det semje om at eldre språkbrukarar har "ekstreme dialekta", og at dei

## 7 Språkleg røyndomsoppfatning i informantgruppa

snakkar meir konservativt osmål enn dei yngre. Det må også presiserast at ein ut frå analysen ovanfor ikkje kan vera sikker på at alle informantane i informantgruppa har same språklege handlingsfridom – det kan henda at der finst sosiale restriksjonar som ikkje har kome fram så langt. Eg vil koma tilbake til dette i kap. 9, der eg ser på den språklege åtferda i informantgruppa i sosial kontekst.

Ut frå omgrepsapparatet eg etablerte for danning og vidareføring av språknormer, knytt til Berger og Luckmann sin sosialkonstruktivisme (underkap. 3.3.2), kan ein seia at det eg har lagt fram her, hovudsakleg er mi tolking av dei *objektiverte* språknormene i informantgruppa. Det fortel om språklege haldningar og reaksjonsmønster som ser ut til å vera vanlege i informantgruppa. Desse objektiverte språknormene blir *eksternaliserte* gjennom informantane si språklege åtferd. Kvar gong informantane opnar munnen, gjev dei signal om kva for språkformer dei oppfattar som akseptable og ikkje, dei eksternaliserer si tolking av den sosiale meininga i det språklege uttrykket. Det er desse eksternaliseringane som er tema for analysen i kap. 8 og kap. 9.



## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster


### 8.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg sjå nærare på den språklege åtferda i informantgruppa i undersøkningsperioden 1997 - 2003.<sup>77</sup> Eg vil begynna med variantfordelinga i heile materialet gjennom undersøkningsperioden, før eg går vidare til utviklinga på informantnivå. I tillegg til å presentera ei generell oversikt over utviklinga for alle 17 informantane, tek eg grundigare for meg fire informantar som har endra talemålet nokså mykje i undersøkningsperioden. Eg samanliknar tekstutdrag frå intervjuet i 1997 og 2003, og prøver ut frå dette å finna ut kva for språktrekk som er involverte i endringsprosessane hjå desse fire. Funna i dette kapittelet er viktige for den avsluttande diskusjonen om *livsfaseending* i underkap. 10.1.

### 8.2 Kollektive endringsmønster i den undersøkte perioden

#### 8.2.1 Variabelgjennomsnittet gjennom undersøkningsperioden

Eg vil begynna med å visa korleis andelen lokale, bergensstøtta nivellerte og alternativt nivellerte former per variabel, det såkalla *variabelgjennomsnittet* (jf. underkap. 5.2.4), utviklar seg i undersøkningsperioden.



<sup>77</sup> Som eg har gjort greie for tidlegare var informantane 15 år gamle i første innsamlingsrunde hausten 1997. I tredje innsamlingsrunde våren 2003 hadde dei fylt 20 år.

**Figur 8.1 Variabelgjennomsnitt 1997 – 2003**

I 1997 fordelte dei 2494 belegga seg slik vi ser i diagrammet ovanfor. 49 prosent av belegga blei realiserte som lokale former, 50 prosent som bergensstøtta nivellerte former, og 1 prosent som alternativt nivellerte former. I 2001 hadde fordelinga endra seg ein god del. Av dei 5531 belegga blei no berre 36 prosent realiserte som lokale former, 61 prosent som bergensstøtta nivellerte former, og 3 prosent som alternativt nivellerte former. I 2003 var dei 6073 belegga fordelte på same måte som to år tidlegare. 36 prosent av belegga var realiserte som lokale former, 61 prosent som bergensstøtta nivellerte former, og 3 prosent som alternativt nivellerte former. Variabelgjennomsnittet endrar seg altså mest mellom første og andre undersøkingsrunde, medan det held seg stabilt mellom andre og tredje undersøkingsrunde. Utviklinga hjå informantane ser ut til å gå i retning av færre lokale former og fleire bergensstøtta nivellerte former.

### 8.2.2 Bergensstøtta nivellerte former per variabel gjennom undersøkingsperioden


Korleis ser så variantfordelinga ut på variabelnivå? For å gjera biletet enklare har eg teke ut prosentsatsen av bergensstøtta nivellerte former per variabel, og undersøkt korleis denne har utvikla seg over tid. Det viser seg då at bruken av bergensstøtta nivellerte former alt i utgangspunktet i 1997 var svært ulikt fordelt over dei ulike variablane, og at også auken i bruken av nivellerte former varierer sterkt frå variabel til variabel.<sup>78</sup>

	1997	Belegg totalt 1997	2001	Belegg totalt 2001	Endring 1997 - 2001	2003	Belegg totalt 2003	Endring 2001 - 2003
PFE	15,6 %	800	22,5 %	1703	+ 6,9	26,9 %	1801	+ 4,4
HB	30,6 %	249	39,2 %	166	+ 8,6	45,5 %	235	+ 6,3
FLB	59,8 %	192	56,7 %	291	- 3,1	63,2 %	247	+ 6,5
INF	45,6 %	213	70,5 %	740	+ 24,9	63,3 %	940	- 7,2
HU	51,6 %	87	81,4 %	118	+ 29,8	71,0 %	93	- 10,4
PR	92,2 %	693	96,9 %	2513	+ 4,7	96,0 %	2757	- 0,9

**Tabell 8.1 Endring i nivelleringsprosent på variabelnivå 1997 – 2003**

I diagramform ser dette slik ut:

<sup>78</sup> Repetisjon av variabelnamn: PFE = presens- og fleirtalsending, HB = hokjønn bestemt form, FLB = fleirtal bestemt form, INF = infinitiv, HU = hokjønn ubestemt form, PR = pronomen



Figur 8.2 Endring i nivelleringsprosent på variabelnivå 1997-2003

Tabellen viser at bruken av bergensstøtta nivellerte former har auka på alle variablane frå 1997 til 2003, sjølv om det varierer mykje kor stor auken er. Når ein ser på kvar enkelt variabel for seg, er endringane mellom første og andre undersøkingsfase jamt over ikkje meir omfattande enn endringane mellom andre og tredje innsamlingsfase. På nokre variablar, t.d. PFE-variabelen og HB-variabelen, ser det tvert imot ut til å vera ein nokså jamn nivelleringsauke gjennom heile undersøkingsperioden. På variablane INF og HU stig nivelleringsprosenten kraftig fram mot andre undersøkingsfase, for så å gå tilbake i siste undersøkingsfase. Dette vil seia at den tilsynelatande 'stabiliteten' mellom 2001 og 2003 som kom fram i figur 8.1. ikkje er gjenspegla på variabelnivå.

For variabelen PFE gjeld det at den lokale forma står sterkt, den nivellerte forma dominerer ikkje i nokon av undersøkingsfasane. Bruken av den bergensstøtta nivelleringa aukar likevel, samanlagt aukar bruken av den nivellerte forma med 11,3 prosent i den undersøkte perioden. Den nivellerte forma er likevel ikkje i nærleiken av å dominera over den lokale. For den neste variabelen, HB, har auken vore nokså sterk, og jamn. Her går det frå 30,6 prosent i 1997, 39 prosent i 2001 til 46 prosent i 2003. Variabelen FLB har halde seg nokså stabil. Bruken av den bergensstøtta nivelleringa var på heile 59,8 prosent allereie i 1997, og etter å ha gått ned til 56,7 prosent i 2001 steig han igjen til 63,2 prosent i 2003. Det er altså ikkje noko som tyder på drastiske endringar i fordelinga av lokale og nivellerte former på denne variabelen. A-målsvariablane HU og INF høyrer til den gruppa av variablar som hadde høg bruk av nivellerte former alt i 2001. Auken i bruk av nivellerte former i undersøkingsperioden har her vore kraftig, frå eit utgangspunkt som også var nokså høgt. For

INF-variabelen ser vi ein auke frå 45,6 prosent til 63,3 prosent, når det gjeld HU-variabelen er auken om lag like stor, men bruken av den nivellerte forma var høgare her i utgangspunktet. Her har auken gått frå 51,6 til 71,0 prosent. Auken i prosentpoeng for *a*-målsvariablane er altså om lag som for PFE-variablane, men skilnaden er at auken skjer frå eit utgangspunkt der dei nivellerte formene allereie var mykje brukte. Variabelen PR har også halde seg nokså stabil. Bruken av den nivellerte forma var allereie i 1997 svært sterkt dominerande – heile 92,2 prosent av belegga var då i nivellert form. Talet har stige til 96 prosent i 2003, noko som viser at den lokale pronomenforma er så godt som utradert frå materialet i 2003.

### 8.2.2.1 R-variablane på variabelnivå


Som eg gjorde greie for i underkap. 5.1.2, er PFE-variabelen ein sekkevariabel som er sett saman av *presens svake verb*, *presens sterke verb* og *fleirtal ubestemt form*. Desse inndelingane kan igjen delast opp i underkategoriar etter bøyingsklasse, og eg har tidlegare kommentert at det kan vera til dels store skilnader mellom nokre av bøyingsklassane.

Dette er også tilfelle når det gjeld endringa i nivelleringsprosent i løpet av 5-årsperioden for dei seks undervariablane FUM (*fleirtal ubestemt maskulin*), FUF (*fleirtal ubestemt feminin*), FUN (*fleirtal ubestemt nøytrum*), PSREST (*presens svake verb som ikkje er e-verb*), PSE (*presens svake e-verb*) og PST (*presens sterke verb*). Endringa i prosentpoeng frå 1997 til 2003 for desse undervariablane kan setjast opp slik i ein tabell:

	1997	Belegg totalt 1997	2001	Belegg totalt 2001	Endring 1997-2001	2003	Belegg totalt 2003	Endring 2001-2003
FUM	16,5 %	248	16,8 %	441	+0,3	25,8 %	392	+9,0
FUF	26,4 %	125	31,2 %	141	+4,8	39,6 %	298	+8,4
FUN	23,3 %	43	37,3 %	59	+10,0	32,6 %	92	-4,7
PSREST	12,3 %	228	14,0 %	385	+1,7	14,8 %	372	+0,8
PSE	20,6 %	73	25,2 %	290	+4,6	24,4 %	242	-0,8
PST	5,3 %	150	30,0 %	387	+24,7	30,1 %	405	+0,1

**Tabell 8.2 Endring i nivelleringsprosent for undervariablane på PFE-variablane 1997 – 2003**

I diagramform ser det slik ut:




Figur 8.3 Endring i nivelleringsprosent for undervariablane på PFE-variablane 1997 – 2003

Alle undervariablane har hatt ein auke i nivelleringsprosent i undersøkjingsperioden. Graden av auke varierer likevel mykje frå variabel til variabel. Det er variablane FUM og PSREST som har lågast nivelleringsprosent, og desse variablane har heller ingen sterk auke i nivelleringsprosent i løpet av undersøkjingsperioden. Variabelen PST peikar seg ut med heile 24,8 prosent nivelleringsauke. PST-variabelen hadde desidert lågast nivelleringsprosent i 1997, og auken gjer at denne variabelen i 2001 og 2003 oppfører seg meir likt dei andre variablane. Kva som gjer at nivelleringsprosenten på denne variabelen var så låg i 1997, er uklart.

### 8.3 Individuelle endringsmønster i den undersøkte perioden

Fram til no har eg hatt i fokus korleis *variablane* oppfører seg, ikkje korleis *informantane* oppfører seg. I det følgjande skal informantane verta synlege i analysen. Er det slik at alle informantane oppfører seg nokolunde likt, slik at variantfordelinga i dei tre undersøkjingsfasane ovanfor er representativ for alle informantane, eller er det store individuelle skilnader mellom informantane?

I diagrammet nedanfor ser eg på utviklinga av bruken av bergensstøtta nivellerte former hjå kvar enkelt informant i undersøkjingsperioden. Eg har rekna ut *nivelleringsgjennomsnittet* per informant (jf. underkap. 5.2.4) per undersøkjingsrunde og plassert resultatata inn i eit søylediagram. Her får vi altså eit inntrykk av den individuelle variasjonen, og også av den individuelle endringa i undersøkjingsperioden:



Figur 8.4 Nivelleringsgjennomsnitt per informant 1997 – 2003

Endringsmønstra hjå informantane varierer mykje. Nokre informantar (t.d. inf. 9, 11, 15 og 17) er nokså stabile, eit par informantar (inf. 2 og 14) har ein nedgang i bruk av nivellerte former i undersøkjingsperioden, medan nokre informantar har ein tydeleg auke i bruken av nivellerte former (inf. 1, 4, 8 og 27).

Informant	Snitt 1997	Snitt 2001	Endring 1997 – 2001	Snitt 2003	Endring 2001 – 2003
1	17,8 %	75,8 %	+ 58,0	66,1 %	- 9,7
2	89,8 %	55,8 %	- 34,0	74,9 %	+ 19,1
4	60,8 %	75,1 %	+ 14,3	75,5 %	+ 0,4
5	58,9 %	57,0 %	- 1,9	57,6 %	+ 0,6
8	24,9 %	73,4 %	+ 48,5	62,1 %	- 11,3
9	36,2 %	30,0 %	- 6,2	33,9 %	+ 3,9
10	42,3 %	51,4 %	+ 9,1	52,3 %	+ 0,9
11	29,9 %	20,7 %	- 9,2	31,8 %	+ 11,1
13	17,7 %	21,1 %	+ 3,4	29,9 %	+ 8,8
14	63,6 %	65,6 %	+ 2,0	38,0 %	- 27,6
15	48,1 %	47,6 %	- 0,5	50,0 %	+ 2,4
17	98,2 %	98,1 %	- 0,1	99,4 %	+ 1,3
20	88,1 %	97,7 %	+ 9,6	95,6 %	- 2,1
23	22,2 %	21,1 %	+ 1,1	24,1 %	+ 3,0
24	40,9 %	39,1 %	- 1,8	49,7 %	+ 10,6
26	88,2 %	92,6 %	+ 4,4	94,4 %	+ 1,8
27	64,1 %	91,9 %	+ 27,8	92,3 %	+ 0,4

Tabell 8.3 Endring i nivelleringsgjennomsnitt frå 1997 – 2001 og frå 2001 – 2003

## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

I sosiolingvistisk samanheng er det eit sentralt spørsmål om talemålsutviklinga stabiliserer seg når ein nærmar seg slutten av tenåra (jf. underkap. 2.2.2). Utviklingsmønstera i diagrammet ser ikkje ut til å tyda på det. For ein del informantar er det likevel slik at dei største endringane skjer i perioden mellom 1997 og 2001, altså i perioden frå dei er 15 til dei er 18 år gamle. Dette er likevel ikkje noko eintydig mønster – til dømes har informant 14 eit nivelleringsgjennomsnitt som er nokså stabilt fram til 2001, medan han får ein reduksjon på 27,6 prosent fram til 2003. Informant 24 er eit anna døme – også han har eit stabilt nivelleringsgjennomsnitt fram til 2001, men får så ein auke på 10,6 prosent fram til 2005. Fleire andre informantar endrar nivelleringsgjennomsnittet kraftig *både* i perioden frå 1997 til 2001 og i perioden frå 2001 til 2003. Dette gjeld til dømes informant 2.

Dei individuelle endringsmønstera kan verka nokså uoversiktlege, og det er ikkje heilt lett å sjå klare mønster i materialet. Informantane kan likevel delast inn i tre hovudgrupper - *dei stabile* (det vil seia dei som ikkje har endra nivelleringsgjennomsnittet meir enn 5 prosent i nokon retning), dei som har fått eit *høgare* nivelleringsgjennomsnitt, og dei som har fått ein *reduksjon* i nivelleringsgjennomsnittet. I tabellen nedanfor har eg delt informantane inn på denne måten. Dei informantane som aukar nivelleringsgjennomsnittet med meir enn 5 prosent viser seg å utgjera den største gruppa.

STABILT NIVELLERINGSGJSN. (+/- 5 %)				AUKE I NIVELLERINGSGJSN. (MEIR ENN 5 % AUKE)				REDUKSJON I NIVELLERINGSGJSN. (MEIR ENN 5 % REDUKSJON)			
INF.	NIV. 97	NIV. 03	ENDR.	INF.	NIV. 97	NIV. 03	ENDR.	INF.	NIV. 97	NIV. 03	ENDR.
5	58,9	57,6	-1,3	1	17,8	66,1	+48,3	2	89,8	74,9	- 14,9
9	36,2	33,9	-2,3	4	60,8	75,5	+14,7	14	57,1	38,0	- 19,1
11	29,9	31,8	+1,9	8	24,9	62,1	+37,2				
15	48,1	50,0	+1,9	10	42,3	52,3	+10,0				
17	98,2	99,4	+1,2	13	17,7	29,9	+12,2				
23	22,2	24,1	+1,9	20	88,1	95,6	+7,5				
				24	40,9	49,7	+8,8				
				26	88,2	94,4	+6,2				
				27	64,1	92,3	+28				

**Tabell 8.4 Informantane kategorisert etter grad av endring i nivelleringsgjennomsnitt mellom 1997 og 2003**

Tabellen viser elles at det bergensstøtta nivelleringsgjennomsnittet alt i 1997 varierte mykje hjå informantane – frå 17,7 prosent hjå informant 13 til 98,2 prosent hjå informant 17.

Nivelleringsgjennomsnittet i 2003 er ikkje mindre varierende. I alle dei tre



undersøkjingsfasane er det altså store skilnader i nivelleringsgjennomsnitt frå informant til informant.

Det ser elles ikkje ut til at endringsmønstra hjå informantane med lågt nivelleringsgjennomsnitt i 1997 skil seg særleg frå endringsmønstra hjå informantane med høgt nivelleringsgjennomsnitt same år. I alle dei tre kolonnene i Tabell 8.4 ovanfor finn vi informantar som i 1997 hadde eit lågt nivelleringsgjennomsnitt, informantar som hadde eit høgt nivelleringsgjennomsnitt, og informantar med eit nivelleringsgjennomsnitt midt på treet.

#### **8.4 Talemål i endring. Analyse av tekstutdrag frå fire informantar**

Tabellane ovanfor gjev ei oversikt over endringsmønstra i materialet. Biletet blir likevel nokså overflattisk – ein observert auke i det samanlagte nivelleringsgjennomsnittet fortel lite om dei lingvistiske sidene ved det som har skjedd. Kva for språktrekk er det som endrar seg først i endringsprosessen, og kva endrar seg sist? Følgjer alle informantane det same endringsmønsteret? Og er det berre variantfordelinga på dei seks analyserte variablane som endrar seg, eller endrar bruken av andre språktrekk seg tilsvarande? For å svara på slike spørsmål, må ein gå djupare inn i materialet enn det eg så langt har gjort.

For å få eit betre innblikk i dei språklege sidene ved endringsprosessen har eg valt ut fire informantar som eg vil granska nærare. Desse fire, informant 1, 8, 27 og 2, har alle endra nivelleringsgjennomsnittet kraftig i undersøkjingsperioden, men på ulike måtar. Informant 1 og informant 27 har begge auka nivelleringsgjennomsnittet kraftig, men frå ulike utgangspunkt. Informant 8 har også auka nivelleringsgjennomsnittet kraftig, men auken ser ikkje ut til å ha skjedd på same måte som hjå informant 1 og 27. Informant 2 har på si side redusert nivelleringsgjennomsnittet gjennom undersøkjingsperioden. Eg meiner at desse fire informantane til saman kan gje eit nokså godt bilete av korleis talemålsendringsprosessen hjå 'endrarane' i informantgruppa kan gå føre seg.

Hjå kvar av dei fire informantane vil eg først presentera ei oversikt over endringane dei har gått gjennom på variabelnivå, før eg analyserer tekstutdrag frå intervjuar dei var med på i 1997 og 2003.<sup>79</sup> Slik vil eg kunna kommentera korleis endringane i

---

<sup>79</sup> For informant 1, 8 og 27 har eg analysert tekstutdrag frå 1997 og 2003. Alle desse tre har eit nokså stabilt nivelleringsgjennomsnitt frå 2001 til 2003, og eg reknar dermed med at tekstutdrag frå byrjinga og slutten av undersøkjingsperioden vil gje eit utfyllande nok bilete av endringsprosessen hjå desse tre. Informant 2, derimot, reduserer nivelleringsgjennomsnittet kraftig mellom 1997 og 2001, medan det aukar ein del igjen mellom 2001 og 2003, og for å fanga opp heile denne prosessen har eg analysert tekstutdrag frå alle tre intervjurundane for denne informanten.

nivelleringsgjennomsnitt på dei utvalde variablane ser ut til å henga saman med endringar elles i språksystemet. Til slutt vil eg sjå observasjonane i dei fire presentasjonane i samanheng.

Kategoriseringa av språkformene i tekstutdraga er basert på skilnadene i osmål og bergensmål, og blir kalla høvesvis *lokale former* og *bergensstøtta nivellerte former*. Former som ikkje passar inn på denne skalaen ('feil', nye former utan støtte i bergensk, blandingsformer osv) blir kategoriserte for seg som *andre former*. Tekstutdraga som skal analyserast, er merka slik at alle typiske lokale former er i feite typar, alle bergensstøtta nivellerte variantar er i kursiv, og det eg har kalla *andre former* er understreka.<sup>80</sup> Resten av teksten står i normalskrift. Dette gjeld både dei belegga som er variantar av dei seks språklege variablane, og alle andre. Eg kommenterer først variabelbelegga i tekstutdraga, etterpå plasserer eg dei andre merka ordformene i ein tabell, og kommenterer denne.

I ein del tilfelle er kategoriseringa av lokale og bergensstøtta nivellerte former nokså problematisk. Talemålsvariasjon er like vanleg i bergensmålet som i osmålet, og skiljet mellom lokale former og bergensstøtta nivellerte former kan i ein del tilfelle like gjerne kategoriserast som skilje mellom eldre og nyare former eller høgstatus- og lågstatusformer i bergensmålet. Dette gjeld til dømes adverb *noko*, *mykje* og *ned*, realisasjonen av lang *æ/e* framfor *r* (t.d. *være* vs *vere*) og realisasjonen av vokal framfor *r* i ending (Myking 1983:67ff; Nesse 1994:38). Eg har mellom anna kategorisert formene *nokke*, *mykje*, *ner* og *lerar* som lokale former, og sett opp som bergensstøtta nivellerte alternativ formene *noe*, *mye*, *ned* og *lærer*. Eg meiner eg kan forsvare denne praksisen fordi målet for denne analysen er å studera talemålsvariasjon i *osmålet*, ikkje i *bergensmålet*. Utgangspunktet for kategoriseringa er altså kva som er lokale former, og kva som *ikkje* er lokale former. I ein del tilfelle vil altså det eg har kategorisert som lokale former vera gangbare variantar også innafor eit bergensk talemål. Dette har eg valt å sjå bort frå, fordi eg meiner at desse formene på Os blir *oppfatta* som lokale, medan det eg har kalla for bergensstøtta nivellerte variantar, blir *oppfatta* som ikkje-lokale alternativ på Os, og assosiert med bergensk talemål (sjå også 7.3.2).

---

<sup>80</sup> I kategoriseringa av lokale former, bergensstøtta nivellerte former og andre former har eg støtta meg på diverse oversikter over osmålet og bergensmålet. For osmålet er hovudkjelda (Aarseth 1974), for bergensmålet er det (Larsen og Stoltz 1912), (Nesse 1994), (Myking 1983) og (Hagen 1988). Eg har brukt det yngre osmålet - 74 som mal for kva som kan tillastast som lokale former, ikkje det eldre osmålet.

Eg held meg stort sett til å kommentera språkformene i sjølve tekstutdraget. Av og til trekkjer eg inn språkformer som finst andre stader i det aktuelle informantintervjuet, dersom dette kan gje utfyllande opplysningar om talemålsutviklinga hjå denne informanten.

#### 8.4.1 Informant 1 – frå lågt til middels nivelleringsgjennomsnitt, blanding

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1	1997	0,0 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	0,0 %	92,6 %	17,8 %
1	2001	0,6 %	90,0 %	80,8 %	89,4 %	100,0 %	94,1 %	75,8 %
1	2003	1,4 %	21,1 %	83,3 %	93,6 %	100,0 %	97,3 %	66,1 %

Tabell 8.5 Nivelleringsprosent for informant 1 i undersøkingsperioden, alle variablar

Informant 1 hadde i 1997 eit nivelleringsgjennomsnitt på 17,8 prosent samanlagt, og var dermed mellom dei som skåra lågast i denne innsamlingsrunden. Han hadde ein nivelleringsprosent på null på dei fleste variablane, med unnatak av to. I 2001 har informanten hatt ein svært kraftig auke i nivelleringsgjennomsnittet. Som det gjekk fram av oversikta i underkap. 8.3, er han av dei informantane som har hatt den aller kraftigaste auken. Han har no ein høg nivelleringsprosent på alle variablane med unnatak av ein; på variabelen PFE har han så godt som ingen nivellerte former. I 2003 ser situasjonen ut til å ha stabilisert seg noko. Informant 1 har no fått redusert nivelleringsgjennomsnittet sitt med ti prosent. Dette har å gjera med at nivelleringsprosenten på variabelen HB denne gongen er nokså låg, elles er variantfordelinga om lag den same som i 2001.

##### Informant 1 1997

1. o so <sup>1</sup>lit nekpo deκ stoκ to <sup>2</sup>uŋa. [...] i <sup>2</sup>c̄cu:le, den te <sup>1</sup>høyve e støve en den <sup>2</sup>anve.
2. bege haκ <sup>1</sup>lant <sup>1</sup>ho:κ. te <sup>1</sup>høyve stoκ de et lite <sup>1</sup>h̄:s, set <sup>2</sup>f̄amif̄a. heilt te <sup>1</sup>høyve.
3. [...] de stoκ <sup>1</sup>tu: <sup>1</sup>h̄:s, da <sup>2</sup>eina, de te venstre e <sup>1</sup>støve en de te <sup>1</sup>høyve. [...] heilt te
4. <sup>1</sup>venstre foκ bege <sup>1</sup>h̄:sna e d ei <sup>1</sup>dø:κ, o lit upafok et <sup>2</sup>vind̄a, po <sup>2</sup>bege. [...] up̄e mut
5. <sup>2</sup>himeln, næst̄ <sup>1</sup>mit po <sup>1</sup>avke e da ein <sup>1</sup>fugl e <sup>1</sup>flagevm̄us e <sup>1</sup>e, ska sikert veκa ein
6. <sup>1</sup>fugl. d̄a seκ <sup>1</sup>fugl f̄a <sup>2</sup>siu do. [...] han e um<sup>1</sup>trent lika <sup>1</sup>stu:κ so den minsta <sup>2</sup>uŋen.
7. oso hege de et paκ <sup>1</sup>bein ut̄e, <sup>2</sup>unafra. han haκ <sup>1</sup>t̄e: <sup>1</sup>t̄æκ. oso di tu <sup>2</sup>uŋane sp̄ile me
8. ein <sup>2</sup>futbal, <sup>1</sup>bovliŋkula, etlant. d e ein <sup>1</sup>sun <sup>1</sup>tiŋ me <sup>2</sup>p̄bika po, <sup>2</sup>rune.

Dette tekstutdraget er henta frå intervjuet som blei gjort med informanten i 1997, då han var femten år. Tekstutdraget gjenspeglar det tabellen viste – informanten bruker hovudsakleg

## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

lokale former på dei seks indikatorvariablane. På variablane PFE (*presens og fleirtalsending*) /<sup>2</sup>uŋɑ / (1), HB (*hokjønn bestemt form*) /<sup>2</sup>siu / (6) , HU (*hokjønn ubestemt form*) /<sup>1</sup>bovliŋkɑlɑ/ (8), INF (*infinitiv*) / veɛɑ /<sup>81</sup> (5) og FLB (*fleirtal bestemt form*) /<sup>1</sup>hʉ:sna / (4) finst det berre døme på lokale former i tekstutdraget.<sup>82</sup> Når det gjeld variabelen *pronomen*, ser vi at informanten vekslar, vi finn formene /<sup>1</sup> da/ og /<sup>1</sup> de/ like etter kvarandre i linje tre.

Bruken av andre lokale og nivellerte språkdrag i tekstutdraget er også verd ei nærare undersøking:<sup>83</sup>

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
<sup>2</sup> c̥ɕu:lɛ (1)	nf: / <sup>2</sup> ɕu:lɛ /	<sup>1</sup> høyɛɛ (1)	lf: / <sup>1</sup> høɔɔɛ/	<sup>2</sup> unɑfra (7)	lf: / <sup>2</sup> unɑfɛɑ/ nf: ?
hɛilt (2)	nf: / hɛilt /	fɛɑ (6)	lf: /fɛɑ/	spilɛ (7)	lf: /spɛlɑ/ nf: /spilɑɛ/
da <sup>2</sup> eina (3)	nf: / de <sup>2</sup> e:nɛ /	<sup>1</sup> tæ:ɛ (7)	lf: / <sup>1</sup> tɛ:ɛ/ / <sup>1</sup> tɛ:/	den minsta <sup>2</sup> uŋɛn (6)	lf og nf: /den minstɛ uŋɛn/
uɔɑfɔɛ (4)	nf: / uɔɛnɔɛ /				
<sup>1</sup> fʉɔɔl (5)	nf: / <sup>1</sup> fʉ:l / el / <sup>1</sup> fʉɔɔl/				
ɛlɛ (5)	nf: /ɛlɑɛ/				
sikɛɛt (5)	nf: / sikɑɛt/				
<sup>1</sup> ɛun (8)	nf: / <sup>1</sup> ɛun/				

Dei lokale språkformene dominerer i tekstutdraget. Vi finn døme både på lokale språkformer som er i vanleg bruk i informantgruppa, og lokale språkformer som er sjeldnare i bruk i informantgruppa, men som er meir vanlege hjå eldre språkbrukarar i Os. I første linje i tekstutdraget bruker informanten til dømes affrikat i framlyd, noko som ikkje er så vanleg i informantgruppa elles. Informanten bruker affrikat i framlyd også andre stader i intervjuet, i

<sup>81</sup> Sjølv om informanten har *a*-infinitiv her er dette eigentleg ei blandingsform; den opphavlege stammevokalen er trong e; /<sup>1</sup>ve:ɛɑ/

<sup>82</sup> Døma i tekstgjennomgangen og i tabellen følgjer transkripsjonen frå tekstutdraget. Det vil seia at ord som ikkje har trykk i tekstutdraget, og dermed ikkje markering av tonelag og lengd, heller ikkje har markering av trykk, tonelag og lengd i resten av gjennomgangen.

<sup>83</sup> Tabellen er meint som ei oversikt over ulike typar former som finst i teksten. Eg noterer difor berre det første belegget av ei viss form i tabellen, sjølv om teksten inneheld fleire belegg.

veksling med frikativten /ç/. I innlyd dominerer den frikative uttalen. Eit anna lokalt trekk som er sjeldan i informantgruppa elles er det samsvarsbøygde adjektivet i linje 3 -

/da̩̯ ein̩̯ <sup>1</sup>h̩̩:ɛ̩̯/. Interessant å leggja merke til her er at informanten bruker samsvarsbøygde adjektiv også i linje 6 i uttrykket /min̩̩ta u̩̩n̩̩/, men her bruker han det feil. Her bruker han *a*-endinga som skal brukast ved hokjønns- og inkjekjønnsord på hankjønnsord. Dette kan ein tolka som at informanten har manglande kjennskap til systemet, men eit ønske om å markera lokal språkleg tilknytning, altså som ein hyperkorreksjon. Eit tredje lokalt trekk i tekstutdraget som er lite brukt i informantgruppa elles er uttalen /u/ av /ʉ/ framfor lang nasal, slik adjektiva /ʉun/ (8) og /ʉun̩̩/ er døme på.

Informanten bruker også lokale trekk som er meir vanlege også elles i informantgruppa. Han bruker diftongar der bergensmålet har monoftongering av *ei/e*-vokalismen, som vi finn døme på mellom anna i linje 2 og 3. Han har elles *r*-bortfall i leksemet /ɛl̩̩/ (5), og han realiserer endevokalen i leksemet /sik̩̩ɛ̩̩t/ som ein /ɛ/ (5), det vanlegaste bergenske alternativet er den opnare vokalen /a/ (Nesse 1994:155).

Dei nivellerte formene i teksten er stort sett leksikalske innlån, bortsett frå fleirtalsbøyinga av substantivet /tæ:ɛ/ (7), eit bøyingsparadigme med svært låg frekvens. Alternativet i yngre osmål er forma /te:ɛ/, medan det eldre osmålet hadde form utan endings-*r* /te:̩̩/.

Elles er forma /spil̩̩ɛ/ (7) verdt ein kommentar. Rotvokalen er realisert i nivellert form – den lokale uttalen av rotvokalen er /e:̩̩/. Informanten bruker vidare den lokale presensendinga for *e*-verb, sjølv om *spela* er eit *a*-verb i osmålet. Dette er eit system han gjennomfører så godt som konsekvent i heile intervjuet for alle *a*-verb. Dette er, som diskutert i underkap. 6.4.2, ei nyare utvikling i osmålet – ei forenkling av bøyingsystemet som ikkje involverer den nivellerte forma -*Ar*. Det er altså fleire grunnar til at dette belegget er plassert i kategorien *andre former*.

Vi skal no sjå på ein tekstprøve frå same informant fem år seinare – i 2003. Kva kan denne tekstprøven fortelja oss om språkutviklinga til informanten?

### Informant 1 2003

1. eg <sup>1</sup>e ju liksom son ein, *væɛfal* <sup>2</sup>**p̩̩ɔ̩̩:v̩̩** o *væ:ɛ* **ein** son <sup>2</sup>*sto:pofyɛ*, sant, nu mo vi fo
2. *nue* <sup>1</sup>juɛt, folkens, o do *pase* ju eg **h̩̩ilt** <sup>1</sup>oplagt *iɛ* sam̩̩en me son *h̩̩ɛ* <sup>1</sup>slend̩̩ɔ̩̩ianfolk

3. o son so iʃɛ gid o ʰjɔ:ʁ nuɛ o. son so site o dʁike seg ʰdʁi:tiŋs heile ʰhelga o ʰso:ve
4. heile ʰda:gen, also, de ʰfʊnke ju iʃɛ foʁ ʰme:g, do. heleʁ ein son let ʰblaniŋ, aso
5. ʰav o te goʁ de jo an o ta seg ein ʰfylebøte foʁ o sei, men iʃɛ ʰkvæ:ʁ helg. so. de
6. mo ju væ:ʁ folk so stile ʰup, so dʉ veit stile up, de e ʰveldi ʰvikti, spesielt i
7. ʰskulesamenhej, dʉ kan ʃɛ ʰsamarbeide me nuen dʉ veit kanʃɛ iʃɛ ʰstile, de ʰveldi
8. ʰvikti o ʰsamarbeide po de studie ʰvøʁt. foʁ de at noʁ dʉ ʰføʁst, deʁ e ju bukiyliste
9. foʁ alt. ʰsant, ska dʉ ha ʰka:meʁa, ʰly:dutstyʁ, ʰalt, mo ʰbukɛs, ʰhentes, o do mo dʉ
10. nødʰvendivis ha ʰfʁakt te de, eʁ veʁtfal ʰbæ:ʁejɛlp.

Den innleiande tabellen med variabelfordelinga viste at informanten har hatt ein kraftig auke i talet på nivellerte former på så godt som alle variablar frå 1997 til 2003. Unnataket er variabelen *presens- og fleirtalsending*, der han framleis har konsekvent *r*-bortfall.

Observasjonane i tekstutdraget stemmer med tala i tabellen – mellom anna formene /ʰpʁø:ve/ (1), / site / (3) og /stile/ (6) viser at *r*-bortfallet held stand. Når det gjeld dei andre variablane er det tydeleg at mykje har skjedd. I tekstutdraget bruker informanten konsekvent pronomenforma /de/, og han bruker *e*-ending på variabelen HU /ʰ fylebøte / (5) og INF /ʰsamarbeide / (8). Tekstutdraget viser elles eit døme på bruken av den alternativt nivellerte forma /ʰhelga/ (3), på variabelen HB. Denne forma finst verken i osmålet eller i bergensmålet, men ser likevel ut til å vera eit aktuelt alternativ for ein del av informantane (jf. underkap. 6.4.2). Informant 1 har 19 belegg på HB-variabelen i intervjuet i 2003. Han bruker den lokale *o*-endinga 12 gonger, bergensk *en*-ending 4 gonger og den alternative *a*-endinga 3 gonger. Det finst ikkje døme på FLB-variabelen i tekstutdraget.

Så til dei andre språktrekka som finst i tekstutdraget:

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
heilt (2)	nf: /he:lt/	veʁfal (1)	lf: /jalʃal/	væ:ʁ (1)	nf: /væ:ʁɛ/ lf: /ve:ʁa/ /væʁa/
heleʁ (4)	nf: /helAʁ/	nuɛ (2)	lf: /noke/	pasɛ (2)	nf: /pasAʁ/ lf: /pasa/
sei (5)	nf: /si/	ʰskulesamenhej(7)	lf: ʰskulesamanhej/	iʃɛ (2)	nf: /iʃɛ/̃/ lf: /iʃɛ/

## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

<sup>2</sup> bukəs (9)	lf: / <sup>2</sup> bukast/	<sup>2</sup> sto:pofyɾ	nf og lf: /sto: <sup>1</sup> pofyɾ /
		(1)	
<sup>2</sup> bæ:ɾɛjɛlp (10)	lf: / <sup>2</sup> bæ:ɾɛjɛlp /	ɛin <sup>2</sup> fylɛbøtɛ	nf: /en <sup>2</sup> fylɛbøtɛ/ lf:/ɛi <sup>2</sup> fylɛbøta/
		(5)	
		<sup>1</sup> kvæ:ɾ (5)	nf: / <sup>1</sup> væ:ɾ/ lf <sup>l</sup> / <sup>1</sup> kvæ:ɾ/

Det held med eit raskt blikk på tabelloversikta for å slå fast at noko har skjedd med fordelinga av nivellerte og lokale former også elles hjå denne informanten. Talet på bergensstøtta nivellerte former har auka, og endå meir påfallande er auken i talet på såkalla ”andre former”, nyutviklingar og former som ikkje passar inn heilt verken her eller der. Det er mellom anna interessant å merka seg at informanten no har teke i bruk samanfallfonemet /ʃ/, som han ikkje brukte i 1997.<sup>84</sup> Han bruker det rett nok berre i innlyd – andre stader i intervjuet viser det seg at informanten framleis i stor grad held på affrikat i framlyd; der finst mellom anna former som /<sup>l</sup>ççɛkt/ og /<sup>l</sup>ççø:pɛ/. For leksemet /iʃɛ/ ser det i alle fall ut til at /ʃ/ har erstatta /çç/.

Dei fleste av dei andre lokale trekka som eg peika på ovanfor, finst faktisk likevel også hjå informanten i 2003. I tekstutdraget finst det ikkje døme på lydkombinasjonen *un*, men eit søk i heile intervjuet viser at informanten stadig uttaler /ʉ/ framfor lang nasal som /u/. Det er mogleg at dette ikkje lenger er ein fonologisk regel hjå informanten, men eit leksikalisert trekk som særleg blir brukt ved leksema *rundt* og *hundre*, altså realisert som /ʉunt/ og /hʉnʉɑ/. Informanten bruker framleis nokså konsekvent diftong der bergensk har monoftongering av *ei/e*-vokalismen, som både leksema /hɛilt/ (2) og /sɛi/ (5) viser. Den siste lokale forma i tabellen viser vokalrealisasjonen av endinga i leksemet /hɛlɛɾ/, også her held informanten på den lokale realisasjonen.

Dei bergensstøtta nivellerte formene i tekstutdraget er stort sett leksikalske, og er ikkje bergensspesifikke. Informanten har teke i bruk forma /no:ɛ/ (2), i 1997 brukte han forma

<sup>84</sup> Kategoriseringa av samanfallet mellom /ç/ eller /çç/ og /ʃ/ kan diskuterast. På den eine sida er det nok sannsynleg at dette fenomenet har spreidd seg frå Bergen til Os, dette burde tilseia ei kategorisering som ’bergensstøtta nivellerte former’. På den andre sida er det på ingen måte eit etablert trekk i bergensk talemål, og eg har difor valt å plassera det som ’andre former’.



/nokε/. Forma /my:ε/ bruker informanten i 2003 heilt konsekvent, i 1997 brukte han forma /myçε/. I utgangspunktet er dette ikkje dei bergenske realisasjonane av desse adverba – dei opphavlege formene i Bergen er /nokε / og /noget/ (Larsen og Stoltz 1912:130), /møkε/ og /myçε / og /meget/ (Larsen og Stoltz 1912:122; Myking 1983:86-87). Formene /nu:ε / og /my:ε / er no den vanlegaste forma også i Bergen (Myking 1983:86-87), og kan dermed oppfattast som ei bergensstøtta nivellering, men er ikkje bergensspesifikk. Også realiseringane av leksema /væɪfal/ (1) og /skule/ (7) er realiseringar som er brukte i bergensk, men ikkje berre der. Det same gjeld passivformene /bukεs/ og /hentes/.

Som nemnt finn vi ein auke i talet på blandingsformer av ymse slag. Informanten apokoperer i stor grad infinitivane *vera*, *gjera* og *spørja*, som vi ser eit døme på i linje 1 (jf. underkap. 6.3.3.1). I linje fem finn vi forma /ein <sup>2</sup>fyləbøtε/ – her finn vi bergensk felleskjønnartikkel med osmåldiftong og den nivellerte forma av hokjønnsordet. Også forma /<sup>2</sup>sto:pofyɪ/ (1) er interessant, på grunn av trykk og tonelagsplassering. I høgtoneområda<sup>85</sup> i Noreg har tradisjonelt slike tonemgrupper beståande av verb og partikkel hatt trykk på siste staving og tilhøyrande tonelag ein. Uttale som tonemgruppe med trykk på første staving og tonelag to er eit fenomen som er på frammarsj frå lågtoneområda, og som finst både i Romsdal, Sogn og i Stavanger (Sandøy 1996:163). I og med at informanten har budd nokre år i Stavanger i undersøkingsperioden er det ikkje usannsynleg at dette trekket er lånt derifrå, men ein skal heller ikkje sjå bort frå at trekket har spreidd seg nordover til Os. I denne samanhengen kan det også nemnast at informanten gjennom heile intervjuet blandar inn bitar av eit stavangersk intonasjonsmønster. Vi ser elles at informanten framleis har *e*-ending på verb med blanda bøyning (2) – dette er eit trekk som er minst like gjennomgåande i denne intervjuomgangen som i den førre. Forma /<sup>1</sup>kvæ:ɪ/ (5) er også interessant, som ei klassisk mellomform mellom den lokale forma /<sup>1</sup>kva:ɪ/ og den bergensstøtta nivellerte forma /<sup>1</sup>væ:ɪ/.

Summa summarum viser det seg altså at auken i nivelleringsprosent på dei seks språklege variablane får følgje av ein auke i bergensstøtta og alternativ nivellering også på andre språkdrag, særleg i leksikon. Informanten har likevel halde på ein god del av dei lokale

---

<sup>85</sup> Dialektgeografisk er det vanleg å dela dialektane i Noreg i to hovudgrupper, *vestnorske* og *austnorske* dialektar. Eit sentralt inndelingskriterium her er intonasjonsmønstra i tostavingsord – i vestnorske dialektar er det ved tonelag 1 trykkstavinga som har den høgaste tonen (høgtone), medan den trykksterke stavinga har den lågaste tonen i austnorske dialektar (lågtonen) (Skjekkeland 1997).

språktrekka frå 1997, og det er interessant å leggja merke til at informanten ikkje har teke i bruk bergensstøtta nivelleringar som er bergensspesifikke, dei nivellerte språkformene han har teke i bruk, er former som finst i Bergen, men som også er vanlege over eit langt større område (jf. 6.4.2). Informanten har fått *e*-mål, vi finn belegg på *a*-ending i bestemt form av hokjønnsord, men ikkje endings-*r* eller gjennomført bruk av felleskjønn (sjølv om eg ovanfor kommenterte bruken av hankjønnsartikkel på eit hokjønnsord). Adverba /no:ε/ og /my:ε/ har erstatta /nokε/ og /myçε/, endingane i passiv er nivellerte, og ordforrådet har eit mindre lokalt preg enn tidlegare.

#### 8.4.2 Informant 8 – frå lågt til middels nivelleringsgjennomsnitt, veksling

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
8	1997	0,0 %	6,8 %	33,3 %	16,7 %	5,6 %	87,2 %	24,9 %
8	2001	31,9 %	50,0 %	77,3 %	92,9 %	90,9 %	97,7 %	73,4 %
8	2003	49,7 %	50,0 %	88,9 %	51,4 %	36,4 %	96,1 %	62,1 %

Tabell 8.6 Nivelleringsprosent for informant 8 i undersøkningsperioden, alle variablar

Informant 8 hadde i 1997 eit nivelleringsgjennomsnitt på 24,9. På same måte som informant 1 var ho dermed blant informantane med lågast nivelleringsgjennomsnitt i denne undersøkningsfasen. Ho hadde null prosent nivellerte former berre på ein variabel – PFE-variabelen, men hadde nokså låg nivelleringsprosent både på variabelen HB og HU, og høg nivelleringsprosent berre på PR-variabelen. I 2001 har også denne informanten hatt ein kraftig auke i nivelleringsgjennomsnitt, ho har no kome opp i 73,4 prosent nivellerte former. I 2003 har nivelleringsgjennomsnittet gått litt ned igjen, til 62,1 prosent, men er likevel nokså høg. Dette har å gjera med ein kraftig reduksjon i talet på nivellerte former på *a*-målsvariablane HU og INF frå 2001 til 2003.

#### Informant 8 1997

1. ja, d **ein** <sup>1</sup>ʃø: **hæilt ne:æ**, til nestn <sup>1</sup>mit po arke [...] o so e <sup>1</sup>su:l upε i <sup>2</sup>venstæ <sup>2</sup>jøvna.
2. o so e de <sup>1</sup>tu: sone <sup>2</sup>holme liksom, me **ei** <sup>2</sup>palma po <sup>1</sup>kva:æ, o so <sup>1</sup>gva:s po. [...]  
(partner: som i ein bue, liksom?)
3. <sup>2</sup>holmena e bæ. **ei** <sup>2</sup>palma po <sup>1</sup>kva:æ. eine <sup>2</sup>palmu e <sup>1</sup>tyn o den <sup>1</sup>anæ e <sup>2</sup>ççukaæ. tyn
4. den so e <sup>1</sup>nævmast <sup>1</sup>su:lu. den so e <sup>1</sup>nævmast <sup>1</sup>su:lu e son <sup>1</sup>tyn. <sup>2</sup>anva e lit <sup>2</sup>ççukaæ.
5. den <sup>2</sup>su:lu haæ **ein** tæ fiæ fem seks <sup>2</sup>ota sone <sup>2</sup>stre:ka ut son, liksom, e ganske

6. <sup>1</sup>stʊ:ɛ. han e <sup>1</sup>støɛ en <sup>2</sup>bla:dne po <sup>2</sup>palmu po den <sup>2</sup>føɛste, <sup>2</sup>minste palmu. [...] ja, oso e  
 7. de <sup>1</sup>boɪt mit po, <sup>1</sup>ʃø:dn̩ liksom, <sup>1</sup>mit po æɛke me <sup>1</sup>ʃø:dn̩ dæɛ liksom. nestn̩ <sup>1</sup>mit melum  
 8. di tu <sup>2</sup>palmeøyene liksom, <sup>2</sup>ne:ɛanfoɛ, neɛ i <sup>1</sup>ʃø:dn̩.

Dette tekstutdraget er henta frå intervjuet som blei gjort med informanten i 1997, då ho var femten år. Viss vi igjen begynner med å sjå etter belegg frå dei språklege variablane, ser vi at informanten vel lokale former både av variabelen PFE /<sup>2</sup>stre:ka / (5) og HB /<sup>1</sup>su:lu / (4), og også variabelen HU /<sup>2</sup>palma/ (3). På variabelen FLB ser vi døme på veksling mellom lokal og nivellert form /<sup>2</sup>holmena / (3) og /<sup>2</sup>palmeøyene / (8), og på PR-variabelen ser vi at det er den nivellerte forma som er valt (2).

Også her er det mange interessante former som ikkje blir fanga opp av dei seks språklege variablane, som eg skal kommentera i det følgjande:

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former	Andre former	
<sup>2</sup> jøɛna (1)	nf: / <sup>2</sup> jøɛne/		<sup>1</sup> venstɛɛ <sup>2</sup> jøɛna (1)	nf: / <sup>1</sup> venstɛɛ <sup>2</sup> jøɛne/ lf: / <sup>1</sup> venstɛɛ <sup>2</sup> jøɛna/
heilt (1)	nf: / he:lt/		<sup>2</sup> holme (2)	nf: / <sup>2</sup> holmæɛ/ lf: / <sup>2</sup> holma/
ne:ɛɛ (1)	nf: / ne:de /			
<sup>1</sup> kva:ɛ (2)	nf: / <sup>1</sup> væ:ɛ, <sup>1</sup> kvæ:ɛ/			
<sup>1</sup> gɛa:s (2)	nf: / <sup>1</sup> gɛs/			
<sup>2</sup> çɛukaɛɛ (3)	nf: / <sup>2</sup> çukæɛ, <sup>2</sup> tykæɛ/			
<sup>2</sup> anɛa (4)	nf: / <sup>2</sup> anɛ /			
<sup>1</sup> næɛmast (4)	nf: / <sup>1</sup> næɛmest /			
<sup>2</sup> ota (5)	nf: / <sup>2</sup> ote /			
<sup>1</sup> ʃø:dn̩ (7)	nf: / <sup>1</sup> ʃø:ɛn/			
<sup>2</sup> ne:ɛanfoɛ (8)	nf: / <sup>2</sup> ne:dn̩foɛ /			

Ved eit raskt blick på den ovanståande tabellen ser vi at det er dei lokale formene som dominerer. Døma på lokale former i tabellen viser at informanten på mange måtar har eit nokså konservativt talemål – særleg gjeld dette leksikon. Den arkaiske forma med hiatus-hindrane lyd /<sup>1</sup>ʃø:dn̩/ (7) bruker informanten tre gonger. Truleg er dette ei form som er gått

inn i leksikon hjå informanten, systemet er ikkje gjennomført for alle hankjønnsord med utlydande stammevokal, men leksemet *sjø* er eit ord med nokså høg frekvens i daglegtale, og *d*-innskotet kan dermed bevarast her.<sup>86</sup>

Vi ser også at informanten bruker affrikat i framlyd. Også dette er eit språktrekk som er sjeldan i bruk i informantgruppa generelt. Elles ser vi at informanten har diftongering av *ei/e*-vokalismen, ho bruker forma /ota/ (5), ho bruker endinga *-ast* i gradbøying av adjektiv (4), og ho vel elles dei lokale variantane av leksemet der det finst nivellerte alternativ.

Informanten gjennomfører samsvarsbøying av adjektiv i vekslande grad. I linje 4 ser vi eit døme på samsvarsbøying i forma /anɔa/ som står til substantivet *palme* (f), medan i uttrykket /<sup>2</sup>venstɔɛ <sup>2</sup>jøɔna/ (1) blir adjektivet bøygd som om substantivet skulle vore eit hankjønnsord, men substantivet *hjørne* høyrer til ei lita gruppe svake inkjekjønnsord som har *a*-ending både i bestemt og ubestemt form i osmålet, medan bergensk har *e*-ending. Her bruker altså informanten den lokale endinga på substantivet, men samsvarsbøyer ikkje adjektivet tilsvarende.

Elles ser vi at informanten i eitt tilfelle bøyer hankjønnsordet *holme* som eit hokjønnsord i fleirtal (2). Å ta i bruk *e*-ending på fleirtalsbøying av hankjønnsord er noko fleire av informantane gjer, men det gjeld stort sett dei som har fått stor grad av *e*-ending i presens av *a*-verb (jf. underkap. 6.4.2). Informant 8 bruker konsekvent *a*-ending i presens av *a*-verb, og det finst heller ikkje andre belegg i materialet der ho byter om *a*-ending og *e*-ending i substantivbøyinga, ho har tvert imot eit svært konsekvent bøyingsmønster her. Det er dermed vanskeleg å tolka dette belegget – det kan vera at ho oppfattar *holme* som eit hokjønnsord, det kan vera eit einskilt døme på at ho har tendensar i retning av forenkling av bøyingsystemet, eller det kan rett og slett vera 'ein glipp'.

Heilskapsinntrykket av tekstutdraget er eit nokså konservativt talemål, men med ein del nivellerte innslag i bøyingsverket. Vi skal no sjå på eit tekstutdrag frå same informant 5 år seinare:

### Informant 8 2003

1. **nokɛ** eg <sup>2</sup>tʃi:vɛs me, **ɛlɛ** de <sup>1</sup>ska ʃɛ vɛɔ <sup>1</sup>oɔk te o go po <sup>1</sup>job **kvar** dag. aso <sup>1</sup>pɛɔanɛ foɔ
2. meg e ɔɛ de <sup>2</sup>viktɔastɛ, men de ska liksom, dɔ ska <sup>1</sup>gle: deg te o go po <sup>1</sup>job, dɔ ska ɔɛ
3. son dɛɔ, ɔf mo eg <sup>2</sup>joba **ein** time <sup>2</sup>o:vɔɔtid i <sup>1</sup>da:g, liksom, ska ʃɛ <sup>1</sup>ve:ɔ, de ska vɛɔ

<sup>86</sup> Når informanten fortel kva ho meiner om Bergen, bruker ho til dømes forma /byn/, ikkje /bydn/, som det ville heitt i eldre osmål.

4. **hælæk** son, ja eg ta<sup>1</sup>glat de, liksom, **hæilt**, de son de ska <sup>1</sup>væ:ɕ, **føle** <sup>1</sup>e:g do. so fo<sup>1</sup>  
 5. nu <sup>2</sup>p<sup>1</sup>reɲene **koma** <sup>1</sup>de:ɕetAɕ.  
 (Intervjuar: Har du hatt nokre sånne jobbar?)  
 6. <sup>1</sup>hitil? nei, egentli <sup>2</sup>iççe. eg <sup>2</sup>leita <sup>1</sup>fo<sup>1</sup>rsat. prøvd lit fo<sup>1</sup>ʃeli, [...] liksom ba<sup>1</sup>ɕe <sup>2</sup>p<sup>1</sup>ɕø:ve  
 7. o <sup>2</sup>feile nu liksom, fo<sup>1</sup>ɕ eg be<sup>1</sup>stemAɕ meg. <sup>2</sup>p<sup>1</sup>ɕø:ve o feile fo<sup>1</sup>ʃeli<sup>2</sup> <sup>2</sup>gr<sup>1</sup>eiAɕ o ka de go<sup>1</sup>  
 8. <sup>1</sup>æt po o.

Dersom vi begynner med å sjå etter belegg på dei seks språklege variablane her, finn vi teikn på endring frå førre tekstutdrag. På variablane PFE og INF ser vi at informanten veksler mellom lokale og nivellerte former. Vi finn ma. formene /føle/ (4) /be<sup>1</sup>stemAɕ/ (7) /<sup>2</sup>gr<sup>1</sup>eiAɕ/ (7) på PFE-variabelen, og vi finn formene /koma/ (5) og /<sup>2</sup>feile / (7) på INF-variabelen, i tillegg til den apokoperte infinitivsforma /væɕ/ (1), som også finst med trongare vokal som /væ:ɕ/ (3), den mest tradisjonelle uttalen. Også på variabelen FLB finn vi veksling mellom bøyning med den lokale forma *-ane* og den nivellerte forma *-ene* /<sup>1</sup>p<sup>1</sup>reɲane/ (1) og /<sup>2</sup>p<sup>1</sup>reɲene/ (5). Vi får altså inntrykk av eit nokså kraftig innslag av veksling mellom lokale og bergensstøtta nivellerte former.

Dersom ein ser heile tekstutdraget under eitt, er også vekslingspreget tydeleg. I byrjinga av utdraget er det mange lokale former, merka med feite typar, men i linje 6-8 endrar dette seg. Her skjer det ein overgang frå lokale former til ein gjennomgåande bruk av bergensstøtta nivellerte former. Dette er nokså typisk for vekslingsmønsteret til informanten. Enkelte setningar har overvekt av lokale former, i andre setningar er det overvekt av nivellerte former.

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
nokε (1)	nf: /nuε/	<sup>2</sup> t <sup>1</sup> ɕi:vεs (1)	If: / <sup>2</sup> t <sup>1</sup> ɕi:vεst/ / <sup>2</sup> t <sup>1</sup> ɕi:vst/	<sup>1</sup> væ:ɕ (1)	nf: / <sup>2</sup> væ:ɕε/ If: / <sup>2</sup> væ:ɕa/
εε (1)	nf: /εlAɕ /	<sup>2</sup> o:vAɕtid (3)	If: / <sup>2</sup> ø:veti/	<sup>1</sup> væ:ɕ (3)	nf: / <sup>2</sup> væ:ɕε/ If: / <sup>2</sup> væ:ɕa/
kvar (1)	nf: /væɕ, kvæɕ/	<sup>1</sup> de:ɕetAɕ (5)	If: / <sup>1</sup> de:ɕete/	ska ʃε (3)	nf: /ska çε/ If: /ska ççe/
<sup>2</sup> viktiaste (2)	nf: / <sup>2</sup> viktigste, <sup>2</sup> viktieste /				

## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

<sup>1</sup> hɛlɛɾ (4)	nf: <sup>1</sup> hɛlAɾ
<sup>1</sup> hɛilt (4)	nf: / <sup>1</sup> hɛ:lt/
<sup>2</sup> ic̥çɛ (6)	nf: / <sup>2</sup> içɛ /

I dette tekstutdraget ser det framleis ut som om dei lokale formene dominerer, men det som kanskje kjenneteiknar informanten mest, er graden av veksling mellom lokale og nivellerte former. Ein gjennomgang av dei lokale formene i tabellen kan illustrera dette. I tekstutdraget finst pronomenet /nokɛ / (1), i intervjuet tekstutdraget er henta frå, er fordelinga av formene /nokɛ / og /no:ɛ / om lag halvt om halvt. Når det gjeld superlativforma /<sup>2</sup>viktiaste / (2), er dette faktisk det einaste belegget i intervjuet på dei lokale endingane *-ast* og *-aste*. Elles i intervjuet vel ho konsekvent dei nivellerte endingane *-est* og *-este*. Vi finn eit døme på diftongering av *ei/e*-vokalismen i linje 4, men elles i intervjuet vekslar informanten mellom diftongerte og monoftongerte former. Informanten vekslar også mellom affrikat og frikativ slik belegga /<sup>2</sup>ic̥çɛ / (6) og /e çɛ/ (2) viser. Ved søk i heile intervjuet viser det seg at ho bruker frikativen /ç/ mykje, både i framlyd og i innlyd. Ho vekslar altså mellom /ç/ og /c̥ç/ i framlyd og i innlyd (i leksema *ikkje* og *mykje*), men brukar frikativen mest. Ho bruker også samantfallsforma, t.d. i belegget /ska ʃɛ/ (3). Ho har elles ulik vokal i endinga på dei to leksema *heller* og *deretter*. Ho bruker forma *kvar* (1) gjennomført gjennom heile intervjuet.

I tekstutdraget er det elles ei veksling mellom dei to apokoperte infinitivsformene /væɾ/ (1) og /vɛɾ/ (3). Den trongaste stammevokalen er den opphavlege lokale. Elles i intervjuet finst det også belegg på uapokoperte former av *vera* i infinitiv, både med den lokale *a*-endinga og den nivellerte *e*-endinga.

Informanten har altså endra talemålet sitt kraftig, men endringa har skjedd i form av ei større grad av *veksling* mellom nivellerte og lokale former. Dette skjer ved at nokre setningar inneheld hovudsakleg lokale former, medan andre har flest nivellerte former. Men andre stader i intervjuet finst det også døme på at informanten vekslar mellom svært tradisjonelle lokale former og svært bergensspesifikke former innafor ein og same setning, som i denne formuleringa:

/nu hæɾ eg ju spesielt **<sup>1</sup>ei venina** som <sup>1</sup>ty:tAɾ hele <sup>1</sup>ti:dŋ/

Som eg gjorde greie for i underkap. 6.4.1 og 6.4.2, ser bruken av den lokale *a*-endinga på HU-variabelen generelt i informantgruppa ut til å vera nokså utsett for nivellering, medan det

lokale *r*-bortfallet på PFE-variabelen held seg stabilt. Heller ikkje den nivellerte forma av HB-variabelen, som brukt i forma /<sup>l</sup>ti:dn/, ser ut til å dominera i materialet som heilskap. I setninga ovanfor er altså markerte lokale former og markerte nivellerte former plassert saman i ein og same setning. Eg kjem tilbake til ein analyse av variasjonsmønstra til denne informanten i underkap. 8.4.5.

### 8.4.3 Informant 27 – frå middels til høgt nivelleringsgjennomsnitt

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
27	1997	2,2 %	7,7 %	76,2 %	100,0 %	100,0 %	98,7 %	64,1 %
27	2001	59,4 %	100,0 %	94,7 %	97,7 %	100,0 %	99,4 %	91,9 %
27	2003	62,0 %	100,0 %	92,9 %	100,0 %	100,0 %	99,2 %	92,3 %

Tabell 8.7 Nivelleringsprosent for informant 27 i undersøkingsperioden, alle variablar

Informant 27 har i 1997 eit nivelleringsgjennomsnitt på 64,1, og skårar i denne fasen høgare enn informant 1 og informant 8 på dei fleste variablane. Han skårar svært høgt på pronomenvariabelen og på dei to *a*-målsvariablane (INF og HU), har ein nokså høg nivelleringsprosent på variabelen FLB, men har låg nivelleringsprosent på variabelen HB, særleg på variabelen PFE. Også denne informanten får ein kraftig auke i nivelleringsgjennomsnittet frå 1997 til 2001. Han har i 2001 samanlagt 91,9 prosent bergensstøtta nivellerte former, og har så godt som gjennomført nivellering på alle variablar med unntak av PFE-variabelen, der nivelleringsprosenten er på 59,4. Frå 2001 til 2003 held nivelleringsgjennomsnittet seg svært stabilt.

Så over til tekstutdraga – først utdraget frå intervjuet med informanten i 1997:

#### Informant 27 1997

1. oso, lit i <sup>2</sup>anβe jøβn av ækē dek e d en <sup>l</sup>βw:n <sup>l</sup>fugl. de betyβ eigentli iβe um an e
2. <sup>l</sup>βw:n, do mēn, de en <sup>l</sup>fugl dek. [...] nei, mæβ <sup>l</sup>mit po en <sup>l</sup>høyβe <sup>2</sup>jøβna. han hæk <sup>2</sup>vipe
3. o <sup>2</sup>hu:de o <sup>l</sup>βein. oso <sup>2</sup>ne:de i høyβe jøβne, dek e de <sup>l</sup>tu: <sup>l</sup>h:s. et <sup>l</sup>smɑ:lt o et βkēit hæs.
4. [...] neida, di e støke n <sup>l</sup>su:lu. <sup>2</sup>halpæktŋ so <sup>l</sup>stu:β so <sup>2</sup>εpletkēe. o di hæk <sup>l</sup>døk i vens-
5. ja, u<sup>l</sup>kēi, son, oso hæk di <sup>2</sup>vindæ. <sup>l</sup>et vindæ. po <sup>l</sup>kvækt <sup>l</sup>hæs. o i <sup>l</sup>melum di to <sup>l</sup>hu:sŋe e de
6. tu βlomstre. o <sup>2</sup>ne:de, <sup>l</sup>mit po ækē <sup>2</sup>ne:de, dær e de <sup>l</sup>tu: jente, ein <sup>2</sup>litu jente o ein lit
7. <sup>l</sup>støke jente, so hæk po seg <sup>2</sup>fu:lē. [...] o di hæk <sup>2</sup>ækma. o ret <sup>l</sup>fōβan di e de, eg træk
8. d e <sup>2</sup>ka:kē elē noke son. <sup>2</sup>ka:kē me <sup>l</sup>blo:bæk

Også her er det første tekstutdraget frå 1997, då informanten var 15 år. Dette tekstutdraget har ikkje så mange variabelbelegg, men vi ser at informanten vel den lokale forma av PFE-



8 Kartlegging av språklege endringsmønster

variabelen t.d. <sup>1</sup>vɪŋe / (2). Han bruker òg den lokale forma av HB-variabelen <sup>1</sup>su:lu / (4), men vel konsekvent den nivellerte forma av HU-variabelen / jente, <sup>2</sup>ka:kε / (6,8). Han er òg konsekvent i bruken av den nivellerte forma av PR-variabelen /de/ (2). Også dette tekstutdraget inneheld ein del andre språklege trekk som er verd å sjå nærare på.

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
<sup>1</sup> fugl (1)	nf: / <sup>1</sup> fæ:l /	<sup>2</sup> anɕε jøɕn av (1)	lf: / <sup>2</sup> anɕa jøɕn av/	iʃε (1)	nf: /içε / lf: /icçε /
<sup>1</sup> jøɕna (2)	nf / <sup>1</sup> jøɕnε/	<sup>1</sup> høyɕε (2)	<sup>1</sup> høɕε	eigentli (1)	nf: /eɣentli/ lf: /eɣentlε/
<sup>1</sup> kvaɕt (5)	nf: / <sup>1</sup> vεɕt / el. / <sup>1</sup> kvεɕt /	<sup>2</sup> hu:de (3)	lf: / <sup>2</sup> ho:ve /	høyɕε <sup>2</sup> jøɕna (2)	nf: /høyɕε, <sup>2</sup> jøɕnε/ lf: /høɕa <sup>2</sup> jøɕna/
truɕ (7)	nf: / truɕ/	<sup>2</sup> ne:de (3)	lf: / <sup>2</sup> ne:ɕε /	mæɕ (2)	nf: /me:ɕ/ lf: /meiɕ/
εε (8)	nf: / εlAɕ /	<sup>1</sup> stu:ɕ (adj pl) (4)	lf: / <sup>1</sup> stu:ɕε/	<sup>1</sup> bɕeit (3)	nf: / <sup>1</sup> bɕet / lf: / <sup>1</sup> bɕeit /
		<sup>1</sup> foɕan (7)	lf: / <sup>1</sup> fɕamfoɕ /	<sup>2</sup> blomstre (6)	nf: <sup>2</sup> blomstrAɕ lf: / <sup>2</sup> blomstra /, / <sup>2</sup> blo:ma /
				ein <sup>2</sup> li:tu jente (6)	nf: /en <sup>2</sup> li:tɿ jente/ lf: /ei <sup>2</sup> li:to jenta/

Dei lokale formene i tabellen er stort sett av den leksikalske typen (*trur*(7), *kvaɕt*(5), *fugl*(1)). Elles har konjunksjonen /εε/ (8) *r*-bortfall. Den bergensstøtta nivellerte forma har *r*-ending, og vekslinga minnar dermed om vekslinga på PFE-variabelen. Informanten bruker også lokal *a*-ending på /jøɕna/ (2), jf. kommentar for informant 8.

Også mange av dei nivellerte belegga er leksikalske. Elles handlar det her om manglande samsvarsbøying – forma /anɕε/ (1) følgjer det bergenske systemet for svak adjektivbøying med samanfall i alle kjønn. I osmålet har adjektiv som står til hankjønnord *e*-ending, medan endinga i hokjønn og inkjekjønn er *-a*. Også forma /<sup>1</sup>stu:ɕ/ (4) viser manglande samsvarsbøying, også her følgjer informanten det bergenske systemet, med eintalsform av adjektiv også i fleirtal i predikativ stilling.

Til slutt skal vi sjå på det som er plassert under *andre former*. Det første belegget her er forma /iʃε/ (1), som viser at også informant 27 har fått samanfall mellom /ç/ eller /cç/ og /ʃ/. Hjå informant 27 finst det ingen belegg i teksten på former med affrikat – han har nokre

belegg med frikativten /ç/, men flest samanfallsformer. Elles finst det òg eit døme på manglande samsvarsbøying i uttrykket /høyɔɛ ²jønna/ (2) – på same måte som informant 8 bruker informant 27 den lokale substantivbøyinga for inkjekjønnsordet *hjørne*, men utan samsvarsbøygde adjektiv. Det neste belegget er forma /eigentli/ (1) - ei blandingsform der det mest interessante faktisk er at informanten bruker diftong i vokalismen. På akkurat dette leksemet har dei aller fleste informantane fått monoftongering. Dette kan dermed eigentleg reknast som ei nokså markert lokal form, men kombinert med endinga *-li* må det likevel karakteriserast som ei blandingsform. Elles finn vi her forma /mæɪ/ (2), ei slags mellomform mellom den diftongerte osforma /meiɪ/ og det monoftongerte bergensalternativet /mɛ:ɪ/. Denne forma er nokså mykje brukt hjå mange av informantane.<sup>87</sup> Det neste belegget vi legg merke til er forma /¹bɛi:t/ (3). Eg har her markert diftongen med lengdeteikn, for å markera at denne forma er temmeleg uvanleg. Bergensforma er /¹bɛt/, og på Os har det eldre målet /¹bɛi:t/ med kort diftong medan det yngre osmålet har diftongforenkling og bruker den same forma som i bergensk. /¹bɛi:t/ kan ein då oppfatta som ein hyperkorreksjon mot diftongen i osmålet, eller som ein del av eit forenkla system der den lange diftongen i adjektiv framfor hankjønns- og hokjønnsord blir ståande, og det einaste som skjer framfor inkjekjønnsord, er at *r*'en kjem til, utan at vokalen av den grunn blir kort. Neste belegg er forma /²blomstre/ (6). Dette er også eit døme der tolkinga er litt usikker. Det er nemleg fullt mogleg å bruka denne forma i bergensk. Bøyinga av dette ordet er litt annleis enn hovudregelen, som seier at alle substantiv i fleirtal ubestemt form skal ha *ar*-ending. Det er likevel ikkje sikkert at det er denne regelen informanten har følgd, det kan like gjerne gjerne vera ein annan regel som vi kan formulera på følgjande måte: *Substantiv i flt. ub. skal ikkje ha r-ending. Utlydsvokalen kan vera -e og av og til -a*. Informant 27 er nemleg slett ikkje konsekvent på å bruka *a*-ending i hankjønnsord av *ar*-klassen, men han bruker aldri *r*-ending. Det siste belegget i denne kategorien er konstruksjonen /ein ²li:tu jentɛ/, som ein del av setninga /ein li:tu ²jente o ein lit ¹støɛ jentɛ/ (6). Her ser vi at determinativen /ein / står til /jentɛ/, der forma /ei/ hadde vore den 'korrekte'. Denne setninga er i det heile prega av systemblanding. Adjektivet i setninga, som står til eit substantiv som informanten gjev hankjønnsartikkel, står i

<sup>87</sup> I materialet frå 2001 viste det seg at om lag halvparten av belegga på leksema *meir* og *fleire* i informantgruppa blei realisert som /mœ:ɪ, flœ:ɪ/.

hokjønnsform – ei form som er forholdsvis lite frekvent, i og med at ho berre gjeld nokre få adjektiv. Ordet /jente/ blir brukt tre gonger i setninga, og er bøygd likt alle tre gongane. Vel og bra, bortsett frå at det første belegget er ei fleirtalsform og dei to siste eintal, og både bergensk og osmål skil mellom eintal og fleirtal. Osmålet har formene /jenta/ (eint.) og /jente/ (flt.), og bergensmålet har formene /jente/ (eint.) og /jentAʁ/ (flt.). I formuleringa i tekstutdraget er altså eintalsforma frå bergensk og fleirtalsforma frå osmål. Det verkar kanskje forvirrande, men det føyer seg perfekt inn i systemet vi skimtar hos denne informanten, og som vi har sett er eit vanleg mønster – presens- og fleirtalsendinga har *r*-bortfall, medan infinitiv og hokjønn ubestemt form har fått reduksjon av den trykklette endingsvokalen.

Som førebels oppsummering kan vi seia at systemet hjå informant 27 i 1997 ikkje er så reint ulikt det vi såg hjå informant 1 i 2003. Det er mange blandingsformer og mange bergensstøtta nivellerte former, men nivelleringane er ikkje markert bergenske. Heller ikkje hjå informant 27 finn vi endings-*r*, felleskjønn eller monoftongering, men *e*-målet er gjennomført, og vi finn mange døme på systemblanding av den meir systematiske typen. Ei samanlikning av informant 1 og informant 27 kjem eg tilbake til i underkap. 8.4.5.

### Informant 27 2003

1. der hæʁ dæ lisom, dæ hæʁ lisom en<sup>1</sup> feles<sup>2</sup> mama foʁ ale<sup>1</sup> samæn. siAʁ nu e de
2. /frukost, go o /spis, nu e de lʰønʃ, go o /spis, vask <sup>1</sup>golʁe her, ʁe lʰeʁen. [...]
3. ja, de va lisom næstɿ bæʁe som o flyte in i en<sup>1</sup> a:n<sup>1</sup> stu:ʁ fa'mi:liε, dæ foʁ<sup>2</sup> pɛɿAʁ, dæ
4. lʰe:t, bliʁ foʁ<sup>1</sup>ta:lt ka du ska<sup>2</sup> jø:ʁe so do. [...]
5. elAʁ i lʰeʁfal noʁ eg kom po ʁe<sup>1</sup>kʁʉtskuʁ, so va eg ju, kom eg lʰin me lisom, fεm
6. lʰseks av kumpisɿε mine lʰεʁfka. kom<sup>2</sup> samtidi in me meg. so vi va po same flye o
7. hele<sup>2</sup> paken, so de, so do<sup>2</sup> hade eg ju, elAʁ eg mote foʁ<sup>1</sup>hole meg te<sup>2</sup> mase folk eg iʃε
8. <sup>2</sup>ʃente, men eg<sup>2</sup> hade lisom en<sup>1</sup> de:l som eg<sup>2</sup> ʃente fra lʰø:ʁ, do. so juʁε de<sup>2</sup> letAʁε.
9. men do nor eg kom op te [stadnamn], lʰdo: va de iʃε mane<sup>2</sup> ʃente, eg kom me lʰtu: fra
10. same lʰtrop so meg, men eg<sup>2</sup> ʃente di egentli<sup>2</sup> iʃε.

Kva har så skjedd med talemålet til informant 27 i 2003? Vi kan begynna med å sjå etter belegg på dei seks språklege variablane. Alle variabelbelegga i tekstutdraget er i bergensstøtta nivellert form, også dei to belegga på PFE-variabelen / siAʁ, <sup>2</sup>pɛɿAʁ/(1, 3), der den innleiande tabellen viste at informanten vekslar mellom lokal og nivellert form. Vi finn elles nivellerte belegg på variablane *pronomen* / de / (1), *hokjønn bestemt form* lʰseʁen / (2), *infinitiv* / flyte / (3), *fleirtal bestemt form* / kumpisɿε / (6).

8 Kartlegging av språklege endringsmønster

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
<sup>1</sup> golvε (2)	nf: / <sup>1</sup> gʊlvε /	<sup>1</sup> fru:kost (2)	lf: / <sup>1</sup> frʊ:kost /	<sup>2</sup> iʃε (7)	nf: / <sup>2</sup> içε /
		<sup>1</sup> spi:s (2)	lf: / <sup>1</sup> et /	<sup>2</sup> ʃente (8)	lf: / <sup>2</sup> iççε /
		ʌε (2)	lf: /ʌei /		nf: / <sup>2</sup> çente /
		<sup>1</sup> ve:t (4)	lf: / <sup>1</sup> veit /		lf: / <sup>2</sup> ççente /
		<sup>2</sup> jø:ʌε (4)	lf: / <sup>2</sup> je:ʌα /		
		eɫAʌ (5)	lf: / εɫε /		
		ʌe <sup>1</sup> kʌʌtskuɫ (5)	lf: /ʌe <sup>1</sup> kʌʌtskuɫ /		
		for <sup>1</sup> hole (7)	lf: / for <sup>1</sup> hala /		
		fra (8)	lf: / fro /		

Når vi så går over til dei andre belegga vi finn i tekstutdraget, ser vi at det også her teiknar seg eit bilete av eit språkssystem som er dominert av bergensstøtta nivellerte former.

I tabellen er dei aller fleste belegga kategoriserte som bergensstøtta nivellerte former. Dei to unnataka er den lokale forma /<sup>1</sup>golvε / (2), som er leksikalsk, og bruken av samantfallsfonemet /ʃ/ både i framlyd og innlyd, kategorisert som *andre former*. Dette samantfallet mellom fonema /ç/ eller /çç/ og /ʃ/ dominerte hjå informanten allereie i 1997, som kommentert ovanfor.

Resten av formene er kategoriserte som bergensstøtta nivellerte former. Det finst fleire døme på monoftongering av *ei*-vokalismen i tekstutdraget, døme på dette er: /ʌε/ (2) og /<sup>1</sup>ve:t / (4). Monoftongering av *ei/e*-vokalismen er eit fenomen som er nokså bergensspesifikt, og må dermed reknast som ei nivellering som er markert i bergensk retning, på same måte som *r*-endinga i presens og i substantiv er det (jf. underkap. 6.4.1). Vi ser elles at forma /εɫε/ som informanten brukte i 1997 er erstatta av forma /eɫAʌ/ (5). Dette kan truleg sjåast i samanheng med den auka bruken informanten har i same periode av endings-*r* på PFE-variabelen. Dei andre nivellerte belegga har å gjera med leksikalske skilnader mellom osmålet og bergensmålet.

I tekstutdraget frå 2003 finn vi altså nesten berre bergensstøtta nivellerte former, også av den typen som er spesifikt og markert bergenske, som monoftongering, felleskjønn og *r*-ending i presens og fleirtal av substantiv.

## 8.4.4 Informant 2 – reduksjon i nivelleringsgjennomsnitt

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
2	1997	89,7 %	88,9 %	93,3 %	66,7 %	100,0 %	100,0 %	89,8 %
2	2001	10,4 %	28,6 %	50,0 %	62,5 %	85,7 %	97,9 %	55,8 %
2	2003	54,3 %	33,3 %	61,5 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	74,9 %

Tabell 8.8 Nivelleringsprosent for informant 2 i undersøkingsperioden, alle variablar

Informant 2 hadde i 1997 eit samanlagt nivelleringsgjennomsnitt på 89,8 – eit tal som er nokså høgt. Det høge nivelleringsgjennomsnittet fordeler seg nokså jamt på alle variablane, med unnatak av infinitivsvareblen, der om lag ein tredjedel av belegga blir realisert som lokal form. På PR-vareblen og HU-vareblen har informanten berre bergensstøtta nivellerte former. I 2001 har nivelleringsgjennomsnittet gått tilbake til 55,8. Det er PFE-vareblen og HB-vareblen som har hatt den kraftigaste nedgangen, men også på FLB-vareblen er talet på nivellerte former nesten halvert. I 2003 har nivelleringsgjennomsnittet auka igjen, men berre til 74,9. Det er særleg PFE-vareblen som bidreg til auken, på dei andre variablane er det ikkje store endringar mellom 2001 og 2003. Informant 2 går altså gjennom både ein kraftig reduksjon i nivelleringsgjennomsnitt, og så i neste omgang ein nokså kraftig auke. Eg vil difor kommentera tekstutdrag frå alle intervjua eg har gjort med informanten, både i 1997, 2001 og 2003. Kva kan så tekstutdraget frå 1997 fortelja oss?

## Informant 2 1997

1. oso <sup>1</sup>mit po <sup>1</sup>æke, lit te <sup>1</sup>høyve <sup>2</sup>upe, so e de en <sup>1</sup>fu:l. so <sup>1</sup>fly:ɔ. [...] hæɔ <sup>2</sup>hu:de o <sup>1</sup>neb
2. tu <sup>2</sup>vijAɔ o tu <sup>1</sup>bein. oso <sup>1</sup>nede i <sup>1</sup>venstre <sup>2</sup>jøkna so e <sup>1</sup>de et <sup>1</sup>stu:ɔt <sup>1</sup>tæ me <sup>1</sup>sæks
3. <sup>2</sup>epIæ po, so e de <sup>1</sup>sæks <sup>2</sup>rø:ε <sup>2</sup>epIæ po. ja, oso <sup>1</sup>nede i <sup>1</sup>høyve <sup>2</sup>jøbne so e de tu
4. <sup>2</sup>sauAɔ, di hæɔ <sup>2</sup>fi:ɔe <sup>1</sup>bein, bege tu. [...] o so <sup>1</sup>mit po <sup>1</sup>æke, <sup>1</sup>heilt <sup>1</sup>nedeɔst, e d en <sup>1</sup>bal
5. me <sup>2</sup>fi:ɔe <sup>2</sup>pɔikAɔ po. o so <sup>2</sup>orvafɔɔ dæɔ so sɔɔ <sup>1</sup>de ut so <sup>1</sup>meg o <sup>1</sup>deg. en <sup>2</sup>litη <sup>2</sup>jente
6. me <sup>1</sup>ɔt <sup>1</sup>ho:ɔ o en <sup>1</sup>stu:ɔt <sup>2</sup>jente me <sup>1</sup>ly:st ho:ɔ. oso hæɔ di <sup>2</sup>fu:l me <sup>2</sup>stɔi:pAɔ po. oso
7. <sup>2</sup>smi:lAɔ di, oso hæɔ di <sup>1</sup>ε <sup>2</sup>ne:se. [...] oso e de son <sup>1</sup>blo: <sup>2</sup>himel son <sup>1</sup>heilt <sup>2</sup>upi, liksom,
8. son <sup>1</sup>tyn <sup>2</sup>kɔlɔgɔeAɔ.

I tekstutdraget frå 1997 er det mange belegg på PFE-vareblen. Dei fleste av dei er realiserte som nivellert form, t.d. <sup>2</sup>smi:lAɔ / (7) <sup>2</sup>pɔikAɔ / (5), medan <sup>2</sup>epIæ / (3) er eit døme på bruk av den lokale forma av PFE-vareblen. Informanten bruker den nivellerte forma av HU-vareblen, t.d. <sup>2</sup>jente / (5), og bruker også konsekvent den nivellerte forma av PR-vareblen. Dei andre variablane er ikkje representerte i tekstutdraget.

Lokale former	Bergensstøtta nivellerte former	Andre former
<sup>2</sup> jøʁna (2)    nf: / <sup>2</sup> jøʁnɛ/	<sup>1</sup> høyʁɛ (1)    lf: / <sup>1</sup> høʁɛ/	<sup>2</sup> venstre <sup>2</sup> jøʁna (2)    nf: / <sup>2</sup> venstre <sup>2</sup> jøʁnɛ/ lf: / <sup>2</sup> venstra <sup>2</sup> jøʁna/
<sup>2</sup> o:vafoʁ (5)    nf: / <sup>2</sup> o:vɛnfɔʁ/	<sup>1</sup> fū:l (1)    lf: / <sup>1</sup> fūgl, <sup>1</sup> fūʁl/	<sup>2</sup> rø:ɛ <sup>2</sup> ɛplɛ (3)    nf: / <sup>2</sup> rø: <sup>2</sup> ɛplɔʁ/ lf: / <sup>2</sup> rø:ɛ <sup>2</sup> ɛplɛ/
<sup>1</sup> heilt (7)    nf: / <sup>1</sup> hɛ:lt/	<sup>2</sup> hu:de (1)    lf: / <sup>2</sup> hø:vɛ /	iʃɛ (7)    NF: / içɛ/ LF: /iççɛ/
	nede (2)    lf: /nɛʁɛ/	<sup>2</sup> ʃu:lɛ (6)    NF: / <sup>2</sup> çu:lɛ/ LF: / <sup>2</sup> ççu:lɛ/
	<sup>2</sup> jøʁnɛ (3)    lf: / <sup>2</sup> jøʁna /	
	<sup>2</sup> fū:ʁɛ (4)    lf: / <sup>2</sup> fū:ʁɔ /	
	<sup>1</sup> hɛ:lt (4)    lf: / <sup>1</sup> heilt/	
	en <sup>2</sup> li:tɿ <sup>2</sup> jɛntɛ (5)    lf: /ɛi <sup>2</sup> li:tɿ <sup>2</sup> jɛntɔ/	
	nɛ:sɛ (7)    lf: /nɑ:sɛ /	

I tabellen ser vi at dei nivellerte formene dominerer biletet. Dei få døma på lokale former som finst i tabellen, opptrer i veksling med nivellerte former – såleis finn vi både nivellerte og lokale realisasjonar av ei/e-vokalismen, som til dømes vekslinga mellom /<sup>1</sup>heilt/ (7) og /<sup>1</sup>hɛ:lt/ (4). Også bøyingsendinga på leksemet /<sup>2</sup>jøʁna/ (2) vekslar mellom den lokale *a*-endinga og den nivellerte *e*-endinga. Leksemet /<sup>2</sup>o:vafoʁ / (5) er eit sjeldsynt døme på bruk av lokale leksem – elles viser lista over nivellerte former at informanten stort sett vel nivellerte leksem der den lokale og den nivellerte forma skil seg frå kvarandre. Døma er mange – både leksema /<sup>1</sup>høyʁɛ/ (1) /<sup>1</sup>fū:l / (1) /<sup>2</sup>hu:de / (1) /nede / (2) og /nɛ:sɛ/ (7) viser dette. Elles viser dømet /en <sup>2</sup>li:tɿ <sup>2</sup>jɛntɛ/ (5) at informanten bruker bergensk felleskjønn, også i ubestemt form. Vi ser elles at informanten bruker samanfallsfonemet /ʃ/ i både framlyd og innlyd.

Under 'andre former' finn vi to tilfelle som gjeld samsvarsbøying. I det eine tilfellet samsvarsbøyer informanten adjektivet *raud* med substantivet *eple*, i det andre tilfellet samsvarsbøyer ho ikkje adjektivet *venstre* med substantivet *hjørne*.

### Informant 2 2001

- ju. <sup>2</sup>ʃɛmpɛtɛrist. d e liksom, d e <sup>2</sup>manɿn du iʃɛ foʁ set i<sup>1</sup>en. **ɛlɛ** <sup>2</sup>u:tɿnum, vi ska ju ha
- son <sup>2</sup>samling, do, men utɿnum <sup>1</sup>de: so, nei *de* va <sup>2</sup>ʃɛmpɛtɛrist, men *de* va **sikɛʁt** <sup>2</sup>endo
- vɛʁɛ noʁ <sup>2</sup>alɛ skū *ɛɛisɛ* siste <sup>1</sup>da:gen, *fik* ju iʃɛ <sup>1</sup>e:g vɛʁt me po, do. sant, so eg va

4. liksom, eg va den <sup>2</sup>siste so <sup>2</sup>βεiste do, for liksom <sup>2</sup>ale reiste <sup>1</sup>fø:ε meg, oso, ja ja, va
5. nu eg ijen po <sup>2</sup>skū:l dεε eg. noε <sup>2</sup>ale skū βεise <sup>2</sup>samtidi va de sikεεt <sup>2</sup>gvi:niŋ o
6. <sup>2</sup>hy:liŋ o. so eg foε nu be<sup>1</sup>sø:k av ei po, siste <sup>2</sup>u:kɑ i <sup>1</sup>jū:li, **kome hu** <sup>1</sup>hit po be<sup>1</sup>sø:k te
7. meg.

I 2001 har nivelleringsgjennomsnittet til informanten falle nokså mykje. Tekstutdraget viser døme på variabelbruken som ligg til grunn for dette – vi ser at informanten vel den lokale forma /komε/ (6) på PFE-variabelen. På INF-variabelen og PR-variabelen vel informanten bergensstøtta nivellerte former i tekstutdraget som i døma /βεise / (3) og <sup>1</sup>de:/ (2), medan ho vel den alternativt nivellerte forma på HB-variabelen som i dømet i linje 6. Dette gjer ho nokså ofte – av dei 7 belegga på denne variabelen i 2001 blei 2 realiserte som lokal form, 2 som bergensstøtta nivellert form og 3 som alternativt nivellert form.

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
εε (1)	nf: /εlAε/	fik (3)	lf: /fεk /	iʃε (1)	nf: /içε/ lf: /icçε/
sikεεt (2)	nf: / sikAεt/	vεεt (3)	lf: / voεε/		
<sup>2</sup> skū:l (5)	nf: / <sup>2</sup> sku:l /				
hu (6)	nf: /hun /				

Vi ser at også utanom dei seks språklege variablane har det lokale preget forsterka seg i tekstutdraget frå 2001 samanlikna med 1997. No også gjeld det først og fremst leksikon, men også endinga i leksema /εε / (1) og endingsvokalen i leksemet / sikεεt / (2) gjer det lokale preget tydelegare. At informanten bruker den bergensstøtta nivellerte forma / vεεt/ (3), har ho nok til felles med dei fleste i sin generasjon i Os, medan realisasjonen /fik/ (3) kanskje i større grad signaliserer eit nivellert preg. Bruken av samanfallsfonemet /ʃ /, plassert under 'andre former' er stabil, søk i heile intervjuet viser at informanten bruker samanfallforma konsekvent, både i framlyd og i innlyd (i leksema *ikkje* og *mykje*).

### Informant 2 2003

1. vi ska <sup>2</sup>skbi:ve en <sup>2</sup>skbiftli so ska *levebes* <sup>1</sup>in, so ska vi *pbesen<sup>1</sup>te:εε* de <sup>2</sup>muntli. **εεε**
2. um vi ska, nei eg <sup>1</sup>vet ʃε um vi ska *pbesen<sup>1</sup>te:εε* <sup>2</sup>dene muntli, men vi haε <sup>1</sup>jurt de
3. me ale di <sup>2</sup>anβε, do. vi haε son <sup>2</sup>fargεpυfεkt dεε vi skūle ta, vi haε sone



## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

4. <sup>2</sup>dukeħude do, skū vi liksom <sup>2</sup>farge di i <sup>1</sup>tu: for<sup>1</sup>felie <sup>2</sup>farge, so sku vi *lage* en <sup>1</sup>klip so
5. <sup>2</sup>paste te den <sup>2</sup>faengen, do. so skū vi *skrive* liksom ku<sup>1</sup>dan vi juke <sup>2</sup>dete o <sup>1</sup>kufuē o son
6. ħeē, so, <sup>2</sup>teine de o son, ja. <sup>1</sup>den p̄esenterte vi **ħeħeē** iſe muntli, **trūē** eg. men <sup>1</sup>so:
7. ħade vi en son <sup>1</sup>p̄raktisk <sup>2</sup>ḡeie um ba<sup>1</sup>uken, do. so do lagte vi <sup>2</sup>ho:ħf̄isyre o, nei
8. eŋkli, vi va <sup>1</sup>tu: **styke** so va po <sup>2</sup>ḡuē do, o **hu** lagte son ba<sup>1</sup>okħf̄isyre po meg, so do
9. mote eg <sup>2</sup>so:ve me den um **ħatu**. de va **ħeilt** <sup>2</sup>ḡu:somt, eg ħaē <sup>2</sup>alki sovd so dorli i
10. mit <sup>1</sup>li:v, **ħeilt** son dēē <sup>1</sup>sti:ft, sant.

I tekstutdraget frå 2003 er det eine belegget på PFE-variabelen realisert som alternativt nivellert form – hankjønnsordet *farge* blir bøygd /<sup>2</sup>farge/ (4) i fleirtal, etter mønster frå hokjønnsendinga. Dette fenomenet har vi også sett døme på både hjå informant 27 og informant 8. HU-variabelen og INF-variabelen blir realiserte med nivellert form, og det same gjeld PR-variabelen, medan HB-variabelen blir realisert med den lokale endinga i belegget /<sup>1</sup>ħatu/ (9). Av dei ni belegga på denne variabelen i 2003 blei 4 realiserte som lokal form, 3 som bergensstøtta nivellert form og 2 som alternativt nivellert form.

Lokale former		Bergensstøtta nivellerte former		Andre former	
elēē (1)	nf:/ elAē/	leveēes (1)	lf:/ leveēast	iſe (6)	nf:/ içē / lf:/ içē/
<sup>1</sup> ħeħeē (6)	nf:/ <sup>1</sup> ħeħAē/			sovd (7)	NF:/ sovet/ LF:/ sove/
trūē (6)	nf:/ truē/			<sup>2</sup> dukeħude (6)	NF:/ <sup>2</sup> dukeħudAē/ LF:/ <sup>2</sup> dokēhove/
hu (8)	nf:/ ħun				
<sup>1</sup> ħeilt (9)	nf:/ <sup>1</sup> ħe:lt/				

I tabelloversikta ovanfor er førsteinntrykket at dei lokale formene framleis er i fleirtal. Dei lokale formene i tabellen viser døme på diftongering av *ei/e*-vokalismen, lokal vokalrealisasjon av leksem av typen / elēē/ (1), og nokre leksikalske trekk. Informanten bruker den lokale forma /ħu / (8) konsekvent gjennom heile intervjuet, men vekslar mellom formene /trūē/ (6) og /tru/, med overvekt på den bergensstøtta nivellerte varianten. Den eine bergensstøtta nivellerte forma i tabellen er ein passiv som blir realisert med nivellert ending; /leveēes/ (1). Elles ser vi, i kategorien *andre former* at informanten framleis bruker

samanfallsfonemet /ʃ/ i innlyd, som i /iʃε/ (6), og søk i intervjuet elles viser at samanfallet er konsekvent også i framlyd.<sup>88</sup> Ho bøyer det sterke verbet *sova* som svakt, og bruker dei bergensstøtta nivellerte leksema /<sup>2</sup>duke / og /hude / (4) saman med den lokale PFE-bøyingsendinga.

Informant 2 starta altså i 1997 med eit høgt nivelleringsgjennomsnitt, følgt av ein kraftig reduksjon i 2001, før nivelleringsgjennomsnittet auka til eit nivå til eit nivå midt mellom dei tidlegare. I 1997 var mange av dei bergensstøtta nivellerte formene bergensspesifikke. Ho hadde til dømes mykje monoftongering, og brukte i stor grad den bergensstøtta nivellerte forma av HB-variabelen. Elles nytta ho den bergensstøtta nivellerte forma av PFE-variabelen mykje, og hadde mange ikkje-lokale leksem. I 2001 og 2003 har dette endra seg ein del, bruken av dei bergensspesifikke former er redusert. Informanten vekslar likevel gjennom heile undersøkingsperioden mellom lokale former og bergensstøtta former av både den bergensspesifikke og den meir alment utbreidde typen, sjølv når nivelleringsgjennomsnittet er som lågast.

#### 8.4.5 Talemåsendring etter felles mal?

Eg har no gått gjennom tekstutdrag frå fire informantar som alle har endra talemålet nokså mykje i undersøkingsperioden.<sup>89</sup> Analysen av tekstutdraga har vist at det ser ut til at endringar av nivelleringsprosent på dei seks språklege variablane blir følgde av ein del andre endringar i språkssystemet hjå informantane.

Å gå ned på detaljnivå på denne måten, gjer at ein lett kan koma i skade for å generalisera for mykje. Er det noko tekstgjennomgangen har vist, så er det korleis informantane, uavhengig av lokal eller nivellert dominans, vekslar mellom lokale og nivellerte former på ulike måtar og slik konstruerer sitt eige individuelle uttrykk. Det er særleg ei av informantane, informant 8, som skil seg ut frå dei andre tre i måten ho kombinerer lokale former, bergensstøtta nivellerte former og andre former. Dette skal eg koma tilbake til om litt, men først vil eg presentera det som kan sjå ut til å vera eit hovudmønster for språkleg endring hjå informantane.

---

<sup>88</sup> Forma *mykje* bruker informanten ikkje i 2003, bruken av *mye* er gjennomført. Denne dominerte kraftig også i 2001, men her fanst det altså døme på bruk av *mykje* også.


<sup>89</sup> Det er sjølvstøtt på ingen måte sikkert at det dreier seg om språkending i tydinga 'permanent endring av språkssystem'. Det kan like gjerne tenkjast at informantane har eit stort språkleg repertoar som dei bruker ulike delar av til ulike tider. Sjå diskusjon av denne problemstillinga i 10.1.3.

*Auke og reduksjon i nivelleringsgjennomsnitt – etter same mønster?*


Både informant 1 og informant 27 har hatt ein kraftig auke i nivelleringsgjennomsnitt gjennom undersøkingsperioden, men frå eit ulikt utgangspunkt. I 1997 hadde informant 1 berre 17,8 prosent nivellerte former, medan informant 27 hadde 64,1 prosent nivellerte former same året. Begge informantane går gjennom ein kraftig auke i undersøkingsperioden. I 2003 er det informant 1 som har eit nivelleringsgjennomsnitt på over 60 prosent (66,1), medan informant 27 har auka til heile 92,3 prosent nivellerte former. På ein måte kan ein altså seia at informant 1 er landa på det nivået der informant 27 begynte i 1997, og det kan dermed vera interessant å samanlikna endringsprosessen hjå dei to informantane for å finna eventuelle likskapar og skilnader.

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1	1997	0,0 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	0,0 %	92,6 %	17,8 %
1	2001	0,6 %	90,0 %	80,8 %	89,4 %	100,0 %	94,1 %	75,8 %
1	2003	1,4 %	21,1 %	83,3 %	93,6 %	100,0 %	97,3 %	66,1 %
27	1997	2,2 %	7,7 %	76,2 %	100,0 %	100,0 %	98,7 %	64,1 %
27	2001	59,4 %	100,0 %	94,7 %	97,7 %	100,0 %	99,4 %	91,9 %
27	2003	62,0 %	100,0 %	92,9 %	100,0 %	100,0 %	99,2 %	92,3 %

**Tabell 8.9 Nivelleringsprosent for informant 1 og informant 27 i undersøkingsperioden, alle variablar**




**Figur 8.5 Nivelleringsprosent for informant 1 i undersøkingsperioden, alle variablar**



Figur 8.6 Nivelleringsprosent for informant 27 i undersøkingsperioden, alle variablar

Vi kan begynna med å sjå på informant 27 sine variasjonsmønster i 1997. Det som trekte ned nivelleringsgjennomsnittet hjå denne informanten i 1997, var realisasjonen av PFE-variabelen, der han nesten konsekvent brukte varianten utan endings-*r*. Også på HB-variabelen hadde informanten ein svært låg nivelleringsprosent, medan han på begge *a*-målsvariablane (INF, HU), på FLB-variabelen og på PR-variabelen hadde ein høg nivelleringsprosent.

Informant 1 hadde i 1997 nesten ikkje nivellerte former andre stader enn på pronomenvariabelen, medan han i 2003 har fått ein nokså høg nivelleringsprosent på alle variablane med unntak av PFE-variabelen. Korleis samsvarer så informant 1 sin variabelfordeling i 2003 med den informant 27 hadde i 1997?




Figur 8.7 Samanlikning av endringsmønster informant 1 og informant 27

Informant 1 si variantfordeling i 2003 liknar svært på informant 27 si variantfordeling i 1997. Han har fått svært høg nivelleringsprosent på *a*-målsvariablane og på FLB-variabelen, medan han på PFE-variabelen held nokså konsekvent på realisasjon utan endings-*r*. På HB-

variabelen har han også, på same måte som informant 27 i 1997, svært låg nivelleringsprosent.

Det ser altså ut som om informant 1 og informant 27 følgjer den same vegen mot eit talemål med auka grad av nivellering. Dette er ikkje minst interessant om ein koplar det mot diskusjonen i underkap. 6.4.1 om kva lingvistisk og sosial markertheit har å seia for språkendringsprosessen.

Kva så med informant 2, som har eit endringsmønster som går i motsett retning av informant 1 og 27?




Figur 8.8 Nivelleringsprosent for informant 27 i undersøkingsperioden, alle variablar

Informant 2 har i 1997 heile 89,8 prosent nivellerte former samanlagt, og har ein jamt over høg nivelleringsprosent på alle variablane. Den lågaste nivelleringsprosent har ho på INF-variabelen, noko som er nokså uvanleg. I 2001 har informanten endra talemålet i motsett retning av dei to andre, og har fått eit nivelleringsgjennomsnitt som er lågare enn begge dei to andre. Ho har framleis ein høg nivelleringsprosent på pronomenvariablene, og til dels også på *a*-målsvariablane INF og HU, men nivelleringsprosenten på FLB-variabelen er gått ned til 50 prosent, på HB-variabelen til 28,6 prosent, og på PFE-variabelen er nivelleringsprosenten nede i 10,4. I 2003 har informanten auka nivelleringsgjennomsnittet nokså kraftig frå innsamlingsfasen i 2001. Ho er no samanlagt oppe igjen i eit nivelleringsgjennomsnitt på 74,9, og plasserer seg dermed midt mellom det nivået ho låg på i 1997 og den nokså kraftige reduksjonen i 2001. Dersom vi ser på kvar enkelt variabel, finn vi at auken i nivelleringsprosent er nokså jamt fordelt på dei ulike variablane. På variabelen *presens- og fleirtalsending* (PFE) går ho frå 10,4 prosent til 54,3 prosent nivellerte former. Nivelleringsnivået på denne variabelen i 1997 var på 90 prosent, så denne variabelen ser altså ut til å vera utsett for endring hjå denne informanten. Også på dei to *a*-målsvariablane er


auken tydeleg, her bruker ho så godt som konsekvent bergensstøtta nivellerte former i 2003, faktisk endå meir gjennomført enn i 1997. Når det gjeld HB-variabelen og FLB-variabelen er auken mindre kraftig, og ho nærmar seg ikkje nivelleringsnivået frå 1997 på desse variablane. Pronomenvariabelen held seg stabilt høg.

Endringsretninga hjå informant 2 er annleis enn hjå informantane 1 og 27, noko diagrammet nedanfor kan illustrera:



Figur 8.9 Ei samanlikning av endringsretning hjå informant 1, informant 27 og informant 2

Det som er interessant er at sjølv om endringsretninga er ulik, er det store likskapar i fordelinga av lokale og nivellerte variantar på dei ulike variablane hjå dei tre informantane avhengig av om nivelleringsgjennomsnittet er høgt eller lågt. Eg kan illustrera dette med diagrammet nedanfor. Her ser vi informant 27 i første undersøkingsperiode i 1997 med eit nivelleringsgjennomsnitt på 64,1, informant 1 i siste undersøkingsperiode i 2003 med eit nivelleringsgjennomsnitt på 66,1, og informant 2 i den mellomste undersøkingsperioden i 2001 då ho hadde eit samanlagt nivelleringsgjennomsnitt på 55,8:



**Figur 8.10** Samanlikning av nivelleringsprosent for informant 2 i 2001, informant 1 i 2003 og informant 27 i 1997

Diagrammet viser at nivelleringsgjennomsnittet har om lag same grunnlag på variabelnivå hjå alle tre informantane. Det er nok informant 1 og 27 som oppfører seg mest likt, men også informant 2 har få nivellerte former på PFE-variabelen og ein låg nivelleringsprosent på variabelen HB, medan PR-variabelen, HU-variabelen og INF-variabelen får høg nivelleringsprosent. Variabelen FLB viser litt meir varierende resultat hjå dei tre.

Tabellen ovanfor viser korleis informantane ser ut til å ha nokolunde same variabeldistribusjon når dei har eit nivelleringsgjennomsnitt som ligg midt på treet. Analysen av tekstutdraga har elles vist fleire fellestrekk når det gjeld den språklege variasjonen hjå dei tre informantane. Lågt nivelleringsgjennomsnitt ser ut til å bli følgt av språkformer som *affrikat*, særleg i framlyd, *diftongering av ei/e-vokalismen*, *samsvarsbøying av adjektiv*, og *vokal i ending realisert som /ɛ/ i leksem av typen /<sup>1</sup>ɛlɛ/ /<sup>1</sup>hɛlɛ/ og /<sup>1</sup>sikɛrt/*. Adjektiv blir bøygd med *-ast* i superlativ, og passivending er *-ast*. Tilsvarande er typiske språkformer som følgjer høgt samanlagt nivelleringsgjennomsnitt *monoftongering*, *manglande samsvarsbøying av adjektiv* og *vokal i ending realisert som /A/ i ord som /<sup>1</sup>hɛlAɛ/ og /<sup>1</sup>sikArt /*. Adjektiv får *-est* i superlativ, og passivending er *-est*. Pronomena *mykje* og *noko* blir typisk realisert som /<sup>2</sup>nokɛ / og /<sup>2</sup>myçɛ / eller /<sup>2</sup>myçɛ̃ / hjå dei med låg nivelleringsgjennomsnitt, og som /<sup>2</sup>nue / og /<sup>2</sup>myɛ / hjå dei med høg. Elles ser det også ut til at lågt nivelleringsgjennomsnitt betyr auka bruk av leksem med lokal tilknytning, medan høgt



## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

nivelleringsgjennomsnitt tilsvarande betyr auka bruk av ikkje-lokale leksem. Når nivelleringsgjennomsnittet er lågt, finn vi former som /<sup>1</sup>tʰæ:, <sup>1</sup>fro:, <sup>2</sup>skule:, <sup>1</sup>kvart, <sup>1</sup>ne:ʁ, <sup>2</sup>ho:ve, <sup>2</sup>nɑ:sɛ/, når nivelleringsgjennomsnittet er høgt, blir dei nivellerte alternativa /:tʰu:, <sup>1</sup>fra:, <sup>2</sup>sku:lɛ, <sup>1</sup>vɛʁt, <sup>1</sup>ne:d, <sup>2</sup>ho:dɛ, <sup>2</sup>ne:sɛ / brukt. Språkformer som er *bergensspesifikke*, som monoftongering og felleskjønn, ser ut til å ha vanskelegare for å finna feste enn dei meir allment utbreidde nivellerte formene med støtte i bergensk. Dette er hovudmønsteret, sjølv om det finst mange unntak.

Ein kan tenkja seg at dei språkformene som ser ut til å følgja lågt nivelleringsgjennomsnitt, er former som språkbrukarane oppfattar som indikatorar på lokalt talemål, medan dei språkformene som ser ut til å følgja høgt nivelleringsgjennomsnitt, er typiske indikatorar på nivellert talemål hjå språkbrukarane.


### *Blanding eller veksling – ei samanlikning av informant 1 og informant 8*

Tre av dei fire informantane følgjer altså nokolunde same språklege mønster i endringsprosessane sine, men den siste informanten, informant 8, oppfører seg ikkje heilt på same måte som dei andre. Også ho endrar nivelleringsgjennomsnittet nokså mykje i undersøkingsperioden, men fordelinga av variantar på kvar enkelt variabel avvik noko frå det mønsteret dei andre ser ut til å følgja.

Eg vil prøva å visa korleis informant 8 skil seg ut gjennom å samanlikna den språklege utviklinga hjå informant 1 og informant 8, som begge hadde eit svært lågt nivelleringsgjennomsnitt i 1997, og ein svært kraftig auke i nivelleringsgjennomsnitt fram mot 2001, følgt av ein svak reduksjon i 2003. Svært likt på eit overordna plan, altså, men når vi ser nærare på utviklinga på variabelnivå, oppfører dei to informantane seg nokså ulikt:

Informantnr	RegAar	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1	1997	0,0 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	0,0 %	92,6 %	17,8 %
1	2001	0,6 %	90,0 %	80,8 %	89,4 %	100,0 %	94,1 %	75,8 %
1	2003	1,4 %	21,1 %	83,3 %	93,6 %	100,0 %	97,3 %	66,1 %
8	1997	0,0 %	6,8 %	33,3 %	16,7 %	5,6 %	87,2 %	24,9 %
8	2001	31,9 %	50,0 %	77,3 %	92,9 %	90,9 %	97,7 %	73,4 %
8	2003	49,7 %	50,0 %	88,9 %	51,4 %	36,4 %	96,1 %	62,1 %


**Tabell 8.10 Nivelleringsprosent for informant 1 og informant 8 i undersøkingsperioden, alle variablar**



Figur 8.11 Samanlikning av informant 1 og informant 8, 1997

Informant 1 hadde i 1997 ein svært låg bruk av bergensstøtta nivellerte former. Han hadde gjennomført bruk av tradisjonsformer på seks av dei åtte variablane, 14 prosent nivellerte former på variabelen FLB, og 93 prosent på variabelen PR. Informant 8 hadde til saman 24 prosent nivellerte former i 1997. Også hjå henne er det variabelen PR og variabelen FLB som viser dei største utslaga i nivellert retning i 1997, men ho har i tillegg små utslag på variablane HB, HU og INF.


Kva skjer så i løpet av undersøkningsperioden? Begge informantane aukar bruken av bergensstøtta nivellerte former nokså dramatisk frå 1997 til 2001.



Figur 8.12 Samanlikning av informant 1 og informant 8, 2001

Informant 1 held stort sett på den lokale varianten på PFE-variabelen, men bruker i stor grad dei bergensstøtta nivellerte variantane av dei andre variablane. Informant 8 tek til dels i bruk

dei nivellerte formene av PFE-variabelen, har omtrent halvt om halvt med nivellerte og lokale former på HB-variabelen, medan dei nivellerte formene dominerer på dei andre variablane.



Figur 8.13 Samanlikning av informant 1 og informant 8, 2003

I 2003 har informant 1 stabilisert seg om lag på 2001-nivået, bortsett frå når det gjeld HB-variabelen; her går han frå 0 prosent nivellerte former i 1997 til 90 prosent i 2001, og tilbake til 21 prosent i 2003. Informant 8 held på vekslinga mellom nivellerte og lokale variantar på PFE-variabelen og på HB-variabelen, og reduserer bruken av nivellerte former på HU-variabelen og INF-variabelen nokså dramatisk. På alle desse fire variablane vekslar altså informant 8 no nokså jamt mellom lokale og nivellerte former.

Både informant 1 og informant 8 har altså auka nivelleringsgjennomsnittet kraftig i undersøkingsperioden, og har i 2003 generelt teke i bruk mange nivellerte former som dei ikkje brukte i 1997. Dei eksternaliserer altså andre språkformer enn dei gjorde tidlegare, og gjennom desse eksternaliseringane signaliserer dei kva dei i dag oppfattar som akseptabel språkbruk i ulike sosiale situasjonar. Gjennom språkformene dei vel, er dei med på å forhandla om kva for sosial mening som skal assosierast med dei ulike språkformene i det sosiale miljøet dei tilhøyrer.

Samanliknar ein dei to informantane, går altså informant 1 frå eit talemål som er nokså lokalt prega, til eit talemål prega av bergensstøtta nivellering (men vel å merka utan bruk av bergensspesifikke former), medan informant 8 går frå eit talemål som er lokalt prega, til eit talemål prega av veksling mellom lokale og nivellerte variantar – frå særprega og konservative lokale former til bergensspesifikke former.

Begge informantane kan altså i 2003 seiast å blanda lokale og nivellerte former, men på ulik måte. Informant 1 ser ut til å bruka lokale former ved dei språktrekka der dei lokale formene dominerer i informantgruppa generelt – han har til dømes *r*-bortfall på PFE-variabelen, og han diftongerer stort sett *ei/e*-vokalismen. Han unngår dei lokale språkformene som er sjeldne i informantgruppa generelt, og han unngår dei bergensstøtta nivellerte formene som er meir bergensspesifikke, og etablerer slik eit nokså stabilt språkssystem med nokre lokale og nokre nivellerte trekk. Informant 8 på si side vekslar mellom lokale og nivellert former av kvart enkelt språktrekk. Ho bruker heile spekteret av lokale og nivellerte former, frå dei konservative lokale til dei bergensspesifikke nivellerte, gjerne i ei og same setning (jf. underkap. 8.4.2. I hennar tilfelle er det meir dekkjande å snakka om *situasjonsintern kodeveksling* (Røyneland 2003:47). Begge dei to strategiane kan tolkast som eit forsøk på å signalisera språkleg *nøytralitet*, gjennom bruk av både lokale og nivellerte former.

### 8.5 Oppsummering

Dette kapittelet har gått ut på å kartleggja talemålsutviklinga i informantgruppa i undersøkingsperioden. På variabelnivå viste endringa i *variabelgjennomsnitt* at graden av bergensstøtta nivellering ser ut til å auka i informantgruppa i undersøkingsperioden. Variabelgjennomsnittet endra seg mellom 1997 og 2001, men var stabilt frå 2001 til 2003. Enkeltvariablane har alle fått ein auke i bergensstøtta nivelleringsprosent i undersøkingsperioden, men det varierer sterkt kor stor denne auken er, og i kva for periode kvar av variablane aukar mest.

Det varierer mykje frå informant til informant i kor stor grad *nivelleringsgjennomsnittet* endrar seg gjennom undersøkingsperioden. Mange av informantane har eit stabilt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile undersøkingsperioden, og nokre få får ein reduksjon av nivelleringsgjennomsnittet. Den gruppa som aukar nivelleringsgjennomsnittet i undersøkingsperioden, er likevel den største. Det ser ikkje ut til at nivelleringsgjennomsnittet frå 1997 har hatt noko å seia for den vidare utviklinga av nivelleringsgjennomsnittet hjå informantane. Dei ser ut til å fordela seg nokså jamt i gruppene *stabil*, *auke* og *reduksjon*, uavhengig av om dei hadde høgt, middels eller lågt nivelleringsgjennomsnitt frå 1997.

Gjennom at mange språkbrukarar endrar sine språklege uttrykk, kan også den sosiale meininga i det språklege uttrykket endrast gjennom forhandlingar. Dette kan vera med på å driva språkendringsprosessen framover.

## 8 Kartlegging av språklege endringsmønster

Hjå dei fleste fortel nivelleringsgjennomsnittet ein del om kva for språkformer dei vel, ikkje berre når dei gjeld dei seks språklege variablane, men også når det gjeld andre språktrekk. Eg meiner at dette kan fortelja oss noko om kva for trekk som fungerer som indikatorar på lokalt språk vs nivellert språk.

Talemålsendringar hjå enkeltindivid i løpet av livet blir kalla for *livsfaseendring* (jf. 2.2.3). Livsfaseendring er eit metodisk problem for undersøkingar av språkendring i tilsynelatande tid, og det er dermed viktig for sosiolingvistar å finna ut i kor stor grad talemålet endrar seg hjå individet i ulike fasar av livet, og *kva for* endringar som kan skje på ulike alderstrinn (Kerswill 1996:178). Eg kan slå fast at talemålssystemet hjå fleirtalet av informantgruppa ser ut til å vera i endring gjennom heile undersøkingsfasen, frå informantane er 15 til dei blir 20 år. Mange av endringane er leksikalske, men også det morfologiske systemet (bøyingsendingar) er utsette for endring. Samsvarsbøying av adjektiv kjem inn i denne kategorien. Andre språktrekk som endrar seg er uttalen av *ei/e*-vokalismen og realisasjon av *e* framfor *r* som /ɛʁ/ eller /aʁ/, som i /sikɛʁ/ (nn. *sikker* (adj.)). Mange informantar ser ut til å ha gjennomgått dei kraftigaste endringane mellom 1997 og 2001, men det finst òg nokre informantar som er stabile i denne perioden, og som får endra nivelleringsgjennomsnitt mellom 2001 og 2003.

## 9 Språklege variasjons- og endringsmønster i sosial kontekst

### 9.1 Innleiing

I underkap. 7.5 konkluderte eg med at språknormene i informantgruppa såg ut til å vera nokså liberale, med eit stort handlingsrom for individuelle språklege strategiar innafor visse rammer.

I den språklege kartlegginga i kap. 8 viste den språklege åtferda i informantgruppa seg å støtta opp under dette inntrykket. Den språklege variasjonen i informantgruppa såg ut til å vera stor i alle dei tre undersøkingsfasane, dei individuelle talemålsendringsmønstra gjekk i mange ulike retningar. I dette kapitlet skal den sosiale dimensjonen trekkjast inn i analysen. Kan sosial bakgrunnsinformasjon om informantane kasta lys over funna så langt, slik at den heterogene språklege åtferda i informantgruppa blir meir forståeleg?

I den første delen av kapitlet (underkap. 9.2) prøver eg å svara på dette spørsmålet gjennom å kopla sosiale og språklege variablar i informantgruppa gjennom undersøkingsperioden. I den andre delen av kapitlet (underkap. 9.3) prøver eg å nærma meg eit svar gjennom ein kvalitativ næranalyse av 6 informantar.

### 9.2 Sosiale mønster i gruppa

Den labovinspirerte greina av sosiolingvistikken har hovudsakleg fokusert på "the counting and measuring of linguistic features and the correlating of linguistic variability with different forms of social differentiation" (Trudgill 2002:373). Den vanlege metoden er å setja opp hypotesar om sannsynlege samanhengar, basert på tidlegare undersøkingar, som ein så testar gjennom statistiske metodar.

I dette prosjektet er slik hypotesetesting problematisk. Materialet mitt er i utgangspunktet ikkje særleg godt eigna for statistisk analyse. For det første har eg få informantar – noko som er eit klassisk sosiolingvistisk problem. For det andre – eit like klassisk problem i sosiolingvistikken – varierer talet på belegg mykje frå variabel til variabel og frå informant til informant. For det tredje, og her er eg inne på særigne problem med mitt spesifikke materiale, er informantane ikkje jamt fordelte i førehandsdefinerte sosiale grupper – informantgruppa består til dømes av 6 kvinner og 11 menn. Den fjerde, og kanskje viktigaste, innvendinga er at informantane ikkje er plukka ut gjennom tilfeldig utval, og

resultata vil dermed strengt tatt berre kunna seia noko om tilhøva i informantgruppa (jf. diskusjon om representativitet i underkap. 4.1.1).

Som eg gjorde greie for i underkap. 4.2, meiner eg likevel at mine 17 informantar kan seiast å vera *typiske representantar* for ungdomar i språksamfunn prega av dialektkontakt og heterogenitet, sjølv om dei ikkje utgjer eit tilfeldig utval og slik er representative for ein bestemt populasjon i statistisk forstand. Det er dermed truleg at dei sosiale og språklege mønstra som teiknar seg i denne gruppa ikkje er eineståande, og slik kan ha ein viss overføringsverdi til ungdomsmiljø i same type språksamfunn.

Sjølv om *testing* av hypotesar er nokså problematisk med dette materialet, meiner eg likevel at undersøkinga av samhengane mellom sosiale og språklege variablar kan *generera* hypotesar som så seinare kan testast på eit meir høveleg materiale (jf. underkap. 4.1.1.). I det følgjande vil eg difor sjå nærare på fire sosiale variablar som eg oppfattar som relevante for undersøkinga mi, og undersøkjia om informantane i dei aktuelle gruppene ser ut til å ha noko felles språkleg eller ikkje, utan å ta stilling til om skilnadene er signifikante i statistisk forstand.

Dei fire sosiale variablane eg ønskjer å granska nærare, er av to ulike slag. For det første ønskjer eg å trekkja fram variablane *kjønn* og *foreldrebakgrunn*. Denne typen bakgrunnsforhold endrar seg ikkje for informantane i undersøkingsperioden – men *betydninga* av desse bakgrunnsforholda kan sjølvstøtt endra seg. Desse to variablane har eg valt fordi dei er mykje brukte i sosiolingvistisk forskning, og det alt finst mange interessante funn knytt til desse variablane. Vidare vil eg ta for meg variablane *utdanningsplanar* og *uteopphald*. Eg er interessert i desse to variablane fordi det å velja kvar ein skal bu, og om ein skal ta høgare utdanning eller ikkje, er sentrale element i lausrivingsprosessen alle unge må gjennom etter at den obligatoriske grunnskulen er unnagjort. Eg er interessert i om det er mogeleg å sjå nokon samheng mellom desse viktige avgjerdene og den språklege utviklinga hjå informantane.

### 9.2.1 Kjønn

Den kanskje mest klassiske sosiale variabelen av dei alle er *kjønn*. I talrike sosiolingvistiske undersøkingar har det vist seg at det er skilnad på språkleg praksis hjå kvinner og menn. Mange undersøkingar av denne typen har konkludert om lag som Labov: "For stable sociolinguistic variables, women show a lower rate of stigmatized variants and a higher rate of prestige variants than men" (Labov 2001).

Særleg i eldre undersøkingar har det vore vanleg å tolka samhengene mellom kjønn og prestisjeformer som eit teikn på at menn i større grad signaliserer sosial status gjennom

jobb og posisjonar, medan kvinner, som underforstått ikkje har like stor tilgang til markeringar av denne typen, kompenserer med å signalisera sosial status gjennom språkbruk (sjå til dømes Chambers og Trudgill 1980:98). Dette er sjølvsagt ei diskutabel tolking. Ein kan like gjerne, med utgangspunkt i akkommodasjonsteorien (Giles og Powesland 1997) hevda at kvinner i større grad enn menn tilpassar seg samtalepartnaren sin, eller ein kan snu problemstillinga på hovudet gjennom å tolka dette mønsteret som eit teikn på at det er kvinner som er normdannarane i samfunnet, og at dei ikkje passivt tek opp prestisjeformer, men at språkformer som kvinner bruker blir prestisje:

The generalization that best accounts for the interacting effects of social class and gender so widely reported in the literature may then not be that women favor prestige variants, rather, they create them, as the variants that females prefer become ideologized as prestige variants (Milroy og Gordon 2003:103).

Milroy og Gordon argumenterer her med at kvinner jamt over ser ut til å føretrekkja nivellerte former, medan menn bruker lokalt baserte former. I utgangspunktet er det ikkje gjeve at dei nivellerte formene burde ha meir prestisje (ibid).

Ein må uansett merka seg at mønsteret med at kvinner bruker meir prestisjeformer enn menn slett ikkje kan sjåast som ei universell lingvistisk sanning. Det er ikkje *biologisk* kjønn, men *kulturelt* kjønn som er interessant i denne samanhengen. Det har med kulturelle praksisformer knytte til kjønn å gjera, og det har med kvinnelege og mannlege nettverks- og kontaktmønster å gjera. Frå det eldre bonde- og fiskarsamfunnet i Uttrøndelag blir det rapportert at det var kvinnene som tenderte mot å bruka dei mest arkaiske formene i dialekten. Det blir foreslått at bakgrunnen for dette mønsteret var at mennene, som var fiskarbønder, var meir i kontakt med folk frå andre stader, medan kvinnene var heime og passa garden (Stemshaug 1972:56). I nokre norske undersøkingar har kjønn vist seg å vera ein variabel som ikkje gjev særleg utslag – kvinner og menn ser ut til å ha same språklege praksis på dei undersøkte variablane (Kerswill 1994:110; Selås 2003:264; Røyneland 2005:478).<sup>90</sup> Mønsteret er altså ikkje eintydig, men avheng truleg av kulturelle praksisformer knytt til kjønn i ulike samfunnstypar til ulike tider.

Gjennom å samanlikna nivelleringsprosenten hjå kvinner og menn i informantgruppa mi, vil eg undersøkja om det kan sjå ut til å vera ein samheng mellom kjønn og språkbruk i denne gruppa. Eg samanliknar først resultatata frå 1997, 2001 og 2003:


---

<sup>90</sup> Det finst òg døme på norske talemålsundersøkingar som har konkludert med at det er signifikante språklege skilnader mellom kjønna, t.d (Haugen 2004) og (Akselberg 1995).



	1997	2001	2003
Menn (N=11)	49,3 %	60,6 %	61,1 %
Kvinner (N=6)	51,4 %	62,0 %	62,1 %

**Tabell 9.1** Bergensstøtta nivellerte former hjå kvinner og menn gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt<sup>91</sup>



**Figur 9.1** Bergensstøtta nivellerte former hjå kvinner og menn gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt

Ut frå tabellen og diagrammet ovanfor ser det ikkje ut til å vera store skilnader mellom kjønna i nokre av undersøkingsfasane. I 1997 har begge gruppene ein nivelleringsprosent på rundt 50. I 2001 har begge gruppene auka nivelleringsprosenten til om lag 60, og begge gruppene stabiliserer seg på dette nivået.


Dersom vi ser på nivelleringsgjennomsnittet hjå dei einskilde individa, blir det tydeleg at variasjonen innafor kvar gruppe er svært stor i alle undersøkingsrundane. Som tabellen nedanfor viser, varierer nivelleringsgjennomsnittet hjå mennene i 1997 frå 17,8 prosent til 88,2 prosent, i 2001 frå 21,1 prosent til 92,6 prosent og i 2003 frå 24,1 til 94,4 prosent. Hjå kvinnene varierer nivelleringsgjennomsnittet i 1997 frå 24,9 til 98,2 prosent, i 2001 frå 20,7 til 98,1 og i 2003 frå 31,8 til 99,4 prosent. Den språklege variasjonen *innafor* kvar av gruppene i kvar av undersøkingrundane ser altså ut til å vera større enn den språklege variasjonen *mellom* gruppene.

<sup>91</sup> Korleis gruppegjennomsnittet er rekna ut, gjer eg greie for i underkap. 5.2.4.

9 Språklege variasjons- og endringsmønster i sosial kontekst

	1997	2001	2003
1	17,8 %	75,8 %	66,1 %
4	60,8 %	75,1 %	75,5 %
9	36,2 %	30,0 %	33,9 %
10	42,3 %	51,4 %	52,3 %
13	17,7 %	21,1 %	29,9 %
14	63,6 %	65,6 %	38,0 %
20	88,1 %	97,7 %	95,6 %
23	22,2 %	21,1 %	24,1 %
24	40,9 %	39,1 %	49,7 %
26	88,2 %	92,6 %	94,4 %
27	64,1 %	91,9 %	92,3 %


Tabell 9.2 Nivelleringsgjennomsnitt hjå mennene gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.2 Nivelleringsgjennomsnitt hjå mennene gjennom undersøkingsperioden

	1997	2001	2003
2	89,8 %	55,8 %	74,9 %
5	58,9 %	57,0 %	57,6 %
8	24,9 %	73,4 %	62,1 %
11	29,9 %	20,7 %	31,8 %
15	48,1 %	47,6 %	50,0 %
17	98,2 %	98,1 %	99,4 %

Tabell 9.3 Nivelleringsgjennomsnitt hjå kvinnene gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.3 Nivelleringsgjennomsnitt hjå kvinnene gjennom undersøkingsperioden

Når det gjeld *graden av endring gjennom undersøkingsperioden*, varierer også denne i begge gruppene. Både i kvinnegruppa og i manngruppa finn vi enkeltindivid med stabilt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile undersøkingsperioden. Vi finn også enkeltindivid med ein kraftig auke av nivelleringsgjennomsnitt i begge grupper, og vi finn dei som reduserer nivelleringsgjennomsnittet gjennom undersøkingsperioden i begge grupper. I tabellen nedanfor prøver eg å gje ei oversikt over fordelinga av dei ulike typane endringsmønster i dei to gruppene:

Utvikling av nivelleringsprosent 1997-2003	Stabilt høge (+/- 5%), over 60 prosent bg. former	Stabilt låge (+/- 5%), under 60 prosent bg. former	Litt endring opp (+5-15%)	Stor endring opp (+ meir enn 15%)	Litt endring ned (- 5-15 %)	Stor endring ned (- meir enn 15%)
Menn		9 , 23	4, 10, 13, 20, 24, 26	1, 27		14
Kvinner	17	5, 11, 15		8	2	

Tabell 9.4 Menn og kvinner kategorisert etter grad av endring i nivelleringsgjennomsnitt i undersøkingsperioden.

I denne tabellen har eg samanlikna nivelleringsgjennomsnittet hjå kvar informant i 1997 og 2003. Ut frå resultatet av denne samanlikninga er informantane blitt plasserte i ein av dei seks kategoriane *stabilt høge*, *stabilt låge*, *litt endring opp*, *stor endring opp*, *litt endring ned* og *stor endring ned*. Fire av dei seks kvinnene i undersøkinga ser ut til å ha eit nokså stabilt nivelleringsgjennomsnitt, ei av dei har redusert nivelleringsgjennomsnittet sitt, og ei har hatt ein kraftig auke. Berre to av dei elleve mennene har eit stabilt nivelleringsgjennomsnitt, til saman åtte av dei har hatt ein auke (hjå seks av desse er auken svak), og ein har redusert

nivelleringsgjennomsnittet nokså kraftig. Det ser altså ut til å vera ein tendens at kvinnene i informantgruppa har eit meir stabilt nivelleringsgjennomsnitt, medan mennene i større grad ser ut til å auka nivelleringsgjennomsnittet gjennom undersøkingsperioden. Det finst likevel unntak frå dette hovudmønsteret i begge grupper.

### 9.2.2 Foreldrebakgrunn

Den andre sosiale variabelen eg skal sjå på er *foreldrebakgrunn*. Det er ei ofte sitert sosiolingvistisk sanning at det er liten samanheng mellom språkbakgrunnen hjå foreldra og det språklege uttrykket hjå borna. I fleire undersøkingar har det vist seg at born tilpassar seg språkbruken til venner og leikekameratar, og ikkje språkbruken til foreldra:

[...] children do not speak like their parents. In the great majority of cases we have studied or encountered, children follow the pattern of their peers (Labov 1972:304).

Som Peter Trudgill peikar på, er det denne tendensen (Trudgill 1986:31) som gjer at geografisk baserte dialektar kan halda seg så godt som dei faktisk gjer. Med dei flyttemønstra alle moderne samfunn har, ville regionale trekk forsvinna nokså raskt om ikkje innflyttarborn let seg påverka av dei lokale borna språkleg. Likevel – dette ser ut til å gjelda berre inntil eit visst nivå. I språksamfunn med spesielt mykje dialektkontakt, der det ikkje finst ein fast definert gruppenorm i miljøet av jamaldringar, ser det ut som om foreldrebakgrunnen kan spela ei større rolle (Mæhlum 1992:271ff; Trudgill et al. 2000:305).

I norsk samanheng er den mest kjende undersøkinga av samanhengen mellom foreldrebakgrunn og språkleg uttrykk frå Arendal, der Gjert Kristoffersen finn at eldre born har eit meir homogent språkleg uttrykk enn yngre born. Kristoffersen tolkar dette som eit teikn på at kameratflokket til dels erstattar familien som normeringsinstans når borna blir eldre (Kristoffersen 1980:155f). Det finst ikkje andre studiar som har samanlikna graden av heterogenitet i språkbruken hjå eldre og yngre born, men det finst ein god del nyare norske studiar som har undersøkt samanhengen mellom foreldrebakgrunn og talemål hjå ungdomar. I undersøkingar frå Sogndal, (Haugen 2004:249), Bømlø (Notland 2001) og frå Røros/Tynset (Røyneland 2005:444,460) blir det rapportert ein samanheng mellom foreldrebakgrunn og ungdomane sitt talemål. Også i hovudoppgåva mi (Hernes 1998) konkluderte eg med at det kunne sjå ut til å vera ein samanheng mellom språk og foreldrebakgrunn.


Det må her nemnast at forholdet mellom språk og foreldrebakgrunn ikkje er av dei aller best dokumenterte i sosiolingvistiske undersøkingar. I mange undersøkingar har foreldrebakgrunn vore eit *utvalskriterium*, ikkje ein sosial variabel (i norsk samanheng, jf. t.d. (Akselberg 1995; Selås 2003; Haugen 1998)). Det vil seia at populasjonen ein ønskjer å

undersøkja er den delen av innbyggjarane i språksamfunnet som har lokal forankring gjennom å ha foreldre frå staden. I slike undersøkingar er det sjølvsagt ikkje mogleg å vurdera kor viktig foreldrebakgrunnen er for det språklege uttrykket.

Gjennom å samanlikna nivelleringsprosenten hjå informantane *med to innflyttarforeldre, to foreldre frå Os og ein av kvar* i informantgruppa mi, vil eg undersøkje om det kan vera ein samanheng mellom foreldrebakgrunn og nivellering i informantgruppa.<sup>92</sup> Eg samanliknar resultatata frå 1997, 2001 og 2003:

	1997	2001	2003
Innflyttar (N=6)	81,2 %	79,1 %	82,4 %
Ein osforeld. (N=6)	38,4 %	66,0 %	61,2 %
To osforeld. (N=5)	33,9 %	27,2 %	30,3 %

**Tabell 9.5** Bergensstøtta nivellerte former ut frå foreldrebakgrunn gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt



**Figur 9.4** Bergensstøtta nivellerte former ut frå foreldrebakgrunn gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt

I tabellen og diagrammet ovanfor ser det ut til å vera nokså klare skilnader i nivelleringsprosent mellom gruppene, i alle undersøkingsfasar. I alle fasane er det gruppa med to innflyttarforeldre som har høgast nivelleringsprosent, gruppa med to osforeldre har lågast, og gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder ligg midt i mellom. Dei to


<sup>92</sup> Nokre av informantane har skilde foreldre, og nokre av desse har fått nye partnarar. Eg har ikkje teke dette aspektet inn i analysen – det er bakgrunnen til dei biologiske foreldra som er målt i tabellane ovanfor. Alle informantane har kontakt med begge dei biologiske foreldra.

yttergruppene er nokså stabile gjennom heile undersøkingsperioden, gruppa i midten har ei nokså kraftig auke i nivelleringsprosent mellom 1997 og 2001. Ut frå denne tabellen kan det altså sjå ut til at talemålsending er mest sannsynleg hjå dei informantane som har ein forelder med osbakgrunn og ein med innflyttarbakgrunn, og at dei største endringane skjer når informantane er i 16-17-årsalderen.

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over nivelleringsgjennomsnittet hjå *enkeltindivid* i kvar av gruppene i alle undersøkingsrundane:

Informantar	1997	2001	2003
5	58,9 %	57,0 %	57,6 %
20	88,1 %	97,7 %	95,6 %
26	88,2 %	92,6 %	94,4 %
2	89,8 %	55,8 %	74,9 %
4	60,8 %	75,1 %	75,5 %
17	98,2 %	98,1 %	99,4 %


Tabell 9.6 Nivelleringsgjennomsnitt hjå gruppa med innflyttarforeldre gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.5 Nivelleringsgjennomsnitt hjå gruppa med innflyttarforeldre gjennom undersøkingsperioden

Informantar	1997	2001	2003
1	17,8 %	75,8 %	66,1 %
8	24,9 %	73,4 %	62,1 %
10	42,3 %	51,4 %	52,3 %
15	48,1 %	47,6 %	50,0 %
24	40,9 %	39,1 %	49,7 %
27	64,1 %	91,9 %	92,3 %


Tabell 9.7 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei med ein innflyttarforelder og ein osforelder gjennom undersøkingsperio



Figur 9.6 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei med ein innflyttarforelder og ein osforelder gjennom undersøkingsperioden

Informantar	1997	2001	2003
9	36,2 %	30,0 %	33,9 %
11	29,9 %	20,7 %	31,8 %
13	17,7 %	21,1 %	29,9 %
14	63,6 %	65,6 %	38,0 %
23	22,2 %	21,1 %	24,1 %

Tabell 9.8 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei med to osforeldre gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.7 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei med to osforeldre gjennom undersøkingsperioden

Tabellane og diagramma fortel oss for det første at dei tre gruppene er nokså jamstore – det er 6 informantar som har to innflyttarforeldre, 6 som har ein innflyttarforelder og ein osforelder,

og 5 som har to osforeldre. Tabellane dokumenterer at det er stor spreing i nivelleringsgjennomsnitt innafor kvar av gruppene i alle undersøkingsrundane. Likevel – dersom vi set gruppa med to innflyttarforeldre opp mot gruppa med to osforeldre, ser det ut til å vera klart mindre variasjon i nivelleringsgjennomsnitt *innafor* gruppene enn mellom gruppene i kvar av undersøkingsrundane. I gruppa med to innflyttarforeldre har alle informantane med unnatak av ein (informant 5) eit nivelleringsgjennomsnitt på godt over 60 prosent gjennom heile undersøkingsperioden (informant 2 går litt under dette i 2001, men aukar igjen i 2003). I gruppa med to osforeldre har alle informantane, også her med eitt unnatak (informant 14) eit nivelleringsgjennomsnitt på godt under 40 prosent gjennom undersøkingsperioden.

Når det gjeld gruppa i midten – gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder – er resultatet mindre eintydig. Her finn vi informantar som liknar mest på dei i innflyttargruppa, men vi finn òg informantar som liknar meir på dei i osforeldregruppa. Det mest slåande i gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder er *graden av endring* i undersøkingsperioden. Både informantgruppa med to innflyttarforeldre og dei med to osforeldre ser ut til å vera nokså stabile i språkbruken. Gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder derimot, ser ut til å ha ein nokså sterk auke i nivelleringsprosent. Tabellen nedanfor kan visa korleis graden av endring fordeler seg i dei tre sosiale gruppene:

	Stabilt høge (+/- 5%), over 60 prosent bg. former	Stabilt låge (+/- 5%), under 60 prosent bg. former	Litt endring opp (+5-15%)	Stor endring opp (+ meir enn 15%)	Litt endring ned (-5-15 %)	Stor endring ned (- meir enn 15%)
To innflyttarforeldre	17	5	4, 20, 26		2	
Ein av kvar		15	10, 24	1, 8, 27		
To osforeldre		9, 11, 23	13			14

**Tabell 9.9** Informantane kategorisert etter grad av endring i nivelleringsgjennomsnitt i undersøkingsperioden ut frå foreldrebakgrunn.

I gruppa med to osforeldre er halvparten stabile, ein aukar nivelleringsgjennomsnittet litt, medan ein annan reduserer det nokså mykje. Når det gjeld dei seks med to innflyttarforeldre er dei nokså jamt fordelte i tabellen – to er stabile, tre har ein liten auke, og ei har ein liten



reduksjon. Det som kanskje er det mest slåande er gruppa i midten – dei med ein forelder frå Os og ein innflyttar. 5 av dei 6 informantane i denne gruppa har anten litt auke i nivelleringsgjennomsnitt eller stor auke i nivelleringsgjennomsnitt. Dei tre som er plasserte i kategorien *stor endring opp*, høyrer alle til i denne gruppa. I mi informantgruppe er det altså dei med ein osforelder og ein innflyttarforelder som endrar talemålet sitt mest i undersøkingsperioden. Dette er svært interessant. Ei mogleg tolking av dette mønsteret er at informantar med vekslende foreldrebakgrunn gjennom oppveksten har fått internalisert eit språkleg repertoar som inneheld både lokale og ikkje-lokale former, og at dette er noko dei kan utnytta når dei kjem i ein situasjon der dette kjennest aktuelt. Igjen er det grunn til å minna om at gruppene er små, variasjonen er stor, og at resultatane dermed er usikre.

Til slutt kan det vera på sin plass å kommentera at eg så langt ikkje i det heile har drege inn den *geografiske og dialektale bakgrunnen* til innflyttarforeldra i framstillinga. Ein skulle tru at det ikkje var likegyldig om foreldra har innflyttarbakgrunn frå ei nabobygd der dialekten liknar mykje på Os-dialekten, om dei er frå Bergen, eller om dei er frå ein heilt annan stad i landet eller utlandet. Resultatane tyder på at innflyttarbakgrunn i seg sjølv gjev utslag, men det er likevel slik at dei to av dei tre informantane som har det mest stabilt høge nivelleringsgjennomsnittet gjennom heile undersøkingsperioden, informant 20 og 26, har to foreldre frå Bergen, medan den tredje av desse tre (informant 17) har ein far frå Bergen og ei mor med austnorsk talemålsbakgrunn. Det er ingen av dei andre informantane som har begge foreldre frå Bergen.

### 9.2.3 Utdanning

Den neste variabelen eg vil ta for meg, er *planar om høgare utdanning*. I mange studiar er utdanningstilhøve knytte opp mot ein samlevariabel som går på sosial status, der utdanning er ein av mange indikatorar (Labov i New York: utdanning, yrke og inntekt) (Milroy og Gordon 2003:43). I denne typar studiar er det vanleg å finna ein klar samanheng mellom sosial klasse eller status og språkbruk, på den måten at dei med høg sosial status bruker fleire prestisjeformer, medan informantar med låg sosial status har ein sterkare tendens til å bruka lokale former med låg sosial status.

I norsk samanheng er det blitt kommentert av fleire at det hjå oss er problematisk å slå utdanningsnivå saman med andre teikn på sosial status. I fleire norske undersøkingar har det nemleg vist seg å vera ein *motsett* samanheng mellom språkbruk og utdanning, slik at informantar med eit høgt utdanningsnivå har ein sterkare tendens til å halda på lokale former, medan informantar med eit lågt utdanningsnivå ser ut til lettare å ta i bruk nivellerte former

(Kerswill 1994:116-117; Omdal 1994:229; Akselberg 1995:261).<sup>93</sup> Dette blir tolka som eit resultat av den auka sjølvtiliten utdanning fører til hjå språkbrukarar med ein språkleg bakgrunn som ikkje i seg sjølv har språkleg prestisje.


[...] [det] er [...] grunn til å legge merke til at de fire informantene med høgast utdanning, alle hører til i L-kategorien. Dette støtter etter mi vurdering det syn at mer utdanning kan gi større språklig sikkerhet, ved at den tryggheten som utdanning og studier gir en person, i sin tur fører til at språket i mindre grad blir utsatt for press (Omdal 1994:229)

Eg har valt å bruka *planar* om høgare utdanning som variabel fordi mange av informantane ikkje er komne lenger enn til planleggingsfasen i siste intervjurunde. For å rekka å begynna på høgare utdanning i løpet av undersøkingsperioden måtte informantane begynna direkte på høgskule eller universitet etter vidaregåande. Mange av informantane hadde teke seg eit friår av ein eller annan type – folkehøgskule, militæret, jobb – og hadde søkt opptak om plass i høgare utdanning året etter. Desse er altså tekne med i gruppa med planar om utdanning. Det eg er mest oppteken av her, er altså korleis *den mentale orienteringa mot ei høgare utdanning* verkar inn på talemålet, ikkje korleis den faktiske utdanningssituasjonen gjer det.

	1997	2001	2003
Utdanning (N=14)	43,6 %	54,9 %	51,9 %
Ikkje utdanning (N=3)	92,4 %	96,8 %	96,6 %

**Tabell 9.10 Bergensstøtta nivellerte former for dei med utdanningsplanar og dei utan utdanningsplanar gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt**

<sup>93</sup> I alle desse undersøkingane er det språkbrukarar frå bygda som er undersøkt. Det er mogeleg at resultatet hadde blitt eit anna dersom ein hadde undersøkt situasjonen i byane.




**Figur 9.8** Bergensstøtta nivellerte former for dei med utdanningsplanar og dei utan utdanningsplanar gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt

Diagrammet ovanfor viser ein tydeleg skilnad mellom gruppa med utdanningsplanar og gruppa utan utdanningsplanar. Begge gruppene er har ein svak auke i nivelleringsprosent mellom 1997 og 2001, men stabiliserer seg mellom 2001 og 2003. Det som er påfallande her, er likevel ikkje korleis gruppene endrar talemålet i undersøkingsperioden, men kor mykje høgare nivelleringsprosent det er i 'ikkje-utdanning'-gruppa gjennom heile undersøkingsperioden. Dette verkar underleg. Samstundes er det klart at informantfordelinga i dei to gruppene er skeiv, med 14 informantar i 'utdanningsgruppa' og berre 3 i den andre. Kanskje kan ein nærare kikk på enkeltindividua i dei to gruppene verka oppklarande?

Informant	1997	2001	2003
1	18 %	76 %	66 %
2	90 %	56 %	75 %
4	61 %	75 %	76 %
5	59 %	57 %	58 %
8	25 %	73 %	62 %
9	36 %	30 %	34 %
10	42 %	51 %	52 %
11	30 %	21 %	32 %
13	18 %	21 %	30 %
14	64 %	66 %	38 %
15	48 %	48 %	50 %
23	22 %	21 %	24 %
24	41 %	39 %	50 %
27	64 %	92 %	92 %


**Tabell 9.11** Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei som planlegg høgare utdanning, gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.9 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei som planlegg høgare utdanning, gjennom undersøkingsperioden

Informant	1997	2001	2003
17	98 %	98 %	99 %
20	88 %	98 %	96 %
26	88 %	93 %	94 %

Tabell 9.12 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei som ikkje planlegg høgare utdanning, gjennom undersøkingsperioden



Figur 9.10 Nivelleringsgjennomsnitt hjå dei som ikkje planlegg høgare utdanning, gjennom undersøkingsperioden

Dei 3 informantane i 'ikkje-utdanning-gruppa' har alle svært høgt nivelleringsgjennomsnitt gjennom undersøkingsperioden. Som nemnt ovanfor er det i norske undersøkingar nokså vanleg at informantar med høg utdanning bruker lokalt talemål, men at skilnaden skulle vera så kraftig som det her viser seg kan verka noko underleg. Her kan det kanskje verka oppklarande å trekkja inn ein tidlegare handsama faktor – nemleg foreldrebakgrunn. Det viser seg nemleg at desse tre informantane alle høyrer til i gruppa med to innflyttarforeldre, og faktisk utgjer dei tre i denne gruppa som har foreldre med bergensk talemålsbakgrunn (jf. underkap. 9.2.2). To av dei har begge foreldra frå Bergen, den tredje har ein forelder frå Bergen og ein med austlandsk talemålsbakgrunn. Det er dermed rimeleg å tenkja seg at den høge nivelleringsprosenten i gruppa utan utdanningsplanar er knytt til foreldrebakgrunnen til informantane i denne vesle gruppa, ikkje til mangelen på utdanningsplanar hjå desse tre.

Fordi gruppa utan utdanningsplanar er så lita, er det altså vanskeleg å tolka talemålsmønstra her på ein meiningsfull måte. Kan henda vil det vera meir nyttig å sjå nærare på den andre, mykje større, gruppa. I tabellen nedanfor, som viser graden av *endring* i nivelleringsgjennomsnitt i undersøkingsperioden, har eg delt utdanningsgruppa i to. Dei som alt er i gang med høgare utdanning, er i ein kategori, dei som har planar om høgare utdanning, er plasserte for seg sjølve. Tabellen viser at spreinga i endringsmønster er stor i begge desse gruppene. I gruppa som er *i gang med høgare utdanning* har vi to med stabilt lågt nivelleringsgjennomsnitt, to som har hatt ein svak auke, ein som har hatt ein kraftig auke, og ein som har hatt ein kraftig reduksjon. I gruppa som *har planlagt å ta høgare utdanning* har tre eit stabilt lågt nivelleringsgjennomsnitt, to har hatt ein svak auke, ein har hatt ein svak reduksjon, og to har hatt ein kraftig auke. At talemålsendringmønstra varierer så mykje i begge desse gruppene, tyder på at verken utdanning eller planar om utdanning har nokon særleg innverknad på talemålsutviklinga.

	Stabilt høge (+/- 5%), over 60 prosent bg. former	Stabilt låge (+/- 5%), under 60 prosent bg. former	Litt endring opp (+5-15%)	Stor endring opp (+ meir enn 15%)	Litt endring ned (- 5-15 %)	Stor endring ned (- meir enn 15%)
Utdanning utover vidaregåande nivå ( i gang med )		15, 23	4, 13	1		14
Utdanning utover		5, 9, 11	10, 24	8, 27	2	

vidaregåande nivå (planar om)						
Ikkje utdanning utover vidaregåande nivå	17		26,20			

**Tabell 9.13 Informantane kategorisert etter grad av endring i nivelleringsgjennomsnitt i undersøkingsperioden ut frå utdanningsplanar.**

### 9.2.4 Uteopphald

Til slutt skal eg sjå på variabelen *uteopphald*, altså om informantane har vore på flyttefot før intervjurunden i 2001, eller om dei har budd heime.<sup>94</sup> Vanlegvis blir sosiolingvistiske undersøkingar gjennomførte på eit informantutval i eit definert språksamfunn, og dette er dermed ikkje ein vanleg sosiolingvistisk variabel. Innafor dialektkontaktforsking derimot, er ein naturleg nok meir oppteken av denne problemstillinga – korleis språkbrukarar tilpassar seg språkleg når den dei snakkar med, har annan talemålsbakgrunn, og kva for konsekvensar dette får for språkbrukaren sitt språklege uttrykk på lang sikt. Jf. t.d. (Trudgill 1986) og (Kerswill og Williams 2000).

I Noreg er det gjort fleire studiar av innflyttarspråk. Helge Omdal har studert setesdølar busette i Kristiansand (Omdal 1994), Brit Mæhlum og Unn Røyneland har teke for seg innflyttarar til Oslo frå høvesvis Oppland og Sunnmøre (Mæhlum 1986; Røyneland 1994), og Paul Kerswill har undersøkt språket til strilar som har flytta til Bergen (Kerswill 1994). Det ser ut til å vera store skilnader mellom akkkommodasjonsmønstra hjå dei ulike informantane i dei ulike undersøkingane. Mange ting kan spela inn – alderen til informantane då dei flytta, kor lenge dei har vore på den nye staden, om nettverket hovudsakleg består av kontaktar frå heimstaden eller frå den nye staden, personleg innstilling til heimstaden og til den opphavlege dialekten, osv.

---


<sup>94</sup> Då eg såg nærare på flyttemønstra til informantane, viste det seg at det i 2003 berre var to av informantane som ikkje hadde vore på lengre opphald utanfor bygda (meir enn eit halvt år). Av desse to igjen hadde ein nettopp flytta til Bergen, medan den andre budde heime, men studerte i Bergen. Det var altså lite meningsfullt å bruka dette som ein variabel – å ha hatt eit opphald utanfor bygda som 20-åring viste seg å vera ei svært lite markert handling. Eg bruker dermed *uteopphald før 2001* som kriterium, ut frå ein tanke om at dei som reiser frå bygda før dei er 18, kan seiast å vera meir orienterte utover enn dei andre.

I og med at mange av informantane mine har vore på flyttefot i løpet av undersøkingsperioden, er dette ein interessant variabel å undersøkje. Det ligg nær å tru at informantar som har flytta, har vore utsett for meir dialektkontakt og dermed vil ha endra nivelleringsprosenten sin meir i løpet av undersøkingsperioden enn dei som ikkje har flytta. Ein kan dessutan tenkja seg at denne gruppa også mentalt er meir orientert utover, og dermed meir opne for det som kjem utanfrå.

I undersøkinga mi er flyttemønstra før intervjurunden i 2001 nokså samansette. Nokre av informantane har vore på folkehøgskule eller i militæret, og har dermed møtt folk med talemålsbakgrunn frå heile landet. Nokre har gått på vidaregåande skule i bygder ulike stader på Sør-Vestlandet, nokre har vore på utveksling i utlandet, og ein har flytta til ein annan del av omlandet rundt Bergen. Ingen har flytta til Bergen. Dialektane informantane har vore i kontakt med i flytteperioden har vore av ulike typar, og med ulik sosial status.

	1997	2001	2003
Heime (N=8)	45,5 %	57,7 %	60,1 %
Ute (N=9)	53,2 %	64,9 %	62,9 %

**Tabell 9.14 Bergensstøtta nivellerte former for dei med opphald ute før 2001 og dei utan slikt uteopphald gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt**



**Figur 9.11 Bergensstøtta nivellerte former for dei med utdanningsplanar og dei utan utdanningsplanar gjennom undersøkingsperioden, gruppegjennomsnitt**

Det viser seg at både 'heimegruppa' og 'utegruppa' har ein nokså tydeleg auke i gruppegjennomsnitt mellom 1997 og 2001, auken i 'heimegruppa' er faktisk litt større enn i

## 9 Språklege variasjons- og endringsmønster i sosial kontekst

'utegruppa'. Mellom 2001 og 2003 er gruppegjennomsnittet meir stabilt i begge gruppene. Det ser såleis ikkje ut til at opphald utanfor bygda før 2001 har nokon innverknad på graden av endring i gruppegjennomsnitt.

Dersom vi ser nærare på kva for typar endringar enkeltindividene i dei to gruppene gjennomfører mellom 1997 og 2001, får vi følgjande tabell:

	Stabilt høge (+/- 5%), over 60 prosent bg. former	Stabilt låge (+/- 5%), under 60 prosent bg. former	Litt endring opp (+5-15%)	Litt endring ned (-5-15 %)	Stor endring opp (+ meir enn 15%)	Stor endring ned (- meir enn 15%)
Budde på Os i perioden 1997-2001		5, 15, 23, 13, 24	20		1, 27	
Opphald vekke frå Os i perioden 1997-2001	17, 26, 14		4, 10	2, 9, 11	8	

**Tabell 9.15 Endring av nivelleringsgjennomsnitt frå 1997 til 2001.**

Dei 9 informantane med uteopphald før 2001 spreier seg over heile tabellen. 3 er stabile, 3 aukar og 3 reduserer nivelleringsgjennomsnittet i større eller mindre grad. Dei 8 informantane som har halde seg heime, spreier seg også, men her er det likevel 5 som er stabile, og berre 3 som endrar nivelleringsgjennomsnittet. Alle desse tre aukar nivelleringsgjennomsnittet frå 1997 til 2001, to av dei nokså kraftig. Det ser altså ikkje ut til å vera dei store skilnadene mellom gruppene, men det er litt fleire som endrar nivelleringsgjennomsnitt, anten opp eller ned, i 'utegruppa'.

Det ser altså ut til å vera like mange i 'heimegruppa' som aukar nivelleringsgjennomsnittet mellom 1997 og 2001 som det er i 'utegruppa'. Det er altså ingen grunn til å hevda at dei som har flytta på seg, har ein større tendens til å auka nivelleringsgjennomsnittet. Snarare tvert i mot – det viser seg at alle dei tre som *reduserer* nivelleringsgjennomsnittet i denne perioden er i 'utegruppa', medan to av dei tre som aukar nivelleringsgjennomsnittet mest dramatisk i undersøkingsperioden er i 'heimegruppa'.

Det kan også vera interessant å sjå om det er skilnad på dei i utegruppa som har budd heimefrå heile tida etter ferdig ungdomsskule (våren -98), og dei som berre har hatt eit kortare



uteopphald før 2001. Tabellen nedanfor viser korleis informantane fordeler seg dersom ein ser på samla endring frå 1997 til 2003:

	Stabilt høge (+/- 5%), over 60 prosent bg. former	Stabilt låge (+/- 5%), under 60 prosent bg. former	Litt endring opp (+5-15%)	Litt endring ned (-5-15 %)	Stor endring opp (+ meir enn 15%)	Stor endring ned (- meir enn 15%)
Borte 1998-2003	17	11	4, 10			14
Kortare opphald borte før 2001		9	26	2	8	

**Tabell 9.16** Informantane i 'utegruppa' kategorisert etter grad av endring i nivelleringsgjennomsnitt i heile undersøkingsperioden (1997-2003)

Det ser ut til at gruppa med kortare opphald borte før 2001 spreier seg over heile skalaen, med to stabile, ein med svak auke, ein med sterk auke, og ein med svak reduksjon. Gruppa som har budd borte heile tida etter 1998, spreier seg også, med ein stabil, to med ein svak auke og ein med ein stor reduksjon i nivelleringsgjennomsnittet.

### 9.2.5 Diskusjon og oppsummering

På variabelen *kjønn* var det ikkje nokon skilnad å snakka om på nivelleringsprosenten for kvinner og menn. Det var heller ikkje noko som tydde på at kvinner auka nivelleringsprosenten meir enn menn, dei to gruppene oppførte seg nokså likt på alle måtar.

Variabelen *foreldrebakgrunn*, derimot, viste meir markerte skilnader mellom gruppene. Gruppa med innflyttarforeldre hadde høgare nivelleringsprosent enn gruppa med osforeldre, og dette viste seg jamt over å vera tilfelle også på individnivå. Mellomgruppa hadde den kraftigaste auken i nivelleringsprosent.

Når det gjeld variabelen *utdanning*, ser ikkje ut til at dei som ikkje har teke utdanning utover grunnskulenivå, får ein sterkare auke i nivelleringsprosent enn dei andre. Dei med utdanning over grunnskule fordelte seg her over alle kategoriar – stabilitet, auke og reduksjon, medan dei tre utan vidare utdanning alle hadde ein nokså stabilt høgt nivelleringsgjennomsnitt.

Den siste variabelen var *uteopphald*. Det såg ikkje ut til vera sterk korrelasjon mellom det å ha hatt opphald utanfor bygda før andre undersøkingsfase og auke i nivelleringsprosent. Det var litt fleire endrarar i 'utegruppa' samanlikna med 'heimegruppa', men endringane gjekk i begge retningar. Det var heller ikkje tydelege skilnader mellom dei som hadde budd heimefrå sidan ferdig ungdomsskule, og dei som berre hadde hatt eit kort opphald ute av bygda før 2001.

Det ser altså ikkje ut til å vera nokon samanheng mellom variablane *kjønn*, *utdanning* og *uteopphald* og talemålsendringar i informantgruppa. Dette treng likevel ikkje å bety at desse variablane er irrelevante. For det første kan det henda at eventuelle språklege endringar manifesterer seg på nivå som ikkje blir fanga opp av dei språklege variablane som er utgangspunktet for den samla nivelleringsprosenten. Eg kan altså ikkje kategorisk avvise at det har skjedd språklege endringar som kan koplast opp mot dei utvalde sosiale variablane, berre slå fast at det ikkje har skjedd på dei språklege variablane eg har undersøkt. Det kan elles godt henda at det er andre sosiale forhold som eg *ikkje* har undersøkt som betre kunne ha vist samanheng mellom sosial gruppe og språkleg praksis.

Det er uansett interessant at den einaste variabelen som viser samanheng mellom talemålsendring og gruppetilhøyrse i mi undersøking er variabelen *foreldrebakgrunn*. Dette resultatet stemmer med Trudgill sine oppfatningar av kva foreldrebakgrunnen har å seia i eit diffust språksamfunn:

[...] unlike in stable situations where children normally acquire the dialect of their peers, in a dialect-mixture situation there is no single peer-dialect for the children to acquire, and the role of adults, especially perhaps of parents and other caretakers, will therefore be more significant than is usually the case (Trudgill et al. 2000:305)

Ut frå funna mine ovanfor knytt til foreldrebakgrunn kan ein utforma følgjande hypotese:

*I språksamfunn med mykje dialektkontakt er foreldrebakgrunn ein viktig faktor. Språkbrukarar med lokal foreldrebakgrunn vil i større grad halda på lokale former, språkbrukarar med ikkje-lokal foreldrebakgrunn vil bruka nivellerte former. Språkbrukarar med både lokal og ikkje-lokal foreldrebakgrunn vil i større grad enn andre ha potensiale for talemålsendring i slutten av tenåra.*

Denne hypotesen er basert på dei empiriske funna i materialet. Det teoretiske grunnlaget for hypotesen er skilnaden i språkleg internalisering i dei tre gruppene. Informantane med både

lokal og ikkje-lokal foreldrebakgrunn har truleg fått internalisert både lokale og ikkje-lokale former gjennom oppveksten, og deira nivelleringsauke kan dermed tolkast som ei utnytting av dette repertoarmangfaldet.

### **9.3 Informantane som sosiale aktørar**

Som eg gjorde greie for i underkap. 4.2, er informantutvalet mitt velegna for kvalitative føremål, og mykje av materialet eg har samla inn gjennom undersøkingsperioden, har også ein kvalitativ karakter (jf. 4.3.2). I det følgjande vil eg bruka dette materialet til å sjå nærare på samanhengen mellom sosial bakgrunn, haldningar, språklege strategiar og språkleg åtferd hjå enkeltinformantar ut frå ein kvalitativ innfallsvinkel.

I underkap. 4.1.1 hevda eg at kvalitative data eignar seg godt når ein ønskjer å oppnå ei heilskapleg forståing av spesifikke føremål. Ein kan til dømes gå inn og utforska *innhaldet* i kategoriane ein opererer med i undersøkinga, og samanhengane mellom dei. Ein kvalitativ innfallsvinkel eignar seg dermed godt til å utvikla hypotesar og teoriar, men er ikkje like eigna til å fastslå kor representative dei funna ein har gjort er.

I den følgjande analysen vil eg presentera seks informantportrett, der eg ser ulike sider av informantane sin sosiale og språklege profil i samanheng. Føremålet med denne analysen er tosidig. For det første ønskjer eg å visa noko av kompleksiteten som alltid kjem til syne når ein begynner å grava i den sosiale profilen hjå enkeltindivid. Ein kvalitativ innfallsvinkel gjev høve til å sjå mange sider ved enkeltindividet i samanheng, og kan slik gje ei djupare forståing av kor komplekse relasjonane mellom sosial bakgrunn og språkleg åtferd eigentleg er. For det andre – og dette kan nok framstå som eit paradoks – ønskjer eg på same tid å sjå etter mønster i den sosiale og språklege åtferda til informantane. På same tid som informantane er unike og komplekse enkeltindivid inngår dei på same tid i ein sosial samanheng med meir eller mindre etablerte sosiale og språklege normer (jf. underkap. 3.3), og dette samspelet er interessant å granska nærare. Dette andre perspektivet tek eg opp i diskusjonen som følgjer etter informantportretta (9.3.7).

Totalt i undersøkinga har eg 17 informantar, 6 av desse er blitt plukka ut og vil bli portretterte i den følgjande framstillinga. Eit naturleg spørsmål i den samanhengen er kvifor eg har plukka ut akkurat desse 6, og ikkje nokre av dei andre 11 informantane. Og kvifor akkurat 6, kvifor ikkje fleire eller færre? Målsetjinga med analysen nedanfor er oppnå ei djupare forståing av kva som rører seg i heile informantgruppa, og eg har difor valt informantar som eg meiner best mogeleg kan spegla det sosiale og språklege mangfaldet i gruppa. Eg meiner at seks enkeltportrett er mange nok til at eg kan få vist både mangfaldet og

mønstera som går igjen i heile gruppa. For å sikra at mangfaldet i gruppa er representert, har eg plukka informantar av ulikt kjønn, med ulik foreldrebakgrunn, med ulike utdanningsplanar og med ulik flyttebakgrunn i undersøkingsperioden (jf. den kvantitative analysen ovanfor), samstundes som eg har vore oppteken av å få fram ulike haldningar til heimstaden, ulike nettverk, ulike haldningar til talemålsendring, og sjølvstekt – ulik språkleg åtferd. Ei oversikt over den sosiale og språklege profilen til alle informantane finst i vedlegg 6.

I utveljingsprosessen har eg altså hatt som mål å gjenspegla det sosiale og språklege mangfaldet i gruppa. Dette ønsket er blitt prioritert framfor ønsket om å analysere den sosiale bakgrunnen for språkendringsmønstra hjå dei fire 'endrarane' eg analyserte språkleg i kap. 8.4. Berre ein av informantane frå denne analysen, informant 1, er blitt portrettert i framstillinga nedanfor. Dette kan verka uheldig, men eg har altså valt å visa mangfald i språkleg og sosial åtferd i heile informantgruppa, der også dei språkleg stabile er ein del av biletet, framfor å få eit heilskapleg bilete av bakgrunnen for endring hjå dei fire informantane som blei analyserte i kap. 8.4. Dei seks informantane som blir portretterte nedanfor er:

Informant 23	Gut, begge foreldre frå Os. Stabilt lågt nivelleringsgjennomsnitt.
Informant 14	Gut, begge foreldre frå Os. Høgt nivelleringsgjennomsnitt som blir redusert i siste innsamlingsrunde.
Informant 1	Gut, ein av foreldra frå Os. Lågt nivelleringsgjennomsnitt i første innsamlingsrunde, aukar kraftig gjennom undersøkingsperioden.
Informant 20	Gut, to innflyttarforeldre. Høgt nivelleringsgjennomsnitt som aukar svakt gjennom undersøkingsperioden.
Informant 5	Jente, ein av foreldra frå Os. Stabilt middels lågt nivelleringsgjennomsnitt.
Informant 15	Jente, to innflyttarforeldre. Stabilt middels nivelleringsgjennomsnitt.

I underkap. 2.3.3 hevdar eg at ein viktig sosiolingvistisk premiss er tanken om at språk ikkje berre kan brukast til å uttrykkja eit semantisk innhald, men også *sosial mening*. Fordi ulike språktrekk blir assosierte med ulike sosiale grupper, kan språkbrukaren uttrykkja sin sosiale identitet gjennom val av språkformer. Gjennom å markera fellesskap med ei gruppe markerer ein samstundes avstand til ei anna gruppe. I den følgjande analysen vil eg prøva å utforska kva for samanheng det ser ut til å vera mellom gruppetilhøyrslø og språkleg åtferd hjå dei seks utplukka informantane. Viktig i denne samanhengen er utforskinga av kva det eigentleg vil

seia å ha ei lokal tilhøyrsløse eller orientering – er dette noko ein anten har eller ikkje har? I kvart av informantportretta vil eg sjå i kva grad den aktuelle informanten kan seiast å ha ei lokal orientering.

Omgrepet 'lokal orientering' er brukt mellom anna hjå Unn Røynealand i hennar undersøking av ungdomar på Røros og Tynset (Røynealand 2005:192), men då i ei litt anna tyding enn eg vil gje det. Min bruk av omgrepet er inspirert av Henning Andersen si inndeling i opne og lukka, endosentriske og eksosentriske språksamfunn. Som eg gjorde greie for i underkap. 3.2.2, har eit *ope* språksamfunn målbare kommunikasjonsmønster som vender utover, medan eit *lukka* språksamfunn har meir innovervendt kommunikasjon. Skilnaden mellom *endosentriske* og *eksosentriske* språksamfunn er knytt til psyko-sosiale tilhøve. Eksosentriske språksamfunn er kjenneteikna ved at språkbrukarane er opne for det som kjem utanfrå, og lett tek opp nye språktrekk, medan endosentriske språksamfunn har utvikla ei meir negativ innstilling til språklege trekk som kjem utanfrå. Eit lukka og endosentrisk språksamfunn er dermed mindre utsett for språkleg påverknad utanfrå enn eitt som er ope og eksosentrisk. Eg meiner at dei to dimensjonane Andersen introduserer her, kan vera fruktbare ikkje berre på eit språksamfunnivå, men også på individnivå.

I denne samanhengen vil omgrepet *lokal orientering* vera eit samleomgrep som tek opp i seg aspekt frå begge desse omgrepspara, altså både meir målbare faktorar knytt til kommunikasjon og mindre målbare faktorar knytte til psyko-sosiale tilhøve. Ein språkbrukar som er maksimalt lokalt orientert vil til dømes ha *lokal foreldrebakgrunn, lokalt basert nettverk, ingen flyttebakgrunn* (kommunikasjonsmønster som vender innover), men også *positive haldningar til heimstaden, planar om å bli buande på heimstaden vidare, positiv haldning til det lokale talemålet* osv (den psyko-sosiale dimensjonen). Eg vil undersøkje i kva grad lokal orientering på eitt område ser ut til å henga saman med lokal orientering på andre område.

Det motsette av lokal orientering er *ikkje-lokal orientering*. Denne kan ha ulike sosiale retningar. I denne samanhengen er det lokal orientering eller *mangelen* på lokal orientering eg er oppteken av, og eg meiner difor at inndelinga i lokal og ikkje-lokal orientering, utan nærare presisering, er den mest nyttige. I dei enkelte portretta kommenterer eg likevel kva for retning ei eventuell ikkje-lokal orientering ser ut til å ha.

I intervjuet plukkar eg sitat frå begge dei kvalitative intervjuet som er gjort med kvar informant (jf. underkap. 4.3.2). Eg oppgjev kva for intervjuet det er henta frå, men eg har ikkje vore oppteken av endringsperspektivet i alle intervjuet. I dei tilfella der informantane er stabile

både i språk og i haldningar, bruker eg sitat frå begge innsamlingsfasane om kvarandre. I dei tilfelle der det har skjedd endringar, er eg naturleg nok meir oppteken av utviklinga.

### 9.3.1 Informant 23

Informant 23 har begge foreldra sine frå Os, og han har eit stort sett lokalt basert nettverk gjennom heile undersøkingsperioden, sjølv om han i 2003 oppgjev nokre få ikkje-lokale nettverkskontaktar. Han er aktiv fotballspelar på eit lokalt lag, og har vore det gjennom heile oppveksten. Han har også stort sett budd heime i heile undersøkingsperioden: Han gjekk på vidaregåande skule på Os, og budde heime hjå foreldra i denne perioden. Etter vidaregåande reiste han i militæret på Austlandet. Etter militæret flytta han heim igjen. Han var i 2003 i gang med ei høgskuleutdanning innafor tekniske fag i Bergen. Dette året budde han heime hjå foreldra på Os og pendla, men han hadde planar om å flytta i lag med nokre kameratar i eit husvære i Bergen hausten 2003. Informant 23 er altså lokalt orientert på mange ulike område.

Også når det gjeld haldningar til heimstaden, er informant 23 lokalt orientert. Han har svært positive tankar om heimstaden, og tilsvarende negative haldningar til den store byen i nord.

Sånn før hadde eg, eg e fra Os, og kjempeglad du ikkje va fra stygge, svarte Bergen. Så eg va, egentli alltid vore frå Os. Ikkje fra ein plass sør for Bergen. Og ikkje fra Fusa elle Tysnes heller (-01).

Forholdet til Bergen er likevel ikkje eintydig negativt. Han meiner at Bergen er ein fin by, og litt av fordelene med å bu på Os er nettopp at det ligg så nær byen. Slik kan ein få fordelane både med å bu landleg og med å bu i nærleiken av ein stor by.

*Kvifor er det så fantastisk på Os? Nærmt Bergen, ufattelig masse finare enn Bergen, sjøl om Bergen e ufattelig fin den òg for å vera ein by. Du har alt det du trenge, liksom. Viss den der nye veien komme, atten minutt buss, kvarter med vanlig bil. Du har absolutt alt det du trenge. Du trenge'kje nokke mær (-03).*

Informanten er svært patriotisk innstilt, og har mykje av identiteten sin knytt til geografisk opphav. Men det geografiske opphavet han føler seg knytt til varierer alt etter kontekst:

Nei eg merka jo, eg e jo Os-propaganda uansett kor eg går, då. I militæret va det bare Os. Liksom alt va best med Os. Eller liksom, først så, "aust om elvo", så vi kalla det då, det e liksom opp me, det e liksom eg og bestekompien min vi drive og snakka om "aust om elvo". Vest om elvo, psjj, ingenting. [...] Eg merka at uansett kor du komme, så liksom, i Os identifisera du deg med akkurat plassen du bur, komme te Bergen så e det Os, så Norge så e det Bergen, e du i Europa så e det Norge, så det e liksom... (-03).

Informant 23 har altså stort sett budd på Os i heile sitt liv, bortsett frå året i militæret etter fullført vidaregåande skule. Men også i denne perioden hadde han svært hyppig kontakt med heimemiljøet:

Når eg va i militæret så va eg jo heima kvar helg. Eg hadd'ikkje to fridaga på rad utn at eg va heima. Og det va fra Oslo. Då reiste eg, vi fekk perm på fredagen, så reiste eg tok eg ti øve fira-toget, kom eg heim heilt på kvæln på fredagen, og så tok eg nattoget tebakke om søndagkvæln. Kvar helg. Eg trur det lengste eg va vekke sammenhengande var fi- fira uke. Då va eg nervevrak når eg satt på toget, då gleda eg meg sånn te å komma heim (-03).


Då det tredje intervjuet blei gjennomført i 2003, budde informanten framleis på Os, og pendla til studiar i Bergen kvar dag. Han meinte at det var ein grei måte å gjera det på, men hadde likevel tenkt å flytta til Bergen i lag med nokre kameratar neste studieår, for å få med seg litt studentliv. Han var likevel svært innstilt på å flytta tilbake til Os etterpå, sjølv om jobbmarknaden er med på å bestemma kvar ferda går etter ferdig utdanning:

Ser for meg at eg bur på Os. Har ei strøken kåna og tre små unga. Og ein svær villa på seks hundre kvadrat. (ler). [...] Ser'kje for meg at eg flytta. Væt'kje, problemet, når du e ingeniør, så flytta du kanskje litt der jobben e, der det e best jobb meina eg, hvert fall viss du har ambisjona om å bli veldig rik. Ja, kva vel du dersom du må velja mellom å bli kjemperik og å bu på Os? Kjemperik (ler) (-03).

Det er likevel ikkje heilt det same for informanten kvar han må flytta. Han er svært skeptisk til Austlandet, og uttrykkjer fleire gonger sterk motvilje mot å flytta austover. Etter å ha hatt militærtjeneste austpå er han vaksinert.

Kva var det du mislikte så intenst med Austlandet, eigentleg? Folkena. Korleis det ser ut der. Klimaet. Bikkjekaldt om vinteren. Veit du korleis det e å stå i minus tjuufem grade heilt stiv oppe med eit stygt slott og passa ein konge som du egentli ikkje sette pris på i da heila tatt? (ler) (-03).

### Talemålet – åtferd, haldningar og strategiar





Av diagrammet går det fram at informanten har eit lågt og stabilt nivelleringsgjennomsnitt. Han er faktisk av dei informantane som har det lågaste og mest stabile nivelleringsgjennomsnittet. I lyttetesten oppgjev informant 23 at måten han snakkar på, liknar mest på prøve nr. 3. (jf. underkap. 7.2.1), altså det eg har kalla for *yngre osmål -01*. Dette kan kallast den moderne utgåva av osmålet, med ein nivellert fonologi, men med mesteparten av det morfologiske systemet intakt. Han oppfattar seg sjølv som ein nokså stødige talemålsbrukar, og reknar det å halda på det lokale talemålet som ein viktig del av det å vera osing. Han irriterer seg over andre som ikkje er like konsekvente som han sjølv. Han fortel om ein kamerat som har lagt om, og korleis han reagerer på det:

Han har lagt om dialekten, merke han e mæ r global. Sånn oftare, lengre vekke, han har kontakt med folk fra by'n og kontakt, før så hadde eg liksom mulighet te å påvirka han og, "det heit' ikkje *siar*, det heite *seie*", og sånn som. Kunne lera han, men no må eg setta han på plass fleire ganga i uko og, fortella ka han skal sei og ikkje sei, så (-01).

Desse to har stadige diskusjonar om kva som er rett og galen språkbruk:

Sånn så han naboen så eg oppga der, han e jo, moro e jo fra Os men ho snakka pent, og faren e fra Bergen, så no, det er ofta eg har sånne heftige diskusjonar med han om ka som e normalt, og eg seie bokmål er dansk og (-01).

Valet mellom bokmål og nynorsk er også viktig for informant 23. Som vi ser i sitatet ovanfor, bruker han på same måte som dei fleste andre informantane (jf. underkap. 7.4.1.3) omgrepa nynorsk og bokmål også for å karakterisera høvesvis vestlandske bygdedialektar og bergensk talemål. Osmålet ligg ein stad midt i mellom:

Det e'kje, det e'kje nynorsk det vi snakka på Os, nynorsk e, Os e ein sånn der blandingsdialekt, det e'kje nokke sånn, mens nynorsken begynna med kjærleik og alle di vanskelege ordena, men så ingen bruka utnom innerst i fjordane oppe i Sogn og Fjordane (-01).

Likevel knyter informanten verdien av nynorsk skriftspråk til verdien av å halda på talemålet, og han har bestemt seg for å skriva nynorsk, sjølv om han synest det er vanskeleg:

*Har du nynorsk som hovudmål?* Ja. Men sjøl om eg skrive førti ganga mæ r rett på bokmålsstila enn på nynorskstila, for det nynorsken blir av og til for innsøkt og teit, rett og slett. [...] No er det blitt mæ r prinsippsak, eg er nynorsk, det. Det ska'kje komma nokke bokmål og ta øve meg (-01).

I intervjuet i -03 fortel informanten at han vel nynorskbøker også på dette studiet, i dei faga der lærebøkene ikkje er på engelsk. På eksamen her skriv han ei blanding av nynorsk og bokmål, det har han alltid gjort seier han, med unnatak av i norskfaget.



Informanten er altså oppteken av å halda på talemålet i alle situasjonar. Han prøver å snakka på same måte, uansett om dei han snakkar med bruker eit anna talemål. Særleg når han snakkar med bergensarar, er det viktig for han å markera at han snakkar annleis.

*Du seier at du snakkar slik som person tre. Gjer du alltid det, trur du, eller vekslar du litt etter kven du snakkar med? Nei, eg lika hvertfall å tru at eg ikkje knota. Nei, det gjø'kje eg. For det at eg får ofta kommentara på at "du snakka'kje sånn så han" Det e han der [namn], viss han har nokke venna fra by'n på besøk og eg e der nere, så "koffor snakka du så annerledes enn han". [...] Så eg forsvara nynorsken min. Di få'kje lov å ta den fra meg. Nei, så eg trur ikkje eg snakka nokke særlig annleis (-01).*

Han er ikkje plaga av å få kommentarar på måten han snakkar på, og oppfattar det nok heller som positiv merksemd:

*Nei, viss det e nokken så reagera, så e jo det di, og då e jo det deiras problem. Viss du gidde å henga deg opp i korleis eg snakka, så e jo det ikkje nokke å samla på spør du meg. Eller, til ei viss grad så kan det bare ver morsomt at di henge seg opp i det. [...] Nei eg va sammen med ei der nerifra (Fana), og ho va sånn eg måtte lera ho ord. Så ho kunne ta med og bruka i samtala. "Skjevo" e vel kanskje det mest populære ordet. "Skjevo". Lika det (-03).*

Likevel meiner han at språket hans har endra seg noko dei siste åra. Han meiner at han er blitt påverka av venner, sjølv om han kjempar mot så godt han kan:

*Sjølv om eg prøve å stritta imot det der bokmål, så merke eg at av og til komme det sånne ord som eg aldri kunne brukt før og sånn. "Koffor seie du det då?" (hermar) For eksempel? Nei, eg komm'ikkje på nokke sånn no i slengen, men av og til seie eg, eg seie "di" i stedet for "dei" , eg seie sånne ord som egentleg isje, eg isje, det e'sje familien eller nokke, det er gjennom venna (-01).*

Han er ikkje særleg optimistisk på vegner av osmålet. Sidan Os får fleire og fleire innflyttarar, og den nye vegen truleg kjem til å føra til at endå fleire vil bu på Os og arbeida i Bergen, trur han at neste generasjon vil snakka annleis enn han sjølv.

### 9.3.2 Informant 14

Informant 14 er også på mange måtar lokalt orientert. Også han har begge foreldra sine frå Os, og også han har eit svært lokalt orientert nettverk gjennom heile undersøkingsperioden – også i siste innsamlingsfase er alle nettverkskontaktane hans frå Os. Dette er nokså imponerande, sidan han flytta frå Os alt då han var seksten for å gå på vidaregåande skule på Stord, og ikkje har budd heime sidan. I siste undersøkingsperiode studerte informanten på Høgskolen i Sogndal, der han er i gang med ei 3-års utdanning. Den tette kontakten med nettverket heime på Os har truleg å gjera med at informanten spelar fotball på eit lokalt lag på eit nokså høgt nivå, og dermed må heim ofte for å spela kampar. I periodar er han heime kvar helg.

## 9 Språklege variasjons- og endringsmønster i sosial kontekst

Eg har jo reist, pendla hver helg, [...] heile høsten og fra øve jul så er eg nesten reist hjem hver helg, så det har vært mye stress med fram og tilbake og, mye styr, men det er jo deilig å komma heim og (-03).

Han trivst i grunnen godt med å koma heim så ofte, fordi det betyr at det er lett å halda kontakt med dei gamle vennene heime. Det er dei som er dei viktigaste nettverkskontaktane hans, meiner informanten:

*Så det er liksom dei som, ja dei som er på Os då, så du har hatt kontakt? Ja alltid, d'e di eg har, i én gjeng som er her, d'e di vi e med, di snakka eg med jevnlig når eg e i vekene i Sogndal og alt, og det er veldig, det er di som heilt klart betyr mest for meg og alt, så, som eg e med, det er jo hver helg når eg komme heim (-03).*

Sjølv om han har trivest svært godt dei stadene han har budd etter at han flytta, er det ingen tvil om at det er Os han oppfattar som heime. Det er her han ønskjer å slå seg ned når han er ferdig utdanna. Gjerne på bøen heime:

Kvar har du lyst å bu? Eg har lyst å ver i Os, faktisk. Eg har lyst å holla meg her, men, kor lett det e å få lærarjobb her e jo spæne, det veit eg jo ikkje. [...] Så eg væt'kje heilt ka du, men eg vil vær her i nærhetn, heilt klart. Så eg kan bo i nærhetn her. Det e det planen e, hvert fall. Bygga eit hus ned på jordet her. (ler) Enklast mulig (-03).

Sjølv om han trivst svært godt på Os, er han ikkje heilt sikker på om han vil tilrå alle han kjenner å flytta hit. Han framhevar at Os ligg fint til, og på same måte som informant 23 er han oppteken av at det er særleg fint å kunna bu så landleg, men likevel ha kort veg til ein stor by.


Det som e fint med Os e jo at du e kanskje så, iaffal, eg syns eg bor perfekt til. Eg bor så langt fra alt, og likevel så nærmt alt, det e liksom. Du bor, du har nestn, du har ingen forstyrrelsa, det e'kje akkurat nokke, det e ingenting så forstyrra deg i det heile tatt, du kan gjør alt du vil ute i hagen, du har alt så du trivs med, pluss du har to minutt å kjøra til Os der du kan få alt du vil ha, du har halvtime så komme du til Norges nest største by [...] (-03).

Men synet hans på Os og kulturen der er likevel ikkje heilt unyansert. Når det gjeld utelivet på Os, er han meir kritisk, han meiner rånekulturen er for dominerande.

Så eg kan heilt klart anbefale Os, men eg vil ikkje anbefale Madammen ska du gå ut. [...] Det e litt sånn bygda, Os òg, det e litt sånn derre, kjenne du folk så e sikkert Madammen kjempehot det, så på Essoen og råna litt og kjøpa ein burger sant, så e det, drikka kanon, men, skal det vær litt mær normale folk ofte, så må du kanskje te byn (-03).

Informanten føretrekk altså meir urbane samværsformer på utelivsfronten, og desse meiner han at ein må til Bergen for å finna.

### Talemålet – åtfærd, haldningar og strategiar



Språkleg er det stor skilnad på informant 23 ovanfor og informant 14. Informant 14 har eit høgare nivelleringsgjennomsnitt enn informant 23 gjennom heile undersøkingsperioden, sjølv om han faktisk bruker markert fleire lokale former i siste undersøkingsfase. Han meiner sjølv at talemålet hans ber preg av at han budde dei første åra sine på Sjøfteland, ein krins i Os som er meir dominert av bergensfarga talemål enn det sentrumskrinsen er. Språket hans er prega av ei veksling mellom lokale og nivellerte former på alle variablar, litt på same måte som informant 8 (jf. underkap. 8.4.2). Dette kommenterer også informanten sjølv:

Viss eg plassere meg sjølv så, vil eg nestn sånn der, han ungdomen så det er nær meg, litt sånn, litt blanning, litt. Nokken sånn nynorskord så e innimellom, sånn der, ellers går det, gjennomført halvveis bokmål, med noken sånn innvirkninga fra Stord og litt (-01).

Også informant 14 bruker terminologien knytt til bokmål og nynorsk når han skal beskriva spenninga mellom bergensk talemål og osmålet. Han koplår dermed også måten han skriv på og måten han snakkar på, og peikar på at han ikkje er ein "bokmålsmann" når han skriv. Dette meiner han vennene reagerer på, fordi dei ikkje forventar det frå han, sidan han snakkar som han gjer. Likevel går det inn i eit heilskapsbilete, meiner han – han er "ein sånn så blanne".

Nei, men når eg skriver så skrive eg mysje nær nynorsk, for då skrive eg nynorsk, så folk holle på å daue når dei lese meldingene mine, då skrive eg "gjer" og "ikkje". Så eg skrive veldig annleis enn ka eg snakke. Og endinga, eg blanne jo alt. Så eg trur eg e veldig sånn. Veldig forskjellig. Blanna (-01).

Han meiner sjølv at talemålsvekslingane mellom lokale og nivellerte former kjem av at han ikkje er særleg oppteken av språk og korleis det skal brukast når han snakkar:

Eg e elendig i norsk, eg preika alt mulig, eg trur eg har nynorsk, bokmål, nynorsk, alt ant så finst. [...] Eg orka ikkje å konsentrera meg om ka eg skal sei, om eg sie "kjem" eller "komme" eller ka, det blafra ut og så får eg heller tenke ettepå (-03).

Han er heller ikkje særleg oppteken av korleis andre vel å ordleggja seg. Han meiner at dei fleste vennene snakkar ”vanli”, ikkje noko han oppfattar som markert. Det einaste han kommenterer, er måten folk snakkar på i Øyane. Der meiner han talemålet er markert annleis enn i resten av bygda:

Eg veit ikkje akkurat korleis di voksne snakka der ute, men di, di ungdommane di snakka så utydelig og, heilt ant språk, og, veldig sånn brå ”ja, hø hø”. Sånn eg har ein på laget mitt så snakke, det, det e morsomt å høre på nesten, for di e jo så korte og brautete, men di e, kanonnynorsken, det va så veldig (-01).

Talemålet i Øyane oppfattar han altså som heilt annleis enn det han snakkar sjølv, som ”kanonnynorsk”, og som kort og brautete. Det verkar ikkje som han har meiningar om øyamålet er stygt eller pent, det er berre fascinerande annleis.

Informanten meiner sjølv at talemålsvekslingane hans har samanheng med kven han snakkar med. Han legg vekt på at det ikkje er noko han er medviten om, det er noko som skjer heilt av seg sjølv.

*Variierer det etter kven du snakkar med, trur du, korleis du snakkar?* Ja, det vil eg tro, litt, egentlig. Isje så mykje, men sånn. Det e bare sånn, du snakke og så komme det. Eg meine du har slekt i sogn så komme du inn der, så snakke, så venne du deg til litt der inne, og så komme du tilbake, og så e du heilt annleis igjen. Så eg tror det, du mer, sjøl om du ikkje tenke på det så bare skjer det automatisk at du bare preike. Du bare preike sånn. *Det blir bare sånn?* Ja, det bare, det bare skjer. Du bare snakke (-01).

Han er også nokså sikker på at desse vekslingane endrar seg over tid, avhengig av kvar han oppheld seg. I siste undersøkingsfase studerer han i ein bygdeby i Sogn, og meiner at måten han snakkar på der, skil seg frå måten han snakkar på heime. I Sogn er han omgjeven av medstudentar frå ulike stader i landet, så den språklege påverknaden oppfattar han som temmeleg heterogen.

Men du blir heilt sikkert påverka, når eg e der oppe, så tror eg eg seie heilt sikkert ord som eg aldri ville sagt her heima. Legge om til kor du e hen, hvert fall sånn på småting. Men det huska eg spesielt på Stord òg, då hadde eg nokken sånne uttrykk, av og te når eg kom heim, så blafra inn nokke a'a og nokke, aldri sa før. Så du blir litt påverka, men når du komme sånn, det e jo ingen sogninga du kjenne nesten, så det blir jo nokken fåtall du kjenne så bor i Sogndal, di fleste e jo fra Bergen så du kjenne nesten, og litt rundt omkring, så (-03).

### 9.3.3 Informant 1

Informant 1 har mange fellestrekk med informant 23 og 14. Også han har ei nokså tydeleg lokal orientering på mange måtar. I alle innsamlingsfasar har han ei overvekt av lokale nettverkskontaktar, og både i første og andre innsamlingsfase er dei i sterk overvekt. I tredje innsamlingsfase er om lag halvparten av nettverkskontaktane lokale. Far til informanten er frå

Os, og informanten har vakse opp i eit nabolag med slekt på alle kantar. Mor hans er frå strilelandet nord for Bergen. Det betyr at hennar talemål er nokså likt det tradisjonelle talemålet på Os. Informanten budde heime på Os fram til etter andre innsamlingsfase i 2001, men flytta så til Stavanger for å studera. På same måte som informant 14 og 23 er også han i gang med ei treårig profesjonsutdanning.

Også informant 1 har ei sterk lokal tilknytning. Han abonnerer på lokalavisa, og følger slik med på kva som skjer heime også når han er på studiestaden, og han er ofte heime på besøk. Kvar sommar arbeider han i faren sitt firma, så då bur han heime fleire månader om gongen.

I intervjuet i andre undersøkingsfase, medan han gjekk på vidaregåande på Os, er informanten positiv til å gå på skule heime. Han kommenterer då korleis mange av vennene hans er leie av å bu på Os, men sjølv er han ikkje einig i det – han trivest med det han oppfattar som fredeleg bygdeliv:

Eg har det heilt topp, eg. Eg synst det e, eg kose meg der. Veit det e mange så, uff, lei av gymnaset, kjedeli, men, e det så mykje gøyare andre plassa då, tenke eg, altså det e jo ikkje det. Folk seie Os e så kjedeli. Ja, e det gøyare der då, seie eg. Nei, då e da gjerna kjedeliare der. Sant, så di seie, uff eg vil til ein by, sant, det e mysje mær spenning i ein by. Det kan no stemme det, men – væt'kje. Like det fredelig (-01).

Allereie på gymnaset har han planen klar for høgare utdanning, og har allereie då bestemt seg for at han vil flytta heim igjen til Os etter at denne utdanninga er ferdigstilt, for å driva eit privat firma heimefrå. Han meiner alt ligg til rette for å driva ei blomstrande bedrift heimefrå, innafor det feltet han har valt seg. Os kan faktisk fungera betre som arbeidsstad enn til dømes Bergen, meiner han.

Asså eg tenke sånn så, at, bu landlig, det e mysje mær inspirerene det. Sant, altså her kan eg gå ut på terrassen om sommaren, og så kan eg høra di der bjøllesauene så springe ne på marko der, sant, og det e no bare konge, syns no eg, då. Sant, så då kan du sitte der og kose deg og tenke "yes", og då kan du lissom føle at du e i live, nestn, men i ein by der e det jo bare ståk, syns no eg då. Så det e bare. By har sin sjarm, då (-01).


I tredje undersøkingsfase er han godt i gang med utdanninga som vil gjera han i stand til å gjennomføra planane sine. Eg spør om det viktigaste for han er å flytta tilbake til Os, eller å få etablert den arbeidsplassen han har drøymt om så lenge. Han svarer at begge delar er like viktig, men at det å koma tilbake til Os er ein viktig del av det. Han grunngjev det med at staden Os har ein mentalitet som han likar:

Os e jo, alle på Sotra seie at Os e rânebyen, og alle på Os seie at Sotra e râneplassen. Men, det e jo sant òg. Ikkje det at eg kjenne noen av di der rânefolkene, og ikkje det at eg ser så veldig opp til di

eller noe sånt, eg ser nok ner på di, eg som alle andre, men, men, et eller ant med stemningen, altså. At folk e sånn, og at du e vant til at folk e sånn. Folk e ikkje sånn dødsseriøse, altså det e lov å leke litt med ting. Til og med di som sitte i rånebil på Essoen, og som sitte i femte biln i mellom di andre eller noe sånt, di må jo skjønna at dette kan ikkje vera heilt. [...] Sann sett e Os litt kjekt, altså. Folk e litt sånn, litt spesielle. Det e' sje sånne fisefine byfolk. Det e jo egentli bare bønne, og det kan vi leva med. At det tar litt av, at det e litt sånn bygdefest e ekstra kjekt, trivs mye mær med det (-03).

Det er altså viktig for informanten å bu ein plass der folk ikkje tek seg sjølv så høgtideleg, og ikkje er redde for å verka bondske eller rånete, sjølv om heller ikkje han identifiserer seg med rånekulturen. Han meiner dessutan at han framleis har eit betre nettverk på Os enn andre stader, og dette er også ein motivasjon for å flytta heim att. Dersom han gjennomfører planen slik han har tenkt, vil han bli buande i det området der han har vakse opp, med mesteparten av slekta på farssida i nærleiken. Også søskena hans kjem truleg til å bu i same området.

### Talemålet – åtfærd, haldningar og strategiar



I 1997 hadde informant 1 eit talemål med svært klart lokalt preg. Han var, i lag med informant 23 og eit par andre, av dei som hadde det mest tradisjonelle talemålet. I diagrammet går det fram at informanten har hatt ein sterk auke i nivelleringsgjennomsnitt gjennom undersøkingsperioden (jf. også underkap. 8.4.1). Den kraftigaste auken skjedde medan han gjekk på vidaregåande skule, og framleis budde heime på Os. I lyttetesten i 2001 oppgjev informanten at han kjenner seg mest igjen i taleprøve nr. 5 (jf. underkap. 7.2.1). Denne prøven er karakterisert av ei blanding av bergensstøtta nivellerte og lokale former, og informanten meiner at denne talemålsprøven er ”ungdommeli”, og med ”litt ironisk preg”. I siste innsamlingsfase i 2003 har informanten lagt seg til eit stavangerprega intonasjonsmønster som bryt gjennom ein del stader i intervjuet. Dette kommenterer han sjølv.

Eg tror faktisk det har forandra seg litt sidn sist. No e eg i eit heilt ant land, veit du, Rogaland, og då, her snakke di annerledes, og det merke eg jo at eg tar etter. *Gjer du det? Kva ting er det du tar*

## 9 Språklege variasjons- og endringsmønster i sosial kontekst

*etter, då?* Eg merke det til og med på tonefallet, ofte, sånn, ofte eg flytte på, sånn, ”ka du syns”. Kunne aldri sagt før [...] (-03).

Han er elles ikkje særleg oppteken av korleis han og andre snakkar. Han meiner at språket hans endra seg nokså naturleg gjennom gymnastida, fordi han der blei kjent med folk som snakka annleis enn han sjølv, og tok etter dei.

Eg bøye liksom *-ene*, liksom, trur det e sånn så har komt, viss du høre på sånn så da va i tiende, så e det nok muligens litt annerledes, faktisk. *Ja, kva trur du har skjedd?* Ja, eg trur, eg væt’kje, for sånne endringa skjer jo utn at du legge merke te di, men eg trur at eg e litt påvirka av ein, eit par folk på gymnaset så har di der, spesielt, sant, snakke eg ein del med ein fra Sandefjord, og han har jo masse av det der [...] (-01).

Når eg spør han kvifor han har gjort desse endringane, svarar han at han har gjort dette for å gjera seg betre forstått, og at han eigentleg ikkje synest det er særleg dramatisk, sidan det å vera bergensar eller osing ”nestn går opp i opp”. Det å tilnærma seg eit bergensk talemål gjer at han blir forstått betre, men tilnærminga kan likevel berre gå føre seg til ei viss grense:

Men bare for å gjør meg bedre forstått, så har eg endra ein del ting. Nei, det blir sånn, bergensk e jo mær, riksmålprega greie, sant. Og, eg legge jo ikkje skjul på at eg e ein vestlenning i det heile tatt. Det komme, eg komme aldri til å endre meg, sei nokke sånt som, ”jeg kommer fra Os”, det blir heilt sykt. Men altså, eg e fra Bergen, eg e fra Os, sant, det går jo lissom, det går nestn opp i opp (-03).

Han reknar altså endringar i retning bergensk, ein auke i nivellerte former, for å vera eit umarkert alternativ, fordi andre gjer det same, og meiner dessutan at det ikkje er store endringar det er snakk om.

Informanten ser likevel ut til å oppleva at bergensk har meir status, og seier at han tek opp trekk som er markert bergenske fordi det høyrer fint ut.

Men eg snakk’isje bergensk sant, men eg e faktisk i det seinare begynt å legge om til sånn der ”hon”. [...] Tar meg sjøl i det av og til. [...] Det gir sånn fin lyd i seg. Det høres nestn fint ut bare det, sant (-01).

I 2003 har nivelleringsgjennomsnittet gått litt tilbake, men er framleis nokså høgt.

Informanten kommenterer her at han la om til meir bergensprega talemål medan han gjekk på gymnaset.

Likevel er han heilt klar på at han snakkar annleis enn dei som kjem frå Bergen, sjølv om folk frå andre stader av landet kan ha vanskar med å oppfatta det:

*Ja, merkar du, når du snakkar din dialekt her altså, er det nokon som? Eller liksom, korleis blir den oppfatta her, på ein måte?* Det tror eg går greit. Faktisk merkelig nok, så tror di eg e fra Bergen. Sånn så [namn på kjærast frå Stavanger] òg trodde at eg snakke bergensar, sant. Men etter å ha vært heime hos meg og truffe litt sånn forskjellige folk, så ser ho at vi snakke sånn, og at bergensarar snakkar eigentlig heilt annleis (-03).



Informanten fortel elles at han har gått over til å bruka bokmål som hovudmål. Igjen oppgjev han praktiske omsyn som grunngeving for språklege endringar – han meiner skulen han går på, legg opp til at ein skal bruka bokmål som skriftspråk. Men det er også det enklaste for han sjølv:

Og faktisk no ette at eg begynte på høgskolen her, så levere eg alt på bokmål òg. Trur di like det best, då. Eg står oppført med nynorsk i alle papirene. [...] *Når du skriv elles då?* Det blir mye bokmål. Begynte med å skrive nynorsk, då. Så gikk det over i bokmål. Det va liksom det kjappeste, egentli. Men eg skrive fint nynorsk viss eg først sette i gang (-03).

Som mange av dei andre knyter også informant 1 det lokale talemålet til nynorsk skriftspråk, og nemner slik i same andedrag at han har endra både talemål, og skriftspråk.

### 9.3.4 Informant 20

Informant 20 skil seg på ein del måtar frå informant 23, 14 og 1. For det første har han ein litt annleis foreldrebakgrunn. Begge foreldra er frå Bergen, og han budde i Bergen fram til han var fire år gammal. Frå han var fire år har han budd på Os, i lag med mora og sambuaren hennar, som er osing. Familie- og heimstadbakgrunnen hans er altså litt mindre lokalt basert enn dei andre informantane eg har presentert så langt. Informanten budde på Os fram til etter andre undersøkingsfase, men pendla i 2001 til Bergen der han gjekk på skule. I siste innsamlingsfase bur han hos faren i Bergen. Nettverket hans er likevel svært lokalt basert gjennom heile undersøkingsperioden. Han har i alle fasane nesten berre lokale nettverkskontaktar, men kontaktane er ikkje dei same i alle fasane. I dei to siste fasane er han kome inn i eit svært tett nettverk, der alle nettverkskontaktane kjenner kvarandre. Informanten har ikkje utdanning utover vidaregåande skule, og har heller ikkje planar om ei slik utdanning.

Etter ungdomsskulen skiftar informant 20 miljø, og blir aktiv deltakar i det lokale 'rånemiljøet' i Os. Sjølv om dette miljøet har ei sterk lokal tilknytning, har informanten likevel eit nokså anstrengt forhold til den lokale kulturen og det lokale talemålet. Han reknar ikkje seg sjølv som osing, fordi han var tre-fire år gammal då han kom flyttande hit frå Bergen:

*Men viss du er ute, viss du er ute av bygda og skal presentere deg og seie kvar du kommer fra. Kva sier du då, seier du at du er fra Os eller seier du at du er fra ein annen plass?* Nei. Siar der eg e fra, eg. Nordnes. Der eg egentli e fra. Siar bare kor eg egentli e fra, isje kor eg bor (-01).

Han oppfattar Bergen som eit viktig referansepunkt, Os er langt borte frå 'sivilisasjonen' meiner han, uansett om dei skulle bli slått saman til ein kommune eller ikkje.

*Viss det var nokon som hadde bestemt, altså viss det blei bestemt at Os og B. skulle bli slått saman til ein kommune. Kva hadde du sagt då?* Hadde jo blitt ett fett det, hadde vært akkurat det samme om isje, bor like langt fra sivilisasjonen for det om (-01).



Han har likevel ikkje noka tru på at det er noko særleg meir spennande å bu i Bergen enn på Os:

Det er ein ann plass, litt mer å gjør på, eller isje noe mer å gjør i by'n, bare flere plassar å sjede seg på. Det vet eg ikkje. Gresset er vel isje noe grønnare på den andre sidn (-01).

Og det er heller ikkje osingane som er dei verste – det er derimot hybelungdomen som kjem flyttande til Os frå bygdene rundt for å gå på vidaregåande:

*Men innad i Os, er det noko forskjell der då, trur du? Mellom ungdommene? Å ja. Masse hybelfolk som bor her, då. Skikkelig habbijakkar. Kommar her og trekkar oss ner i driten. Så reisar di hjem igjen. Ja, kva som er forskjell på dei og på dykk då? Nei, di e bare teit, rett og slett. Kloggar og traktor og moped og alt sånt så det der, og så, viss di e i byn og får et ellar ant, så siar di at di er fra Os. Så får vi skyln (-01).*

Hybelungdomen får altså knytt til seg rurale symbol som kloggar, traktor og moped – symbol på ein kultur som informanten ikkje identifiserer seg med, sjølv om han er deltakar i den lokale rånepkulturen. Han er ein del av eit lokalt 'vi', som 'får skulda' når bygdeungdomen har vore på bytur og oppført seg ille, men samstundes oppfattar han seg sjølv som bergensar, som vi såg ovanfor.

I 2003 har informanten flytta til Bergen, men har framleis det same nettverket som i 2001, lokalt basert på Os. I dette intervjuet gjev informanten uttrykk for eit noko endra tilhøve til Osbygda, han er no langt meir positivt innstilt enn han var i 2001. Eg spør om han vil kunna tilrå kompisar som kjem frå andre stader å flytta til Os, og det meiner han at han kan:

Det e fint der oppe. Asså no byggar di ut ovar alt, så no begynnar det å bli masse folk så bor der oppe. Eg ha'sje noe sånn, viss eg flyttar no så blir det nærmare Os. Så eg likar meg der oppe, eg syns det e veldig greit der. Midt inni by'n det blir for mye stress og, og den der bysjøringen og det der opplegget så e i Bergen, blir helt gal i hodet, må inn og ut av by'n hele tidn [...]. Nei, altså, eg har alltid tenkt på sånn Nesttun, Skjold, ellar der. D'e sånn midt i mellom. Det går greit. Det hadde vært greit å bo nærmare di eg e med stort sett hele tidn. Det blir jo billigare, så sleppar eg å sjøre te Os hele tidn (-03).

Etter å ha flytta, meiner han altså at det å bu på Os har sine fordelar. Det er færre folk og mindre trafikk, og det er ikkje langt frå Bergen. Eit godt alternativ er altså å bu midt mellom Os og Bergen, slik at ein kan nyta godt av fordelane med begge stadene har.


Det viktigaste er kanskje poenget med at kompisane hans framleis bur på Os, og truleg heller ikkje kjem til å flytta. Dei han kjenner har ingen planar om å flytta på seg for å oppleve eller læra nye ting andre stader, dei har slått seg ned på Os i ung alder:

Stort sett di så bor på Os ellar så har bodd der, di, dettar bare rett og slett i do og tørkar fast der, liksom. Fallar, slår deg te ro der, det går jo helt greit. Uansett kor mye du klaga og syte, "å, e så lei av Os, åå", så blir du værende så flytte du ut, så flytte du bare ut i Os, sånn rett bort i gatn for der du

bor. *Ja, det er jo trygt og fint det, då.* Ja, altså det e jo jo greit der, det e jo nærmt, det e jo isje langt fra by'n (-03).

Sidan nettverket hans dermed er stabilt plassert på Os, er informanten nokså motivert for å venda nasen mot Os igjen etter ei tid.

### Talemålet – åtferd, haldningar og strategiar



Søylediagrammet viser at informanten har eit høgt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile undersøkingsperioden. Han ligg over 80% i heile undersøkingsperioden, men vi ser likevel eit visst endringsmønster. Nivelleringsgjennomsnittet stig nokså kraftig frå 1997 til 2001, og så får vi ein liten reduksjon i 2003. Når informanten i samband med lytteprøven skal karakterisera sin eigen dialekt, samanliknar han seg med prøve nr. 2 (jf. underkap. 7.2.1), den prøven som har flest nivellerte former, men meiner at han bruker litt fleire ”nynorskord” enn det talaren i denne prøva gjer.

Også synet på korleis han snakkar i forhold til dei andre endrar seg noko i løpet av undersøkingsperioden. I 2001 meiner han at kompisane hans snakkar litt meir ”nynorsk” enn han sjølv, og grunngjev dette med at dei har foreldre frå Os.

D'e stort sett likt. D'e litt mer nynorsk då, litt mer osdialekt. Ellars e det stort sett likt. *At dei andre snakkar meir osdialekt?* Ja, hvert fall meg og [namn] snakkar mer sånn samnorsk, som isje tilsvarar mest Os. *Ja, mens dei andre er meir?* Ja. (-01).

I 2003 har han endra syn på dette. No seier han at han snakkar nokså likt dei andre:

Nei, eg vet'sje. Stort sett alle snakkar sånn så meg, egentlig, der oppe. Det e'sje så mangen eg e me så snakkar nynorsk. Så det e litt blanning (-03).

Ut frå dette kan vi nesten begynna å tru at kompisane til informanten er begynt å snakka meir 'bokmål' i løpet av denne perioden, men det kan òg henda at informanten har endra sin definisjon av 'bokmål' og 'nynorsk' gjennom undersøkingsperioden.

Også haldningane til det lokale talemålet har endra seg i løpet av undersøkingsperioden. I 2001 er informanten svært oppteken av å ikkje bli teken for å snakka osing, og fortel med glede om ein episode der arbeidskameratane hans på eit prosjekt i Bergen ikkje kunne høyra at han var frå Os ut frå måten han snakka på:

Ja, di eg jobbet med sa at di ikkje kunne høre at eg va fra Os. Og det va jo gladmelding. Va gladmelding. [...] Eg kunne vært dekkagent, eg, på Os. *Hadde du klart å leggja om til osmål viss du hadde prøvd?* Tø'sje å tenke på det en gang. Kunne sikkert klart det, men det hadde blitt skikkelig sånn habbi-dialekt, må lære meg noen flere ord (-01).

Samstundes som han prøver å unngå å snakka osdialekt, prøver han også å unngå å bruka nynorsk når han skriv. Gjennom grunnskulen hadde han nynorsk, på same måte som resten av klassen, men han bytte hovudmål så snart han fekk lov:

*Du hadde vel nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen? Vet'sje koffor. Ble tvunge te det. Du har ikkje det no, altså. Nei, nei, nei, nei. Hå nei? Hå nei* (-01).

I 2003 er han meir oppteken av at han absolutt ikkje vil bli teken for å snakka bergensk:

Eg har litt panikk for å få bergensdialekt, då, for det e jo helt forferdelig å høre på. Det e jo smerte å ha sånn dialekt så det. Det e forferdelig å høre på. Litt sånn samnorsk som eg har hatt hele tidn, det syns eg egentli e helt greit. Blir det for mye bergensk så e det på tide å flytte en an plass, få det ut av systemet (-03).

Informanten poengterer her nokså sterkt at han ikkje har ønske om å snakka verken skikkeleg osing eller skikkeleg bergensar. Han ønskjer å blanda desse talemålsformene, på same måte som han alltid har blanda nynorsk og bokmål når han skriv.

Sjølv seier han i 2003 at han har endra språket sitt i løpet av dei siste åra. Han meiner sjølv at han snakkar meir "bokmål" i siste undersøkingsfase, etter å ha budd eitt år i Bergen.

Eg vet eg har forandret'an i løpet av det siste halvannet året. Det vet eg at eg har. *Korleis då?* Nei, eg vet'sje, eg har bodd litt i by'n, så eg har sikkert lagt litt mer om til bokmål, så har eg vært med mange forskjellige folk, så eg har lært mange nye ord som eg brukar i forskjellige sammenhenga (-03).

Ut frå søylediagrammet er det ikkje noko som tyder på at informanten har endra talemålet i bergensk retning i løpet av dei to siste fasane av undersøkingsperioden, men dersom endringane er mest leksikalske, slik informanten gjev uttrykk for i sitatet, vil dei heller ikkje reflekterast i nivelleringsgjennomsnittet. Det er vel elles nokså sannsynleg at endringa i innstilling til ei viss grad vil motverka ei sterkare glidning mot bergensk.

### 9.3.5 Informant 5

Informant 5 kan på mange måtar seiast å vera motsetninga til informant 20, sjølv om begge er innflyttarborn. På same måte som han, er begge foreldra hennar innflyttarar. Ho var sju år gammal då familien hennar flytta, slik at ho begynte rett i første klasse på barneskulen. Mor hennar er frå Sogn og Fjordane, og far hennar er frå Austlandet. Ho budde ulike stader i Sogn og Fjordane til ho var sju år gammal. Det som skil dei to informantane er nettverksutviklinga og innstillinga til det lokale miljøet, og til det lokale talemålet. Informant 20 hadde eit lokalt basert nettverk, men svært negativ innstilling til lokal kultur og språk, medan informant 5 viser det motsette mønsteret. Ho budde på Os til ho var ferdig med vidaregåande skule, og flytta så til utlandet der ho arbeidde som au-pair i to år. Ho planlegg vidare å flytta nordover for å studera, og vil då flytta saman med kjærasten, som også er frå ein stad lenger nord i landet. Nettverket hennar er ikkje lokalt basert verken i første eller siste innsamlingsrunde. Ho har nokre kjernekontaktar på Os, men dei fleste nettverkskontaktane er frå andre stader. Det som kjenneteiknar informant 5, er at ho ikkje er særleg spesifikt lokalt orientert, verken i foreldrebakgrunn, nettverk eller innstilling, men den ikkje-lokale orienteringa hennar er ikkje vendt mot Bergen eller bylivet generelt – ho er vestlending og bygdejente.

Informant 5 har altså ikkje budd heile livet på Os, og oppfattar ikkje seg sjølv som hundre prosent osing. Ho er likevel ei overtydd bygdejente, og svært oppteken av at ho ikkje ønskjer å bli oppfatta som bergensar.

Bergen og Os ein kommune? Eg vil ikkje. Bare personlig, fordi at eg ikkje like Bergen, egentlig. Jo, Bergen e ein OK by, altså. Han e fin og sånn, men. Når folk, når eg e på besøk for eksempel oppe hos han kjæresten min, då, og di, ”å ja, du e fra Bergen”, så seie eg ”nei, eg e isje fra Bergen”. [...] Nei, det verste eg veit det e liksom ”bergensardamar, så har liksom brei dialekt” (*hermar*), nei det e verste eg veit. [...] Og ”eg e’kje fra Norge, eg e fra Bergen”. Eg syns det e så kvalmt (*ler*) [...] (-01).

Ho meiner at det eigentleg ikkje er så stor skilnad på osingar og bergensarar, men at skilnaden ligg mest i korleis ein oppfattar kvarandre. Bergensarane har same haldning til osingane som osingane har til tysnesingane – dei er bønder:

*Er det forskjell på osingar og bergensarar? Vi e jo fortsatt bønde, då. Alle sammen av oss. Vi seie jo om tysnesinga og hegglandsdalinga og sånt, di e jo bønde, sant. Men bergensarane seie no at det e osinga. Pluss at, ”hen e Os”? Og ”det e no på bondelandet”, sant. Bergensarar trur eg e, di trur sikkert at di e, væt’kje, storbyenneske, og, bylivet liksom, men. Eg tru’sje det e så stor forskjell eg, herlighet. Vi e såpass, vi bur såpass nærmt at vi e, du kan’sje bu på Os og unngå liksom bylivet (-01).*

Informanten oppfattar seg altså ikkje som innfødd osing, og er heller ikkje spesielt oppteken av å slå seg ned nettopp på Os når ho er ferdig med høgare utdanning. Men ho ser ikkje bort

frå at ho vil kunna slå seg ned på Os – ho vil gjerne bu på Vestlandet, og ho vil ikkje bu i ein by:

*Vil du sjølv helst bu i by eller bygd? Eg trur bygd, sånn så detta. Det lika eg. For by, det blir for mykje styr og stress. Så eg vil ha litt sånn, eg vil ha ein hageflekk og, at du kan ha ein katt, hund eller, liksom sånn Os, det e heilt perfekt egentlig i den forstand, ja. Det e vel bare meg og han [kjærasten] , han kunne tenkt seg gård, men det, der e'kje eg med på (-03).*


På same måte som dei andre informantane framhevar informant 5 at fordelene med å bu på Os er den gode kombinasjonen av nærleik til sjø og fjell og kort avstand til Bergen. Ho er likevel skeptisk til måten Os utviklar seg på, ho meiner ungdomsmiljøet i bygda ikkje er særleg sunt – det er prega av rusmisbruk og sosiale problem.

*Eg like plassn godt, men eg like ikkje det så foregår på Os på kvellane. Det, eg har, før eg drog så va det mykje narkotika, og sånn eg forstår det så e det like mykje no. Veldig mykje sånn, altså, eg bare veit at så mange ut av dei som e jamgamle med meg [...], altså det e så høge prosentane som har det som ein vane at i helgena så røyke vi liksom hasj. [...] Men altså, det kan godt henna at sånn e det alle plassa, for alt eg veit (-03).*

Men sjølv om informanten er skeptisk til det urbane og likar det fredelige bygdelivet, er ho likevel ikkje negativ til at Os skal få ny veg som gjer avstanden til Bergen endå kortare. Ho trur at det vil resultera i større innflytting og fleire butikkar, men ser ikkje på det som noko problem.

*Eg væt'kje, det tar vel sikkert kortare tid då, selvfølgelig, det e vel det så e hensiktn med det, det e sikkert mykje mæ folk så komme te å, altså då blir det sikkert lettare å ta seg ein tur te by'n, sant. [...] Og det eg trur og blir e at ein del komme te å busette seg her ute, at det komme mæ folk i Os [...]. Det e jo greit det, vel. Så lenge det ikkje e sånn her, nei, herlighet, eg ha'kje nokke i mot det, eg. Os e jo ein heilt OK plass, sånn (-01).*

### Talemålet – åtferd, haldningar og strategiar



Som det går fram av diagrammet, har informant 5 hatt eit svært stabilt talemål gjennom heile undersøkingsperioden. Nivelleringsgjennomsnittet hennar er verken høgt eller lågt, men svært stabilt. Her må det nemnast at talemålet hennar skil seg frå dei andre informantane på fleire måtar, utan at dette går fram av diagrammet. Ho har mellom anna gjennomført tungespiss-r, og ho har ein nokså konsekvent bruk av *a*-ending i hokjønnsord. Sjølv har ho eigentleg ikkje tenkt på talemålet sitt som osmål, men som sunnfjordsdialekt, men ho har måtta revurdera denne førestellinga dei siste åra:

Eg har alltid tenkt på at eg har snakka Førde-dialekt, men høre eg ein førdianar no, så e det heilt, nokke heilt, det e jo mykje grovare og mykje mær grautamål det, enn det eg har. Så, det e jo nestn, det e jo osdialekt, heilt sikkert. Osblanning med litt sånn rulle-*r* og litt fra Sogn, nokke sånn . Litt miks (-01).

Ho er litt lei seg for at litt av særpreget frå Sunnfjord har forsvunne, og blitt blanda med osmål, men synest samstundes det er litt på sin plass:

Ja, eg føle eg har mista litt av han, det synst eg e litt synd, som alle tantne mine har, så eg har litt sånn, eg vi'kje vær osing. Men allikevel, eg har godtatt det i det siste, for eg har jo budd her liksom øve halle live mitt, sånn at, det e Os som egentli e heimplassn min no, men allikevel så vil eg ha den samme dialekta, sånn at eg liksom, men der trur eg at eg har mista veldig masse, altså (-03).

Ho legg vekt på at dei trekka ho eventuelt måtte ha teke opp, er trekk frå ”nynorsk”, ikkje frå ”bokmål og bergensdialekt”:

*Viss du har mista sognemålet, kva har du mista det til fordel for? Mær osing, litt sånn o-endinga, trur eg. Og r'n min e'kje så skarp så han va før. [...] Og, nynorsk trur eg eg har stort sett, sånn generelt, det e'kje så mykje på bokmål sånn, bergensdialekt sånn, det e'kje meg (-03).*

Ho meiner elles at ho er nokså konsekvent i talemålet, uavhengig av kven ho snakkar med. Med nokre viktige unnatak:

Men eg merka jo det at når eg e i Førde og snakka med besteforeldre så legge eg litt mær om te sånn grautamål, ja. Så hadde eg hatt meg ein måne elle to der, så hadde sikkert dialektn komt opp igjen mær (-01).

Som det har vist seg ovanfor, set også informant 5 likskapsteikn mellom å snakka dialekt og å snakka nynorsk. Sidan det er viktig for ho å halda på dialekten, er det dermed også viktig å halda på det nynorske språket i skrift. Ho er ein medviten og aktiv nynorskbrukar, som på gymnaset kjøper lærebøkene sine på nynorsk, og som set om frå bokmål til nynorsk dersom lærarane bruker bokmål på tavla.

Eg e nynorskkjempar, neida (*ler*). Eg synst at nynorsk e generelt finare både å snakke og skrive, og, så eg har hvert fall tenkt å holle på det. [...] Eg tar alle mine bøke på nynorsk, og, skrive eg så skrive eg nynorsk, sant (-01).

Også i siste undersøkingsfase er informanten ein ivrig nynorskbrukar. Når eg spør kva det er som gjer at ho er så oppteken av å skriva nynorsk, må ho tenkja litt på svaret, men kjem til at nynorsk for henne er noko som ho bruker for å skilja seg ut frå mengda:

Kva er det som gjer at du er så prinsippfast på nynorsken? Det e kanskje bare for det at, væt'kje eg? Det var vanskelig spørsmål. Eg væt'kje, men eg trur det e litt for at eg vil vær litt mær spesiell enn andre? Om det gjør meg så veldig spesiell at eg holle på nynorsken veit eg ikkje, men, [...]. Eg trur det e bare derfor eg holle på det, for eg vil stille meg sjøl ut litt òg, viss du senne inn ein søknad på jobb, så får di inn tredve, så e det kanskje fem på nynorsk og resten på bokmål, sant. Så det må jo ha litt så sei at du... (-03).

Informanten er elles oppteken av at andre ho kjenner har endra talemålet sitt, i retning av "bokmål", og det er ho svært kritisk til.

Faktisk ein del e begynt å snakke mykje mær bokmål. Og, di lika'kje nynorsk. Altså sånn å skrive, så e vel nynorsken litt mær sånn komplisert, eg væt'kje (-01).

Ho fortel om ein skulekamerat på gymnaset som la veldig om i retning "bokmål". Dette gav ho han klar beskjed om at ho ikkje likte:

Eg merka, han [*namn på skulekamerat*], han trur eg har forandra seg veldig. For det merka eg han, det va vel på ungdomsskuln eller va det på gymnaset, der, sant, skifta han og begynte å snakke veldig sånn, eg væt'kje om det va bergensk elle litt sånn, veldig bokmål hvert fall. Og det syns eg va så teit, så eg sa sånn "koffor gidd du å snakke sånn", sa eg, "d'e'kje deg liksom, å snakke sånn". Men det va vel det som va, eg trur det va litt, "teit" å snakke nynorsk og, kan eg tenke meg (-03).

### 9.3.6 Informant 15

Informant 15 har mange likskapstrekk med informant 5. Den største skilnaden mellom dei to er at informant 15 har budd på Os heile livet, og at ho har ein av foreldra frå Os. Mor hennar er frå Sogn, men far hennar er frå Os. Når det gjeld nettverk og haldningar elles, har ho på same måte som informant 5 inga særleg tydeleg lokal orientering. Ho budde på Os til eitt år etter fullført vidaregåande skule, men har flytta til Bergen for å studera i siste undersøkingsfase. I denne perioden har nettverket hennar har gått gjennom ei endring – det var så godt som fullstendig lokalt basert i første og andre undersøkingsfase, men i siste undersøkingsfase er dei fleste nettverkskontaktane frå miljøet ho tilhøyrer i Bergen (medstudentar og kollektivkameratar), berre tre av nettverkskontaktane er frå Os. Informanten er i 2003 i gang med ei treårig utdanning på høgskulenivå, og har klare planar for kva for type jobb ho ønskjer etter ferdig utdanning. For å finansiera studia arbeider ho ved sida av i ein butikk i Bergen.

Informant 15 reknar seg sjølv som osing, men har likevel eit mindre nært forhold til heimbygda enn til dømes informant 23, 14 og 1 ovanfor. I motsetnad til desse tre, har ikkje



informant 15 klare planar om å flytta tilbake til Os etter at ho er ferdig med utdanninga. Ho meiner at det er mange moment som spelar inn i den avgjerda:

*Når du blir stor. Kor skal du bu hen, trur du? Nei, det veit eg ikkje. [...]Nei, altså, det komme heilt an på kor hen eg får jobb. Og eventuelt om eg har ein kjæreste som bur ein annan plass, eller komme fra ein an plass, liksom. Altså det e sånn, eg er flyttbar, for å sei det sånn. Så, om eg må flytte Sørlandet eller Østlandet for den saks skyld, altså det tru'sje eg spilla så veldig stor rolle. Eg, altså eg trur eg komme til å trives omtrent alle plassa, liksom (-03).*

Ho har likevel ikkje noko imot å slå seg ned på Os, og framhevar dei same momenta som dei andre – det er landleg, men likevel nær byen:

*[...] altså Os er jo heilt fint òg, altså det er jo heilt greit å bu her òg, altså du har kort avstand te Bergen, og. Samtidig så, altså det e rolig her, det e'sje sånn her støy og bråk og trafikk og alt mulig sånn, liksom (-01).*

Likevel er ho altså ikkje veldig oppteken av å slå seg ned akkurat på Os etter ferdig utdanning. Dette kan nok ha samanheng med at nettverket hennar har endra seg nokså kraftig i undersøkingsperioden. Både gjennom nettverksskjema og det ho sjølv fortel i intervjuet, går det fram at ho ikkje har særleg mykje kontakt med venner frå Os i siste undersøkingsfase. Ho er elles uroa over utviklinga i ungdomsmiljøet på Os, ho meiner det har vore ein auke i bruk av narkotika og annan kriminalitet i dette miljøet.


*Altså, når du ser sånn på utviklinga, altså no tenke eg sånn på, for eksempel ungdomma altså. Miljøet, det blir bare mær og mær narkotika og mær og mær snusk, liksom (-01).*

Informanten er likevel nokså tydeleg på at ho oppfattar seg sjølv som osing. Det er noko anna enn å vera bergensar, og det er noko ho meiner spesielt bergensarane er opptekne av, og kommenterer. Ho har fått mange kommentarar på at ho er "bonde" frå venner i Bergen:

*Er osingane bevisste på at dei er osingar? Ja, altså di e nok det, men di fra Bergen e hvertfall bevisst på at vi e fra Os. Altså vi e jo bøndne, liksom. [...] Eg hadde jo ein kompis, han kom fra Nesttun, då. Og då va jo eg bare den bondn, liksom. Liksom, han kommentera, han kommentera på den måtn eg snakka òg. Altså sånn dialekt, sant. For eksempel eg har sånn o-ending på nokken av ordena, det e sånn di kommentera, då (-01).*

### **Talemålet – åtferd, haldningar og strategiar**





Sjølv om informanten har endra nettverk nokså kraftig, og ikkje ser ut til å ha særleg lokal orientering når det gjeld haldningar til heimekommunen, viser det seg at ho språkleg er nokså stabil. Ho har, som diagrammet viser, eit stabilt mellomlagt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile undersøkingsperioden.

Når det gjeld talemålet, er ho eigentleg nokså tydeleg lokalt orientert. For det første er ho svært klar over skilnaden mellom osmål og bergensk, sjølv om det kom fram under lytteprøven at ho eigentleg ikkje er særleg medviten om talemålsvariasjon. Ho irriterer seg kraftig over kommentarar frå andre som meiner at ho snakkar 'bondsk'. I motsetnad til informant 5 og informant 23 er ho i forsvarsposisjon når det gjeld eigen kulturell og språkleg identitet:

Eg har hvert fall fått et par stykke no av di eg går i klasse med, då, eller, ein av di kompisane på skuln, liksom. Og det, eg blir så irritert av det, altså! For eg meine, altså koffor kan'kje eg få snakke som eg gjør, altså, når han sitte der og snakke kav bergensar, så må no eg kunne snakke som eg gjør, liksom. Det e virkelig nokke som irritera meg, når folk kommentera kordan eg snakke. Gu, altså. [...] Eg trur di merka på meg at eg blir irritert, for eg seie "veit du ka, ingenting provosera meg så masse som når du seie sånne ting te meg". Så di veit at eg ikkje lika da, liksom (-03).

Ho liker altså ikkje å få kommentarar på måten ho snakkar på, men meiner at det er viktig å halda på dialekten. Ho opplever det også som synd når dialektar forsvinn, då særleg osdialekten, som er 'hennar'. Ho vil gjerne ha born som også snakkar osmål!

Altså det e jo litt synn at vi bare misse ein dialekt òg. Eg komme liksom fra Os, og når du høre den dialektn så tenke du "å, komme fra Os", sant. *Gjer det noko, eigentleg?* Eg kan ikkje, eg trur at eg komme til å snakke sånne som eg gjør no vidare, liksom, heilt te eg blir gammal, liksom. Eg tru'sje at plutselig snakke eg bergensk, eller sånne så det der. Og, når eg får unga, viss eg ein gang får det, altså eg veit ikkje eg, om eg håpe på at di snakke sånne så meg, eg vi'kje at di plutselig ska snakke reint bergensk, liksom (-03).

I tråd med dette er ho nokså negativ til å endra på talemålet. Ho har lagt merke til at ungdomar ho kjenner har endra språket sitt, og dette synest ho lite om. Ho nemner ein spesielt hårreisande episode:

Asså eg meina, det e da kvalmaste eg nokken gang har hørt, fordi at det va liksom sånn at øve natto så va han bare bergensar plutselig. Det synst eg va heilt forferdelig å høra på, eg synst det e heilt kvalmt når eg høre han snakka endåg, for det at altså han hadde jo samme dialekt som alle oss andre, sant, o-endinga og bygdamål, sånn strilamål, liksom, eg væt'kje ka så gjor at han begynte å snakke plutselig "ikke" og "mei" og, han sa, han prøvde liksom å vær sånn bergensar, sant. Altså for oss hørtest det heilt merkelig ut, i og med at vi va så vant med at han snakka heilt vanlig, sant (-01).

Når eg spør informanten i siste undersøkingsfase om ho sjølv har endra språket sitt i undersøkingsperioden, er ho klar på at ho nok har endra seg. Ho meiner at måten ho snakkar på avheng av kven ho snakkar med, ho snakkar annleis med bergensarar enn med andre vestlendingar:

*Har du forandra språket ditt, trur du?* Ja. Ja, eg føle liksom det, altså. Det blir liksom, merka veldig forskjell til kem eg e med, liksom. Sant, her bur eg i lag med sogninga, sant. Men det betyr at då snakke eg sånn så eg pleie å snakke, sånn osdialekt, liksom. Men på skuln så e eg jo bare med sånne fra byn og Åsane og sånn så det der, så då blir det litt forskjell, asså, det blir det. Masse bokmålsord innimellom, og, det blir det. Så eg merke faktisk veldig stor forskjell. [...] (-03).

Sjølv om ho ikkje likar talemålsendring, og er oppteken av å 'halda på målet', meiner informantan at ho endrar ein del på talemålet i det daglege, når ho snakkar med folk som ho ikkje kjenner.

Sånn som for eksempel på jobb, tenke eg nok litt på koss eg snakka med di, forandra på koss eg snakka når eg snakka med kunda, for å vær sikker på at di forstår ka eg seie. Eg veit sjøl når eg legge om, gjør det på ein måte bevisst. Gjør det på automatisk, utn at det e problematisk. [...] Men eg merka at når eg e med folk fra Os, då snakka eg sånn så eg alltid har gjort (-03).

Det at ho legg om når ho er på jobb, opplever ho ikkje som problematisk, det er berre noko ho gjer for å bli forstått, seier ho, og det opplevest ikkje som kunstig og rart.

Når det gjeld det skriftlege, har ikkje informanten halde på det opphavlege språkvalet. Ho har lagt om frå nynorsk til bokmål som hovudmål etter å ha gjennomført vidaregåande med nynorsk som hovudmål. Denne endringa meiner ho har kome av seg sjølv, det er ikkje noko ho har tenkt over. Då ho begynte å studera, blei det berre sånn:

No så går alt i bokmål. Elle mestepartn, liksom. [...] Det har egentlig bare blitt sånn, for sånn fra ungdomsskuln og heilt opp te gymnaset så har eg alltid skreve nynorsk, sant, men, eg veit egentli ikkje heilt koffor eg begynte å skriva bokmål. Eg synst det e lettare. *Så har du vel bøkene på bokmål?* Ja. Det trur eg har veldig masse å sei, for alle bøkene e på bokmål, det va jo det på gymnaset òg, sant, det va jo då eg begynte å, ka ska eg sei, legge om litt (-03).

### 9.3.7 Diskusjon og oppsummering

I dei seks portretta ovanfor har vi møtt informantar med ulik sosial bakgrunn, med mangslungne språklege strategiar og varierende språkleg åtferd. Det er individet som har vore i fokus, eg har lagt vekt på å få fram korleis kvar og ein av informantane har ein unik sosial og språkleg profil. I den følgjande diskusjonen vil eg endra fokuset litt. Har desse mangfaldige individa også har noko felles? Kanskje kan søking etter eventuelle fellestrekk også føra til ei djupare forståing av enkeltindividet? Eg vil no sjå dei seks informantportretta i samanheng, med vekt på *orienteringsretning*, *språklege strategiar* og *språkleg åtferd*.

Analysen av dei seks informantane tok sikte på å undersøkje graden av 'lokal orientering' hjå kvar av dei, basert på ei rekkje kriterium. Alle kan seiast å ha ein viss grad av 'lokal orientering', men kva for type lokal orientering det var snakk om varierte frå informant til informant. Nokre informantar viste lokal orientering på mange område, nokre på få, men det er vanskeleg å sjå nokon samanheng mellom graden av 'lokal orientering' og *språkleg åtferd* hjå dei seks informantane. Dette blir særleg tydeleg dersom vi samanliknar informant 23, 1 og 14, som alle tre har ei sterk lokal orientering. Dei er alle gutar, dei har alle vakse opp på Os, dei har alle foreldre med lokalt talemål (dersom vi reknar mor til informant 1 sitt strilemål frå Nordhordland som nokså tilsvarande det lokale), dei har hovudsakleg lokalt baserte nettverk gjennom heile undersøkingsperioden, og er svært lokalt orienterte i innstilling – dei ønskjer å slå seg ned på Os etter ferdig utdanning, og har mykje kontakt med heimbygda også i studietida. Ut frå hypotesen om samanheng mellom lokal tilhøyrslø og lokal språkbruk burde alle desse tre ha eit lågt og stabilt nivelleringsgjennomsnitt. Det viser seg å stemma berre for informant 23. Informant 1 har ein kraftig auke i nivelleringsgjennomsnittet, informant 14 på si side reduserer bruken av nivellerte former i undersøkingsperioden, men har likevel eit langt høgare nivelleringsgjennomsnitt enn informant 23 gjennom heile undersøkingsperioden. Heller ikkje analysen av dei tre siste informantane gjev oss grunn til å tru at det er nokon direkte samanheng mellom graden av lokal orientering og språkleg åtferd, og her blir det også svært tydeleg at det er mogeleg å ha ei lokal orientering på nokre område men ikkje på alle.

Samanhengen mellom 'lokal orientering' i ei eller anna form og språkleg åtferd er altså ikkje særleg tydeleg. Det kan difor vera interessant å gå vidare i undersøkinga og sjå på informantane sine meir uttalte *språklege strategiar* – det informantane sjølv fortel om kva dei tenkjer om måten dei bruker talemålet på i møte med andre språkbrukarar. Hjå dei seks informantane kan det sjå ut til å utkrystallisera seg tre ulike språkstrategiar. Eg vil kalla dei tre

strategiane for *halda på målet, det blir som det blir* og *verken/eller*. Informant 23 er ein god representant for den første strategien, og også informant 15 og 5 ser ut til å ha klare sympatiar i denne retninga. Dei tre seier alle at dei prøver å halda på dialekten sin og dei reagerer på andre som har endrar talemålet sitt i retning bergensk. For informant 23 og 5 gjeld denne strategien også for skriftspråket – dei meiner at dei snakkar nynorsk, og då blir det naturleg å vera positiv til det nynorske skriftspråket òg, og prøva å halda på det. Informant 1 og 14 er representantar for *det blir som det blir*-strategien. Dei oppgjev begge at dei ikkje er særleg opptekne av korleis dei sjølve framtrer språkleg, og seier også at dei ikkje legg merke til språkleg variasjon og endring hjå andre. For informant 1 er dette biletet likevel ikkje heilt eintydig – i lyttetesten er han svært positiv til den nest mest nivellerte målprøven, som han oppfattar som ”ungdommeli”, og han fortel også at han er begynt å bruka nivellerte former som han synest høyrerest ”fine” ut. Informant 20 er representant for *verken/eller*-strategien. Han er negativ til det lokale talemålet, men gjev særleg i 2003 uttrykk for å vera negativ også til det markert bergenske. Han seier at han sjølv snakkar ”samnorsk” – noko som refererer til ei blanding av nivellerte og lokale språktrekk, som ikkje markerer seg i nokon retning. Denne strategien kan likna på *det-blir-som-det-blir*-strategien, men informant 20 er meir negativ til dei ’reine’ utgåvene av talemåla han vekslar mellom.

Det er vanskeleg å sjå kva som er felles for dei som vel dei ulike strategiane. Dei tre informantane som har valt *halda-på-målet*-strategien har verken felles foreldrebakgrunn, nettverksorientering eller innstilling til det lokale. Informant 23 er lokalt orientert på alle desse områda, medan informant 15 ikkje er det på nokon av dei, bortsett frå dei positive haldningane til bygdeliv generelt og bygdemål og nynorsk spesielt. Informant 5 har litt foreldrebakgrunn frå Os, men har elles mest felles med informant 15 når det gjeld sosial profil. Dei to informantane som har valt *det-blir-som-det-blir*-strategien, informant 1 og informant 14, har ein nokså lik sosial profil, og er begge lokalt orienterte på mange måtar, som eg gjorde greie for ovanfor. Dei framstår begge som så markert lokalt orienterte sosialt, at det nesten er underleg at dei ikkje er meir opptekne av å markera dette språkleg gjennom ein *halda-på-målet*-strategi. Informant 20, representanten for *verken/eller*-strategien, endrar si innstilling til det lokale i løpet av undersøkingsperioden, men har ei nokså interessant spenning mellom lokalt nettverk og ikkje-lokale haldningar. Det ser altså ikkje ut til å vera nokon klar samanheng mellom graden av lokal orientering og val av språklege strategiar. Dei to informantane som har valt *det-blir-som-det-blir*-strategien, har på mange måtar ei lokal orientering, medan to av dei tre som har valt *halda-på-målet*-strategien ikkje har det. Det kan

altså sjå ut som informantane vel språklege strategiar nokså fritt – ut frå personleg overtyding (som sjølv sagt er knytt til påverknad frå venner, foreldre, lærarar, bøker, opplevingar, etc).

Når det gjeld *språkleg strategi* og *språkleg åtferd*, kan det sjå ut til å vera ein viss samanheng. Dei tre *halda på målet*-informantane har det til felles at dei er nokså stabile i målbruken sin. Dette stemmer svært godt med den uttrykte strategien, men det ser ut til at det målet dei ønskjer å halda på, ikkje er det same. Medan informant 23 har eit nivelleringsgjennomsnitt på rundt 20, ligg informant 15 litt over 40 prosent. Informant 5 ligg høgast, med eit nivelleringsgjennomsnitt på om lag 60. Dette gjeld gjennom heile perioden, altså også i første innsamlingsfase. Når det gjeld dei to *det blir som det blir*-informantane, har dei utvikla seg svært ulikt i undersøkingsperioden – ikkje uventa ut frå den valde strategien. Medan informant 1 snakka svært tradisjonelt i 1997, og har auka talet på nivellerte former radikalt, har informant 14 halde seg nokså stabil på eit slags blandingsmål der han vekslar mellom markert lokale og markert nivellerte former. Informant 20 på si side, representanten for *verken/eller*-strategien, har eit høgt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile perioden.

Det som ser ut til å skilja informantane her, er *det språklege utgangspunktet* informantane har når undersøkingsperioden startar i 1997 (jf. også 9.2.2). Informant 23 og 1 har eit lågt nivelleringsgjennomsnitt i 1997, informant 5 og 15 og 14 ligg middels høgt, og informant 20 har eit høgt nivelleringsgjennomsnitt. Her kan det vera opplysende å trekkja inn *foreldrebakgrunnen* til dei aktuelle informantane, og også *tidleg flyttehistorikk*. Informant 23 og 1 har foreldre med lokal talemålsbakgrunn og har vakse opp i Os, informant 20 har to foreldre frå Bergen og har kome flyttande til Os som 4-åring. Dei tre informantane med middels nivelleringsgjennomsnitt har anten foreldrebakgrunn eller flyttehistorikk som med ikkje-lokale innslag.

Det som skil dei tre *halda på målet*-informantane, er altså nettopp desse faktorane. Informant 23 har to foreldre frå Os og har budd heile livet her, informant 15 har ein av foreldra frå Os og har alltid budd her, informant 14 har ingen foreldre frå Os, og kom flyttande då ho var sju. Sjølv om dei kan seiast å følgja same strategi når det gjeld talemålsendring, gjer dei dette med *eit ulikt språkleg utgangspunkt*. Dei to *det blir som det blir*-informantane, med svært ulikt nivelleringsgjennomsnitt i 1997, har også eit noko ulikt opphav, sjølv om dei begge har ein lokal foreldrebakgrunn. Informant 14 budde dei første åra sine på Sjøfteland, ein krins som har eit meir nivellert språkleg uttrykk jamt over, medan informant 1 har budd i eit stabilt og lokalt prega språkleg miljø. Når det gjeld informant 20, og hans mellomløysingsstrategi, ser også den ut til å vera prega av det språklege utgangspunktet han har – han har to foreldre med innflyttarbakgrunn (frå Bergen), og han

budde i Bergen til han var fire. Hans utgangspunkt for ein blandingsdialekt er truleg prega av denne bakgrunnen – det høge nivelleringsgjennomsnittet gjennom heile undersøkingsperioden tyder på det.

På grunnlag av analysen og diskusjonen ovanfor vil eg hevda at foreldrebakgrunn og tidleg flyttehistorikk ser ut til å vera viktig for *utviklinga av lingvistisk og sosiolingvistisk kompetanse*, men at endringar i språkleg åtferd gjennom ungdomsåra har meir å gjera med *dei språklege strategiane* hjå enkeltindividet. Når dei undersøkte informantane set i verk sine språklege strategiar, som dei ser ut til å velja nokså uavhengig av lokal orientering, ser dei altså ut til å gjera det med grunnlag i den lingvistiske og sosiolingvistiske kompetansen dei har tileigna seg i ung alder (internalisering). Den språklege åtferda kan vera stabil eller endra seg, avhengig av språkleg strategi, men nivået endringa begynner på ser ut til å vera knytt til foreldrebakgrunn og tidleg flyttehistorie. Det ser ikkje ut til at lokal orientering i form av nettverkskontaktar og positiv innstilling til heimstaden har nokon direkte innverknad på talemålet, men kan nok påverka *haldninga* til talemålet, som i sin tur kan påverka dei språklege strategiane.

Språkbrukarar kan altså, ut frå ein meir eller mindre medviten strategi, endra språkleg åtferd gjennom ungdomsåra, men ikkje på eit språkleg grunnlag dei har valt sjølve. Den lingvistiske og sosiolingvistiske kompetansen til språkbrukaren er eit resultat av internaliseringsprosessen, der foreldra spelar ein sentral rolle. Det er med utgangspunkt i denne kompetansen at han eller ho gjer sine handlingar som sosial aktør.

Ut frå denne drøftinga blir hypotesane, som må eventuelt må testast med utgangspunkt i eit meir eigna materiale, desse:

*Ei sterk lokal tilknytning får ikkje direkte konsekvensar for stabiliteten i talemålet.*

*Språkbrukarar med ein klart uttalt strategi om å 'halda på målet' er meir stabile språkleg enn dei som ikkje har ein slik strategi.*

## 10 Trådane blir samla

### 10.1 Livsfaseendring

#### 10.1.1 Ei oppsummering av observasjonane av individuell talemålsendring i undersøkingsperioden

Som eg gjorde greie for i underkap. 2.2.2, er det ei vanleg oppfatning i sosiolingvistisk forskning at ungdomar er sentrale pådrivarar i språkendringsprosessar, fordi ungdomstida er ein viktig fase for lausriving og identitetsbygging. Studiar av ungdomsspråk har difor vore eit svært sentralt forskingsområde for sosiolingvistar, både i Noreg og i utlandet. Undersøkingar i *tilsynelatande tid* (jf. underkap. 2.2.3) samanliknar språket i ulike generasjonar og går ut frå at dei synkrone skilnadene mellom generasjonane tilsvarer den faktiske språkendinga språksamfunnet har gått gjennom i dette tidsrommet. I slike undersøkingar samanliknar ein gjerne talemålet hjå ei ungdomsgruppe med talemålet hjå eldre informantar i same språksamfunn.

Når talemålet hjå ungdom på denne måten blir brukt til å måla graden av språkending i språksamfunnet på lengre sikt, blir det svært viktig å vita noko om *stabiliteten* i språkstrukturane hjå denne aldersgruppa. Likevel er det få undersøkingar som har sett nærare på korleis talemålet endrar seg hjå enkeltindivid gjennom ungdomstida. Særleg den siste delen av tenåringstida er lite undersøkt, vi veit lite om kva som skjer med talemålet hjå ungdomar i den fasen der dei riv seg lause frå heimemiljøet, flyttar for seg sjølve og begynner å orientera seg mot eit vaksenliv (Labov 2001:438).

I denne avhandlinga har eg sett på talemålsutviklinga hjå ei gruppe ungdomar frå dei var 15 år gamle til dei blei 20 år. I første undersøkingsfase gjekk informantane på ungdomskulen, obligatorisk for alle, i ein klasse sett saman etter geografiske kriterium. Etter ungdomsskulen har dei valt sine egne vegar. Nokre har gjennomført vidaregåande utdanning, andre har ikkje. Nokre har reist bort for kortare eller lengre periodar, andre har halde seg heime på Os. Nokre har i siste undersøkingsfase flytta heimefrå for å studera, andre har ikkje slike planar. Mange har eit heilt anna nettverk i siste undersøkingsfase enn dei hadde i den første, og dei fleste har fått nye interesser. Mange har begynt å tenkja på kva dei vil med livet sitt – kva dei ønskjer å arbeida med, og kvar dei kan tenkja seg å bu. Kva har så undersøkinga



av denne informantgruppa fortalt oss om stabiliteten i språkstrukturane deira i denne perioden?<sup>95</sup>

I underkap. 8.3 gjekk det fram at 6 av dei 17 informantane ikkje endra nivelleringsgjennomsnittet med meir enn 5 prosent i undersøkjingsperioden. Om lag ein tredel av informantane ser altså ut til å ha eit nokolunde stabilt språkssystem gjennom heile perioden. Av dei 11 som endra nivelleringsgjennomsnittet med meir enn 5 prosent, var det 9 som hadde ein auke i nivelleringsgjennomsnitt, og 2 som hadde ein reduksjon. Kor kraftig endring i nivelleringsgjennomsnitt informantane har, varierer mykje.

Eit interessant spørsmål i denne samanhengen er *når* i undersøkjingsperioden desse endringane skjer – dersom dei skjer tidleg, kunne ein tenkja seg at språket i slutten av tenåra er i ferd med å stabilisera seg. I underkap. 8.3 viste det seg at mange av informantane gjennomførte dei kraftigaste endringane i perioden 1997-2001, men dette var ikkje eit eintydig mønster. Fleire av informantane hadde dei kraftigaste endringane i nivelleringsgjennomsnitt mellom 2001 og 2003.

Kva samanheng er det så mellom sosial bakgrunn og orientering og språklege endringsmønster hjå enkeltindivid? I gjennomgangen i underkap. 9.2 viste det seg vanskeleg å finna klare mønster. Det såg ikkje ut til at flytting i løpet av undersøkjingsperioden eller utdanningsplanar hadde noko å seia for graden av talemålsendring hjå informantane, derimot såg det ut til å vera ein samanheng mellom foreldrebakgrunn og språkleg åtferd. Informantane med lokal foreldrebakgrunn brukte flest lokale former, og informantane med innflyttarforeldre brukte flest nivellerte former. Det viste seg at gruppa med ein forelder frå Os og ein innflyttarforelder var minst stabile språkleg gjennom undersøkjingsperioden, og eg foreslo at denne gruppa har tilgjenge til eit større språkleg repertoar som dei kan ta i bruk når andre faktorar legg til rette for det.

Ut frå funna i den kvalitative delen av analysen skisserte eg hypotesar om at informantar med ein klart uttalt strategi om 'å halda på målet' er meir stabile språkleg enn dei som ikkje har det, men at ei sterk lokal tilknytning ikkje nødvendigvis har konsekvensar for stabilitet i talemålet.

Eit anna interessant spørsmål er kva for *type* talemålsendingar som går føre seg i informantgruppa i undersøkjingsperioden. I underkap. 8.4 analyserte eg tekstutdrag frå nokre av informantane med dei tydelegaste talemålsendingmønstra, for å sjå kva for språktrekk

---

<sup>95</sup> Spørsmålet om i kva grad dei observerte talemålsendingane i undersøkjingsperioden avspeglar reelle og varige endringar i språkssystemet til informantane, blir teke opp i underkap. 10.1.3.



som var involverte i endringane. Eg fann at mykje av variasjonen mellom tekstutdraga med høgt og lågt nivelleringsgjennomsnitt galdt morfologiske og leksikalske språktrekk. Dei seks språklege variablane som er blitt systematisk undersøkte, var stort sett morfologiske (ein leksikalsk), og det finst også elles ein del døme på morfologisk og leksikalsk variasjon på andre språktrekk (samsvarsbøying av adjektiv, realisasjon av gradbøyingssendingar for adjektiv). *Ei/e*-vokalismen er elles ein viktig indikator – hjå dei med høgt nivelleringsgjennomsnitt er det mykje monoftongering, hjå dei med lågt nivelleringsgjennomsnitt er det mykje diftongering. Realiseringa av vokalen før endings-*r* varierer også. Endringane involverer ikkje nye fonologiske opposisjonar, prosodiske systemskifte eller andre språkendingar som tradisjonelt er sett på som kompliserte å tileigna seg i vaksen alder (Kerswill 1996:199).

Frå ein metodisk synsvinkel er kanskje den viktigaste observasjonen i denne gjennomgangen den første – det ser ut til at talemålstrukturen hjå ungdomar kan vera i endring gjennom heile ungdomstida, i alle fall til dei fyller tjue år, og det er fleire som er ustabile enn som er stabile språkleg gjennom den undersøkte perioden. For planlegginga av undersøkingar i tilsynelatande tid der ungdom er involvert, er dette eit viktig moment.

Det er nok likevel viktig å ha klart føre seg at observasjonane i denne undersøkinga ikkje utan vidare kan overførast til undersøkingar av individuell språkending i andre typar språksamfunn. Eg konkluderte i underkap. 6.4 med at språksamfunnet Os er ope, men med endosentriske trekk, og i underkap. 7 med at språknormene i informantgruppa er liberale. Truleg er talemålsendringsmønstra i ei informantgruppe henta frå eit slikt språksamfunn annleis enn tilsvarande mønster frå ei informantgruppe i eit lukka og endosentrisk språksamfunn med strenge språknormer og eit homogent språkleg uttrykk.

### 10.1.2 Livsfaseending og generasjonsending – ei problematisering

Som eg gjorde greie for i underkap. 2.2, skil William Labov mellom *livsfaseending* (age-grading), *generasjonsending* (generational change) og *samfunnsending* (communal change) i sin diskusjon av ulike typar språkending på individnivå og på samfunnsnivå. Ved *livsfaseending* er det individet som er ustabilt språkleg gjennom livsløpet, medan samfunnet er stabilt. *Generasjonsending* definerer han som språkendingar hjå stabile individ i eit ustabilt samfunn, og *samfunnsending* er definert som språkendingar hjå ustabile individ i eit ustabilt samfunn, der "all members of the community alter their frequencies together, or acquire new forms simultaneously", noko som ofte skjer ved leksikalske endringar (Labov 1994:84).

I svært mange definisjonar av livsfaseendring er det ein sentral del av definisjonen at språkendringsmønstra som er involverte skal vera *stabile* – det skal vera dei same språktrekka som er involverte i endringsprosessen i kvar ny generasjon.

Similar patterns emerge from patterns of age-grading in which the use of a form is associated with a particular stage in life. These are stable patterns that are repeated in each generation; speakers begin to use the form around a certain age and eventually abandon it as they grow older (Milroy og Gordon 2003:36).

Elles er det også vanleg å hevda at livsfaseendring berre opptrer i samband med trekk som språkbrukarane er medvitne om (Milroy og Gordon 2003:36), og at fenomenet er mest vanleg i barndom og ungdom (Chambers og Trudgill 1998:151f).

Korleis stemmer så det lingvistiske terrenget i mine data med dette teoretiske kartet? Som eg gjorde greie for i underkap. 8.3, har 11 av dei 17 informantane mine endra nivelleringsgjennomsnittet med meir enn 5 prosent gjennom undersøkingsperioden. Dette må kunna beskrivast som individuelle språkendingar gjennom livsløpet. Dei største endringane skjer på språktrekk som informantane er medvitne om (jf. underkap. 7.5.1), og dei skjer i ei aldersgruppe som må kunna definerast som ungdom. Det er likevel vanskeleg å tolka desse endringane som livsfaseendring slik Milroy og Gordon definerer det – stabile endringsmønster som blir gjentekne i generasjon etter generasjon. I underkap. 6.3 gjorde eg greie for talemålsendringsmønstra i språksamfunnet Os, og konkluderte med at det eldre osmålet såg ut til å ha halde seg nokså stabilt frå tidleg 1800-tal og til langt fram på 1900-talet, men at systemet ser ut til å ha vore i nokså kraftig endring frå 70-talet og fram til i dag. Viss denne kraftige endringa på samfunnsnivå held fram, er det lite truleg at neste generasjon av tenåringar vil gjenta dei same endringsmønstra som eg har funne i informantgruppa mi.

For å beskriva talemålssituasjonen i Os i dag, er det truleg mest dekkjande å seia at vi finn nokså store endringar i talemålet i språksamfunnet det siste hundreåret (jf. underkap. 6.3), kombinert med talemålsendring hjå enkeltindivid gjennom livsløpet (jf. underkap. 8.3). Det ser altså ut som om ein kan beskriva situasjonen som eit 'ustabilt samfunn' med ustabile individ' – ein skulle altså kunne bruka Labov sitt omgrep *samfunnsendring* på denne situasjonen. Definisjonen av samfunnsendring passar likevel ikkje heilt – det er ikkje noko som tyder på at alle medlemene i språksamfunnet på Os "alter their frequencies together, or acquire new forms simultaneously". Berre innafor informantgruppa har vi sett at talemålsendringsmønstra går i ulike retningar, og det er også nokså klart at ikkje alle medlemene i språksamfunnet Os endrar talemålet sitt samstundes. Det går fram av undersøkinga av språkleg røyndomsoppfatning i underkap. 7.4 at informantane kjenner igjen

varietetane som var dei vanlegaste i 1974 (eldre osmål, yngre osmål -74) og assosierer dei med eldre språkbrukarar og språkbrukarar i meir perifere område i Os. Det er difor meir relevant å trekkja inn termen *generasjonsendring* for å beskriva dei kollektive endringane.

Milroy og Gordon si understreking av at livsfaseendring handlar om stabile mønster som blir gjentekne generasjon for generasjon må, på same måte som modellen til Labov, føra oss til den konklusjonen at omgrepet er utarbeidd for å kunna beskriva individuelle språkendringar i *stabile og fokuserte* (Le Page og Tabouret-Keller 1985) språksamfunn. Individuell endring i verkeleg tid i språksamfunn som ikkje er stabile og fokuserte, slik som språksamfunnet Os (jf. underkap. 6.4), blir ikkje fanga opp av omgrepet livsfaseendring slik det tradisjonelt er definert. I eit diffust språksamfunn med store språkendringar på språksamfunnivå blir den tradisjonelle forståinga av omgrepet livsfaseendring meningslaus, fordi endringane hjå ei ungdomsgruppe ikkje vil gjenta seg i neste generasjon. I eit slikt språksamfunn vil språkbrukarane kontinuerleg forhandla om den sosiale verdien av ulike språklege trekk, og kva for språkformer som signaliserer ei viss sosial meining, vil variera frå generasjon til generasjon.

Talemålsendringsmønstra i Os kan beskrivast som eit samspel mellom endringar i språksamfunnet frå generasjon til generasjon og endringar hjå individet i løpet av livsløpet, ein situasjon eg vil meina er nokså typisk for eit diffust språksamfunn med liberale språklege normer. På det individuelle nivået er utfordringa i eit slikt språksamfunn å forstå den sosiale meininga som ligg i dei individuelle språkendringsmønstra, medan utfordringane på det kollektive nivået ligg i å finna metodar som kan beskriva dei verkelege endringsmønstra i språksamfunnet, når det er vanskeleg å stola på undersøkingar i tilsynelatande tid.

### **10.1.3 Talemålsendring hjå individet – ei endå meir grunnleggjande problematisering**

Som eg har gjort greie for ovanfor, er det gjort ein del forsøk på å studera fenomenet *livsfaseendring* fordi det ”presents an important challenge to the basic assumptions of apparent-time reasoning” (Milroy og Gordon 2003:36). Ei sentral problemstilling har vore å undersøkje i kva grad livsfaseendring er eit metodisk problem for undersøkingar i tilsynelatande tid.

Eg meiner at det er vanskeleg å koma fram til gode svar på dette spørsmålet. Det er svært vanskeleg for ein språkforskar å gje sikre svar på spørsmålet om kva som eigentleg ligg bak dei observerte endringsmønstra.

Som eg diskuterte i underkap. 2.2, er språkendringsomgrepet ikkje heilt eintydig. Oftast refererer det til endringar i språkstruktur på eit kollektivt nivå – altså at ei språkending har skjedd når alle språkbrukarane i eit språksamfunn har begynt å bruka eit språktrekk som tidlegare ikkje var i bruk av nokon av språkbrukarane i det same språksamfunnet. I analysen ovanfor handlar det om språkendingar på individnivå. Men korleis kan vi vera sikre på at det vi har observert, faktisk er *endingar* i språkssystema til informantane? Det vi har tilgang til er det observerbare språklege uttrykket hjå informantane, og kva dette gjenspeglar av ein abstrakt språkstruktur hjå kvar enkelt språkbrukar, er ikkje eintydig.

Dersom vi tek utgangspunkt i ein språkbrukar som i løpet av ein undersøkingsperiode har endra distribusjonsmønster for dei undersøkte variablane, kan dette tolkast på ulike måtar. På den eine sida kan det vera eit uttrykk for ein slags 'tidsbestemt variasjon', der språkbrukaren utnyttar sin sosiolingvistiske kompetanse på same måte som ved 'situasjonsbestemt variasjon', medan det ikkje har skjedd endringar i det underliggjande språkssystemet, slik at språkbrukaren på eit seinare tidspunkt kan gå tilbake til den språkbruken som blei observert i første undersøkingsfase. På den andre sida kan vi tenkja oss at det faktisk er snakk om ei reell 'språkending på individnivå', der språkbrukaren faktisk ikkje lenger har mentalt tilgjenge til språktrekk han tidlegare har brukt. Eit siste scenario er ein slags mellomvariant, der språkbrukaren har mentalt tilgjenge til dei same språktrekka som tidlegare, men har endra oppfatningar om den sosiale meininga som er knytt til dei. Forenkla kan dette systematisk framstillast slik:

<b>Tolkingar</b>	<b>Observerbart språkleg uttrykk</b>	<b>Underliggjande årsak</b>	<b>Konsekvensar</b>
Tidsbestemt variasjon	Endring i variantdistribusjon over ein undersøkt tidsperiode	Stabilt språkssystem. Språkbrukaren utnyttar ibuande lingvistisk og sosiolingvistisk kompetanse.	Språkbrukar kan seinare gå tilbake til den tidlegare variantdistribusjonen.
Endring av sosial meining	Ditto	Stabilt språkssystem. Språkbrukaren endrar si forståing av kva for sosial meining som er knytt til dei involverte språkformene.	For å gå tilbake til den tidlegare variantdistribusjonen må språkbrukaren refortolka den sosiale meininga knytt til språktrekka.
Språkending	Ditto	Endring i språkssystemet til språkbrukaren.	Språkbrukar har ikkje lenger mentalt tilgang til tidlegare brukte språkformer.

Dette får konsekvensar også for tolkinga av endringsmønstra i undersøkinga mi. Det er ikkje mogeleg å seia noko definitivt om korleis vi skal tolka dei observerte endringane i det språklege uttrykket hjå nokon av informantane. Eg har ikkje tilgjenge til dei mentale prosessane inne i hovuda til informantane. Gjennom intervju kan ein sjølvstgått få eit inntrykk av kva som går føre seg, men mange av dei prosessane eg har beskrive i tabellen ovanfor, vil foregå på nivå som heller ikkje informantane sjølve har tilgjenge til. Det viktigaste i denne samanhengen er rett og slett å visa korleis eitt og same observerbare fenomen faktisk kan tolkast på mange ulike måtar.

## **10.2 Talemålsendring i språksamfunnet**

I denne avhandlinga har eg ikkje berre studert informantgruppa frå ulike innfallsvinklar, men også sett nærare på det lokale språksamfunnet informantane handlar innafor, og korleis dei relaterer seg til det nasjonale språksamfunnet (jf. språksamfunnmodellen i 3.5). Eg vil no sjå desse ulike analysedelane i samanheng.

### **10.2.1 Undersøkinga av informantgruppa gjennom undersøkingsperioden**

I kap. 7 prøver eg å få ei forståing av *den språklege røyndomsoppfatninga* i informantgruppa gjennom å analysere responsane informantane gjev når dei blir bedne om å kommentera fem lokale målprøvar. Lytteprøven blei gjennomført i samband med intervjurunden i 2001. Eg prøver her å undersøkje *språknormene* i informantgruppa fordi normene er den instansen som knyter saman individuell språkleg åtferd og kollektive handlingsmønster (jf. underkap. 3.3.3.2.)

Eg konkluderer med at informantane ser ut til å kategorisera språkleg endring og variasjon i språksamfunnet på eit kontinuum mellom osmål og bergensk, også referert til som 'nynorsk' og 'bokmål'. Det språklege handlingsrommet dei gjev seg sjølv og andre på same alder (dei objektiverte språknormene) ser ut til å vera knytt til bøyingsendingar og leksikon, og må haldast innafor visse grenser. Dersom informantane bruker språkformer som tungespiss-*r*, segmentering, manglande tonelagsskilje, osv. blir dette karakterisert som 'ekstremt gammalt' og 'hardbarka nynorsk'. Dersom dei tek i bruk leksem knytt til høgstatusbergensk blir dette karakterisert som 'hysterisk pent' og 'ekstremt bokmål'. For å snakka 'vanleg' må ein unngå det som blir oppfatta som ekstreme ytterpunkt, men ein kan

blanda 'nynorsk' og 'bokmål' eller 'a-endingar' og 'e-endingar' etter måten fritt utan å bli utsett for sosiale sanksjonar.

I kap. 8 presenterer eg ei kartlegging av den språklege åtferda i informantgruppa gjennom undersøkingsperioden, først på eit gruppenivå, sidan på eit individuelt nivå. På eit gruppenivå ser det ut til at graden av bergensstøtta nivellering aukar gjennom undersøkingsperioden. På individnivå viser det seg at nivelleringsgjennomsnittet hjå kvar enkelt informant varierer nokså kraftig i alle undersøkingsrundane, og det varierer også nokså kraftig frå informant til informant i kor stor grad nivelleringsgjennomsnittet endrar seg gjennom undersøkingsperioden. Mange av informantane har eit stabilt nivelleringsgjennomsnitt gjennom heile undersøkingsperioden, og nokre få får ein reduksjon av nivelleringsgjennomsnittet. Den gruppa som aukar nivelleringsgjennomsnittet gjennom undersøkingsperioden, er likevel den største.

Ved at mange språkbrukarar endrar sine språklege uttrykk, kan også den sosiale meininga i det språklege uttrykket endrast gjennom forhandlingar, og føra til endringar i dei objektiverte språknormene. Dette kan vera med på å driva språkendringsprosessen framover i språksamfunnet (jf. underkap. 3.3.3.2).

I kap. 9 ser eg den språklege åtferda i informantgruppa i lys av sosial kontekst. I første del av kapittelet, undersøker eg korleis dei sosiale variablane *kjønn*, *foreldrebakgrunn*, *utdanningsplanar* og *flytting før 2001* heng saman med graden av bergensstøtta nivellering gjennom undersøkingsperioden. I andre del av kapittelet plukkar eg ut seks informantar for ein kvalitativ analyse der eg undersøker tesen om samanheng mellom lokal tilhøyrse og orientering og lokalt talemål.

I den kvantitative analysen peikar *foreldrebakgrunn* seg ut som ein faktor som er viktig for informantane si språklege åtferd. Det ser ut til å vera klar samanheng mellom foreldrebakgrunn og bruken av bergensstøtta nivellerte former gjennom undersøkingsperioden. Dei som endrar talemålet mest i undersøkingsperioden, ser ut til å vera informantane i gruppa med ein osforelder og ein innflyttarforelder. Elles har informantane med to osforeldre jamt over eit stabilt lågt nivelleringsgjennomsnitt, medan informantane i gruppa med to innflyttarforeldre jamt over har eit meir eller mindre stabilt høgt nivelleringsgjennomsnitt.

I den kvalitative analysen viser det seg å vera vanskeleg å finna ein samanheng mellom ulike typar lokal orientering og språkleg åtferd. Ikkje hjå nokon av dei seks portretterte informantane er det samanheng mellom lokal orientering og *utvikling i språkleg uttrykk* (nivelleringsgjennomsnitt). Det er heller ikkje råd å kopla lokal orientering med *val av*

*språklege strategiar* hjå nokon av dei seks informantane. Det ser derimot ut til at utviklinga av språkleg uttrykk hjå desse enkeltinformantane heng saman med kva for språkleg strategi dei har valt. Det viser seg elles igjen at informantane har nokså ulikt språkleg utgangspunkt ved innleiinga til undersøkingsperioden, og at dette kan relaterast til kva foreldrebakgrunn dei har. Dei språklege endringane dei gjer, er knytt til val av språkleg strategi, men endringane skjer med utgangspunkt i den sosiolingvistiske og lingvistiske kompetansen dei alt har tileigna seg gjennom sosialisering.

#### *Konklusjon:*

I kap 8 prøver eg å få eit bilete av informantane si språklege åtferd gjennom undersøkingsperioden, medan eg i kap. 7 og 9 leitar etter bakgrunnen for denne åtferda. Funna frå desse tre kapitla kan kort summerast opp på denne måten:

- I 2001 var dei objektiverte språknormene i informantgruppa liberale. Det språklege handlingsrommet var likevel avgrensa til å gjelda variasjon i morfologi og leksikon, og 'ekstreme' språkformer som blei assosierte med eldre osmål eller høgstatusbergensk, blei ikkje aksepterte (kap. 7).
- Mange av informantane aukar nivelleringsgjennomsnittet gjennom undersøkingsperioden. Når mange språkbrukarar eksternaliserer ein auka bruk av nivellerte former, kan også den sosiale meininga i det språklege uttrykket endrast gjennom forhandlingar, og føra til endringar i dei objektiverte språknormene. Dette kan vera med på å driva språkendringsprosessen framover i informantgruppa, og i sin tur i det lokale språksamfunnet (kap. 8).
- Analysane og drøftingane i kap. 9 munna ut i formuleringa av tre hypotesar:

*1. I språksamfunn med mykje dialektkontakt er foreldrebakgrunn ein viktig faktor. Språkbrukarar med lokal foreldrebakgrunn vil i større grad halda på lokale former, språkbrukarar med ikkje-lokal foreldrebakgrunn vil bruka nivellerte former. Språkbrukarar med både lokal og ikkje-lokal foreldrebakgrunn vil i større grad enn andre ha potensiale for talemålsendring i slutten av tenåra.*

*2. Ei sterk lokal tilknytning får ikkje direkte konsekvensar for stabiliteten i talemålet.*



3. *Språkbrukarar med ein klart uttalt strategi om å 'halda på målet' er meir stabile språkleg enn dei som ikkje har ein slik strategi*

### 10.2.2 Språksamfunnet Os

Informantane i undersøkinga har alle tilknytning til språksamfunnet Os. Informantane si språklege åtferd går ikkje føre seg i eit vakuum – dei har tileigna seg sin lingvistiske og sosiolingvistiske kompetanse i eit språksamfunn med visse karakteristika. Konklusjonane eg trekkjer om den språklege åtferda i informantgruppa mi, må difor sjåast i lys av det språksamfunnet denne åtferda går føre seg i.

Korleis kan så språksamfunnet Os karakteriserast? I underkap. 6.2 hevdar eg at utviklinga av kommunikasjonssystemet mellom Bergen og Os har ført til ein gradvis auke i kontakt mellom desse to nabokommunane, medan kontakten med nabokommunane sør og aust for Bjørnefjorden i same tid er blitt redusert. Folketalet på Os har auka kraftig i same periode, og mange av innbyggjarane på Os er arbeidspendlarar til nabokommunar, mange til Bergen. I underkap. 6.4 bruker eg omgrepsapparatet til Henning Andersen (underkap. 3.2.1) til å karakterisera dagens Os-samfunn som *ope*. Det betyr at målbare tilhøve viser at det er mykje kontakt mellom språkbrukarane i Os og språkbrukarane i nabokommunane. Kontakt fører også til dialektkontakt. Dei psyko-sosiale kreftene som verkar i lokalsamfunnet, er nok vanskelegare å måla, men ut frå ein del observasjonar av korleis lokal identitet kjem til uttrykk, hevda eg likevel at at språksamfunnet ser ut til å ha endosentriske trekk, og at dette eventuelt kan fungera som ein bremse på den språklege nivelleringa mellom Os og nabokommunane.

Kva for språkendingar har så gått føre seg i språksamfunnet Os siste hundreåret? I underkap. 6.3.3.2 summerer eg opp desse endringane gjennom å samanlikna tre idealiserte osmålsvarietetar som eg kallar 'eldre osmål', 'yngre osmål' og 'informanttalemålet'. Alle desse varietetane er i bruk i språksamfunnet Os i dag, men er i stor grad assosierte med ulike aldersgrupper (sjå også underkap. 7.4.1.2). Eg konkluderer med at den store skilnaden mellom det eldre og det yngre osmålet er å finna på det fonologiske nivået. Endringane frå det yngre osmålet i 1974 til talemålet i informantgruppa i 2001 er stort sett å finna på det morfologiske nivået, men er ikkje gjennomførte på same måte hjå alle informantane. Det som kjenneteiknar 'informanttalemålet', er variasjon, ikkje stabilitet og struktur. Ein del informantar har eit talemål som ligg nokså nær opp til 'yngre osmål', andre informantar har fjerna seg nokså langt frå dette systemet, både i morfologi og leksikon.



### 10.2.3 Retninga i nivelleringsprosessen

For å få ei djupare forståing av den sosiale meininga i språklege endringsprosessar som går føre seg i det lokale språksamfunnet, må ein sjå desse som ein del av eit større bilete.

Seleksjonen av dei språkformene som 'vinn' og 'taper' i dei lokale forhandlingane må sjåast i lys av den kontinuerlege kampen om definisjonsmakt i storsamfunnet (jf. underkap. 3.3.2.).

Det er ei utbreidd oppfatning at språkutviklinga i Noreg i dag nokså tydeleg går i éin retning – lokale dialekttrekk med ei avgrensa geografisk utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare regional eller nasjonal utbreiing vert ståande eller spreier seg (Mæhlum 2002:68). I underkap. 6.4.2 konkluderte eg med at dette såg ut til å vera hovudmønsteret også på Os. Då eg såg nærare på kva for språkformer som såg ut til å 'tapa' og 'vinna' i den lokale seleksjonsprosessen slik han gjekk føre seg i informantgruppa i 2001 fann eg fram til potensielle nivelleringsinstansar for det lokale talemålet: *bergensk talemål*, *norsk standardtalemål*, *regionalvestlandsk* og *austlandsk talemål*.

Ein gjennomgang av distribusjonsmønstra for dei nivellerte formene viste at dei bergensstøtta nivellerte formene rett nok stod sterkt, men at det var skilnad på dei språkformene som var *bergensspesifikke* og dei formene som finst i Bergen, men som òg har støtte i eit større geografisk utbreiingsområde, og som er ein del av norsk standardtalemål. Dei bergensspesifikke formene såg ikkje ut til å bli tekne opp av informantane i så stor grad som dei meir allment utbreidde standardformene med støtte i bergensk talemål. Det kan altså diskuteras i kor stor grad bergensk er ein *sjølvstendig* nivelleringsinstans, og i kor stor grad bergensk talemål berre fungerer som ein formidlar av *norsk standardtalemål*, som eg har definert som ein eigen nivelleringsinstans. Resultata frå næranalysen av tekstutdrag frå informantane (underkap. 8.4) viser det same mønsteret – også her er dei ikkje-lokale formene som blir brukte av informantane i stor grad standardformer som òg er brukt i bergensk talemål. Særleg på leksemnivå er dette tydeleg – formene *noe*, *mye*, *skole*, *tro*, *vært*, *ned*, *hode* og *nese* er alle døme på variantar utan eigentleg basis i tradisjonell bergensdialekt. Men i dag er dei svært vanlege i bergensk talemål, og informantane med høgt nivelleringsgjennomsnitt i denne undersøkinga har teke dei aktivt i bruk. Meir bergensspesifikke trekk, som monoftongering av *ei/e*-vokalismen ser ikkje ut til å stå like sterkt.


Dette mønsteret er ikkje unikt for språksamfunnet Os, Gunnstein Akselberg har tidlegare funne dei same tendensane på Voss. Også her viser det seg at særbergenske former ikkje får innpass, medan standardformer ser ut til å få innpass, og gjerne gjennom bergensk talemålspåverknad. Akselberg kallar dette fenomenet for "det urbane forsterkarperspektivet",

og beskriv det slik: ”talemålet i eit kulturelt, økonomisk og politisk tungt sentrum forsterkar ein allmenn språkpåverknad som kan koma frå svært mange kanalar og kjelder, og som ikkje er spesielt knytt til karakteristiske trekk ved talemålet i forsterkarsenteret” (2003b:218).

Eg nemner òg eit idealisert *vestlandsk regionaltalemål* (utan støtte i bergensk) som ein mogleg nivelleringsinstans. Det finst ikkje mange døme på språkformer som kan kategoriserast i denne gruppa, men dei er der, og eg synest dette er eit interessant element. I diskusjonane om *regionalisering* går ein vanlegvis ut frå at nye språkformer spreier seg frå eit regionsentrum som har sosial og kulturell dominans, og vidare ut i periferien (jf. underkap. 2.3.2 og 2.4), og dette er òg hovudmønsteret i mitt materiale (jf. kap. 6.4.2 og 8.4.5). Men det finst altså støtte i materialet for å hevda at regionaliseringar kan gå føre seg i ein region utan at det er noko klart regionsentrum som kan spreia endringane.

Austlandsk talemål blir òg nemnt som ein potensiell nivelleringsinstans, men det er få av funna i materialet som må tolkast som klar *austlandsk* påverknad, det meste som *kunne* vore plassert der, kan like gjerne plasserast i standardtalemålskategorien.

Dersom vi trekkjer inn nivelleringspyramiden til Auer og Hinskens (underkap. 2.4), med ein horisontal geografisk akse og ein vertikal statusakse med standardtalemålet øvst, kan nivelleringsinstansane for talemålet i informantgruppa framstillast slik:



**Figur 10.1** Nivelleringspyramiden

Denne modellen presenterer nivellering som ein prosess med to dimensjonar – ein horisontal dimensjon som viser språkleg utjamning i regionen, altså *regionalisering*, og ein vertikal dimensjon som viser språkleg utjamning i nasjonen, altså ei *standardisering*.

Osmålet er plassert på den horisontale aksene i lag med det eg har kalla for 'regionalvestlandsk', bergensk har fellestrekk med standardtalemålet og er dermed blitt plassert litt opp på standardaksen, medan norsk standardtalemål er plassert på toppen av denne aksene.

Funna i underkap. 6.4.2 og i underkap. 8.4.5 ser altså ut til å indikera at 'norsk standardtalemål med støtte i bergensk' er den sterkaste nivelleringsinstansen. Tilnærminga på statusaksen mellom denne varietetten og ostalemålet på ser ut til å vera meir omfattande enn tilnærminga på geografi-aksen mellom talemålet i Os og andre vestlandske dialektar. Men biletet er ikkje eintydig. Informantreaksjonane mot symbolleksema *jeg, meg* og *ikke* (jf. underkap. 7.4.1.4), former som er obligatoriske i norsk standardtalemål slik eg tidlegare har definert det, viser at språknormene er meir komplekse enn eg har skissert dei så langt. Også utviklinga av nye regionale språkformer som ikkje har støtte i det urbane regionsentrumet Bergen viser at dei sosiale strøymingane ikkje berre har ei retning. Her er det også på sin plass å minna om at at det lokale talemålet slett ikkje er i ferd med å forsvinna, og at enkelte lokale språktrekk held seg godt (*r*-bortfall på PFE-varibelen, diftongering av *ei/e*-vekslinga, *a*-ending i preteritum av *a*-verb). Dei lokale språktrekka som held seg godt, er alle av den typen som har sterk støtte i talemåla i resten av regionen.

## Litteraturliste

- Aitchison, Jean. 1981. *Language change. Progress or decay?* London: Fontana.
- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken: Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Dr.art.-avhandling. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.
- 2003a. Talemålsvariasjon i Noreg. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 144-165.
  - 2003b. Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001-2003 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I *Nordisk dialektologi*, redigert av G. Akselberg, A. M. Bødal og H. Sandøy. Oslo: Novus. 197-226.
- Alver, Bente. 1990. *Creating the Source of Folkloristic Fieldwork*. Helsinki: Academia Scientiarum Fennica.
- 1998. Muntlige kilder. I *Rapport fra et Svalbard-seminar i Tromsø 19. - 20.11.1987*, redigert av M. Hauan. Tromsø: Universitetet i Tromsø. 79-97.
- Andersen, Henning. 1988. Center and periphery: Adoption, diffusion and spread. I *Historical dialectology. Regional and social*, redigert av J. Fisiak. Berlin, New York: Mouton de Gruyter. 39-83.
- 1989. Understanding linguistic innovations. I *Language Change. Contributions to the Study of its Causes*, redigert av L. E. Breivik og E. H. Jahr. Berlin: Mouton de Gruyter. 5-27.
- Auer, Peter, Birgit Barden og Beate Grosskopf. 1998. Subjective and objective parameters determining 'salience' in long-term dialect accommodation. *Journal of Sociolinguistics* 2 (2): 163-187.
- Auer, Peter og Frans Hinskens. 1996. The convergence and divergence of dialects in Europe. New and not so new developments in an old area. *Sociolinguistica* 10: 1-30.
- Berger, Peter L. og Thomas Luckmann. 1967. *The Social Construction of Reality. A Treatise in the Sociology of Knowledge*. Garden City, N. Y.: Doubleday.
- Berntsen, Mandius, Amund B. Larsen og Bymålslaget. 1925. *Stavanger bymål*. Oslo.
- Bjørkum, Andreas. 1974. *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygd Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blakar, Rolv Mikkel. 1989. *Språk er makt*. 5. utg. Oslo: Pax.

- Bloomfield, Leonard. 1933. *Language*. New York: Holt.
- 1934. A Set of Postulates for the Science of Language. *Language* 2: 153-164.
- Bourdieu, Pierre. 1982. *Ce que parler veut dire. L'économie des échanges linguistiques*. Paris: Fayard.
- Bourdieu, Pierre, Alain Accardo og Philippe Corcuff. 1986. *La Sociologie de Bourdieu. Textes choisis et commentés*. 2. utg. Bourdeaux: Mascaret.
- Bourdieu, Pierre, Loic J. D. Wacquant og Bjørn Kvalsvik Nicolaysen. 1993. *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Samlagets høgskulebøker. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Brekke, Nils Georg, Svein Nord og Ronny B. Skaar. 1993. *Kulturhistorisk vegbok*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, Nord 4. Vestkyst.
- Brunstad, Endre. 2000. Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskninga. I *Språkvitskap og vitskapsteori. Ti nye vitskapsteoretiske innlegg*, redigert av R. Brodersen og T. Kinn. Larvik: Ariadne. 46-68.
- Bynon, Theodora. 1977. *Historical linguistics*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cameron, Deborah. 1990. Demythologizing Sociolinguistics: Why Language Does Not Reflect Society. I *Ideologies of Language*, redigert av J. E. Joseph og T. J. Taylor. London: Routledge. 79-93.
- Chambers, J. K. 1995. *Sociolinguistic theory. Linguistic variation and its social significance*. Language in society 22. Oxford UK, Cambridge USA: Basil Blackwell.
- Chambers, J. K. og Peter Trudgill. 1980. *Dialectology*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- 1998. *Dialectology*. 2. utg. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Croft, William. 1990. *Typology and universals*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- 2000. *Explaining Language Change. An Evolutionary Approach*. Longman linguistics library. Harlow: Longman.
- Dawe, Alan. 1978. Theories of Social Action. I *A History of Sociological Analysis*, redigert av T. Bottomore og R. Nisbet. New York: Basic Books. 362-417.
- Dressler, Wolfgang U. 1985. *Morphonology. The dynamics of derivation*. Redigert av K. C. Hill. *Linguistica Extranea, Studia* 12. Ann Arbor, Michigan: Karoma.

- 2003. Naturalness and Morphological Change. I *The Handbook of Historical Linguistics*, redigert av B. D. Joseph og R. D. Janda. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishing. 461-471.
- Dubois, Sylvie og Barbara Horvath. 1999. When the music changes, you change too: Gender and language change in Cajun English. *Language Variation and Change* 11 (3): 287-313.
- Dyvik, Helge. 1980. *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- 1992. *To forelesninger om lingvistikken vitenskapsteori*. Institutt for fonetikk og lingvistikk 41, Serie B. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Eckert, Penelope. 1997. Age as a Sociolinguistic Variable. I *The Handbook of Sociolinguistics*, redigert av F. Coulmas. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers. 151-167.
- 2000. *Linguistic variation as social practice. The linguistic construction of identity in Belten High*. *Language in society* 27. Malden, Massachusetts: Blackwell Publishers.
- Eckert, Penelope og Sally McConnell-Ginet. 1992a. Communities of Practice: Where language, gender, and power all live. I *Locating Power: Proceedings of the Second Berkeley Women and Language Conference.*, redigert av K. Hall, M. Bucholtz og B. Moonwomon. Berkeley, CA: Berkeley Women and Language Group. 89-99.
- 1992b. Think practically and look locally: Language and gender as community-based practice. *Annual Review of Anthropology* 21: 461-490.
- Engevik, Anders Kåre. 1980. Ruteferdsla mellom Bergen og indre Midthordland 1861-1965. I *Bygdesoga for Os. Kulturhistorisk band.*, redigert av N. G. Brekke, Anders Hauge d.y., Henrik Tveit, Johannes Tvedt, Jimmy Øvredal. Bergen: Norsk Skjemaforlag L/L. 107-220.
- Ertresvaag, Egil. 1980. Næringslivet i Os 1920-1970. I *Bygdesoga for Os. Kulturhistorisk band*, redigert av N. G. Brekke, Anders Hauge d.y., Henrik Tveit, Johannes Tvedt, Jimmy Øvredal. Bergen: Norsk Skjemaforlag L/L. 69-106.
- Fasold, Ralph W. og Walt Wolfram. 1997. Field Methods in the Study of Social Dialects. I *Sociolinguistics. A Reader and A Coursebook*, redigert av N. Coupland og A. Jaworski. Hampshire/New York: Palgrave. 89-115.
- Fog, Jette. 1996. Begrunnelsernes koreografi. Om kvalitativ ikke-statistisk representativitet. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 194-219.
- Frønes, Ivar. 1995. *Handling og sosial struktur*. Oslo: Institutt for sosiologi.
- Føllesdal, Dagfinn, Jon Elster og Lars Walløe. 1986. *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi*. 4. utg. utg. Oslo: Universitetsforlaget.

- Faarlund, Jan Terje. 1987. Om beskriving og forklaring i lingvistisk teori. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 5 (1): 13-28.
- Gauchat, L. 1905. L'unité phonétique dans le patois d'une commune. I *Aus romanischen Sprachen und Litteraturen; Festschrift Heinrich Morf*. 175-232.
- Giles, Howard og Peter Powesland. 1997. Accommodation Theory. I *Sociolinguistics: A Reader and a Coursebook.*, redigert av N. Coupland og A. Jaworski. London: Macmillan. 232-239.
- Grønmo, Sigmund. 1996. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 73-108.
- Gumperz, John J. 1968. The Speech Community. I *International Encyclopedia of the Social Sciences*, redigert av D. J. Sills. New York: Macmillan Company & The Free Press. 381-386.
- Hagen, Jon Erik. 1988. *Bergensmålets fleksjonsmorfologi*. Redigert av H. Sandøy. Talemål i Bergen 4. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Ragnhild. 1998. Variasjon og endring i sogndalsdialekten. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Sogndal. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg* 1: 1-168.
- 2004. *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Dr.art.-avhandling. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Henriksen, Henning. 1954. *Målet på Tysnes i Sunnhordland. Ei stutt lyd- og formlære*. Hovudfagsoppgåve. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen
- Hermann, E. 1929. Lautveränderungen in den Individualsprachen einer Mundart. I *Nachrichten der Gesellschaft der Wissenschaften zu Göttingen, Philosophisch-Historische Klasse II*. 195-214.
- Hernes, Gudmund. 1979. Om bruk av økonomiske modeller i sosiologien. I *Arbeidsnotat nr. 7*. Bergen: Universitetet i Bergen, NAVF's senter for samfunnsvitenskapelig forskerutdanning
- Hernes, Reidunn. 1998. *"Eg snakke sånn så - det komme av seg sjøl" : Ein sosiolingvistisk analyse av talemålsvariasjon hjå ungdomar i Os*. Hovudfagsoppgåve. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.
- 2005. Kvar i verda finst språket? Ei drøfting av sosiolingvistikken sitt studieobjekt - i spenningsfeltet mellom individ og kollektiv. *Målbryting* 7: 145-167.
- Holter, Harriet. 1996. Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 9-25.
- Hudson, Richard A. 1996. *Sociolinguistics*. 2. utg. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.



- Jensen, Kjetil. 1999. Språkendringsmønstre. En metodekritisk analyse av apokope i fauskedialekten. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsending i Noreg* 3: 1-151.
- Jespersen, Otto. 1922. *Language. Its nature, development and origin*. London: Allen & Unwin.
- Johansson, Thomas og Fredrik Miegel. 1996. *Kultursociologi*. Lund: Studentlitteratur.
- Kalleberg, Ragnvald. 1996. Forskningsopplegget og samfunnsforskningens dobbeltdialog. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 73-108.
- Keller, Rudi. 1994. *On language change. The invisible hand in language*. London: Routledge.
- Kenstowicz, Michael. 1994. *Phonology in generative grammar*. Cambridge, MA: Blackwell.
- Kerswill, Paul. 1994. *Dialects converging. Rural speech in urban Norway*. Oxford studies in language contact. Oxford: Clarendon Press.
- 1996. Children, adolescents, and language change. *Language Variation and Change* 8 (2): 177-202.
  - 2002a. Dialect levelling and models of change. *Reading Working Papers in Linguistics* 6: 187-216.
  - 2002b. Koineization and Accommodation. I *The Handbook of Language Variation and Change*, redigert av J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Oxford, Massachusetts: Blackwell Publishers. 669-702.
- Kerswill, Paul og Ann Williams. 2000. Creating a New Town koine. Children and language change in Milton Keynes. *Language in Society* 29: 65-115.
- 2002. "Salience" as an explanatory factor in language change: evidence from dialect levelling in urban England. I *Language Change. The Interplay of Internal, External and Extra-Linguistic Factors*, redigert av M. C. Jones og E. Esch. Berlin: Mouton de Gruyter. 81-110.
- Kjørup, Søren. 1996. *Menneskevidenskabene. Problemer og traditioner i humanioras videnskapsteori*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kolsrud, Sigurd. 1974. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kristoffersen, Gjert. 1980. *Dialektutvikling hos skolebarn. En undersøkelse av forbindelser av vokal + r i talemålet til skolebarn i Arendal*. Tromsø-studier i språkvitenskap 1. Oslo: Novus.
- 1996. Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolingvistiske forskningsresultater. I *Samspel och variation. Språklige studier tillagnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*, redigert av M. Thelander (hovudredaktør). Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.



- Labov, William. 1966. *The social stratification of English in New York City*. Urban language series. Washington, D.C.: Center for Applied Linguistics.
- 1972. *Sociolinguistic patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
  - 1994. *Principles of Linguistic Change. Internal factors*. Language in Society 29. Oxford UK, Cambridge USA: Blackwell Publishers.
  - 2001. *Principles of Linguistic Change. Social factors*. Vol. 2. Language in Society 20. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers.
- Larsen, Amund B. og Gerhard Stoltz. 1912. *Bergens bymål*. Kristiania.
- Lass, Roger. 1980. *On explaining language change*. Cambridge studies in linguistics 27. Cambridge: Cambridge University Press.
- 1997. *Historical linguistics and language change*. Cambridge studies in linguistics 81. Cambridge: Cambridge University Press.
- Le Page, R. B. 1997. The Evolution of a Sociolinguistic Theory of Language. I *The Handbook of Sociolinguistics*, redigert av F. Coulmas. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers. 15-32.
- Le Page, R. B. og Andrée Tabouret-Keller. 1985. *Acts of Identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Løvås, Gunnar G. 1999. *Statistikk - for universiteter og høyskoler*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Macaulay, Ronald. 2002. Discourse Variation. I *The Handbook of Language Variation and Change*, redigert av J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers. 283-305.
- McCarthy, John J. 2002. *A thematic guide to optimality theory*. Research surveys in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- McMahon, April M. S. 1994. *Understanding Language Change*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Milroy, James. 1992. *Linguistic Variation and Change. On the Historical Sociolinguistics of English*. Language in Society ; 19. Oxford: Blackwell.
- Milroy, James og Lesley Milroy. 1985. Linguistic change, social network and speaker innovation. *Journal of Linguistics* 21: 339-384.
- Milroy, Lesley. 1980. *Language and Social Networks*. Language in society ; 2. Oxford: Blackwell.
- 2002. Social Networks. I *The Handbook of Language Variation and Change*, redigert av J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Oxford: Blackwell. 549-572.
- Milroy, Lesley og Matthew Gordon. 2003. *Sociolinguistics. Methods and Interpretation*. Redigert av P. Trudgill. Language in Society. Oxford: Blackwell.

- Myking, Johan. 1983. *Fem leksikalske variablar i bergensmålet*. Redigert av H. Sandøy. Talemål i Bergen 2. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Myking, Johan og Harald Ulland. 1985. *Talemålet i Bergen. En kort lærerveiledning*. Bergen: Kommunalavdeling skole, pedagogisk veiledningstjeneste.
- Mæhlum, Brit. 1986. *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo*. Tromsø-studier i språkvitenskap ; 8. Oslo: Novus.
- 1992. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Tromsø-studier i språkvitenskap 12. Oslo: Novus
  - 1999. *Mellom Skylla og Kharybdis. Forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap. Essay*. Oslo: Novus
  - 2002. Hvor går vi - og hvorfor? Et forsøk på å trekke noen store linjer i utviklingen av norsk talemål. *Målbryting* 6: 67-93.
- Nesse, Agnete. 1994. *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*. Redigert av H. Sandøy. Talemål i Bergen 5. Bergen: Målføresamlinga, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Notland, Vibeke. 2001. *Variasjon og endring i Bømlamålet. Ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlo kommune i Sunnhordland*. Hovudfagsoppgåve. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Oldervoll, Jan. 1980. Frå brukar til pendlar. I *Bygdesoga for Os. Kulturhistorisk band.*, redigert av N. G. Brekke, Anders Hauge d.y., Henrik Tveit, Johannes Tvedt, Jimmy Øvredal. Bergen: Norsk Skjemaforlag L/L. 16-68.
- Omdal, Helge. 1977. Høyangermålet - ein ny dialekt. *Språklig Samling* (18): 7-9.
- 1994. *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand*. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 35. Uppsala: Institutionen.
- Papazian, Eric. 2001. Bokmål som talemål. *Språklig Samling* 42 (4): 6-9.
- Patrick, Peter L. 2002. The Speech Community. I *The Handbook of Language Variation and Change*, redigert av J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers. 573-597.
- Paul, Hermann. 1880. *Prinzipien der Sprachgeschichte*. Halle: Niemeyer.
- Romaine, Suzanne. 1989. The role of children in linguistic change. I *Language change. Contributions to the Study of its Causes.*, redigert av L. E. Breivik og E. H. Jahr. Berlin: Mouton de Gruyter. 199-225.
- 1994. *Language in Society. An Introduction to Sociolinguistics*. Oxford: Oxford University Press.

- Røynealand, Unn. 1994. *Når bygdemål møter bymål. Ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringer i Oslo*. Hovudfagsoppgåve. Institutt for lingvistiske og nordiske studier. Universitetet i Oslo, Oslo.
- 2003. Språk- og dialektkontakt. I *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy. Oslo: Cappelen akademisk forlag. 44-69.
  - 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Acta Humaniora 231. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Sandve, Bjørn Harald. 1976. *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføre*. Hovudfagsoppgåve. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen
- Sandvik, Olav Hetland. 1979. Talemål i Rogaland. I går, i dag og i morgon. Om uttale, bøying og ordtilfang i Rogalands-målet. I *Rapport, Rogalandsforskning, 1-1979*. Stavanger
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. 2. utg. Oslo: Novus.
- 1998. The Diffusion of a New Morphology in Norwegian Dialects. *Folia Linguistica* 32: 83-100.
  - 2000. Utviklingslinjer i moderne norske dialektar. *Folkmålsstudier* 39: 345-384.
  - 2003a. Kontakt og spreining. I *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag. 224-246.
  - 2003b. Skriftvariasjon. I *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*., redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Schmidt, Johannes. 1872. *Die Verwandtschaftsverhältnisse der indogermanischen Sprachen*. Weimar: Böhlau.
- Seip, Didrik Arup og Michael Segelche Sandberg. 1934. Et skuespill på Hordalandsmål fra 1811. *Maal og Minne*: 1-52.
- Selås, Magnhild. 2003. *Dialektal variasjon og endring aust på Agder - beskrive og forklart ved to språklege variablar*. Dr.art.-avhandling. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skolseg, Ellen. 2001. Problemer med å bruke bokmål som navn på talemål. *Språklig Samling* 42 (3): 7-10.

- Skre, Ivar. 1957. *Fana-målet. Ljodlæra med stutt omrit av formlæra*. Skrifter utgitt av Institutt for nordisk filologi 1. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Solheim, Randi. 2002. Språket i smeltegryta. Ein presentasjon av eit prosjekt. *Målbryting* 6: 131-142.
- Stemshaug, Ola. 1972. Sosiolingvistiske forhold i Trøndelag. I *Trøndermål. Språkarv og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre*, redigert av A. Dalen og O. Stemshaug. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Torp, Arne. 2000. Skarre-r - ingen talefeil likevel? Teorier om opphavet til skarring - og hvor langt skarringa vil gå. *Målbryting* (4): 63-88.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 1993. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Trudgill, Peter. 1974. Linguistic change and diffusion: description and explanation in sociolinguistic dialect geography. *Language in Society* 2: 153-164.
- 1986. *Dialects in contact*. Language in society 10. Oxford: Blackwell.
  - 2002. Introduction: Social Differentiation. I *The Handbook of Language Variation and Change*, redigert av J. K. Chambers, P. Trudgill og N. Schilling-Estes. Oxford UK, Malden USA: Blackwell Publishers. 373-374.
  - 2004. *New-dialect formation. The inevitability of colonial Englishes*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Trudgill, Peter, Elizabeth Gordon, Gillian Lewis og Margaret MacLagan. 2000. Determinism in new-dialect formation and the genesis of New Zealand English. *Journal of Linguistics* 36 (2): 299-318.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1980. Om språkvitenskapens norm-begrep. *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1: 3-22.
- Veiden, Pål. 2000. Innledning. I *Den samfunnsskapte virkelighet*, redigert av P. L. Berger og T. Luckmann. Bergen: Fagbokforlaget. 7-20.
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre. Morfologiske studiar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1974. *Linne verb i norske målføre. Morfologiske studiar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vidsteen, Chr. 1900. *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland. Med en kortfattet Lydlære og Bøiningslære samt Sprogprøver*. Bergen: John Griegs Bogtrykkeri.
- Wilkes, Chris, Cheleen Mahar og Richard Harker. 1990. *An Introduction to the Work of Pierre Bourdieu. The Practice of Theory*. London: Macmillan.
- Williams, Glyn. 1992. *Sociolinguistics. A sociological critique*. Interface. London: Routledge.

Wolfson, Nessa. 1976. Speech events and natural speech: some implications for linguistic methodology. *Language in Society* 5: 189-209.

Åfarli, Tor Anders. 2000. *Grammatikk - kultur eller natur? Elementær innføring i det generative grammatikkstudiets vitenskapsteori*. Oslo: Samlaget.

Aarseth, Arne. 1974. *Osmålet. Et Hordalands-mål i forandring*. Bergen.

## Skjema for geografisk sjølvbiografi

### 1. Du sjølv

Kor mange stader har du budd i løpet av livet, i lag med kven, og kor lenge på kvar stad? Fyll inn i tabellen.

	Stad	Tidsrom (sånn omtrenteleg)
Mor og far		
Mor (og mors partnar)		
Far (og fars partnar)		
Andre (sambuar, kollektiv, folkehøgskule, militære...)		

### 2. Mor

- a) Kvar har mor vakse opp? .....
- b) Kva er mors yrke? .....
- c) I kva tidsrom (om lag) har mor budd på Os? Frå: ..... Til:.....
- e) Kva vil du kalla mors dialekt? .....

### 3. Far

- a) Kvar har far vakse opp? .....
- b) Kva er fars yrke? .....
- c) I kva tidsrom (om lag) har far budd på Os? Frå: ..... Til:.....
- d) Kva vil du kalla fars dialekt? .....

*Dersom mor og far bur saman, eller bur kvar for seg utan partnar, kan du hoppa over spørsmål 4 og 5*

### 4. Mors partnar

- a) Kvar har mors partnar vakse opp? .....
- b) Kva er mors partnars yrke? .....
- c) I kva tidsrom (om lag) har mors partnar budd på Os Frå: ..... Til:.....
- d) Kva vil du kalla mors partnars dialekt? .....

Vedlegg 1: Skjema for geografisk sjølvbiografi

5. Fars partnar

- a) Kvar har fars partnar vakse opp? .....
- b) Kva er fars partnars yrke? .....
- c) I kva tidsrom (om lag) har fars partnar budd på Os? Frå:..... Til:.....
- d) Kva vil du kalla fars partnars dialekt? .....

7. Søsken

Nummer 1

Alder, kjønn .....

Kor mange år har de budd i same husstand? .....

Bur de i same husstand no? .....

Korleis er dialekten til dette søskenet samanlikna med din eigen? Har dette søskenet endra dialekten sin?

.....

Nummer 2

Alder, kjønn .....

Kor mange år har de budd i same husstand? .....

Bur de i same husstand no? .....

Korleis er dialekten til dette søskenet samanlikna med din eigen? Har dette søskenet endra dialekten sin?

.....

Nummer 3

Alder, kjønn .....

Kor mange år har de budd i same husstand? .....

Bur de i same husstand no? .....

Korleis er dialekten til dette søskenet samanlikna med din eigen? Har dette søskenet endra dialekten sin?

.....

## NETTVERKSSKJEMA (1997)

Den informasjonen du gjev på dette skjemaet skal handsamast konfidensielt, og vil ikkje bli brukt til noko anna enn forskning. Opplysningane skal nyttast i ei undersøking om språket hjå ungdomar i Os, som du er med på. I dette skjemaet skal du setja opp dei 12 personane du meiner er dei viktigaste i livet ditt nett no. For at du skal ta dei med på skjemaet ditt er det to krav dei må fylla:

1. Det må vera personar som betyr noko for deg, og som du betyr noko for.
2. Du må ha kontakt med dei jamnleg

Med formuleringa "personar som betyr noko for deg" meiner vi personar som du meiner er viktige i livet ditt. Personar som har noko å seia for kva du bruker tida di til, og som kanskje påverkar måten du tenkjer på og måten du handlar på.

Skriv først ned dei du har mest kontakt med. Du kan ta med personar av begge kjønn og i alle aldrar. Du kan óg ta med personar du berre brevvekslar med eller snakkar i telefonen med dersom dei elles fyller krava ovanfor.

Dette kan vera ei hugseliste over personar du kanskje vil ha med:

- Familie
- Slekt
- Vener
- Studiekameratar/kollegaer
- Personar du kjenner i samband med klubb, foreining, idrett eller andre fritidsaktivitetar
- Lærarar, leiarar, instruktørar
- Naboar
- Andre



## Vedlegg 2: Nettverksskjema

### Oppgåve 1.

		Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
<b>A</b>	Generelle opplysningar om personen						
<b>1</b>	Personen sitt førenamn						
<b>2</b>	Personen sin alder						
<b>3</b>	Kor lenge har du kjent denne personen? (Skriv tal på år. Dersom du har kjent personen heile livet, skriv du alderen din.)						
<b>4</b>	Kor godt kjenner du denne personen?(Set rett tal i rubrikken) 1=kjenner svært godt, 2=kjenner godt, 3=kjenner litt						
<b>B</b>	Kvar er personen frå? (Set kryss i <u>ein</u> av rubrikkane)						
<b>5</b>	Os						
<b>6</b>	Bergen						
<b>7</b>	Hordaland elles						
<b>8</b>	Vestlandet elles						
<b>9</b>	Resten av landet						
<b>10</b>	Utlandet						
<b>C</b>	Kva dialekt snakkar personen? (Set kryss i <u>ein</u> av rubrikkane.)						
<b>11</b>	Osdialekt						
<b>12</b>	Bergensdialekt						
<b>13</b>	Blanding av bergens- og osdialekt						
<b>14</b>	Anna						
<b>D</b>	Kor ofte har du kontakt med denne personen? (Set kryss i berre <u>ein</u> av rubrikkane)						
<b>15</b>	Dagleg						
<b>16</b>	Kvar veke						
<b>17</b>	Kvar eller annakvar månad						
<b>18</b>	Kvart halvår						
<b>19</b>	Kvart år eller sjeldnare						
<b>E</b>	Korleis kjenner du denne personen? (Her kan du setja kryss i fleire av rubrikkane.)						
<b>20</b>	Personen er ein du er nært i slekt eller gift/sambuar med, og som bur saman med deg. (Sambuar/ektemake, foreldre, søsken, besteforeldre, oldeforeldre, e.l.)						

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

		Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
	<b>Personen sitt førenamn</b>						
21	Personen er ein du er nært i slekt med, og ikkje bur saman med. (Besteforeldre, oldeforeldre, tanter, onklar, syskenbarn, eller foreldre og sysken som er flytta ut.)						
22	Personen er ein du er fjernt i slekt med						
23	Personen er ein du bur i bufellesskap/kollektiv med, men som ikkje er familie eller kjærast.						
24	Personen er ein nær venn som du ikkje bur saman med.						
25	Personen er studiekameraten eller arbeidskameraten din.						
26	Personen er ein nabo.						
27	Personen er ein du kjenner gjennom ein fritidsaktivitet.						
28	Personen er ein som er leiar/instruktør/lærer for deg.						
<b>F</b>	<b>Kva skjer når de er saman? Kva gjer de saman? (Du kan setja kryss i fleire av rubrikkane.)</b>						
29	Personen er ein du bur saman med, et dei daglege måltida saman med.						
30	Personen er ein du gjer ein organisert fritidsaktivitet saman med (idrett, kulturelle aktivitetar, kurs)						
31	Personen er ein du driv ein hobby saman med (friluftsliv, foto, fiske, handarbeid)						
32	Personen er ein du går på besøk til, går på kafé med, har det hyggeleg saman med.						
33	Personen er ein du ser TV, video, film saman med, går på fotballkampar med, lyttar på musikk eller går på konsert med.						
34	Personen er ein du reiser på tur med, er saman med i ferie.						
35	Personen er ein du arbeider for, hjelper reint praktisk.						
36	Personen er ein som hjelper deg/arbeider for deg reint praktisk.						
37	Personen er ein du studerer saman med, gjer skularbeid saman med.						
38	Personen er ein du får/gjev støtte, hjelp, praktiske råd av, snakkar med åleine, betrur deg til.						
39	Personen er ein du er saman med i familieselskap.						
40	Personen er ein du "går ut" på pub/diskotek med.						

(til saman 12 nettverkskontaktar)

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

### Oppgåve 2

Sjå over namna du har skrive opp i nettverksskjemaet ditt. Kven av desse personane kjenner kvarandre? Begynn med person nr. 1. Skriv under namnet hans namnet på dei personane du trur han kunne hatt med i sitt nettverksskjema. Det vil seia personar som fyller krava vi skildra på side 1;

- Personar som han / ho betyr noko for, og som betyr noko for han /ho.
- Personar som han / ho har kontakt med jamnleg.

	Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
Personen sitt førenamn						
Namna på dei andre personane i skjemaet ditt som denne personen kjenner.						
	Person 7	Person 8	Person 9	Person 10	Person 11	Person 12
Personen sitt førenamn						
Namna på dei andre personane i skjemaet ditt som denne personen kjenner.						

## NETTVERKSSKJEMA (2003)

Den informasjonen du gjev på dette skjemaet skal handsamast konfidensielt, og vil ikkje bli brukt til noko anna enn forskning. Opplysningane skal nyttast i ei undersøking om språket hjå ungdomar i Os, som du er med på. I dette skjemaet skal du setja opp dei 12 personane du meiner er dei viktigaste i livet ditt nett no. For at du skal ta dei med på skjemaet ditt er det to krav dei må fylla:

3. Det må vera personar som betyr noko for deg, og som du betyr noko for.
4. Du må ha kontakt med dei jamnleg

Med formuleringa "personar som betyr noko for deg" meiner vi personar som du meiner er viktige i livet ditt. Personar som har noko å seia for kva du bruker tida di til, og som kanskje påverkar måten du tenkjer på og måten du handlar på.

Skriv først ned dei du har mest kontakt med. Du kan ta med personar av begge kjønn og i alle aldrar. Du kan óg ta med personar du berre brevvekslar med eller snakkar i telefonen med dersom dei elles fyller krava ovanfor.

Dette kan vera ei hugseliste over personar du kanskje vil ha med:

- Familie
- Slekt
- Vener
- Studiekameratar/kollegaer
- Personar du kjenner i samband med klubb, foreining, idrett eller andre fritidsaktivitetar
- Lærarar, leiarar, instruktørar
- Naboar
- Andre

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

### Oppgave 1.

		Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
<b>A</b>	Generelle opplysningar om personen						
<b>1</b>	Personen sine initialar						
<b>2</b>	Personen sin alder						
<b>3</b>	Kor lenge har du kjent denne personen? (Skriv tal på år. Dersom du har kjent personen heile livet, skriv du alderen din.)						
<b>4</b>	Kor godt kjenner du denne personen? (Set rett tal i rubrikken) 1=kjenner svært godt, 2=kjenner godt, 3=kjenner litt						
<b>B</b>	Kvar er personen frå? (Set kryss i <u>ein</u> av rubrikkane)						
<b>5</b>	Os						
<b>6</b>	Bergen						
<b>7</b>	Hordaland elles						
<b>8</b>	Vestlandet elles						
<b>9</b>	Resten av landet						
<b>10</b>	Utlandet						
<b>C</b>	Kva dialekt snakkar personen? (Set kryss i <u>ein</u> av rubrikkane.)						
<b>11</b>	Osdialekt						
<b>12</b>	Bergensdialekt						
<b>13</b>	Blanding av bergens- og osdialekt						
<b>14</b>	Anna						
<b>D</b>	Kor ofte har du kontakt med denne personen? (Set kryss i berre <u>ein</u> av rubrikkane)						
<b>15</b>	Dagleg						
<b>16</b>	Kvar veke						
<b>17</b>	Kvar eller annakvar månad						
<b>18</b>	Kvart halvår						
<b>19</b>	Kvart år eller sjeldnare						
<b>E</b>	Korleis kjenner du denne personen? (Her kan du setja kryss i fleire av rubrikkane.)						
<b>20</b>	Personen er ein du er nært i slekt eller gift/sambuar med, og som bur saman med deg. (Sambuar/ektemake, foreldre, søsken, besteforeldre, oldeforeldre, e.l.)						

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

		Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
	<b>Personen sine initialar</b>						
21	Personen er ein du er nært i slekt med, og ikkje bur saman med. (Besteforeldre, oldeforeldre, tanter, onklar, syskenbarn, eller foreldre og sysken som er flytta ut.)						
22	Personen er ein nær venn som du ikkje bur saman med.						
23	Personen er ein du bur i bufellesskap/kollektiv med, men som ikkje er nær familie eller kjærast.						
24	Personen er ein du er fjernt i slekt med.						
25	Personen er studiekameraten eller arbeidskameraten din.						
26	Personen er ein nabo.						
27	Personen er ein du kjenner gjennom ein fritidsaktivitet.						
28	Personen er ein som er leiar/instruktør/lærer for deg.						
F	Kva skjer når de er saman? Kva gjer de saman? (Du kan setja kryss i fleire av rubrikkane.)						
29	Personen er ein du bur saman med, et dei daglege måltida saman med.						
30	Personen er ein du gjer ein organisert fritidsaktivitet saman med (idrett, kulturelle aktivitetar, kurs).						
31	Personen er ein du driv ein hobby saman med (fiske, foto, handarb.)						
32	Personen er ein du går på besøk til, går på kafé med, har det hyggeleg saman med.						
33	Personen er ein du ser TV, video, film saman med, går på fotballkampar med, lyttar på musikk eller går på konsert med.						
34	Personen er ein du reiser på tur med, er saman med i ferie.						
35	Personen er ein du arbeider for, hjelper reint praktisk.						
36	Personen er ein som hjelper deg/arbeider for deg reint praktisk.						
37	Personen er ein du studerer saman med, gjer skulearbeid saman med.						

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

<b>38</b>	Personen er ein du får/gjev støtte, hjelp, praktiske råd av, snakkar med åleine, betrur deg til.						
<b>39</b>	Personen er ein du er saman med i familieselskap.						
<b>40</b>	Personen er ein du ”går ut” på pub/diskotek med.						

*(til saman 12 nettverkskontaktar)*

## Vedlegg 2: Nettverksskjema

### Oppgåve 2

Sjå over personane du har skrive opp i nettverksskjemaet ditt. Kven av desse personane kjenner kvarandre? Begynn med person nr. 1. Skriv under namnet hans namnet på dei personane du trur han kunne hatt med i sitt nettverksskjema. Det vil seia personar som fyller krava vi skildra på side 1;

- Personar som han / ho betyr noko for, og som betyr noko for han /ho.
- Personar som han / ho har kontakt med jamnleg.

	Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5	Person 6
Personen sine initialar						
Initialane på dei andre personane i skjemaet ditt som denne personen kjenner.						
	Person 7	Person 8	Person 9	Person 10	Person 11	Person 12
Personen sine initialar						
Initialane på dei andre personane i skjemaet ditt som denne personen kjenner.						



## **Lytteprøve**

No skal du få høyra 5 ulike osingar som snakkar. Dei er alle fødde og oppvaksne i Os, men dei snakkar kanskje ikkje heilt likt. Høyr nøye etter korleis dei snakkar. Andre gongen du høyrer bandet kan du prøva å svara på spørsmåla nedanfor.

### **Person 1**

1) Kva vil du kalla denne ”dialekten”? Svar:.....

2) Legg du merke til spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande, som du baserer svar nr. ein på?

Lydar:

Bøyingsformer:

Ord og uttrykk:

3) Har du noka formeining om

- Kvar i bygda personen er frå?.....
- Kvifor?.....
- Kor gammal han / ho er?.....
- Kvifor?.....
- Kva han / ho arbeider med?.....
- Kvifor? .....
- Driv med på fritida?
- Kvifor?.....

### **Person 2**

1) Kva vil du kalla denne ”dialekten”? Svar:.....

2) Legg du merke til spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande, som du baserer svar nr. ein på?

Lydar:

Bøyingsformer:

Ord og uttrykk:

3) Har du noka formeining om

- Kvar i bygda personen er frå?.....
- Kvifor?.....
- Kor gammal han / ho er?.....
- Kvifor?.....
- Kva han / ho arbeider med?.....

### Vedlegg 3: Lytteprøveskjema

- Kvifor? .....
- Driv med på fritida?
- Kvifor?.....

#### **Person 3**

1) Kva vil du kalla denne ”dialekten”? Svar:.....

2) Legg du merke til spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande, som du baserer svar nr. ein på?

Lydar:

Bøyingsformer:

Ord og uttrykk:

3) Har du noka formeining om

- Kvar i bygda personen er frå?.....
- Kvifor?.....
- Kor gammal han / ho er?.....
- Kvifor?.....
- Kva han / ho arbeider med?.....
- Kvifor? .....
- Driv med på fritida?
- Kvifor?.....

#### **Person 4**

1) Kva vil du kalla denne ”dialekten”? Svar:.....

2) Legg du merke til spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande, som du baserer svar nr. ein på?

Lydar:

Bøyingsformer:

Ord og uttrykk:

3) Har du noka formeining om

- Kvar i bygda personen er frå?.....
- Kvifor?.....
- Kor gammal han / ho er?.....
- Kvifor?.....
- Kva han / ho arbeider med?.....
- Kvifor? .....

### Vedlegg 3: Lytteprøveskjema

- Driv med på fritida?
- Kvifor?.....

#### **Person 5**

1) Kva vil du kalla denne "dialekten"? Svar:.....

2) Legg du merke til spesielle lydar, bøyingsformer, ord og uttrykk, eller liknande, som du baserer svar nr. ein på?

Lydar:

Bøyingsformer:

Ord og uttrykk:

3) Har du noka formeining om

- Kvar i bygda personen er frå?.....
- Kvifor?.....
- Kor gammal han / ho er?.....
- Kvifor?.....
- Kva han / ho arbeider med?.....
- Kvifor? .....
- Driv med på fritida?
- Kvifor?.....

4) Kven av desse personane snakka mest likt måten du sjølv snakkar på?.....

5) Viss ikkje du heilt kjenner deg igjen i nokon av dei fem, kva er det som skil seg frå måten dei fem snakkar på?

## Dei fem målprøvane

### **Prøve 1 (yngre osmål -74)**

ja, 'e:g e ju 'optat av er'næ:xiŋ blant 'eldæ. da e ju veldi <sup>2</sup>vikti at 'elæ 'folk foæ nok <sup>2</sup>næ:xiŋsstof i seg, o 'ʃø:l om dei 'sitte mase i 'bu: o taæ da me 'bu:, so 'tæŋe dei o ha <sup>2</sup>vikti er'næ:xiŋ. o da e da ju <sup>2</sup>vikti at di ete 'tæ: stuæ <sup>2</sup>mo:lti om 'da:gen i vertfall, plus 'tu: molti i tileg. <sup>2</sup>vikti at dei ete <sup>2</sup>ofta o foæ i seg 'nok. so ein skal iæ veæ 'ræd for veæken 'fet ele <sup>2</sup>fløyte hus 'dei, laga <sup>2</sup>gu:æ <sup>2</sup>sæusa me smelta 'smø:æ o 'mjø:l o gu 'kæft, o eventuel't bruka <sup>2</sup>ʃikeli 'ho:melk i kvite <sup>2</sup>sæusa. o i <sup>2</sup>gææta so e da <sup>2</sup>vikti o 'tilseta bode lit 'kæmfloyte o got 'smø:æ for o fo gu 'sma:k o fo da <sup>2</sup>næ:xiŋstet, foæ da 'e æ so veldi manje <sup>2</sup>ʃeiena monen 'spi:se nor di bjyna o bli 'eldæ o e <sup>2</sup>do:ælie. like 'eins so e da <sup>2</sup>vikti nok di 'e:te, 'dei so ete <sup>2</sup>mu:sa 'ma:t, at 'da: og e <sup>2</sup>næ:xiŋstet, kan 'tilseta <sup>2</sup>fløyte o got 'smø:æ dææ og, o <sup>2</sup>mu:sa po'te:te foæ seg me 'smø:æ o 'mæ:lk, o musa <sup>2</sup>gæønsake, o 'alt ska selfølgeli veæ <sup>2</sup>ny:kukt, 'son at di for, for 'gu: 'ma:t o <sup>2</sup>fææske <sup>2</sup>va:æ, at 'da: bli 'bækt.

### **Prøve 2 (bergensk)**

ja. i 'da:g stu eg up av 'seŋen kloken 'ni:, <sup>2</sup>vekaækloken æiŋte <sup>2</sup>leŋe, den stu po <sup>2</sup>ø:veæste hyle son at eg mote sto <sup>2</sup>up av 'seŋen for o slo den <sup>2</sup>av, <sup>2</sup>tæstet ut po 'çøkene o spiste nue 'ma:t, eg hopet 'ræt i 'duŋen o dæu po <sup>2</sup>sku:l etæv'tert. o 'dææ sat eg i 'seks <sup>2</sup>sæumfæle <sup>2</sup>ti:mææ, <sup>2</sup>føæste timen so vi po enwaipidi'blæ: [NYPDBlue], en 'fi:n detek'ti:vseæie fæa a'mæ:æika, so va de 'lønŋ, spiste 'lønŋ, dæak 'mælk i kanti:ŋ, 'kafæ, 'alt dete hææ foæ o hole seg <sup>2</sup>vo:ken, sen'tæ:a:stimuleæene <sup>2</sup>midlææ, o <sup>2</sup>sein Aææ po 'kvæ:l so vi po 'big 'broðer [Big Brother], et amæ'i'ka:nsk <sup>2</sup>te:vekunsept, o hævte po en pru'fesuæ so snakket um 'de:. <sup>2</sup>veldi <sup>2</sup>spæ:æe. <sup>2</sup>seinAææ po 'kvæ:l va de 'film i 'filmklæben, 'do va vi nuen so hadæ tenkt o se nuen 'smo: <sup>2</sup>kurtfilmææ, o vi lææte 'me: us et 'pa:æ flaskææ 'ø:l in dææ foæ o fo 'ti:dŋ til o go lit <sup>2</sup>fæææææ do. ja. so 'lanŋt 'kvæ:l i 'da:g.

### **Prøve 3 (yngre osmål -01)**

<sup>1</sup>nu: kan eg <sup>1</sup>bjyna, ja. ja <sup>1</sup>de: me dei <sup>2</sup>hy:blane so, <sup>1</sup>de:, <sup>1</sup>de: va de at, vi mote <sup>2</sup>viŋa <sup>1</sup>bukt o <sup>2</sup>skafa di deŋ <sup>2</sup>hy:blane <sup>1</sup>sjø:l. o so, eg e so <sup>1</sup>kla:ŋ foŋ o <sup>2</sup>flyta heŋfka, deta <sup>1</sup>hø:le so eg <sup>1</sup>bæ:ŋ i, <sup>2</sup>viŋte vi te <sup>2</sup>sy:kehuse i <sup>2</sup>laŋvik, do, <sup>2</sup>viŋte i <sup>1</sup>ja:nuaŋ o tæde vi hade <sup>2</sup>ç̄empregu <sup>1</sup>ti, o po den <sup>2</sup>listu di hade <sup>1</sup>deŋ stu de at di hade <sup>2</sup>fi:raŋums o <sup>1</sup>tæ:ŋums o <sup>1</sup>tu:ŋums o te ein <sup>2</sup>bili <sup>2</sup>preŋe, o de va ju <sup>1</sup>sta:s. so <sup>2</sup>viŋte vi bukt <sup>1</sup>de:ŋ, o nei, <sup>1</sup>do: va ju <sup>1</sup>alt <sup>1</sup>upbestilt, selfølgeli, <sup>2</sup>alævede i <sup>1</sup>ja:nuaŋ, o de di kune <sup>1</sup>tilby de va ein <sup>1</sup>hy:bæl po tredve <sup>1</sup>kvaðka:t, <sup>1</sup>hy:bæl skøstøk <sup>2</sup>sto:va skøstøk <sup>2</sup>so:verum, o liksom <sup>1</sup>deŋ hade du plas te <sup>1</sup>tu bilde po vegen o mote go te <sup>2</sup>na:buen for o go po <sup>1</sup>du:. de va ju <sup>2</sup>ŋikli <sup>2</sup>tæ:si egentli, do. o so <sup>2</sup>vi:ste da seg at vi haŋ et sont regle<sup>1</sup>maŋ fka <sup>2</sup>le:geføkeniŋen der de <sup>1</sup>sto:ŋ at, ja det e ein, ei <sup>1</sup>anbefaliŋ do, det e iŋe nok <sup>2</sup>lo:væŋk um ku<sup>1</sup>dan, ele <sup>2</sup>po:bud do, so <sup>2</sup>sy:kehuse mo <sup>2</sup>reta seg ete, men de va ei <sup>1</sup>anbefaliŋ, o <sup>1</sup>do: va de at de skule veŋa <sup>1</sup>søti kva<sup>1</sup>dka:t, <sup>2</sup>so:verum me <sup>1</sup>dubeltseŋ, <sup>2</sup>kvi:tævaŋe, <sup>1</sup>dubeltseŋ me <sup>2</sup>tilbehøŋ stuŋ de, eg <sup>1</sup>veit iŋe <sup>1</sup>heilt ka di <sup>2</sup>meinte me <sup>1</sup>de, men.

### **Målprøve 4 (eldre osmål)**

da <sup>1</sup>har nu alti <sup>1</sup>vo:re et, kanŋe <sup>1</sup>vo:ŋe et lit <sup>1</sup>se:reige samfun, for so vit so me har vel po ein <sup>1</sup>mo:te vore isu<sup>1</sup>le:rt av <sup>1</sup>ŋsŋ:dn <sup>1</sup>runt os, men me <sup>1</sup>ha:ŋ vel, dei aller <sup>1</sup>fleste hat ein <sup>1</sup>bo:t, me har nu <sup>1</sup>iŋe stot <sup>1</sup>lanfast ele <sup>1</sup>lantrudl so me <sup>1</sup>kaðla da. da e vel <sup>1</sup>fi:ŋe som har vore den <sup>1</sup>va:nlegaste <sup>1</sup>levevegen <sup>1</sup>ti:dlegare, ete kvart so tran<sup>1</sup>spurtsystemet har nu endra seg do, so har me fot <sup>1</sup>andre, ja ka ska eg <sup>1</sup>seia, ein har fot <sup>1</sup>andre <sup>1</sup>yrç̄e. da har, som eg <sup>1</sup>nemnte, deta me <sup>1</sup>ferjena, ele <sup>1</sup>ferju, nor dan <sup>1</sup>bjynte o go, so blei da ju <sup>1</sup>letare o koma seg te o fro <sup>1</sup>arbei, o endo letare nu ete <sup>1</sup>bræ:u. men <sup>1</sup>fi:ŋe har stadi hat ein <sup>1</sup>plas her <sup>1</sup>u:te.

### **Målprøve 5 (blanding osmål/ bergensk)**

o <sup>1</sup>do e vi bjynt <sup>2</sup>pla:nlegiŋen son sirka, ja, <sup>1</sup>seinast, <sup>1</sup>nei, iŋe <sup>1</sup>seinast, <sup>1</sup>ti:dligst ein <sup>2</sup>mo:ne føŋ <sup>2</sup>po:skefeŋien, o haŋ fune <sup>1</sup>u:t kuŋ hen i noŋges <sup>1</sup>lan vi vil <sup>1</sup>u:t o go po <sup>1</sup>ŋi:, som <sup>1</sup>oftast so bliŋ de iŋe so laŋt fra <sup>1</sup>bergen, so <sup>1</sup>bjyne vi <sup>1</sup>do:, <sup>2</sup>pake vi <sup>1</sup>onsdagen, o <sup>1</sup>turksdagen <sup>1</sup>dka:r

#### Vedlegg 4: Transkripsjon av dei fem målprøvane

vi av<sup>1</sup>ste:, do e de som oftast <sup>2</sup>stro:lane <sup>2</sup>su:lskin, i ale fal i dene <sup>1</sup>su:pekvelyka <sup>2</sup>po:sken,  
o vi nok bode <sup>1</sup>bæs o <sup>1</sup>to:g, o vi haꝛ me os <sup>1</sup>alt, <sup>1</sup>iŋkludeꝛt <sup>1</sup>ʃi:smæknij o tua<sup>1</sup>letveske o  
<sup>2</sup>tanbøꝛste. o iꝛe minst <sup>2</sup>ho:rʃele. o eleꝛs so e de <sup>1</sup>su:peꝛt <sup>2</sup>fø:ꝛe, mase hygeliē <sup>1</sup>fo:lκ po  
<sup>2</sup>hytne, kanʃe iꝛe <sup>2</sup>mase folk, men <sup>2</sup>noken hygeliē <sup>1</sup>folk po <sup>2</sup>hytne, o har vi <sup>2</sup>hytne for os  
<sup>1</sup>ʃjø:l, so e iꝛe <sup>1</sup>de noken kata<sup>2</sup>strufe, ka <sup>1</sup>mæ:ꝛ skal eg <sup>1</sup>sei? <sup>1</sup>rein, <sup>1</sup>fi:n <sup>1</sup>snø:. uti  
ka<sup>1</sup>kaufleka ele <sup>2</sup>smæ:la, son at de iꝛe e nokene pꝛu<sup>1</sup>blem for <sup>1</sup>meg o sete meg <sup>1</sup>ne:ꝛ i <sup>1</sup>snøen,  
<sup>2</sup>stjæꝛneklart om <sup>1</sup>kvæl, kanʃe ein <sup>1</sup>cꝛek <sup>1</sup>man eleꝛ tre som e <sup>2</sup>u:te o <sup>1</sup>go:ꝛ.

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

## Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år

### PFE-variabelen

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	30	0	0	30
2	7	61	0	68
4	51	0	0	51
5	34	0	0	34
8	67	0	1	68
9	51	0	0	51
10	58	0	0	58
11	77	0	0	77
13	63	0	0	63
14	36	7	0	43
15	49	1	0	50
17	5	41	0	46
20	19	11	0	30
23	21	0	0	21
24	36	1	0	37
26	15	12	0	27
27	45	1	0	46

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	156	1	0	157
2	43	5	0	48
4	45	20	0	65
5	137	0	0	137
8	111	52	0	163
9	96	0	0	96
10	104	0	0	104
11	73	0	0	73
13	88	1	0	89
14	68	5	0	73
15	121	0	0	121
17	7	114	0	121
20	9	57	0	66
23	104	0	0	104
24	84	0	0	84
26	22	52	0	74
27	52	76	0	128

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	146	2	0	148
2	37	44	0	81
4	41	18	0	59
5	212	0	0	212
8	88	87	0	175

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

9	72	0	0	72
10	104	2	0	106
11	84	0	0	84
13	63	0	0	63
14	98	11	0	109
15	115	0	0	121
17	4	109	0	113
20	33	92	0	125
23	92	1	0	93
24	55	1	0	56
26	28	56	0	84
27	38	62	0	100



Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

**HB-variabelen**

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	7	0	0	7
2	1	8	0	9
4	10	2	0	12
5	0	3	11	14
8	40	3	1	44
9	13	3	0	16
10	3	3	0	6
11	28	6	0	34
13	18	5	0	23
14	8	3	0	11
15	3	3	1	7
17	0	11	0	11
20	0	16	0	16
23	10	0	0	10
24	5	2	0	7
26	0	9	0	9
27	12	1	0	13

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	1	9	0	10
2	2	2	3	7
4	2	3	2	7
5	0	0	13	13
8	5	5	0	10
9	13	0	0	13
10	3	1	0	4
11	12	0	0	12
13	12	0	0	12
14	2	3	0	5
15	2	4	10	16
17	0	9	0	9
20	0	7	0	7
23	12	0	0	12
24	7	2	0	9
26	0	9	0	9
27	0	11	0	11

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	12	4	3	19
2	4	3	2	9
4	2	2	0	4
5	3	1	22	26
8	10	10	0	20
9	13	1	0	14
10	5	5	0	10

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

11	20	2	0	22
13	8	6	0	14
14	6	3	0	9
15	3	1	10	14
17	0	26	0	26
20	0	19	0	19
23	4	1	0	5
24	1	2	0	3
26	0	11	0	11
27	0	10	0	10

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

**FLB-variabelen**

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	6	1	0	7
2	1	14	0	15
4	1	13	0	14
5	2	6	0	8
8	12	6	0	18
9	5	3	0	8
10	4	1	0	5
11	11	4	0	15
13	12	1	0	13
14	0	12	0	12
15	6	4	0	10
17	0	9	0	9
20	1	11	0	12
23	4	1	0	5
24	4	8	0	12
26	1	7	0	8
27	5	16	0	21

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	5	21	0	26
2	2	2	0	4
4	1	16	3	20
5	12	12	1	25
8	5	17	0	22
9	16	4	0	20
10	3	20	1	24
11	10	0	0	10
13	24	2	0	26
14	0	7	0	7
15	11	7	0	18
17	1	17	0	18
20	0	10	0	10
23	19	0	0	19
24	11	1	0	12
26	0	11	0	11
27	1	18	0	19

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	4	25	1	30
2	3	8	2	13
4	1	14	3	18
5	5	5	0	10
8	1	8	0	9
9	8	4	0	12
10	5	5	0	10

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

11	2	4	0	6
13	10	2	0	12
14	6	13	1	20
15	11	5	0	16
17	0	15	0	15
20	0	18	0	18
23	23	2	0	25
24	4	2	0	6
26	0	13	0	13
27	0	13	1	14

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

**INF-variabelen**

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	1	0	0	1
2	3	6	0	9
4	2	8	0	10
5	3	15	0	18
8	5	1	0	6
9	15	2	0	17
10	6	3	0	9
11	24	2	1	27
13	14	0	0	14
14	4	14	0	18
15	8	7	0	15
17	0	12	0	12
20	0	5	0	5
23	13	2	0	15
24	16	6	0	22
26	0	10	0	10
27	0	5	0	5

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	9	76	0	85
2	8	15	1	24
4	1	31	0	32
5	0	38	0	38
8	6	78	0	84
9	22	17	0	39
10	22	11	0	33
11	19	7	1	27
13	27	3	0	30
14	12	5	0	17
15	24	45	1	70
17	0	64	0	64
20	0	51	0	51
23	33	0	1	34
24	27	2	0	29
26	3	37	0	40
27	1	42	0	43

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	4	58	0	62
2	0	53	0	53
4	1	33	0	34
5	3	47	0	50
8	35	37	0	72
9	28	17	0	45
10	47	15	0	62

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

11	45	8	0	53
13	38	2	0	40
14	77	25	0	102
15	5	61	0	66
17	0	65	0	65
20	0	74	0	74
23	39	0	1	40
24	22	2	0	24
26	0	38	0	38
27	0	60	0	60

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

**HU-variabelen**

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	2	0	0	2
2	0	9	0	9
4	1	3	0	4
5	1	4	0	5
8	17	1	0	18
9	3	5	0	8
10	1	4	0	5
11	3	2	0	5
13	6	0	0	6
15	1	2	0	3
17	0	5	0	5
20	0	1	0	1
23	2	1	0	3
24	3	1	0	4
26	0	3	0	3
27	0	6	0	6

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	0	10	0	10
2	1	6	0	7
4	0	9	0	9
5	0	17	0	17
8	1	10	0	11
9	4	1	0	5
10	3	8	0	11
11	3	0	0	3
13	3	1	0	4
14	0	1	0	1
15	5	7	0	12
17	0	3	0	3
20	0	6	0	6
23	2	1	0	3
24	0	5	0	5
27	0	11	0	11

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	0	7	0	7
2	0	10	0	10
4	0	7	0	7
5	0	4	0	4
8	7	4	0	11
9	2	1	0	3
10	0	1	0	1
11	7	0	0	7
13	2	1	0	3

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

14	4	0	0	4
15	1	3	0	4
17	0	9	0	9
20	0	6	0	6
23	4	1	0	5
24	0	4	0	4
26	0	5	0	5
27	0	3	0	3



Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

**PR-variabelen**

1997

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	2	25	0	27
2	0	45	0	45
4	0	38	0	38
5	2	29	0	31
8	5	34	0	39
9	5	33	0	38
10	10	24	0	34
11	11	80	0	91
13	14	46	0	60
14	1	28	0	29
15	3	29	0	32
17	0	29	0	29
20	0	33	0	33
23	4	8	0	12
24	2	38	0	40
26	1	39	0	40
27	1	74	0	75

2001

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	11	174	0	185
2	3	139	0	142
4	0	132	0	132
5	11	167	0	178
8	4	167	0	171
9	4	109	0	113
10	8	128	0	136
11	3	155	0	158
13	19	91	0	110
14	2	75	0	77
15	2	233	0	235
17	0	214	0	214
20	0	102	0	102
23	6	87	0	93
24	4	131	0	135
26	0	171	0	171
27	1	160	0	161

2003

InformantNr	SumTradF	SumNivF	SumAnna	SumAntOrd
1	2	181	0	186
2	0	143	0	143
4	3	128	0	131
5	5	215	0	220
8	7	172	0	179
9	8	90	0	98
10	15	124	0	141

Vedlegg 5: Variabelfordeling i råtal, alle informantar, alle år.

11	0	161	0	161
13	25	109	0	134
14	10	186	0	196
15	12	198	0	210
17	0	188	0	188
20	0	186	0	186
23	5	104	0	109
24	11	83	0	94
26	1	251	0	252
27	1	128	0	129

## Informantoversikt<sup>1</sup>

### Informant 1

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	0,0 %	14,3 %	0,0 %	0,0 %	92,6 %	17,8 %
2001	0,6 %	90,0 %	80,8 %	89,4 %	100,0 %	94,1 %	75,8 %
2003	1,4 %	21,1 %	83,3 %	93,6 %	100,0 %	97,3 %	66,1 %

#### *Kjønn:*

M

#### *Foreldrebakgrunn:*

Mor frå Nordhordland, far frå Os

#### *Utdanning:*

3-årig allmennfag frå vidaregåande. I gang med ingeniørutdanning i 2003.

#### *Kort biografisk oppsummering:*

Fødd og oppvaksen på Os. Budde heime til han var ferdig med vidaregåande i 2001. Ingeniørutdanning i Stavanger frå 2001 til 2003.

#### *Haldning til heimstad:*

Positiv til Os, likar bygdelivet.  
Ønskjer å flytta heim etter ferdig utdanning.

#### *Nettverk*

1997: 9 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Tett nettverk.  
2003: 7 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Fleire små tette nettverk.

#### *Oppfatning av eigne talemålsendringar?*

Ikkje særleg oppteken av det. Meiner han har endra på språket, både gjennom gymnastida og tida i Stavanger, blir påverka av dei han er med. Meiner at det viktigaste er å bli forstått, synest det kan vera fint å krydra språket med artige ord og uttrykk frå andre stader.

### Informant 2

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	89,7 %	88,9 %	93,3 %	66,7 %	100,0 %	100,0 %	89,8 %
2001	10,4 %	28,6 %	50,0 %	62,5 %	85,7 %	97,9 %	55,8 %
2003	54,3 %	33,3 %	61,5 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	74,9 %

#### *Kjønn:*

---

<sup>1</sup> Basert på opplysningar henta frå intervjuet i 1997, 2001 og 2003. Har ikkje teke med opplysningar om informantane etter siste intervju i 2003.

## Vedlegg 6: Informantoversikt

K

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor frå Sogn  
Far frå Sogn

### **Utdanning:**

Yrkesskuleutdanning innan estetiske fag. Folkehøgskule. Vil byggja på til allmennfag og ta høgare utdanning vidare.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Tok første året på vidaregåande i Fusa, budde heime og pendla. Reiste til Nord-Noreg på folkehøgskule 2000/2001. Fekk eit barn dette året. Budde i 2003 i eigen leiligheit i Os, pendla til skulegang i Bergen. Sambuar.

### **Haldning til heimstad:**

Passeleg positivt innstilt, men meiner ungdomsmiljøet er hardt.

Har lyst til å bu andre stader enn på Os no, gjerne på Austlandet eller Sørlandet. Vil kanskje tilbake til Os når ho blir eldre, for eksempel om tjue år.

### **Nettverk:**

1997: 10 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Tett nettverk, "alle kjenner alle".

2001: 6 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 4 nye nettverkskontaktar etter 1997.<sup>2</sup> Nokså tett nettverk, men ikkje så tett som i 1997.

### **Oppfatning av eigne talemålsendingar?**

Ikkje så veldig oppteken av det. Meiner ho har endra på talemålet i undersøkingsperioden, blir påverka av dei ho er i lag med. Meiner ho snakka veldig bergensk på ungdomsskulen, det var det ein 'skulle' der, medan ho på folkehøgskulen snakka meir osing, fordi det der var folk frå alle stader. Legg om til bergensk når ho snakkar med bergensarar, legg om i retning austlandsk når ho snakkar med kjærasten frå Austlandet, trur andre synest ho snakkar ei blanding av osing og bergensar.

## **Informant 4**

### **Nivelleringsprosent 1997-2001**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	16,7 %	92,9 %	80,0 %	75,0 %	100,0 %	60,8 %
2001	30,8 %	42,9 %	80,0 %	96,9 %	100,0 %	100,0 %	75,1 %
2003	30,5 %	50,0 %	77,8 %	97,1 %	100,0 %	97,7 %	75,5 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Indre Sunnhordland  
Far: Nordhordland

### **Utdanning:**

3-årig allmennfagleg studieretning. Er begynt på høgskuleutdanning innafør akvakultur i 2003.

---

<sup>2</sup> Med 'nye' nettverkskontaktar meiner eg at informanten har oppgjeve å ha kjent dei mindre enn fem år.

## Vedlegg 6: Informantoversikt

### ***Kort biografisk oppsummering:***

Fødd og oppvaksen på Os. Budde på Os til 1999. Flytta så i lag med familien til Sotra. Tok dei to siste åra på vidaregåande der. Var eit år i militæret, flytta til Ås utanfor Oslo hausten 2002 for å ta høgskuleutdanning.

### ***Haldning til heimstad:***

Informanten flytta altså som 16-åring til Sotra, men kjenner seg framleis knytt til Os i 2003. Viss han skal flytta tilbake til bergensområdet er Os meir aktuell bustad enn Sotra.

### ***Nettverk:***

1997: 3 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Tett, familierelatert nettverk, nokre få kontaktar utanom.

2003: 2 nettverkskontaktar er frå Os. 8 nye nettverkskontaktar etter 1997. To separate, men tette nettverk.

### ***Oppfatning av eigne talemålsendingar:***

Meiner sjølv at han snakka meir bergensk i 2001, og har gått tilbake til meir osdialekt ved siste intervju i 2003. meiner at talemålet varierer alt etter kven han snakkar med, men er oppteken av å ikkje bli austlandspåverka sjølv om han bur på Austlandet i siste undersøkingsfase. Tenkjer sjeldan over korleis han snakkar, meiner det går automatisk.

## **Informant 5**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	21,4 %	75,0 %	83,3 %	80,0 %	93,6 %	58,9 %
2001	0,0 %	0,0 %	48,0 %	100,0 %	100,0 %	93,8 %	57,0 %
2003	0,0 %	3,9 %	50,0 %	94,0 %	100,0 %	97,7 %	57,6 %

### ***Kjønn:***

K

### ***Foreldrebakgrunn:***

Mor: Sogn

Far: Austlandet

### ***Utdanning:***

3-årig allmenn studieretning. Har planar om å begynna høgskuleutdanning hausten 2003.

### ***Kort biografisk oppsummering:***

Budde ulike stader i Sogn og Fjordane til ho var 7 år, budde i Os gjennom grunnskule og vidaregåande skule. Arbeidde to år som au-pair i USA etter vidaregåande, siste året i lag med kjærasten (trønder). Ved intervju i juni 2003 er ho nettopp komen tilbake frå USA.

### ***Haldning til heimstad:***

Såg lenge på seg sjølv som sogning, men oppfattar i 2003 Os som heimplass, har budd der lengst. Er positiv til Os, men meiner ungdomsmiljøet er hardt. Er ikkje framand for tanken om å slå seg ned på Os ein gong i framtida, men det er ikkje så viktig at det blir akkkurat Os. Kunne gjerne tenkja seg å bu på Vestlandet, og har ikkje lyst til å bu i ein by.

### ***Nettverk:***

1997: 2 nettverkskontaktar er frå Os. Tett, familierelatert nettverk.

2001: 3 nettverkskontaktar er frå Os. 5 nye nettverkskontaktar etter 1997. Nokså tett nettverk.

### ***Oppfatning av eigne talemålsendingar:***

Har oppfatta seg sjølv som sogning også i talemålet, men meiner i 2003 at ho er blitt påverka av alle åra ho har budd på Os, og har fått ein del ostrekk etter kvart (nemner o-endingar og mindre markert -r) Er oppteken av å snakka 'nynorsk', vil ikkje begynna å snakka meir 'bokmål' eller bergensk.

## **Informant 8**

### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	6,8 %	33,3 %	16,7 %	5,6 %	87,2 %	24,9 %
2001	31,9 %	50,0 %	77,3 %	92,9 %	90,9 %	97,7 %	73,4 %
2003	49,7 %	50,0 %	88,9 %	51,4 %	36,4 %	96,1 %	62,1 %

#### ***Kjønn:***

K

#### ***Foreldrebakgrunn:***

Mor: Os

Far: Bergen

#### ***Utdanning:***

3-årig allmennfag. Eit år som utvekslingsstudent i Canada.

#### ***Kort biografisk oppsummering:***

Fødd og oppvaksen på Os. Budde heime til ho var ferdig med første klasse på vidaregåande. Reiste så til Canada som utvekslingsstudent i eitt år. Budde så heime igjen andre klasse på vidaregåande, men flytta inn hos kjærasten hausten 2001, då ho gjekk i tredje klasse på vidaregåande. Dei bur per 2003 i Bergen kommune, men like ved kommunegrensa til Os. Har planar om vidare utdanning frå hausten 2003.

#### ***Haldning til heimstad:***

Er svært positiv til Os, har nokså sterkt ønskje om å flytta tilbake. Er svært medviten om at ho er osing, ønskjer ikkje å endra på det. Er oppteken av å ikkje bli oppfatta som bergensar.

#### ***Nettverk***

1997: 11 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Svært tett nettverk.

2003: 8 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 6 nettverkskontaktar er nye etter 1997. Svært tett nettverk.

#### ***Oppfatning av eigne talemålsendingar:***

Meiner sjølv at ho har endra ein god del på talemålet, snakkar meir bergensk enn ho gjorde tidlegare. Seier at ho vekslar avhengig av kven ho snakkar med. Snakkar bergensk med sambuaren, men osdialekt med foreldre og liknande. Tenkjer ikkje så mykje på det sjølv, men får mange kommentarar frå søstera.

## **Informant 9**

### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	18,8 %	37,5 %	11,8 %	62,5 %	86,8 %	36,2 %
2001	0,0 %	0,0 %	20,0 %	43,6 %	20,0 %	96,5 %	30,0 %
2003	0,0 %	7,1 %	33,3 %	37,8 %	33,3 %	91,8 %	33,9 %

#### ***Kjønn:***

M

#### ***Foreldrebakgrunn:***

Mor: Os

## Vedlegg 6: Informantoversikt

Far: Os

### **Utdanning:**

3-årig allmennfag. Har planar om å ta høgare utdanning frå hausten 2003.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Budde heime hos foreldra fram til han var ferdig med første klasse på vidaregåande. Reiste til Alaska som utvekslingsstudent 1999/2000, flytta så heim og tok dei to siste åra av allmennfag på Os. Var sivilarbeidar i Oppdal 2002/2003.

### **Haldning til heimstad:**

Er positiv til heimstaden, og kan godt tenkja seg å flytta tilbake seinare. Har mykje slekt der, og føler seg spesielt knytt til Os på grunn av det.

### **Nettverk:**

1997: 10 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Svært tett, familierelatert nettverk, lite, tett vennenettverk i tillegg. 2003: 6 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 8 nettverkskontaktar er nye etter 1997. Svært ope nettverk.

### **Oppfatning av eigne talemålsendingar:**

Meiner sjølv at han ikkje har endra talemålet sitt noko særleg, sjølv om han låner inn ord og uttrykk frå sandnesmålet til kjærasten og oppdalsmålet. Er oppteken av at talemålet ikkje skal bli meir bergensk.

## **Informant 10**

### **Nivelleringsprosent 1997-2001**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	50,0 %	20,0 %	33,3 %	80,0 %	70,6 %	42,3 %
2001	0,0 %	25,0 %	83,3 %	33,3 %	72,7 %	94,1 %	51,4 %
2003	1,9 %	50,0 %	50,0 %	24,2 %	100,0 %	87,9 %	52,3 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Bergen

Far: Os

### **Utdanning:**

1 år med mekaniske fag, yrkesfagleg studieretning. Folkehøgskule. 3-årig allmennfag på musikkgymnas.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Budde heime til han var ferdig med første klasse på vidaregåande. Tok så eitt år på folkehøgskule på Austlandet, før han flytta til Stord for å gå på musikklinja der. Var i ferd med å avslutta vidaregåande på Stord våren 2003.

### **Haldning til heimstad:**

Positiv til Os, men meiner at det ikkje er ein ideell plass å bu for ungdomar i byrjinga av tjuetåra. Få tilbod for denne gruppa, meir freistande for dei som er i etableringsfasen. Ønskjer sjølv å bu i ein by som ikkje er for stor – Bergen er svært aktuelt.

### **Nettverk:**

1997: 11 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Svært tett nettverk.

2003: 2 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 10 nettverkskontaktar er nye etter 1997. Fleire små, tette nettverk.

## Vedlegg 6: Informantoversikt

### **Oppfatning av egne talemåsendringar:**

Meiner sjølv at han snakkar meir 'nynorsk' etter åra på Stord enn han gjorde tidlegare, men har ikkje teke etter storddialekten, berre teke opp fleire ostrekk. Meiner at han vekslar, snakkar bergensk med bergensarar og meir osdialekt med andre.

### **Informant 11**

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	17,7 %	26,7 %	7,4 %	40,0 %	87,9 %	29,9 %
2001	0,0 %	0,0 %	0,0 %	25,9 %	0,0 %	98,1 %	20,7 %
2003	0,0 %	9,1 %	66,7 %	15,1 %	0,0 %	100,0 %	31,8 %

### **Kjønn:**

K

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Os

Far: Os

### **Utdanning:**

2-årig landbruksgymnas, eitt år allmennfagleg påbygning. Tek sosialantropologi grunnfag 2002/2003.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Flytta til Lyngdal for å gå på internatgymnas etter ferdig grunnskule. Flytta vidare til far i Mandal for å ta allmennfagleg påbygningsår. Gjekk så eitt år på bibelskule i Hurdal, med fem månaders utplassering i Uganda. Flytta så til Bergen for å studera, har budd der frå hausten 2002.

### **Haldning til heimstad:**

Er positiv til Os, og ser ikkje bort frå at ho kan flytta tilbake ein gong, utan at dette er eit veldig intenst ønske. Kjekt å bu ein plass der ein har nettverk og kontaktar.

### **Nettverk:**

1997: 12 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Nokså tett nettverk.

2001: 3 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 9 nettverkskontaktar er nye etter 1997. Opplysningar om tettleik manglar i skjema.

### **Oppfatning av egne talemåsendringar:**

Meiner sjølv at ho ikkje har endra noko særleg på dialekten, sjølv om ho meiner at tonefallet blei påverka då ho budde i Mandal. Meiner at flyttinga har ført til at ho har halde meir på dialekten enn ho hadde gjort viss ho hadde budd heime, ho har merka at mange av vennene som har budd i Os har endra på talemålet og snakkar meir bergensk no enn dei gjorde før.

### **Informant 13**

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	21,7 %	7,7 %	0,0 %	0,0 %	76,7 %	17,7 %
2001	1,1 %	0,0 %	7,7 %	10,0 %	25,0 %	82,7 %	21,1 %
2003	0,0 %	42,9 %	16,7 %	5,0 %	33,3 %	81,3 %	29,9 %

### **Kjønn:**



## Vedlegg 6: Informantoversikt

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Os

Far: Os

### **Utdanning:**

3-årig allmennfag, 1 år med realfag på Universitetet i Bergen, i 2003 i gang med 3-årig høgskuleutdanning innafør tekniske fag i Bergen.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Har budd i Os gjennom heile undersøkingsperioden. Pendlar til skulegang i Bergen. Har tenkt på å flytta på hybel i Bergen, men driv firma på Os, og det er difor mest praktisk å bu heime.

### **Haldning til heimstad:**

Er positiv til Os, meiner det er ein triveleg plass å bu, særleg når ein kjem i etableringsfasen. Ønskjer sjølv å bu i bergensområdet seinare, utan nærare spesifikaasjonar.

### **Nettverk:**

1997: 12 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Nokså tett nettverk.

2001: 10 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 7 av nettverkskontaktane er nye etter 1997. Hovudsakleg eit tett nettverk, men med nokre lause kontaktar.

### **Oppfatning av eigne talemålsendringar:**

Meiner sjølv at han ikkje har endra særleg på talemålet gjennom undersøkingsperioden. Meiner det berre er blitt sånn, utan at han har vore medviten om det. Meiner at det er 'for dumt' å endra dialekten sin når ein kjem til Bergen.

## **Informant 14**

### **Nivelleringsprosent 1997-2001**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	16,3 %	27,3 %	100,0 %	77,8 %	-----	96,6 %	63,6 %
2001	6,9 %	60,0 %	100,0 %	29,4 %	100,0 %	97,4 %	65,6 %
2003	10,1 %	33,3 %	65,0 %	24,5 %	0,0 %	94,9 %	38,0 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Os

Far: Os

### **Utdanning:**

3-årig allmennfagleg studieretning, idrettslinje. Idrettsutdanning på høgskulenivå.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Flytta til Stord etter vidaregåande for å gå på idrettsgymnas. Gjekk der i 3 år, ferdig våren 2001. Flytta så til Sogndal for å ta høgskuleutdanning i idrettsfag.

### **Haldning til heimstad:**

Svært positiv, fin plass å bu, sjølv om utelivet er litt harry. Ønskjer å flytta tilbake når han skal etablera seg.

### **Nettverk:**

## Vedlegg 6: Informantoversikt

1997: 12 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Svært tett nettverk, ”alle kjenner alle”.

2001: 12 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 3 av nettverkskontaktane er nye etter 1997. Svært tett nettverk.

### *Oppfatning av eigne talemålsendingar:*

Har ikkje klare oppfatningar om korleis han snakkar, er ikkje oppteken av dette. Meiner at han blandar ’alt mulig’, og snakkar ei blanding av ’bokmål’ og nynorsk’. Konsentrerer seg ikkje om korleis han seier ting, det ’komme bare ut’.

## **Informant 15**

### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	2,0 %	42,9 %	40,0 %	46,7 %	66,7 %	90,6 %	48,1 %
2001	0,0 %	25,0 %	38,9 %	64,3 %	58,3 %	99,2 %	47,6 %
2003	0,0 %	7,1 %	31,3 %	92,4 %	75,0 %	94,3 %	50,0 %

### *Kjønn:*

K

### *Foreldrebakgrunn:*

Mor: Sogn

Far: Os

### *Utdanning:*

3-årig allmennfag. Er begynt på 3-årig utdanning på BI.

### *Kort biografisk oppsummering:*

Fødd og oppvaksen på Os. Gjekk på vidaregåande skule på Os, budde heime. Tok eit friår med arbeid som servitør, flytta til Bergen hausten 2002 for å studera. Bur i kollektiv med venner frå Sogn.

### *Haldning til heimstad:*

Er ikkje negativ, men meiner at ungdomsmiljøet er hardt. Er ikkje oppteken av å flytta tilbake seinare, kan gjerne tenkja seg å bu andre stader, til dømes på Austlandet eller Sørlandet.

### *Nettverk:*

1997: 9 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Svært tett nettverk.

2003: 6 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 4 nye nettverkskontaktar etter 1997. Nokså ope nettverk.

### *Oppfatning av eigne talemålsendingar:*

Meiner at ho har endra på språket, at ho no tilpassar seg avhengig av kven ho snakkar med. Når ho snakkar mer bergensarar bruker ho ein del ”bergensord”, når ho snakkar med osingar eller med folk frå andre stader på Vestlandet blir det meir osdialekt. Blir sint når ho får kommentarar frå bergensarar på måten ho snakkar på.

## **Informant 17**

### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	89,1 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	98,2 %
2001	94,2 %	100,0 %	94,4 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	98,1 %
2003	96,5 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	99,4 %

### *Kjønn:*

## Vedlegg 6: Informantoversikt

K

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Austlandet

Far: Bergen

### **Utdanning:**

Har ikkje utdanning ut over grunnskule.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen på Os. Har budd i Os store delar av undersøkingsperioden, delvis heime, delvis for seg sjølv. Har fått eit barn.

### **Haldning til heimstad:**

Meiner at det er ein fin plass, men at ungdomsmiljøet er så hardt at det ikkje kan anbefalast for barnefamiliar. Reknar likevel med å bli buande sjølv, fordi ho har eit godt nettverk der.

### **Nettverk:**

1997: 12 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Svært tett nettverk.

2001: 10 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Nokså tett nettverk.

### **Oppfatning av eigne talemålsendringar:**

Meiner ikkje sjølv at ho har endra særleg på språket i undersøkingsperioden, meiner ho alltid har snakka bergensk, og at ho gjer det framleis.

## **Informant 20**

### **Nivelleringsprosent 1997-2001**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	36,7 %	100,0 %	91,7 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	88,1 %
2001	86,4 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	97,7 %
2003	73,6 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	95,6 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Bergen

Far: Bergen

### **Utdanning:**

Grunnkurs, yrkesfagleg studieretning. Lærling ei stund.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Budde på Nordnes til han var 4 år gammal, flytta så til Os. Budde på Os til 2002. Flytta til faren i Bergen i 2002, arbeider som sjåfør.

### **Haldning til heimstad:**

Er ikkje særleg positiv til Os i 2001, er lei av å bu der. Er meir positivt innstilt i 2003, ønskjer å flytta nærare slik at det blir kortare veg. Er i same periode blitt meir negativ til Bergen.

### **Nettverk:**

1997: 11 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Nokså tett nettverk.

2003: 8 av 12 nettverkskontaktar frå Os. 10 nye nettverkskontaktar etter 1997. Svært tett nettverk.

## Vedlegg 6: Informantoversikt

### **Oppfatning av egne talemåsendringar:**

Meiner at han er begynt å snakka meir bergensk etter at han flytta til Bergen, men at han har snakka nokså bergensk heile tida. Er i 2001 oppteken av å ikkje snakka for mykje osmål, i 2003 er han oppteken av å ikkje snakka for bergensk. Synest det er stygt, og blir flau når han høyrer folk snakka bergensk i media.

### **Informant 23**

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	0,0 %	0,0 %	20,0 %	13,3 %	33,3 %	66,7 %	22,2 %
2001	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3 %	93,6 %	21,1 %
2003	1,1 %	20,0 %	8,0 %	0,0 %	20,0 %	95,4 %	24,1 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Os

Far: Os

### **Utdanning:**

3-årig allmennfag. Begynte hausten 2003 på teknisk høgskuleutdanning.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen i Os. Budde på Os til han var ferdig med vidaregåande. Var i militæret i Oslo 2001/2002, flytta så heim og pendla til teknisk høgskuleutdanning i Bergen 2002/2003 Planlegg å flytta i kollektiv i Bergen hausten 2003.

### **Haldning til heimstad:**

Er svært patriotisk, og stolt av å vera frå Os. Ønskjer å busetja seg på Os når han er ferdig å studera, dersom han klarer å finna ein jobb.

### **Nettverk:**

1997: 10 av 12 nettverkskontaktar frå Os. Svært tett nettverk.

2003: 9 av 12 nettverkskontaktar frå Os. 2 nye nettverkskontaktar etter 1997. Svært tett nettverk, nokre lause kontaktar i tillegg.

### **Oppfatning av egne talemåsendringar:**

Meiner at han har endra seg litt, begynt å bruka litt fleire 'bokmålsord'. Beklagar dette veldig, er oppteken av å halda på målet, og pleier aktivt å korrigera andre som han meiner ikkje snakkar nok osdialekt.

### **Informant 24**

#### *Nivelleringsprosent 1997-2001*

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	2,7 %	28,6 %	66,7 %	27,3 %	25,0 %	95,0 %	40,9 %
2001	0,0 %	22,2 %	8,3 %	6,9 %	100,0 %	97,0 %	39,1 %
2003	1,8 %	66,7 %	33,3 %	8,3 %	100,0 %	88,3 %	49,7 %

### **Kjønn:**

M

## Vedlegg 6: Informantoversikt

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Os

Far: Sunnhordland

### **Utdanning:**

3-årig allmennfag. Har planar om å begynna på teknisk høgskuleutdanning hausten -03.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Fødd og oppvaksen i Os. Tok vidaregåande skule på Os, har hatt ulike jobbar etterpå, men har budd heime. Flytta i kollektiv i Bergen våren 2003, har planar om å begynna teknisk høgskuleutdanning hausten 2003.

### **Haldning til heimstad:**

Er nokså negativ til Os, særleg i 2001. Er lei av å bu der, det skjer for lite. Ønskjer seg til ein plass der det skjer meir, der det er meir spennande folk. Ser i 2003 ikkje bort frå at han kjem til å flytta tilbake til Os når han blir vaksen, i alle fall til Vestlandet, men ønskjer å sjå litt meir av verda først.

### **Nettverk:**

1997: 6 av 7 nettverkskontaktar er frå Os. Svært tett nettverk.

2003: 10 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 5 nettverkskontaktar er nye etter 1997. Eit nokså ope nettverk, men med fortetningar.

### **Oppfatning av eigne talemålsendringar:**

Er ikkje så oppteken av korleis han snakkar, det blir som det blir, men han meiner sjølv at han ikkje har endra noko særleg på måten han snakkar på i løpet av undersøkingsperioden.

## **Informant 26**

### **Nivelleringsprosent 1997-2001**

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	44,4 %	100,0 %	87,5 %	100,0 %	100,0 %	97,5 %	88,2 %
2001	70,3 %	100,0 %	100,0 %	92,5 %	-----	100,0 %	92,6 %
2003	66,7 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	99,6 %	94,4 %

### **Kjønn:**

M

### **Foreldrebakgrunn:**

Mor: Bergen

Far: Bergen

### **Utdanning:**

Er i gang med 3-årig yrkesfagleg vidaregåande utdanning innafor helse- og sosial.

### **Kort biografisk oppsummering:**

Budde i Åsane til han var 3 år gammal. Flytta så til Os. Har budd heime hos foreldraog arbeidd med ulike ting etter ferdig grunnskule, var eitt år i militæret i Bergen. Begynte på yrkesskulen hausten 2002. Flytta i kollektiv på Os same haust.

### **Haldning til heimstad:**

Er ikkje særleg positiv til Os, synest det er altfor lite å ta seg til, særleg for unge. Ønskjer etter kvart å flytta, gjerne til utlandet. Har det likevel nokså greitt på Os no, bruker mykje tid på musikk og på sosialt arbeid, får tida til å gå for eigen del.

### **Nettverk:**

## Vedlegg 6: Informantoversikt

1997: 12 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Eit stort tett nettverk og nokre lausare nettverkskontaktar.  
2003: 2003: 7 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. 2 av nettverkskontaktane er nye etter 1997. Svært tett nettverk.

### **Oppfatning av eigne talemålsendingar:**

Meiner ikkje sjølv at han har endra noko særleg på språket sitt i undersøkingsperioden, meiner kanskje det kan ha blitt endå litt meir bergensk. Er ikkje særleg oppteken av dialektar, verken eigen eller andre sine.

## **Informant 27**

### ***Nivelleringsprosent 1997-2001***

RegÅr	PFE	HB	FLB	INF	HU	PR	Snitt
1997	2,2 %	7,7 %	76,2 %	100,0 %	100,0 %	98,7 %	64,1 %
2001	59,4 %	100,0 %	94,7 %	97,7 %	100,0 %	99,4 %	91,9 %
2003	62,0 %	100,0 %	92,9 %	100,0 %	100,0 %	99,2 %	92,3 %

### ***Kjønn:***

M

### ***Foreldrebakgrunn:***

Mor: Os

Far: Askøy

### ***Utdanning:***

3-årig allmennfag. Planlegg teknisk høgskuleutdanning frå hausten 2003.

### ***Kort biografisk oppsummering:***

Er fødd og oppvaksen på Os. Tok vidaregåande skule på Os, budde heime. Var i militæret i Nord-Noreg 2001/2002. Bur heime hos foreldra 2002/2003, har 'friår' og sparer pengar til studenttida. Planlegg høgskuleutdanning i Oslo frå hausten 2003 (fag som berre finst i Oslo).

### ***Haldning til heimstad:***

Synest Os er for lite, ønskjer å koma seg bort. Kan tenkja seg å etablere seg på Vestlandet etter ferdig utdanning i Oslo, men då helst i Bergen. Det er større, og det skjer meir der.

### ***Nettverk:***

1997: 11 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Eit nokså tett nettverk.

2003: 10 av 12 nettverkskontaktar er frå Os. Eit nokså ope nettverk, mange små einingar.

### ***Oppfatning av eigne talemålsendingar:***

Har ikkje sjølv noka oppfatning av å ha endra på talemålet sitt, det må i tilfelle ha skjedd automatisk, meiner han. Er ikkje særleg oppteken av dialektar, og snakkar slik det fell seg.